

Ola Tandstad

SYKKYLVEN I ELDRE TID

Første bandet av Bygdebok for Sykkylven

1962

Utgjeve av Sykkylven Sogenemnd

Bok» er trykt av Møre-Trykk på 100 gr.
sat. trefri trykkpapir fra
A/S Borregaard. — Innbinding: Herman
Volle, Ålesund. Klisjeer
fra A.S. Klisjekunst, Bergen

INNHALD

BOLK I. FØRHISTORISK TID	Side
Grunnfjellet og tidsbolkane	5
Topografi	8
Småglytt frå oldtida — istider	19
Geologi og jordbotn	20
Arkeologi	49
Steinalderfunn	56
Frå veidemann til bonde	73
Gardnamna — kva dei tyder	75
Alderen på gardnamna	86
Gardar, setrar, fjell, — h. o. h.....	93
 BOLK II. HISTORISK TID	
Det eldste jordbruket	94
Setrar og seterliv	103
Gardskverna	126
Husdyrhaldet	131
Skogen	133
I torvmyra	143
Fiske	148
 BOLK III. VIKINGTID	
Kultur og samfunnsliv	150
Gudetru i vikingtida	155
Brytingstider	156
Vardevakt	158
 BOLK IV. MELLOMALDER OG LITT Lenger	
Mellomalderen	160
Om tienda	161
Tunge tider	163
Fogderegnskaber 1691 - 1717	180
Skogen og skogøydinga	184
Samandrag for jordbruksdrifta 1802	190
Sagefald 1606—1703.....	191
Matrikuleringa av 1724.....	203
Normalgaarde i Søkkelven aar 1871	206
Av Per Fyllings skrifter	208

<u>BOLK V. PLIKTER OG RETTAR</u>	
Økonomiske tilhøve i mellomalderen	220
Landskyld og skatt	221
Skattemanntal 1520—1521	224
Brukarar i Sykkylven 1600—1630	225
Tiend og skatt	232
Manntal og skatteregister 1629—1675	233
Striden mot embetsveldet	237
Justisprotokoll for N. Sunnmøre 1810	241
Folketalet i Sykkylven	252
<u>BOLK VI. BYGGESKIKK OG TUNSKIPNAD</u>	
Åren og årestova	254
Gamle hus i Sykkylven	260
Tunskipnad	261
Husbunad og kledebunad	268
Hushaldet	271
Det daglege livet i eldre tider	275
Frå arbeidslivet	293
<u>BOLK VII. NOKRE PROFILAR</u>	
Gudbrand i Vik	300
Aura-Pål I og II	302
Sigurd Fetil (Fet) og Eystein på Aure	305
<u>BOLK VIII. FOLKEOPPLYSINGA</u>	
Tida før 1740	307
Skulestellet	309
Skolefundasen for Søndmøre	312
Frå sunnmørsk skulesoge 1742—1827	316
Omgangsskulearbeid i Ørskog prestegjeld 1742—1800	319
Opplysningsarbeid utanom skulen i Ørskog prestegjeld	326
Annal for skulemeistrar i Ørskog prestegjeld 1807—1808	329
Skulen og dei økonomiske tilhøva 1742—1827	333
Omgangsskulelærarar i Ørskog prestegjeld 1742—1827	336
<u>BOLK IX. KRISTKYRKJA</u>	
Kristendomen vert innført	343
Heilag-Olavs lov 1023	346
Sykkylvskyrkja	349
<u>BOLK X. FOLKEMINNE (SEGN OG SOGE)</u>	
Ovtru	350
Segn og soge.....•.....	351
Gamle og nye gåter	386
Ordtak og fyndord	388
Kjeldeskrifter, medarbeidarar, forteljarar	391
Merknader.....	392

SYKKYLVEN

Tone: Eg vil så gjerne syngje —

*Eg styrer inn frå havet ein vakker vårfrisk kveld
og augo søker kjære, kjende stader,
Då lyfter seg mot høgda mi heimbygds fagre fjell,
dei blenkjer bjart som eld når sola gladar,
Dei stend som før dei stod der i aldrar og i år
og peikar imot himlen for kvar ætt som kjem og går,
— eg gløymer aldri desse tinderader.*

*Inn gjennom Breisund ber det i Storfjorden inn
— den breie blåe farveg inn i landet
med små og store armar — sjå ein for ein du **finn**
ein frendeflokk som kjenner ættarbandet,
Men ein det er eg søker, og hugar du så kom
ver med til Sykkylvsbygda så vil vi sjå oss om,
— ein liten yndig lut av fedrelandet.*

*Ja, her kring Sykkylvsfjorden ligg heimbygda vår
med bjarte grender kringom blåe sjøen,
med hus og heim og hagar som blømer rikt kvar vår
og vene odla vollar over bøen,
med barskog, bjørk og eine oppetter rabb og rind
og lenger opp der lyfter seg knaus og koll og tind,
—sjå alt seg speglar i den blanke sjøen.*

*Frå Aursnes fjorden snor seg til Straumgjerde inn,
ved Straume bru vi kløkte kring oss skodar,
I aust der lyfter Straumshorn den bause tinden sin,
Trollkyrkjetinden står i vest og gløder —
Sjå vatnet ligg og smiler som auga blankt og blått
og heimane ligg kringom og kviler trygt og godt,
—i jorda vårfengd livsens sevje fløder —.*

*Til Velledalen ber det — nå rullar vi med bil,
— eit lite Danmark — sjå dei vide vangar
av odla eng og åker som nå i kvelden still*

så hveikjande og friskt av groren angar,
Fjellseter er vårt mål, —sjå i glans av kveldssoleld
der ligg den fagert kransa av vatn, skog og fjell,
—d'er som. eit trylleslott som inn deg fangar —.

/ tillegg kom så Dalane i nitten femtifem
og dei som før var grannar vart nå frendar,
Det gjekk så roleg for seg — nett som ein venskapsklem,
og Ørskog gav oss desse vakre grender.
Her trongst ikkje påbod og tvang med kniv og Schei,
nei, her fann folket sjølve ein gamal farbar vei
med broderhand — og fjord imillom frendar.

Men våren vert til sommar og så kjem hausten svart —
og snart ligg bygda sveipt i vinterklede,
men fossen er vår kjærtessvein —sjå lysa blenkjer bjart,
maskinar syng sin song om arbeidsglede —.
Hauststormar kan vel rase og regn og haglskur slå,
men vårens fagre voner dei lever jamvel då
og skyt med blomen opp i våryr glede.

Ja, her har fedrar stræva igjennom tusen år
og bore bygda fram i slit og møde.
Så tung og sår var striden så tidt frå vår til vår,
men hausten kom og jorda bar si grøde,
Or gamle ætterøter skaut nye renning opp
der kjærleikssola vermde og voner sto i knopp,
— i bøn og arbeid fann dei fred og føde —.

Og folket er som bygda — i hugen djup og still
der smeltar heim og fjord og fjell isaman
med livsens rike rytme — i otte, tru og tvil —
i elsk og angest og i sut og gaman.
I helg og høgtid kviler vi frå kvardags strid og kav
og takkar Gud for heimen og bygda Han oss gav
og ynskjer så Guds fred med alle saman.

Gud signe Sykkylvsbygda og gjev du at vi må
som gode frendar her i fred få leva!
Lær Du oss idealet bak yrket vårt å sjå,
— vi sår og plantar — Du må vokster gjeva!
Og når vår livsdag endar mot siste avferdsstund
så lat oss sælt få sova inn i den stille lund
og vakna opp til sæla i all æva!

Forord frå formannen i Sykkylven Sogelag

I 1917 valde Sykkylven heradstyre ei sogenemnd som fekk til oppgåve å arbeide ut ei bygdebok for Sykkylven.

Desse var med i nemnda:

E. Frøysa, P. C. N. Aure, O. P. M. Blindheim, O. Strømme og J. Fredriksen.

Nemnda heldt første møtet 29. mai 1917 og valde E. Frøysa til formann med J. Fredriksen til varaformann.

Elles fekk fleire personar pålegg om å samle ting som lever på folketunga kring i bygda, og andre skulle skrive om fastsette emne.

Frå 1918 til 1939 vart det ikkje halde møte i nemnda.

I denne tidbolken døydde O. Strømme, P. C. N. Aure og J. Fredriksen, og i deira stad valde heradstyret i 1938 Ola Tandstad, J. Eidem og Lars Myhre.

J. Eidem vart no vald til formann med Ola Tandstad til varaformann.

Det vart sett opp ny plan for sogearbeidet, og ymse personar fekk kvar sine oppgåver å arbeide med.

I fleire av ungdomslaga kring i bygda vart det halde tilskipingar med foredrag om sogearbeidet og innsamling av pengar. Til kommunen, bankane og einskildpersonar vart det også sendt oppmoding om stønad, og mange fylgde oppmodinga og fortener stor takk for dette.

Heradstyret valde i 1947 Johan Drabløs og Bastian Blindheim til lemer av nemnda i staden for E. Frøysa og O. P. M. Blindheim som var døde. Seinare døydde Lars Myhre, og Johan Drabløs flytte bort frå bygda, og i deira stad vart Ole J. N. Fet og Alfred Kjemphol valde.

Serleg etter 1939 har nemnda fått tak i utskrifter frå arkiva av kyrkjebøker, tingbøker, skiftebøker, manntal m. m., og i 1947 tok Ola Tandstad på seg arbeidet med å få gje ut ei bygdebok.

I 1959 valde heradstyret Karl Blindheim og Leif Ramstad til lemer av nemnda frå Furstrand, Søvikdal og Ramstaddal krinsar, som no var lagt til Sykkylven.

Sidan arkivarbeidet for det meste var unnagjort før desse bygdelaga kom med, ville det seinke arbeidet med utgjevinga av bygdeboka — og verte kostesamt — om ein skulle til med ny arkivgransking.

Lemene av nemnda frå Dalane har såleis berre prøvt å få med i første bandet mest mogeleg frå desse grendene utan å seinke utgjevinga.

Vi reknar med at det skal ikkje gå så lang tid før vi også kan sende ut andre bandet av bygdeboka.

Vi er bundne til heimbygda med sterke band, og bygda og folket si søge skal ikkje døy, men leve mellom oss og dei ætter som kome skal.

J. Eidem

Forord frå bokskrivaren

Arbeidet med Sykkylvssoga har teke lang tid, ja mykje lengre tid enn vi frå først av tenkte. Innsamling av kjeldestoff og bilete, sortering og ordning av dette — og så reinskrivinga, alt kravde si tid.

Dersom bokskrivaren kunne ofre seg heilt for dette arbeidet, ville det gå langt snøggare, men då han sat i full kommunal stilling og hadde hendene fulle med arbeid det meste av året, vart det berre nokre veker i vintermånadene han kunne ofre på sogearbeidet. Difor tok det så lang tid.

Arbeidet med bygdesoga har vore sers interessant, og mellom bygdefolket har eg alltid møtt berre velvilje når eg bad om ymse opplysningar. Mange eldre var flinke forteljarar, og den levande tradisjonen frå eldre tider er noko av det verdfullaste i ei bygdebok.

Av dei som har vore med i sogenemnda er 6 døde: Elias Frøysa, P. C. N. Aure, O. P. M. Blindheim, Ole Strømme, Jac. Fredriksen og Lars Myhre. Vi bøyer oss i vørtnad og takk for det førebuande arbeid dei fekk gjort for bygdeboka, og vi lyser fred over deira minne.

Ei særskilt takk til formannen i sogenemnda, Johan Eidem, og til dei andre i nemnda for godt samarbeid.

Takk til alle medarbeidarar og forteljarar som har gitt verdfullt tilfang til Sykkylvssoga. (Namna deira finn du bakarst i boka).

Manuskriptet til 1. og 2. bandet av Sykkylvssoga har vore gjennomsett av Rolv Fladby ved inst. for bygde- og byhistorie, av J. Eidem og Ivar Grøvik, av Gerh. Kjølås og G. Weiberg Aurdal. Desse har gjort sine merknader, som har vore til god hjelp for bokskrivaren. Fotograf P. P. Lyshol har skaffa dei fleste av bileta, og Henrik Straumsheim og Thomas Vinje har lese korrektur. Eg seier dei alle mi beste takk.


Så er det mi von at Sykkylvssoga må finne vegen til rett mange av bygdefolket heime og i utlandet, og at dei som les boka må finne glede og hugnad i å lære bygda betre å kjenne, — den bygda der vi har våre livsrøter feste med sterke band, og der fedrane våre streid seg gjennom mang ei vinne i lange låke tider.

Her kjem no 1. bandet, og manuskriptet til band 2 er snart reinskrive, så det kjem truleg om ikkje lenge.

Må bøkene vere med å binde fortid og notid saman og heidre alle gjæve fedrars minne. Då vil dei ha sitt verd også for komande ætter.

Heidra far din og mor di, så skal det gå deg vel og du skal leve lenge i landet!

Ola Tandstad



Utsyn frå Ikornnes

FØRHISTORISK TID [Til INNHALD](#)

GRUNNFJELLET OG TIDBOLKANE

Jordskorpa er eit skal kring ein glødande kjerne. Dette skalet var frå først av så tynt og varmt at det fanst ikkje anna vatn enn som eim kring jordkula. Dei tjukke skylaga og eimane frå den glødande jordkula stengde lyset ute. Difor var jorda «aud og tom, det var mørkt over djupet — men Guds Ande sveiv over vatna». —

Smått om senn vart jordskorpa avkjølt. Ho drog seg saman og la seg i rukker og vart tjukkare etter kvart. Men frå det glødande indre braut det seg fram svære straumar av lava (flytande, glødande fjellmassar, eruptiv). Når desse vart avkjølte, storkna dei til fjell. Det vart grunnfjellet.

Gjennom heile den lange tidbolken som vi kallar urtida, var det ikkje vilkår for liv på jorda. Men etter kvart som jordyta og skylaga kring henne vart avkjølte, vart vasseimen i skylaga fortetta (kondensert), og så fall regnet i stride straumar og fylte etter kvart dei djupe søkk i jordyta, og så vart dei store heimshava til. Litt om senn kvarv skylaga, så solstrålane kunne trengje gjennom luftlaget. Skaparen sa: VERT LYS! Og det vart lys, og dermed også vilkår for liv på jorda.

Kulde og varme, regn og vind tærte på grunnfjellet gjennom lange tidbolkar og smuldra yta til stein, grus og sand. (Dette kallast forvitring). Dei minste sandkorna fylgde vass-straumane og la seg att i deldene, og dei første jordlaga vart til, der plantelivet kunne finne rotfeste.

Så hende underet at livet tok til å vekse og breie seg ut på jorda. Den livlause, mørke oldtida var til ende, og den andre lange tidbolken som kallast gamletida, tok til. Etter kvart vart det eit yrande, veksande liv på landjorda og i havet. På stein- og grusmassane voks

det lav og mose og andre blomelause planteslag. Når desse døydde, smuldra dei til jord og la såleis grunnlaget for andre høgareståande planteslag. Seinare voks det opp store skogar av bregnar og kråkefotliknande vokstrar som kunne bli svært store. Slike skogar breidde seg over store luter av jorda. I havet yrde det av små og store skaldyr (muslingar), koralldyr og ei mengd kryp av ymse slag. Seinare kom det blekksprut og fisk.

Alle desse livsformene i hav og på land kan ein «lese seg til» av dei funna som arkeologane gjer, der plantar og dyr er innkapsla i sandstein som vart laga av sand og bindestoff under stort press i gamletida (fossil).

Mellomtida kallast den tredje lange tidbolken i geologien. Då kom det andre livsformer til både på landjorda, i havet og i lufta. No kom det nåltre som sette frø og spreidde seg over store luter av jorda. Det yrde av svære krypdyr som det ikkje finst maken til i vår tid. I lufta svirra det av fuglar og store skræmelege fykeøgler, slangeøgler og fiskeøgler. Urfuglen hadde tenner, klør på tærne og mange halevirvlar. Dei lærde meiner han er eit overgangsledd mellom krypdyra og fuglane. Mot slutten av mellomtida kom også dei første lauvtree og dei første pattedyra (pungdyra).

Den fjerde tidbolken kallast nytida, og den vert delt i to bolkar: tertiærtid og kvartærtid, som kvar for seg er lange tidbolkar. I første luten av tertiærtida var det svært varmt. Då voks det ei mengd palmetre i Europa, og det voks store skogar der det no er is og snø. Jordyta var enno ikkje komen til ro, men la seg i store rukker, og mange av dei store fjellkjedene vart til i denne tidbolken. Mykje av det som før var havbotn, vart lyft opp til store høgder som Alpane og Himalaja. Mot slutten av tertiærtida vart verlaget kaldare. Plante- og dyrelivet vart meir og meir likt det vi kjenner til frå vår eiga tid.

Under dei ymse tidbolkar har store land sokke i havet, og havbotnen har hevja seg og laga nye landstrekningar og store høgder. Og jamt har det på ymse stader vore svære vulkanutbrot, der den gloande lavaen flaut utover og laga fjell av storkna lavamasse. Slike vulkanske fjell finst det mange av over alt på jorda.

Kvartærtida var ein kald tidbolk. Då var det fleire istider, då også landet vårt låg nedisa av svære ismassar. Det kan vi slutte oss til av skurings-stripene og den glatte overflata på den faste fjellgrunnen,

og av dei store flyttblokkene som ligg på fjell- og åsrygger. Dei har isbreane ført med seg og lagt dei att når breen smelta. Vi kan også sjå det av morenemassane som isen har ført med seg, og skuva saman til store morenerygger som vart liggjande att når isen smelta vekk.

Sjølve grunnfjellet har gjennom alle tider vorte sundsprengt, skura og slipa av vatn, frost og is. På den måten minka fjella litt etter kvart, men ikkje så mykje at det kunne merkast på tusen år. Det som fjella skala av seg på denne måten, vart ført av vatn og is nedover fjellsidene og vart liggjande att i dalbotnen. Oppblanda med rotande planterestar (humus) vart dette god voksterjord for plantane. Men mykje av finaste leiret og sanden vart skylt med elvane ut i havet og vart liggjande flo på flo som avleiringar langs strendene. Når så landet før eller seinare steig, vart desse avleiringane tørrlagde og kunne nyttast til dyrkingsjord til kulturplantane.

Mykje av den beste kulturjorda, også i Sykkylven, har på denne måten vorte laga på sjøbotnen eller under ferskvatn.

Medan isen låg og tyngde, låg landet mykje lægre enn når det var isfritt. Til kvar istid svarar såleis ei senking av landet. Dei avleiringar som under istidene vart laga langs landet og i fjordane, vart tørrlagde då isen smelta og landet steig. Men mykje av det lause jordlaget vart av breane ført saman til morenar, — ei blanding av stein, grus og planterestar med leir. Slike morenerygger finn vi mange av også i Sykkylven. Somme er langstrakte sidemorenar som Riksheimeremen, andre er opphopa endemorenar, som isen har skuva ihop når han seig ned over fjellsidene og dalane. Når så breen smelta og kvarv vekk, låg morenen att og fortalde saga på sin eigen måte.

Som vi skjønar har også bygda vår gått gjennom mange og store ombrøyte i den ufattelege lange tida frå grunnfjellet vart til og til vår tid. Sykkylvsfjella har vel også endra form etter som tusenåra kvarv, men likevel — toet i dei er det same som det var frå opphavet. Det er sjølve grunnfjellet — fjellet frå den gamle urtida.

Det meste er gneis som er samansett av minerala kvarts, feltspat og glimmer, men det finst også innsprengde lag av granitt som oftast er raud og av krystallinsk, korna struktur. Den er laga av dei same mineral som gneis, men der finst også andre mineral som apatitt i granitten. Dessutan finst det i fjella våre ei mørkfiolett bergart som kallast gabbro. Den er laga av mørk feltspat, olivin og apatitt

og har ofte perlemorglans. Innimellom kan det liggje gangar eller beit av kvitgrå kalkstein og olivin.

Av desse bergartene er fjella våre bygde opp, og det er materiale som kan «trasse tids-tonna» gjennom alle skiftande tidbolkar. Dei høgaste fjella stakk vel opp or breen under istidene. Dei kallast nunatakkar og er oftast kvasse, ville og sundrivne. Men det meste av fjella elles var heilt vekke under isbreen —• truleg gjennom hundretusen-tal år, men då breen endeleg smelta vekk etter som det vart varmare verlag, stakk fjella opp or ismassane, blankskura og reine.

Slik har dei stått til vern om gard og grend frå dei første menneske kom streifande gjennom bygda vår og sette bu her. Dei har vore vitne til at livet voks fram i desse grendene frå dei første gras-strå til det mangslungne plantelivet, dyrelivet og menneskesamfunnet som vi har i Sykkylven i dag.

TOPOGRAFI

TIL INNHOLD

Om lag midt i Sunnmøre ligg Sykkylven, ytst på halvøya mellom Storfjorden og Hjørundfjorden, godt og vel 20 km. frå Ålesund. Namnet, som svarar til gamalnorsk Sikkiflir, er truleg eit opphavleg fjordnamn som seinare har gått over til å verte bygdenamn. Første leden kan vere ordet sekk, og etterleden ^x) -i f l i r ei avleiingsending som her har omsyn til skap. Namnet skulle i så fall tyde ein fjord som har skap som ein sekk.

Grensene. I nord og aust grensar bygda til Storfjorden. I sør til Stranda og i vest til Hjørundfjord. I luftline er største avstanden nord—sør 22 km. I aust—vest det same.

Storparten av flatevidda, som er på 2 61 kv.km., er oppfylt av større og mindre fjell. Det er grunnfjellet av gneis og granitt som har forma dei store konturane av eruptive bergmassar, då desse i flytande form strøymde ut frå det indre av jorda — og storkna. Ned gjennom tidsaldrane har så jordskorpa lagt seg i rukker og foldar. Havet strøymde inn gjennom dei djupaste foldane og laga fjordar. Is og snø skura og skrapa det harde fjellet og laga større og mindre dalar og delder i fjellheimen. I desse fjelldalane låg det is- og snøbrear sein bråna i milde tidbolkar og laga fjellvatn med

1) Finst og i bygdenamna Sunnylvn (Sunniflir) og Vanylven (Vanniflir).



elvar og bekker som strøymde ut i fjordane. Det harde fjellet smuldra smått i senn under påverknad av vatn, luft og temperaturskifte. Etter kvart vart det grus- og sandlag der det vart grorbotn for planteliv. Først enkle lågståande plantar, seinare meir kravfulle og høgareståande planteslag etter kvart det laga seg humusjord av rotnande planterestar. Etter kvart vart det lause jordlaget tjukkare, og plantelivet auka og breidde seg i samsvar med vokstervilkåra.

Gjennom millionar av år har bygda såleis vorte forma og omskapt av naturkreftene like til i dag. ----- Men inn i denne naturen sin store verkstad kom dei første landnåmsmenn og leita etter livd og ly og levevilkår. Kva tid dei første kom hit, veit ingen visst, venteleg for 3—4000 år sia, ja, kanskje meir. Smått i senn sette dei merke etter seg på ymse måtar. I natur-riket kom det litt om senn eit innslag av kultur.

Inn gjennom fjellheimen har det laga seg ei djup kløft, Storfjorden, med sine større og mindre sidegreiner. Ei av desse små sidegreiner er Sykkylvsfjorden som skjer seg inn i sørleg retning frå Storfjorden, frå Aursnes i nord til Straumgjerde i sør, på lag 9 km. Frå Straumgjerde lagar det 2 km. lange Fetvatnet inngangsporten til Velledalen som skjer seg i sør og aust gjennom fjellheimen

frå Fet til Drotninghaug, som er fremste garden i dalen. Gjennom dalen renn elva Velledøla med sine side-elvar ut i Fetvatnet, og frå dette renn Straumen ut i Sykkylvsfjorden. Straumen har vorte kalla «stuttaste elva i verda». Når det er storflod i sjøen, står han om lag jamhøgt med vatnet, såleis at elva då er lik 0. Då er Straumen stuttaste elva i verda. Over Straumen vart det bygt ny bru i 1930, mellom gardane Straume og Straumsheim.

Frårekna stuttare stykke udyrka jord, er Sykkylven bygd langs alle strender frå Gjøvenes i vest, rundt Sykkylvsfjorden til Aursnes i nord. Dessutan Grebstaddalen frå Aure til Aurdal og Andestad i aust, og så V e l l e d a l e n frå Fet til Drotninghaug i søraust. På desse strekningane ligg heimane i rekkje og rad med den dyrka jorda som breie grøne band langs alle strender og opp etter dalane. Frå den dyrka jorda tøyser skogliene seg oppover mot skog-grensa, som ligg på 400—500 m. over havet. For det meste er det lauvskog, men innimellom finn ein også fure- og granskog, naturskog og plantaskog om einannan. Fjelldalar tøyser seg inn gjennom fjellheimen med gode småfebeite, utgamle setrar, blåblanke fjellvatn og fossande kvite elvar. Over det heile lyfter fjellheimen seg med åsar og kollar, med



Sykkylven sett frå Ullavika

blenkjande svaberg, med tindar og tårn og med glitrande blåbrear mot himmelbrynet. — Ei vill og veldig ramme kring det yndefulle og grøderike landskapet.

Kjem du skipsleia inn over Storfjorden, opnar bygda seg med ein smilande fjordarm mot sør, med gardar og grender på båe sider. Høgt over bygda lyfter fjella sine tindar og toppar, yndefulle og ville. Ved enden av Sykkylvsfjorden på austsida, lyfter det seg ein særmerkt fjelltind som ei vakke.r kjegle nær på 1000 m. o. h. Framande folk spør alltid: «Kva for eit fjell er dette?» — Det er Straumshorn. Om lag midt i bygda står det og peikar mot himmelen med den vakre toppen. Mange er dei som har funne vegen dit opp, og dei angra ikkje turen. Vil du få eit oversyn over bygda, så bli med dit opp ein dag på ettersommaren eller hausten når lufta er klår, helst i august — september. Då er det best vere tidleg ute, for det er ein dryg 3 timars marsj frå Straumgjerde til toppen av Straumshornet. Oppgangen er vel tung, men ikkje vanskelegare enn at kven som helst med litt trening i fjellgonge greier turen. Og er du først komen på toppen, så gløymer du lett all møde og sveitte det kosta deg, for utsynet herifrå er slik at den som har sett det, gløymer det ikkje så lett. Det er ei oppleving av dei sjeldne. Herifrå ser du mast heile bygda i fugleperspektiv.

Det første som slår imot deg, er ein kjøleg gufs av høg fjell og velde, så du vert ståande reint som fjetra, utan eit ord, for her vert ord så fattige. Det slår ein mektig tone opp mot deg frå alt det auga fangar inn. Frå dalar, lier og fjell, frå skogar, elvar og blenkjande isbrear strøymer det mot deg døyvde, avstemte tonar som frå leyndomsfulle instrument. Dei stig og fell, snart i dur og snart i moll, til dei einar seg i ein mektig symfoni som du ikkje finn ord for.

— — — Dette er altså Sykkylven! Sola er alt komen over Hamarset-tindane i aust, for kl. er 9, og morgonskodda lyfter seg opp over dalsøkka og kverv i den blå soldisen. Lufta er blåblank og klår.

Langt uti synsrande blånar det i eit breitt belte av Sunnmørshavet med øyar, holmar og skjer langs strendene. Men havet tøyser armene sine inn gjennom fjell-landet og lagar fjordar og sund. Ein av desse armene er Storfjorden, som skjer seg inn frå Breisundet i mange buktingar til Tafjord, Geiranger og Hellesylt. Storfjorden

har mange sidearmar. Sykkylvsfjorden er ein av dei minste og skjer seg i sørleg retning frå Aursneset i nord til Straumgjerde i sør. Aursneset lagar ein kvass odde som stikk seg ut i Storfjorden i mot vest. Dette er bygda sin utpost mot nord. Aursnes og Fauskebygda ligg vakkert til og hallar mot sørvest. Her er lune, grøderike gardar og vakre tun. Ved ei lita bukt, Aurebukta mellom Fauske og Hauneset, ligg Aure, som er trafikksentret for bygda. Her er kyrkje, skule, bedehus, ungdomshus, hotell, to bankar, dessutan mange fabrikkar, verkstader og forretningar.

Nordanfor Aure renn Aure-elva i sjøen. Ho kjem frå Andestadvatnet, eit 2 km. langt vatn. Aure-elva renn gjennom den breie og romslege Grebstaddalen. Her ligg gardane tett i tett på både sider åt elva. På nordsida ligg Ullavik, Grebstad, Eidem, Lyshol og så Andestad ved Andestadvatnet. På søre sida ligg Aure, Haugset, Kjemphol og Aurdal. Grebstaddalen er den tettast folka grenda i bygda, og der er mange gilde og gode bruk. Over Fauske og Grebstad ligg fjellgardane Lassegjerde, Kambane, Åsen, Hjellane og Høgreset. Frå desse gardane har ein oversynet over det meste av bygda. På austsida av Sykkylvsfjorden ligg gardane i rekkje og rad frå Aure: Klokkarhaug, Vik, Blindheim og Tynes. Tandstad, Straumgjerde og Straume ligg ved foten av Straumshornet. Frå fjelltoppen kan vi så vidt sjå folk som maur der dei går etter vegane eller mellom husa. Gardane ligg tett langs med fjordarmen som eit breitt grønt band opp mot dei lubne skogliene. Det skifter med åker og eng, med vollar, bakkar og vakre tun med hus i skiftande fargebragd.

Midt gjennom grenda snor riksvegen seg fram som ei smal grå strime. Der pilar bilane avstad som snøgge, lettføtte troll, legg ei grå skodde av dumbe etter seg og kverv så i eit skogholt.

Straumgjerde er det geografiske sentret for bygda. Her er to gjesteheimar, fleire større fabrikkar og nokre handelsstader. Fetvatnet og Straumsvatnet går i eitt og er berre halvt skilde åt av ein lang smal tange, Stonganeset, som sting seg ut i vatnet frå Straume. Langs Fetvatnet går riksvegen til Velledalen. På både sider av vatnet er det ubygde strender, då der er fonnefare. På sørsida av vatnet går snøfonnene frå Ljosadalen radt ned til vatnet.


V e l l e d a l e n er eit vakkert og storfelt dalføre som skjer seg inn gjennom fjellheimen i sør for Fetvatnet. Nedste luten av dalen er brei og romsleg og heilt flat i botnen. Her ligg dei tre store gardane Fet, Dravlaus og Velle med fine, flate bøar som ein gong i tida har vore havbotn. Her ligg no dei finaste gardsbruka i bygda mel velstelte bøar og vakre trivelege hus og hagar, som vitnar om trivnad og velstand.

Frå Velle går det ein bratt bakke opp på V e l l e b r a u t a, — eit platå med fine, flate bøar. Framfor Velle bøyer dalen av mot aust til Hjortdal og Brudevoll. Dei fremste gardane i dalen er Lade og Drotninghaug. Alle desse gardane ligg på aust- og nordsida av elva. På sørsida av elva ligg dei store gardane Brunstad og Hole.

Jorda i Velledalen er god og grøderik, og bøndene her er mellom dei fremste i bygda. Dalen er kjend for sin ville venleik og ynde.

«Er Norangsdalen blitt kaldt dalenes Konge, så må Velledalen uomstridt være deres kronede Dronning».

På baa sider av dalen stig det knausar, kollar og tindar til vers. Her frå toppen av Straumshornet kan vi sjå kor dei tanar seg mot himmelen den eine bak den andre, den eine djervare og villare enn hine. Det er som dei kappast om kven som kan nå høgast opp mot



skyene. Her skal vi nemne nokre av dei på namn. Frå Straumshornet går ei mektig fjellkjede mot søraust, Dravlausegga. Om lag midt på denne luter Dravlaustua seg fram over floget mot Dravlaus og Fet. I dette fjellet er der ei klove som dei meiner opnar seg meir og meir, og det har vore spått at «Tuå» ein gong skal rase ut og demme opp elva så dalbotnen vert sett under vatn på nytt. — Fjellet bør bli granska av fagfolk.

I nord for Lade står det byrge og breie Lafjellet eller Storefjell med sine blankskura svaberg som glimar våte i solglansen. På sør- og vestsida av dalen finn vi likevel dei sværaste kultane. Fjellheimen her, mellom Sykkylven og Hjørundfjorden, har vorte kalla Sykkylvs-alpane, og det er vel ikkje utan grunn. Sør for Hole finn vi Holetindane, 1340 m. Over Brunstad ris D a u r m å l s h o r n 1495 m. til vers på austsida av Brunstaddalen. På vestsida av dalen ser vi Brunstadhorn med Geit hor net vestafor. Velleseterhornet, 1449 m., og Nonshornet er kvar for seg sermerkte. Så kjem vi til Regndalstindane som krinsar Regndalen, ein liten seterdal som høyrer til Velle. Søre Regnd a l s t i n d 1485 m., Geita og Midtre Regndalstind og endeleg Nordre Regndalstind, Råna, som lyfter seg opp som eit gapande mannehovud. Nasetippen på dette er høgaste toppen på heile fjellrekka, 1593 m. Frå Sykkylvsf jorden og strendene teiknar Rana seg mot himmelen med skarpe liner, og med litt livleg fantasi kan ein få toppen til å likne ikkje så lite profilen av Bjørnson. Blåbretind 1472 m. og Trollkyrkjetind 1436 m. mot Stiaumsheimdalen med Straumsheimhorn og Ljosadals-tindane, krinsar seg om svære blåbrear, leivningar av den store innlandsisen som ein gong dekte landet. No i solvarmen sveittar dei, så bre-elvane fossar ned etter fjellsidene.

På vestsida av Straumen ligg garden Straumsheim på ei hogd som hallar til tre sider, mot vatnet, Straumen og fjorden. Garden er vakker og grøderik. På vestsida av fjorden ligg gardane i rekkje og rad langs stranda. Utafor Straumsheim ligg Riksheimgjerde og Riksheim, den siste på ein stor morenerygg, mykje kupert. Riksheimelva, som skaffar drivkrafta til Sykkylven komm. kraftverk, renn gjennom garden og ut i fjorden ved Riksheimøyra.

Ved ei f jordbukt ligg garden E r s t a d på ein sandmæle. Garden er bakkut med store mengder sand, som for mange er verdfull vare. Dei andre gardane på Sørestranda ligg i rekkjefylgje: Stave, Sætre, Hella, Ikornnes og Jarnes. Desse gardane er for det meste bratte og tungbrukte, men jorda er grøderik, og mange driv med bær- og fruktdyrking.

Mellom Jarnes og Blakstad er ei ubygd strand som ikkje er dyrkande. Blakstad er ein vakker og fruktbar gard med fire gode gardsbruk. Så er stranda ubygd og udyrka ut til V å t m y r og Tusvik. Blakstad og Tusvik er dei eldste handelsstadene i bygda.

Garden T u ligg ved det vesle vakre Tuvatnet ovafor Tusvik. Nordafor vatnet ligg gardane S v a r t e b e k k og Nordvik, baa noko avgøymde. Hatlemark ligg i hallinga under Hovdeåsen. Garden ligg vent til og har god, grøderik jord.

Vegen går så vidare over Myrset-eidet til Hundeidvik som ligg ved innlaupet til Hjørundfjorden. Gardane her heiter Kurset, Hovden, Kursetgjerde, Myrset, Midtgard, Utgard, Hundeid og Gjævenes.

Bygda har 77 gardsnr. med i alt 1016 bruksnr. Av desse er det 466 bruk med over 5 dekar jord. Resten er mindre parsellar med hus og hage eller også berre hustufter med eller utan hus på.

Omframt dei fjella som før er nemnde kring Velledalen, ser vi frå Straumshornet mange større og mindre nutar og kollar lenger ute. Frå Trollkyrkjetinden kan vi nemne dei på namn i rekkjefylgje: Keipen, Gjerdekollen og Stave-fjellet. Mellom dei to siste kjem Riksheim-elva frå 3—4 vatn inne i Riksheimdalen. Ovafor Riksheim lagar ho Riksheimfossen (elva renn nedover ei bratt fjellskråning 400 m. høg). Ved foten av denne er det komm. kraftverket bygt. Stave-fjellet går i eitt med S k'o p p h o r n e t (1350 m.) mellom Stave og Hundeidvik.

På andre sida av fjorden kan vi sjå S a n d v i k h o r n e t i nord for Fauske, Aurdalsnibba og Borgundkollen på kvar side av Auresundalen, ein seterdal til Aure, Aurdal, Kjemphol, Haugset og Grebstad. Vender vi oss mot aust, ser vi H a m a r s e t t i n d a n e og Urfjellet (1216 m.) Dei er sermerkte med si vakre og ville form. Det er som tanngarden av eit ofseleg villdyr, som her har storkna til stein.



Velledalen med Råna i bakgrunnen

Mellom Straumshornet, her vi står, og Hamarset-tindane ligg den vakre Straumsdalen, ein seterdal til Tandstad, Straumgjerde og Straume. Her er to setrar: Hindahol og Langenes, den siste ved Langenesvatnet der Vike-elva har si kjelde, og renn ned gjennom Vikedalen, der fureskogen står tett og mørkegrøn. På ein knaus i aust for Vikedalen kan vi sjå Gimsdals-setra som høyrer til Vik og Klokkehaug.

Ved Kronprinsregentens forordning av 26. aug. 1955 vart Søvikdal, Ramstaddal og Furstranda overført frå Ørskog til Sykkylven. Vi tek her ein stutt omtale av desse grendene.

Frå Andestad fører bygdevegen langs Andestadvatnet til Søvikdalen. Andestadstranda er ubygd, og vegen er smal og nokså bakkut. Vi kjem først til garden Furnes som ligg på ei lita høgd ved nord-enden av vatnet. Dernest kjem vi til L ø s e t som har to gardsbruk. Både Furnes og Løset er tungdrivne gardar med mykje bakkut terreng.

Ved enden av Andestadvatnet ligg garden L ø v o 11 med 4-5 gardsbruk som for det meste har fint flatt terreng og som truleg ein gong i tida har lege under vatn.

A 1 m e s k a r heiter ein gard som ligg i bakkehallet mot sør. Dernest kjem vi til Ø v r e-S ø v i k med 5 gardsbruk der ein bratt og krokut veg fører ned til N e d r e-S ø v i k som ligg ved sjøen der det er kai.

Frå Øvre-Søvik fører ein fin og god veg til K 1 o k k, som er første garden i Ramstaddal. Garden ligg høgt og fritt på ei høgde eller eit eid. Han er etter måten stor med ikkje mindre enn 29 bruksnr.

Fylgjer vi vegen vidare mot aust, kjem vi til M e 1 s e t med mange gode gardsbruk. Til høgre fører ein sideveg til Løkedalen (Lukkedalen) som har vore bygd og busett i lenger tid, men som no er øydegard.

Framafor Melset ligg Løsetgardane lunt og godt til under ei skogli.

Vegen svingar så til venstre over Løsetbrua og ned på andre sida av dalen. Her møter vi først bureisingsbruket Bøen og eit eldre bruk Krogen (Kroken).

S v i n d s e t heiter neste garden med fem gardsbruk frå elva og oppover terrassane mot garden Ramstad som er ein av dei største med 17 br.nr. Mykje av Ramstad-gardane ligg i bratta og er tungdrivne, men den øvre delen av garden ligg mykje på ein høg terrasse under fjellfoten. Om det er tungt å kome opp, er det fritt og vidt utsyn derifrå over mest heile Ramstaddalen og langt ut over Storfjorden og bygdene ikring.

Frå vegsvingen ved Løsetbrua fører ein smal bakkut veg fram gjennom Fasteindalen til Nyseter, og til Fausagrenda som høyrer til Stranda.

Utanfor Nedre-Søvik ligg ein liten plass som heiter V i n d s n e s. Han har vore bygd i lenger tid, men vert truleg snart utlagd øydegard.

R ø n e s er ein liten vakker gard som ligg på neset av same namn. Men her er ikkje skikkeleg vegsamband (berre ei rås) mellom gardane.

Fylgjer vi stranda vidare utover, kjem vi til Oppsal og Sandvik og Bjørnevik. Også her er nedlagt mykje arbeid på å dyrke den bratte og steinfulle jorda, men dei som har butt og bur her, har vorte glade i heimen sin på den steinute strand, sjølv om det er berre sjøvegen som er farande når dei skal kome i samband

med andre folk og bygdelag. Og når uveret set inn vinters dag, kan det gå mange dagar då det ikkje er farande på sjøen. Då gjeld det vere sjølvhjelpa med alt.

Kyrkjestein heiter ytste garden mot Aursneset. Også denne strandgarden var bygd i eldre tid, men i 1850-åra vart garden fråflytt og har seinare lege som øydegard. Ei gamal forfallen løebygning står enno att, og det syner tydelege merke etter stovehuset. Men no gror skogen litt om senn inn over den vesle magre bømarka, og bjørkeskogen står tett og frodig opp gjennom den bratte lia ovafor, medan Storfjorden skvalpar med bårane sine inn mot den gråkvite sandstranda og kviskrar om tider som kvarv.

I stranda mellom øydegarden og Furstrandgardane står Kyrkjesteinen som eit kyrkjespår av granitt. Segna seier at Kyrkjesteinen snur seg kvar gong han høyrer kyrkjeklokka ringjer. Og segna er sann. Kvifor?

-----No har vi teke runden med auga kring heile bygda og fått eit oversyn, men det er mangt og mykje vi ikkje kan sjå herifrå. Vil vi lære bygda rett å kjenne, må vi nedatt i dalen mellom folket som lever sitt liv i desse grendene. Vi må vere med dei inn i heimane, på arbeidsplassen på land og sjø, der dei driv sitt daglege yrke. Vi må fylgje dei i kvardag og helg, i sorg og i glede, i sol og i storm. Vi må setje oss inn i deira tankar, voner og draumar og fylgje dei i livs-striden frå dei første barneåra til dei grå hår.

Dette er noko av innsida av bygda og folkelivet her, men det er no det levande puls-slag i bygda og bygda sitt liv i djupaste tyding. Sjølv naturen med alt som høyrer den til, er berre den ytre ramma om det skiftande livet som har vakse fram i desse grendene frå dei eldste tider.

Men let vi tanken gå attende til dei ætter som levde her i tusenåra før oss, og prøver vi i fantasien å fylgje dei i deira livs-strid, då skjønar vi kan hende betre enn før samanhengen mellom det som var og det som er. Då skjønar vi at naturen og levkåra har vore med og forma og omskapt folket både i tanke, liv og lynde. — Då kjenner vi at våre livsrøter går attende gjennom tusental år, og vi syg livskraft gjennom dei også i dag. — Men då kjenner vi og at når vi går ikring på desse gamle, kjære tufter, då går vi på heilag grunn.

SMÅGLYTT FRÅ OLDTIDA ISTIDER

Let vi tankane gå attende til tida før vi har nokor soge, stig landet vårt fram or tåkeheimen som ein veldig iskoloss.

Når sola bryt gjennom skylaget, lyser og blenkjer det inn over dei veldige isvidder. Det blånar i djupe kløfter og skar. Det blenkjer og brenn i gylte kuplar og tårn av is og snø som lyfter seg i velde mot himmelen. Men utafor, langs strendene syng storhavet sin ævelege song og bryt inn mot ei grå, sundriven strand av gneis og granitt.

Skumskavlane lagar ein brimkvit krans kring holmar og skjer og gråbrune berg som tøyser seg ut frå landet. Langsmed strendene er det ei brei strime av isbert grunnfjell som lagar skilje mellom det blagrøne havet og den blakvite innlandsisen. Fjellet er naken og bert. Berre mosen legg her og der eit grågrønt skimmel over det, men inne i dei lunaste vikane, i kløfter og skar, har det lagt seg sand og grus, og nokre langfarande frø har funne rotfeste der. Nokre hardføre vokstrar har klora seg fast i den magre grunnen, og lagar ein og annan liten grøn krull av liv og von midt inne i alt det aude og grå.

Hav-vinden gustar inn over landet, ruskar så smått i dei grønne vokstrane og kviskrar eventyret om landet som skal stige fram — under isbreen.-----

Om lag slik kan vi i fantasien sjå landet vårt under den siste store istida — for kring 10—15 tusen år sia, då det meste av landet låg nedisa av eit islag på kanskje tusen meter eller meir. Det seier seg sjølv at under slike tilhøve kunne det ikkje vere levelege kår for menneske på den grå, verharde kysten vår. Men åra gjekk og vart til hundreår og tusenår. Verlaget skifte og vart mildare etter kvart. Den svære innlandsisen minka, så meir og meir' av landet steig fram i dagen, blankskura og bert. Etter som isen kvarv, kom mosen, lynget, krattet og til sist skogen og kledde det nakne fjellet. Men det tok sikkert mange tusen år. Landet steig og lyfte seg liksom opp av havet etter som isen minka, og granskarane meiner at sjøen under siste istida gjekk om lag 53 m. høgare enn no. Men føreåt hadde det vore fleire istider. Det kan ein skjønne seg til av dei avleiringar av leir og sand som havet har lagt att på det tørre, når landet steig etter kvar istid. I desse avleiringar kan ein finne avtrykk

av sjøskjel, som er eit tydeleg prov på at havet ein gong har stått så høgt.

Har bygda vår vore dekt av isen under desse istidene, og kor høgt har sjøen stått til dei ymse tider? Dette er spørsmål som berre geologane kan svare på, ut ifrå dei granskingar og målingar som dei har gjort. Vi let geologen H. Kaldhol gi eit oversyn over desse spørsmåla.

GEOLOGI OG JORDBOTN I SYKKYLVEN

(Av H. Kaldhol)

Fjella i det indre av Sykkylven har ei sermerkt form. Der er tindar og taggar i hundrevis, ulike i form og storleik. Slike fjellformer vert gjerne kalla nunatakkar. Dei har fått si form i forntida då isen dekte alt lågareliggjande land, så berre dei høgaste toppane rakk opp over bre-massane. Toppane vart då sprengde meir og mindre i stykke, så fjella fekk form som ein tanngard.

Det einslege og vakre Straumshornet er også ein slik nunatakk, likeeins Hamarsettindane med Hamaren eller Urfjellet på austsida av Straumsdalen. Men det er særleg på sørsida av Velledalen på grensa mot Hjørundfjorden og vestover mot Megardsdalen i Hundeidvik at det er rikeleg av nunatakkar. Denne fjellheimen vert også kalla Sunnmørsalpane.

I den nordlege luten av Sykkylven har fjella meir rundslitne former. Det er ei eldre og større nedising som har jamna fjella der, medan dei indre fjella i Sykkylven har fått sine karakteristiske former under ei eller to seinare istider.

Inn i fjellmassen skjer det seg fleire større og mindre dalføre. Somme av desse fylgjer på lag strøkretninga, såleis Velledalen frå Nysetervatnet til Oddebrauta, Grebstaddalen frå Andestadvatnet til Aure og dessutan setredalen frå Ikornnes til Hundeid. Desse vert kalla for lengdedalar. Sykkylvsfjorden må også oppfattast som ein dal. Både den og setredalen frå Vik, Vikedalen, går om lag loddrett på strøkretninga, så dei må oppfattast som tverrdalar.

Det faste fjellet er mest gneis og pressa granitt. Dei innheld særleg feltspat, kvarts og glimmer eller hornblende. Det er truleg at opphavleg er det meste av desse fjella eruptiv, d. v. s. storkna lavamassar frå jorda sitt indre. Under fjellkjedeforminga har dei så teke meir eller mindre lagdelt struktur. Somme stader

Mill. år sia.	Geologisk formasjon.	Merknader for Noregs geologiske historie og bygnad.	
1	Kvartær	Denudasjonstida.	Istida og etteristida.
60	Tertier		
130	Krit		Det norske fastland låg ope for den nedbrytande verksemda (denudasjonen). Det meste av det kaledonske fjellet vart brote ned, dalar utgravne og hovud-draga av den noverande overflateskapnaden utforma.
170	Jura		
210	Trias		
240	Perm		
310	Karbon (kol)		
	Devon	Fjell- bygg.tid	Den kaledonske orogensen. Det norske fastlandet vart oppbygt.
360	Silur		
400	Ordovisium	Sedimentasjonstida	Der Noreg no ligg, var eit hav. På botnen av det vart det avsett sediment, mest slam og leir, på grunt vatn også sand. Underst var eit lag med mykje grus og stein, som no er eit basaltkonglomerat.
500	Kambrium		Stein, grus og sand vart avsett i visse område, no kjent som sparagmittformasjon.
600	Eokambrium		
	Prekambrium		Det gamle grunnfjellet av krystallinsk stein.

Årstal	Kulturperiode		Klimaperiode	
1000	Historisk tid år 1000—no			
800	Vikingtid 800—1000		Subatlantisk tid	For Nordeuropa. Klimaperiodar etter Aksel Blytt
400	Folkevandrings- og mero- vingt. 400—800		Granskogen breier seg. Klima-forverring	
0	Romersk (yngre) jernalder 0—400 Det indre landnåm tek til i Noreg			
500	Keltisk (eldre) jernalder 500—0			
1500	Bronsealder		Subboreal tid. Tørt klima. Varmeste tid etter istida	
2500*	Yngre steinalder	Hellekistetid		
		Ganggravtid		
		Dyssetid		
3500*	Minimumstal	Nøstveit, Viste i Noreg Libult, Limhamn i Sverige Kjøkkenmødding i Danmark	Atlantisk tid Våt og varm	
		Eldste spor etter menneske i Noreg. Austfold, Møre, Finn- mark. Maglemose, Mullerup i Danmark, Campignien i m. Eur.	Varmekjære lauvtre kjem Borealtid Fure	
7500*		Lyngby i Danmark Acilien i Mellom-Europa	Subarktisk Bjerk	
21000			Arktisk tid Reinblom	
67000		Magdalenien	Glasialtid Ratid	
72000	Eldre steinalder Mellomeuropeiske kulturar	Solutre'en	Siste istid Wurm- el Weich el istida	
110000		Aurignasien		
180000		Mousterien	Siste mellomistid	
240000		Acheule'en	Risz — eller Såleistida	
430000		Chelle'en	Mellomistid	
480000		Eolithikum	Mindel eller Elsteristida	

er der sprekker i lagdelinga som går loddrett på strøket, så fjellet vert oppdelt i store firkanta blokker. Gneisen sitt fall er oftast mot sør, men langs Storfjorden frå Ikornnes til Tusvik er fallet mot nord eller nordaust. Det skulle tyde på at denne luten av Storfjorden ligg i eit «trog». Mange stader er granitten om lag upressa. Den høver då godt til byggestein, t. dømes brota på Tynes og Blindheim. På nordre del av Tynes finst det ein mørk varietet av eklogitt, gjennomsett av ein granittgang. På Vik er også ein gang av eklogitt.

Kalkstein eller marmor finst også somme stader i Sykkylven. Mest finst det kanskje på Lyshol, men gangen der går mot søraust over elva frå Andestadvatnet og kan hende vidare til Vidhamar. Vestover går gangen oppover eit stykke og er kan hende den same som stikk opp att på vestsida av fjorden på Blakstad. Der er det ein mindre marmorgang, han er delt med eit drag av gneis-granitt som går parallelt med fallet på gangen. På Aure finst ein gang av finkorna diabasliknande bergart, som har ei svært stor servekt.

På Skopphorn, oppfor Stave, har det vore funne ei art Rosenkvarts. Den skal finnast i ein større gang der. Dei prøver eg har sett, viste ein delvis lagdelt struktur. Rosenkvartsen har ein sær vakker raudfarge og kan vel brukast til å lage nipsting av.

På Aursnes er det frå gammalt av kjent eit merkeleg naturfenomen. Nær stranda på Aursnesodden er der ei lita opning i fjellet der det strøymmer ut luft. Denne luftpusten er sterkast framimot flod sjø, men kan ikkje merkast ved lågaste fjøre. Han er såpass sterk at han lyfter små sandkorn til vers, og det høyrer ei susing av lufta som strøymmer ut.

Grunneigaren har no dekt over opninga med jord, men enno kan ein høyre suset av lufta som strøymmer ut av fjellet. Fenomenet kan forklarast på den måten at det er ei større hole i fjellet. Til denne hola er der ei opning så lufta får strøyme inn ved fjøre sjø. Når så sjøen flør, vert opninga stengd av sjøen, så lufta der inne vert utsett for trykk, og så strøymmer ho ut gjennom den vesle opninga i fjellet.

MORENAR OG TERRASSAR

Dei lause jordlag kan etter opphavet sitt vere laga anten av vitra fjell eller oppsmuldring og transport av dei lause massar ved isbrear og elvar og av havet. Endeleg kan lause jordlag verte til av døde plantedelar som vert omlaga til mold eller myr.

Morenar er den oppknuste masse av stein og grus som breane skavar av fjellgrunnen. Under istidene og elles når det lagar seg store isbrear, er desse i stadig, men sakte rørsle framover underlaget.

Grunnane til dette kan vere fleire, men den viktigaste årsak er det store trykk som det vert i dei djupaste lag i massen. Ved dette vert isen meir eller mindre halvflytande, (plastisk) så han glir fram over underlaget. Isbreen vil først og fremst sige i den lei der motstanden er minst, etter dalføre og fjordar. Den lausrivne grusmassen vert anten liggjande under isen som botnamorene, eller han vert førd med isen og bre-elvane til ytre kant av breen, (endemorene). Når breane veks for skuld større nedbør eller lågare temperatur, vil dei sige fram over tidlegare isfritt terreng. Mykje av det lause jordlaget (som oftast alt) vert då ført med av breen og lagar ein voll framfor bre-enden som endemorene. Den vert liggjande som ein svær rygg når breen smeltar vekk under mildare verlag. På sidene av ein slik bre kan lausmassane også hope seg opp som ein mindre voll, ein sidemorene. Det heile ser ut, etter at breen er smelta, som ein stor tungeforma voll rundt ei større eller mindre reinskrapa innsenkning i midten. I Sykkylven finst fleire slike bretungebekken frå den siste istid, t. d. på Riksheim, Straumsheim og Fet. Vi har merke etter fleire istider i Sykkylven, med mellomliggjande lange tidsrom som har hatt etter måten mildt verlag.

Den første istid vi finn merke etter på Sunnmøre, har eg kalla Skjergardstida, den etterfylgjande Fjordtida og den siste Ratida.

SKJERGARDSTIDA

Breen har i denne tida dekt omtrent alt land som no ligg høgare enn havflata. I Sykkylven har isbreen då vore så høg at ingen fjelltopp har rokke opp over isen, når den var på det største. Likevel har denne istida hatt mykje å seie for bygdene. Breen seig då særleg mot vest, så den vestgåande del av Storfjorden, Grebstaddalen og Velledalen, og dessutan dalføret mellom Ikornnes og Hundeidvik, vart utgravne då saman med fleire høgareliggjande smadalar.

Under ein mildare tidbolk som fylgde etter denne istida, drog bre-randa seg attende, så kysten vart isfri. I førstninga av denne tida var det framleis eit kaldt verlag, så fjorden var tilfrosen det meste av året. Det kan vi sjå av at på strekninga frå Tusvik, forbi

Blakstad og imot Jarnes og Ikornnes, er der ei etter måten høgtliggjande strandline, som er meir og mindre dekt av morenar. Eg finn det mest rimeleg at morenane høyrer til denne istida. Bre-randa har då under avsmeltinga flytt fram og attende frå tid til tid, og har såleis også rykt fram over strandlina og laga dei skuringsmerke som ein kan finne der. Då breen endeleg drog seg attende, vart morenane liggjande att. Den milde tidbolken mellom denne og den etterfylgjande istid, kan vi kalle

FØRSTE INTERGLASIALTID,

som er påvist i Noreg. Frå den tida skriv dei seg dei djuptliggjande leirmassar i Grebstaddalen som inneheld restar av ein nokså varm havfauna. Dei vart funne i leirgrava frå det nedlagde teglverket på Aure. Staden er no ikkje å kjenne att frå den gongen eg var der i 1908. Ein stor lut av det er no omlaga til fotballplass. Under planering av denne er det påført ei mengd stein og grus, så grunnen er heva. Han ligg no 13,4 m. over tangranda. Der er då påfylt minst 1 m. stein og grus. Tapes-nivået ligg 17 m. o. t. Den store terrassen som går dit fram frå Aure, har nedre kant 21 m. o. t. og øvre kant 22 m. o. t. Han er såleis eldre enn tapes-senkinga.

Leirtaket hadde i 1908 ei skjering på ca. 10—12 m. D. v. s. i toppen av skjeringa var terrasseflata 22 m. o. t. Den er no vekk på det gamle leirtaket. Profilen i 198 viste ovafrå og nedover:

x x x x x x x x x x x x x x	5—6 m. sand utan fossil.
UUUUUUUUUUUUUUUUUUUUUUUU	1 m. leir utan fossil, men medmykje stor stein.
%%%%%%%%%%	3 m. leir med ein heil del skjel.
1:.....	Laget var nokså skarpt avgrensa nedover.

Djupast nede var det sand over det heile, berre så vidt synleg i skjeringa.

Etter nivilleringa 1941 må dei oppførde minstemål vere om lag rette med ei botnahøgda på 12,4 m. + (1,5 + 3,0 + 1,0+5) m. = 22,9 m. som vert terrassehøgda i staden for den målte høgda 22,0 m. o. t.

Leiret var svært hardt samanpressa, så ein ofte måtte sprengje det med dynamitt. Dei store skjel var alltid knuste, men brotstykkå låg på plass, så leiret var ikkje flytt. Ein fekk inntrykk av at leiret hadde vorte utsett for sterkt trykk ovafrå. Det kan berre skrive

seg frå trykket av breranda av ein større isbre, som så vidt har nått hit frå Sykkylvsfjorden. Leirgropa låg då i ly bak fjellfoten, sa isen har berre verka med ei mindre bretunge opp frå Aure.

Eg har i det skjelførande leir funne desse arter, då teglverket var i drift:

<i>Anomic eplippium</i> , Lin, sjeldan.	<i>Pecten islandicus</i> , Mull, 1 eksemplar
<i>Pecten septemradiatus</i> , Mull.	<i>Astarte eliptica</i> , Brown.
<i>Macoma calcarea</i> , Chemn. (talrik)	<i>Macoma baltica</i> , Lin. (sjeldan)
<i>Mytilus (edulis)</i> Brotstykke.	<i>Oyprina islandica</i> , Lin, vanleg.
<i>Axinus fleksuosus</i> , Mount. 1 eks.	<i>Montacuta bidentata</i> , Mont. 1 ekspl.
<i>Mya truncata</i> , Lin (talrik).	<i>Saxicava poladis</i> , Lin. Sjeldan.
<i>Bareochiton marmarens</i> Fab. 1 led.	<i>Bareochiton ruber</i> . Love 1 ledd.
<i>Tectura rubella</i> , Fabr. 1 eks.	<i>Lepeta caeca</i> , Mull, sjeldan.
<i>Lunatica</i> sp. 1 eksempl.	<i>Tricotropis borealis</i> , Brod & Sov. 1 eks.
<i>Littorina littorea</i> Lin. 2 eks.	<i>Lacuna divaricata</i> , Fabr. 1 eks.
<i>Bittium reticulatum da costa</i> .	<i>Trophon clatyratus</i> , Lin. fåtalig.
<i>Neptunea dispecta</i> , Lin. fåtalig.	<i>Sipho</i> sp. brotstykke.

Dessutan fleire eksemplar av *Balanus porcatus*, *da costa*, og piggar av *Echinus* sp. Av større dyr fekk eg av styraren på teglverket, disp. Bjørhuus, overlate ein ryggvirvel av storkobb (*Poca barbata* i fylgje konservator J. Griegs bestemmelse. Av Bjørhuus fekk Øyen eit bein av Svalbardalken (*Uria arra*, Pall.)

Faunaen peikar mot eit skiftande verlag under avsetninga av leiret, som eg har halde fram i Sunnmøres kvartærgeologi pag. 114—115.

Dei mest varmekjære former må oppfattast som restar frå den varmaste del av interglasialtida, då landet helst låg høgare enn no.

Då ei ny istid tok til, sokk landet, som fylgje av det store trykk av den veksande ismassen. Noko av skjela kan skrive seg frå ei landsenking på ca. 30 m. større enn no, men somme meiner ei landsenking på 50—55 m. større enn no. Når alle tilhøve vert medrekna, er det mest truleg at skjelbankane er frå slutten av 1ste interglasialtid og førstninga av landsenkinga under 2dre istid, då breane på nytt voks seg store. Eg har kalla denne istida i Sunnmøres kvartærgeologi for

FJORDTIDA

Breane voks då på nytt. I Sykkylven finn vi frå den tid morenar som i alle tilfelle syner at breen i Sykkylvsfjorden har nådd ut om

Ikornnes og Aure. Morenen på Jarnes, utafor Ikornnes, syner at breranda der har vore svær. Det er difor truleg at ytreghrensa har nådd ut til Fauske eller Aursnes på den sida av fjorden. For å få noko sikrare haldepunkt har eg utført nokre målingar av terrassane på ymse stader i Sykkylven. I det fylgjande skal eg gi eit kort oversyn over desse målingar.

1. UTGARD I HUNDEIDVIK

Der er det store terrassar i fri formasjon. Bylgjeslaget kan verke mykje der. Materialet i dei to lågastliggjande steg er sand og grus. Dei høgareliggjande steg har leir eller morene.

1ste steg er ein skrånande terrasse opp til 15,7 m. som er øvre kant. Den sluttar ved ei bratt reine som lagar tapestida si marine grense, (m. g.)

2dre steg er ei skrånande flate med nedre kant 24,3 m. og øvre kant 30,9 m. o. t. = (over tangranda).

3dje steg har n. k. = (nedre kant) 36, 1 m. og ø. k. = (øvre kant) 39,7 m. o. t. Terrassen er utgraven i leir. (Ratida si m. g.)

4de steg er ein nokså flat terrasse med rundsliten stein i overflata. Nedre kant ligg 49,6 m. o. t. og ø. k. 56,1 m. o. t.

5te steg når opp til 69,24 m. o. t. Det er truleg f jordtida si m. g. Målinga ligg 3—4 m. høgare enn vi skulle vente, men verknaden av båréslaget under storm kan sikkert syne seg opptil 3—4 m. over tranda.


2. IKORNNES

1ste steg er ein bratt skrånande terrasse der ø. k. ligg 16,8 m. o. t. som er tapestida si m. g. Derfrå er det ei bratt reine til

2dre steg med n. k. på 43,5 m. o. t. og ø. k. 45,4 m. o. t. (Ratida si m. g.) Dette steg lagar ei stor flate som vegen fylgjer på dei fleste stader, ut til Blakstad. Frå dette steg er det ei bratt reine til

3dje steg med n. k. på 53 m. o. t. og ø. k. på 60,1 m. o. t. Dette steg lagar også ein stor flat terrasse. Frå ø. k. er ei bratt reine til

4de steg med n. k. 67,4 m. o. t. og ø. k. 76,4 m. o. t. Det er ein stor terrasse som sluttar ved ei mindre, men tydeleg bratt reine: (Fjordtida si m. g.) Også denne høgda synest å liggje 2—3 m. over



Grebstaddalen

det ein skulle vente. Staden har lege heilt open under ein havstand på 74 m. o. t.

3. AURS NES

1ste steg er ein stor, skrånande terrasse med øvre kant på 16,5 m. o. t. Det er tapestida si m. g. Der ei lita bratt reine til

2dre steg med n. k. på 18,9 m. o. t. og ø. k. på 38,2 m. o. t. Ei reine til

3dje steg med n. k. på 41 m. og ø. k. på 44,8 m. o. t. (Ratida si m. g.) Terrassen sluttar ved ein bratt fjellvegg av gneis. På ytre Fauske er det ein svær morene som på 2 stader er særleg steinfull. Det er kan hende breen si ytre grense i f jordtida.

4. FAUSKE

1ste steg har n. k. på 11 m. og ø. k. på 14,5 m. Det støyter til fast fjell.

2dre steg har n. k. 19,8 m. og ø. k. 38,5 m. o. t. Det lagar ei stor skrånande flate. Der er ei tydeleg bratt reine.

3dje steg har n. k. 43,4 og ø. k. 46,3 m. o. t. (Ratida si m. g.)

Det er ein sermerkt terrasse som er utgraven i ein morene. Frå ø. k. = reine til

4de steg med n. k. på 49 m. og ø. k. på 50,9 m. o. t. Det støyter ved ø. k. opp til fast fjell, og høgare var lite lausmasse.

5. AURE — EIDEM

1ste steg har n. k. på 4,8 m. og ø. k. 16,7 m. o. t. (Tapestida sin terrasse).

2dre steg har n. k. 33,9 og ø. k. 36,4 m. o. t. Der er ei bratt reine til

3dje steg med n. k. 44,2 og ø. k. 46,5 m. o. t. Det er ein stor terrasse på Grebstad, (Ratida sitt steg). Frå ø. k. er ei bratt reine med vid omk.

4de steg har n. k. på 57,8 og ø. k. 77,2 m. o. t. på Eidem. Det er ein svært stor terrasse, (Fjordtida si m. g. i nedre del av dalen).

5te steg er ein liten terrasse med n. k. 76,3 og ø. k. 77,4 m. o. t. Det er truleg fjordtida si m. g. på Eidem, (som ligg 3—4 km. aust for Aure), der landhevinga har vore større enn på Aure.

6te steg på Eidem er ei mindre terrasseliknande flate av grus, på 2 sider omgitt av fast fjell. N. k. var 80 m. og ø. k. 84,7 m. o. t. Ho ser ut til å liggje på høgde med øvste steg på Haugset. Det er ikkje urimeleg at også denne terrassen er av marint opphav. I det tilfelle høyrer han til skjergardtida si avsmeltingstid.

6. AURE — GJERDE

1ste steg har n. k. 5,4 m. o. t. Derfrå er det ein skrånande grusterrasse til 16,5 m. o. t. Det er tapestida si m.g. men på grunn av oppdyrking er øvre kant av terrassen utjamna, så den m.g. er her som ved det gamle teglverket 17 m. o. t.

2dre steg lagar ei stor skrånande flate med ø. k. 48 m. o. t. (Ratida si m.g.) Derifrå er det ei bratt og høg reine.

3dje steg er ein liten terrasse med n. k. 61 m. og ø. k. 62,3 m. o. t. Der er ei bratt reine opp til

4de steg som lagar ei noko stor flate der husa på garden Gjerde står. Terrassen sin n. k. ligg på 73,6 m. og ø. k. på 75,9 m. o. t. (Fjordtida si m.g.) Terrassen held fram til Vik. Høgare finst ikkje marine avleiringer her.

7. TYNES YTRE

1ste steg er ein liten terrasse med ø. k. 2,6 m. o. t. Derfrå er det ei bratt reine.

2dre steg er ein stor terrasse med n. k. på 15,8 m. og ø. k. 17 m. o. t. Derifrå er det ei bratt reine med skjelførande leir. Det var synleg i ei grøft frå 17,6 m. — 22,5 m. o. t. men det går både djupare og høgare opp.

3dje steg er det ein stor skrånande terrasse med ø. k. 42,9 m. o. t. Der er det ei bratt reine til

4de steg med ø. k. 49,8 m. der den gamle garden Tynes først stod.

5te steg er ein liten terrasse ø. k. 60,5 m. o. t.

6te steg har merke etter ei lita strandline med n. k. 69,3 m. og ø. k. på 75 m. o. t. (Fjordtida si marine grense).

8. TANDSTAD YTRE

1ste steg er ein skrånande terrasse med n. k. 4,6 m. og ø. k. 17,5 m. o. t.

2dre steg er ei større flate med n. k. på 45 m. og ø. k. 46,5 m. o. t. Dette er Ratida sitt steg.

3dje steg er ein skrånande grusterrasse med ei mengd stor stein som er spreidd utover. Ø. k. ligg på 53,7 m. o. t.

9. STRAUMGJERDE

1ste steg har n. k. 6 m. og ø. k. 18,5 m. o. t. (Tapestida si m.g.) Det lagar ei stor skrånande flate som ved ø. k. går over i ei bratt reine.

2dre steg har n. k. 50 m. og ø. k. 52,8 m. o. t. (Ratida sitt steg og si m.g.)

3dje steg er ein liten terrasse, som er utgraven i ein morene. Terrassens øvre kant ligg på 55,5 m. o. t. og er øvste merke etter havet. Toppen av morenen når til 59,2 m. o. t.



Straumgjerde

10. FET

1 s t e s t e g er ein stor flat terrasse på Fet, Dravlaus og Velle. Den ø. k. på Fet er 11 m. o. t. Der er ei lita bratt reine til

2dre steg med ø. k. på 19,5 m. o. t. (Tapestida si m.g). Til denne høgde går også den store flate terrassen ved Vellebakkane. Derfrå er det ei bratt reine opp til

3dje steg på ein stor morene frå elvadalen. Morenen kviler på havleir. I framkant av morenen er ei lita flate med n. k. 40,6 m. og ø. k. 46,5 m. o. t. Der er ei. lita bratt reine til

4de steg som er ein svært stor terrasse opp etter ein noko ny morene (frå ratida.) N. k. av terrassen er 52,3 m. og ø. k. 54,1 m. o. t. Det er ratida sitt steg som her er særst vel utvikla. Morenen er samtidig med ein breframstøyt frå Regndalen, nedafor Brunstad, og ein frå Drivdalen ved Velle, og ein frå Straumsheimdalen. Ein endå større morene ligg nedfor Riksheimdalen, (Riksheimrongane). Der har det samtidig kome ein svært stor isbre frå Riksheimdalen.

På desse terrassane får ein eit tydeleg inntrykk av at trass i at det berre er nokre spreidde morenar, så har dei vorte til gjennom eit svært langt tidsrom. (Ratida si istid).

Målingane syner at i ytre delen av Sykkylvsfjorden, på Aursnes og Fauske, er det høgaste terrassesteget utjamna, medan det står att på Grebstad og Aure. Frå Indre Tynes syner det ei jamt minkande

høgd til Straumgjerde. På vestsida av fjorden er det like-eins frå Ikornnes og innover mot Erstad. Terrassane er høge på Ikornnes, og dei næraste gardane. Men på Erstad og Riksheim er det høgaste terrassenivaet øydelagt av ein seinare brearm som har kome ned frå Riksheimdalen og heilt ned til fjorden som han var då. Innfor Riksheim og mot dei indre gardar på Straumsheim kjem øvste terrassen att. På Indre Straumsheim finn ein det same som på Riksheim. Det øvre steget er øydelagt av ein brearm frå Straumsheimdalen. Av terrassemålingane kan vi slutte oss til at då breranda i fjordtida nådde si ytre grense, rakk breen til ytre Ikornnes og Fauske. Då sokk landet, så det låg ca. 76 m. lågare enn no på dei nemnde stader.

I Hundeidvik ser det ut som breranda har nått lenger ut. Breen frå Hjørundfjorden har vore sværare, så den har nådd ut til Vegsund. Då landet var isfritt, låg Utgard 69 m. lågare enn no, eller kan hende 3—4 m. mindre, då bylgjeslaget under storm kan ha verka sterkt her.



Føt

Breen må ha lege lenge i indre del av Sykkylvsfjorden, for terrassehøgda på Tandstad — Straume syner at landet hadde lyft seg mykje der inne før indre delen av fjorden var isfri. Det let seg lett forklare ved den svære fjellkjeda på sørsida av Velledalen — Straumsheim. I dei nordvende botnar der ligg det enno fleire større brear. (Det syner seg at desse breane har minka mykje den siste mannsalderen frå 1900-talet).

Etter kvart kvarv isdekket heilt vekk frå fjorden og dei lågareliggjande dalføre. Då istrykket minka, lyfte landet seg etter kvart, til det låg i omtrent noverande høgd eller høgare. Vi kallar denne varme tidbolken

2DRE INTERGLASIALTID

Frå Sykkylven er det til no ikkje kjent noko leivningar frå denne tid. Men frå Gjermundnes og andre stader har ein fleire funn av flintreiskapar frå ei tidleg steinalder-busetjing. Desse reiskapane syner seg å vere sterkt vitra. Det er mange små hol i flinten, så han minner om markstykke tre. Etterpå har flinten vorte sliten av havet på dei lågareliggjande stader, og ofte nedgraven i strandsand og grus.

RATIDA

Under terrassemålingane er det omtala eit tydeleg terrasesteg frå Aursnes — Fauske og heilt til Fet som Ratida sitt steg. Det held fram også på vestsida av Sykkylvsfjorden heilt til Hundeidvik og Gjøvenes.

Etter 2dre interglasialtid vart det ein ny, langvarig kuldebolk som fekk innlandsisen til å vekse veldig på ny. På Vestlandet nådde brearmane i den tida eit langt stykke ut gjennom dei lengste fjordarmane. I Sykkylven har også breen vore svær. Han har såleis nått fjorden ved Riksheim, Straumsheim, Fet, Velle, Brunstad og Hjortdal. Då breen voks, sokk landet på nytt, så det på Hundeid låg 39,7 m. lågare enn no. På Fauske 46,3 m., Tynes 49,8 m., Straumgjerde 52,7 m., Fet 54,1 m. lågare enn no.

At breen har skote seg fram i den tid eller straks før, ser vi av at det framførde gruset er utjamna til ei mest plan flate på Riksheim, Straumsheim og Fet. Flatene på desse terrassane er nokså store, og

har. t. eks. på Riksheim og Erstad gitt plass til fleire gardar. På Fet ligg det ein plass på denne terrassen, (Åragjerde), men der er rom til eit par gardar til. På Straumsheim er vidda ikkje stort mindre. Der ligg det no ein stor idrottsplass, som berre tek opp ein liten del av flata.

Den sværaste bre-samling har vore mellom Brunstad og Velle. Eia stor brearm frå Regndalen har pløgt tvert over dalen og stengt a" den øvre del av Velledalen. Det laga seg ein stor innsjø ovafor breen. Den vart liggjande der endå lang tid etter at isbreen var smelta vekk. Sidemorenen på austsida av breen laga ein svær voll tvert over dalen (Tregardane), og utlaupet frå innsjøen gjekk i lang tid langs nordsida av Velledalen. Det ut-tørka elvefaret syner tydeleg enno. Nærast Hjortdal er det ca. 10 m. breitt og 3 m. djupt, men veks nedover mot Velle, så det der er ca. 20—30 m. breitt og ca. 10 m. djupt. Den attståande kam av morenen, ned mot den bratte halling i dalen, er berre 10—15 m. brei. Når elva ikkje er komen djupare ned, er grunnen den at ho har treft fast fjell ca. 200—300 m. frå utlaupet av innsjøen. Elva vart på den måten tvinga til å bøye av mot sør, ut i dalen mot Velle. Heile det ut-tørka elvefaret er ca. 500 m. langt. Dette elvefaret ligg ca. 50 m. høgare enn der elva no ligg.

Då isen smelta bort, fekk elvestraumen ovafrå dalen ta til å grave ut morenen midt i dalen, så han minka ned etter kvart, men det gjekk lang tid før morenen ved Brunstad vart heilt gjennombroten midt i dalen, så innsjøen vart tømd. Høgda på flatene ved Velle og Dravlaus, gir ein fingerpeik om kor lang tid det er sia denne katastrofe gjekk for seg. Det må ha vore i den tid vi kallar Tapeptida, som vi seinare skal kome attende til.

På Tynes finst det skjel i leir frå tapepterrassen og oppover. Skjelførande leir var der synleg frå 17,5 til 22,5 m. o. t. i ei oppkasta grøft. Men det er sikkert at det skjelførande lag går både lågare og høgare opp. I noko oppkasta leir, som hadde lege lenge oppe og var sterkt oppsmuldra av frosten, fanst det skjelrestar, der desse arter kunne best. *Pecten islandicus*, Mull. nokre brotstykke. *Macoma calcaria*, Chemn. Sjeldan. *Mya truncata*, Lin. vanleg. *Saxicava arctica*, Lin. (sjeldan).

Fekk ein høve til å leite gjennom ein større leirmasse, ville ein sikkert finne langt fleire arter. Dei arter ein har funne, er vidt utbreidde, men alle lever helst i kaldare strøk. *Pecten islandicus* har

såleis si sørgrense ved Bergen. Dei kan alle gå til dei kaldaste strøka.

Leiret må vere avsett på minst 20—25 m. djup. Då leiret går nær opp i dagen, er det mest rimeleg at avsetninga har gått for seg under den djupaste landsenking i Ratida. (Her 50 m. o. tangranda).

Etter Ratida lyfte landet seg mykje. Verlaget vart mildare, så isdekket kvarv litt etter kvart. Denne landhevinga har vore avbroten av nye landsenkingar. Den best kjende av desse er T a p e s-senkinga.

TAPES-SENKINGA

Den marine grense i Sykkylven svingar mellom 16,5 m. o. t. på Aursnes, til 19 m. o. t. på Fet, og Velle. Førreått for tapes-senkinga låg landet høgare enn no i eit langt tidsrom som er kalla B o r e a l-t i d a. Temperaturen var då mildare enn no. Det same milde verlaget heldt også fram under den etterfylgjande landsenkinga i Tapestida. Frå denne landsenkinga har eg tidlegare granska ein lågtliggjande skjelbanke på Aursnes. (H. Kaldhol: «Bidrag til faunaen i Vestlandets kvartæravleiringer». Bergens museums årbok 1908, nr. 6 pag. 28—33). Eg rekna då med at øvste delen av skjel-laget låg 3 m. o. h. Nivellementet no viste 2,5 m. o. t. Skjela var dekt av 1,2 m. myr. Som nemnt ligg Tapestida si m.g. på Aursnes 16,5 m. o. t. Det øvste laget av skjelbanken er knapt avsett på større djup enn 3 m.

I skjelbanken vart det funne ikkje mindre enn 127 arter skaldekte muslingar, og fleire av desse er svært sjeldne i våre skjelbankar. Samansetninga syner at der har vore eit rikt dyreliv i fjorden. Då skjelbanken ligg på ein frittliggjande odde, har mange av dei små skjela vorte kasta av bårane opp frå eit større djup enn det som banken er avsett på. På mange stader rundt Sykkylvsfjorden har sjøen, — under djupaste landsenkinga i Tapestida — grave ut ei tydeleg bratt reine som markerer havstanden under roleg ver. Det er Tapestida si m.g.

I denne tida vart dei store lågtliggjande flater på Fet, Dravlaus og Velle avsett. Det same gjeld dei lågtliggjande flater rundt fjorden, t. d. på Straumsheim, Blindheim, Vik, Aure, Aursnes.

Ein kan merke seg at landevegen (riksvegen) frå Klokkehaug til Tandstad ligg omtrent etter Tapestida si marine grense eller litt lågare, så det som ligg nedafor vegen, har vore overskylt under den djupaste landsenkinga i Tapestida.

JORDBOTNEN I SYKKYLVEN

er mykje skiftande på stutte avstandar, på grunn av dei skiftande tilhøve som rådde den tid lausjorda vart til.

Det meste av den dyrka jorda har, ein eller fleire gonger, lege under havet si overflate. Avleiringar på djupt vatn får leirkarakter, medan det som er avsett på grunt vatn, har sand- eller gruskarakter.

Då havet, som før fortalt, har stige og falle fleire gonger, vart det høve til avleiringar av sand og grus i ulike høgder. Rundt fjorden finn vi difor no sand og grus langs den høgste marine grense. (70—76 m. o. t.) Men det kjem att eit nytt sand- og gruslag nær under Ratida si m.g. (40—54 m. o. t.) Og endeleg eit sand- og gruslag ved Tapestida si m.g. (17—19 m. o. t.) Ved osen av dei større elvar kan desse lag gå i eitt, på grunn av det sterke fall i elvane. Dei store flater som er avsett ikring dei gamle elvefara, har alltid grus- og sandkarakter.

På same måten er havleir avsett på eit djup av 25—30 m. så vi kan finne leirlag av 2—3 ymse aldrar. Det eldste ligg djupast, t. d. på dei lågtliggjande flater på Aure, men vi kan også finne gamle leirlag høgt oppe, når vi kjem opp over Ratida si marine grense. Det er leir som er avsett under djupaste landsenking i Fjordtida. I øvre delen av Grebstaddalen finst det også leir som venteleg er avsett under avsmeltinga i Skjergardstida.

Vi skal sjå noko nærare på einskilde gardar der tilhøva er lærerike:

Aurdal ligg for det meste på ein morene som ikkje har vore overskylt av havet. Det må vere ein sidemorene frå ein brearm frå Storfjorden sin svære bre i Fjordtida. På nedre delen av Aurdal er det ein stor, skrånande sandterrasse. Øvre kanten av den går opp til Fjordtida si m.g. På den lågare del av terrassen er leir under sanden. Jamt over har garden ei riktberande jord.

På vestsida av Andestadvatnet ligg ein låg terrasse som sluttar ved ein brotliknande kant mot den høgare terrasse på Aurdal. Denne kant kjem av at elva har grave ut der i eldre tider, då havet stod over den lågare terrasse.

Kjemphol ligg på ein stor grusterrasse. Den øvre delen av garden ligg på eit gamalt «delta» (grusavleiring i elvemunning) frå elva som kjem frå sør.

H a u g s e t har ein stor morenerygg som går i retning tvers over dalen. Det er ein endemorene framfor ein bre frå aust. Aust for morenen er det ei stor grop (forsenkning) i retning mot Andestadvatnet. Denne gropa er mykje oppfylt av torvmyr som er både vid og djup. Vest for morenen ligg havleir under matjorda nærast inn mot morenen. Lenger vest er store grus- og sandmassar. Leirlaget der har sterkt fall mot vest. Dette leirlaget held fram i vest i ei stor skjering der lagstillinga var:

xxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxx 0,2—0,3 m. matjord.

oooooooooooooooooooo 1.5—2,0 m. leirh. sand.

zzzzzzzzzzzzzzzzzzzz 4,0 m. elvegrus.

Det sistnemnde lag var ikkje gjennomgrave i grustaket. Det sterke fall mot vest syner at dei ymse lag er avsette på eit sterkt hallande underlag. Under avsetninga av gruslaga, både over og under leirlaget, har det vore ein sterk straum som har ført med seg store sandkorn. Då gruslaga dessutan må vere avsette på grunt vatn, må det under avsetninga av djupaste gruslag, ha gått for seg ei landsenking. Under avsetninga av leirgrusen må landet ha lege 15—20 m. under havflata, på Haugset. Det har ikkje vore tilfelle etter Skjergardstida si avsmelting. Dei to underste laga må difor høyre til denne tida. Gruslaget er frå den tid breranda låg nær ved, og smeltevatnet vart pressa fram med stor kraft.

På nordsida av Grebstaddalen er leir det mest vanlege
I undergrunnen, langs heile dalen til Lyshol og Andestad. Det er grus og sandjord på dei lågare flater og morenejord på dei høgareliggjande.

På E i d e m er det grusjord på terrassen i 84 m. o. t, medan det på terrassen i 77—75 m. o. t. og nedover er moldblanda sandjord. På dei lågare flater er det jamt leirgrunn og riktberande jord.

På Grebstad er undergrunnen for det meste sandblanda leir. Matjordlaget er djupt, og er for det meste leirblanda moldjord. På fleire av dei lågareliggjande bruka på Grebstad er der rein myrjord.

Grebstaddalen er, ved ein langsgåande rygg, i nedre del av dalen delt i ein nordleg og ein sørleg dal. Elva renn i den sørlege dalen.

Den langsgåande ryggen er delvis fast fjell. Myrpartiet ligg på nordsida. Det ligg høgare enn Tapestida sin strandvoll.

I dette myrpartiet vart det i 1824 gjort eit stort flintfunn av 18 flintreiskapar. Av desse er 4 i Bergens Museum. (A. Lorange's katalog 1876 no. 10, 63, 64, 65.) Flinten er eit depo-funn frå yngre steinalder. Det er oppgitt å vere funne 1 aln djupt. Reiskapane er såleis lagt ut på myra kan hende som eit offer. Myra har altså vakse 1 aln sia den tid.

På Kvamsøya og Valderøya der liknande reiskapar er funne i myr, hadde myra vakse 1 m. sia flinten var nedlagd der på Kvamsøya, og berre 0,8 m. på Valderøya. Denne skilnad kjem av myrarta. Grasmyr veks seinare.

På dei høgtliggjande fjellgardar frå Lyshol til Fauske er jordarta for det meste morenegrus og moreneleir. I forsenkingane er myr og mold. Gardane ligg godt til med noko sterk halling mot sør, elles ville dei nok ikkje vorte tekne i bruk som gardsbruk.

Fauske har mykje morenejord, men somme stader er der leir oppå morenen. Øvst er det gjerne eit lite gruslag. Matjordlaget er 30—35 cm. sandblanda moldjord. På ytre del av Fauske er leiret oppå morenen ein hard masse med skiferstruktur, mest som leirskifer. Det er truleg eldre enn då isen siste gong nådde til Fauske, så det har då vorte pressa av isen. Dette leiret må såleis vere svært gamalt.

Fauskegardane har ei riktberande jord, og dei ligg lagleg til. I øvre luten er det lunt, og der skulle det høve godt for fruktdyrking.

A u r s n e s har nokre låge fjellknauser med sand og skjelsand imellom. Oppå sanden er det myrjord som er ein mellomting av kvitmoosemyr og torvmyr. Den høver betre til strø og blandingsmiddel enn til brenntorv. Høgare oppe er det morenegrus med sand og leir oppå morenen.

Aure. Dei låge flater har sandjord langsmed elva. Det er truleg at der på denne terrasse ligg leir djupt under sanden likeeins som på neste steg som går opp til 22 m. o. t. Ved det gamle teglverket var det 5—6 m. sand oppå leiret. I eit snitt i overflata av denne terrassen, nokså nær der det gamle teglverket var, syner fylgjande profil:

x x x x x~x~x x x x x 0>2 m- myrlendt matjord

%%%%%%%%%% 0.3 m lys utvaska sand

ZZZZZZZZZZZZZZZZZZZZ 0,8 m. brunsvart, steinhard aur-helle

Dei høgareliggjande terrassar på Aure har skiftande jord. Leir finst i eit par belte, fråskilt av sand og myrjord. Myrbeltet kan vere frå 0,6—2 m. djupt. Det er særleg den hallande flata frå Ratida si m.g. (48 m. o. t.) og nedover som har djupaste myra. Bruket heiter også Myra.

Det øvste bruket, Gjerde, ligg oppå Fjordtida sin terrasse, som har m.g. 76,0 m. o. t. og fell saman med det øvste av den dyrka mark på bruket. Undergrunnen er her sand og grus, og sanden er så rein at han kan brukast som støypesand. Det syner at han har vore vaska i havet, nær innved stranda. Der er ei nokså stor flate oppå denne terrassen, og ho er delvis dyrka.

Klokkarhaugen er ein gamal morenerygg frå breranda i Fjordtida. Den strekkjer seg frå sjøen oppover til og med Myre gard. På sørsida har mykje stor stein vorte avskylt under seinare landheving.

Jorda på Klokkarhaugen er mest sand- og grusjord, ofte dekt av myr som kan vere fleire meter djup.

På Vik og Blindheim er det svære grus- og sandmorenar som lagar undergrunn. Matjorda er oftast nokså grunn sandblanda moldjord. På Blindheim var jorda berre 0,2 m. på tapesterrassen. På ytre del av Vik er både marineleir og havleir høgare enn Tapestida si m.g. Det er ei djup, riktberande jord. Tapestida si m.g. på Vik er markert av ei bratt reine. Eit snitt i denne opp for Tapestida si m.g. hadde denne profil:

x x x x x x x x x x x x x x x 0,3 m. matjord

oooooooooooooooooooooooooooo 0,5 m leir

0,2 m. rustfåga grus

===== 2—3 m. bre-elvegrus der laga hadde sterkt fall mot sør. I ei skjering litt under Tapestida si m.g. var: Matjord, — sand — grus — myr. Den underliggjande myrjord er laga i Borealtida, då landet låg høgare enn no. Det syner at denne påstanden er rett. Landsenking frå Tapestida er yngre.

T y n e s ligg på ein gamal morene som er avsett framfor breranda som kom ut fjorden. Der er bratt og steinut på sørsida av morenen, medan det er mindre bratt på nordsida. Morenen er vaska i havft (sjøen), for han er dekt av eit nokså tjukt leirlag på eit belte mellom 18 og 45 m. o. t. Nedanfor Tapestida si m.g. er det sand og grusjord.

Husa på Tynes ligg for det meste i ei høgd på 50 m. o. h. på ein flatare terrasse. Høgare oppe er det ein bratt grusterrasse som når til 60,5 m. o. t.

Gjennomgåande er matjordlaget djupt på Tynes, kring 50—60 cm. Jorda er difor svært rik og god, særleg på det beltet som ligg i 20—50 m. høgd, der matjorda er leirblanda moldjord.

T a n d s t a d har eit jordsmon som stort sett liknar på Tynes.

Opphavleg er Tandstad ein morene med fleire ryggforma rabbar, som markerer stillstand eller mindre framrykningar av breen i den tid han smelta i Fjordtida. Det kan tenkjast at desse rabbar, som har nådd ut i fjorden, har gitt garden namnet.

Der er langt meir leirjord på Tandstad og Straumgjerde enn lenger ute i fjorden. På Tandstad finn ein slik profil ca. 10—12 m. o. t.:


x x x x x x x x x x x x x x x x	0,2 m. matjord.
ZZZZZZZZZZZZZZZZZZZZZZZZZZZZ	1.5 m. stemiri leir.
OOOOOOOOOOOOOOOOOOOOOOOO	0,5 m. fin lagdelt sand.
=====	Derunder grov, steinfull grus.

På midtre del av Tandstad går leiret opp til der husa står. Ovafor husa er det eit grustak der det midt inne i grusen var fint havleir som stakk opp som ei kjegle. Leirkjegla var dekt av grovt grus der laga på nordsida hadde bratt fall mot n.v. og på sørsida mot s.v.

S t r a u m g j e r d e ligg også på ein stor morene. Elles er tilhøva der nokså like med Tandstad, med god moldjord på leir- og sandgrunn.

Ovafor Fetvatnet ligg Fet, Dravlaus og Velle, for det meste på ei lågtliggjande slette av sandjord. Undergrunnen er elvegrus og sand med sandblanda moldjord eller moldrik sandjord som matjords-lag.

Bakkane ovafor Velle, er for ein stor del avsett i sjøen, men når ein kjem opp til H j o r t d a l, der tilhøva er pålag dei same som lenger vest, er det likevel noko nytt som syner seg.



Utsyn mot Aurebygda frå Jarnes

Den svære grusryggen tvers over dalen, vest for Brunstadgardane, er som tidlegare nemnt laga av sidemorenen frå Ratida sin bre frå Regndalen. Denne bre demde opp eit vatn, (som tidlegare nemnt) så dei gardane som ligg ovafor, låg under vatn i lange tider. Det øvste, lause laget er difor her ei avleiring i innsjøen. På Hjortdal er det eit grustak med 6—8 m. skjering, der laga skifter med leir, grus og sand gjennom heile skjeringa.

Innsjøen har strekt seg opp til dei lågare delar av Hole. Omtrent heile Brunstad har såleis lege under vatn. Dei skrånande grus- og sandsletter på Brunstad, er såleis avsett i dette vatnet, som fekk rikeleg tilsig av elva frå breen, som samtidig har glidd'ned gjennom Brunstaddalen og Vallaseterdalen.

Jorda på Brunstad har såleis meir grus- og sandkarakter enn på Hjortdal. Matjordlaget er noko grunt, kring 0,2—0,3 m. og er nokså gjødselkrevjande, og lid stundom av tørke.

På Hole er det morenejord som er sterkt utvaska på den lågareliggjande del av garden, noko av det før nemnde vatnet, og noko av elvane som rann ned i det. Jorda på Hole er difor sterkt skiftande og allsidig.

myr som matjord, ca. 0,5 m. djup. Der er ei mengd stor stein frå ein gamal sidemorene frå Fjordtida. Det har vore breen si støytside på dette stykket av avsmeltinga.


På Riksheim har det i Ratida kome ned ein bre frå Riksheimdalen. Grensene for breen kan ein tydeleg sjå av to svære ryggar, (sidemorenar) av grus og stein, ein på Riksheim og ein på Erstad. Båe går frå 50 m. o. t. og opp til Bruna der Riksheimdalen tek til. Mellom desse to ryggane er det ein stor og flat sand- og grusterrasse. Han stig noko meir opp mot fjellet, og må her reknast for ein rest av morenen frå den tid breen smelta. Han har lege over havflata.

I ei skråning ved elva fann ein denne profilen:

<u> </u>	0,5 m. matjord.
OOOOOOOOOOOOOOOOOOOOOOOOOO	2,0 m. morene-grus.
XXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXX	6—8 m. lagdelt sand.

Terrassen frå Ratida er laga av grus og sand, der dei øvste gardane ligg. Noko av terrassen er dekt av torvmyr. Noko er dyrka, men det meste udyrka. Myra er nokså lett å dyrke, men krev mykje gjødsel, særleg kvæve der matjordlaget er grunt.

Botn-morenen opp mot fjellet har meir leir, og er ei rikare jord.



På E r s t a d er det store grusterrassar, og mykje av garden ligg på grus. Men på ytre delen av garden er der reint leir under matjorda, eller med eit lite lag sand over leiret. Det er rik og god jord.

På S t a v e er ein storsteinut morene og mykje skredjord. Jorda er god, men bruka er noko brattlendte og tungbrukte.

På S æ t r e er mykje leir i undergrunnen på den lågaste del av garden. Der er mykje god dyrkingsjord som ligg lagleg til og har passande halling.

På H e l l a er ein stor morene. Han ligg høgt og fritt med ei flate oppå. Grunnfjellet stikk opp på søre delen av garden, (gneis). Jorda er god og rik.

I k o r n n e s. Frå sjøen og opp til tapesterrassen (16,8 m. o. t.) er sandblanda moldjord. Ovafor tapesterrassen er det leir i undergrunnen og djup, sandblanda moldjord som matjordlag. Det er ei riktberande jord. Den neste terrassen, der gamlevegen ligg, og like-eins dei høgare terrassar har noko grunnare sandblanda moldjord. Høgare er det morenejord og myr.

På J a r n e s er ein stor morene, som venteleg er endemorenen frå breen i Fjordtida. På flata nedafor vegen er det leir i undergrunnen. Det er ei riktberande jord. Der er terrassar i fire steg. Frå Jarnes til Blakstad er det for det meste utvaska morenegrus. Der er to tydelege terrassar. På den lågaste er det noko torvmyr litt vestafor Jarnes.

På B l a k s t a d er det myrjord på ein undergrunn av sand. Når den vert oppdyrka, er det ei riktberande jord. Der går ein gang av marmor (kalkstein) over den lågare, vestre del av garden. Fjellknausar stikk elles opp på fleire stader. Det er pressa granitt.

Ei tydeleg strandline går frå Jarnes forbi Blakstad og Våtmyr til Tusvik. Våtmyr har liknande jord som Blakstad. I utmarka er det ein storsteinut morene. Jorda på garden er noko myrlendt. Derav namnet.

T u s v i k er for det meste oppfylt av bergknausar. Det lause jordlaget mellom knausane er mest sandjord og sandblanda mold. Det er ei varm og drivande jord, som kan gi store avlingar. Høgare oppe er det for det meste morenejord.

T u l l i g g idyllisk til ved Tu-vatnet. Den dyrka jord er mest sand og grusjord. Ved elva er gruslaga nokså tjukke. Tu ligg nær opp mot den tidlegare m.g. Ved vestre kanten av Tuvatnet er det nokså mykje

torvmyr. Ovafor den m.g. er det moreneleir og morenegrus. Jorda er våtlendt, men ved grøfting og dyrking vert det ei riktberande jord. I Tudalen står ein tynn og skral fureskog. Grunnen er nok for sterk uthogst av dei beste trea i lang tid.

Hatlemark. Den dyrka jorda ligg på morenegrus og moreneleir. Ved god kultur er det ei riktberande jord. På den lågare delen av garden er det noko torvmyr.

Svartebekk ligg nedafor den m.g. Der er det myrlendt jord med grus og sand i undergrunnen. På den nedre delen av garden er det noko havleir i undergrunnen.

På Myrseteidet er det fleire moreneryggar med torvmyr innimellom. Der er mykje dyrkande jord (ca. 3 tusen dekar), men der er noko verhardt, så ein måtte leggje vinn på å dyrke hardføre vokstrar. Høgda er ikkje meir enn kring 100 m. o. h. Her kan bli plass til mange gilde gardar i framtida. På sørsida av dalen har det gått og går enno mange skred både sommar og vinter, så husa måtte byggjast på nordsida, opp mot bygdevegen. På den bratte sørsida er det to store botnadalar, der det i Ratida har lege svære isbrear: (Svartekoppen og Kaldalen).

Hovden ligg vest for Myrseteidet, og ikkje så lite høgare enn dette. Jorda ei steinut morenegrus og leir, med sterk halling mot sør. Det er ei skarp, drivande jord, som ofte kan lide av tørk. Grunnfjellet ligg nær på fleire stader, og gardane er nokså tungbrukte.

Myrset har morenejord med moreneleir i undergrunnen. Det er ei djup og riktberande jord. Nedst på garden er det ein stor flat terrasse. Det er Fjordtida si m.g. Der er det grusjord. På lag 25 m. lågare enn den m.g. er det eit grustak som har slik profil:

```
x m x x x x x x x x x x x x x x  0,3 m. matjord, sandbl. mold
%%%%%%%%%%%%%%  0,5 m grus
XXXXXXXXXXXXXXXXXXXX  0,5—0,7 m. lagdelt leir med fall mot vest
HHHHHHHHHHHHHHHHHHHH  Sandlag som ikkje var gjennomgrave
```

Mellom Hovden, Myrset og Kurset ligg ei stor sørvend skogli med rimeleg halling mot sør. Jordbotnen er for det meste morenegrus og leir. Ei svært god og drivande jord. Som ho ligg no, gir ho særst lite avkastning, men der er plass for fleire gode gardsbruk. Vert først jorda utskift, må ho litt om senn kome under kultur.

På Kurset er det også mykje dyrkande jord. Ho er nok mykje steinfull, men kvaliteten er rett god, når ho først vert avgrøfta, rydda og gjødsla.

Utgard, Midgard og Hundeid ligg på store terrassar rundt Hundeidbukta. Dei lågare terrassar her er sand- og grusjord. Matjordlaget er 0,2—0,4 m. Sand- og gruslaga under er nokså svære. Frå Megarsdalen har det i si tid kome ein stor isbre. Det er smeltevatnet frå den som har ført med seg dei svære massar av grus og sand som ein finn rundt bukta.

Gjæveneset er laga av ein storsteina morene frå Hundeid og sørover. Men dei to gardane på sørsida av neset ligg på ein havterrasse med sandblanda moldjord og moldrik sandjord. Det er ei god jord som ber rikt. Gardane er godt dyrka og ligg med passende halling mot sør og vest.

Ser vi noko nærare på dei jordtypar vi tidlegare har vore inne på, vil vi finne at deira fysiske og kjemiske eigenskapar er mykje ulike.

Morenejorda er det som isbreane har knust og smuldra av fjell og stein. Etter som det er meir eller mindre finknust, kallar vi det morenegrus eller moreneleir. Båe har ein heil del større og mindre steinar. Moreneleiret er som regel botnamorenar etter dei store isbrear. Morenejorda er som regel rik på mineraleme. Ho krev mykje arbeid før ho kjem i god kultur, men vert då gjerne av vår rikaste kulturjord. Under gode tilhøve er det beste jorda for skog og større frukt-tre.

Eg har teke eit par prøver av morenejorda i Sykkylven, som eg har fått granska ved den kjemiske kontrollstasjonen i Trondheim:

Prosent i vassfri jord:

	Kvæve	Fosforsyre	Kali	Kalk
Morenejord på Hole:				
Undergrunnen	0,061	0,220	0,114	0,275
Matjordlaget	1,137	0,332	0,097	0,184
Moreneleir på Velle:				
Undergrunnen	0,001	0,136	0,246	0,375

Fosforsyre, kali og kalk er bestemt i eit ut-trekk av finjorda med 10 % kald saltsyre etter den vanlege måten.

Som ein ser er mengda av kali og kalk mykje større i moreneleiret enn i den grushaldige jorda på Hole. Prøva av moreneleir på Velle er teke oppe på Vellebrauta.

Det er store vidder av dyrkande morenejord i Sykkylven. Eit av dei største felta ligg i dalføret mellom Ikornnes og Hundeidvik. Der kan i framtida bli mange gode gardsbruk, om kulturarbeid vert gjort.

Sand- og grusjord lagar grunnlaget for mykje av den dyrka jorda i bygda.

Denne jorda har som oftast lite stein og treng få grøfter. Difor er ho lett å dyrke. Elles er ho oftast flat, eller har lite halling og er såleis lettdreven. Av desse grunnar ser vi at mykje av sand- og grusjorda er oppdyrka, trass i at ho på mange måtar er ringare som kulturjord enn både morene- og leirjorda. Sandjorda held lite på vatn og gjødsel. Difor er ho ofte utsett for tørke, og må gjødselast sterkare enn anna jord.

Eg har teke eit par prøver av sandjord som har vorte granska på kontrollstasjonen i Trondheim. Den eine prøva er frå 3dje terrassesteg på Ikornnes på Fredriksens eigedom ca. 57 m. o. t. Den andre er frå den flate terrassen på Hjortdal. Prøvene syner desse tala:

	Kvæve	Fosfors.	Kali	Kalk
Sandjord på Ikornnes:				
Undergrunn	0,017	0,196	0,094	0,051
Matjorda	1,194	0,107	0,057	0,416
Grus og sandj. Hjortdal:				
Undergrunn	0,026	0,163	0,103	0,121
Matjorda	0,978	0,124	0,052	0,180

Leirjorda ligg for det meste djupt, så det er etter måten lite av jorda i Sykkylven som er leirjord. Men i djupare lag finst det leir på fleire stader, særleg i Grebstaddalen finst det mykje leir i djupare lag.

Leir er for det meste såkalla «koloidale delar» d. v. s. slikt som ikkje kan krystallisere. Elles innheld det mykje «støvsand». Leirjorda held godt på gjødsla, og er tett så vatnet slepp vanskeleg gjennom. Det reine leir, (stivleir) er ei vanskeleg jordart å arbeide med, men leirjorda i Sykkylven er meir og mindre oppblanda med sand og grus, så ho er lettare å arbeide med, samstundes som ho har det meste av leiret sine gode eigenskapar: å halde godt på gjødsla og på vatnet. Den sandblanda leirjorda er av den aller beste type ein gardbrukar kan ynskje seg.

Myr- og moldjorda. Den er laga av døde planterestar som har hopa seg opp på våtlendte stader eller i små tjørner der mosen

har funne seg ein god vekseplass. På slike stader, der vatnet har hindra tilgangen på nøre, har det så gått for seg ein langvarig kolprosess.

Den mold- eller myrjord som er laga av gras eller halvgras på våt jord, (såkalla grasmyr), er rikare på mineralernne enn den reine mosemyra, og er difor betre skikka til oppdyrking. I skråningane i øvre delen av Velledalen, (særleg på Lade) er mykje slik myr.

I Grebstaddalen, på Myrseteidet og fleire andre stader er det ymse mose-arter som har laga dei djupe torvmyrane. Gjennom lange tider har dei endra seg mykje. Det har vore lange tidsrom då verlaget var nokså tørt og varmt. Då vart myrane ut-tørka, så meir «tørre plantar» tok plassen. Til desse høyrer fura, som 2—3 gonger har dekt myrane med skog. Det kan vi sjå av den mengd større og mindre furerøter som vi finn i myrane der dei ligg i 2—3 lag over kvarandre. Mellom desse tørketider var det nedbørsrike og kaldare bolkar, då breane voks seg store og skaut seg fram. I desse tider kom mosen att og breidde seg over myrane, der han voks over røter og stomnar av den gamle skogen som no var utdøydd.

Då mosen er fattig på mineralernne, er djup torvmyr lite skikka til dyrking, men ved rikeleg tilførsle av kali og kalk og fosforgjødsel, kan ein få gode avlingar også på myr, når ho vert godt utgrøfta. I skogfattige strøk brukar ein gjerne myrjorda til brensel, for seinare å kultivere undergrunnen. Det er ein fornuftig framgangsmåte.

Skal eg til sist nemne nokre ord om jordbrukstilhøva i Sykkylven, stort sett, må eg seie at bygda, frå naturen si side, har mange føremoner samanlikna med dei fleste andre fjordbygder. Dei 3 istidene som har fare over bygda, har kvar for seg etterlate seg ei mengd lausjord som ligg att, i staden for å føre vekk den jord som tidlegare var laga, slik som vel er det vanlege i fjordbygdene.

Den første istid, *S k j e r g a r d s t i d a*, har lagt att mykje lausjord i Grebstaddalen, som for det meste har vorte til i denne tida.

Den neste istida, *F j o r d t i d a*, har isen kome ut Sykkylvsfjorden, men han nådde berre til Jarnes og Fauske, så lausmassene vart lagde att på båe sider av fjorden, då isen smelta vekk.

Den siste istida har arta seg om lag på same måten. Dei brear som den gongen nådde havet, skrapte reint for lausmasse i

fjellsidene og la det til rette i fjorden, så det nådde opp til sjøflata. I dag er dette store, vakre flater, (terrassar) av dyrka eller dyrkande jord som ligg på lag 50 m. over havet.

(H. Kaldhol)

ARKEOLOGI [Til INNHALD](#)

Arkeologi tyder forngransking: Å granske merke og minne frå fornaldersfolk. Arkeologane deler den førhistoriske tida i tre bolkar:

1. Steinalderen a) den eldre reknast frå 3. istid ca. år 5000—3500 f. Kr.

b) den yngre steinalder frå år 3500—1800 f. Kr.

Somme arkeologar meiner at det kom folk til den norske kysten alt i den eldre steinalder, og at det budde folk her under den 3. istid. Frå den yngre steinalder er det funne mange reiskapar av stein i dei fleste bygder ved kysten i Noreg. Folk heldt seg ute ved havet, der det var best om mat, og kysten var isberr om isen låg i innlandet.

2. Bronsealderen kallast tidbolken frå 1800—500 f. Kr. I denne tida laga folka lenger sør i Europa våpen og reiskapar av bronse, — ei leg. av kopar og tinn. Det var rikfolk som hadde øksar, sverd, knivar og prydding av bronse, men slike ting var nok sjeldsynte her nord. Likevel har dei funne mange ting frå bronsealderen også langs kysten her. Bronsealderen var ei særmerkt stormannstid i kulturlanda, med stor framgang og levelege kår sjølv her så langt mot nord.

3. Den eldre jernalder femner frå år 500 f. Kr. — 600 e. Kr.

Den yngre jernalder frå år 600 — 1000 e. Kristus. Heile denne tidbolken kallast jernalder, og er rekna til førhistorisk tid her nord, endå vi reknar den hist. tid attende til om lag år 750 e. Kr. Dei siste 500 åra f. Kr. kallast den før-romerske jernalder. Frå år 400—750 e. Kr. kallast folkevandringstida. (Dei store f.vandringar).

Frå om lag 500 f. Kr. — 400 e. Kr. var det ei lang, låk nedgangstid.

Verlaget var då slik at det var om lag uråd å drive noko slag jordbruk så langt mot nord som her. Difor flytte folk sørover, og

gardane vart liggjande øyde. Frå denne eldre jernalder finst det mest ikkje funn langs kysten, så vi må tru at det var mest øyde her i denne tida.

STEINALDEREN

I dei to første istidene kunne ingen bu i Noreg, då isen dekte mest heile landet med brear på opptil 2000 m. Men under 3. istid budde det kan hende folk på Vestlandet, etter det geolog H. Kaldhol m. fl. meiner. Dei meiner at desse første folka kom frå sør over Doggerbank og Fiskebankane nordvest av Danmark. Mellom desse bankane, (som då var tørt land) og Noreg var det ein brei fjord, som dei kanskje kunne sjå over. På små båtar kunne dei kare seg over til det nye landet og drive veiding og fiske her. I den tida låg landet mykje høgare enn no. Kysten vart først busett fordi det var så rikt på fisk, fugl, villdyr, skjel og sopp her, og det var god mat for steinalderfolket.

Under 3. istid døydde skogen ut, og villdyra kom bort. Fisk og fugl var det truleg mykje av. Men likevel et det lite truleg at det kunne bu folk her i det barske verlaget på den tid.

Etter 3. istid ca. 5000 f. Kr. ? kom den varme postglasiale tid, då isen og snøen over landet smelta bort, og skogen voks stor og tett. I denne tida vart mykje av landet vårt skogkledt frå fjøre til fjell. Skogen gjorde det lunt og triveleg for folk og dyr. Storvilt som eig, rein og hjort kom og slo seg ned i skogane. Men også bjørn, ulv, gaupe og andre uvargesdyr streifa gjennom skogane og vera etter veidn. Kring strendene og i fjordane yrde det av fisk, sjøfugl og sjødyr, så det var etter måten rikeleg mat til veidefolket som slo seg ned på kysten. Så lenge dei fann flintstein, laga dei øksar, knivar, sager, piloddar, spydoddar og dolkar av dette steinslaget. Men då ein vanta flint, måtte andre steinslag nyttast, slik som skifer ug grønslein.

Dei fleste vitskapsmenn meiner at steinalderfolka i Noreg var av vesteuropeisk rase. Dei levde av veiding og fiske så lenge jordbruk var ein ukjend leveveg. Det var truleg ikkje før i siste luten av yngre steinalder at folk tok til å dyrke jorda her i landet. (Kring 2000 f. Kristus). Etter denne teorien er jordbruket på lag 4000 år gamalt her i landet. Steinalderfolka flytte frå stad til stad før dei tok til

med jorddyrking og husdyrhald. Men litt etter kvart vart dei fastbuande (bønder). Dei budde i hellarar og jordgammar, steikte maten sin på glør eller åt han rå. Dei kledde seg i pelsverk av ymse slag villdyr som dei veida.

Så kom det folk frå sør med hest og ku, geit og sau og med slipte reiskapar av stein og bein. Dei slo seg ned i dei lunaste vikane eller på nesa der dei hadde godt utsyn til alle kantar.

Smått i ssnn rudde dei skogen vekk, bygde seg einfelde hus eller gammar av stokk og stein og tekte dei med never og torv. Dei som hadde rått seg til husdyr, måtte byggje hus til dei og. Dei var stundom under same tak, dyra i den eine enden av huset og folket i den andre.

Etter kvart tok dei til å dyrke jorda i rudningen. Men veiding var lenge den viktigaste levevegen, og jordbruket ei attåtnæring.

Frå steinalderen finst det ikkje gravhaugar, fordi den skikken var ukjend her nord i den tida. Det var først i bronsealderen at dei døde vart heidra på den måten, truleg i samband med ei ny gudstru.

Noko visst merke etter gudstrua i steinalderen og tanken om eit liv etter dette finst ikkje. Det daglege livet var særst primitivt like til om lag år 2000 f. Kr. Kleda var berre skinn som var hurpa ihop med reimar av skinn eller tarmar, sengkleda berre skinnfeldar. Fotbunaden var også av skinn. Dei åt kjøt og fisk, bær, røter, skjel, sopp o. a. Til drikkekar nytta dei dyrehorn og store skjel.

Etter at korndyrking og husdyrhald vart vanleg, vart det ein omsnunad i levemåten. Det kom smått i senn ei ny og betre tid med nye våpen og reiskapar, nye skikkar og ny levemåte, og truleg også ny gudstru. Dei trudde at «solguden» kom til Noreg og skapte den nye tida her nord.

BRONSEALDEREN

Overgangen frå steinalderen til bronsealderen tok lang tid. Noreg låg liksom nordafor folkeskikken, så kulturutviklinga i sør var på lag ukjend her. Det fanst ikkje handelssamband som førde utviklinga nordover i steinalderen. Folk her oppe levde som i ei verd for seg sjølve. Men då verlaget i tapestida, (kring 3500 f. Kr.) smått om senn vart betre, vart det farande på havet. Kring år 2500 var det truleg mykje betre verlag enn det er no, og difor kunne ein reise frå

Danmark til Noreg i små båtar. Så kom den eine etter den andre til dette merkelege landet, som var så rikt på fugl, fisk og dyr av mange slag, og mangt anna etande.

I Danmark var stridsøksa kjend kring 2500 f. Kr. Med slik reiskap kunne dei veide både folk og villdyr. Dei rudde seg rom der dei kom og tok seg bustad, om det så var berre eit båtlag. Det var ikkje hærflokkar som kom til landet, og ingen ville føre krig. Dei ville berre byggje og bu her nord i dette herlege landet.

Kom dei første steinalderfolka til Vestlandet sjøvegen, som dei fleste granskarane meiner, så er det mangt som tyder på at dei nye innflyttarane som kom i bronsealderen, kom landevegen gjennom Gudbrandsdalen, ned gjennom Romsdalen og ut til kysten. Somme av dei hadde truleg husdyr med seg, og fann seg bustader der det var godt om beite.

Dei nye innflyttarane hadde også ymse reiskapar med seg, som var betre enn dei eldre reiskapane, men flintstein var i lang tid også i bronsealderen brukt som det beste vyrke til øksar, knivar, sager, dolkar, spydoddar og piloddar. Ein må undrast når ein ser kor velforma ting dei kunne lage av flint. Sist i steinalderen og i bronsealderen slipte dei flintreiskapen sin. Det var noko av innflyttarkulturen. Reiskapen vart etter kvart betre.

Når denne tidbolken nemnest bronsealderen, så må ein ikkje tru at det var slutt med steinkulturen. Her nord hadde dei ikkje bronse, og heller ikkje kopar eller tinn som bronse er laga av (90 % kopar og 10 % tinn). Dei måtte kjøpe slike ting frå landa langt sørpå, men det var truleg mykje vanskelegare enn å kjøpe ferdige bronseting. Dessutan var bronsen så dyr at berre rikfolk kunne kjøpe bruksting av bronse. Dette er grunnen til at det finst så få bronsefunn her nordpå. Det var mest berre prydding dei laga av bronse, så dei kan samanliknast med gullstas no i tida. Bronseøksar var såleis ein stor rikdom, og når det finst slike funn på nokre få plassar, så tyder det på at det budde rikfolk der.

Ein finn merke etter standsskilnad i bronsealderen. Hovdingar og trælur, rike og fattige. Arkeologane meiner at denne skilnaden kom av at innflyttarane underkua dei innfødde og gjorde dei til trælur under seg. Det ligg nær å tru dette, for det var nok våpenmakta som rådde også då. Kan hende hadde innflyttarane både øksar, spyd, sverd og dolkar av bronse. Ein annan grunn til standsskilnaden var

jordbruket, — og kanskje handelen. Innflyttarane som kom med buskap, måtte eigne åt seg jorda, og det var så visst ikkje småting dei tok. Snart var det ikkje ueigna jord å finne, og så måtte småbønder leige seg jord. På denne måten steig somme til overklasse, og andre seig ned til å bli ei underklasse. Såleis tok samfunns-skipnaden form. Bronsealdersamfunna var nok små, kanskje berre som ei bygd.

Kulturen frå landa sørpå fann smått om senn fram til dei norske strendene, og det var rikfolket som var kulturberarane. Dei kledde seg i klede av ullty, som kvinnene hadde lært å veve, og mennene laga hus, båtar, verkty, innbu og matkjerald og anna som trongst i husa, for no var det ikkje lenger gammar av stein og jord dei budde i. Mennene var så fine at dei barberte seg med bronseknivar, og kvinnene stasa seg med ravperler, og dei fekk seg knappar, søljer, spenne og nåler av bronse. Det var eit svært godt verlag her i bronsealderen, så det er ikkje rart at jordbruket vart hovudnæringa. Dei slapp å sanke inn vinterfor åt buskapen, for veret var ofte så mildt om vinteren at vollane låg grøne, og buskapen fann føda si ute. Åkerbruket tok seg opp etter kvart. Venteleg dyrka dei det kornet dei trong om til mjøl. Granskarar meiner at dei dyrka bygg og kveite alt kring år 2000 f. Kr. Seinare kom også havre og rug i bruk. Kornet skar dei med slipte flintsigdar og mol det med runde steinkvernar. Kjøt og fisk hadde dei meir enn nok av, men å nytte ut kjøtet var vanskeleg, for dei åtte ikkje salt. Kjøt og fisk kokte dei i sjø, eller berre steikte det på glør. Som konserveringsmiddel hadde dei truleg berre røyk. Elles var verlaget så tørt at kjøt og fisk kunne tørkast når det trongst. — Det er funne smør i neverkopp djupt i ei myr frå bronsealderen. Graut og mjølk var nok vanleg kvardagskost.

Innførsle og utførsle, handel, marknad og skipsfart finn ein ikkje merke etter før i jarnalderen. Litt bytehandel var det truleg likevel, men ingen nemnande skipsfart. Andre næringar var veiding, fuglefengd og fiske. Desse var langt eldre enn jordbruk, og skriv seg frå den eldre steinalderen som også vert kalla beinalderen, fordi beinkulturen hadde meir å seie enn steinkulturen. Då laga folk seg mange slag reiskapar av bein. Denne beinkulturen heldt seg jamsides steinkulturen like til den yngre jarnalder.

Dei mange fornfunn vi har frå Sykkylven, kan fortelje oss ymse ting om dei som busette seg her frå først av. Dei mest forvitnelege av desse funna er flintreiskapar som øksar, dolkar, spyd- og pilspissar, skrapar o. a. Desse funna skriv seg sikkert frå yngre steinalder eller frå bronsealderen. Sjå bileta side 57—59.

JARNALDEREN

Frå år 500 f. Kr. og utetter vart verlaget så surt og kaldt her nord at her var mest ikkje verande for folk.

Omslaget kom ikkje brått, men det versna noko om senn, og snart var det mest uråd å berge buskapane om vinteren. Folk hadde sloppe å hauste inn vinterforet til buskapen før, anna berre litegrann høy som dei måtte slite opp med nevane, eller file det av med flintsigdar. Ei slik høynn vart ingen rik av. Då var det likare sørpå, der jarnkulturen blømde. Difor flytte folk sørover, så folketalet minka i 500—600-åra, særleg nordafjells i Noreg. Det finst mange funn frå denne tida på Sørlandet, men ikkje på Sunnmøre. Det primitive jordbruket dei dreiv, gjekk mykje til atters, og mange gardar vart visst lagt øyde i denne tida. Den gamle veidekulturen som hadde si bløming tidlegare, tok seg no opp att og vart den viktigaste levevegen for mange.

Det første jarnet skulle vere funne på Idafjellet på Kreta kring 1431 f. Kr, Sia fann dei jarn fleire stader, men det tok mange hundre år før det kom til noko praktisk nytte, fordi det var altfor dyrt. I Hellas vart det nytta til pengar, som sylv og gull. Men etter kvart det vart meir av jarnet, vart det billegare og vart nytta til sigdar, ljår, grev, spadar og plogar og mange andre slag reiskapar. Alt dette skapte ei ny tid som er kalla jarnalderen, — frå om lag 500 f. Kr. til 1000 etter Kr. Men det tok om lag 800 år før jarnkulturen nådde til Noreg. Han kom hit med innflyttarane i tida 400—600 etter Kr. Verlaget i nordlanda hadde då betra seg mykje, så folk sørfrå flytte nordover. Denne tida kallast folkevandringstida.

Storskogen på Vestlandet heldt seg nok dei første hundreåra av kuldebolken, og så lenge skogen stod, fanst det også villdyr og skogfugl, så veidefolket hadde noko å veide etter. Men etter kvart måtte skogen gi etter for storm og uver, eller for skogbrannar.

I myrane har dei funne mange nedfallstre frå denne uversbolken, og det syner seg at alle desse har falle austover. Det syner at

vestastormen har vore strid i den tida. Mosemyrane voks over den falne skogen, og det har aldri meir vokse skog på desse myrane.

I folkevandringstida kom det flokk etter flokk sørfrå og busette seg på norskekysten. Dei kom truleg frå Tyskland og Danmark og hadde nok vore med i krigane mellom ymse folkeslag sørpå, så dei var utifrå flinke i krig. Dei hadde våpen og reiskapar av jarn, og det er difor ikkje rart at eit fåtal innflyttarar tok makta og styringa over det gamle folket på Vestlandet, endå d e i var mange gonger så talrike som innflyttarane.

Innflyttarane kom med nye seder og skikkar, kanskje også med nytt språk og ny gudstru. Dei var flinke jorddyrkarar og handelsmenn, og etter funna å døme likte dei rikdom og stor stas. Dei stod på eit høgre kulturnivå og synte stormannsleg framferd. Tilhøvet mellom innflyttarane og dei innfødde veit vi elles lite om. Dei mengdest truleg i hop nokså snart, særleg dersom dei forstod kvarandre. Dei nordiske språka var endå ikkje skilde åt. Dei tala frumnordisk då i dei skandinaviske landa.

Segn: (Somme trur at eit ukjent folkeferd — «mørar» — kom til Sunnmøre og Nordmøre. Desse hadde ein konge som heitte Artor. Han kom frå England, (Albion) med folket sitt og tok Sunnmøre og Nordmøre frå kong Rudolf kring 450. (Rudolf var konge over heile Vestlandet). Sia vart riket delt i smårike med ein konge over kvart fylke. Slik var det i vikingtida kring 800).

Det var innflyttarane som kom med den europeiske kulturen til Noreg. Dei eigna til seg jorda, og mange gardar som tidlegare hadde vore bygde, men nedlagde i kuldebolken (200 f. Kr. — 500 e. Kr.) vart no bygde på nytt. Dei fleste gardsnamna i Sykkylven skriv seg venteleg frå denne nyskipingstida (400—600 e. Kr.) og det var nok innflyttarane som fekk gardsdrifta i sving att. Dei hovdingane som tok odelsretten til jorda, vart kalla hauldar. Etterslekta deira var odelsbønder (hauldar) og rådde fritt over huslyden sin og over jordegodset dei ervde.

GRAVSKIKKAR

Innflyttarane kom sikkert også med åsatrua som vi lærer å kjenne frå den eldre Edda, og med nye gravskikkar. Dei trur at folk her i Noreg brende dei døde i jarnalderen, og at den gamle hauglegginga var mest avlagd, — kanskje fordi den gamle gudstrua var død, eller

av otte for gravrøvarar, som det sikkert var mange av. Frå 400 og radt til 1000 vart folk gravlagde i haugar av jord og stein. Stundom vart dei brende, men oftast lagde i ei kiste, mura av stein i haugen. I grava fekk dei med seg reiskapar dei skulle ha å hjelpe seg med, slikt som skjold, sverd, øks, spyd, kniv, ljå, sigd, lauvjarn, piloddar, grev, smitenger, hamar, hein, bryne, båtsaum, jarnkrokar og hestebeisl m. m. Dette var i mannsgravene. I kvinnegravene finn ein mest av kjerald, sakser og prydding av gull, sylv og glas, — men slikt var merke på stor rikdom.

Tida frå 600—1000 kallast den yngre jarnalder. Frå denne tida skriv dei fleste gravhaugane seg, og dei fleste jarnalderfunna i Sykkylven. I haugane frå vikingtida finn ein ikkje mura gravrom, truleg fordi dei døde vart nedsette i kister av tre. Ein finn skara stein i haugane.

STEINALDERFUNN

Når kom dei første landnåmsmenn til Sykkylven, og korleis levde dei? Slik spurde folk som levde før oss, og slik spør vi i dag. Noko sikkert svar kan nok ingen gi på desse spørsmåla. Likevel kan vi trygt seie at det har butt folk her i bygda i mange tusen år. Men korleis kan vi vite det ? Jau, dei mange fornfunn som er gravne fram av jorda, har mykje å fortelje oss om dei som først fann vegen hit, og korleis dei levde.

Steinane kan tale, og fagmannen som kan tyde denne talen, kan ha mykje forvitneleg å fortelje om framfarne tider og ætter som for. Mange av fornfunna har musea teke vare på, og då er dei i trygg forvaring for alle tider, men det er også mykje som er funne i jorda og som er kome bort, fordi finnaren ikkje visste eller skjøna kva kulturell verdi det var i den merkeleg steinen, eller det andre av fortidsleivningar som han grov fram av jorda.


Sit du t. d. med ein flintreiskap som er tilforma av menneskehand for 4—5 tusen år sia, og som dei brukte i sin kamp for tilværet — då er det som tusenåra kverv bort, og du knyter nær kontakt med dei som forma og brukte denne reiskapen i sin harde livsstrid. Og let du fantasien leike fritt, kan du liksom sjå dei for deg desse naturfolka som levde sitt enkle hardbalne liv i dagleg kamp med naturkreftene, med villdyra og med fiendar av mange slag. Det var

ein kamp med livet som innsats så mang ein gong, men ofte gjekk dei sigrande ut av striden med hjelp av dei enkle reiskapane av stein, jarn og tre.


Alle flintfunna skriv seg frå steinalderen (ca. 2—5000 år f. Kr.). Vi har ikkje mange flintfunn frå Sykkylven, men dei vi har, talar sitt tydelege språk og fortel at det har butt folk her så langt attende.



Flintøks frå Straume. Fint tilhogd men utan skafthol. Dei brukte handa som skaft




Flintskrape frå Grebstad. Godt forma med handtak. Vart brukt til å skrape dyreskinn med




Over: *Dolk av flint frå Grebstad. Forma til å halde i gripen*

Til høgre: *Flintspyd frå Grebstad. Fint spoleforma utan skaft. Vart brukt som stikke- og kastevåpen*

Til venstre: *Flintspyd frå Grebstad. Fint tilforma med handtak*



Eldstein frå Brøvoll. Mykje brukt og difor glatt og fin. Dei slo to flintsteinar mot einannan til det slo gneiste. Gneisten fengde i tørr knusk. Dei bles til det slo eld



H flintstykke frå Tynes. Stykka er ulike på form og storleik. Somme ber merke av å vere brukte til ymse formål. Dei låg mykjegodt samla i lag med kol og brende bein

Alle desse fornfunna ligg i Hist. museum Bergen, men vi har også mange funn som ikkje er så gamle som desse. Dei er å finne i Sunnmøre museum. Vi tek her med eit oversyn over funn som er gjort i gravrøysar o. 1. Desse funna er frå bronse- og jernalderen, og mange av dei er sær forvitnelege og fortel mykje om dei som levde her i denne tida. Alle slike funn som vert teke vare på, er med og kastar meir lys over farne tider og ætter, og er ein bindelekk mellom gamal og ny tid.

Prøver vi å sjå alle desse funna under eitt, vil dei drage opp dei store liner i framvoksteren og kulturen frå dei eldste tider. Dei vil syne oss dei ætterøter vi sjølve har runne opp av, og dei vil lære oss å stige varleg på den ættarjord som er dogga av sveitte, blod og tårer gjennom uminnelege tider, for at vi skulle få erve ho alt fagrare led for led. Men vi vil også sjå at smilen bryt fram gjennom strid og tårer og kastar glans over helg og kvardag. Då kjenner vi oss eitt med det som var, og finn vår plass i den store samanheng med alt som levde og stridde her frå eldgamal tid til i dag.

FORNFUNN

Ved konservator Per Fett

Det har vore gjort mange førhistoriske funn i Sykkylven. Dei fleste av desse er no i Bergens-, Sunnmøre- og Ålesund museum.

Funn frå ukjend gard. B. 7512 — Flintdolk kom til Videnskabselskabets Museum, Trondheim i 1896, (T 5025) frå ein oppkjøpar. Skal vere f. på Storeng, eit namn som det ikkje har vore mogeleg å finne. Tilv. i B. M. Årbok 1923—24 og Åb. 1896.

B. 7513 — Båtforma øks innkomen saman med førre nr. (T 5026) og skal og vere f. på Storeng. Tilv. B. M. Årbok 1923—24 og Ab. 1896.

Å. 103 — Breiegga flintøks. Upublisert.

Sykkylven (før Grebstaddalen) i trong meining, er i dag strøket kring Aure. Her er ope lende, særleg opp gjennom dalen som fører over til Storfjorden i nordaust. Dalen er terrassert, og det er vel særleg den det vert tenkt på med den nemning som Hans Strøm siterer: Det lille Danmark.

Funn på Aursnes, g n r . i

Funnkart nr. 1. Olave Aursnes, bnr. 4.

1. Røys ytst på det søre neset, 8 m. i tvn. svært utkasta. Ei gravhelle ligg i dagen. Fylling seier røysa då var «52 skridt i omfang, (13 m. i tvn.) med et åbentstående gravkammer, 8 al. (5 m.) langt og 1 al. bredt, hvis ende- og sidestene have beholdt sin oprindelige plads, medens overliggende, to svære heller, ligge ved kammerets side».

2. Røys, 50 m. aust for 1. 9—10 m. i tvn. 1 m. høg, flat. Fylling seier ho var like stor som 1 og utkasta i toppen. Då ho no ser urøyvd ut, har ho vel vore utjamna til fiskeplatt.

3. Røys litt aust—søraust for 2. 6—7 m. i tvn. 1 m. høg, plyndra. Fylling seier at denne og var like stor som 1.

4. Røys 20 m. søraust for 2, opptil 15 m. i tvn. 1,5—2 m. høg, og ligg på ein knaus som gjer ho enn meir imponerende. Ho er flat og ser urøyvd ut, men ei kløyvd helle ligg på toppen. Ho har vel vore utjamna til fiskeplattung, for Fylling seier: «med to åbentstående gravkammere, det ene i haugens midte, for lang tid siden opbrudt, så at overliggeren, en svær helle, nu står næsten på kant nede i fordybningen, det andet i haugens vestre ydderkant, noget mindre end hint, kun en halv al. langt i hver kant, omgivet av solide, over 1 al. høie stenheller, medens overliggeren er borttagen». Fylling gir også rundmålet «omtrent 70 skridt», d. v. s. 18—20 m. i tvn.

5. Røys 15 m. sør for 4, ut mot stranda, 15 m. i tvn. knapt 1 m. høg, litt utkasta. Der er teke stein til bryggje nedunder. (Nicolaisen 1877 s. 271. Sitata frå Fylling derfrå).

Funnkart nr. 2. Matias P. Aursnes, bnr. 1.

Røys på flata midt mellom nordre og søre neset, 30 m. frå stranda, 18 m. i tvn. 2 m. høg, bygd av tørr stein. Torv har vakse opp over kantane, men toppen berr. Utgraven i 1937, (Per Fett). Nær midten låg to heller på auren, men der var ikkje grav. 3 m. nord-vest for midten stod ei lita hellekiste, 80 cm. lang med helller i botn, vegger og tak.

B. 8922 låg på ein botnhelle. Fylling gir rundmålet «99 skridt», (26 m. i tvermål) og han seier at røysfoten var «kringsatt med en rad stene», (sjå Nicolaysen) Nic. 1877 s. 271 (røys 6).

Funnkart nr. 3. Matias P. Aursnes, bnr. 1.

Røys på det nordre neset, 12 m. i tv. 1 m. høg, utkasta, og stein er teken til fundament for telefonstolpar. Ho er bygd over eit skar i ein knaus. Denne var alt på Fyllings tid så utkasta «at ikke en gang dens omfang lader sig fastsætte». (Sjå Nic. Det tverrmål eg har gitt er eit minimum. Nicolaysen 1877 s. 272 (røys 7).

B. 8922 — to betar brent bein frå fk. nr. 2. Tilv. B. M. Årb. 1937.

Funn på Fauske gnr. 2 — 3

Fylling melder om ein 1,5 al. høg bautastein, «20 skridt ovenfor bygdeveien på en jevn og græsrig slette, kalles «Kampvollen» på indre Fauske». Hans Jørgen Fauske, 100 år gl., kjende korkje bautastein eller Kampvoll. (Nic. 1877 s. 271).

Funn på Grebstad gnr. 7

Funnkart nr. 1. Funnstad for B. 7551, 8777, 9812. B. 10, 63, 65. — Flintdolkar, flintskrape o. a. f. i 1 aln djup myr.

Bilete: Lorange 1875 s. 23 R. 72. Katalog: Lorange 1875 s. 23.

B. 7551, 8777, 9812. — Fem skeiforma skraper f. saman i Kagholmyra på bnr. 14, Hans G. Grebstad, ei 120 m. sør for stova på gruset under 70 cm. myr. Nr. 1 på funnkartet. Tilv. B. M. Årbok 1923/24, 1935 og 1946/47.

Funn på Aure gnr. 14

Funnk. nr. 1. Funnstad for B. 8774.

Funnk. nr. 2. Funnstad for B. 9454—56, 9813.

Funnk. nr. 3. Kommunen.

Bautastein ved vegen rett sør for kyrkjetroppa, i seinare tid brukt som vegrotestolpe. 2,25 m. høg, 65 cm. brei ved foten, 20 cm. tjukk. Fylling refererer ei segn om at ein mann frå Vik, gnr. 17, hadde sett han opp til minne om seg sjølv. Nicolaysen 1875 s. 241 og Nic. 1877 s. 270, Fylling 1877.

Funnkart nr. 4. «Plommehaugen» er ei låg naturleg høgning 75 m. ovafor hovudgata og 150 m. sør for kyrkja. Der var åker alt i 1877, men Fylling seier at der i 1873 vart vekketeke «en ualminnelig stor rundhaug, hvori... i midten fandtes et for lang tid siden forstyrret gravkammer, der havde haft til dækksten en 5 alen lang og 1,5 alen bred helle. Manden som bortførte haugen kunde ingen

opplysninger gi ve om haugens øvrige beskaffenhed». (Sitert etter Nicolaysen). Nicolaysen 1877 s. 270 f.

Funnkart nr. 5. Syver Bakke, bnr. 13.

1. Haug i Ullavika, i slak bakke tett nord for ein bekk, 25 m. frå stranda, ovafor vegen. 12 m. i tvn. 0,5 m. høg, men har vore minst 0,75. Stort sår inn frå vest og tilgrodd med bjørk.

2. Haug 6 m. nord for 1, 10 m. i tvn. 0,5 m. høg, mogeleg heil. Eng. Utvilsam er denne haugen ikkje. Fylling nemner også to runde steinrøysar som tidlegare låg «tætt derhos», men som vart brukte til eit steingjerde. Nicolaysen 1877 s. 271.

B. 8774 — Flintflekke f. på bruket Fagerhaug, bnr. 42, Ludvig Aure, ved grøfting 60 cm. djupt i grus under matjorda. Noko skaft var der ikkje. Nr. 1 på fk. Tilv. i B. M. Årbok 1935.

B. 9454—56, 9813 — Rettøks av flint, to vestlandsøksar, trinnøks, f. ved foten av bakken nord for stova på bnr. 48, Karl Ramstad, etter bryting. Dei låg då i overflata 5 m. frå steingarden, 150 m. frå sjøen, 5—6 m. o. h. Nr. 2 på fk. Tilv. i B. M. Årbok 1943 og 1946/47.

Funn på Klokkehaugen gnr. 15

Funnkart nr. 1. Rasmus Tronstad. (Eigar B. Berlis ervingar, Ålesund). Br. 2.

Haug på høgste toppen vest for stova, der det no står ei flaggstong. Haugen er no radt utviska, men Fylling seier han var 50 steg i rundmål, (12—13 m.) bygd av sand og stein. Høgda kan ein ikkje måle, seier han vidare, fordi her før reformasjonen stod eit klokkehus. Ein kan knapt rekne haugen for heilt utvilsam. Nicolaysen 1877 s. 271. Fylling 1877.

Funnkart nr. 2. Funnstad for spyd.

NB. Fylling nemner ein 18 m. lang langhaug oppfor ei båtstø som heiter Kapteinstøa, (ikkje Kapellstøa) med ein stein i'nordre enden. Haugen har såleis lege loddrett på stranda nord-nordaust for fk. 1, der det no ligg ein møbelfabrikk (Vestlandske M. F.). Fylling seier at haugen var bygd av sand, og det er vel då rimelegare å tru at han har vore naturleg, eller kan hende den eine sida i ei båtstø. Nicolaysen 1877 s. 271. Fylling 1877.

Privat — Spydodd av flint, bladforma f. ei 40 m. ovafor nausta 15 m. o. h. 30—40 cm. djupt om lag på botnen. Brn. 2. R. Tronstad. Nr. 2 på funnkartet.

Tappt — Flintdolk f. like ved førre, men ikkje heilt i lag. Vart øydelagd ved bombing i Narvik 1940.

Sykkylvsfjorden. Det er berre nordsida som har førhistorisk interesse. Der er stort sett brattlendt, men særleg ved Blindheim opnar lendet seg og gir rom for ein stor gard, som merkeleg nok ikkje har førhistoriske minne eller funn. Straumshornet dominerer fjorden, nær 1000 m. høgt.

Funn på Vik, gnr. 17

Funnk. nr. 1. Sverre T. Aure.

1. «Røysa» i slak skråning 80 m. frå sjøen, 30 m. frå vegen, nedafor løa, 6 m. i tvn. 0,5 m. høg, berre søre halvta att, utkasta, overgrodd med eng.

2. Røys låg 6 m. lenger nord og var noko større enn 1. Der låg B. 7221 saman med kol og ein seinare innkomen spydodd. Det hadde vore rota i røysa før, så det er truleg at alle sakene kjem frå ei grav, om dei enn låg radt spreidde.

B. 7221. — Yja mannsgrav frå fk. nr. 1/2. Tilv. i B. M. Årb. 1921/22.

Funn på Tjønes, gnr. 19

Funnk. nr. 1, Amund Tynes, bnr. 5.

1. Røys, no borte, på bakkekanten 100 m. nedafor øvre vegen tett sør for bytet. B. 6128 funne då dei rudde røystufta lenge etter at røysa var bortkøyr. Sakene låg tett saman i høgd med marka, der var mykje kol og brende bein. Ettergraven av Eyvind de Lange 1907.

2. Røysar 75 m. sørvest for 1, like sør for eit dalsøkk som no er utjamna ved at røysane er fylt i. Dei var berre eit par m. i tvn. Funn ikkje kjent.

Fk. nr. 2. Funnstad for B. 7004.

Funnk. nr. 3. Amund Tynes, bnr. 5. Grav under flat mark 10 m. ovafor naustet. Der var utmark før, no dyrka. Der var ikkje røys, heller inga kiste. B. 7003.

Funnk. nr. 4. Funnstad for B. 9794. B. 6060. — Vevskei frå Yja funne ved nybrot. Tilv. i B. M. Årbok 1908.

B. 6128 — Yja brent mannsgrav frå fk. nr. 1/1. Tilv. i B. M. Årb. 1908.

B. 7003 — Yja utbrent mannsgrav frå fk. nr. 3. Tilv. Oldt. IX 1922.

B. 7004 — 14 skiver og spon av flint f. samla 50 m. ovafor riksvegen, drygt 100 m. frå sjøen og ei 25 m. o. h. på brn. 5, Amund Tynes tett ved bytet. Tilv. i Oldt. IX 1922.

B. 9794 — Skiferodd f. i dyrkingslaget 50 m. frå sjøen, 15 m. o. h. visstnok ikkje nede på grusen. Der har vore dyrka litt før. Brn. 1, Jens Tynes. Tilv. i B. M. Årbok 1946/47.

Funn på Tandstad, gnr. 20 — 22 (ytre, mellom, indre)

Fk. nr. 1. Funnstad for B. 9804. Fk. nr. 2, Elias Tandstad, gnr. 21 brn. 1. Røys? om lag midt mellom vegen og sjøen på Sandneset. Der skal vere funne saker som skal vere innsende til Bergens Museum.

NB. «Kjempeleia» ligg i ei skråning 15 m. frå sjøen. Det er ein voll bygd av stor stein og jordblanda grus, opphavleg 30—40 m. lang, 5 m. brei, 1 m. høg nedafrå. Trass i at grusen seiest vere jordblanda, trur eg helst at vollen er naturleg. Gnr. 20, brn. 2, Lars A. Tandstad.

B. 9804 — Yja spyd f. på Sandneset, 40 m. frå sjøen på gnr. 21 brn. 1, Elias Tandstad. Nr. 1 på funnkartet. Tilv. i B. M. Årb. 1946/47.

B. ? — Sverd, øks, spyd etc. frå fk. nr. 2.

Funn på Straume, gnr. 24

Funnk. nr. 1. Ole Straume, brn. 1.

1. Røys 50 m. nord-aust for stova på ei hylle i bakken opp for terrassen. Ho var truleg opp mot 10 m. i tverrmål og svært høg, men når det vert nemnt 2,5 m. i høgde, er dette visseleg for mykje. Haugen er no borte, og ein gjorde ikkje funn.

2. Grav, visstnok på flat mark på terrassen ovafor tunet. Der var før ei attlege i søre kant av terrassen, slik at ein derfrå ikkje såg nedover. Nørdst i denne attlega gjorde dei funn. B. 4294, 50 m. frå 1.

B. 3279 — Rettegga flintøks f. i attlega ved fk. nr. 1/2. Tilv. i Åb. 1879.

B. 4294 — Yja brent mannsgrav frå fk. nr. 1/2. Tilv. i Åb. 1884.

Funn på Straumsheim, gnr. 34

Fk. nr. 1. Funnstad for B. 9553.

B. 9553 — Slipeplate f. på aurbotten under 1 m. myr 3—4 m. o. h. på nedste flata mellom sjøen og stova på brn. 2, Peter O. Straumsheim. Nr. 1 på funnkartet. Tilv. i B. M. Årbok 1944.

Velledalen fører i eit høgt eid over til Stranda. Første del er flat inn til Velle, der ein finn terrassar, og ovafor desse er den gamle bygda.

Funn på Velle, gnr. 26

B. 7511 — Tveegga sverd frå Yja, kom 1896 til Videnskabs-selskabets Museum, Trondheim, (T. 5024) frå ein oppkjøpar. Skal vere f. på Velle, men eg fekk ikkje verifisert. Tilv. i B. M. Årbok 1923/24 og Åb. 1896.

Funn på Hjortdal, gnr. 27

Fk. nr. 1. Knut Hjorthol, brn. 3.

Gravflokk der husa no står: «ved" søndre side af vejen 2 lave runde hauger, hvoraf en udgraven, lige overfor på den anden side af vejen en urørt langhaug (nr. 3) og levninger af 3 runde hauger samt en rund haug, som udmerkede sig ved sin størrelse fremfor de andre (nr. 7) .. der havde for lang tid siden og ligeledes for et par år siden været gravet i haugen, uden at noget fandtes, sandsynligvis fordi man ikke havde gået dybt nok ned. Lenger oppe i bakken var for få år siden udgravet en haug (nr. 8) og deri fundet jernsager». — Det heiter no at desse jarnsakene var saum og eit spyd. Dette er no borte. Nicolaysen NF. s. 520 f.

Funnk. nr. 2. Petter O. Hjorthol, brn. 5.

Røys på bakkekanten .100 m. sørvest for stova, no borte. Var visst 10 m. i tvm. Der vart det funne eit spyd som skal vere på museum, men innsendt så tidleg at det ikkje kan vere B. 9051. Ein «fagmann» skal ha sagt at spydet var frå 1400-talet.

B. 9051 — Yja, spyd f. under ei mengd stein. Ingen i dag kjennest ved at dei har sendt inn noko spyd. Tilv. i B. M. Årbok 1939/40.

Tapt? — Spyd frå fk. nr. 2 frå 1400-talet.

Tapt. — Spyd og saum frå fk. nr. 1/1.

Funn på Brudevoll, gnr. 28

Funnkart nr. 1. Olav K. Brudevoll, brn. 9.

«Pengehaugen», haug på ein bakke mot elva, 75 m. ovafor vegen, 9 m. i tvm. 1 m. høg, heil og dekt med tjukk torv. Staden ligg i utmarka oppfor ei utløe ved vegen, litt nedafor der gardsvegen til Hole tek av.

Funnkart nr. 2. Funnstad for B. 7211.

B. 7211 — Beltestein av kvartsitt, nr. 2 på funnkartet. Tilv. i B.M. Årbok 1921/22.

Funn på Hole, gnr. 31

Funnkart nr. 1. Funnstad for B. 5841.

B. 5841 — Oval spenne. Tilv. i B. M. Årbok 1903.

Funn på Brunstad, gnr. 32

Funnk. nr. 1. Funnstad for Å. 1106 bis.

Å 1106 bis — «Yja øks» f. på Jakobstykket, visstnok ved pløying. Brn. 3 Johan J. Brunstad. Upublisert.

Funn på Fet, gnr. 33

Funnkart nr. 1. Funnstad for sverd. Privat, — einegga sverd f. på ein liten terrasse «Kvennhusbakken», 50 m. nord for stova til Ole I. Fet, brn. 2. Der var ikkje haug.

Jarnes — Hundeidvik. Ope, kupert lende, særleg ved Hundeidvik.

Funn frå ukjend gard i Hundeidvik. B. 10126 — Slipeplate.

Funn på Jarnes, gnr. 43

Funnkart nr. 1. Simon Hustad, brn. 2.

Røys på Davneset, 10—15 m. i tvn. No utkøyr til fiskeplatting ved sjøen. Det har visst vore fleire røysar langs sjøen rundt Davneset. Alle er no borte.

B. 10140 — Skiferspiss f. på Davneset, brn. 2, Simon Hustad.

A. 1076 — Tjukknakka rettøks av stein f. under veiting på Davneset.

Funn på Blakstad, gnr. 44

Funnkart nr. 1, Jens Blakstad, brn. 5.

1. Røys på Blægjeneset, på høgste toppen av berget. 2—2,5 m. høg, mykje utkasta i toppen. Funn ikkje kjent.

2. Røys, 4—5 m. aust for 1. 15—18 m. i tvn., men utydeleg og overgrodd. Ei vid grop i toppen.

Funnkart nr. 2, Ole Grebstad, brn. 3.

Røys på toppen av ein knaus 100 m. nord-nordvest for stova, 8 m. i tvn. 1 m. høg. Utkasta for lenge sia. Funn ikkje kjent.

Funnkart nr. 3. Funnstad for B. 9461.

B. 9461 — Nålebryne av skifer, f. i myra sør for husa på bnr. 3, Ole Grebstad. Nr. 5 på fk. Tilv. B. M. Årbok 1943.

Funn på Svartebekk, gnr. 48

Funnk. nr. 1. Edvin Brunstad, brn. 5

Røys innfor Langeneset på ein bergrygg som ikkje er breiare enn at røysa får plass. 15 m. i tvn., 2,5 m. høg, svært utkasta og overgrodd med nåleskog. Det skal vere funne jarn der. Nicolaysen NF s. 521, («imellem Kursetnæs og Thuesvig»). NB. Nicolaysen nemner 2 runde røysar mellom Kursetnes og Tusvik. Fk. nr. 1 er den eine, den andre er no ukjend. Nicolaysen Nf s. 521. Tapt. — Jarn? frå fk. nr. 1.

Funn på Kurset, gnr. 50, Kursetgjerde gnr. 51

Funnkart nr. 1, Bernt Kurset, gnr. 50 brn. 5, Johan Bueide, gnr. 50 brn. 4, Lars J. Kurset, gnr. 50 brn. 2.

1. Røys på strandbarden 25 m. frå sjøen, no borte, var 10—12 m. i tvn., 1 m. høg, bygd av rund fjørestein. I midten var ei mura kiste nyleg. I austre utkant låg B. 7522 o. a. saman med nokre bein som vart nedgravne att.

2. Røys på same strandbarden, 100—200 m. nord for 1. 15 m. frå sjøen, 6—8 m. i tvn., overgrodd.

3—5. Røysar 75 m. nord for 2, 20 m. frå steingarden i nord. Dei er 5—6 m. i tvn. og ligg tett saman, overgrodde.

6. Langrøys med søre enden like ovafor 3—5, 20 m. lang, 8 m. brei, 1 m. høg. Overgrodd med busker og mose. Det skal vere funne eit lårbein der.

7. Røys på strandbarden 5 m. nord for 6. 20 m. i tvn. 2 m. høg. Noko stein er innpåkasta.

8. Røys 50 m. nord for 7, 8—10 m. i tvn. 1 m. høg. Noko stein er innpåkasta. Krater i toppen. Nicolaysen FN. s. 521, (nr. 5—7).

B. 7522 — Yja øks frå fk. nr. 1/1 Tilv. i B. M. Årbok 1923/24.

Å. 4214 — «Heilag kvit stein» stod i smia på gnr. 51 brn. 1, Jakob Kursetgjerde. Upublisert.

Å. 4266 — Flintemne f. på gnr. 51 brn. 1, Jak. K. Kursetgjerde. Upubl. Tapt. — Sverd, grov jarnlekkje frå same grav som B. 7522. Tapt. — Lårbein frå fk. nr. 1/6.

Funn på Hovden, gnr. 52

Funn. nr. 1. Sigurd Skarberg, brn. 4.

Røys i bakke mot sør med fint utsyn over Hundeidvika frå ein plass rett høgt oppe i lia. Ho ligg 75 m. ovafor stova, er 8—10 m. i tvn. utkasta i midten, torvgrodd elles. Stykket her hørde før under Myrset.

Funnk. nr. 2, funnstad for B. 9798 — Yja øks funne i nybrot ovafor vegen ved stova på brn. 2. Ole Hovden, nær ein halv m. dj. Nr. 2 på fk. Tilv. i B. M. Årbok 1946/47.

B. 9937 — vestlandsøks f. 50 cm. djupt i mold på brn. 2, Ole Hovden. Tilv. i U. B. Årbok 1948.

Funn på Myrset, gnr. 53

Fk. nr. 1. Peter H. Myrset, brn. 1.

Haug i bakke med eng og lauvtre 150 m. nord-aust for stova. 6—8 m. i tvn. Låg overgrodd.

NB. Nicolaysen melder om «en liden opphøjet stensætning» straks nedafor husa på Myrset, tett ved austre side av stigen til Hundeid. Her er no berre åkrar, og ingen veit om noko steinsetning. Stigen gjekk på skrå ned bakkane under husa.

Nicolaysen NF. s. 521. Sjå Hovden, gnr. 52.

Funn på Utgard, gnr. 54

Fk. nr. 1. Tomas Utgard, brn. 1.

Langrøys 25 m. opp frå naustet, no borte. Var 30—40 m. lang, 10 m. brei. Der fanst B. 9792. For 60 år sia vart der f. sverd og øks som no er borte.

Røys på strandbarden på Koldateigane, ei 25 m. frå stranda. 75 m. nord for elva. 10 m. tvn. 1 m. høg, utkasta i midten.

Røys 75 m. nord for 1, i byte med grannen, Hans Utgard. 10 m. frå sjøen, 10—12 m. i tvn. utkasta og mykje overgrodd.

Ein tvilsam haug ligg mellom elva og røys 2. B. 9792 — Yja spyd frå fk. nr. 1/1. Tilv. i B. M. Årbok 1946/47. Tapt. — Sverd og øks frå fk. nr. 1/1.

Funn på Midtgard, gnr. 55

Funnk. nr. 1, Peter Midtgard, bnr. 3, Jakob Midtgard, bnr. 4 og 6.

1. Haug på strandbarden 40 m. frå sjøen, 20 m. sør for ein bekk. 12 m. i tv. 1,5 m. høg, torvdekt med søkk i toppen.
2. Røys 10 m. vest-sørvest for 1. 22 m. i tv. 1,5 m. høg. Svært overgrodd med gras og skog. Mogeleg krater i toppen. Mogeleg ligg ein låg haug på 8 m. i tv. mellom desse.
3. Haug 3 m. vest-sørvest for 2, 8—9 m. i tv. Låg urøyvd, torvgrodd.
4. Haug 3 m. vest-sørvest for 3. 10—12 m. i tv. 0,5 m. høg, mest urøyvd, mosegrodd.
5. Haug 5 m. vest-sørvest for 4, 13 m. i tv. 1 m. høg, lite søkk i toppen.

Funn på Hundeid, gnr. 56

Funnk. nr. 1, Sverre Hundeide, brn. 1.

1. Røys litt ovafor vegen 50 m. sør for elva, 7—8 m. i tv.
2. Røys 100 m. nordvest for 1. 3. Røys på flata 50 m. sørvest for 2. Alle desse er no borte. 2 og 3 var mindre enn 1. Funn ikkje kjent. Truleg er det desse som er nemnde av Nicolaysen såleis at nr. 1 er den eine av dei to langhaugane som skulle vere aust for husa, (den andre var tydeleg tvilsam).

I nr. 3 skulle det då vere funne «noget som lignede oppsmuldret sinder med sølvglans, muligens glimmerkorn av en lerurne».

Ein Torstein Blåfot skal liggje gravlagd på Hundeid. Nicolaysen 1862, s. 13, note 47. Nicolaysen NF. s. 521. Tapt. — Rester av leirkrukke? frå funnkart nr. 1/3.

Funn på Gjøvenes, gnr. 57

Fk. nr. 1. Funnstad for A 865, 1092. Funnk. nr. 2, Sivert Gjøvenes brn. 1.

Røysar ved sjøen, vekk-køyrde for om lag 60 år sia. Det skal vere funne eit spyd der.

Å. — 65 1092, — Sju av mange fleire sylvringar, to st. betalings-sylv, funne samantrødde i ei lang kjede innunder ein veldig stein like nordaust for gamlestova på bnr. 4, Karl Gjøvenes.

Der var det og nokre bronsearmband med djupt innskorne bylgjeliner av velkjend type. Det som er teke vare på, er armringar og betalingsringar. Upublisert. Tapt. — Spyd? frå fk. nr. 2.

Kva tidbolkar skriv så desse funna seg frå?

Det er greitt at flintfunna er dei eldste. Dei skriv seg truleg frå steinalderen dei fleste, men kanskje også frå bronse- eller eldre jernalder, fordi steinreiskapar heldt seg ofte langt ut over den tidbolken vi kallar steinalder. (5000—1800 før Kristus).

Gravrøysane skriv seg frå bronsealderen og jernalderen. Av gravrøysane skjønar vi at folk trudde på eit liv etter dette, og truleg på eit nytt lekamleg liv ein gong. Røysane var bustad for åndene til dei døde. Dei skulle også vere gravmæle som vitna om storfolk og hovdingar. Storleiken på røysa skulle vitne om vyrdnaden til den døde. (5).

Det finst elles merke på at fleire døde vart gravlagde i same røysa, truleg heile huslydar. Gravrøysane er såleis minnesmerke som ein bør verne om med vyrdnad for dei som kviler der.

Men ikkje alle røysar er gravrøysar.

Stundom kasta dei opp røysar til vern mot fiendar.

Mange gravrøysar kan også skrive seg frå vikingtida (750—1000). Dei trudde at «Gardvorden» (ættefaren som først rudde garden), budde i gravhaugen, og han verna og vakta om folk og fe. Somme bar også mat og drykk ut på haugen om julekvelden, så'gardvorden skulle bli i godlag, for han rådde også for god åring. Denne fedredyrkinga var visstnok vanleg både hjå steinalderfolket og langt ut i bronse- og jernalderen.

Først med kristentrua kvarv den gamle heidenkultusen bort, om ikkje brått, så likevel litt i senn, og folke- og samfunnslivet kom inn i heilt nye former.

GAMLE GRAVHAUGAR

På Hjortdal fanst det ein gravhaug der def skulle vere hauglagd ein mann med namnet Grim. Han levde i det 11. hundreåret og vart hauglagd på heiden vis. Son hans heitte Kjetil på Hjortdal og var altså bonde. Han hadde ein son som heitte Torkild. Han tok ved kristentrua. Torkild hadde dottera Turid g. m. Karl på Straumsheim, og son deira var Heidin Karlson som åtte Hjortdal og Straumsheim til odel og eige. Han hadde 2 søner: Grjotgard og Berdor. Den siste var gift med Margrete, dotter åt Jon og Ragnhild Ulvsdtr. på Åkre. Dei budde på Emleim. For

kring 100 år sia fann dei i ein haug der på Emleim alt som høyrer til i ei smie: hamar, tong, ambolt m. m. Truleg er det ein smed som har fått verktøyet sitt med seg i grava.

På Hundeid var der ein stor gravhaug der mange skulle vere hauglagde. Ein av dei skulle vere Torstein Blåfot, som vart hauglagd på heiden vis. Bror hans skulle vere Eilev jarl på Godøy.

Det har funnest og finst enno mange andre gravhaugar kring i bygda. Dei fleste er utjamna, og ploget har gått over dei i hundretals år. Ingen bautastein fortel om namna, og inga soger er skriven om dei som kviler der. Dei er gått inn i den store gløymsla. Men dei sette merke etter seg den tid dei levde. Dei var rudningsmenn som bygde seg heimar og dyrka jorda. Dei let etter seg ein arv til ættene som kom etter dei. Vi bøyer oss i vyrndnad og takk til desse ny-rudningsmenn som tok dei tunge tak og brøytte vegen for nye ætter.

Soga nemner ikkje mange av dei gamle sykkylvingane. Berre ein og annan glytter liksom fram or tåkedimma og helsar vyrdsamt på dei nye ætter. Vi skal nemne nokre av dei.

I 1440 då Aslak Bolts Jordebok vart skriven, åtte erkebispestolen i Nidaros heile Fauske. Ein av dei som budde der, heitte Jens Mortenson Knag eller Fauskejyden som han jamnast vart kalla. Han hadde fleire år vore renteskrivar eller kontorist åt Margrete Stud i Hanken. Ho åtte mykje jordegods, og der var det vel han fekk høve til å tileigne seg noko av dette. Han fekk skøyte på Indre-Fauske i 1684, og der budde han til sin død. I 1711 fekk han tileigne seg Eidem, med 5 våger fiskeleige, ved mageskifte med sorenskr. Henning Castberg. For å få Eidem let han frå seg Flusund, 8 1/2 mællag, Bringsvor 5 1/2 mællag, Sacterø 4 mællag og Remme 4 mællag.

Jens var gift med Elisabet Hermannsdtr. Ho døyddde i 1720, barnlaus. Same året ho døyddde gjorde han testament og sette inn systerdotter til kona si, Stine, eller Kristine Antonusdtr. til eigar av heile buet. Ho vart i 1724 gift med Lars Olsen, ein fattiggut frå Skodje. Mor hans hadde vore gjetargjente i fjella ved Svarteløken. Fauskejyden døyddde i 1740, og om denne merkelege mannen går det mange segner. Nokre av desse tek vi med i band II.

SØR FOR FJORDEN

er liene bratte, tildels i stup. Der er to større dalar, den vestre fører over til Sykkylven, men berre den andre, som ligg høgt og er vidare, har førhistorisk interesse. Ramstad ligg oppe på ein stor terrasse.

Svindset gnr. 4 2, (no gardsnr. 59 i Sykkylven). N. B. Fylling (sjå Nicolaysen) meiner at der er ein gravhaug på flata halvhundre meter sør for skulen, tett i aust for den gamle vegen som går på eit res over myra. Haugen i seg sjølv kan nok sjå god ut, men han ligg dårleg til, lågt og innestengd, og ein kan ikkje seie at der går nokon viktug farveg framom her. Haugen er 25 alner lang, 12 alner brei, 3 alner høg. Der er tre sår i toppen. Han er bygd av stein og grus. (Nicolaysen 1882 s. 211).

Melset gnr. 4 7, nytt gardsnr.

Funnkartet nr. 1. Leif L. Melset brnr. 7. Grav under flat mark lagd på toppen av ein naturleg grusbakke. Ho var nedskoren i auren slik at oldsakene — B 9632 — låg 40 cm. under overflata saman med svart jord, ei mengd kol og noko brent bein. Grava som var oval, låg om lag aust—vest.

B. 9632 — Yja. Yngre jernalderen mannsgrav frå fk. nr. 1. Tilv. i B. M. Årbok 1945.

FRÅ VEIDEMANN TIL BONDE

Ingen kan seie for visst når dei første menneske kom til Sykkylven. Det var ein gong i førhistorisk tid — for fleire tusen år attende. Historiske kjelder som kan gi oss svar på spørsmålet, finst ikkje. Heller ikkje veit vi visst kvar dei kom frå. Granskarane er usamde om det. Somme meiner dei kom sønnafrå over Danmark og Sør-Sverige etter kvart som isen smelta vekk etter siste istida. Men då Mørkekysten var isfri i lange tider, medan innlaridsisen låg over Austlandet, kan det tenkjast at dei første veidemennene kom hit austafrå over Nord-Noreg, som somme granskarar meiner, eller dei kan ha kome vestafrå over havet. Vi veit det ikkje og må nøye oss med det. Men spør vi kva dei levde av eller korleis dei levde, dei første som kom hit, då kan dei mange fornfunna som er gravne fram av jorda, fortelje oss mangt og mykje. (Les om steinalderfunna lenger framme). Ein ting er visst: at dei første innflyttarane som kom hit, fann si livberging i jakt og fiske. I skogane streifa villdyra

ikring, og i sjøen var det truleg rikeleg fisk som dei fanga med sine enkle og primitive reiskapar. Det er truleg at dei flytte frå stad til stad utan nokon fast bustad. Dei kledde seg i dyreskinn og fann livd i hellarar og bergholer mot vind og ver. Visst måtte det vere eit hardbale liv, og det sette nok sine merke. Striden for tilværet, mot naturkrefter og fiendar på land og i sjø, gjorde at dei vart djerve, sterke og modige og sette livet inn når det trongst. Og mang ein kjempekar låg vel att på valplassen etter ein hardsett strid med villdyra, for våpna dei hadde var av stein, bein eller tre. Einaste skytevåpenet var boge og pil.

Etter kvart dei lærde å dyrke jorda, og jordbruket vart leveveg ved sida av jakt og fiske, slo dei seg til på ein lagleg stad og vart fastbuande, (bonde tyder fastbuande). Granskarane meiner at dette omskiftet gjekk for seg i slutten av steinalderen, eller kring 2000 år f. Kristus. Likevel er det truleg at denne overgangen ikkje gjekk for seg i ei snøggvending, men at det tok lang tid — truleg gjennom fleire hundre år. Etter kvart dei eldste innflyttarane døydde ut, kom det truleg nye til frå ymse kantar. Dei slo seg ned der dei fann ein lugom stad å bu, og etterkomarane deira tok kampen opp etter dei og førde ætta vidare. Det er truleg at det gjennom lange tider kom fleire innflyttarar i flokk og fylgje eller enkeltvis og fann seg bustad i bygda vår. Ætt etter ætt gjekk i grav, men nye ættled kom til etter kvart og tok kampen opp, og gjennom lange tider voks det fram eit samfunn.

Veiding var visseleg fremste næringsvegen for dei som først sette bu her oppe i det gamle «Thule» for fleire tusen år attende. Vi kan tenkje oss at skogane då stod tette og bartunge radt ut til havet i vest. I desse skogane levde så mange slag villdyr: Bjørn og ulv, jerv og gaupe, rein og hjort og elg. Dessutan rikeleg av småvilt som rev og mår, røyskatt og hare og skogsfugl av mange slag. Når det så attåt dette var rikeleg fisk langs alle strender og i kvar ei vik og kvar ein fjord, måtte dette landet vere det reine «Eldorado» for dei som var innstilte på veiding og fiske, slik som dei første fedrane våre var. I mange høve var det nok villdyra som gjekk til åtak på folk så dei måtte verje seg med dei våpen dei hadde. Var då våpna primitive som alle våpen i gamletida, fekk villdyra overtaket, og folk måtte bøte med livet. Det var nok særleg tilfelle i steinalderen og bronsealderen med dei ufullkomne våpen som folk rådde over i den

tida. Steinøksa og bronsespydet var glupaste våpna dei hadde. Skytevåpna var berre boge og pil, som dei særleg brukte på skogsfugl.

Glupaste veidemannen var helten framom alle. Greidde han å felle storvilt i skogen, var det livberging, mat og klede både til han sjølv og huslyden og kanskje endå fleire. Difor våga han alt og sette gjerne livet inn om det kravdest. Han ville leve med ære eller også døy med ære. I denne harde livskampen vart folk hardbalne, modige og djerpe. Den barske naturen og dei strenge livskåra var med og forma og herda dei.

Langt likare var det då jarret vart kjent og kom i bruk. Av det kunne dei lage knivar, øksar, spyd, piloddar og fiskereiskapar av ymse slag.

Men først då børsa kom i bruk, vart det retteleg heitt for udyra. Først då kunne veidemannen felle villdyra på fråstand, utan nærkamp. Eldste skytevåpenet etter bogen var flintelåsbørse. Ho var alt anna enn fullgod, men så kom munnladningsbørse i bruk, og ho var monaleg betre. Først langt seinare kom dei moderne kule- og haglbørser. Dei var langt betre og hendigare på alle vis enn dei andre. Ein modig og øvd skyttar med eit slikt våpen i hendene, kunne kjenne seg bra trygg om udyra var aldri så nærsøkne. — Eit godt sikte, eit visshendt skot, og villdyret låg der på flekken.

GARDNAMNA — KVA DEI TYDER

Av Thomas Vinje

Dei fleste gardnamna er språkleg klåre og kan forklarast cndeframt; men fleire inneheld språkstoff som ein ikkje utan vidare kan tyde heilt ut, særleg fordi ein vantar eldre skriftformer av namna. Slike namn har ein då freista å gje moglege tydingar av. Namna er oppførde etter nr. i matrikkelen.

Avstytingar:

- f. for femininum hokjønn
 - m. « maskulinum hankjønn
 - n. « neutrum inkjekjønn
 - gn. « gamalnorsk
 - nyn. « nynorsk
 - gen. « genitiv eigeform
- * viser at namneforma ikkje er skriftfest.

1. Ørsnes. — Første leden i namnet er uklår. Men liknande namn finst i Nøtterø og i Vågan i Lofoten. Og på grunnlag av det ein veit om desse namna, har ein tenkt seg at dei kan gå tilbake på gamalnorske former som *Auris-*, *Orvis-* eller *Orvisnes*, der første leden kan vere den same som ein har i gamalnorsk *Qrve ndr*, keivhendt, i målføra no: orvhendt og aurhendt. I så fall kan tydinga vere eit nes som ligg til venstre. Liksom Ørsnes i Vågan og i Nøtterø ligg Ørsnes på venstre sida ved innsiglinga.

2. 3. Fauske, indre og ytre — er fleirtal av gamalnorsk *fau sk r m.*, nyn. fausk m., som tyder roten ved, trestuv. Ordet finst i fleire gardnamn kringom i landet, oftast i fleirtal, og viser opphavleg til eit lende med trestuvar og roten ved. Her kan og namnet ha omsyn til samlingar av drivved på stranda.

4. Åsen— er bunden form eintal av ordet *ås m.*, gn. *å s s m.*, som tyder langvore høgdedrag.

5. Hjelle. — Uttalen er bunden form fleirtal av ordet *hjell m.*, gn. *h j a l l r m.*, noko som er flatt og ligg høgt.

6. Høgres — er ei samansetning med ordet *res n.*, gn. *r i s n.*, som tyder jord- eller bergrygg.

7. Grepstad — av *Greipsta Sir*, som er samansett av mannsnamnet *Greipr* og *sta 6 ir*, fleirtal av gn. *sta 5 r m.*, bustad.

8. Eidem. — **E i 5 h e i m r*, av gn. *e i 5 n.* og *h e i m r m.*, bustad, heim. «Eid» tyder eigenleg «ein stad der ein kan gå», og vert brukt om eit landstykke mellom to sjøar, eller om ein stad der ein lett kan kome over frå eit dalføre til eit anna eller frå ein fjord til ein annan. Garden har her fått namnet sitt av at han ligg på den låge overgangen mellom Aure og Søvik.

9. Lyshol. — Første leden må vere eit ord av same stamn som adjektivet *lys* og verbet *lyse* og kan gå tilbake på eit bortkome innsjønamn **L y s i r*, som ein kjenner frå andre stader. Ein må då særleg tenkje på den ytste delen av Andestadvatnet, der vassflata plar vere overlag lys og glimande, av di lendet omkring opnar seg fritt til fleire kantar. Elles kan ein ikkje sjå bort ifrå at det finst kalkstein i fjellet på Lyshol, og at namnet kan ha omsyn til det. Kalksteinen kan tidlegare ha lege meir opp i dagen enn han gjer no. Ordet *hol m.*, gn. *h o l l m.*, tyder rund haug.

10. Andestad — av *A n d a s t a S i r, som truleg er ei samansetning med mannsnamnet A n d i, vel opphavleg eit kjælenamn. Sjå gard nr. 7.

11. Aurdal — inneheld truleg same elvenamnet som ein meiner ligg føre i gardnamnet Aure, sjå gard nr. 14. Namnet har nok tidlegare vore brukt om sjølve dalføret mellom Aure og Aurdal.

12. Kjemphol — kan reint lydleg vere samansett med plantenamnet kjempe m., kampe m., plantagio media, eller eit gn. persontilnamn k e m p a m., kjempe f., som ein trur finst i gardnamnet Kjemperud på Austlandet. Men i denne samanheng ligg det vel nærare å tenkje på den tydinga av ordet kjempe som ein har i samansetninga kjempehaug m., gravhaug frå forntida. I så fall kan namnet ha omsyn til eit tidlegare tilhøve på staden, t. d. til ein bortkomen hol-liknande gravhaug. Det finst ikkje nokon tydeleg holformasjon på garden no. Sjå gard nr. 9.

13. Haugset — av *H a u g s e t r, ei samansetning med ordet haug m. og gn. s e t r n., som tyder bustad eller tilhaldsstad. Etter uttalen kunne første leden like gjerne vere mannsnamnet H a u k r, men tilhøva på staden talar for at det er ordet haug ein har med å gjere.

14. Aure — finst i kjelder frå 1200-talet i fleirtalsformer som Aurar og Aurum, og kjem truleg av eit elvenamn *A u r, som kan ha samanheng med gn. a u r r m., våtleik, væte. *A u r må i så fall vere eit utgamalt namn på Aureelva. Sjå gard nr. 11.

14. b. Ullavik — har av namnegranskarane vore nemnt som eit mogleg kultnamn frå heiden tid, samansett med gudenamnet U 11 r i samansetningsforma *U 11 a r v i k. Som ein veit, vert namnet brukt om den breie og opne vika nordafor Storelva på Aure, den gamle sentrumsgarden og kyrkjestaden i bygda. Ein kan nemne at det i høve til områda omkring har vore lite busetnad i vika, endå så lagleg ho ligg til for busetjing. Ullavik, ein plass, er nemnd i 1838, to plassar 1886. Eit hovudbruk, nr. 13, vart flytt dit fra den gamle bustaden sør for elva først etter utskiftinga i slutten av det førre hundreåret.

Men om Ullavik er eit så gammalt namn at det går attende til heiden tid, tør vere uvisst; kjeldene fører det ikkje så langt tilbake i tida. Hans Strøm opplyser at namnet skal vere nemnt i eit dokument som var arkivert på Ørskog prestegard og datert 20. juli 1544. Oure

(Aure) med Ullevig Engslætte er nemnt i 1723. Det kan såleis vere tenkjeleg at namnet har eit anna opphav og, at det inneheld elve-namnet Ull, som ein kjenner frå andre stader. Det renn ut ein bekk i botnen av vika.

Likevel er det i dette tilfelle kanskje mest nærliggjande å halle til den meining at namnet har omsyn til heiden kult, særleg når ein tenkjer på lægjet åt vika så nær ved den gamle kyrkjestaden i bygda. Det er svært vanleg at ein omkring i landet finn gamle kyrkjestader på gardar som tidlegare var sete for heidne heilagdomar.

Guden U11 r vart serleg dyrka i førhistorisk tid, altså før vikingtida.

15. Klokkehaug — er samansett av ordet klokke m., gn. k l u k k a r i m., og haug m. Hans Strøm fortel at garden har fått «sit Navn av et Klokke-Hus med en Kirke-Klokke, som her i de Catholske Tider har været opprettet på en Høi til den Ende, at Klokken Lyd skulle høres over helle Søkkelfsfjorden». Men forma på namnet syner at det kan ikkje vere rett. Garden har vel vore klokkebustad. Det er og truleg etter opplysinga til Hans Strøm Som ein vil skjønne, var den første og viktigaste oppgåva til klokken å ringje med kyrjeklokkene.

16. Nakkegjerde. — Første leden viser til Aurenakken eller Nakken, som garden ligg ved. Ordet gjerde n., gn. g e r 5 i n., tyder her innhegna mark omkring ein gard og vitnar om at gardsområdet må vere utskilt frå ein eldre gard.

17. Vik — er ubunden form eintal av ordet vik f., gn. v i k f.

18. Blindheim — *B l i n d h e i m r, ei samansetning med gn. h e i m r m. (sjå gard nr. 8) og eit mogleg elvenamn *B l i n d, av adjektivet b l i n d r, blind, løynd, ikkje synleg. Det skulle vise til ei elv som renn løynt, t. d. i eit djupt lægje. På Vikeelva, som renn ut ved Blindheim, høver det bra.

19. Tjønes — er skrive af Piouanese omkring år 1200, og kan ikkje vere anna enn *P f a n e s, der første leden må vere gen. flertal av gn. P j ø f r m., nyn. tjuv m. Ordet er mykje brukt i namn på holmar og nes langs kysten og kan vel ha omsyn til ulike tilhøve. Men sidan så mange av desse stadene ligg ved skipsleia — og nær busetnad, meiner ein det er rett, som tradisjonen fortel, at fleire av dei har fått namn av at dei har vore rettarstader for tjuvar. Avrettingane skulle vere til åtvaring for andre menneske og vart

gjerne utførde i nærleiken av stader der folk ferdast. Det gjeld til dømes for Tjuvholmen i Borgund. Der er det ennå levande tradisjon om at dei hengde tjuvane på Tjuvholmen i gamle dagar. Som ein veit, ligg Tjønes om lag midt i bygda, nær ved den gamle fjordleia.

20. Tannstad, ytre — kallast Ytste-Øggarden. Øggarden er bunden form eintal av gn. *ey Sigar Sr m.*, nyn. øydegard, og viser til at garden ein gong har lege øyde.

21. Tannstad, mellom — av **Tannasta 5ir*, der første leden er mannsnamnet *Tanni*, som er kjent både frå Noreg og Island. Sjå elles gard nr. 7.

22. Tannstad, indre — kallast Inste-Øggarden.

23. Straumgjerde — må vere utskilt frå garden Straume. Sjå gard nr. 16.

24. Straume — av gn. *straum r m.*, nyn. *straum m.* — etter det strie vasslaupet som renn ut ved garden.

25. Dravlaus — finst elles berre i Dalsfjorden, der namnet har same uttale og om lag same eldre skriftformer som her. Dei mest opphavlege av desse formene er truleg Dragløss og Dragløsse, som ein kjenner frå 1603 og 1606. Reint lydleg er det vel mogleg at første leden i namnet Dravlaus går tilbake på ordet drag n., her samansett med adjektivet laus, gn. *1a us s*, som ofte er brukt i samansette namn med tydinga «skort på det som første leden nemner». Ein har då tenkt seg at namnet kan gå tilbake på eit elvenamn **Drag 1a us a*, som kan ha vore brukt om ei elv som i det heile eller på ei stuttare strekning er utan drag, det er for stader der vatnet renn stritt, som til dømes i fossar og på grunningar. Eit slikt elvenamn kan seinare ha gått over til å verte gardnamn. Liksom i Dalsfjorden ligg garden her ved ei elv, som i nærleiken til garden renn over eit flatt lende. Sjå gard nr. 27.

26. Velle — er ei bøyingsform av gn. *vøll r m.*, nyn. *voll m.*, grasmark, eng.

27. Hjortdal — er kjent frå 1200-talet i forma Hiortal. Første leden kan beint fram vere dyrenamnet hjort, gn. *hjort r m.*, eller kanskje heller elvenamnet Hjarta, i gen. eintal *Hjortu*, som må vere laga av dyrenamnet hjort. Den opphavlege samansetningsforma skulle då bli **Hjortudal r*.

Ein bør her merke seg den store rolla som fossar og elvar har spela i stadnamngjevinga i landet vårt, og at ein svært ofte finn

dyrenamn i elvenamn. Som namnegjevarar må ein i slike høve tenkje seg menneske som har hatt sitt daglege arbeid i skog og mark, og som har hatt vare sansar for alt som ovrar seg i naturen, t. d. for lydar av ulike slag. For slike menneske har ein foss eller ein bekk liksom ein fugl eller eit dyr sin særmerkte låt eller måte å te seg på. Når ein foss let som eit dyr eller minte om det på anna vis, var det berre rimeleg at han måtte få namn etter dette dyret. Som ein veit, ligg garden på nordsida åt Storelva i dalen, ved utlaupet til Brunstadelva, som er tverrelv til Storelva frå sør.

Skriftforma Hjorthol, som og vert brukt, må helst vere frå nyare tid. Ho har ikkje hevd i talemålet og finst ikkje i gamle skriftlege kjelder.

28. Brøvoll — finst i skriftleg kjelde frå 1325 i forma Bruarvelli, som er ei bøyingsform av B r u a r v o l l r, av gn. b r ū f. og v o l l r m. Det må ha vore ei bru i nærleiken av garden.

29. Lade — av *H l a d i r, fleirtal av gn. h l a d n., lad, stopul, noko som er opplødd. Namnet viser til at der må ha vore opplagsstad, t. d. for tømmer.

30. Drotninghaug — har til dagleg vore kalla Øggarden eller Fremste-Øggarden, sjå gard nr. 20. Namnet vantar derfor gamal dialektuttale, men er bevart gjennom skrifttradisjonen. Hans Strøm seier at Drotninghaug har fått namn av «den skjønnne Sæter-Draat eller Sæter-Avling som der f alder». I så fall måtte første leden vere avleidd av ordet drått m., budrått, men ei avleiing dråttning av drått m. er ukjend i norsk mål. Heller må ein tenkje på ord som mannstilnamnet Drottning, som ein kjenner frå mellomalderen, og d r o t t n i n g f., dronning, som har vore nemnde til moglege forklaringar på namnet Drotningdalen, ein seterdal i Oppdal, og gardnamna Drotning i Telemark og Drotningvik i Askøy. Det siste namnet inneheld visst den gamle forma av ordet dronning og skal skrive seg frå ei særskild hending. Men kva for tilhøve det eine eller andre av desse orda skulle ha omsyn til i dei tre første namna, er vanskeleg å uttale seg om.

31. Hole — er ei bøyingsform av gn. h o l l m., nyn. hol m., anten i fleirtal eller i dativ eintal. Sjå gard nr. 9.

32. Brunstad — er kjent frå omkring 1430 i bøyingsforma Brunastadom, av B r u n a s t a d i r, der første leden er mannsnamnet Bruni. Sjå gard nr. 7.

33. Fet — er ubunden form eintal av gn. *f i t f.*, nyn. *fit f.*, som tyder flat eng, helst attmed vatn.

34. Straumsheim — finst i skriftleg kjelde frå 1200-talet i forma Straumseim, og er samansett av gn. *s t r a u m r m.* og *h e i m r m.* Sjå gard nr. 8 og nr. 24.

35. Riksheimgjerde. — Sjå gard nr. 16 og nr. 36.

36. Riksheim — er kjent frå ca. 1200 i forma Rikisheimi, dativ eintal av *R i k i s h e i m r*, som er ei samansetning med gn. *h e i m r m.* (sjå gard nr. 8) og *r i k i n.*, makt, gjævleik, og tydinga må vere ein mektig og gjæv gard. I gamalnorsk vart ordet rikismaSr brukt om ein stormann.

37. Erstad — av **E i r i k s t a ð i r*. Første leden er mannsnamnet Eirik. Sjå gard nr. 7.

38. Stave — er ei bøyingsform av gn. *s t a f r m.* nyn. stav, stokk. Ordet er mykje brukt i stadnamn kringom i landet, t. d. i namn på elvar, øyar, fjell og nes. Oftast er det då ei samanlikning som ligg til grunn for namnet. Dei mange gardnamna som inneheld ordet *s t a f r*, må derfor forklarast som opphavlege naturnamn. I dette tilfellet har ein nok å gjere med eit fjellnamn. Som ein veit, ligg Stave rett under eit fjell med til dels stupbratte sider. I bygda på nord- og austsida av fjorden kallar ein dette fjellet for Stafjellet. «Staven» er elles namn på eit fjell i Norangsdalen. Det ris og bratt opp frå grunnen, og fjellveggen er rett som ein stav.

39. Sætre — er dativ eintal av gn. *s æ t r n.* Sjå gard nr. 13.

40. Hella — er bunden form eintal av ordet helle *f.*, gn. *h e l l a f.*, som tyder flat berggrunn eller ein nokolunde flat stein. Namnet må ha omsyn til det flate lendet som garden ligg på.

41. 42. Ikornnes, indre og ytre — er ei samansetning med dyrenamnet ikorn, gn. *i k o r n i n.* Ordet er svært vanleg i stadnamn.

43. Jarnes — av **J a ð a r n e s*. Første leden er gn. *j a ð a r m.*, nyn. jar m., kant, rand. I stadnamn er ordet ofte brukt om ei flat strekning langs eit høgre innland. Denne tydinga høver her og. Framfor eit høgre lende er det ei låg strandline, som strekkjer seg rundt heile neset.

44. Blakstad — er ei samansetning med mannsnamnet *B 1 a k k r* eller *B 1 a k k i*, eller med persontilnamnet *b 1 a k k r* eller *b 1 a k k i*. Sjå gard nr. 7.

45. Våtmyr — må ha fått namn etter naturtilhøva på staden.

46. Tusvik — har fått namn av at vika ligg i nærleiken av garden Tu. Første leden er gen. eintal av dette namnet.

47. Tu — er ubunden form eintal av gn. *p u f r m.*, nyn. *tuv m.*, topp, *tuv*. Garden ligg ved ein frittliggjande kvass og låg bergtopp, som no vert kalla Nakken.

48. Svartebekk — av *S o r t u b e k k r*, eller opphavleg **S v o r t u b e k k r*, der første leden må vere ei bøyingsform av elvenamnet Svarta. Namnet er kjent i skriftleg kjelde frå 1430-åra i bøyingsforma Sortubekke. Elva som renn ut ved garden, har svart steinkynde i botnen.

49. Hatlemark — er samansett med trenamnet hassel *m.* (gn. *h a s l m.*) og gn. *m g r k f-*, som tyder skog. Det må tidlegare ha vore mykje hasselskog på staden.

50. Kurset. — Første leden kan reint lydleg jamførast med gardsnamn som Kursmose i Eidsberg og Kurstad i Våle. Ut ifrå det ein veit om desse namna, kan ein tenkje seg at Kurset inneheld persontilnamnet *kurr*, som ein kjenner frå mellomalderen, eller personulnamnet *kuri*, bunden form eintal av eit gn. adjektiv *kurr*, som skulle svare til nynorsk *kurr*, still, roleg. Jamfør kongsnamnet Olav Kyrre! Det siste har ein gissa på som mogleg første led i gardsnamnet Kurstad. Vidare kan ein tenkje på persontilnamnet *k u r f r*, av ordet *k u r f r m.*, stubbe, stykke, som truleg ligg føre i namnet Kursmose.

Men endå rimelegare er det kanskje å tru at Kurset har samband med det bortkomne namnet Kurisnes i Hjørundfjord, som kan hende har vore eit eldre namn på Kursetneset. Som ein veit, ligg Kurset ytst i Hjørundfjorden og høyrde liksom dei andre gardane i Hundeidvik tidlegare til Hjørundfjord skipreide. Er første leden i Kurset den same som ein har i Kurisnes, skulle han etter samansetningsforma Kuris — vere eit hankjønnsord *k u r i r* eller eit inkjekjønnsord *k u r i*. Men kva for ei tyding det eine eller andre av desse orda skulle ha, er vanskeleg å gjere seg opp noka meining om. Sjå elles gard nr. 13.

51. Kursetgjerde. — Sjå gard nr. 16.

52. Hovden — «upp i (h)øvdå», av gn. *h o f d i m.*, nyn. *hovde m.*, framstingande knaus eller høg odde. Garden ligg noko høgt, vel midtlies under Hovdeåsen, ein kollut fjellpynt.

53. Myrset — er kjent frå førstninga av 1200-talet i forma Myrasætre, av Myrasetr, som er ei samansetning med ordet myr f., gn. myrr f., og setr n. Sjå gard nr. 13.

54. Utgard — er den ytste garden, den som ligg lengst vest av to eller fleire gardar.

55. Midgard — er garden som ligg i midten, mellom to eller fleire andre gardar. Sjå gard nr. 56.

56. Hundeid — finst i skriftleg kjelde frå førstninga av 1200-talet i formene Hundeid og Hundeidavik. Etter di garden ligg ved Storelva i Hundeidvik, held ein det for rimeleg at første leden viser til det gamle namnet på elva. Det har truleg vore *Hunn, av ein ordstomn h u n n, som kan vere avleidd av eit verb som svarar til gotisk hinfian, fange. I samansetning kunne eit slikt ord få forma Hund. Tydinga kunne i så fall vere ei elv som gjev godt høve til fiske. At ein har å gjere med eit elvenamn, går og fram av tradisjonen i bygda; eldre folk meiner å kunne minnast personar som har kalla elva for Hunna. Sjå elles gard nr. 27.

Siste leden i namnet syner til overgangen mellom Hundeidvik og Tusvik, som vert kalla Eidet. Sjå gard nr. 8 om ordet eid. Garden må tidlegare ha strekt seg så langt mot nord som til dette eidet — og omfata gardane Midgard og Utgard, som merkjer av lægje i høve til Hundeid og må vere komne til ved deling av denne eldre garden.

Ut ifrå uttaleforma og eldre skriftformer som Hunde og Hundvig har ein og tenkt seg at elvenamnet beint fram har vore brukt usamansett til gardnamn. Og umogleg er det vel ikkje; men etter di desse skriftformene skriv seg frå dansketida, då det var mykje feilskriving av gardnamn i landet, er det vanskeleg å feste større lit til dei, særleg når ein kjenner endå eldre skriftformer som Hundeid og Hundeidavik. Språkleg sett er det og vel mogleg at uttaleforma går tilbake på samansetninga Hundeid.

57. Gjevenes. — Namnet finst i skriftleg kjelde frå første halvdel av 1200-talet i ei skriftform som ein trur må vere ei feilskriving for Gjeffuenes, av *G e f a r n e s. Første leden kan vanskeleg vere noko anna enn elvenamnet *G e f, som ein kjenner frå andre stader i landet, og som må kome av gn. g e f a, nyn. gje, og tyde: den gjevande. Jamfør gard nr. 27. Einaste vasslaupet som ein kan vise til i omgivnaden, er Jørnkjelda, som renn ut i Gjevestranda, eit stykke sønnafor garden. Elva er heller lita, mest berre som ei grov,

og kan ikkje ha vore fiskeelv; men ho har den tenlege eigenskapen at ho er ei påliteleg vasskjelde for krøtera, jamvel når alle andre bekkefar i stranda tørkar ut.

GARDNAMNA I DALANE OG PÅ FURSTRANDA

58. Ramstad. — Rafnstaðiir, av mannsnamnet R a f n, Ramn, og s t a ð i r. Sjå gard nr. 7.

59. Svinnet — er truleg samansett med elvenamnet Svinna, av s v i n n r, som tyder rask, snøgg. Namnet høver på elva som renn ned ved garden¹⁾.

60. Kråka — av elvenamnet Kråka, som er laga av fuglenamnet. Det må tidlegare ha vore brukt om ei av dei to elvane som renn saman ved garden. Jfr. gard nr. 27.

61. Nysetra — har opphavleg vore seter. Første leden viser at staden har fått namn i høve til ein eldre seterplass.

62. Løset — finst fleire stader i fylket. Gamle skriftformer syner at namnet kan ha ulikt opphav: LoSvissetr eller L 9 6 u s e t r, av mannsnamnet L ǫ ð v i r eller av l a 5 a f., løe. Ein reknar likevel med at namnet oftast kjem av L ǫ ð u s e t r, og at det har omsyn til at det først var slåtteplass og løe på staden¹⁾.

63. Løkedalen — av Loekadalr, der første leden må vere genitiv fleirtal av l æ k r m., som tyder løk, ein djup bekk med svak straum, ei vass-samling i ein sump eller små utvidingar i mindre vasslaup. Namnet må ha vore brukt om Melsetdalen før det vart gardsnamn, — der finst løkar! Jfr. gard nr. 11.

64. Melset. — Meðalsetr, av gn. m e ð a l, som tyder mellom, og s e t r. Namnet tyder garden i midten og merkjer ut lægje i høve til Løset og Svinnet¹⁾.

65. Klokke — finst og i Hjørundfjorden, der det opphavleg har vore fjellnamn. Ordet står i avlydsforhold til klakk, gn. k l a k k r m., opphøgd bergknatt i sjøen. Her viser det til ein frittliggjande bergknaus på sjølve gardsområdet.

66. 67. Søvik, nedre og øvre — kan kome av S u ð r v i k, vika som ligg på søre sida av fjorden, eller av S i ð v i k, som truleg er den opphavlege forma til Søvik i Borgund. Adjektivet sid, gn. siðr, som mellom anna tyder lågtliggjande, jfr. ordet sidlendt, må i så

1) Sjå gard nr. 11 om siste leden — s e t r.



Fjellseter turisthytte

fall ha omsyn til bustaden nærast vika, som ligg svært lågt under eit høgre brattlende. Det er vanskeleg å seie for visst kva som er den rette tydinga, av di ein vantar opphavlege skriftformer av namnet.

68. Almeskard — av trenamnet alm, gn. a l m r m., og skar, gn. skard n.

69. Løset — har same namn som gard nr. 62.

70. Furnes — er samansett med trenamnet fure, gn. f u r a f.

71. Løvoll. — *L o d u v o l l r, av gn. l a ð a f., løe, og v o l l r m., voll. Det røynelege grunnlaget for namnet er om lag det same som for Løset.

72. Vinsnes — finst og andre stader ved Storfjorden, såleis i Norddalen og ytst i Hjørundfjorden. Nesa ligg alle på stader der fjorden gjer ein bøyg, og namnet har truleg omsyn til det. Ein har tenkt seg at Vinsnes kan kome av *V i n d i l s n e s eller *V i n i l i s n e s, og at første leden er genitiv eintal av *V i n d i l l eller *V i n d i r, som må ha samband med verbet vinde, snu, dreie. V i n d i l l eller V i n d i r kan ha vore brukt til namn på sjølve bøygane som fjorden lagar ved desse nesa.

Garden vert til dagleg kalla Veltne, som er bunden form fleirtal av velte f., ein velteplass, særleg for tømmer.

73. Rønes — kjem truleg av *R j ó ð r n e s. Første leden r j ó ð r n., nyn. rjod n., tyder open plass i skogen, glenne. Ordet er vanleg i stadnamn, men har gått gjennom ulike språklege endringar i målføra.

74. Furstranda — av trenamnet fure, gn. f u r a f., og strand, gn. s t r o n d f.

75. Bjørnevik — er samansett med dyrenamnet bjørn, gn. b j ø r n m.

76. Oppsal — vert til dagleg kalla Furehaugen. Oppsal må kome av U p p s a l i r, der siste leden er fleirtal av gn. s a l r m., sal, rom. Ordet er ofte brukt i stadnamn og tyder då helst: opphaldsstad, gard. Tydinga av namnet må såleis vere ein høgtliggjande gard.

77. Sandvik — av sand, gn. s a n d r m., og vik. Første leden viser til jordkyndet i vika.

78. Kyrkjesteinen — har fått namnet etter ein høg stein som står ved stranda og har ein viss likskap med eit kyrkjetarn. Segnene som vert fortalde om opphavet til namnet, er forklaringssegner, som ein ikkje kan feste noko lit til.

ALDEREN PÅ GARDNAMNA

Liksom fornfunna er stadnamna merke etter menneske som har levt i bygda i framfarne tider. Dei eldste namna er utan tvil gardnamna. Fleire av dei går langt attende i førhistorisk tid og vitnar om at det alt då levde fastbuande bønder på mange gardar i Sykkylven. Men fleire er og monaleg yngre. Det er derfor rimeleg at ei gransking av alderen på gardnamna kan gje oss verdfulle opplysningar om busetjingssoga i bygda.

Når ein skal freiste gjere seg opp ei meining om alderen til gardnamna, lyt ein gå til dei skriftlege kjeldene ein har til rådvelde, og elles røkje etter kva fornfunna, gardnamna sjølv og vilkåra for busetnad i bygda kan opplyse, og sjå resultatet i lys av det som den ålmenne landssoga kan fortelje om busetnaden i landet vårt. Tolleg snøgt vil ein då finne ut at det er berre lita hjelp ein kan få av dei skriftlege kjeldene. Derfor vert det særleg dei andre faktorane ein lyt

ta omsyn til når ein skal freiste å finne ut kor gamle gardnamna kan vere. Og som ein vil skjøne, vert det då berre ei relativ tidfesting ein kan gje av alderen deira.

Reint ålment kan ein gjere seg opp ei meining om alderen til visse namn eller namnegrupper ved å peike på ting som fører dei attende til meir eller mindre avgrensa periodar. Det må såleis vere klårt at namn som er nemnde i skriftlege kjelder frå eldre tider, må vere eldre enn det tidspunktet kjeldene skriv seg frå. Og sidan ein finn alle gardnamna i Sykkylven i kjelder som ikkje er yngre enn 1666, må dei naturleg nok vere eldre enn dette året.

Nokre namn som Riksheim, Straume og Tjønes er nemnde i ei skriftleg kjelde som er noko eldre enn 1200, og fleire namn som Aure, Gjevenes, Grepstad, Hjortdal, Hundeid, Myrset, Straumsheim, Velle i ei kjelde frå første halvdel av 1200-talet. Men i det heile er nok gardnamna mykje eldre enn dei skriftlege kjeldene syner for kvart einskilt. Såleis finst dei siste namna i ættetavler som byggjer på munnleg tradisjon som er mykje eldre enn 1200-talet.

Vidare kan sjølv forma på namna gje oss ein peikepinn om alderen deira. I gamalnorsk var det slik at bustadnamn og oftast naturnamn hadde ubunden form. I nyare norsk er det hovudregelen at gamle bustadnamn vantar artikkelen, men at naturnamna har fått han lagt til. Det er derfor rimeleg at ein finn dei yngste gardnamna blant «artikkel»-namna, mellom dei som i daglegtalen har bunden form. Slike er: Hella, Hjelle, Hovden, Høgres, Hatlemark, Klokkehaug, Kursetgjerde, Midgard, Nakkegjerde, Riksheimgjerde, Straumgjerde, Tusvik, Utgard, Våtmyr, Ørsnes, Gjevenes og Ullavik. Som namneklasse går slike namn helst ikkje lenger tilbake enn til seinare del av mellomalderen, til 13- eller 1400-talet.

For einskilte namn lyt ein likevel gjere eit atterhald mot ei slik avgrensing av alderen, såleis for namn der den bundne forma ser ut til å vere sekundær. Dette må gjelde for namnet Gjevenes, som er skriftfest i ubunden form frå mellomalderen. Når dette namnet har fått bunden form i talemålet, kan det kome av at dei talande har tenkt meir på det naturtilhøvet som namnet står for, enn på sjølv garden. Namnet har såleis fylgt den utviklinga som er vanleg for naturnamn, og gått over frå ubunden til bunden form. Såleis kan det og ha gått føre seg med namn som Tusvik, Ørsnes og Ullavik. For desse namna vantar ein rett nok skriftformer frå mellomalderen;

men her kan første leden i namna tale for at dei er så gamle at dei opphavleg har vore artikkel-lause. Tusvik er relasjonsnamn til Tu, gard nr. 47, Ullavik kan vere eit kultnamn frå heiden tid, og første leden i Ørsnes er uklår og gamalvoren.

Elles er det og andre ting som kan tale for at «artikkel»-namna er mellom dei yngste gardnamna. Såleis viser namn som Kursetgjerde, Riksheimgjerde og Straumgjerde at dei må vere sekundære i høve til Kurset, Riksheim og Straume. Dei er alle komne til ved deling av desse eldre gardane. Om gardsdeling og sekundær namnealder vitnar dg Midgard og Utgard, som merkjer ut lægje i høve til den gamle garden Hundeid. Ved gardar som Hovden, Hjelle, Høgres og Åsen går det fram av lægjet og naturtilhøva at dei busetnads-historisk må høyre til mellom dei yngste. Ein må helst rekne dei for fjellgardar, særleg dei tre siste.

Artikkel-lause gardnamn går som samla klasse sikkert attende til mellomalderen; men somme av desse er det og mogleg å dele inn i ulike grupper som kan først attende til meir avgrensa tidbolkar. Såleis syner namnegranskinga at s t a 5 i r-namna skriv seg frå førhistorisk tid og vikingtida, altså frå tida mellom 700 og 1000 etter Kr. Den store rolla som slike namn spela i landnåmstida på Island (870—930), fortel om at denne namnetypen må ha vore i god hevd i Noreg før utvandringa til Island tok til i slutten av det 9. hundreåret.

Særmerkt for s t a ð i r-namna er at dei for det meste er samansette med personnamn, stort sett med slike som vi møter i den eldste norrøne diktinga og lovskriftene, og sidan denne litteraturen byggjer på munnleg tradisjon frå vikingtida, viser sjølve personnamna at s t a 5 i r-namna knapt er særleg eldre enn denne tida. På den andre sida tyder dei få kyrkjelege personnamn der ein finn s t a ð i r-namna, på at denne namnegruppa har vore lite produktiv inn i kristen tid. Av s t a ð i r-namn har vi her: Andestad, Blakstad, Erstad, Grepstad og Tannstad, og dei er alle samansette med norrøne personnamn.

Nokolunde på line med s t a ð i r-namna står set r-namna; men sett under eitt er dei helst noko eldre enn desse. Dei finst ikkje på Island; men dei er talrike på Vesterhavssøyane. Det kan tyde på at det ikkje lenger var vanleg å lage gardnamn på s e t r i Noreg omkring år 900. Omvendt syner arkeologiske studiar av gamle set r-gardar at fleire av dei må gå heilt attende til 600-talet.

Til saman vitnar dei talrike staðir- og set r-gardane¹⁾ om at det må ha gått føre seg ei veldig nydyrking i landet vårt før og under vikingtida. Og det forvitnelege er at det er einskildmenneske og ikkje kollektive einingar som no rydder og byggjer seg gard: det er Blakki og Brun i, Eiriki og Tanni, Andi og Gripi og ei mengd andre sjølvstendige einskildmenn. Årsakene til dette veldige indre landnåmet må visseleg ha vore fleire; men det er klårt at den sterke utviklinga av reiskapskulturen i jernalderen må ha hatt mykje å seie. Tilgangen på betre reiskapar av jarn gjorde det no mogleg for mennesket å klare seg betre på eiga hand enn før. Tidt kom nye bruk til ved deling av gamle ættegardar; men ofte var utgangspunktet for nydyrkinga eldre seterplassar eller andre stader der det tidlegare hadde vore dyrking av eitt eller anna slag. I alle fall må dette ha vore det naturlege grunnlaget for set r-gardane. Jamfør tydinga av ordet set r under gard nr. 13! Set r-namn er Haugset, Kurset, Myrset og Sætre.

Ein kan elles merke seg at det i Sykkylven finst fleire utmarknamn på set r, som ikkje har vakse fram til å bli gardnamn. Ein kan nemne Høyset (Vik), Røssethaugen (Brunstad), Vårsethaugen (Aure) og Hamarsethaugen i Straumsdalen. Dei er alle namn på stader der menneske har halde seg i samband med eitt eller anna arbeid, som mjølking eller høyslått, og dei kan såleis gjeve oss ei førestelling om korleis det opphavlege grunnlaget for setr-gardane har vore.

Høyrer staðir- og set r- namna til ei tid då trongen til individuell sjølvhevdning førde til oppløysing av «storfamilien» på dei gamle ættegardane, går heim r-namna attende til sjølv stordoms-tida åt ættegardane, til den tida då fleire familiar av same ætt budde på «storgarden» og retta seg etter den eldste ættefaren, som var den sjølv sagde føraren innafor dette ættesamfunnet.

Det er busetnaden i førhistorisk tid desse namna har omsyn til. tida før 800, og på grunnlag av det ein veit om førhistorisk busetnad, fører heim r-namna så langt attende som til dei første 500-åra etter Kristus, men einskildvis kan dei og fylgjast heilt fram til byrjinga av historisk tid. Heim r-namna Blindheim, Eidem, Riksheim og Straumsheim må såleis vere gamle og vyrdelege namn.

1) I heile landet finst det om lag 2500 staðir-namn og 900 set r-namn.

Sosialt sett ruvar vel Riksheim mest. Den målande første lekken i namnet ber bod om at garden må ha hatt ei dominerande stilling i bygda då namnet vart gjeve.

Usamansette naturskildrande namn i ubunden form som Aure, Fauske, Fet, Hole, Straume, Tu, Velle, Vik og namn som Lade og Stave er vanskelegare å tidfeste til meir avgrensa periodar, etter di dei inneheld ord som har vore brukte til namnelaging i eit større tidsrom. I seg sjølve fortel dei heller ingen ting om busetnad. Men det rår semje mellom granskarane om at ein finn dei aller eldste gardnamna mellom slike usamansette naturnamn. Såleis har gamle sentrumsgardar og endåtil gamle bygder svært ofte namn av denne typen. Det er og gjerne i slike namn vi finn dei eldste språkminna. Ein meiner at dei eldste av desse namna må gå tilbake til tida omkring Kristi fødsel, somme jamvel til bronsealderen. Men ei mengd slike namn må ha vore laga i historisk tid og (jamfør islandske gardnamn frå landnåmstida som Ås og Borg!), einskildsvis utetter mellomalderen.

Det er derfor uvisst kor mange det er av namna ovafor som har førhistorisk opphav. Men somme kan ein likevel med større visse enn andre peike ut og gjeve rang mellom dei aller eldste gardnamna i bygda. Og her kan omsyn til naturtilhøve, arkeologiske opplysningar, og omsyn til lægje i høve til omkringliggjande busetnad på set r-, staðir- og heimr-gardar gjeve ein peikepinn. Det synest såleis vere slik at strandgardane Aure, Vik og mogleg Fauske må vere mellom dei eldste, og at dei må vere primære i høve til dei nærliggjande og mindre sentrale set r-, staðir- og heimr-gardane Grepstad, Andestad, Haugset og Eidem, like eins i høve til Aurdal, Kjemphol og Lyshol, vel og i høve til Blindheim, som rett nok er ein stor strandgard, men merkeleg nok utan førhistoriske minne eller funn. Ein må vidare kunne vise til Straume som ein primær gard i høve til grannegardane Straumsheim og Tannstad.

Dei andre gardane med namn av denne typen har ikkje så tydelege teikn på høg alder; derfor lyt ein og vere varsam med å peike dei ut som primære i høve til gardane omkring. Uklårt er såleis tilhøvet mellom gardane i nedre Velledalen og dei einskilte gardane i øvre Velledalen. Ein meiner at Fet og Velle må vere yngre enn Hjortdal (sjå nedafor!); men dei kan vere eldre enn dei hine gardane i dalen. Vidare er kan hende Stave ein primær gard i høve til Erstad,

Ikornnes og Sætre, men neppe i høve til Riksheim. Tu er rimelegvis eldre enn Svartebekk og Blakstad og sikkert eldre enn Hatlemark og Våtmyr.


Svært gamle, heilt frå førhistorisk tid, kan dei og vere somme av dei samansette namna i ubunden form. Slike er: Aurdal, Brøvoll, Dravlaus, Drotninghaug, Hjortdal, Hundeid, Ikornnes, Jarnes, Kjemphol, Lyshol, Svartebekk, Tjønes, vel opphavleg Gjevenes og Ørsnes og mogleg Ullavik. Men som ved dei usamansette namna let det seg her og vanskeleg gjere å skilje ut alle dei som er frå førhistorisk tid. Men ut ifrå liknande omsyn som nemnt i samband med dei usamansette namna, kan ein gjere seg opp ei meining når det gjeld einskilde namn. På grunnlag av slik omdøming synest såleis Hjortdal å vere eit namn som ein bør kunne setje mellom dei eldste og føre tilbake til den førhistoriske tida. Det må særleg vere området til denne garden Per Fett¹⁾ tenkjer på, når han ut ifrå omsyn til naturtilhøve og tilgang på førhistoriske minne meiner at den gamle bygda i Velledalen ligg framafor gardane Fet, Dravlaus og Velle. Det er først der ein møter terrassar. Til dei eldste namna innafor denne gruppa høyrer vel og Hundeid, Gjevenes, Tjønes, Ørsnes og mogleg Ullavik, dersom det er samansett med gudenamnet U11 r.

På den andre sida kan skorten på førhistoriske minne langs søre sida av Sykkylvsf jorden tale for at gardane der ikkje er mellom dei eldste i sitt slag. Det råkar Ikornnes og gardane Sætre, Stave, Erstad og Riksheim.

Eit anna omsyn som ein kan gjere gjeldande når ein skal ta stode til om eit namn skriv seg frå historisk eller førhistorisk tid, er om det inneheld ord som ein beinveges kan forklare ut ifrå gamalnorsk språk, slik som ein kjenner det frå den eldste norrøne litteraturen. Det kan ein ikkje gjere med første leden i namnet Hundeid, som det derfor er rimeleg å sjå på som eit språkminne frå førhistorisk tid.

Etter dette skulle det vere mogleg å øygne visse liner i framvoksteren av gardnamna og dermed av busetjinga i bygda. Kor gamal den faste busetnaden verkeleg er, er vanskeleg å seie for visst; men dei gode naturlege vilkåra for jordbruk som ein finn i bygda, skulle tale for at Sykkylven høyrer til blant dei bygdene som fekk fast busetnad forholdsvis tidleg, og at det må vere forsvarleg å

1) Førhistoriske minne frå Sunnmøre s. 10



Syhhylvsfjorden mot Straumgjerde

hevde at somme av dei eldste gardnamna i det minste må kunne førast tilbake til dei første hundreåra av vår tidsrekning. Men her kan det vere på sin plass å minne om at vi til no berre har tala om gardnamn og ikkje gjort merksam på at mange av gardnamna kan ha vore stadnamn lenge før dei vart bustadnamn. Det gjeld dei namna som ikkje i seg sjølve fortel noko om busetnad. Når vi veit at det har levt menneske i Sykkylven heilt frå steinalderen, kan vi tenkje oss at somme av dei eldste namna innafor dei to siste namnegruppene er så gamle som stadnamn at dei er eldre enn den faste busetjinga på

sjølve garden. Og her er det atter Hundeid som opnar utsyn for oss attende i tida. Tydinga av første lekken i dette namnet gjev oss ei aning om at det skriv seg frå ei tid då mennesket for det meste livnærde seg av fangst og fiske og levde på det kultursteget som vi kallar veidestadiet.

SYKKYLVEN HERAD

har ei flatevidd på 261,05 km². Lengd N.—S. 25,2 km. og A.—V. 22,7 km. Sykkylvskyrkja ligg på N. B. 62 — 23' — 37" og V. L. 4 — 8' — 30" Oslo. Bygda har ei kyststrekning på 42 km. 28 km² vatn og 12,8 km² isbrear.

Høgd over havet.

	Gardar:		Dravlands s.	371 m	
Aurdal	132 m.		Gimsdal s.	458 «	
Aursnes	41 «		Lade s.	382 «	
Hjelle	199 «		Kritastøl s.	369 «	
Drotn.h.	210 «		Brunstad s.	304 «	
Brøvoll	63 «		Velle s.	451 «	
Velle	20 «		Regndalen s.	266 «	
O. Kurset	81 «		Hundeid s.	327 «	
Myrset	100 «		Nysetervatn	349 «	3,6 km ²
Hovden	189 «		Langenesvatn	328 «	0,9 «
Ikornnes	45 «		Sæts s.	131 «	
Andestad	68 «		Storevatn	931 «	
	Setrar:		Regndalsvatn	430 «	
Aurdalsseter	424 m.		Småvatn	988 «	
Eidems s.	277 «		Trollvatn	832 «	

Nokre av Sykkylvsfjella.

Høgd i m.

Rana	1593 m.	Ljosadalstind	1222
Brekketind	1535 «	Urfjellet	1255
Brunstadhorn	1495 «	Hamarsettind	1215
S. Regndalstind	1485 «	Ausekaret	1212
Blåbretind	1472 «	Jurafetpiggen	1150
Velleseterhorn	1448 «	Aurdalsnibba	1083
Trollkyrkja	1436 «	Straumsh.horn	1015
Skopporn	1350 «	Storehorn	990
Blådalskollen	1340 «	Rømerhorn	983
Synnavindsnipa	1323 «	Tandstadnosa	864
Storevasstind	1275 «		491

HISTORISK TID [Til INNHOLD](#)

LEVEVEGAR

DET ELDSTE JORDBRUKET

At jorda kan bere grøde er noko som folk har visst og sett til alle tider. Men å gjere seg nytte av jorda si grøde på den beste måten, det vart ei lang lekse å lære, ei lekse som visst ingen blir full-lærd i. Det er heilt visst at dei som først slo seg ned for å livberge seg på norskekysten, levde av jakt og fiske. Det er såleis dei eldste levevegane her, og desse veidefolka levde av kjøt og fisk. Dette kosthaldet vart nok tosidig, men ikkje allsidig, og stundom kunne det vel bli knapt om næring og, når veiding eller fiske slo feil. Då tok dei til å grave i jorda etter planterøter som dei togg eller karva sund og nytta som mat, for å stille den verste svolten. Gjennom røynsle fann dei ut kva slag ville røter som smakte best og som det var mest næring i, og desse grov dei fram og samla opplag av.

Hunden var det første husdyret dei hadde. Den må vi tru fylgde dei første landnåmsmenn som kom hit, og hunden var ein trufast fylgjesvein. Han fylgde dei frå stad til stad og var til god hjelp under veiding av villdyra i skogane. Ja, for skogar var det langs alle strender og opp etter alle dalføre, og der urde det av villdyr og skogsfugl. Langs strendene fann dei skjel, og fisk var det visst nøgda av i fjordane og oppetter elvar og bekkelar. Sjølv med dei mest primitive reiskapar kunne dei såleis livberge seg gjennom dei skiftande årstider.

Det er truleg at pionerane som først slo seg ned langs kysten, hadde med seg nokre korn av matnyttige vokstrar som var kjende der dei kom frå. Av korn er det kveite og bygg som er dei eldste, og som har vore dyrka alt frå steinalderen. Dei har fylgt menneska over alt der det var jord å gro i, og har vorte livberginga for ætt



Øvre

etter ætt ned gjennom tidene. Seinare kom også havren og rugen med i laget, og så var dei fire.

Mange dreiv kultus med fedredyrking i den eldste tida. Når fedrane døydde, vart dei lagde i haug (grav), og då mange visstnok trudde på eit liv etter dette, meinte dei at dei hauglagde måtte få med seg noko i grava av slikt som dei trong medan dei levde. Det måtte då vere mat, klede, våpen o. y. a. Så la dei likesågodt nokre matkorn ned på grava og grov mold over. Dette var noko som «gudane» tottest like, for det synt seg at ikkje lenge etter spirte det fram kornstrå på grava. Dei voks og sette aks, og til neste haust stod dei med mange foll gule korn. Dette måtte vere eit klårt prov på «gudane» sin gunst, og det gjorde sitt til at husbonden også neste året la nokre frø i jorda, og det same tok seg opp att frå år til år.

Men når kornet såleis grodde og bar foll på gravene, så måtte det vel også gro om dei la det i jorda andre stader. Så grov dei opp ein liten åkerfleck og sådde nokre korn i den, og når hausten kom, stod der mange gule aks og svaga i vinden. Det vart mat og nytt såkorn når våren kom att, og slik gjekk det frå år til år.

Såleis meiner mange at gravene var dei første åkrane, og frå fedrane sine graver har kornet, som vart kalla «gudslånet» og var eit synleg prov på gudane sin gunst, — vorte næring og livberging for dei nye ætter som kom og for, gjennom alle tider.

Frå denne synsstad er det naturleg at korndyrkinga på ein mystisk måte stod i nært samband med gudstrua, og det å så kornet om våren

var halde for eit heilagt yrke alt frå eldgamal tid. Mange gamle har like til vår tid halde på den vakre, nedervde skikken at dei stod i andakt med bert hovud og bad ei still bøn om god åring før dei tok til å så ut kornet om våren. Ein slik skikk hadde visseleg større verd enn folk flest tenkjer og trur i vår mekaniserte tid. Også her sannar det seg det vi syng om fedrane våre:

— For dei gav oss ein arv til å gøyma, han er større enn mange vil tru.

JORDBRUKET GJENNOM TIDENE

Sykkylven herad har ei grunnvidd på 261 kv.km. Det meste av dette er aude fjellvidder med blåbrear og fjellvatn i klufter og skar mellom ville fjelltindar.

Inn gjennom denne fjellheimen skjer det seg eit dalføre i sørleg retning frå Storfjorden. Ytst ute er det breitt og romsleg med åsar og kollar på både sider åt Sykkylvsf jorden, som buktar seg innover til Straumgjerde. Herifrå lagar Fetvatnet overgangen til Velledalen, som skjer seg inn gjennom fjellheimen. Nedst mot Fetvatnet er dalen brei og flat i botnen. Her ligg dei tre store gardane Fet, Dravlaus og Velle med dei finaste og flataste bruka i heile heradet.

Lenger framme vert dalen etter kvart smalare og bøyer av mot aust. Fremste garden heiter Drotninghaug, og ligg vakkert til i sørhellinga.

På både sider av Sykkylvsf jorden, frå Tusvik i vest til Aursnes i aust og nord ligg bondegardane i rekkje og rad langs strendene. Dei lagar eit breitt band av dyrka jord rundt heile fjordarmen. Ovafor heimebøen er det skogen som rår grunnen. Det er for det meste lauvskog, men også noko barskog, særleg i Vikedalen og Tudalen. Skoggrensa går på lag 300—400 m. over havet. Opp mot skoggrensa og over denne ligg det fjelldalar med setrar og fjelltjørner, med store vidsveimde gras- og lyngheiar og gode fjellbeite for småfeet.

Over det heile lyfter fjellheimen seg med tindar og tårn, med blankskura svaberg og med blenkjande blåbrear. — Ei storfelt og veldig ramme om det mangslungne og skiftande landskapet. Jordkynet i heradet er mykje skiftande, — frå fjøre til fjell. Ned mot sjøen finn ein for det meste avleiringar av

leir og grus frå lengst farne tidbolkar då sjøen stod 40—60 m. høgare enn no. På dette underlaget av leirgrus har det gjennom tidene laga seg ei flo av humusjord, (jord som er laga av formolda plantedelar). Djupna på dette matjordlaget kan skifte mykje, gjerne frå 10—40 cm. Dette jordkyndet finn ein også mykje av i nedre delen av Velledalen. Det er særst god åkerjord som høver godt til dyrking av alle kornslag, poteter og rotvokstrar, særleg når moldjorda er oppblanda med litt sand og leir. Elles gir denne jordarta gode høavylingar og held godt på gjødselemna og på råmen i jorda.

Over den gamle sjøgrensa er jordkyndet meir skiftande. Her finn ein somme stader myrstrekningar der rotnande plantar har lagt seg flo på flo i tusentals år og laga myr. Djupna på myra er skiftande. Somstad kan ho vere opptil 2 m. Djupaste myrlaget er som regel svart og tett brenntorv, dei øvre laga er gjerne bruntorv eller mosetorv.

Slike myrar finn ein meir og mindre av på ymse kantar av bygda. Dei største på Riksheim, på Myrseteidet, på Grebstad og Kjemphol og somme stader i Velledalen.

Når myra ikkje er altfor djup, kan ho høve godt til å dyrke opp. Men er djupna over 1 m., vil det falle tungt å få ho nok utgrøfta. Myr med tett brenntorv høver lite til dyrkingsjord, då ho vert altfor tett og tung, men er det grastorvmyr som er noko meir molda, vil det som regel svare seg godt med grøfting og dyrking. Vert slik myr skikkeleg utgrøfta og iblanda kalk og aand og dessutan høveleg gjødsla, kan ho bere rekordavlingar både av rotvokstrar og eng.

Innimellom myrane finn ein ofte tørre rabbar og hjellar med eit jordkynde som er mykje samansett: ei blanding av leir og grus, sand og mold, og ofte med stor og små stein i rikeleg mengd. Denne kallast morene jord og er laga på den måten at isbreane i den siste istida kom sigande ned frå fjellsidene. Dei skrapa reint heilt ned på det faste fjellet. Dei sopa med seg alt som laust var, og blanda dei ymse jord-delar saman og lagde opp større eller mindre haugar eller rabbar og hjellar som vart liggjande att når breen seint omsider kvarv. Slike moreneryggar finn ein mange av i Sykkylven. Ein finn dei helst i myrkantane der ein fjelldal skjer seg ned i hovud-dalføret, og elles her og der langs fjellsidene.

Fonna jorda er gjerne samansett på lag som morenejorda. Her var det fonnene som kom rausande ned frå fjellsidene som

blanda dei ymse jordslag saman. Her finn vi såleis stein og sand, leir og grus, mold og rotnande plantedelar i u-einsarta blanding. Slik fonnajord finn ein meir og mindre av langs alle fjellsider. Somstad har fonnene gått heilt ned til sjøen eller vatnet, og har laga fonnarabbar og fonnagjel som smått om senn gror over med lyng og kratt.

Både morenejorda og fonnajorda er oftast svært steinfull og difor tung og vanskeleg å dyrke. Men likevel vil det som oftast svare seg å dyrke slik jord då ho er varm og drivande, og såleis svært vokster-næm når ho først er rydda og gjødsla. På denne slag jord kan ein dyrke nær sagt alle slag kulturvokstrar, men særleg høver ho til bær- og fruktdyrking. Ho er også sær god til korn og poteter.

Alle dei jordslag som her er nemnde, finn vi i Sykkylven, somstad einsarta i større felt, men oftast meir eller mindre blanda. Sjølv på eitt lite gardsbruk kan det ofte finnast noko av alle desse jordslaga, og såleis kan ein velje den rette jord til dei ymse vokstrar, som ein vil dyrke på bruket. På denne måten kan det bli ei allsidig jordbruksdrift, som har ymse føremoner framfor ei einssidig drift.

Verlaget. Ved sida av jordkyndet er det verlaget som har den største innverknad på vilkåra for jordbruksproduksjonen. Då Sykkylven ligg på lag i det midtre kyststrøk, er det rimeleg at bygda får sin lut både av det typiske kystverlaget og av innlandsverlaget. Stort sett er det nok kystverlaget som her er det dominerande. Det særmerkte for dette er ei stor nedbørsmengd, særleg på ettersommaren og hausten, ja, ofte også om våren og sommaren.

Våren er ofte sein og kald med snø og slafs til langt ut i mai månad. Ofte ligg det eit breitt skoddebelte langs kysten og stengjer ute sol og varme, medan det i dei indre fjordstrøk kan vere solblank himmel med sol og varme dag etter dag, veke etter veke. Veret kan såleis ofte setje tolmodet åt jordbrukaren på ei hard prøve. Men kan det ofte vere grått og surt, så er det dess gildare når vinden sopar skodda vekk, og himmelen blånar med soldis over alle fjell. Då er det brått som verda vert ny, og alle voner står i knopp. Og slik er det ofte. Då stig bygda fram som etter eit laug. Nytvegen og rein kastar ho skoddehamen og tek på seg helgaskrud. Hug og tankar vert stemt til andakt og høgtid, og vi må seie med Gunnar på Lidarende: «Fager er bygda! Aldri har eg sett ho fagrare!»



Brunstad

Både natur, verlag og jordkynde er såleis mangslunge og skiftande. Det er vel dette som har gripe Kr. Randers når han i si bok om Sunnmøre m. a. skriv dette:

«Sykkylven er maske det skjønneste av alle Søndmøres landskaber. Hvad der betinger dette er egentlig ikke noget enkelt — ikke fjorden, ikke fjeldene, ikke bræerne, ikke dalen ---men det er alt dette i forening. Det er den harmoniske blanding av det storartede med det smilende, den så at sige kunstneriske sammensmeltning av alt hvad der andetsteds findes mere ensidig, mere uformidlet og mere spredt».

Den kjende forfatteren Hans Strøm, sokneprest i Volda 1764—1778, før kapellan i Borgund 1750, har i det store verket sitt «Søndmørs Beskrivelse», som kom ut i 1762, gitt gode opplysningar om jordbrukstilhøva kring 1750-åra:

«I den siste Tid» seier han, «har Jordbruget meget forbedret sig på Grund av Skovens Avtagen, thi sålænge den varede blev der alene lagt Vind på Skovhugst, og Jorden lå udyrket. Da Skoven var forødt, blev Trærnes Rødder anvendt til Tjærebrænding, hvorved der blev udvundet en betydelig Mengde Tjære, som dog på Grund af Mengden og den deraf følgende lave Pris, ei kunde erstatte Udgifterne til Indkjøb af fremmed Korn. Da så endelig også Rødderne begynte at aftage, og Tjærebrændingen krævede mere Arbeide, begyndte tilsist Jorddyrkningen, hvori Bønderne havde gode Eksempler i Provst og Sogneprest i Borgund, Mag. Kristoffer Hjermann, og Sorenskriver Anders Hansen Møller, som begge var gode Agerdyrkere».

Vidare seier Strøm: «Således er Agerdyrkningen hos oss Tid efter anden meget blevet forbedret, men ikke desto mindre har den dog endnu sine Mangler, først i den Henseende at her findes en temmelig del øde Gods, nemlig for nærværende Tid 58 Voger, 1 Pd. 13 Mærker, hvilket kommer fornemlig deraf, at Husene på disse Steder er forrådnede, og at ingen i denne skovløse Egn kan eller vil sætte dem i Stand igjen, hvoraf nødvendig følger at Gårdene må ligge øde. Dærnæst er ei heller Agerdyrkningen endnu bragt til den Fuldkommenhed, at Landet kan hjælpe sig med sin egen Kornavling, hvilket jeg dog med visse Indskrænkninger og Vilkår ikke holder for at være ganske umuligt».

For å forstå Strøm i det han skriv, må vi hugse at dei fleste bønder på Sunnmøre var leiglendingar i den tida, og jorda leiglendingsjord. Det er noko ein stendig råkar på i det 17. og 18. hundreåret at det finst ei mengd øydegardar, d. e. gardar som var ubudde og ubrukte, fordi ingen ville overta dei, ikkje ein gong når avgifta var så lita som berre skatten av garden. Dette var ei naturleg fylgje av heile leiglendingsstellet. Gardane vart vanstelte, husa rotne ned, og alt forfall, fordi brukaren ikkje ville ha nokon kostnad.

Hans Strøm hadde prøvt å rekne ut kor mykje korn dei avla på Sunnmøre og kor mykje dei laut føre inn. Han bytte soknene i 5 klasser. I første klassa tok han med dei sokner som med vanlege åringar kunne brødføde seg med korn og dertil hadde noko til overs for sal. Til denne klassa rekna han: Stranda, Haram, Vigra, Ørskog, Sykkylven, Stordal, Ørsta, Vanylven og Syvde. Visst kjøpte dei noko korn år om anna også i desse bygdene, men så selde dei på lag like mykje.

Til andre klassa reknar han bygder som visst i vanlege år måtte kjøpe noko korn, men ikkje rett mykje, når dei fekk gode åringar. Desse bygdene var: Vatne, Skodje, Hjørundfjord, Volda, Ulstein, Hareid. Mellom desse finst det likevel bygder som kan avle meir korn enn dei treng sjølve. Til tredje klassa rekna han bygder som årleg måtte kjøpe ein god slump korn. Det var Norddal, Sunnlyven, Geiranger, Herøy, Sande, Rovde og Borgund.

Strøm har rekna ut at det trongst kring 5000 tynner rug, bygg, havre og malt årleg på Sunnmøre. Til dette kjem det som embetsmenn og bymenn brukte og det som gjekk med til bryllaup, gravøl og

liknande høve. Det set han til 5000 tynner, og såleis får han ut at Sunnmøre hadde bruk for 8—10 tusen tynner korn årleg, og det kosta 18—20 000 riksdalar.

Korntiendaa for Sunnmøre var i alt 2791,5 tn. bygg og havre tilsaman, og heile kornavlen skulle då bli 27915 tynner. Men til dette gjer Strøm den merknad at tienda er sett for lågt, då ho vart svara etter ein gamal takst. Han meiner difor at avlinga var minst dobbelt så stor, og truleg bortimot 60 000 tynner.

Dei kornslag dei dyrka på Sunnmøre, var havre, blandkorn og rug. Bøndene trudde at blandkorn gav større avling enn havre og bygg kvar for seg, — noko som Strøm tvilar på, endå mange forfattarar hadde hevda det. Humle avla dei mykje av på Stranda og i Sykkylven, men særleg i Sunnylvn der dei førde ut så mykje at dei betalte skatten med det.

Hans Strøm skriv eitt og anna om dei ymse prestegjeld på Sunnmøre, og gjev på den måten ein stutt karakteristikk for kvar bygd.

Om Ørskog skriv han slik: «Strandsiderne langs Fjorden var temmelig smale og steile og kun lidet skikket til Agerbrug. Dette forårsagede den Ulighed, at når Dalboerne i Almindelighed kunde avle tilstrækkelig af all slags Sæd og hjælpe sig med sin egen Kornavl, så måtte Strandbeboerne søge Undsætning udenfra i Almindelighed, og årlig købe en Del fremmede Kornvarer».

Om Sykkylven skriv Strøm: «Det ansees for et af de fruktbarste og smukkeste Steder på hele Søndmør, så at det ikke uden Årsag bliver kaldt «Det lille Danmark», — et Navn som det uden Tvivl har fået af Dansker, som befindes ei sjelden at have sått sig ned her. Ligesom Egnen i sig selv er frugtbar, så anvendes og af Indbyggerne megen Flid på Agerdyrkningen i Almindelighed og på Agrenes Forbedring i Særdeleshed. — Kornavlingen dér er således af den Betydning, at Sognet ei alene kan undvære Tilførsel af fremmed Korn og Malt, men og årlig har noget tilovers at sælge til trengende Naboer, — dog mere før end nu om Stunder, da Gårdene formedelst Fiskerienes tiltagende Drift, er delt i mindre Parter. — Desuden fortærer nu Indbyggerne selv mere af Kornvarer end til nødvendig Brug behøves».

På Klokkehaug budde oberstløytnant Rømer kring 1740. Han var m. a. ein dugande bonde som dreiv garden opp og sette han

i ypparleg stand. Særleg dyrka han myr som han grøfta ut og gjødsla med fiskeslog og hovud. Han vart ein føregangsmann som gardbrukar i si tid.

Fauske jydén, som levde kring 1700-talet, var og ein framsynt og dugande gardbrukar. Han grøfta ut myrane og dyrka dei. Dei store steinane søkkte han ned i myra.

Poteta kom først til Vestlandet kring 1755 og breidde seg på få år til alle bygder. Trass i at somme såg noko skeptisk på den nye planten frå først av, vart han etter kvart vanleg dyrka på kvar gard, etter at «potetprestane» hadde drive ein kraftig propaganda for dyrkinga. Strøm skriv om ein gullsmed Rautx som budde på garden Rellingen i Norddal. (Etter namnet å dømme måtte han vere utlending). Han var dugande både i sitt handverk og i jordbruk. «Ved samme Mands Flid ser man heele Ågre fulde af Potatos eller Solanum Tuberosum, som ei alene befindes at arte sig godt i Jorden, men og at skikke sig overmade vel til Fladbrød, når den blandes med Bygmel».

Kva tid poteta først kom til Sykkylven, kan ingen seie for visst, men det er truleg at ho kom hit like tidleg som i dei andre fjordbygder, altså kring 1757—1760. Før poteta kom i bruk, var det vanleg at dei dyrka matneper som dei brukte i hushaldet. Då poteta



vart kjend, tok ho snart plassen etter nepa og vart etter kvart turvande i kvar manns hus. Ho var lett å dyrke og gav store og verdfulle avlingar, ho var lett å lagre og kunne nyttast like godt til folkemat og til for. Ved sida av kornet er det ingen av kulturplantane våre som har hatt ein så brei plass i folkenæringa vår som poteta. I grønåra og i krigsåra 1807—14 og under dei to store heimskrigane var det poteta som berga så mange frå svolt og naud når det kneip som verst.

SETRAR OG SETERLIV I ELDRE TID

Etter alt å dømme har her vore setrar og seterdrift i Sykkylven frå uminnelege tider. I fjelldalane var det gode beite for storfeet, og i heiane for smalen. Det vart altfor lang veg å jage buskapen, om han skulle til gards kvar kveld. Difor vart buskapen gåande i beitet døgret rundt om sommaren. Men det vart tungvint å hente avdråtten heim frå fjellet på dette viset, og ofte var det ufyse ver for buskapen vår og haust. Så vart det først bygt seterbuer til gjetarane og budeiene, og etter kvart også fjøsar åt buskapen.

Desse seterhusa var oftast bygde av gråstein, og murane vart tetta med leir. Berre taket med sperrer og trofjøl og så dører og vindauge, (om det då fanst slike) var av treverk. I desse seterbuene heldt så gjetarane og budeiene til sommarstida.

Det var mykje udyr i fjell og skog i eldre tid: bjørn, ulv, gaupe, mår. Difor kunne ein aldri vere trygg for buskapen i beitemarka. Gjedarane måtte fylgje med og halde krøtera saman i beitet, og så sanke dei til støls om kvelden. Kom udyra likevel, så måtte gjedarane hauke, rope og skråle alt dei orka for å skræme uvargedyra.

Før det vart bygt fjøs på setrane, var det ofte at bjørnen kom og tok på buskapen ute på setervollen om natta. Når budeiene då høyrde bjølleskramling og beljing, skjønna dei straks at bamsefar var ute etter veidn. Då var det å kveikje eld i neverluren som låg ferdig — fest på ein lang staur, og så ut på setervollen og fekte med eldvåpenet og hauke og skråle av full hals. Då vart bamsen redd og rømde, men dyra var så forskræmde at dei samla seg i ein tett krull kring seterbu og var ikkje til å få av flekken. Først når det ljosna av dag, våga dei seg ut på setervollen att for å beite.

Seterjentene måtte stå opp i 4—5-tida om morgonen for å bli ferdige med mjølkinga og morgonstellet til den tid då buskapen skulle

jagast i beite i 7—8-tida. Kvar budeie hadde oftast fleire buskapar å mjølke, gjerne 15—20 kyr tilsaman, på 4—5 byte. Det var mest vanleg å «blengje» mjølka og lage ost etter at fløyten var skumma av. Av fløyten kinna dei smør, og mysa kokte dei inn til mysost. Smøret og osten vart lagra på hyller i innselet, og med passande mellomrom vart så varene borne eller køyrde til gards. Seterdeiene hadde såleis eit stort arbeid med mjølka og mjølkeprodukta. Stundom vann dei ikkje å stelle all mjølka til smør og ost. Då sette dei opp noko av mjølka i treringjer, «koller», og syra ho. Når mjølka var passande sur, fløytt dei rjomen av og tømde skjøret i skjørsåen. Når han var full, vart han køyrd til gards.

OM SETRANE I SYKKYLVEN

Frå gamalt har kvar gard og grend hatt sine setrar, der dei hadde buskapen sommarmånadene juni—august. Somme hadde endå to setrar, heimsetra og framsetra, som dei ofte vart kalla. Då hadde dei buskapen på heimsetra først på sommaren, og seinare på framsetra. Då fekk dei nytte ut beita på betre måte, og beitevegane vart ikkje så lange korkje for gjetarane eller beitefeet. På setra hadde kvar bonde gjerne sitt eige sel og fjøs, men det hende ofte at to mindre gardbrukarar slo seg saman og hadde sel og fjøs i lag. På den måten kom dei billegare frå det.

Når våren kom, slepte dei ofte krøtera ut på heimebøen så snart graset tok til å ydde. Så fekk dei gå der og beite til graset voks så pass i heimehamna at dei kunne sleppe dei dit. Der gjekk dei då til stølsferda, då dei flytte på heimsetra. Det kunne skifte ikkje så lite med tida etter som sommaren var. Oftast flytte dei i midten av juni eller somme fram imot jonsok. Buferdsdagen til seters var alltid ein stor dag, ikkje minst for budeiene og borna. Men buskapen gledde seg også til å kome attende til dei kjende og kjære setervollane og beitemarkene.

På mange setrar var det slåttestykke, der kvar bonde hadde sine teigar. Desse stykka vart gjødsla med den husdyrgjødsla som fall på setra. Når slåttonna var unnagjort heime, tok dei i veg og slo seterteigane. Når så høyet var tørka på vollen, vart det lagt inn i høyskjåen, som ofte var eit tilbygg til selet. Der vart det liggjande til vinteren kom, då vart det køyrt til gards på slepeslede.



Frå Løsetstølen, Sovikdal

På heimsetra kunne buskapen vere ein månads tid, og stundom meir, etter som beitet var til. Når så beitet traust, flytte dei med folk og bøling til framsetra eller haustsetra, og heldt seg der til heimferdsdagen. Var det vid og god seterhamn, kunne dei stundom halde ut på setra til slutten av september, — ja, av og til ut i oktober.

Når det snøa så pass ned i fjella at toppane vart heilt kvite, då var det eit varsel til budeier og bøling at dei måtte bu seg på heimferda. Og gledde dei seg til seterferda om våren, så gledde dei seg vel likeså mykje til heimferda om hausten. For det var ofte hустre og kaldt på setra dei mørke haustkveldane når regnet sila, elvane fløynde og haustvindane ylte gjennom fjelldalen. Då ynskte budeia seg heim på det logne buloftet og den varme stova heime på garden, og kua kom i hug ein god og varm bås der ho fekk sine matmål regelvisst dag etter dag. Dei lengta heim.

Og så kom dagen. Budeier og gjetarar la på seg svære bører med klede, spann og kokekar og rusla på heimveg. Bølingen skjøna at no bar det heimover, og i rekkje og rad kom dei rəsande. Hauking og kuraut, bjølleklang og glad lått blanda seg saman i den grå haustdagen, og folk og fe vart helsa velkomne heimatt frå setra, av dei som heime var.

Budeiene på setra hadde mykje å stå i. Det var ofte dei mjølka kyrne åt fleire bønder (2—5 byte). Det kunne bli opp til 20—30 kyr å mjølke om morgon og kveld. Difor måtte dei tidleg opp. Kl. 4 var det vanlege, skulle dei bli ferdige med mjølkinga til kyrne skulle jagast i hamna. Då kom gjetarane og ropa: Ut med kyrne! Og så kom dei i flokk og fylgje med ringlande bjøller, med rauting og rop og skrål til beitemarka.

Medan var budeia forkava med mjølkestellet. Kvart byte måtte stellast særskilt så kvar fekk sitt. Så langt fram som til 1890-åra vart mest all mjølka syra på setra. I store treringjer (koller) vart mjølka sett opp i hyller i innselet og tilsett litt tette (seig surmjølk). Etter 2—3 dagar hadde mjølka «dotte ihop» og var kjær eller surmjølk. Kom det gjester eller nokon frå bygda til støls, var rjomerinja det vissaste som vart sett på bordet, saman med flatbrød eller flatkake. Rjomen var gul og feit og ofte så tjukk som det tjukkaste lapperer. Og kjærret så seigt at ein kunne drage det ut i lange tynne taumar. Mjølkestellet gjekk elles ut på å fløyte rjomen av ringjene og fylle han i rjomedallen. kjærret vart tømt i kjærtynna gjennom eit spunshol. Når ho var passande full, sette budeia spunset (stor kork) i spunsholet. Ein gong eller to for veka kom så husbonden eller drengen køyrande til støls etter kjærtynna og rjomedallen. Det var ei særskild køyredoning (stutthynningen) som vart brukt til dette. Til å binde tynna fast på hynningen brukte dei ein kjetting fest til ein staur.

Var det husbonden som kom til støls, sette budeia fram rjomerinja og elles det beste ho hadde av mat attåt. Så måtte han sjå seg om på stølen og handfare buskapen, dersom den ikkje var på beite. Var dyra velstelte og mjølkestellet godt, fekk budeia vel-læte av husbonden. Var det noko han mislika, sa han frå om det og, og budeia lova å rette på det som var gale. Når han så var ferdig og hadde surra kjærtynna grundig fast på stutthynningen, sette han gardsmerra for lasset og tok på heimveg. Rjomedallen måtte berast heim av drengen eller gjetarguten.

Setervegane var svært skrale med store steinar og bratte staup både her og der, så det vart mykje humping og hiving før tynna kom til gards. Og ikkje så sjeldan gjekk det gale: Stutthynningen valtra overende, og tynna slo seg sund mot steinane i råsa. Så rann det seige kjærret utover og gråsteinane vart kvite. Så var det å få tynna

oppatt og bøte henne så godt som råd var for å få resten av skjøret til gards. Frå slike hende har ein namn som «Skjørsteinen», «Rjomesteinen» o. s. b. Så var det å «blengje skjøret» d. e. å varme det opp så kaseinet skil seg ut. Denne kosten laga dei til ramost, etter utrøynde og godkjende metodar. Ofte kjendest ramostlukta på lang veg når osten stod og remdest. Mysa kokte dei til prim eller mysost. Men noko av mysa gjekk i syresåen der ho stod og vart sur. Denne syra blanda dei så opp med vatn, og brukte denne syreblenda som tyrstedrikk heile sommaren og hausten. Det var helsesam drikk.

Når seterdeiene skulle stelle mjølka på setra, hadde dei fullt opp med arbeid frå morgon til kveld heile veka til endes. Dei kom såleis ikkje til gards anna enn av og til om helgane, og ofte ikkje då heller, for det var langt til gards for mange. På somme gardar kunne setervegen vere opp til 10—12 km. Det var oftast faste kvile på vegen, og når ein kom dit, skulle alle setje seg og kvile ut eit lite bel. Mellom kvila var det på lag 2—3 km., og når ein skulle bere ei tung bør, var det nok råd til å gå seg trøyyt, så det smakte godt å ta seg ein liten kvil.

Kring 1870—80-åra tok somme bønder til å byggje fjøs åt buskapen på setrane. Det var turvande for å verne dei både mot udyra og mot uveret. Fjøsa vart til liks med sela, bygde av gråstein. Ned på murane vart det lagd ei ramme av runde stokkar, og på denne ramma kvilde taket, samanbunde av 2—4 tverrbetar, som ikkje låg høgare enn at kyrne så vidt kunne gå under dei. Men sjølv om desse fjøsa var nokså primitive, var det likevel ei god livd for dyra. Fjøs dørene måtte vere sterke med bom og slå så ikkje bamsen kunne slå dei inn, for han er tung på labben den karen. Og når han er svolten, så kvir han seg ikkje for å bruke knyttneven for å kome seg inn.

Etter kvart vart det slik at alle som hadde kyr på setra, bygde fjøs. Stundom gjekk 2—3 mann saman og bygde eit «fellesfjøs» dersom buskapane var små. Det kunne då bli 8—20 båsar i kvart av desse fjøsa, og så fekk alle kyrne kome under tak. Då kunne også budeiene og gjetarane sove tryggare om natta.

Då dei første smørmeieria vart bygde litt føre 1900-talet, førde det med seg ei omlegging av seterdrifta. Mjølka vart ikkje lenger foredla oppe på setra, men vart boren til gards og køyrd på meieriet. Seterdrifta vart på den måten forenkla ikkje så

lite, men seterdeiene fekk likevel nok å stri med. No vart det å traske dei lange setervegane både morgon og kveld. Straks dei hadde mjølka om morgonen, sette dei mjølka i avkjøling i kaldt, rennande oppkomevatn. Så slepte dei buskapen ut og gjorde seg ferdig med morgonstellet, medan gjetarane tok seg av buskapen og jaga han ut i beitemarka. Når så morgonstellet var unnagjort og mjølka avkjølt, tok budeia bringetrete, hekta mjølkespanna på krokane og bar mjølka til gards. Som oftast gjekk budeiene berrfytte heile sommaren i allslags ver. Mjølkebøra var ofte tung. 15—25 liter mjølk var ikkje uvanleg, men det var ikkje tale om å kvile før dei var komne til dei faste kvileplassane. Men då var det også godt å få setje børa ned, for det verke både i bein og okslar.

Når dei kom til gards med mjølka i 9—10-tida på føremiddag, kom mjølkekøyraren og køyrde mjølka på meieriet, der ho vart separert. Skummamjølka køyrde dei heimatt, og den vart brukt i hushaldet. Noko vart syra til skjør, noko kokte dei til dravle, som var mykje brukt til kveldsmat. Mysa kokte dei inn til mysost eller prim, som vart brukt til pålegg.

Når seterjentene hadde fått seg morgonmat, måtte dei ut på arbeid på åker eller eng saman med dei andre husfolka. Etter middag vart det stundom ei lita middagskvild, men var det høyterre med mykje høy, vart det smått med kvila. Då var det å henge i til kl. var frammot 7 om kvelden. Då tok dei tomspanna på kroken og sette kursen til støls att. Oftast var det fleire i lag, og då gjekk det med tralling og lått og kâte sprang opp etter setervegen, medan sola dala i vest, og kveldsdogga tok til å falle. Når dei kom så langt at dei såg setra, sette dei i å hauke så det gav atterljom i fjella rundt ikring. Og gjetarane som høyrde det, svara med hjaling og trall, der dei var på veg mot stølen med buskapen.

Fjøs dørene vart opna, og kyrne fann att båsane sine og vart bundne. Om ei stund fossa mjølkestrålane i bytta, så skummet stod langt opp om trømen medan budeiene tralla og song til, og arbeidet gjekk som ein lek.

Men var det ei ku borte, då hadde ikkje budeia ro på seg. Ho måtte i veg og leite, saman med gjetaren. Då lokka ho og kalla på kua si: «Kom Liaros, du vene, kom heimatte du, kom heimatt til kvelden, mi gildaste ku!» Høyrde kua lokkinga, så kjende ho målet og svara på sin måte oppi åsen: Muu!

Muuu! Muuuu! Og så tok ho i veg og kom til møtes med den gode budeia si, som klappa og kjælte henne og gav henne salt.

Når kyrne vel var mjølka, la dei seg til ro og jorta i båsane sine. Då var det stilt og fredfullt på stølen. Berre eitt og anna klunk av bjøller kunne ein høyre i den stille sommarkvelden, medan budeia gjekk inne i selet og sulla og song og stelte til kveldsmaten.

Var det laurdagskvelden, venta ho gjerne einkvan frå bygda. Kven kunne vite, — kanskje kom den guten ho lika best av alle. — Ho vart raud og heit berre ved tanken. Men det lakka og leid alt på kvelden, og spaninga var ikkje til å halde ut. Så måte ho ut på utsynshaugen så ho kunne sjå eit stykke nedetter setervegen. -----

Seterdalen låg der sveipt i mild og blå nattedis. Lufta låg og skalv og dirra etter den heite soldagen, men no var det så velsigna svalt og godt. Den milde kveldsvinden leika med dei ljose hårlokkane hennar og strauk henne kjælen om kinnet.

Lenge vert ho ståande, lyer og stirer, — men alt er så stilt, så stilt. Det fossar og brusar i barmen,----- einsleg, einsleg. Så ruslar ho stillsleg heimover stølsvangen, smett inn i selet og låser døra etter seg. Trøytt går ho til sengs — og sovnar med tårer på kinn. Men ute kvelver sommarnatta seg blabblank og mild over dalar og fjell.

Ein gong for veka vart så rjomedallane borne heim frå setra. Når så rjomen var passande syra, tømde husmora han opp i kinna, og så bar det til å kinne smør. Stundom var rjomen «tråkinna» — og ville ikkje grøpe seg. Somme trudde då at ei eller onnor trollkjerring hadde vore ute med kunstane sine. Kom det nokon framand til gards med husmora kinna, bar ho gjerne kinna ut i eit anna rom, så lenge den framande var inne. Dette var vel for å sikre seg mot at rjomen skulle bli fortrolla.

Når smøret var salta og stelt, vart noko av det fylt i gjesteøskja som var utkrota og ofte rosemåla. Når gjester eller framande kom til gards, vart smørøskja framsett saman med maten frå gjestekorga. Det var flatbrød og snikalefse, søst og mor (rullepølse) og elles alt det beste som i huset var. Men til kvardags skulle både smør og ost etlast ut til husfolket, så kvar fekk det dei skulle, men heller ikkje meir. For både smør og ost var god salsvare, og ofte vart landskylda betalt beinveges med desse varene i eldre tid. Til 1870—80-åra var dei fleste av gardbrukarane bygselmenn som bygsla garden av ein gardeigar. Leigeavgifta (landskylda) skulle betalast årleg in natura

eller i reie pengar, eller og noko av kvart, t. d. 1 pund smør (6 kg.) 2 famner ved og 5 rdl. kontant. Prisen på produkta var ikkje jamt så stor. Kring 1850 og utover kunne prisen på ramost vere 3–10 øre pr. kg. Smøret var kr. 0,80–1,60 pr. kg. og famneveden 3—5 kr. pr. famn. I 1885 skulle ein mann i Hundeidvik byggje seg nytt hus. For å få seg noko pengar tok han 2 haustbære kyr og ein 2 års ukse, rodde dei på storfæring til Langevåg og selde dei alle under eitt for kr. 100,— til Nils Fylling.

Folket levde sparsamt og sette ikkje store krav slik som mange gjer i vår tid. Hushaldet var oftast enkelt og billeg. Fisk og sild vart mykje nytta i kosthaldet, for det slapp ein å kjøpe, — dei fleste strandsitjarar og andre fiska det dei trong til hushaldet. Fisken brukte dei fersk eller salta han ned. Torsken tørka dei til klippfisk, og silda salta dei og hengde ho opp som spengslasild (2 og 2 sild samanbundne etter sporden), eller heklasild (2 og 2 samantrædde i hovudet). Noko av silda vart salta til spekesild og noko vart flakt, salta og røykt til røykasild. Ein sort kalla dei kasasild, det var kokt, lakebrend spekesild. Det var ikkje nettopp gjestebodskost, men til kvardags tok folk til takke med dei fekk, så dei slapp svelte. Ei tenestjente fortalde at ho fekk sild 3 gonger om dag der ho tente på ein gard i Hundeidvik i 1875.

Seterdeiene blengde mjølka på setra til 1891. Av mysa kokte dei mysost, og av rjomen kinna dei smør. Dei sette si ære i å kome med mykje smør og ost til gards. Då vart matmor gladværug og blid, og seterdeia fekk mykje god mat ned i spanna før ho tok i veg til støls att.

Lars J. Drabløs var den første som prøvde med meieridrift i Sykkylven. Det var kring 1888 han starta med eit setermeieri på Dravlausstølen. Drifta svara seg ikkje, og etter eit par år vart meieriet nedlagt.

I 1891 kjøpte Petter Johansen Aurdal ein separator, som han sette opp i kjellaren i Kapralgarden på Aure. Han tok mot mjølk frå Grebstaddalen, separerte mjølka og kinna smør. Smøret vart sendt til England gjennom ein mellom-mann i Ålesund, herr Møller.

(Det er fortalt at då ein mann i Grebstaddalen høyrde om denne separatoren som var komen til bygda, så sa han: «Eg er no ikkje så hæv at eg har fått helsa på denne framandkaren eg endå». Det er greitt han trudde separatoren var ein mann).

LITT OM SETRANE

Vass-setra ligg på fjellet ovafor Sandvika, i nordvest for Storevarden. Det er Aursnes og Fauske som eig setra, (8 hovudbruk og 10 småbruk). Der er 7 sel og 7 fjøs, og setra ligg særskilt vakkert til, 4 km. frå Aursnes. Eigjarane har kvar sine slåttestykke som dei slær enno. Setra ligg like ved eit vatn, og litt lenger borte ligg to andre vatn. I 1912 vart det bygt veg til Vass-setra, men den har ikkje vorte halden vedlike, og er difor mindre bra. Setra er endå i drift.

Der er merke etter 2 eldre setrar: Gamlesetra og Myresetra, men ingen kan seie når desse vart nedlagde.

Grebstadsetra ligg på ein haug i fjellplataet sør for Haugset. Der har det vore seter så lenge som nokon veit om, ca. 5 km. frå Grebstad. Der er 17 sel og 16 fjøs med 22 eigarar i alt. Det er såleis som ein liten landsby, som ligg svært vakkert til i austhallinga. Eigjarane har kvar sine slåttestykke som dei slær framleis. I 1885 vart det først bygt hjulveg til setra, og i 1937 vart ny veg bygd. Setra er enno i drift. 7 av sela har fjøs under. 6 fjøs har 2 eigarar. Grebstadsetra vart kartlagd og utskift i 1863 av utskiftingsformann Daae.

Eidemsetra ligg i Sunndalen, om lag 6,5 km. frå Eidem. Segna fortel at setra vart kjøpt av Aure for ei tynne smør, langt attende. Det er 8 eigarar som har kvar sine seterhus og kvar sine slåttestykke. Det var også slåttestykke utafor stølen. Desse vart slegne til 1890. Der er god køyreveg som vart bygd i 1885. Setra er enno i drift.

Lysholsetra ligg i eit dalføre nord for Lysholgarden, ca. 2,3 km. veg. Der er 4 eigarar som har kvar sine seterhus. Før var der også slåttestykke som dei slo til 1935. Seterveg vart bygd i 1942, då setra enno var i drift. Arne Lyshol og Oldus Lyshol bygde nye seterhus i 1942, og flytte då frå dei gamle tuftene til flatare lende midt i dalføret, der den nye vegen går. No er setra nedlagd.

Andestadsetra ligg på fjellet ca. 4 km. n. v. for Andestad. Der er 4 eigarar med 3 sel og 1 fjøs. Før var der også slåttestykke som dei slo til 1918. Det er ikkje bygt skikkeleg veg der, og setra vart nedlagd i 1930.

Aurdalsetra ligg 2 km. sør for Aurdal og 400 m. ovafor Aurdalselva. Der er 7 eigarar med kvar sine sel, men berre eitt fjøs. Dei setrar 8 veker kv. å. Eigjarane har kvar sine slåttestykke, som

dei slær framleis. I 1937—38 vart det bygt 3 m. brei veg til setra, 1400 m. lang. Somme eigarar har teke til å fulldyrke seterteigane sine, og vil drive dei som kulturbeite i samband med setra.

Haugset og Kjemphol har seter i lag. Ho ligg i Sunndalen ca. 6 km. frå Haugset, og vert kalla Nersetra, truleg avdi ho ligg ved elva og lågare enn dei andre setrane derikring. Denne setra låg tidlegare på den såkalla Gamlestølen, der ein enno kan sjå restar av steingarden som hegna om setra. Seltuftene er også synlege enno. Setra vart flytt i 1897 då der var utskifting i setermarka, og Grebstad fekk hamna si der. Haugset- og Kjempholstølen har no 5 sel og 3 fjøs, fordelt på 10 eigarar på grunn av sameige. Stølen er ikkje innhegna, så der er ikkje slåtteestykke, men setra er enno i drift nokre veker kvar sommar. Hjulveg vart bygd i 1885, og noko av den vart omlagd i 1935—36, så han kan nyttast som bilveg.

Auresetra ligg i Sunndalen 10 km. frå Aure. Setra vert ofte kalla «Synndalen». Der er 7 sel og 5 fjøs, fordelt på 19 eigarar. Setra er enno i drift. Der er også slåtteestykke som vert slegne kvar sommar. Sunndalen er ein god hamnedal for buskapen. Både bu og smale vert feite og fine der. I 1885 vart det bygt køyreveg til setra, og han er halden bra i stand.

Vikesetrane. Legene ligg 1 km. frå Vikegarden. Der er 4 sel, 10 fjøs og 2 stølsgjerde. Der har beita 70 kyr. No er der noko kulturbeite. Beitetida frå slutten av mai — 15. juli og frå 15. august til 1. oktober. Siste åra har der vore beita i eitt frå juni til september. Beitevidd ca. 5000 mål.

Til Gimsdalen er det omlag 8 km. skral køyreveg frå Vik. Der er 8 sel og 8 fjøs, men ikkje stølsgjerde. Der har det beita ca. 80 kyr i 4—6 veker i juli—august. I 1950 og 52 vart ikkje setra nytta. Setervegen vart ferdigbygd 1930. Gode sel som er delvis nytta enno.

Blindheimsetra, også kalla Skålholten ligg i Vikedalen om lag 6 km. frå Blindheim. Der er det 5 sel med fjøs fordelt på 7 eigarar. Før var der også slåtteestykke som dei slo til om lag 1905, då stølen vart utlagd, men setra er enno i drift. I 1902 tok dei til å byggje køyreveg til Skålholten, men arbeidet vart ikkje fullført då. Først i 1930-åra vart resten av vegen opparbeidd, så der er no god køyreveg heilt fram. Frå eldre tider veit dei om «Gamlesetra» som låg ovafor Vikesetra, Gimsdalsetra som låg på sørsida av elva, litt

framafor bruna i Gimsdalen, er nedlagd for lang tid sia, men seltuften syner enno. Også Høyset som låg lenger nede i Vikedalen, er nedlagd for lenge sia.

Tynnessetra ligg også i Vikedalen på lag 3 km. frå Tynes. Der er det 5 sel med fjøs, og 6 eigarar. Setra har ikkje slåttestykke, men ho er enno i drift. Dei to gamle setrane Øvrestølen og Pegjerdet er longe nedlagde. Kring 1900-talet vart det bygt køyreveg til setra, og den er halden i stand.

Straumsdalen, som ligg mellom Hamarsettindane og Straumshornet, er ein av dei Vakraste fjelldalane i Sykkylven. I nord går han i eitt med den skogrike Vikedalen, og går derifrå i sørleg retning og endar i Botnen ved sørenden på Langenesvatnet. Dalen er om lag 5 km. lang. I Straumsdalen er det 2 setrar, Hindaholen og Langeneset. Tandstad, Straumgjærde og Straume har setra der frå gamal tid.

Hindahol-setra ligg vakkert til på ein haug i nordre enden av Straumsdalen. Der er tørre gode setervollar som er teigbytte. Kvar gardbrukar hadde sine slåttestykke der frå gamalt. Høyet tørka dei og la det inn i høyskjåen til endes med selet. Dei køyrde det heim på vinterføre. I 1930 var det slutt med slåttene, og stølen vart lagd under fefot. På Hindaholen er der 6 sel og 8 fjøs, men der har vore fleire før. Setra er enno delvis i drift, men frå 1945 har fleire av eigarane slutta å setre, fordi det ikkje var budeier å få til seterdrifta. På nordre stølstykket er ein haug med namnet Graut-haugen. Der sat dei og åt rjomegraut når det var stølshelg, og på setervollen tett ved leika og dansa dei i dei stille fine sommarkveldane når sol seig i havet og gylte fjelltindane på båe sider av dalen. I 1905—7 vart det bygt køyreveg til Hindaholen. Då var det stordugnad med 3—400 mann i arbeid. Vegen er om lag 5 km. lang, og lange stykke går han gjennom ur og ulende.

I søre enden av Straumsdalen ligg Langenesvatnet, som er vel 2 km. langt og 1/2 km. breitt på det breiaste. På austsida åt vatnet ligg Langenes-setra på eit lite nes, Langeneset. Sela står i ei rekkje langs stranda, og fjøsa bakom sela. Setra er sikkert svært gamal, men første fjøset vart bygt av Petter O. Tandstad i 1895. Sia vart det fleire. Alle fjøs er bygde av gråstein.

Vatnet, og elva som renn ut frå osen, er rike på fjellaure. Det var Jakob Strømmegjærde, (Jyls-Jakob) som sette ut aureyngel i vatnet

i 1850-åra. Lærer Carl Tandstad sette ut yngel av regnbogelaks i vatnet i 1910, men det ser ut som han har døytt ut.

I 1810 drukna 4 mann ved Storerabben i Langenesvatnet. Dei hadde teke never og bork og var på heimveg på ein flåte dei hadde laga seg. Flåten hadde gått seg frampå nokre store steinar utfor Storerabben, og klovna sund. Karane gjekk i vatnet og drukna. Det skulle vere to frå Tandstad, ein frå Straumgjerde og ein frå Straume.

Jens Petter O. Blindheim køyrde den første båten til Langenesvatnet sommaren 1902. Båten var bygd av Johan P. Ekornes. Seinare har der vore fleire små båtar på vatnet.

I Straumsdalen er det merke etter to eldre setrar: Kritastølen ovafor Langenes-setra og Hamarsetstølen nord for Hamarsethaugen, som ligg midt i dalen. Det syner gamle tufter på både desse stadene, men ingen som lever no, kan seie kor lenge det er sia det var setra der. Det er truleg fleire hundre år sia, men det knyter seg ymse segner til desse gamle setrane. Her er ei av dei: På Hamarsetstølen, som høyrde til Straumsheim, var det ei seterjente som fødte eit barn i dulsmål. Ho tok livet av barnet og grov det ned i uvigd jord ved stølen. Folk som gjekk forbi der, kunne i mørke haustkveldar høyre såre barneskrik frå stølen. Dette tok seg opp att i lang tid, til barnet endeleg fekk namn. Då tagna barneskriket.

Straumsdalen er ein god hamnedal både for storfe og smale. Til 1910 hamna dei også geiter her. Dei vart jaga til fjells om morgonen og måtte hentast heimatt om kvelden for å mjølkast. Det var mykje strev, men også mykje hugnad med geita. Ho er klok og snåp og triveleg, hardfør og flink til å mate seg, men ho er lei til å bite ungsbogen og hagetrea. Så vart ho lyst fredlaus, og no er ho snart utdøydd i bygdene våre. Berre på nokre få gardar finst det enno att nokre få attergangarar. Men mykje fjellbeite som høver for geita, ligg unytta.

Vellesetra (Regndals-setra) ligg i Regndalen i vest for Velle. Regndalen ligg mellom Regndalstindane med større og mindre blåbrear innimellom. Frå desse breane renn det elvar og bekker. Namnet fortel at det regner mykje i denne fjelldalen. Grunnen er nok den at når vinden fører mild, våt luft frå havet inn over desse høge fjella med isbreane, så vert lufta avkjølt, og vasseimen i luftdraget kondenserer seg og vert til regn.

I Regndalen har Velle hatt seter frå gamal tid. Eldste stølen kallast Gamlestølen og låg på bruna i nedre enden av Regndalen. Den er nedlagd for lang tid sia, og ingen veit visst kva tid han var i drift. Men det syner tydeleg etter gamle setertufter. Sjølv Regndals-setra ligg lenger inne i Regndalen. Det var 13 eigarar som setra der, men kring 1915 vart også denne setra nedlagd. Det var tungt og bratt å kome opp der, og hamna var lita og ring. Det er på lag 6 km. frå Velle til Regndals-setra, og der er ikkje skikkeleg veg, berre ei smal rås, så det var tungt å gå desse bakkane med mjølkespann eller andre tunge bører.

Den yngste Velle-setra ligg i Velle-seterdalen, som er ein sidedal til Brunstaddalen i vest for denne. Denne setra ligg 7 km. frå Velle, og det vart bygt køyreveg dit i 1912. Frå Velle-seterdalen er det overgang til Hjørundfjorden, (den såkalla Barstadråsa). Der kjem ein ned til Urkesetran og Urke, men overgangen er bratt og tung. I desse traktene ligg den avgøymde Gullmordalen. Her er det berre gråsteinsur kring ei trollsvart og djup fjelltjørn og ville, taggute tindar på alle kantar. Det vil nok vare lenge før «kulturen» når opp til denne avgøymde fjelldalen. Dei fleste av dei 13 eigarane på Velle-setra har slutta der no. Sommaren 1949 var det berre 3 småbrukarar som setra der, og snart sluttar vel dei og. Så vert også denne setra nedlagd og er berre segn og soge. Somme gardbrukarar har kjøpt seg beiterett på Ladesetra og bygt seg seterhus der, då der er så gode beite.

Dravlaus-setra ligg i sørvest for Nysetervatnet, fremst i Velledalen. Setra ligg ca. 350 m. o. h. Gamlestølen låg der setervegen svingar av frå hovudvegen. På Dravlaussetra er der 7 eigarar med kvar sine sel og fjøs. Der er også slåttestykkje, og eigarane slo der til 1945. Det er 10 km. veg frå Dravlaus til setra. Vegen vart bygd i 1882. Dei hadde mjølkekyrne på setra til 1946. Etter (Jen tid er det berre tørrkyrne og sauene som held seg der. Der er gode seterhus, og dei vert haldne vel i stand, og vert mykje nytta av feriefolk om somrane.

Lade-setra og Drotninghaug-setra ligg nær kvarandre i La-dalen, på lag 800 m. vestafor Nysetervatnet. Det er på lag 3 km. frå Lade og 2 km. frå Drotninghaug. På Ladesetra er det 8 sel og 8 fjøs med like mange eigarar. På Drotninghaugsetra 3 sel og fjøs, til 3 eigarar. Kvar stølseigar har sine støls-stykke som dei har slege til

det siste. Både desse setrane er i drift enno, og der er framifrå gode beite. Kring 1900 vart det bygt køyreveg til desse setrane, og på denne vegen køyrer dei no med bil.

Brunstad-setra ligg i Brunstaddalen, på lag 3 km. sør for Brunstad. Det er 15 eigarar til denne stølen, og der har vore like mange sel og fjøs. 12 av desse sela var bygd oppå fjøsen under same tak. Det står att berre 3 sel og fjøs no, dei andre er til nedfalls. Setra er enno i bruk, men beitetida er mykje stuttare enn før. Det var vanleg at dei setra der 10—11 veker kvar sommar i eldre tid. No er det oftast berre 4—5 veker. Der er 11 stølsstykke som til vanleg vert slegne kvart år. Berre 2 av desse har ikkje vorte slegne dei to siste åra. Setervegen som er på lag 3 km., vart bygt i 1902 med dugnad og er halden i god stand.

Om lag 1 km. innafor Brunstadsetra er det ein stad dei kallar «Gamlestølen» med Gamlestølhaugen og Gamlestølmyra. Noko merke etter hus er der ikkje, men det er truleg at der har vore seter ein gong, for der er det beste beite i heile Brunstaddalen. Mellom setra og Gamlestølen er ikkje veg, berre ei skral rås. Rett over for setra, på andre sida av elva, ligg Setermyra, men det er lite truleg at der har vore seter.

Knapt 1 km. nedafor Vellesetra er det ei slette som vert kalla Kolbeinstølen. Det er i Brunstad-Akslagjerda ved Vellesetervegen. Segna seier at det var ein mann frå Dravlaus som heitte Kolbein. Han kom og tok seterhamn der, men vart jaga vekk av Brunstadkarane. Då flytte han lenger framover i Velleseterdalen og tufta på Vellesetra.

I 1795 var der ei åstad-sak på Brunstad mellom oppsitjarane på Brunstad og Velle. Tvisten galdt grenseskilet mellom Brunstad heimhamn og Velle seterhamn. Av vitneførsla går det fram at Velle seterhamn er teken frå Brunstad og gitt til Velle, då den gamle seterhamna i Regndalen var for lita. Det var Margrete Hanken, — ei rik jordeigarkvinne frå Borgund, som hadde gitt denne seterhamna til Velle. (Ho åtte både Brunstad og Velle). Domsmennene var frå Borgund. Grenseskilet vart så som Brunstadkarane ville ha det, og har vore slik sia.

Myrdals-setra ligg på Bruna ved enden av Myrdalen aust for Hole. Dei som eig Myrdalssetra er alle gardbrukarane på Hjortdal, Brøvoll og Hole. Setra ligg høgt og fritt med eit veldig utsyn over

Velledalen og fjellheimen på både sider. På setra er der 10 sel og 13 fjøs. På Myrdalen var både stølsstykke og slåtteteigar. Slåtteteigane var Hjortdalsbergane og Brøvollsgjerda. Brøvollsgjerda er utlagde for 60 år sia, og Hjortdalsbergane har ikkje vore slegne dei siste 10 åra. Stølsstykkane har vore slegne av mange alt til det siste. Setra ligg på lag 7 km. frå Brøvoll, 8 km. frå Hjortdal og 5 km. frå Hole. Kring 1900 vart det bygt veg til Myrdalssetra med dugnad. Etter at vegen Sykkylven—Stranda vart bygd ,1925—38, vart denne vegen også nytta til seterveg på Myrdalen. Setra er delvis i drift enno, men somme av eigarane har slutta å setre der, og beiter mjølkekyrne heime.

I eldre tid hadde Hjortdal ei heimeseter som kallast Setrestølen. Heimesetra på Brøvoll heitte Stølen, og Hole hadde seter i Holebotnen før dei flytte til Myrdalen. Den setra heitte Litlestølen.

Straumsheimsetra ligg på ein høgderugg under Keipen i vest for Straumsheim, kring 2 km. frå garden. Det er 6 eigarar, og 3—4 sel og fjøs står enno att, endå setra vart nedlagd i 1938. Der er ikkje veg til setra, berre ein smal geitestig, og den er bratt. Budeiene bar mjølkespanna til støls, men firte mjølka på løypestreng til gards. Det var vanleg å vere på setra 4—5 veker kvar sommar. Beitet var bratt og steinut, men av og til drog dei på Storefjellet med buskapen, og der var det vidt, fritt og romsleg, og kyrne fekk mette seg av det feite fjellgraset.

Riksheimsetra ligg i Riksheimdalen på lag 3,5 km. frå Riksheim. Det er 13 eigarar. 6 sel og 12 fjøs står att på setra som vart nedlagd i 1947. Der er ikkje slåtestykke. I 1911 vart det oppkasta ein veg til setra, men den er ikkje køyrande med hjul. Mjølkekyrne vert no haldne på beite heime, men ungdyra beiter i seterhamna, som er mindre god.

Erstadsetra. Heimesetra ligg på ei høgd vestafor Riksheim, ca. 1500 m. frå Erstad. Det er 5 eigarar, og der står enno 9 seterhus. Det var bygt veg til setra i 1907, men han er tung og bratt og har ikkje vore halden i stand. I 1945 slutta dei å setre der, men tørrdyra og smalen beiter framleis i setermarka. På Framsetra, som ligg eit stykke framme i Riksheimdalen, er det 3 sel som står enno, men setra er nedlagd for mange år sia.

Kalddalsetra ligg i ein kup nord for Skopphornet. Det er Stave og Stavestranda som har hatt seter der frå gamal tid. Vakkert

ligg ho til på ein morenerygg ved det vesle fiskerike Kalddalsvatnet. Der er ikkje store beitevidder ikring. Difor heldt dei buskapen der berre 3—4 veker kvar sommar, og det kunne vere kaldt deroppe. Derav namnet. Der er ikkje slåttestykke, og heller ikkje nokon skikkeleg veg, berre ei steinfull rås. 3 sel og nokre fjøs står enno att der oppe, men setra vart nedlagd i 1947. No er det berre ungdyr og tørrdyr som beiter der ei tid om sommaren.

S æ s s e t r a ligg på ein høgderugg ved Fremstevatnet, nedafor Kalddalen. Det er garden Sætre som har setra si her, og ho er sikkert gamal. Ho har vore i drift heilt til det siste, og seterhusa, 6 i alt, er haldne godt i stand. Vegen til setra er skral, og der er ikkje slåttestykke.

I k o r n n e s - s e t r a låg ved Kjennelivatnet oppunder skoglia. Der er ein fin flat setervoll, og seterhusa stod opp mot skogkanten. Ho var i drift til 1912. Siste selet stod til 1945 då det fall overende av snøtyngda. Der syner merke etter fleire seterhus på stølen.

B l a k s t a d - s e t r a låg på Blakstadfjellet. Det var bratt og tungt å kome dit opp, og beitet var heller ikkje særst godt. Difor vart setra nedlagd kring 1900-talet. Det syner enno tufter der seterhusa stod.

K o l d a s t ø l e n ligg flatt og fint til under Skopphornet, nedafor Snøbreholta, berre 10 min. gange frå Sæss-setra. Det er Tusvik, Tu og Hatlemark som har seter her. Dessutan har Kurset seterrett her frå gammalt. Koldastølen har 11 eigarar som har buskap der kvar sommar. Frå Sykkylvsbrua ved Hatlemark er det opparbeidd god køyreveg til stølen. Han vart ferdig i 1949, så no kan ein køyre med bil til Kolda. Til 1910 var der også slåttestykke på stølen, som eigarane slo i fellesskap. Så bytte dei høyet på det vis at høysåtene vart femnde, og så vart høyet skift etter desse femningane. Vegen frå Sykkylvsbrua til Kolda er ca. 2000 m. På Kolda er no 5 sel og 6 fjøs, og setra er enno i drift. Hopeslått av støls-stykke, (seterlykkje) kjenner ein elles til frå Lysholsetra. Der vart høyet også skift mellom eigarane i høyfang i eldre tid.

H o v d e s t ø l e n ligg fremst i Langelia, nordafor Koldastølen. Frå Hovden er det på lag 4 km. til stølen. Der var slåttestykke som vart slegne til 1920, og setra var i drift til 1925, då ho førebels vart nedlagd. Det var 2 eigarar, og seterhusa står enno. Før var det berre ein krøterstig, men i 1946—49 vart det bygt køyreveg heilt fram til setra. (Det er elles planar om å ta opp att seterdrifta).

Utgardsetra ligg under Skopphornet, vest for Koldastølen, ca. 2 km. frå Utgard. Det er 8 eigarar, og der er 3 sel og 4 fjøs. Der var slåttestykke som vart slegne til 1900. Vegen til stølen har vore skral, men dei driv no og bygg ny, god køyreveg. Setra er enno i drift.



*Markaløe
frå
Søvikdal*

Setrane i Megardsdalen. Megardsdalen går i austleg retning frå Hundeidvik, mellom Skopphorn og Gjøvenakken. Fremst i dalen ligg 4 småvatn som er samanbundne med ei lita elv. Denne renn ut i sjøen ved Hundeid. Fremst i Megardsdalen låg i gamal tid ein støl som heitte Leirfønnstølen og som hørde Kurset til. Han er nedlagd for lenge sia, men stølstuftene syner enno. På nordsida av elva ligg Midtgardsstølen ved Andrevatnet. Der var det slåttestykke som vart brukt til 1890. Setra vart nedlagd i 1940, men der står enno 3 sel att. Noko lenger heime låg Littlestølen i gamal tid. Han er longe nedlagd. Litt lenger nede ligg Heimsetra med 3 seterhus. Ho vart nedlagd i 1915. Endå lenger nede, 2 km. frå Midtgard, ligg Stølane der det var slåttegjerde til 1910. I 1942—44 vart det bygt køyreveg dit fram. På sørsida av elva ligg Dalen seter som høyrer til Hundeid og Gjøvenes. Ho ligg 4,5 km. frå Hundeid, og det var 7 eigarar. Setra vart nedlagd 1940, men det står enno 4 sel og 4 fjøs der. Gamiesetra ligg lenger heime, ca. 3 km. frå Hundeid. Dei hadde slåttestykke der som vart brukt til 1880, men så vart Gamiesetra nedlagd, og flytt til Ålen ca. 1 km. lenger heime. Der er 5 sel og 5 fjøs og setra er enno i drift. 1932—38 vart det bygt køyreveg til Ålen. I gamal tid hadde Gjøvenes eiga seter noko lenger sør, ved Gjøvenakken. Ho kallast Ålsetra, og er nedlagd for lang tid sia.

I Ramstaddal har det vore seterdrift så lenge nokon veit om. Klokk hadde ei seter rett opp frå Løvoll i Søvikdal. Det var lang og skral seterveg. Stundom gjekk jentene til Løvoll og vidare til setra, men rette setervegen gjekk utover reset frå Klokk. Frå setra er det vakkert utsyn, men graset kom seint om våren, så seterturen vart til vanleg berre 8—9 veker frå først i juli.

Dei sette i gang arbeid på setervegen, og fekk lovnad på statstilskot. Vegen vart arbeidd opp med pliktarbeid og med dugnad, og tilskotet delt på eigarane. Det var 80—90 mann som var med på vegdugnaden. I 1939 var vegen ferdig. Men då det var lite grus å finne, vart det aldri nokon god køyreveg. Den eine etter den andre av eigarane slutta på setra, og frå 1948 vart setra nedlagd for godt.

Melsetsetra ligg høgt og fritt med vidt utsyn over Ramstaddal og Storfjorden og Ørskogfjella i bakgrunnen. Det har aldri vore køyreveg til setra. Eigarane hadde kvar sine stølsstykke som dei gjødsla og slo. Høyet køyrde dei ned om vinteren. 1946 vart setra nedlagd.

Løsetsetra ligg oppe i Løsetdalen. Der var ikkje anna enn gangstig dit, så mjølka måtte berast til gards. Seterturen var 8—10 veker, for det var seint om våren der oppe, men der var godt beite. Nokre seterhus står enno att, men setra vart nedlagd kring 1940-åra.



Frå Ramstaddalen 1910

Krogen, Svindset og Ramstad har hatt setrar saman i lange tider. Segna fortel at Ramstad hadde seter i Årsetberget for lang tid attende. Staden heiter enno Gamlestølen, og der er merke etter seterhus. I seinare tid er det Årset og Fure som har vore

nytta til setrar. Dei flytter til Årset først i juni og vert der i 3—4 veker. Flytter så til Furesetra og vert der 8—9 veker, og så attende til Årset på ettersommaren. Heile seterferda varer i kring 4 månader. Desse to setrane er enno i drift. Grunnen er særleg den at dei ligg ved vegen gjennom Fasteindalen, så transporten er lett, og dessutan er der sær gode beite kring desse setrane.

Nyseter. Frå gamalt har det vore 2 bruk på denne garden. Dei er longe nedlagde som gardsbruk, og vert no nytta mest som beite. Ein gong for lang tid attende hadde dei også ei seter, — på framsida til Nyseterdalen, under hornet framafor Røvsdalen. Her var det tydelege merk« etter ei gamal seter, seier gamle folk. Men ingen veit grunnen til at denne setra vart nedlagd. (L. O. R.)

S ø v i k d a 1. Både Søvik, Løset og Løvoll har hatt setrar i uminnelege tider. Dei flytte med buskapen til seters kring jonsokleite og heldt til der i 9—10 veker kvar sommar. Ingen hadde skikkeleg køyreveg til seters, berre ein gangstig som såvidt kunne nyttast til å køyre avdråten heim på slepeslede om sommaren og seterhøyet om vinteren. Ja, for dei hadde sine seterstykke som dei slo kvar sommar, og det var godt og kraftig for.

Heilt til kring 1890-åra var det vanleg at jentene stelte mjølka på setra. Dei sila mjølka i store treringjer og «sette henne opp», som dei kalla det. Når mjølka var syra og hadde stått eit døger, fløyte dei rjomen av, syra og kinna han, salta smøret og la det i små trestampar. Av skjøret og saupet blengde dei ramost og kokte dravle. Dravlen bar dei heim kvar dag. Den vart brukt i kosthaldet heime. Ein gong for veka, (helst om fredagskvelden) kom husbonden eller drengen køyrande med ei tomtynne på slepesleden. Tynna vart fylt med kjær (surmjølk) som var samla for heile veka. Smørbutton og ostedallen vart også med på lasset, saman med kjærtyinna, heim til gards. Smøret og osten gjekk for det meste til sal,' for det vart pengar av det. Skjøret vart brukt i kosthaldet heime og til ungdyra på fjøset. Etter at meieridrifta tok til kring 1890-åra, vart det slutt med å kinne på setrane. Seterjentene bar då mjølka heim kvar morgon.

Det fylgde mykje strev og slit med seterlivet, men det var også mykje hugnad, moro og trivnad for folk og fe. Kyrne var alltid i godlag når dei skjøna at det bar til seters. Unge jenter ville gjerne gå på setra sjølv om det ofte var strevsamt nok.

Ei helg kvar sommar var det stølshelg. Ungdom frå krinsen, og stundom andre stader frå, vart bedne til støls. Laurdagskvelden kom dei i flokk og fylgje og var gjester på stølen til sundagskvelden. Ofte hadde dei spelemann med, og så vart det spel og song, leik og dans og moro det meste av døgret. Av vertskapet fekk dei rikeleg og god mat. Berre søvn vart det lite av, men det var ingen som tok det så nøye, for stølshelg var ikkje sovarhelg, men morohelg. Men alt må ha ein ende, og sundagskvelden var moroa slutt.

Seterjentene frå andre setrar måtte takke for seg og gå først. Dernest var det gutane sin tur å takke for seg, og så bar det ned att i bygda til ei ny veke med arbeid og strev, — men eit gildt minne rikare. — «Gi det var laurdag og non!» sa guten. — Han kom ned att frå setra om måndagsmorgonen. Han var visst ikkje åleine om det ynsket.

Den dagen stølen skulle slåast, var også ein dag alle såg fram til med glede. Alle som hadde slåtestykke på setra, møtte opp og slo same dagen. Somme reiste kvelden føreåt, andre tidleg om morgonen. Ofte var det kappslått, og det var travelt, men mykje moro. Når dei var ferdige, samlast heile hopen og drakk kaffi i lag før dei tok på heimvegen. Seterjentene og borna tok på seg å røkte høyet. Vart det godver, var det berre moro med høyberginga.

Vindsnes slutta seterdrifta i 1930-åra, og dei andre i Søvikdalen heldt det gåande til 1950-åra. Då vart det jamt slutt med seterdrifta. No ligg setrane øyde. Det høyrest ikkje rauting og bjølleklang lenger. Stølsstykkka vert ikkje slegne lenger, husa vert ikkje brukte, men rotnar ned.

Alle desse setrane hadde si store oppgåve i eldre tider. Det var ikkje lett å drive gardsbruk om ein ikkje hadde ei seter til buskapen om sommaren. Det galdt å nytte beita slik at ein fekk avdrått, for vinterstida var det berre vedlikehaldsforing, og ingen mjølkeproduksjon på importert kraftfor som no. Men tidene skifter med nye foringsmåtar — kulturbeite og kraftfor — mjølkefeber og mastitis — så rotnar seterhusa ned. Sjølv huldra, som etter gamal tradisjon heldt til huse der i eldre tid, vert no husvill og må røme. Berre murane blir ståande att som tagalle — men likevel talande minne om ei tid med hardt arbeid og slit, men også med ein eigen glans av romantikk over seg. Tradisjonen døyr ut, berre minna er att. Kulturen har sigra — nådelaust!

(Ved Karl Blindheim)

SETERSTØLAR OG UTSLÅTTAR

Frå gamalt er det fortalt om mange utslåttar som dei brukte i eldre tid. Dei gamle var flinke til å samle for, og ofte for dei langveges og fann seg slætte på seterstølar eller i utmarka. Då nista dei seg ut for fleire dagar, — gjerne heile veka.

Karane slipte mange stuttljåar og batt dei saman i ein bundt med vidje. Kvinnfolka pakka ned flatbrød, (havrebrød) spekeflesk, spekekjøtt, smør, mor og poteter og ymse anna i det store nisteskrinet. Så tok dei ein holk (dunk) og fylte den med skjør. Så var nista ferdig.

Tidleg om morgonen tok dei så i veg til utslåtten. Karane føre med ljåbundten og nisteskrinet, kvinnfolka eit stykke etter med rive, kokekar og kjerald av ymse slag. Ofte var vegen både lang og tung å gå, så det gjekk både 2 og 3 timar før dei var framme. Så tok dei seg ein liten pust og fekk seg litt mat før dei tok til med arbeidet. Karane slo, og kvinnfolka kom etter og raka graset saman i flekkar der det var gode tørkeplassar. Der røkta dei høyet til det var tørt.

På mange av setrane i bygda var det innhegna stølar som var oppdelte i teigar, der kvar gardmann hadde sine slåttestykke. Gjødsla som fall frå kyrne på setra, samla dei ihop og spreidde ut på slåttestykka. Kvar bonde hadde si høyløe, helst i enden av selet der dei hadde inn høyet når det var tørt. Også i utslåttane i utmarka hadde dei små høyløer. Høyet køyrde dei då heim på snøføre om vinteren.

På Gimsdals-stølen var det vanleg at dei slo heilt til 1870—80-åra. Gardbrukarane på Vik hadde kvar sine slåttestykke med høyløe der. Det var ring køyreveg til stølen, og svært bratt somme stader, særleg i Gimsdalsbrauta. Der kunne det ofte gå på livet laust når dei køyrde høyet heim på snøføre om vinteren. Køyrekaren sette seg då på høylasset, og hesten sette i tanande sprang utfor dei stupbratte bakkane med lasset etter seg. Då spurdest det om alt heldt, så dei kom heilskinna til gards.

I Høysetmarka hadde Vikekarane også slætte i teigbyte og kvar sine to høyløer. Gamle Bø-Jens og kona Petrine, slo oppi lia ovafor dei andre. Der var det så bratt at dei måtte meise høyet ned til høyløa. Det brukte dei elles mange stader der det var for bratt å køyre. Somme brukte også å drage høyet på slegebuske ned bratta

når det ikkje var for lang veg til tørkeplassen. Det same gjorde dei med tørrhøyet når det skulle inn i skogløa, og det ikkje var køyrande mark.

På Hindaholsetra var det slåttestykke både for Tandstad, Straumgjerde og Straume. Tørrhøyet vart lagt inn i ein høybryt i enden av selet. Først når dei var ferdige med slåttten heime, for dei på stølen og slo. Ofte vart det då kappslått. I 4—5-tida var dei oppe og tok seg ein morgonbit — «åbit» som dei kalla. Det var ei flatkake av rugmjøl med litt smør på, eller eit stykke flatbrød. Å drikke til maten var ikkje vanleg. Ofte tok dei matbiten i handa og åt han på vegen til slåtteteigen. Dei slo då «morgonmondet» frå 5 til 8. Då var det m e' m o r g o eller dugurd. Det var oftast så at kvinnene kom berande med maten til karane som slo. Så fann dei seg ei lita flat lægd der dei slo seg ned med maten. Det vanka då flatbrød med smør og surmjølk attåt. Men det var ikkje lang fristen, så tok arbeidet til att. Karane slo, og kvinnfolka raka rårhøyet saman og breidde det på tørkeplassane.

Kl. 12 var det middagsmat. Ofte var det graut eller ball med surmjølk til. Etter middagsmaten tok dei seg ei middagskvild på to timar på lag. Var det varmt solskin, fann dei seg då ein sval skugge og la seg der. Då måtte alt vere stilt. Borna fekk ordre om å vere knystande stille eller helst å fjerne seg langt unna. Slåttekarane låg med trøya over hovudet og snorka, medan kyrne rauta langt inne i seterhamna, og geitene hadde funne seg beite høgt oppe under blåtinden.

No var det dogglaust i graset, og kvinnfolka snudde høyet. Borna hjelpte også til når dei var såpass store at dei greidde bruke riva. Karane glytte fram unna trøya og såg etter sola. Så var det å ta seg kvar sin nyslipt ljå og til å slå den dogglause vollen. Det var ofte hardsett, og sveitten draup av nase og hoke, for no galdt det å nøyte seg. Karane på teigen bortafor var longe komne på teigen og slo som dei var leigde. Det spurdest kven som no kom først opp med teigen sin. Høyet som var snutt, skulle breiast att og så sætast før sola gjekk ned. Det måtte kvinnene og borna stelle med, for karane hadde kje tid til slikt. Borna kappast om å lage finaste såtene og så hoppe over dei.

Kl. 5 var det non. Då fekk dei flate hellekaker med smør og mjølk. Men ofte var det flatbrød med spekekjøtt eller mor attåt, og så

surmjølk. Karane heldt fram med slåttan til langt på kveld. Dei som var sist med teigen sin, nøytt seg for å ta att det forsømde. Difor heldt dei ut i lengste laget. Leid det frampå hausten, dreiv dei på så lenge dei såg. Først når det tok til å gneistre frå ljåen, som hogg mot steinane, var det tid å slutte for dagen. Då sank dei saman ljårne og tok til å slipe dei til neste dag. Før dei var ferdige, hadde kvinnfolka kokt kveldsgrauten på den primitive steingrua ved høyløa. Så vart grauten slegen opp i eit stort trefat. Heile huslyden sette seg så i ein krins kring fatet og forsynte seg til fatet var tomt.

Var det langt heim, slo dei seg til fleire dagar på stølen eller i utmarka. I det tørre høyet i skogløa kvara dei seg for natta. Der var det lunt og godt å sove i brålen frå det friske fjellhøyet. Stundom kunne dei vakne om natta av di noko tusla og snusa rundt kring løa. Det var Mikkel rev som var ute på veiding, eller det var ei gaupe som drog seg kattesløg ikring løa etter noko etande. Det hende vel og at bamsen sjølv luska ikring i skogholtet og nærma seg skogløa. Han vera lukt av folk. Det knaka i skogen der han gjekk. Dei som låg i høyet, høyrde det. Dei kulsa og skalv når dei høyrde bamsefar og ottast det verste. Kven kunne vite kva den karen kunne finne på ? Dei trøysta seg til at døra var sterk og kunne tole ein dask av bjørnelabben. Men etter kvart vart det stilt. Bamsen luska seg lenger opp gjennom skogen. Han kan, trass sitt ringe rykte, likevel vere ein human gentleman, som ikkje vil skræme trøytt, strevsame onnefolk som tek si velfortente kvild i ei lun skogaløe.

DALESLÅTT I FASTEINDALEN

Så snart ein var ferdig med langhøyslåttan heime, barst det til Fasteindalen på «daleslått» som det heitte. Her hadde dei slætte, dei fleste bruka på Ramstad, Svindset og litt på Krogen også. Daleslåttan tok til vanleg ca. 14 dagar. Dei slo og trakka i meisar, eller dei brukte slogar til å leggje høyet på for å få det ned på tørkevollane. Alle mann hadde høyløer i Fasteindalen. 1 desse budde dei. Hardt var det nok å liggje før ein fekk inn høy, men litt lauvkvister måtte då gjere tenest til å liggje på.

Kokte gjorde kvinnene i vanlege steingruer som var ved kvar høyløe. Så stor avveksling i maten vart det nok ikkje, for skjør, potetball, flatbrød og dravle var nok den vanlege kosten, men smakte

gjorde det nok. Presis klokka 5 om morgonen var karane komne på slåtteteigen. Det galdt å nytte slåttedogga. I åttetida kom så jentene frå Furesetra og hadde då til vanleg med seg litt mat til slåttekarane. Arbeidet gjekk med liv og lyst, men det kunne nok ofte vere travle dagar. For det var høy utover på mange stader, og det var også vanleg å ha flathøy liggjande heime som måtte røktast når ein fekk godver. Middagstida var kort, og det vert fortalt at ein av slåttekarane brukte kvile middag på den måten at han sette brynestokken under hovudet, og når han dubba litt, datt brynestokken, då var det tid til å stå opp.

Etter kvart som høyet vart tørt, hadde dei det inn i høyløene, og her fekk det liggje til vinteren kom. Når det så var fint sleføre om vinteren, tok alle mann avstad på høykøyning, og det kunne vere mange hestar i fylgjet fram gjennom Fasteindalen med høykøyninga stod på. Dei fleste av gardbrukarane slutta med daleslåten i åra før 1915, men ein og annan har vore der etter den tid også.

(L. O. R.)

GARDSKVERNA

Kvernhus. I «dei gode gamle dagar» levde bygdefolket av det dei avla på gardane sine. Det var naturalhushald, såleis som det var praktisert frå dei eldste tider, og som er det mest naturlege for ein jorddyrkar. Det var jorda som skaffa maten. Himmelen gav sol og himmelen gav regn. Bonden vyrdsla og stelte om plantar og dyr, og livet leika og lo ikring han kvar han vende seg. Det voks, blømde og øksla seg og gav nøring til nytt liv i nye former.

Særleg la bøndene seg etter korndyrking, for kornet var maten framfor noko anna. Det var bygg og havre som vart mest dyrka. Eit gamalt ord seier at Noreg er bygt på bygget, men havren må også få bli med og dele æra. Og så kom rugen og kveiten og kravde rom og rett. Men før kornet kunne bli folkemat, måtte det målast, og det var gardskverna si oppgåve. Difor var kvernhus med kvern noko som sjølv sagt høyrde til på kvar sjølvberga bondegard. Desse gamle kvernhusa med gardskvernane har si eiga særmerkte soge som er nøye knytt til arbeidslivet på bondegården. Bonden sette si ære i å halde kvernhuset og kverna i god stand. Dersom det kom til forfall, var det eit merke på at det gjekk nedover med heile garden.



Kvernhus på Straumsheim

Gardskverna foredla kornet til mjøl, (mat åt folk og fe) og ho vart på den måten eit naudsynt mellomledd mellom jorda si skaparkraft og det levande pulserande livet på kvar bondegard.

Ved alle større og mindre elvar i bygda var det bygt kvernhus, og somstad stod dei -så nær kvarandre at det var berre eit steinkast mellom. Så snart kornet var truska og reinsa om hausten, vart noko av det tørka i mas-stova og så vart det bore eller køyrt til kverna, etter som det var nær garden eller lenger unna. Husbonden sjølv tømde kornet opp i teina. Så var det å stille på kverna, og det måtte gjerast nøye. Kverna måtte liggje passande lett, og skoen måtte stillast så at det vart høveleg ifall av korn i kvernauga når skaketeinane riste skoen. Låg kverna for tungt eller ifallet var for stort, kunne kverna kleime seg. Det hende ikkje så sjeldan, særleg for urøynde mylnarar, og det vart rekna for eit stygt kvennapuss. Då måtte kverna sandmalast for å få kleima vekk. Ja, stundom måtte ho til og med kvelvast opp og hoggast rein. Men hadde husbonden sjølv stilt på kverna, såg han nøye etter at ho ikkje fekk meir korn enn ho greidde å male unna etter kvart, og han såg til at ho låg

passande tungt så mjølet vart høveleg fint. Då først kunne han våge å gå frå henne for ei stund, men aldri for lenge om gongen. Han gjekk gjerne heim og fekk seg mat, men hadde lite ro på seg. Det kunne så lett hende eit kvennapuss medan han var borte, og han måtte sjå om kverna rett som det var.

Ofte mol dei om nettene. Då tok dei kola med til kvernhuset og kveikte den. Teina vart fylt med tørt korn, og når så kverna var rett påstilt, vart mylnaren sitjande og lye på kvernduren til søvnen seig på han. Då la han seg til rettes på kornsekkane, breidde ein skinnfeld over seg, og om ei stund vart han sullå i søvn av den jamne, einstona duren frå vatnet på kvernkallen, og frå kverna som sveiv i ring og mol kornet til mjøl som var livberginga for folka på garden. Og med han låg slik og lydde, tykte han kverna sa: «Male mat, male mat!» Og velnøgd og glad i sinn sovna han i det mørke, men lune kvernhuset.

Så lenge kverna fekk korn i auga, og ho gjekk i den jamne duren, sov mylnaren sin gode trygge søvn, men vart teina tom, så kverna ikkje fekk det ho skulle, så auka ho farten og tok til å tyte: «Meir korn! meir korn!» Då vakna mylnaren brått og spratt opp. Så måtte han fylle korn på teina, så kverna kunne få metten sin. Då kom ho straks i godmøle att, og så kvad ho sitt gamle: «Male mat! male mat! male mat!»

Såleis gjekk timane den lange mørke haustnatta, til det atter ljøsna av dag. Mylnaren drøymde så mang ein draum der han låg i det logne kvernhuset. — Ja, ofte drøymde han vakne draumar om garden som skulle dyrkast og vølast. Nye åkrar skulle rydjast i ulendet. Det skulle vekse korn der det før var stein og runnar og kalde dike. — Ja, mykje og godt korn skulle det bli åt kverna å male, og raust med mat både åt folk og fe.

Dei fleste større gardsbruk hadde si kvern i næraste elv eller bekk. Men ofte slo fleire seg saman om ei kvern. I alle elvar var kvernfalla utnytta på det beste.

I Fauske-elva var det kring 1850—60-åra 10 kvernhus, 6 nedafor brua og 4 ovafor. 2 av desse kvernhusa tok elva med seg på sjøen under det fæle skybrotet den 6. august 1859, og fleire av dei andre vart skadde.

Ved Aure-elva har det vore 16 kvernhus og eit teglverk. Dei fleste av kvernhusa er no borte, og resten er til nedfajls. Ingen av

kvernane er i bruk lenger. I 1930-åra vart det bygt elektrisk mylne på Kjemphol etter at aksjemylna på Aurekaia måtte slutte for skuld konkurs.

Ved Vikeelva var det 13 kvernhus, og det var både Vik, Blindheim og Tynes som hadde kvernane sine der. No er dei anten borte eller til nedfalls, og ikkje ei einaste av dei er i bruk lenger.

I Velledalen var det mange kvernhus både ved Storelva og ved sideelvane. På Drotninghaug 2, på Lade 3, på Hole 3, på Brøvoll 3, på Hjortdal 2, på Brunstad 9, på Velle 3, på Dravlaus 2, på Fet 3. I alt 30 kvernhus. Av desse er det berre 2 som kan brukast no. Dei andre er til nedfalls. Velledalen skipa også mylnelag med elektrisk mylne i 1920, og alle korndyrkarar er med i mylnelaget.

Ved Straumsheimelva har det vore 10 kvernhus. Dei høyrde til Straumsheim, Straume og Straumgjerde.

Ved-Riksheimelva har det vore 8 kvernhus som høyrde til Riksheim og Erstad.

På Stave hadde dei også kvern ved elva i Innigarden. Ho kunne gå berre når det var stor-regn og flaum, men dei fekk likevel male alt dei trong.

Ved Ikornneselva var det 4 kvernhus, ei stampe og 2 sager. Stampa vart nedlagd i 1935-åra, og sagene har gått over til elektrisk drift. I gamal tid har det vore oppgangssag ved Sagfcssane ovafor Ikornnes, men ingen kan seie kor lenge det er sia den var i drift. I alle høve er det over hundre år sia.

Ved Tusvikelva var det 5 kvernhus og i Svartebekkelva 3.

I Hundeidvik var det 10 kvernhus i eldre tid, 6 i Storelva ved Hundeid og 4 i Raudåa.

Frå gammalt dyrka dei korn på kvar manns gard i Søvikdal. Det var mest havre og bygg, men også ei blanding av desse (hamlekorn). Mest kvart gardsbruk hadde også si eiga gardskvern, der dei mol kornet. Somme kjøpte også bygg, rug og mais om våren, og dette kornet mol dei på gardskverna. Fleire av kvernane gjekk såleis i vekevis mellom våronna og slåttonna, og dessutan ein bolc etter skuren om hausten. I 1920-åra var det såleis 6 kvernar i Løvollelva, 1 i Furneselva og 3 i Søvikelva, i alt 10 kverner i bruk. Frå 1920-åra minka korndyrkinga litt om senn, men tok seg opp att i krigsåra 1940—45, då kveitedyrkinga kom i vinden, men mange av gards-

kvernane var alt då ubrukande og til nedfalls. Etter den andre heimskrigen vart det heilt slutt med kornavlen, og dermed vart også gardskvernane forsømde. Kvernhusa rotna ned, og kvernsteinane fall i elva og vart der liggjande. Men enno kan ein sjå eitt og anna kvernhuset som står falleferdig og vitnar om den gamle tida då folk sette si ære i å vere mest mogleg sjølvhjelppte med mat frå eiga jord, då truskemaskinane surra og dryftemaskinane skaldra på kvar manns låve, og flaumvatnet var den drivande krafta, etter at dei tidlegare hadde brukt sluge og skjedde og dryfting under dette arbeidet.

Ivar Søvik sette opp den første sirkelsaga 1914. Ho vart driven med vasskraft i Søvikelva, og har vore til stor nytte både for eigaren og bygdefolket elles. Ho er enno i bruk. (Karl Blindheim)

Alle gardsbruka i Ramstaddal hadde i gamle dagar kvernar. På desse mol dei så det mjøl dei hadde bruk for både til'folk og husdyr. Dei fleste av kvernane var ved storelva, og gamle kvernsteinar, kvernhusmurar og tufter, og elles andre ting ligg att og viser kvar desse kvernhusa har vore. Berre nokre få kvernhus står enno att, men det er ikkje att ei einaste kvern som er i brukbar stand. Den siste av dei stogga for godt i året 1948. Det var den såkalla Nedstekverna.

Dei ymse kvernane hadde sine namn, og frå sjøen og framover på vestsida av elva var dette:

1. Nedstekverna, Klokk.
 2. Sølfestkverna, Klokk.
 3. Jørnkverna, Klokk.
 4. Reitekverna, Klokk.
 5. Plassekverna, Melset.
 6. Monshaugkverna, Melset.
 7. Olmannkverna, Melset.
 8. Ekrekverna, Melset.
 9. Petterkverna, Melset.
-
10. Johankverna, Løset.
 11. Knutkverna, Løset. *Truskehjul i Søvikdal*
 12. Plassekverna (også kalla «Den danske kornmølle») Løset.
 13. Lukkedalskverna, Lukkedal.
 14. Kråkeplasskverna, Krogen. (På austsida av elva nedover).
 15. Kråkekverna, Krogen.

16. Haukverna, Svindset.
17. Bøkverna, Ramstad.
18. Svindsetkverna, Svindset.
19. Hanskverna, Ramstad.
20. Jokverna, Ramstad.
21. Tukverna, Ramstad.
22. Hoggakverna. (Denne kverna stod på Hoggaplassen i Grovadal).
23. Johankverna, Nyseter.
24. Lassekverna, Nyseter. (Ved L. O. R.)

Tek vi no eit samandrag, finn vi at det har vore minst 14 3 gardskvernar i Sykkylven, og av desse er ingen i bruk lenger.

I krigsåra 1940—45 var gardskvernane forsegle for at bøndene ikkje skulle få høve til å male av det heimeavla kornet sitt. Likevel var det nok mange som mol både åt seg sjølve og hjelpte andre som var i knipe. På den måten fekk dei noko heimemale til å blande i krisemjølet, og då vart det straks betre til mat.

Grunnen til at gardskvernane forfell, er først og fremst den at større bygdemylner etter kvart har overteke malinga av kornet. Korndyrkinga som tok seg sterkt opp i krigsåra for skuld pliktdyrking, har minka att etter krigen, særleg fordi det er for lite arbeidshjelp på gardane, og fordi det er ulønsamt å dyrke korn etter dei gamle arbeidsmåtene, så lenge det er mjøl å få kjøpt til rimelege prisar.

Gardskverna si tid er ute, men komande ætter vil fortelje om den tida då kvar gard hadde si eiga gardskvern der dei mol av eiga avling alt det mjøl dei trong til folk og fe på garden.

HUDDYRHOLD I ELDRE TID

Gjennom alle tider har husdyra fylgt menneska som gode vener og trugne tenarar. Så langt attende som saga veit å nemne, or husdyra med. For veidemannen var hunden ein trufast fylgjesvein og god hjelpar. For den fastbuande (bonde) var det geit og sau, hest, ku og svin som etter kvart vart dei vanlege husdyra.

Saman med kornet var det avdråtten av husdyra som var livberginga for alle folk gjennom alle tider. Smør, ost, kjøt, huder og skinn var utførslevarer frå bygdene frå gamal tid. Og for desse

varene bytte dei til seg slikt som dei sjølve ikkje kunne lage: verkty og reiskapar av ymse slag, nytte- og prydnadsting, veide- og fiskereiskapar.

Sommarbeitet var grunnlaget for husdyrhaldet: Kyrne på seterbeite, sauene på fjellbeite og geitene over alt der andre dyr ikkje kom til. Alt skulle nyttast ut på beste måten. Det var i sommarhalvåret produksjonen skulle drivast opp så høgt som mogleg. Difor fødte dei så mange kyr som mogleg om vinteren for å nytte ut beitet om sommaren. Dette førde ofte til svelteforing. Vinterproduksjonen rekna dei ikkje med. Då galdt det berre livberging. I vårnipa var det verst. Foret i løa var oppbrukt. Så måtte dei på skogen og skjere lyng, hogge beit og smie bork av osp, alm og rogn. Dette vart så livberginga for husdyra i den harde vårnipa til buferdsdagen endeleg kom, og dei vart løyste ut. Det var såleis ikkje rart at denne dagen vart ein merkedag og ein glededag, ikkje berre for folk, men kanskje endå meir for dyra. Det hende stundom at dyra var knapt «reiseføre», (knapt greidde å reise seg) avdi dei var sveltefora. Då måtte dei stydjast ut gjennom fjøsdøra og ut på beitet.

For å nytte ut sommarbeitet på beste måten tok fjordbygdene ofte mot beitedyr frå øyane og dei ytre fjordbygdene om sommaren. Og stundom sende dei indre fjordbygdene dyr til vinterforing på øyane. På den måten hjelpde dei kvarandre med livberging og produksjon av dyra.

Avdråttan vart ikkje særleg stor under slike levevilkår. Hovudmatrikkelkommissjonen av 1824 reknar såleis som det høgste: Av ei ku, 3 bpd. smør, 6 bpd. ost. Av 12 sauer, 68 mrk. ull. Av ei geit 2 bpd. geitost. For sau og geit 1/8 av talet som slakt.

Beiting på heimebøen var vanleg både vår og haust. Så snart groren synta seg om våren, slapp dyra ut på bøen. Om det var lite dei fann, så var det godt, og med beit og bork attåt klarte dei seg gjennom verste krisa. Først når det tok til å livne i heimehamna, slapp dei dit. Der fann dei såpass mat at dei greidde seg og var då framfødde. Så kom dagen for seterferda. Dagen var førebudd i god tid føreåt. Ofte var heile huslyden med. Somme bar sengklede og gangklede, andre bar mjølkekjerald, spann, bøtte, hylke, (mjølkekjerald som dei bar på ryggen). I desse kjerald la dei maten: Flatbrød, lefse, spekekjøtt, flesk, mjøl og gryn.

Budeia tok seg av buskapen og dreiv han føreåt opp gjennom setervegen. Så kom heile huslyden etterpå, kvar med sine bører. Berre minste borna fekk gå lausreipa. Setervegen var oftast ei smal rås der dei tok seg fram frå stein til stein. Steinane var blanke og slitne av trakkande føter gjennom hundreåra, der ættled etter ættled hadde gått den same vegen, stige dei same stega og slite dei same steinane.

Seterferda gjekk med liv og lyst. Blankskura spann og kaffikjel blenkte i morgonsola. Samtalen gjekk livleg mellom dei vaksne, og borna ropa, sjaua og skråla, så ein kunne mest ikkje høyre mannemål. Men inn i alt dette livlege ståket blanda det seg ein mjuk, mild tone frå klingande kubjøller. Buskapen lengta og til seters og skunda på. — Ja, seterferda var i sanning ei festleg oppleving. Dei som fekk vere med på den frå barnsbein av, gløymer det vel aldri. Ho ligg og skin i minnet og legg festglans over kvardagen og heimegrenda.

Når så sommaren var slutt og hausten kom, vart det kaldt og stussleg i fjellet. Den første nysnøen synte seg i fjella. Dei lauvtunge liene tok til å gulne, bregne og anna fjellgras blakna og visna, og det var regngrått og hустre på setervollen. — Då tok heimlengten både budeie og buskap. Og heimferdsdagen kom. Buskapen skjøna det like godt som budeia, at no bar det ned i dalen att til heimef jøs i band og bur og stengsle. Difor låg det ein vemodsfull tone over heimferdsdagen. Buskapen snur seg gong på gong og ser inn over dei bleike myrar og lier der dei levde så godt dei herlege sommardagane, og kyrne rautar vemodsfyllt til avskil. Budeia ser attende til setervollen som ligg naken og bleik i haustsola, og seterbua (selet) som ligg der einsleg og attlåst mot vinteren.

— Den som ein gong har kjent fjellet si dragande makt, gløymer det vel aldri. Det legg sin eigen glade og vemodsfulle tone i sinnet. Det melder seg atter og atter og minner om glade dagar og somrar som kvarv, og som aldri kjem att. Slike minne kan du leve i og på gjennom år og dagar.

SKOGEN

Etter alt å døme har Sykkylven vore skogkledd frå dei eldste tider. Det som særleg fortel oss om dette, er dei skogrestar som vi i vår tid kan finne i myrane i alle strøk av bygda.

Vi har mange større og mindre torvmyrar. Somme av desse ligg så vidt over den gamle sjøgrensa, andre ligg høgare, somme endå 300—400 m. o. h. I mest alle desse myrane finn ein restar av gamal skog. Det er røter og stomnar av fure som ligg hermetisk nedlagde i myra i ymse djupner. Somme ligg mest i myryta, medan andre ligg djupare, ned til 2—3 m. djupt. Storleiken av røtene og stomnane er også ulik, men det er for det meste restar av gamal storskog. Alt dette fortel oss at det har vore skogkledt her i gamal tid. Ingen kan med visse seie kor gamle dei djupaste og eldste røtene er, men når det har lagt seg 2—3 m. myr over dei, må ein nok rekne med at dei er fleire tusen år gamle. I den våte myra der lufta var heilt utestengd, har desse røtene halde seg like friske gjennom tusenvis av år, og når vi no grev dei fram, fortel dei oss gamal bygdesoge:

Då isen tok til å tine etter den siste istida for 10—12 000 år sia, då var landet vårt ei øydemark av is og snø utan noko liv. Men etter kvart det vart varmare verlag, og isen drog seg attende frå kysten, og innlandsisen seig ut i havet, steig landet fram or isheimen. Øyde og steingratt steig det fram med blankskura svaberg, med sylkvasse tindar og tårn og med ofselege brådjup der brevatnet fossa og fløymde.

Smått om senn tok mose og lav til å kle det grå fjellet. Berg og stein smuldra og laga sand og grus. Mose og lyng grodde over. Dei visna og døydde, rotne og laga jord. Etter mosen og lyngen kom høgareståande plantar etter kvart og laga meir jord. Slik auka matjorda smått om senn gjennom hundreåra til det var jord nok å gro i for høgareståande plantar. Sporar og frø kom fykande med vind-draget frå andre kantar og klora seg fast, laga nye små plantar og ny matjord. Så kunne gras og busker ta til å gro og kle fjellet. Så kom jordmakk og markmus, og all slags småkryp som lever og arbeider i jorda. Så kom humler og bier og sommarfuglar. Livet livna og øksla seg i jorda og på jorda.

No var det livsvilkår for trea så dei kunne kome, og dei kom. Dei første sådde seg innover landet frå Sverike. Lauvskog og barskog sådde seg. Frø flaug med lette venger i hauststormane over fjell og flyer, fann seg litt matjord i dalar og klufter, gøymde seg der til våren kom att, og så tok det til å spire og gro og setje rot og stilk. Då desse første speiartrea fann livsvilkår, voks dei og sette sjølve frø som spreidde seg vidare utover, og gjennom lange tider vart så

det grå fjellet smått om senn kledd i ei skinande grøn kåpe av lauv- og barskog. Og så vart det vindsus og villdyrliv og fuglesong inn gjennom alle skogane. Det er «Fjellnoregs inste opphavlege røyst —» som Aukrust syng om:

*«Du salme i skogen der vindsus syng kvar linnversnatt,
du helsing frå villmark og vegras og lyng — støtt kjem du att,
Frå brisken den beiske og fine og stride,
frå fjellheim og viggur og vindheimar vide
kjem du mitt hjarta til sorg og til trøyst,
du Fjellnoregs inste, opphavlege røyst —»*

Ja, kven har vel ikkje høyrte denne salme i skogen, denne milde vemodsfulle tonen som syng om farne tider, om ætter som kom og ætter som for. Dei gjekk også og lydde til denne salme i skogen, og han song seg inn i hugen deira og fylgde dei livet til endes.

Det er truleg at bygda vår var skogkledd då dei første menneska kom hit, og skogen og folket har sia fylgt einannan gjennom alle tider. Skogen var den beste livd og trygd for dei som først busette seg her.

Ja, vi kan trygt seie at utan skogen ville landet vårt enno vere ei øydemark der det ikkje var buande for folk.

På ein forunderleg måte er livet og lagnaden åt folket vårt knytt til skogen gjennom alle skiftande tider. I same mon som skogen voks, vart det også betre vilkår for jordbruk og fedrift og for ny busetjing. Skogen gir livd og trivnad og er ein god regulator for varme og kulde, tørke og væte. Med si høgtid og ro gir han helsebot og kvild til dei forkomne menneskeborna og lokkar poesien fram i dei vare sinn.

Frå uminnelege tider gav skogen hus og heim til kvar ny busitjar i dei tusen heimar i landet vårt — også i bygda vår.' Han gav ljós og varme, innbu og bruksting, reiskap og doning til sjøs og til lands, slede og skip, tjøre og fargestoff og ei mengd produkt til bruk i industrien, tremasse, cellulose og papir. Alt dette og mykje meir gav skogen oss. Er det då rart at vi ikkje kan vere skogen forutan og at han har vove seg inn i vår folkelagnad og vorte eitt med den?

Under greinene åt Ygdrasil (lagnadstreet vårt) har det norske folket levt sitt særmerkte liv i kamp og strid i oppgangs og nedgangs tider frå armod til velstand. Over alt og i alle høve var skogen med.

Han song voggesongen og gravsalmen frå ætt til ætt. Måtte vi lære å verdsetje han rett, vyrdse og verne om han og auke han frå år til år til trivd og trygd for komande ætter. Det er ei oppgåve av dei fremste også for bygda vår.

S v a r t e d a u d e n set på mange måtar eit skilje i saga åt folket vårt. Fram or det dulse ukjende i førhistorisk tid stig landet og folket etter kvart fram i sogeljoset i klårare drag etter kvart. Ned gjennom heile vikingtida og kristningstida var Noreg eit rikt land. Det vil seie: det var rikt på skog. Og det er ein stor rikdom for eit land. Frå dei ytste øyar og holmar, langs strendene, opp etter dalar og lier radt opp til snaufjellet, var landet skogkledd. Av barskog var det mest fure ut mot kystane og innerter strendene, men også lauvskogen fylte ut. Det var bjørk og or, hassel, løn og lind, og mange andre slag. Fjell- og dvergbjørk tøygde seg oppover mot høgfjellet, dit dei andre ikkje kunne nå, og laga øvste skog-grensa.

I all denne overflod av skog var det at fedrane våre levde sitt rike og sterke liv i Noregs velmaktstid.

Skogen gav dei så mykje av det dei trong i livskampen. Framom alt gav han tømmer til husbygging og innbu, brensel og reiskapar av så mange slag. Byggjekunsten nådde i denne tida ei høgd i venleik, harmoni og prydnad som den nyare tid knapt kan måle seg med. Vi kan berre tenkje på dei eldste leivningar av årestova, kongshallane, og framom alt dei eldste stavkyrkjene. Dei fortel om ein høgt utvikla byggjekunst som vi vel må seie er særmerkt norsk og som ber bod om kor høgt fedrane våre nådde i dette å forme og skape det vene og harmoniske i byggjestilen. Men det vart ikkje nått i ei snøggvending. Frå jordhola og den enklaste rundtømmerhytta voks byggjekunsten fram til det han vart.

Frå ættled til ættled gjennom hundreåra lærde son av far og dotter av mor å gjere arbeidet venare og betre. Kvar ættled bygde på røyntla frå fedrane og tøygde seg høgare opp og lenger fram frå ætt til ætt. Og når vi no ser dei gamle byggverka på Bygdøy, Maihaugen og andre stader i landet, så fortel dei noko om den rikdom av idear, fantasi og tankeflog som fedrane våre hadde, men det fortel oss også noko om deira tru- og tenkjemåte, — som gir seg utslag i byggjekunsten. Men lat oss ikkje gløyme at grorbotnen som alt dette voks fram av, var skogane som susa over heile Noregs rike og fagre land.

Stavkyrkjene er likeså gamle i Noreg som kristendomen. Dei meiner det har vore over 500 av dei i Noreg. I 1866 stod det att vel 50 av dei. Eldste stavkyrkjene har dei funne i fjordbygdene inst i Sogn. (Urnes). Seinare vart det bygt slike kyrkjer i ymse landsluter, og nokre få av dei finst enno. Dei er oppbygde av oppreiste stavar eller plankar som er kløyvde ut av tømmerstokkar og telgde. Rundt kyrkja var svalgangar med gluggar, stolpar og tårn. Kyrkjene var prydde med rik treskurd, menneskapnader, drakar, ormar og bladverk i rik skiftande mengd. I stavkyrkjene nådde norsk treskurd og byggjekunst si høgste bløming.

Svartedauden kom til Bergen 1349 med eit handelsskip frå England. Dei tok til å losse varene, men brått vart skipsfolka sjuke. Somme døydde mest med same, andre levde 2—3 dagar. Alle skipsfolka døydde, og skipet vart liggjande ved bryggja til det sokk med lasten og lika. Sotta breidde seg fort i byen og bygdene ikring, og for sia over heile landet. På Agder var det folkelaust i 7 kyrkjesokner. Mange prestar døydde, og av bispane var det berre Oslo-bispen som levde att. Fleire farsotter kom til. Gardar og grender vart snøydde for folk, og skogen voks over åkrar og bøar. Dei meiner at Noreg hadde på lag 300 000 menneske ved dei tider, og at tredjeparten døydde av sotta. Sotta kom frå Asia, og på få år hadde ho herja heile Europa. Det seier seg sjølv at ei slik landsulukke kom til å setje merke etter seg på meir enn ein måte. Mange gardar vart liggjande øyde fordi heile huslydar døydde ut. Dei som levde att, var så nedfor at dei evla ikkje å gjere noko større arbeid. Dei forlet ofte våningshusa og søkte ly og varme hjå husdyra i fjøset, fordi dei ikkje greidde å skaffe til veges brensel or skogen. Husa og gardane og alt forfall, og det vart audt og stussleg rundt ikring i bygd og by. Det gjekk mange og lange år før folkesetnaden var komen oppatt til det han var før. Den gamle gode byggjekunsten forfall også i denne tida, og kom aldri oppatt til dei høgder han før hadde nått.

Kor mange som levde over Svartedauden i Sykkylven, kan nok ingen seie, men det er truleg at det var stort manneiall her som i andre bygder. Folkesetnaden minka sterkt, og mange gardar vart lagt øyde, medan skogen voks seg inn over bøgard og gamle tun. Men det kom ei tid då skogane på Vestlandet vart øydde og snøydde. Det tok til med hanseatarveldet i 1360—70-åra. Den norske stat vart usams først med svenskane, så med hanseatane, Ein eldre

sogeskrivar: «De tyske indviet sig udi Krigen som Kong Hagen førte imod Kong Alfritt aff Sverig, formedelst sin Paders Kong Magni Fengsel udi Stokholm». Kong Håkon Magnusson prøvde å age tyskarane som hadde sett seg fast i Bergen, (der var ei tid over 3000 av dei). Men hanseatane for som ei Åsgardsrei over mestedelen av Vestlandet. Dei brende ned husa og skogane der dei kunne kome til, så det låg att som ei øydemark etter dei. På Bohus slott i 1370 kravde den norske kongen 24 000 mark reint sylv i bot av hanseatane, for all den eigedom dei hadde øydelagt, men visstnok ingen ting vart betalt. I 1391 og 1395 braut det laust med herjingane på nytt over mykje av Vestlandet. Mykje av skogane vart brende, på øyane og langt inn i fjordane.

Dette var den første store ulukke som råma skogane på Vestlandet, men det vart ikkje den siste. Tida etter Svartedauden var ei tung og vanskeleg tid for landet vårt på mange måtar, ikkje minst for bøndene. Det var innleiinga til den usæle dansketida 1380—1814. Dronning Margreta av Danmark styrde alle tre norderlanda, og då Olav, son hennar, døydde, fekk ho det norske riksrådet til å ta Erik av Pommern til konge. Han var frenden hennar og var då eit barn på 6 år. Men Margreta styrde sjølv til Erik voks til, så han kunne ta styringa. Han gjorde danskar og tyskarar til lensmenn i Noreg i staden for dei gamle systemennar. Dei svara ei viss avgift om året til kongen for lena sine. Dermed kunne dei pine ut av folket så mykje dei ville. Under lensmennene stod futane, som også var utlendingar.

Mange av bøndene i denne tida var sjølvveigarar, men skattebørene auka og auka til det urimelege, og fleire stader i landet gjorde bøndene opprør mot skatteflåarane og dei framande styresmennene, men valdsherrane hadde overtaket, så bøndene måtte gi opp striden og finne seg i sin lagnad.

Kvar skulle så bøndene ta pengane som kravdest til dei veldige skattane? Det var smått om innkomer på gardane, og så måtte s k o g e n b ø t e.

På 1400—1600-talet tok det seg opp ein livleg tømmerhandel i mange av skogbygdene på Vestlandet. Det tok nok til i det små, men auka på etter kvart. Det var særleg hollendarar og skottar som kjøpte trelast. Flestalle av dei som kom til Sunnmøre på tømmerhandel, var hollendarar. Skottane heldt seg mest i Hordaland og

Rogaland, og kjøpte tømmer der. Kor lenge denne handelen varde, kan ingen seie for visst, men det er truleg at han varde kring to hundre år. Og sjølv om det kanskje ikkje var så mange skutelastar for året frå kvar bygd, er det greitt at det måtte syne i skogane. Namna Skotteberget i Borgund og Tellbordberget i Ørskog vitnar enno om denne trelasthandelen.

Men også i Sykkylven kjøpte hollendarane trelast i denne tida. Alt føre 1600-talet var det slutt på skogen på øyane, og då var det fjordbygdene sin tur. Dei som hadde sag, betalte 2 dalar i sagskatt for året, og dessutan tiandekvart saga bord. Desse kalla dei tiendbord.

I 1603 var det oppført 38 sagbruk på Sunnmøre, (berre flaumsager) og dei skar 1050 tylfter bord. Tienda vart altså 105 tylfter — til eit verde av $52\frac{1}{2}$ dalar. I 1613/14 var det betalt skatt av 70 flaumsager, og skurden var 2640 tylfter. Tiendborda hadde ein verdi av 198 dalar. I eit futerekneskap frå 1613—14 er der ei liste over «Udlendiske Skibe» som kom til Sunnmøre det året og som betalte toll av innførde varer og av utførd trelast. I denne lista finn ein mellom anna:

«Skipper Fedde Fedkes aff Warmbs, indkomb i S i c h i o 11 thend 4 Augustij med hans Skib thend «Suarte Rytter», drechtig på XL Lester. War ballasted med Sand og udløb thend 23 Augustij. Lasten han udførte var: $2\frac{1}{2}$ Thylter Saugbord Xvj Dlr. xvj. Sk. Roertold ij Dlr.».

«Skipper Johan Jansønn aff Morn, indkomb i S i c h ø 11 thend 16 September med hans Skib «Lavinen», dregtig på XXX Lester oc var ballasted med Sand, oc udløb thend 24 September. Lasten han udførte var: *ji c* Thylter Saugbord XXij Dlr. xxij Sk. Roertold $1\frac{1}{2}$ Dlr.».



Utsyn frå Storevaren

«Skipper Fedde Fedkis aff Warmbs, indkomb i S i c h i ø l l Hafn
thend 2 Oktober med hans Skib «Suarde Rytter», (Jregtig på XL
Lester, var ballasted med Sand og udløb thend 30 Oktober. Lasten
hand udførte var: ijc Thylter Saugbord XVij Dlr. Xvj Sk. Roertold
ij Dlr.».

S a u g e s c h a t t oppenboritt aff Flome Saugerne her på Sundmør
1613/14.

«Lavinen» ein last. I alt vart det selt 520 tylfter bord for 37 dlr. Det vert på lag 8,5 skilling pr. tylft, så ein kan ikkje nett seie at prisane var urimeleg høge på trelasten i dei dagar. Men dess meir skog måtte dei hogge og selje for å greie skattane.

Det er ikkje utruleg at det kunne vere fleire flaumsager i «Sichiøll» enn dei 11 som er nemnt her, men det er uvisst. Tusvik og Hundeidvik, som truleg også hadde noko skog, høyrde til Jørgenf jord skp.

Det leid no mot slutten med bøndene sin trelasthandel med skottar og hollendarar. Det kom klage til kongen på at bøndene hogde ut skogane. Borda dei skar, var ikkje meir enn ei handsbreidd. Det vart også klagt på at bøndene selde for billeg, og at dei heller ville selje så billeg enn å unne borgarane ei lita forteneste.

I 1632 kom det ei kongeleg forordning som sette ein stoppar for trelasthandelen. Bøndene fekk pålegg om å rydje og dyrke jord meir enn dei hadde gjort før. Enden var at trelasthandelen gjekk over til borgarane, og seinare fekk dei største sagbruk og trelasthandlarar i landet godtsom einerett til å sage og skipe trelast. Den gamle trelasthandelen med skottar og hollendarar som bøndene hadde drive frå 1400-åra, vart det no slutt med. I 1640 er det oppført berre 11 sager i skatterekneskapen for Sunnmøre, og berre ei av desse, (Giskemo sag) betalte ein halv dalar i tiend.

I Kristian kvart si tid var skattane særleg store. Han var visstnok ein verksam herre som gjorde mykje for Noreg, og det er sagt at han vitja landet 26 gonger. Men verksemda han dreiv, kosta mykje, og bøndene i Noreg fekk nok vere med og betale. Dei vart plyndra, så mange gjekk frå gard og grunn. I 1612 viste skattemanntalet for Sunnmøre om lag 2500 mann, og av desse er det oppført i odelsskattemanntalet 601 mann som åtte jordegods. Men i 1640 var dei jordeigande bønder minka til berre 60 mann. No er odelsskatten visst slik å forstå at han vart lagd på jord dei åtte utanom den dei brukte, så talet på jordeigande bønder kanskje i røynda var større. Fleire av dei som er oppførde i 1640, var bondelensmenn. Dei slapp lettare frå skattane, og dette var ei tid for dei til å sko seg. Somme lensmenn kom seg opp i den tida og vart rike, til dømes på Langlo og på Apalset.

Når no skogen var uthogd, fisket slo feil og uår kom på, så måtte jordegodset gå til slutt, — som ventande var, når berre den eine av skattane for eit år kunne kome opp i fleire ku-verd. Bøndene på

Sunnmøre (og andre stader) kom så langt ned som dei kanskje aldri har vore, korkje før eller seinare. Jordegodset vart kjøpt av embetsmenn og borgarar (dei kondisjonerte), særleg då kongen selde krongodset, og stiftsgodset som var lagt under krona, i tida frå 1660—1730. Somme av desse embetsmennene og borgarane vart større jordeigarar enn den gamle adelen nokon gong hadde vore. Ein og annan av bøndene tok vel att garden med odel, og andre fekk seg kjøpeland, men det var i lange tider eit fåtal. Storparten var eit proletariat som træla på bygsla jord, og hugen på betre dyrking av jorda var vel deretter. At det var mykje misnøye og uro, kan ein ikkje undrast på.

I somme bygder var der ein eller annan førar som samla bøndene til organisert motstand mot embetsmennene, så dei nekta å betale skatt og avgift. Men embetsmennene hadde overtaket, så førarane måtte bøte med store bøter eller endå med livet i somme høve, t. d. Store-Rasmus Myklebust i Haram. Han var fødd 1615. Han samla bøndene til motstand mot skatteflåarane og tyrannane, men han vart dømd for opprør og måtte late livet i Bergen i 1670-åra. Sunnmøringane har elles fleire gonger prøvt å vri seg ut or det danske strupetaket. I 1498 drap dei futen og bondeflåaren Arild Kane. I 1599 ville Jon Jemt og nokre andre bønder ta futen Jacob Pedersen. Jon Jemt måtte bøte med livet for dette i 1604, men for oppreisten i 1498 tok heile tingålmugen ansvaret, og dei slapp då med bøter.

I 1792 gjorde vanylvingane oppstyr for urimelege skattar, og i 1777 gjorde nordfjordingane oppstyr på tinget i Skåravik for di drengene ikkje fekk lov til å drive fiske. Det var ei rar lov, men likevel laut dei betale mulkt alle som braut denne lova. Siste oppstyret på Sunnmøre var i 1816. Professor Helland skriv om tida frå 1600 og utover: «Tiden fra Kristian IVs krige til suverænitetens indførelse i 1660, er vistnok den mest trykkende tid den norske bonde har havt. Tunge og overdrevne skatter tok frukten av hans arbeide og møie, egennyttige og voldsomme lensherrer og fogder plagede ham med utilbørlige pålegg. Skattenes fordeling var — yderst hensynsløs». (1).

Det gjekk lange tider før bøndene kom seg på fote att etter denne tunge og harde tidbolken. Det var først kring 1800 og utover at bøndene på jamnan tok til å kjøpe att gardane sine. Skogane som

vart så syrgjeleg snøydde i nedgangstida, tok atter til å spire, og såra grodde smått om senn i fjord- og fjellbygder, men langs kysten og på øyane ber landslaget enno merke etter vanmaktstida.

I TORVMYRA

Våronna er slutt. Alle åkrar ligg tilsådde og velstelte. Det eimar av den våte molda når sola stig om morgonen. Grorangen stig opp frå kvar ein bakke og kvart skogholt der våkreftene bryt seg veg.

Hallvard Bakken og Harald, den 12 år gamle son hans, er på veg til torvmyra.

— I dag skal vi spa brenntorv til vinteren, seier faren. — Det er godt å ha under gryta og til å varme opp stova med når vinterkulden kjem.

Om ei stund kjem dei til myra og tek til på arbeidet. Hallvard tek den nyslipte spaden og spar av det øvste laget av mose og bruntorv. Det kastar han til sides.

— Det duger ikkje til brenntorv, seier han. Etter kvart han kjem djupare ned, vert myra svartare og tettare. Då skjer han fine brikker av myra med den kvasse spaden, legg dei på den vesle handtrilla, og Harald trillar dei bort på vollen og legg dei utover til tørking. Det er morosamt arbeid, tykkjer Harald, men han undrast på korleis dette torvet kan brenne. Det ser då ut berre som våt tettpakka mold. Det er så mangt som er uskjønleg for ein tolvåring, og så er det ikkje annan utveg enn å spørje. Han veit at far har greie på mangt og mykje.

— Korleis har det seg at torv kan brenne? spør han faren.

— Du veit at kol kan brenne, seier faren, — og torv er i grunnen kol i yngre alder. Både kol og torv er laga av plantar som voks opp ein gong for lenge sia. Om ei tid døydde plantane og vart til jord, og nye plantar voks opp der dei eldre stod. Dei døde gav næring til dei levande, og såleis levde dei og døydde og la seg flo på flo i den våte myra der vatnet heldt luft og bakteriar ute. Dei døde planterestar vart såleis hermetisk nedlagde i myra, og vart eit reservelager av brensel som vi no kan ta av.

— Men korleis kan den våte og kalde myra brenne og lage varme ? spør Harald.

— Det er alt saman solvarme, seier faren.

No ser Harald undrande opp på far sin.

— Solvarme av myra? seier han, og no tvilar han på om faren verkeleg meiner det han seier.

— Jau, det er nok solvarme, om ikkje beinveges så omveges, held faren fram.

— Korleis kan det henge ihop? spør Harald.

Og faren fortel: Alle plantar som veks, samlar opp solvarme i kroppen sin. Når så plantane døyr, vert denne solvarmen, eller solkrafta om du vil — opplagra i jorda som torv, steinkol, jordolje o. a. Og no, tusenvis av år etterpå, kan vi finne desse opplagra solkrefter fram og nytte dei til brensel i omnar, eimkjelar og alle slag motorar som vi brukar olje eller bensin til. Når då torvet, kolet eller oljen brenn, vert den opplagra solkrafta som dei har i seg, utløyst på nytt som varme i omnen og i eim-maskinen og motoren, og denne varmen som er utløyst sol-varme, vert i eim-maskinen omlaga til kraft og driv eimbåten fram. I motoren vert han likeeins til kraft som driv store og små motorbåtar. Og store og små bilar susar fram etter vegane, drivne fram av solkrafta som er i oljen, bensinen. — Ja sjølv elektromotoren vert driven av det vi kallar elektrisitet som også er omveges solkraft. Såleis skjønar du at det er sola som er den verkelege kraftkjelda gjennom alle tider.

Såleis samrøder far og son medan arbeidet går som ein lek. Timane går så fort, og før dei veit ordet av, kjem mor med middagsmaten. Dei finn seg ei tørr mosetuve på torvbarden. Der set dei seg og får seg mat.

— Ser du den rota der? seier faren til Harald og peikar på ei svær furerot som han nett har spatt torva av. Ho ligg på lag ein meter under yta.

— Den har noko å fortelje oss, kan du tru!

— Kva skulle vel det vere? undrast Harald.

— Ho fortel oss om framfarne tider, seier faren.

— Kor gamal trur du ho er? Harald tenkjer ei lita stund.

— Hundre år på lag, tenkjer eg.

— Å nei, du må nok leggje på nokså mykje, seier faren.

— Tusen då, seier Harald.

— Det er visst enno mykje for lite, men lat oss no seie tusen år. Altså kring år 950. Det var altså stutt etter at Noreg var samla til eitt rike av Harald Hårfagre. Det var i 872, veit du. På den tid og

langt seinare stod det storskog oppetter alle lier frå ytste øygarden og opp mot høgfjellet. Og her stod altså ei fure, frisk og frodig voks ho seg stor og diger og vart til sist ei retteleg kjempefure .Kor gamal ho vart, veit ingen, kanskje 2—300 år, men så kom storstormen ei svart haustnatt, og herja stygt i skogane. Då han endeleg gav seg, låg mange av dei gamle kjempene nedslegne med brotne stomnar. Men røtene vart ståande att. Dei grodde over av myr, og har halde seg mest friske radt til vår tid medan stomnane og kronene rotne og smuldra i vind og ver og vart til mold. Moldlaget auka og voks og laga grorbotn for nye tre. Såleis levde trea sitt liv her i landet vårt, frå ættled til ættled. Berre ein liten part vart nytta ut av menneska, medan den store masse gjekk tapt, anten ved at dei rotne eller ved skogbrannar som ofte har herja i skogane. I myrane kan vi ofte finne stomnar og røter som er svartbrende, og såleis fortel dei oss om skogbrannar som har vore ein gong.

Harald sat og lydde i undring til det faren fortalde. No var dei ferdige med maten. Medan far tok seg ein middagslur, ville Harald sjå nærare på rota som låg i myra. Det synte seg å vere rota av eit kjempetre som ein gong hadde stått der. Stommen må visst ha vore på lag 80 cm. i tverrmål. Det finst ikkje mange slik tre i skogen no, tenkjer Harald, og ser bort gjennom lia der fureskogen står tynn og glisen med ei og onnor tørrtoll. Så tek han øksa og høgg flis for flis av den svære rota. Ho er heilt frisk inni og er raudbrun i fargen. Då han luktar på ei flis, kjenner han ein sterk, frisk brål av kvåe i den feite furerota.

— Det er brålen av solkrafta ho saug i seg for over tusen år sia, seier han for seg sjølv, og vert sitjande og gruvle med den brune flisa i handa. Han tenkjer på den tida då dette treet voks opp her — for tusen år sia eller meir. Kor rart ville det ikkje vere å leve i den tida. Og så alle dei hundreår som har gått etterpå. Kor mange stortre har vel ikkje falle i skogane i gjennom alle desse åra.'----- .

Men før han varast, vakna faren og strekte seg etter middags-søvhen.

— Er du der, gut, seier han. — No lyt vi til å prøve stor-rota.

— Ho er like frisk endå ho er tusen år, seier Harald og ser på flisa han held i handa.

— Ja, ho kunne godt lege der nokre tusen år til utan å ta skade av det, svara faren, men no skal ho fram i ljuset og dagen.

— Det er lenge sia sist ho såg sola, seier han og ler mot Harald.
— Men endå luktar det sol av henne, — kjenn her, seier Harald og held fram den brune rotflisa til faren. Han luktar til. Jau, det luktar solkraft. Det er tusen år gamalt solskin som er innestengt i rota. No skal det bli utløyst og kome til nytte.----- .

Så tek dei til å spa frå rota på alle kantar, medan praten går. Ho har fangarmar som ein diger blekksprut, med dei saug ho væte og næring frå jorda til den digre krona. Faren slit og kavar for å løyse henne or myra, men det tek tid før den siste rotgreina er fri. Endeleg ligg rota der avspadd, men ho er så tung at dei rikkar henne ikkje av flekken alt det dei slit. Så må dei sage og hogge mole for mole, til dei sistpå har berre rotkubben att. Den velter dei til sides så dei kan få arbeide vidare. Så tek faren til å spa torv djupare ned.

Torvet vert svartare og feitare til djupare dei kjem.

— Dette er godt brenntorv, seier far, det er feitt og mjukt som smør, når dette vert tørt, skal det nok gi varme under gryta og i stova. Myra er djup, på lag to og ein halv meter. Om ikkje lenge råkar dei på ei rot som ligg djupare nede i det nedste myrlaget. Ho ligg i den svarte, feite myra så glinsande gulbrun, og Harald er mykje forviten og tek til å frege på nytt.

— Far, kor gamal er denne? spør han. Faren høgg ei stor flis av rota, og sender opp til guten. Ho er litt mørkare i fargen enn den andre, mest som sjokolade, og ho brålar på lag like sterkt gamalt solskin.

— Ingen kan seie alderen på året eller hundreåret. Vi kan berre gisse oss til det på lag. Kva trur du? spør faren.

— To tusen år, seier Harald.

— Ja, det er vel i minste laget, kan hende er ho tre tusen eller meir. Men lat oss no seie to tusen år. Det er ein lang tidbolck. Det var altså før Kristus vart fødd at dette treet voks her. Stommen ser vi ingen ting av. Den er anten brend eller rotna — eller kan hende nokon i den tida har nytta han å byggje hus av.

— Budde her folk for to tusen år sia då, far? spør Harald.

— Ja, det gjorde det sikkert, guten min, seier far. Her har sikkert butt folk i fleire tusen år, heilt frå den tid då isen tina vekk etter den siste store istida då isen låg over det meste av landet, — eit islag på opptil 2000 meter. Først då isen tina vekk, kunne trea kome. Dei spirte opp av skogsfrø som kom fykande med vinden helst frå Sverige.

Frøa fann seg litt jord og sette rot og voks innetter alle lier. Og litt etter kvart vart det storskog som gav livd og ly. Først då vart her buande for folk. Då kom dei første landnåmsmenn hit. Ingen kan seie visst kor lenge det er sia, men vi kan vere sikre på at det budde folk her i steinalderen — for 3—4 tusen år sia. Ja, somme meiner det har butt folk her i landet i 5—6000 år.

— Men korleis kan dei vite at det har butt folk så lenge her ? spør Harald.

— Det kan vi vite av dei fornfunn som dei har grave fram på ymse steller. I dei ymse landsluter har dei i gamle gravhaugar funne øksar og knivblad, dolkar og piloddar, ja til og med sagblad av flintstein. Desse ting er frå steinaldertida som dei reknar varde til kring 1500 år føre Kristus. Det er altså på lag 3500 sia slutten på steinaldertida. Det er lite vi kan vite om forfedrane våre frå den tida, då vi korkje har munnlege eller skriftlege kjelder å halde oss til. Men leivningane vi finn etter dei i jorda, talar sitt eige språk og fortel om deira enkle levevis og om den harde livsstrid dei førde i den urgamle tida. Ein ting er visst: om ikkje skogen var, kunne her ikkje bli levevilkår for folk i Noreg. Av skogen fekk dei byggevyrke til hus, båtar og reiskapar av alle slag, brennefang, husbunad og emne til mange slag bruksting. Korleis kunne dei ha livberga seg her utan alt dette? Og i skogane var det mykje villdyr: bjørn og ulv, gaupe og jerv, rev og røyskatt og mange andre. Dei eldste busitjarane, forfedrane våre, var gjæve veidefolk, endå så enkle og ufullkomne våpen som dei hadde. Av villdyra som dei felte, fekk dei skinn som dei bruka til klede. Så fekk dei kjøtt som dei åt rått eller steikt på glør. Senar og tarmar tørka dei og laga til tråd som dei sydde skinnklede med.

I skogane var det også mykje storfugl. Med boge og pil som var det eldste og einaste skotvåpen dei gamle nordmenn hadde, felte dei visst mangein skogsfugl. Elles nytta dei meir snarer som dei sette ut, og ymse slag feller både for villdyr og fugl. I vikar, elvar og vatn var det rikeleg fisk som dei etter kvart lærde seg til å fange. Or marka grov dei fram ymse slag røter som var etande, og i skogane voks det bær av mange slag. Såleis livberga dei seg, forfedrane våre, av det som naturen hadde å by dei i dette verharde, ville, men vakre landet som dei tok til odel og eige.

Harald lydde til det faren fortalde, og han tykte han såg korleis dei eldste nordmennene levde sitt liv i skogrudningane ut mot strendene. Dei var liksom eitt med landskapet og først og fremst med skogen. Dei var naturborn og visste å innrette seg etter dei vilkår som landet hadde å by dei. Dei måtte vere vare og djerne på same tid, gløgge, rådsnare, sterke og uthaldande. Retteleg idrottsmenn måtte dei vere, endå dei hadde korkje fotball- eller tennisbane, og ikkje knivast dei om cm. og tiandedels sekund som idrottsmennene no til dags. Nei, dei sette livet inn i kampen mot villdyra som luska ikring i skogen, og mange av dei måtte nok bukke under i denne kampen, men dei som kom frå det med livet, hausta røynsle og tok kampen opp på nytt.

No leid det til kvelds, og dei var komne til botns på den djupe myra.

— Denne er nok like så gamal som den eldste busetjinga her til lands, seier faren tankefull.

— Ja, dersom myra kunne tale, ville ho ha mykje rart å fortelje oss, sa Harald då dei rusla på heimvegen.

FISKE

Ved sida av jordbruket har fiske vore den fremste næringsvegen for sykkyllvingane, så langt attende vi veit. Det fell naturleg her å skilje mellom heimefiske og havfiske.

Heimefiske går for seg inne i fjordane. Fiskereiskapen var av så mange slag: Dorg, djupsokn, rykk eller pilk, leitarvad, flyndrelo, steinbitlo, småline, sildegarn, torskegarn, trollgarn, kastenot, slengjenot og stornot. Reiskapen vart brukt om einannan etter som det høvde, tilmåta etter årstid, og fiske på kvar stad.

Dei lange vinterkveldane vart nytta til å gjere reiskapen i stand. Då sat karane og batt not eller garn, rigga line eller sysla med andre fiskegreier. Når så våren kom og fjorden vart isfri, var børnskapen barka og ferdig til bruk. Kvar mann måtte ha sine fiskereiskapar, til og med garn og kastenot.

Om vintrane når isen låg trygg på fjorden, hogg dei vok i isen og sette ut «vakall». Til agn brukte mange levande bleik. «Vakallen» stod ofte natta over, og når han vart dregen opp om morgonen, var det som regel ein fisk på kroken. Det var oftast kroppong eller lyr. Elles drog dei ofte småfisk med leitarvad på isen om vintrane.

Men noko retteleg fiske som mona, kunne det berre bli når fjorden var open. Var ein så heldig å få seg agnsild, måtte ein straks egne line og Så ut i fjorden og prøve fiskelukka. Det er eit morosamt fiske. Når lina har stått i sjøen 2—3 timar, vert ho dregen opp. Er det så sant noko fisk i sjøen, og agnet er ferskt, kan ein rekne med bra fengd. Og når det slær rett godt til, hender det at fisken «onglefyl», (d. v. .s at det er fisk på kvar ongel). Det kan vere torsk og hyse, lyr og brosme, ja, stundom flyndre og kveite og. Men desse tok dei ofte med flyndre- og kveitelo, når fisken låg på botnen så grynt at han lett var sjåande frå båten. Det har stundom vore fiska kveiter på over hundre kilo på denne måten. Også steinbiten stakk dei med lo, når han låg og sola seg på leirbotnen. Raudspetta fekk ofte same lagnad.

Med smågarn og trollgarn tok dei all slags fisk som var så stor at han kunne stå i garnet, og mang ei fiskebør vart boren til gards etter ein fin garnfengd.

Laksen tok dei i laksenota. Nota vart utsett helst i ei vik der ein visste at laksen kom rennande. I eldre tid hadde dei ei «laksegilje» ståande i land ved nota. Ein mann tok plass i «gilja» og passa på. Når så ein laks kom rennande inn på nota, drog mannen i eit tau og stengde nota, så laksen ikkje kom seg ut att. Ei slik laksegilje stod i Haubukta på Aure heilt til kring 1910.

I seinare tid laga dei kilenøter til laksen. Når han går seg inn på ei slik not, går han seg fast og kjem ikkje ut att.

VIKINGTID

KULTUR OG SAMFUNNSLIV

Ligg dei førre tidbolkane i skodde eller halvmørker, så dagast det meir og meir, og når vi kjem til vikingtida, kan vi alt klårare skimte dei store drag i saga. Vi er med andre ord komne til historisk tid.

Det er tidbolken 750—1000 e. Kr. som vanleg vert kalla vikingtid. Det som særmerkjer denne tida, er først og fremst dei mange og store vikingferdene som nordmennene gjorde til ymse europeiske land. «Norrønafolk det vil fare, det vil føre kraft til andre», syng Bjørnson. Denne utferdshugen har nok levt i nordmennene frå eldgamle tider, men først i vikingtida fekk denne hugen vengefang og utløysing. Hovdingane reidde ut langskip til krigsbruk, og så drog dei i veg over Nordsjøen og Skagerak for å vinne seg rikdom og ære på hærmannsvis. Dei la inn i vikar og vågar og herja og røva både kyrkjer og kloster, og tok hærfang heimatt.

For å lage seg våpen måtte dei ha jarn. Kunsten å lage jarn av myrmalm vart kjend også her i landet, så dei slapp å kjøpe alt jarnet frå utlandet. Jarnkulturen vart driven som fagarbeid og nådde utruleg langt. Særleg var det gjæv kunst å lage gode våpen, for utan dei kunne ingen bere sigeren heim. Smedarbeid var det gjævaste av alle handverk. Derneft kom skipsbygging og husbygging som båd visseleg stod svært høgt. Vi finn prov for at særleg båtbyggjarkunsten stod høgt i vikingtida. Vikingskipa pløgde havet mellom Noreg, Island, Grønland og Amerika både i storm og stille. Å fare over havet i open båt utan kompas er ei vageferd som set dei største krav både til båt og mannskap. Av dette skjønar vi at både båtbyggjarkunst og sjømannskap stod svært høgt i vikingtida. Dei hadde og vaken sans for det vakre. Treskurd og keramikkarbeid stod såleis svært høgt i denne tida.

Dei våpenføre mannskapa låg heile somrane i hærferd, men om vintrane var dei heime på gardane sine. Gardane vart for det meste drivne av leigefolk og trølar. Mange gardar var store, og gardsdrifta var svært vidfemnande. Foret måtte sankast frå lier og dalar, omframt det som fanst på heimebøen. Men det vanta ikkje på arbeidshjelp i den tida. Hadde ein hovding for lite folk, tok han med seg trølar heimatt frå utlandet. Trølane var ufrie folk, som herrane åtte og rådde over. Leigefolket var frie, men kunne likevel ikkje flytte frå mann til mann når dei ville. Som regel var det berre skyldfolk og slike som var knytt til huslyden, som var leigefolk, og dei hadde både rett og plikt å tene herren sin i krig og fred. Heile flokken stod traust saman i ve og vel, og var ansvarlege for kvarandre. I slike huslydar kunne det stundom vere hundre menneske. (5). Alle skulle ha hus, mat og klede og litt løn, og alle budde i same tunet, men hushaldet eller matstellet kunne dei gifte ha for seg sjølve. På ein skikkeleg gard var det mange hus: Stove, eldhus, bur (sengjabu) som folk budde i, smie, vedskjol, stabbur, fjøs og løehus, stundom fleire slike på same garden. Det kunne stundom vere ei 15 hus eller meir på ein og same garden, så det var som ein liten landsby å kalle. Ættekjensla var sterk i denne tida, og ættene heldt saman i eitt og alt. Såleis hadde det seg at mange huslydar av same slekta budde i lag på same garden. (Ættehuslydar). Då måtte det ofte både mange og store hus til for å hyse alle. Det er prova at somme stovehus frå vikingtida var 50 m. lange. (5). Når desse ættehuslydane vart altfor store, vart gjerne garden delt, og somme flytte då ut og bygde hus for seg sjølve, men hamnegangen vart som før sams for alle som høyrde ættegarden til, og stundom endå fleire. Denne skipnaden er svært gamal, og skriv seg frå stormannstida då odelsætta åtte og brukte alt i lag. Skikken har halde seg, endå om bruka kom til uskyldige folk, som kunne gjere med sitt som dei ville. Såleis vart mange tun bundne i hop i store husklynger — vegg i vegg. Det vår triveleg med slektfolk og gode grannar i ein slik liten landsby, men det hadde også sine farar. Kom det lauseld i eit hus, brann ofte heile bondebyen opp. Det er fleire døme på det ned gjennom åra. Dei hadde alt sams, velferd og samkvem, ulukke og trøyst, alt delte dei med kvarandre.

Fisket var lenge sams næring på ein gard. Fiskevegn, skog, torvmyr, tare, tang, skjel, agnmakk og fugleegg, alt var sams eige.

Med odelsretten fylgde erveretten og åsætesretten. Den eldste sonen hadde odelsrett og åsætesrett til alt jordegodset faren let etter seg, men døydde ein slik utan born, tok den nesteldste godset hans. Næraste ervingane hadde odelsrett om dei så var skylde først i 5. led. Dersom odelsgoods vart kjøpt av uskylde, kunne til og med ein femmenning til seljaren ta det att etter odelsretten.

Det hende nok ofte at folk døydde utan born. Var det så ein rik mann i ætta, så slo han til seg jordegodset etter frendane sine. Den eldre Edda, (skriven i vikingtida) nemner slike grunnrike kaksar som åtte mange gardar. Desse kaksane var sjølvskrivne som hovdingar i kvar si bygd eller grend. Då riks-samskipnaden vart innført kring 800-talet, vart dei rike hauldane valde til hersar, som skulle styre med tinghaldet og hærstellet i kvar si bygd. Dei var og offergodar som styrde med gudsdyrkinga.

FOLKETALET I VIKINGTIDA

Kor mange menneske var det i Sykkylven i vikingtida? Det kan ingen seie med visse. Vi kan berre prøve å finne det ut noko så nær. Vitskapsmenn har freista å rekne ut folketalet i heile Noreg etter jordfunna å døme, og har kome til at det var på lag slik: Kring 2000 i steinalderen, 5000 i bronsealderen, 24000 midt i jernalderen og 250 000 sist i vikingtida. Av desse siste budde 10-15000 på Sunnmøre, dei fleste ved kysten, men også ein del innerter fjordane. I Sykkylven budde det kanskje kring 500-600 menneske sist i vikingtida. Reknar vi vidare med at 30 gardar var busette (vi har no 57 gardsnr.), vert det jamt over kring 20 menneske på kvar gard. Vi kan då gå ut frå at kvar gard var berre eitt bruk med ein stor huslyd på kvart. Kring 1/5 var våpenføre menn, og etter det skulle Sykkylven ha godt og vel 100 våpenføre menn på den tid. (Dette er tenkte tal, ikkje historiske fakta). Til å ruste ut eit langskip til vikingferd eller krig trongst det kring 200 våpenføre menn. Sykkylven høyrde til Valde skipreide som omfata Ørskog, Sykkylven, Skodje.

For å kunne ruste ut eit langskip med fullt mannskap, måtte såleis fleire bygder slå seg saman. Dette er grunnlaget for skipreide-skipnaden, som Håkon den gode innførte kring 955. Sunnmøre skulle såleis ruste ut 16 langskip (25-sessa) endå det fanst berre på lag 15 000 menneske her. Etter svartedauden (1349) då folketalet hadde minka med ein 1/3, vart det berre 13 skipreide på Sunnmøre. (5).

Stand-skilnaden var stor både i vikingtida og lenge etter. Øvste klassa var hersane, så kom bøndene, så tenarane, og nedst trælane som var ufrie. Berre halvparten av bøndene åtte gardane sine sist i vikingtida, skriv prof. Johnsen i «Norges Bønder». Stormennene hadde slege til seg det meste av jordegodset, for makt var rett. Den som hadde stor ætt, var sterk, men ættlaus var rettlaus. Det var inga trygd, det var berre ætta å lite på. Usemje mellom menn vart nok pådømd på bygdeting og fylkesting, men når så den eine greip til makta, vart saka ein ættestrid, som kvar ætt hadde rett til å avgjere med makt. Den eine av partane hadde rett til å stemne motmannen til holmgang, og den som vann der, fekk rett i saka. Heradsting og fylkesting kunne ikkje hindre dette. Alle måtte bøye seg for overmakta.

Det daglege livet på gardane veit vi heller lite om på denne tid. Den eldre Edda kastar likevel ljøs over somt som er av interesse her. Då særleg diktet «Rigstula», det er guden Rigs tale. Dei meiner at dette diktet er skrivne på Møre kring 800 e. K., så det høver her.

Rig var Heimdal, ein gud av æsane. Veldig og sterk kom han reikande. «Kom til eit hus, døra stengd. Inn han gjekk, eld på golvet, gråhærde ektefolk grov i åren, Aae og Edda (oldemor) med gamle klede».

Rig skulle få mat. Så tok Edda ein klyset leiv full av havresåer, og «sodd ho sette på bordet». Det var ein træleheim dette. Borna til Edda var mørkhuda, hadde lange, stygge fingrar og lange hælær. Arbeidet deira var: «bastreip binda, byrder gyra, ris bera heim all dagen lang».

Så kom ei farande fyrkje til huset «med saur på solane, solbrende armar og kroknasa, bar namnet Tir», d. e. trælkvinne. «Midt i sessen sette ho seg. Sat hjå henne sonen i huset. Dei rødde og reidde seg seng, trælen og Tir. Born dei ol». Sønene heitte Fjøskaar, Høyarkar, og Langlegg. Døtrene heitte: Drumba, Kumba, Tjukklegg, Nasegreiv, Fillegjente, Trælkvinne og Tranebein. Alle var trælær og gjorde trælearbeid: «laga skigard, gjødsla åkrar, mata griser, gjætte geiter og spadde torv».

Trælane hadde det meste av krøterstellet på herregarden både heime og til fjells.

Frå trælehytta gjekk Rig til den friborne bonden. «Kom til ei hall, døra stod på glytt. — Inn han steig, eld på åren. Ave og Amma

huset åtte. Mannen smia teinar til veven. (Dei vov seg klede). Skjegget var skipa, håret klipt i panna, stramt sat skjorta, skrin stod på golvet». — Her ser vi kulturfolket. — «Sat så kona og sveivde rokken, strekte armen og spann til veven. Bar ho sveig og bringeduk, halsplagg ho hadde og band over herdane». — «Fram sette kona fulle skåler på bordet, kalvesteika var beste kråsa». Sonen hennar var ein raudleitt kar med lysande augo. Han heitte Karl, d. e. bonde. — «Uksar han tamde, plog han laga, sette opp lør og timbra stove, kjerr (vogn) han smidde og køyrde plogen». — (Så langt var altså jordbruket kome alt kring 800-talet). Så fekk han Karl seg ei kone. «Heim dei ho førde med lyklehankar og geite-skinnstakk. Kona til Karl, sat ho med brudelin. Så breidde dei blægja og bu sette. Born dei ol unaleg saman». Sønene heitte: Hauld, (odelsmann) Thegn, (kongsmann) Dreng (djerv), Smed (handverkar) Bodde, (ei keltisk form for bonde) Bundinskjegg, Brattskjegg, Bumann, og Krigsmann. Namna skal tyde på kva livsyрке kvar skulle få. Døtrene heitte: Viv, (kone) Brud, Gjæv, Stolt, osb.

Når ein mann ville ha seg ei kone, måtte han først betale henne. Men i staden fekk ho med seg heimafylgje (medgift). Så seint som i vikingtida hadde ikkje mannen lov å selje kona si, men han kunne sende ho heim att om han ville. Når mannen døydde, kunne dei ikkje slå ihel kona og gravleggje dei i lag, slik som skikken hadde vore før.

Frå bondegården gjekk Rig til hovdingen. «Kom til ein sal, mot sør vende døra, open ho stod, (gjestmilde folk). «Gjekk han så inn, golvet var strålagt, (det låg halm på golvet), hovdingen tvinna bogestreng, smidde bogar og skjefte piler». — Frua hans gjekk og pynta seg. «Sylgja bar ho i bringa, sid var kjolen og serken blåbleik». Fann så husmoder mønsterduk med brød på duken, — «tynne, kvite kveiteleivar — slikjande flesk og steikte fuglar på sylvlagde fat. Vin var i kanna, krota var staupet. Dei drakk og drøste dagen lang!» Såleis var livet i hovdinghallen. Frua fekk ein son, vaska han og sveipte han i silke. Håret var gullbjart, vangane gloraude og augo bistre. Jarl var namnet. — — «Opp han voks, skjold han svinga, strenger tvinna, piler skjefte, hestar reid, hundar eggja, sverd bruka og symjing øvde». Rig lærde han runeskrift, og bad han eigne åt seg odelsvollar i utgamle bygder. «Åleine han åtte 18 gardar. Gav åt alle gåver, øykjer staute». Rig fer så sjøvegen og kjem til hersen. «Ei møy han hadde, kvitleitt og klok. Ho heitte Erna».-----«Dei

feste møya, gifte ho med Jarl og skautet gav ho. Hugnadleg saman i salen dei budde. Ætta dei-auka, sin alder dei naut». Den eine sonen var konungen.

I Den eldre Edda får vi vite mykje om det rike kulturlivet i vikingtida då utviklinga gjekk fram med stormsteg. Diktverket speglar av folkelivet frå nedst til øvst med fattigdom, armod og trølekår, men også med rikdom, adelskap og høgsinn, så ein reint må undrast.

GUDETRU I VIKINGTIDA

I diktet Håvamål og i Snorre-Edda får vi kjennskap til gudetru og moral i vikingtida. Prof. Shetelig seier:

«Høvdingens hovedgård var uvægerlig forbundet med hov og tingsted». Hersen i bygda var altså den fremste både i religiøs og verdsleg meining. Gudehovet måtte stå på garden hans. Gudetru og gudedyrking har skift frå tid til anna. Granskarane meiner at soldyrking var vanleg i nordlanda heilt til jernalderen (kring 400 e. Kr.) Dei nye innflyttarane som kom til Noreg i denne tida, kom også med ny gudstru. Det ser ut til at dei dyrka «vanane» Ull, Njord og Frøy. Soldyrkinga døydde då ut etter kvart som den nye trua vann terreng. Men endå så seint som kring 600 e. Kr. finst det merke etter soldyrking på Sunnmøre. (Solmerke på stein i Hjørundfjord). (5). Det kan elles ha vore fleire religionsskifte før, men desse veit vi ikkje noko om.

Njord var først ei gudinne, sia vart ho ein gud, og borna hans var Frøy og Frøya. Alle tre var «sjøfolk».

Frøya kom siglande over havet. Ho hadde skipet «Sessrumnar», og Frøy hadde «Skibladner». Dei døde som skulle til nokon av desse tre, måtte helst fare over havet eller sjøen, og difor vart dei gravlagde i båt. Dei som for i hærferd, heldt seg helst til æsane, for dei var krigsgudar. Odin var allfader og valfader og budde i Valhall. Han hadde hesten Sleipner med 8 føter, og ramnane Hugin og Munin, (tanke og minne), og spjutet Gagne. Tor var son til Odin og budde i Trudvang. Han hadde hamaren Mjølner og styrkebeltet Megingjord. Han køyrde med to bukkar, då vart det torevær.

Balder var son til Odin og budde i Breidablik. Heimdal budde i Heiminbjörg og var venare enn fuglen. Han vakta Bivrostbrua og

bles i Gjallarhornet når dei vonde jotnane kom. Ty var ufredsgud, Brage skaldegud, Hod lagnadsgud, Forsete fredsgud, og Vidar var styrkegud nest etter Tor.

Kvinnegudane kallast åsynjer: Frigg var kona til Odin, Gerd til Frøy, Idun til Brage, Ran kona til ein vond jotun, Øge. Desse to rådde for alle ulukker på havet, og røva folk til seg. Loke var ein vond gud av jotunætt. Han var truleg ein av «vanane» som låg under i tevlinga med æsane. Loke laga verk og ve. Difor seier vi «låk» om det som er vondt. Loke avla Hel som bur i Helheimen og tek til seg alle dådlause og vonde menneske når dei døyr.

BRYTINGSTIDER

Den heidne gudelæra fekk eit hardt slag i 930-åra og utover, då Håkon den gode prøvde å kristne Noreg. Soga seier at han bygde kyrkjer på Møre, og det var dei første kristkyrkjene i Noreg. Men bøndene brende 3 kyrkjer og drap 3 prestar på Møre, og tvinga kongen til å halde opp med kristninga. Då kongen fall frå i 961, blota folk som før, og heidenskapen heldt ved. Olav Tryggvesson vart konge i 996 og innførde kristendomen langs heile kysten. Gudehova skulle ombyttast med kyrkjer i kvar hovsokn, men då kong Olav fekk berre 5 år å styre i, vann han ikkje å få bygt mange kyrkjer. I 15 år etter fekk folk dyrke gudane sine som dei ville, og gudehova fekk stå i fred.

Først i Heilag-Olav si tid (1015—1030) vart det ombyte. Då måtte hersane byggje kyrkjer i kvar si hovsokn.

Dei første gudehova i Noreg vart bygde kring år 600 e. Kr. Før var det berre borg eller offeraltar. Sia vart landet delt i hovsokner, etter mønster frå dei kristne kyrkjesoknene i Europa. Sokneskipnaden er såleis svært gamal i Noreg. Med denne skipnaden vart gardane samanbundne til bygder med kvar si bygdestyring. Det kom skippreideskipnad med andre grenser, men dei fekk inkje å seia mot soknegrensene.

I mellomalderen og lenge etter hadde kvar skippreide si eiga tingstove, der det vart halde ting 3—4 gonger om året. Den siste tingstova i Sykkylven stod på Blindheim. Ho vart riven i 1890. Så vidt vi veit, har kyrkjestaden for Sykkylven alltid vore på Aure. Det er difor truleg at det har stått gudehov på Aure i heidentida, endå noko sikkert prov har vi ikkje for dette.

Dei religiøse samlingane i vikingtida vart kalla blot. Folket i bygda skulle møte ved hovet kring 14. januar, 14. april og 14. oktober kvart år for å blote eller ofre til gudane, levande dyr eller trølar. I januar ofra dei for godt år og fred, i april for siger i krig, og i oktober for ein god vinter. Hersen var prest eller offergode. Alt gjekk høgtidleg til. Etterpå vart det halde sokneting, der bygdefolket bar fram klagene sine og fekk dom av hersen og lagretten. Samstundes var det og leikstemne eller idrottstevlingar på skeidvollen. Bygdetinga vart haldne til same tid, og like ofte i den katolske tida som i vikingtida. Etter reformasjonen vart vintertinget utsett til sommaren. Omframt bygdetinga var det og eit fylkesting for året, og det vart halde i Borgund. På fylkestinga vart store saker pådømde. I vikingtida var det fylkeshersn eller jarlen som styrde tinga her, sia vart det lendmannen på Sunnmøre, men då var lagmannen øvste domaren. Hersane miste både den verdslege og den religiøse makta si då Heilag-Olav vart konge. Han sette inn armenn til å styre i staden for hersane. (5).

Hovet var gudehuset åt fedrane våre. Det var ein vakker bygnad, prydd med utskurd. Det inste av hovet var på lag som koret i ei kyrkje. Der stod stallen med eit altar. På altaret låg ein gullring, som goden drog inn på armen sin når han blota. På denne ringen skulle alle eidar sverjast. På stallen stod det og lautbolle med lauttein (skvettekost). Kring altaret var det oppsett gudebilete. Dei ofra fe eller hestar som bøndene hadde teke med seg, stundom også trølar. Blodet vart oppsamla i lautbollen.

Med den store gullringen på armen tok så goden lautbollen, og med lautteinen skvette han blodet på veggene, på stallen, på gudebileta og utover folket. Kjøtet av offerdyra vart kokt i store kjelar på langelden. Folket sat på langbenker som i eit gjestebod og åt kjøt. Store drikkehorn med øl eller mjød vart borne ikring mellom benkene. Hornet åt Odin vart først tømt — for siger og makt. Men dei som leit mest på si eiga makt og sin eigen styrke, lurde seg til å signe det til Tor. Det siste hornet vart tømt til minne om gjæve skyldfolk eller vener. (3).

Ved sida av den vanlege «gudetrua» var det vi til vanleg kallar ovtru svært mykje utbreidd mellom folk flest i eldre tid.

Av husdyra var det særleg hunden og hesten som vart dyrka som «heilage» dyr. Dessutan var det mange slag «vette» som ein måtte

akte seg for. Det var hulder i haug, tuss og dverg og draug. Vonde vette låg på lur både her og der, hulder og haugfolk var underjordiske og usynlege til vanleg, men av og til kunne dei også syne seg for folk og varsle om ulukker m. m. Det galdt om å halde seg til vens med dei, då kunne dei gjere mang ei beine.

Utburden (born som vart borne ut) trudde dei stundom å høyre ynke og klage seg når nokon gjekk framom, fordi dei var fredlause.

Draugen meinte dei siglde på havet på ein halv båt. Når nokon fekk ein skimt av den karen gjennom dimma og snødrevet, då varsla det om at den som såg han, var feig.

(Sjå meir om dette under bolken ovtru.)

VARDEVAKT

Håkon den gode (934—961) delte kysten i skipreide, og kvar av dei skulle reie ut eit langskip med full utrustning i krig og ufred. Til kvar skipreide høyrde det om lag 1000 menneske, med 200 våpenføre menn. Samstundes med denne skipnaden vart det påbode å byggje vardar på fjella. På desse vardane (vetar) skulle det til kvar tid liggje tørr ved, og det skulle sitje vakt der både i krig og fredstid. Fekk dei vitring om at fiendar kom, skulle kongens årmenn eller lendmenn skjere opp bodstikke, som gjekk frå gard til gard. Når ein mann tok mot bodstikka, plikta han straks å bere henne til næraste granne. Våpenføre menn som då ikkje straks møtte til samlingsplassen, skulle betale 3 mark sylv, eller 9 kuverde. Dersom vakta ved varden sovna, skulle ho betale 12 øre sylv. Kom det fiendar på minst 5 skip, skulle veten kveikjast straks. Vart det forsømt, vart vakta lyst fredlaus. Vardane var plasserte på fjelltoppar, såleis at vakta kunne sjå frå den eine til den andre. Når så ein vete vart kveikt, så kveiktest også dei andre fort vekk, og ufredsboten kunne gå frå landsende til landsende.

Det hende at det kom 5—6 handelsskip i fylgje, som vakta trudde var fiendeskipping, og difor vart veten kveikt. Folk vart såleis narra, og vakta måtte betale 40 mark i sylv for umaken. Av denne grunn vart det stundom forsømt å kveikje veten når det kom krigsskip og, fordi vakta trudde det var handelsskip. Og så vart vakta fredlaus.

Skipnaden med vardevakt heldt seg like til 1800-talet. I Magnus Lagabøter si lov (1274) vart det sett mildare bøter. Ved kvar varde

skulle det stå eit vakthus med dør på alle fire sider. Vardevakta vart vald av skipreidetinget. I Kr. 5.'s norske lov (1687) vart det påbode å halde vardevakt berre når det i krigstid var påbode av kongen. (5).

I Sykkylven veit vi om 3 vardar. Ein stod på Hovdenakken mellom Hovden og Hatlemark. (Hovdevarden). Når den vart kveikt, var han synleg på ytste gardane i Sykkylven og Hjørundfjord, og dessutan mykje av Borgund og Hareidlandet. Det syner enno tydeleg merke etter vakthuset som stod på Hovdenakken.

På Bruna ved Regndalssetra på Velle stod ein varde som var synleg i heile Velledalen og utover Sykkylvsfjorden og strendene.

Ved Gimsdalssetra stod Storevarden som var synleg over det meste av ytre Sykkylvsfjorden og strendene og dessutan mykje av Borgund.

MELLOMALDER OG LITT LINGER

MELLOMALDEREN

Tidbolken mellom vikingtid og reformasjonen vert vanleg kalla mellomalderen. Det var vikingane Olav Tryggvesson og Olav Haraldsson som hadde fått kjennskap til kristendomen på vikingferdene sine, og det var dei som (i teorien) førde inn den nye trua på «Kvitekrist». Men i folkelivet var det nok ikkje så lett i praksis å få bukt med heiden sed og skikk, som hadde djupe og sterke røter i folkeliv og lynne, og gjennom heile mellomalderen bårar det ein seig strid i folkelivet mellom heidenskap og kristendom, som skiftevis hadde overtaket.

Ein høyrer enno ofte tale om «den mørke mellomalder», og det er visst ikkje utan grunn. Både økonomisk, sosialt og kulturelt var det på mange måtar ei mørk tid. Og som det var i landet elles, så var det visst likeeins i Sykkylven.

Det er heller tynt av historiske kjelder frå tidleg mellomalder. Svartedauden 1349—50 kom til å setje eit skilje i saga vår som gav seg utslag både i folketal, produksjon og prisar m. m. Verknaden av denne landsulukka kom til å setje merke i saga vår for lange tider. Om dette skriv professor Hasund m. a. i «Norges Bønder»:

«Etter mannadauden i 1349 sokk gardprisane med ein gong ned til 40 % av den gamle prisen, og i gjennomsnitt for store gods kunne landskylda gå ned til 26—27 % av den eldre landskylda. Og endå gjeld dette berre for dei bruka som vart haldne i drift eller var på handel. Forutan desse var det rundt i bygdene ei mengd øydegardar, som gav lita landskyld (til slåttemark) eller slett inga. Over store distrikt minka avkastninga av åkerbruket ned til under ein fjerdepart av det dei avla før. I andre bygder kunne det vere litt betre, men alle

stader var nedgangen uhorveleg stor. Og dette retta seg ikkje på lange tider. Det tok 250—350 år å drive jordbruksavkastninga (og folketalet) opp på det gamle nivået att, og landskylda kom aldri opp i det ho før hadde vore».

Og etter å ha granska nedgangen i kornproduksjonen, seier han: «Det er uhistorisk å gå ut ifrå at nedgangen etter mannadauden var bøtt kring år 1500. På denne tid låg landet reint nede. Det var først kring reformasjonen at det tok til å syne seg meir tydeleg merke på framgang. Mannadauden tynte to tredjepartar av landsens nasjonal-midel, og det gjekk to hundre år før det tok til å syne seg tydelege merke på oppgang att. Dette er den rette hist. innleiing til dansketida. Men nedgangen var ikkje alle stader like stor, og oppgangen ovra seg ikkje alle stader like seint eller like langsamt».

Om den svære økonomiske verknaden seier Edv. Bull (Det norske folks liv og historie): «Når det blir nedgang i befolkningen, betyr det at gårdar blir liggende øde, eller at det blir for liten arbeidskraft på gårdene slik at stykker av innmarken får lov til å gro igjen. Det blir mindre efterspørsel etter jord, jordprisene synker. Men enda viktigere er det at det blir vanskeligere for grundeierne — kirken, kongen, høvdingene — å få leilendinger til gårdene sine, og annen måte å skaffe seg inntekter på enn ved å bygsle bort jorden, hadde de ikke. Igjen er det loven om at prisen bestemmes av forholdet mellom tilbud og efterspørsel som virker — landskylden faller, og f aller meget sterkt».

Sogegranskarane meiner at Noreg hadde om lag 300 000 menneske i 1349, men at tredjeparten døydde av pesten. Sotta kom frå Asia, og på 5 år hadde ho herja heile Europa. Mange bygder her i landet vart heilt avfolka, og gardane vart liggjande øyde i lange tider. Vi kan for visst gå ut ifrå at mannadauden gjorde eit stygt innhogg i folkelivet også i Sykkylven, men då vi ikkje har histpriske kjelder å byggje på, kan vi berre tenkje oss til korleis livskåra var når sotta fengde den eine huslyden etter den andre og avfolka gardar og grender, og berre ein liten flokk som ved eit under kom frå det med livet.

OM TIENDA

Nemninga «tiend» tyder beint fram ein tiandepart. Når det gjeld folket på gardane i 1724, så er tiendmanntalet lite å bli klok på, då det nemner berre husbonden på garden og guteborn og tenarar. Det

var vanleg i den tid at kvinnene ikkje vart rekna med. Likevel har dette manntalet sitt verd. Det går klårt fram av dette kva produksjon dei dreiv med på gardane, og kva dei la i tiend. Korn dyrkinga hadde ein brei plass i gardsdrifta. Det var havre og bygg. Kornet vart livberginga for huslyden på kvar gard. Eit gammalt ord seier at «Noreg er bygt på bygget», og ein kan leggje til: «og på havren».

Dei gardane som hadde godt åkerland, var vel farne. Der vart det dyrka bygg og havre på same åkrane mann etter mann, og den gjødsla som fall, måtte åkrane få, dersom ein skulle få skikkelege avlingar. Foret til buskapen vart sankt på ugjødsel bømark og utslåttar. Og når vinterforet traut opp i vårknipa, måtte ein på skogen etter hjelpefor: beit, bar, lyng og skav.

Det går også klårt fram kva gardar som var typiske bygg-gardar, og kva som var havregardar. Og av den tiend dei vart pålagde, kan ein noko så nær finne storleiken på garden og avlinga.

Det vart også lagt tiend i ost, og dei gardane som hadde største buskapen, måtte sjølv sagt ut med den største ostetiend. Såleis kan dette tiendmanntalet bli oss til god hjelp når vi vil vite eitt og anna om dei ymse gardar i den gamle tida.

Tiend skulle delast likt mellom kongen, presten og kyrkja. I kvar kyrkjesokn var det ei tiendbu, og der leverte dei tienda inn. Det var futen som kravde inn skatt og tiend til kongen. Kornet skulle vere av det beste som var avla på garden, og det skulle leverast til fastsett tid. Vart det ikkje det, måtte bøndene betale mulkt. Endå om tienda var ymis etter som åringen var, var det i alle høve ei tung avgift attåt alle andre tyngsler.

Når det var grønnår eller uår, måtte bøndene løyse inn tienda med pengar, fordi dei elles måtte kjøpe korn langveges frå. For mange var det vandt å greie tienda dei var pålagde frå år til anna. Når så futen kom og kravde og dei ingen ting hadde, så var det ikkje nåde å få. Det vart mulkt eller panting, og det gjorde stoda endå verre enn før. På denne måten vart mange bønder utarma, og futane vart lagde for hat. Futane vart ofte skulda for å bruke falsk vekt når dei vog inn tienda, og når bøndene ville betale tienda i pengar, sette futen ofte prisen urimeleg høgt. Den vanlege prisen på korn var i 1640-åra 6 ort tynna, i 1661 3 rdlr. I 1665 2,5 rdlr. Men prisen kunne variere noko frå den eine landsluten til den andre, og frå år til år etter som avlinga var.

I uåra 1622—23 kosta bygget såleis 7—8 rdlr. i Bergen, medan den vanlege prisen i gode år var 1,5—2,5 rdlr. pr. tynne. Når grønnåra kom og bøndene var utarma frå før, hadde dei ingen ting å kjøpe korn for, og difor måtte mange ta til takke med borgebrød for å halde liv i seg og sine. Men i gode åringar la dei gjerne litt korn ekstra i bingen, så dei kunne ha noko å spe på med i tilfelle det vart uår. Og når det galdt såkorn, var det regel at dei hadde «eit års forefar» for å sikre seg at dei ikkje stod opprødde for såkorn når grønnåra kom.

Endå Sykkylven frå gamalt var rekna for ei særst god kornbygd, som også hjelpte andre bygder med korn, var det likevel mange som betalte tienda i ost eller fisk når dei tykte det høvde betre. Det går tydeleg fram av tiendmanntalet.

TUNGE TIDER

Det var tunge tider for næringslivet i det 16. og 17. hundreåret. Svært ofte var det uår, og det gjekk sjølvstarkt verst ut over hovudnæringane, jordbruk og feal. Uåra som gjekk over heile landet, «svartåra» 1589—91, og «det store dyråret» 1601 tok visseleg hardt på folket i bygdene. Det vart fortalt frå ymse kantar av landet at fjellvatna fraus til, snøen gjekk folk til beltes på fjellet og til knes i bygda midt på sommaren. Når det var grønnår eller kornet fraus om hausten, vart det smalhans for folket i bygdene. Då måtte dei på skogen og sanke bork av alm og osp som dei tørka og mol og blanda inn i den vesle mjølsåa dei hadde. Så var det å slite seg gjennom vinteren i svolt og armod og tære på det svarte borgebrødet, så dei kunne halde livet oppe til sommaren kom att.

Når dei så midt i desse uåra skulle greie alle skattane og dei andre tyngslene, så var det nok ofte vanskeleg å slå seg igjennom. Når ein leiglending vart tilsett, måtte han betale ei viss avgift — førstebyggsel, også kalla «førsteårstage». Men då korkje eigar eller leigar hadde hug å få sett opp landskylda, fordi skatten vart utrekna etter den, vart det snart så at leiglendingen berre leigde jorda for 3 år om gongen og fornya leiga då med nye avgifter, «tredjeårstage» eller «holding». — Endå om landskylda kunne vere tung nok å greie, så vart det nok endå verre å greie alle skattane som vart pålagde. Og av skattar var det eit utal som skulle betalast i pengar eller varer.

Dei vart etter kvart samla i 5 hovudskattar (frå Christian IV si tid).

1. Odelsskatten, opphavleg ei gamal plikt på bønder med fleire gardar til å stille i krig med hest.
2. Rosstenestskatten kom i 1682 som eit tillegg til odelsskatten. Det var ei avgift for skyldnaden til å møte med hest og rytta.
3. Munderingsskatten, skyldnaden til å utstyre soldatane med klede m. m. Gjekk i 1670-åra over til å bli ein skatt i pengar.
4. Leiglendingsskatten vart første gongen pålagd under Chr. IV. Det var ein grunnskatt som kvilde på alle brukarar av jord (opptil 12 rdl.).
5. Provianteringsskatten vart første gongen kravd 1667, betalt med 1/2 rdl. pr. skippund tunge.

Til desse kom så ei heil rekkje mindre skattar: Utreiingspengar, standkvarterpengar, kvernskattar, lagmanns- og skrivartoll, veg-meistertoll. Og så kom tienda som skulle ut kvar haust til kongen og kyrkja. I gode kornår gjekk det endå an, sjølv om det ofte var tungt å ta 1/10 av det beste kornet og levere det til futen eller presten. Men når det var grønnår, og det var det ofte, då var det endå verre, for då måtte dei greie tienda i pengar, og pengar var det lite av hjå dei fleste. Ofte vart prisen på tiendekornet sett urimeleg høgt av futen, som skulle krevje inn tienda. Og då kunne det bli strid og uhygge.

Når ein ny konge gjorde hyllingsferd til Oslo, skulle folket yte det som trongst til gjesteboda i byen, «gjengjerdsskatt». I 1547 t. d. vart det pålagt bøndene å yte til kongehyllinga ferskmat, sauer og slakt etter 1/2 rdl. pr. sau. Kongehyllinga skulle vere i 1548, og kvar 10 bønder sønnafjells skulle levere: 1 feit ukse, 1 fjerding smør, 10 sider flesk, 10 sauer, 10 gjæser, 20 høns, 1 tynne mjøl, 2 tynner malt. Kvar husmann: 1 lod sylv. Alt skulle førast fram til Oslo.

Det var ikkje rart at bøndene vart utarma av alle desse skattar og avgifter. Stundom kom det då og til oppreist mot futane som kravde inn skattar og avgifter, og som ofte for hardhendt fram mot dei arme bøndene.

Vi tek med her nokre av dei skattane som bøndene vart pålagde å betale frå 1600-talet og utover. Det gir ein glytt inn i dei tyngsler som vart pålagt bondesamfunnet i denne tida. (9).

MANGE OG TUNGE SKATTAR

1603/4 Skatt oppeborit aff Bøndernis

Odelsguods.

Her er oppført manntalsregister for kvart bruk og kvar gard. 10 og 10 bruk er slegne saman i grupper (fullgardar), og kvar av desse er ilagt 10 Rdl. i skatt. Det vart i alt 12 slike grupper med 120 bruk i alt. Dertil kjem 13 «Ødegaardsmænd» som betalte 2 ort kvar. 12 «Huusmænd» var så fattige at dei kunne ikkje betale skatt. Fire «Fuldlødsdrenge» betalte 2 ort kvar og åtte «Halvlødsdrenge» betalte 1 ort. I alt var det 157 som betalte skatt.

1606/7 Chronens och Stigtens Landskyld

aff Søndmøris Len. Odelsguods.

Her er oppført berre 15 odelsbønder som betalte landskyld i fisk.

Jacob Ytter Ekornes.....	1	Wog f.
Enken Inder Ekornes	2	« f.
Olluff Jac. Setter	2 1/2	« f.
Gorre Setter		
Ingebret Brunstad	1	« f.
Olluff Olsen Brunstad	1	« f.
Olluff Knudsen	1	« f.
Siffuer Brunstad	1	« f.
Olluff Pedersen Wiig.....	5	« f.
Olluff Torstensen Wiig.....	5	« f.
For Laxeverpet Wiig.....	1	« f.
Olluff Klokkehoug	1	« 1 p. f.
Peder Offuerdall	2	« 2 p. f.
Sæmund Grebstad	'	1 p. f.
Ingebret Eidem	1/2	« f.

1606/7 Chronens Leding och Tiende Korn

Oppeborit.

Til Leidangen vart skatten betalt som kalveskinn k., eller geiteskinn g. Tienda vart betalt i korn, mæling og f jerd. (M. og f.)

Her er oppført 121 brukarar som betalte opptil 3 k. skinn og 1,5 M. korn etter storleiken på bruket.

- 1609/10 Chronens och Stigtens Landskyld
Her er oppført 147 brukarar som betalte landskyld og tiend
aff Sundmøre Len.
på lag etter dei same reglar som ovafor. Det same gjeld
Leidangen.
- 1610/11 Som i 1603/4 var skatten 10 Rdl. på kvar fullgard a 10
brukarar. Det var 11 fullgardar med tilsaman 110 brukarar.
Dertil kom 22 husmenn som betalte frå 4 ski. — 1/2 Rdl.
kvar. Det var 9 «Fuldlods Dreng» og 11 «Halvlods Dreng»
som slapp skatten.
- 1611 Efter den første Taxst ad hvilken hver tredje Mand bleff
udschrifne offuer ald Bergenuus Leen. Huilket var de fattige
Folk Ibid, — formedelst deris store Armod megit besværligt
at offuerkomme, så er først udgiffuen aff ald for Leen, på
3080 Knegter Thiende Maaneders Besoldingh udi Fætall och
Pendinge som angich den 16. Okt. 29. July efter som Lehnene
vare liggendis till, och endtis grei 20. Okt.
Efter den Taxst haffuer Almuen sammesteds iche kunde
udgiffue videre med mindre de skulle haffuet gaait fra Huus
och Gaarde, thi det er megit utfattig Folk, och ere mang-
foldigo boendes paa een Gaard, saa de ikke kan lignis eller
taxeris endten ved Staffuanger eller nogen Lehne søndenfor
liggende.
- 1612 Det var 128 brukarar, 2 «Ødegaardsmend», 5 «Huusmend»,
og 5 «Fuldlods Dreng». Skattane var dei same som i 1610.
- 1612 Efter den anden Taxst er udskreffne aff Sundmøre Lehn
191 Knegte hvortil Almuen der sammesteds udgiffuet 9
Maanids Besolding angaaende fra 1. May 1612 och endis den
30. January 1613. Deriblandt beregnet een Maanids Besolding
faatallie.
- 1611/13 Knekteskatt. Indtekt aff Sundmøre Leehn.
Efter erlig och welbeurdigh Mand Enevold Krusse, Norigis
Riigis Stadtholder, sampt velbemeldte goede Mænd Kong.
Mayst. tilforordnede Commisarer udi Norge, derris Befalling
och Taxst adt hver tredje Mand offuer ald Bergenhuus Lehn
skulde udskriffues, och siden for schicis neder thell Suinesund
med deris Vaaben och Verger, som de efter Louen vare
Taxerit fore, med nødtørftig Krud, och Lade, thuende lange

Maaniders Besolding, thend *em* udy Fichallie, och then anden udi Pendinge, hvor effter Almuen udi Sundmøris Lehn haffuer udgiffuet thill 851 Knechte, som der aff Lehnitt baade for Odelsgoods och Leelendige Bønder ere udreffendt, først en fulde Maanids Besolding udi Fischallie, beregnet sex Waager udi Maaniden, huilke Maanids kost angich fra thend 29. July 1611 och endtis thend 8. Septembris dernest. Dernest ehr anamitt och oppeboritt aff Odelsbønder deris Jordegods och Leilendige Bønder udi forn. Sundmøris Lehn thell thend anden Maanids Besolding paa førn. Knechte 851 som aff førn. Lehn udskriffues vare, på enhver Knecht om Maaniden 4 Rdlr. huilke deris Maanids Besolding angikk thend 9. Septembris och endtis igien thend 20. Septembris Anno 1611 och beløber tilsammens Pendinge 3404 Dr. Noch er oppebaaren aff nogit Jordegods som iche kunde tilstrække att udgaa nogen Knechte fore, Pendinge 2 Dr. 6 ski.

- 1612/13 Haffuer velbemeldte Kgl. Mayst. Commissarier formedelst Almuens store Armod Skyld tend forskreffne Taxst formildett och forandritt saa at de da haffuer udgiffuett deris skriftlige Befaling att 5 Leelendige Gaarde eller 10 Ødegaarder schulle udgiøre een Knecht, med Vaaben och Verge, nødtørftig Krud, Lod och Kleder med sampt 3 Maaniders Besolding, de tho udi Pendinge och thend tredje udi Fischallie (varer) och siden Maanid efter Maanid saa lenge Kriien varede.

Sammeledis haffuer Almuen udi førn. Lehn udgiffuet thell tvende Maaniders Besolding på førn. 191 Knechte och thieris Officerer, Regnit paa hver Knecht 5 dlr. om Maaniden paa dett Officerene dernede och kunde bliffue Bes'oldet. Utgiftssidene inneheld oppgåver over dei utgifter ålmugen hadde til knektar, offiserar, våpen o. s. b. For kvar utskriven knekt (soldat) var det 2 brukarar som skulle betale skatt for honom til krigsutstyr og til opphald. Det var 98 brukarar som betalte knekteskatt, men av desse var 10 frå Hjørundfjorden (Urke, Molaup, Trandal, Leknes og Viddal). 55 knektar var utskrivne til hæfteneste, men av dei var 6 frå Hjørundfjord.

1613/14 Dei som betalte odelsskatt dette året var 21 sjølveigarar. Landskylda vart som vanleg betalt med fisk, — frå 4P.- 3 Woger på kvar. 127 leiglendingar betalte leidingsskatt i form av skinn. Skattemanntalet 1614 syner 136 brukarar, 2 «Ødegaardsmend», 10 «Fuldlods Dreng» og 6 «Halvlods Dreng», i alt 154.

1614 Sagskattar. Det var 10 som betalte sagskatt av ei

«Flomhsang».	Skatt.	Saga tylfter.	Skatt for innt. sag
Desse var:			
Størker	2 dlr. 40	3	Dlr
Rasmus	2 « 30	2	« 1 C
Peder Offuerdall	1 « 20	1	1/2
Peder Blakstad	2 « 15	1	« 1 C
Peder Riksemb	2 « 40	3	«
Olle Brunstad	2 «		
Elling Houlle	2 «		
Jacob Ekornes	2 « 40	3	

Laurits Olsen Offraa 2 «

Jørgen Blindemb 2 « 40 4 1/2 «

1615 Knekteskatt.

Peder Jensen och Jacob Jensen Riksemb 2 Wog 6 Mrk. Fisk 1/2, 7, 1 G.sk., 1 K.sk. Peder teputerit at holde Knecht, som skal være hans egen Søn Peder Pedersen. Hans Alder ved 29 Aar. Noch er 5 1/2 Mellagh Bondegods i Gaarden som en serdeles Mand paa boer, med den Fattigdom.

Olluff och Jon Strømsemb 1 1/2 Wog F. 1 dlr. 5 1/2 S. 3 K.sk. Olluff telplichtes at holde Knecht som skal være for Jons egen Søn. Hans Alder ved 24 Aar. Hans Lønn 3 1/2 eller 4 dlr. efter som hand haffuer Umage till. Ellers en ordinair Daglønn 3 dlr. och 2 1/2 Ort.

Helge Strømme, Strømme 1 Wog Fischeleye, 16 Sk., 2 K.sk.

Honnom er deputerit thill Knecht, Hans Tienestedreng Ingebrett Clemmissen. Hans Alder være 20 Aar. Hans Løn ut supra.

Jacob Welle med hans Suoger Anders Olsen. Eier Welle och bruger 1 Wog Fisk. Deraff i Skatt 16 Sk., 4 K.sk. Hans egen Søn Jacob Jacobsen er teputerit till Knecht. Hans Alder ved 19 Aar.

Rasmuss Tynes, eyer till en Del og Bruger av Tynes, 1/2 Wog och 9 M. Fisk foruten et Mællag Prestebollens och Kirkens. Aff for Bondelodd i Schat 10 Sk. 1 Leding 2 1/2 K.skind er och i Penge 10 Ski. Foruden Ledingens aff Prestens och Kirkens Part, som kand beløbe i Penge 23 Ski. Honnom er deputerit till Knecht hans egen Søn Jacob Rasmussen. Hans Alder ved 23 Aar.

Rasmus Gierde, Eyer till een ringe Deel och Bruger af Gierde, 1 Wog Fisch. Deraff en Schat 16 Ski. Leding 2 K.skind. Er i Penge 8 Ski. Honnom er teputerit till Knecht Morten Mogens aff Slettedall. Hans Alder ved 18 Aar. Elling Howden, Bruger Howden, 1 Wog Fisch Bondegods. Deraff i Schat 16 Ski. 1 Leding 2 K.skind, er Penge 8 Ski. Honnom er teputerit till Knecht Iffuer Jetmundsen aff Wiiddall. Hans Alder ved 18 Aar. Hans Lønn ut supra. Knud och Olluff paa Ytter Aarsnes, Eyere till een Deell och Brugere till Aarsnes, 2 Pund och 9 Mrk. Fischeleye. Schatt . 13 Ski. Leding 2 K.skind, er i Penge 8 Ski. Honnom er teputerit till Knecht hans Søn Jon Knudsen. Hans Alder ved 19 Aar.

Størcher Hundewiig, Eyer till een Deell och Bruger aff Hundewiig, 2 Woger och 18 Mrk. Fisch. Kirkens:/ Aff for Bondepart i Schatt 1 R. Ort 7 1/2 Ski. 1 Leding 1 G.skind, 1 1/2 K.skind, er i Penge 18 Ski. Foruden Ledingen aff for: Kirkens Part som beløber till 2 Ski. Honnom er teputerit thill Knecht hans Søn Hallvard Størchersen. Hans Alder ved 22 Aar.

Olluff paa Hundewiigh Bruger Hundewiigh, 1 Wog Fisch Bondegods:/ foruden 18 Mrk. Fisch Kirkens:/ Aff for " Bondegods Part i Schatt 16 Ski. 1 Leding 2 K.skind er i Penge 8 Ski., foruden Ledingen aff for Kirkens Part som beløber till 2 Ski. Hannd er teputerit till Knecht Iffuer Lauridsen paa Øren (strøget). Hans Alder ved 20 Aar. Hans Løn ut supra.

1617 Det var 26 odelsbønder som betalte odelsskatt, (frå 1—8 M. leige).

1620 Kgl. Mayst. Leidingskatt vart betalt av 118 brukarar og 11 husmenn. Leidingskatten vart som vanleg betalt i g.skinne og k.skinne.

Kgl. Mayst. Thiende Korn, Oster och Thiende Fisk som er falden her udi Søndmørs Lehn fra Phillippi Jacobi Daug dend 1. May Anno 1620 och thell Phillippi Jacobi Daghe i giend dend 1. May Anno 1621. Beregnitt 4 Mæller udi Tønden och 4 Fierringer udi huer Mælle.

Her var det 125 brukarar som la tiend frå 1 1/2 f. til 2 1/2 mælle. Frå 1614—21 har talet på sjølveigarar gått ned frå 21 til 14.

1621 Skatteboka syner at det var 144 brukarar, 10 husmenn, 5 «Ødegaardsmænd», 10 «Fuldlods Dreng» og 8 «Halvlods Dreng». Brukarane betalte jamt over 1 dlr., øydegardsmenn og husmenn 1/2 dlr. Drengar med full løn 1/2 dlr. Drengar med halv løn slapp som regel skatt.

1625 Også dette året var det 26 odelsbønder som betalte odelskatt. Peder Offuerdall hadde største bruket -- 16 mællag og betalte odelskatt 1 dlr., 1 ort, 8 ski. (1/2 mæll. var 4 ski. og 1 mæll. 8 ski. skatt). Skattemanntalet er elles slik: Leiglendingar 115, Øydegardar 4, Husmenn 11, «Fuldlods Dreng» 11, «Halvlods Dreng» 5. I alt var det såleis 172 skattyttarar.

1627/28 Garnisonskatt. Skattebog over Sundmørs Lehn paa Hellegaaarde, Halffuegaaarde, Ødegaaarde och Strandsiddere fra Anno 1627—1628. Er at agte at en Fuldgaard her paa Sundmør altid haffuer været tre Våger Fisk, som kaldis tolf Mellaug, efter som fire och tiuffge svorne Lagrettesmænd haffuer giffuen dennem beskriuffen, och en Halffgaard halffanden Vog Fisk, en Tredingsgaard en Vog Fisk, en Fjerdingsgaard eller Ødeggaard en halff Vog Fisk. Derefter er Skatten oppebaaredt.

52 gardar betalte garnisonskatt. 1 våg fisk (18 kg.) var verdsett til 1/2 ort og 4 ski., ca. 52 øre eller på lag 3 øre pr. kg. Grebstad hadde største skatten med 8 våger fisk — 1 dlr. 1 ort, 8 ski.

- 1627 Vedk. Skatt.
 Johans Andestad som gaff Husmandsskatt tilforn, schatter nu udi dens Sted i den 2. Leg. Peder Wiig gaff en halv Drage Schatt, er bortdragen aff Lehneth och er nu udi Byen. Olluff Of f re gaff 1/2 Drage Schatt der seniste Schatt udgich, giffuer nu fuld Drengeschatt. Amund Riksemb gaff fuld Drengeschatt, er nu Gaardmand i den 12 Leg, i Elling Aarsnes sin Sted, som nu gaar och tigger.
- 1627 Wij epterschreffne Olluff Appelsetter Lensmand, Arne Westre, Elling Ekornes, Peder Løset, Knud Solnørd och Iffuer Olsen Schede, alle edsworne Laugrettismænd i Walde Skibred, kiendis och gjør herved for alle vitterligt dett wij udi Dag som er dend 14 Juny 1627 er tillneffnde aff erligh och velagtet Mand Knud Jenss, Kgl. Mayst. Foged offuer Søndmørs Lehn, her på Appelset Tingstue at ligne och legge Schatter, ti Mender ti Daller, så dend riige Hielper dend fattige, Ødegaardsmænd, Huusmænd, Dreng for heel eller half Lønn, giffuer alle efter høgbemeldte Kongl. Mayst. Breff så aldelis ingen er forglembt.
 Laurids Jacobsen Fusche gaff Schatt udi dend 2 Leg, der seniste Schatt udgich, Schatter nu udi dend II Leg, boer på Greibstad.
 Jørgenfj o r d Skibred.
 Wij epterschreffne Omund Steinadall, Lensmand i Jørgenfjord Skibred, Olluff Sæbøe, Jetmund Aarschoff, Olle Hundewiigen, Olle Erichsen Aarsnes, och Jacob Steindall, alle edsvorne Laugrettismænd i Jørgenfjord Skibrede 1627 dend 12 July.
 Udi dend 3. Leg Olluff Anders Hunde boer på Gausnis i Borgund Skibred och Henrich Endersen haffuer Gaarden i gien. Huusmænd er forandred, Olluff Hoffde gaar och tigger.
 1628 Dend 23 Marts. Huusmand Peder Aarnes er borte i Trondheimb. Kolben Kurset er drocknitt.
- 1628 25/3. Lagrettesmenn Arne Westernen, Elling Ekornes. Husmand Olle Knudsen Staffue haffuer Jord i det 1 Leg. Simon Fusche bruger Jord i det 11 Leg. Drenger for fuld Lønn. Olluff Offueraa tiener Peder Jensen i Døvingen. Rasmus Erstad, Henndrich Draffløse er i Kongens Tieniste.

Ingebrett Knudsen Strømme er hos sin Fader. Jacob Wiig er i Kongens Tieniste. Haldstein Of f uer dall tiener Arne Niels Bruse.

1627/28 Skattebok. Det var 63 bruk som var pålagde å betale 3 dlr. 9 ski. på kvart bruk. Det var dei største bruka. 80 brukarar betalte frå 1—2 1/2 dlr., 2 øydegardsmenn betalte 1 1/2 dlr. og 3 ø.m. bet. 1 dlr., 4 drenger full løn 1 1/2 dlr. 3 1/2 ski., 3 drenger halv løn 3 ort 2 ski.

1628/29 Sølv. Bønder och Almue paa Sundmør 3321 Lod Sølf.

1628/29, Aff førn. fortrakte Sølf er inge epter Kong. Mayst. naadigste Befaling blefen erlagt och betalt paa K. M. Vegne aff Cantsler velb. Jens Bielche. Meneige Bønder och Almue paa Sundmør som ingen Pant haffde igien giffuen 3321 Lod Sølf.

S a g s k a t t. Efterskreffne Sauger som her i Nordlotten efter Kong. Mayst. naadigste Bemellingh endnu bruges, och giffues der aarligen aff som følger: Olluff och Peder Wiig med deris Consorter aff en liden Flombsaug staar i forn. Wiigs Elff, och Bønderne bruger mest deris egen Schoug dertil. Penge 5 Rdlr.

Aschild Blindem med hans Consorter aff en liden Flombsaug, staar i samme Elff. Penge 5 Rdlr.

1629 Garnisonskatten. 70 gardar betalte denne skatten mot 52 i 1628. Skatten vart betalt etter same reglar som før.

1631/32 Kgl. Mayst. Tiende Korn, Tiende Ost, Tiende Sild, Tiende Laxs, och Tiende Fisk.

127 brukarar la tiend til Kgl. Mayst. etter storleiken på bruka. Det ser ut som alle la tienda i korn, — frå 1 fjerding fj. — 2 1/2 mæll. M e r k: (Det var 4 fjerdingar i 1 mælle og 4 mælle i 1 tønne).

1635/36 C a p p e l a n e r n i s Underholdning.

Capp. Skatt thill Cappelanernis Underholdning, som schall Prædiche for Fridelappene udi Nordland, Aff en huer oppebaaritt Sietteparten aff een Rdl. Efter Høybem. Hans Mayst. Brefs Indehold. (Kgl. forordning av 31/8 1635).

F i s c h e t i e n d e.

Regenskab och rictig Bescheden paa huis Fischetiende och Landslod Sild som her paa Bergenhuus er annamit och

oppebaarit efter Kong. Mayst. udgangne Forordning aff
 Sundmøer Fogderi, beregnet fra dend 20 Juny Anno 1636
 och till dend 27 May Anno Christy 1637.
 Jacob Erichsen Kiønes i Valde Skibrede aff 30 Woger gaff
 1 1/2 Pd.
 Oelle Siffuerds Wiigh, Walde Skibrede aff 7 Woger Tørrfisch
 9 Mrk.

1637 Garnisonskatten. 52 gardar skulle betale denne
 skatten i fisk. Grebstad-giere betalte minst med 1 pd. 6 mrk.,
 Brunstad mest, 8 1/2 våg.

1637 K. M. Jorde och Ledingsbog. 12 bruk var kron-
 gods og betalte sin jordskatt i fisk, — 1/2 — 2 1/2 våg.
 141 brukarar betalte leidingskatt i g.skin og k.skin. Berre
 3 husmenn betalte leidingskatt.

1637 Korntiend. 133 brukarar la korntiend frå 1 fj. til 2 1/2
 mælle.

1636/37 Baadsmændsskat. Udlegh for Baadsmænds Udneffns
 forskonssell aff Sundmørs Lehn i det Aar fra Phillippi
 Jacobi Dag 1636 till Aarsdagen 1637, først Odels och
 Pantegodts. Regnit 18 Mrk. Fisk for et Mellagh, och otte
 Mellagh for et Skippund eller to Voger Fisk. Det samme aff
 en hel eller fuld Gaard, hver Gaard beregnet for seks Voger
 Fisk eller trey Løber Smør.

En halff Gaard for den halffue lignet, eftersom och paa
 andre Steder er sedvanligt, dog samme helle eller halffue
 for deris ærlige Storhed, undertiden noget ringere och somme
 Steder noget meere i Landskyld befindis. Samt Ødegaards-
 mend och Strandsiddere lagt til Hielp paa halffue Gaarder
 efter som Kgl. Mayst.s Breff tilholder: at aff helle och
 halffue Gaarder schall giffues liige megett.

Valde Schibrede: (Odels- og	Pantegods).
Lauge Jensen Riksem	12 Mellaug
Sæmund och Hans Offuerdall	12 «
Olluff Offuerdall	5 «
Laurits Feet	1 «
Jacob Erstad	2 «

Peder Brunstad	5 1/2	Mellaug	
Jacob Thynes	2		
Iffuer Thynes	4 1/2	c<	
Knud Valde	1 1/2		
Enche Maritte Fitt	1	«	
Jørgenfj o r d	(Odels- og Pantegods).		
Olluff Jensen Hundevig	6	Mellaug	
Endre Hundevig	2 1/2	«	
Thor Hundeide	2	«	
Olluff Thue	2	«	
Olluff Olsen Thue	2	«	1 f.
Olluff Tusvig	1		
Knud Myrsett	3 1/2	«	
Jon Myrsett	1	«	1 f.
Peder Hatlemorch	1/2	«	
Olluff Aarsnes	4		
Pouell Aarsnes	1/2		
Knud Aarsnes	1	«	
Andre g a r d a r :			
Blagchstad	2 1/2	W. Fisk	
Jarnes	2	. 1 Gaard	
Echornes	2 «		
Indre Echornes	2 «	1 Gaard	
Riksem	4 «		
Hellen	2 1/2	Pd.	
Staffue	2	W. Fisk	i 1 Gaard
Strømsem	3 «		
Setter	3 1/2	«	1 1 Gaard
Erstad	3 «		
Fitt	5 «		1 1 Gaard
Thandestad Ødegaard	1 «		
Brunstad	8 1/2	«	
deraff	6 «		
Hoelle	3 «		
aff Brunstad	2 1/2	«	1 Gaard
Drotninghoug	1/2 W 18	Mrk.	
Lade	3	W. Fisk	1 1 Gaard
Brudevold	3 «		

Hiortauall	3	W. Fisl	1 Gaard
Strømme	3	«	
Welde	6	«	
Drabeløs	5 1/2	«	
Thandestad	3	«	1 Gaard
Blindern			
Thynes	4	«	
Ødegaard	1 1/2	«	1 Gaard
Giere	1 Pd. 6 Mrk.		
Wiig	6	W. Fisk	
Klokkehoug	1 W. 18 Mrk.		
Liusholl	1 W. 18 Mrk.		1 Gaard
Hougsett	2 1/2 W. Fisk		
Offre	18	«	
	deraff 6	«	
Andestad	1	«	
Kempehoell	1 W. 18 Mrk.		1 Gaard
Eidem	4	W. Fisk	
Offuerdall	4	«	1 Gaard
I Offre	2	«	
Grebstad	8	«	
	deraff 6	«	
Aassen	1	«	
aff Grebstad	2	«	
Aarsnes	1 1/2	«	1 Gaard
Biørneviig	1/2	«	
Sanduiig	1	«	
Jørgenfjord:			
Tudsuig	1/2	«	
Thue	1	c.	
Suarteløg	1	«	1 Gaard
Hatlemorch	1		
Giere	1	«	
Hoffden	1	«	
Kursett	2	«	
Myrsett	2	«	1 Gaard
Guffuenes	1 1/2	«	
Strandabø	1/2	«	

Udgaard	4	W. Fisk
Ness	1/2	«
Molloppen	1	«
Inder Trandall	1	«
Middgaard	5	«
Trandall	1/2	«
Hundeid	4 1/2	«
Ytre Trandall	1/2	«

Dette oversynet viser at omframt odels- og pantegodsa var det 24. 4/6 fullgardar. Båtsmannsskatten vart såleis utrekna etter 6 «Waager» (108 kg.) fisk på kvar fullgard, eller 3 «Løber» smør. Den samla skatt vart då 2664 kg. fisk eller 74 «Løber» smør.

1638/39 Skattebok. Det var 132 brukarar som jamt over bet. 1/2 rdlr. Det var 10 «Ødegaardsmend och andre Fattigmend som kund haffue it Nøds Foster eller thoe». Desse betalte 1 mark. 15 drenger med full løn (1 dlr. 26 ski. — kr. 4,75) skatt 1 mark. 10 drenger med halv løn (1/2 dlr. 13 ski. — kr. 2,38) skatt 1/2 mark. Så vart det betalt skatt av 4 «Flombsauge» (flaumsager): Desse var Rixemb Saug 1 dlr., Tiendeboer 1 dlr., Lade Saug 1 dlr., Tiendeboer 1 dlr., Wiig Saug 1 dlr., Tiendeboer 2 dlr., Blindern Saug 1 dlr., Tiendeboer 2 dlr.

1644 Fogden paa Søndmør, Niels Knagh, haffuer Aarslønn och Besolding sambt til Blichk och Papiir Penge 56 Rdlr.

1646 Mandtall sambt Tings Widtner forsloes på de for Armode udi Sundmørs Fogderij, som iche haffde Raad eller Medell till dend indbemeldte tachserede Schatt att kunde udgiffue beregnitt fra Phillippi Jacobi Dag 1645 och til Aarsdagen 1646.

Walde Skibred: Jetmund och Olluff Offre 1 1/2 dlr., Poull Strømme 1 dlr. Grundeleye aff Wiigs Saugh som i Aar var øde och indted schåren på 5 dlr.

I fråsegna heiter det m. a.:

«— formedelst deris stoere Armod for Jordens Grødes Missvegst forleden Aar, Fischeriets Misslighed och for Schouffuens Udhuggelse.

(Der var ingen tingvitner frå Sykkylven).

Det går tydeleg fram av dette dokument at det var dårlege tider: 1645/46, misvekst, dårleg fiske og skogen uthogd. Det er ikkje å undrast på at det var stor armod mellom bøndene, så mange ikkje hadde noko å betale skatten med.

1653 Rulle på alle de døgtige Unge Karle Anno 1653. Samund Offre, Gudfast Størchersen Midtgaard, Joenn Lauridsen Ytter Ekornes, Mogens Guttormsen Hoelle, Olluff Jacobsen Strømme, Peder Einersen Blindemb, Peder Olsen Offuerdall, Iffuer Poffuelscn Aasen, Olle Olsen Bergh, Jacob Ramstad.

1658 Kvegskatten. «Mand-Tall giesche Bønder Undertagende Hvorefter Kvegskatten Er Annammitt och oppeborriett, Nemblig Aff Huer Hest, Oxse, Kiør och Kvier Huer Otte Schilling, Huer Gied 2 Sel. samt aff Svin, Faar, Lam och Kieder Huer Een Sch. Danska — Efter Kgl. May. Naadigste Udgifne Forordnings vider Formelding». Då denne kvegskatten vart utlikna på dei ymse husdyr, måtte det først takast husdyrteljing på alle bruk i sokna.

Denne husdyrteljinga syner at det samla dyretalet var:
112 hestar skatt 7,5 dlr.

1000 kyr	«	67	«
455 geiter	«	7,5	«
587 sauer	«	5	«
54 oksar	«	3	«

Sum 90 dlr.

Dyretalet deler seg slik:

	Kyr	Sauer	Geiter
Over 10	41	14	3
5 — 10	57	38	30
Under 10	16	44	65

Talet på bruk	114	96	98
---------------	-----	----	----

Det merkelege er at svin ikkje er tekne med i denne teljinga, endå det sikkert var svin på mange gardar. Dei vart såleis ikkje skattlagde. Det var 1000 kyr på 114 bruk, 455 geiter på 98 bruk og 587 sauer på 96 bruk. Største buskapane var

hjá: Per Persen Velde 14 kyr, 6 geiter og 4 sauer, Torsten Tandstad 14 k., 12 sauer, Knud og Jetmund Affre 14 kyr, 1 okse kvar. Hans Offuerdall 20 kyr, 12 geiter, 28 sauer, Samund Oufferdall 19, 6, 18, Jacob Oufferdall 18, 8, 20. Det går tydeleg fram av denne teljinga at geita har vore eit sær s viktig husdyr på den tid. Ho var å finne mest på kvar manns gard. Ho var smånøgd og tok mest alt foret sitt ute, så nær som midtvinters når snøen låg djup. Og geitmjølka var sikkert ei god kjelde til næring og helsebot for mang ein huslyd med store barneflokkar.

Som tillegg til dyretalet ovafor kjem så dei som høyrde til Jørgenfjord Skibrede: Hundeidvik, Tusvik og Hatlemark. På dei 19 bruka var det 15 hestar, 117 kyr, 54 geiter, 44 sauer, 11 oksar. Det samla dyretal i sokna blir då slik: 127 hestar, 1117 kyr, 509 geiter, 631 sauer, 65 oksar. Samla skatt ca. 100 dlr.

1664 Leidangen dette året syner at det var 49 gardar som betalte leidingskatt. Av desse høyrde 11 gardar til Jørgenfjord skibrede. Skatten vart utskriven som geit- eller kalveskinn. Brunstad hadde mest med 3 g.skinn og 6 k.skinn.

1679 Rytterskatt. Det var 13 brukarar som betalte «ryt ter skatt». Det var ein skatt til å ruste ut ryttrarar i ufredstid. Den vart betalt i fisk. Det gjekk mest på 2 Pd. — 2 Waager fisk på kvar.

PROVIANTSKATT 1674

Denne skatten er ikkje utskriven på kvart bruk, men på kvart av dei 49 gnr. i bygda. Brunstad har mest med 8 1/2 W. 18 mrk. Drotninghaug og Åsen har minst med 1 W. på kvar. Elles går det frå 2 til 6 W.

KORNTIEND 1675

138 bruk er ilagt korntiend. Største bruka skulle leggje 2 Wåg, 6 Pnd. havre. Dei mindre bruk tilsvarande nedover til 1/2 Wåg som er det minste.


K. M. OCH GIEDSCHØE LEDING 1676.

(Til Kong. Maj. og Giskegodset)

Skatten er utskriven i kalve-, geit- og kjeskinn på dei 50 gnr. i bygda.

KGL. MAY. OCH GIEDSCHØE GODSIS LEDINGEBOEG
OFFUER SUNDMØRS FOGDERIE 1680

Her er oppført skinnskatt på 45 gnr. i «Søkelvs Sogn». Dei mange geit- og kjeskinn som bøndene skulle leggje frå seg i skatt, tyder på at geita var eit av dei viktigaste husdyra i denne tida.



Christen Overdal



Peder Brunstad



Knud Offuere



Stein Gierde



Jacob Jacobsen



Olle Pedersen Velde



Johannes Setter



Svend Paulson

Dette er nokre av dei bumerke som vart brukt på dokumenta. Det var vel få som kunne skrive namnet sitt med eiga hand i denne tida. Difor sette dei bumerket sitt i staden. Det var fullgod underskrift.

FOGDEREGNSKABER 1691—1717

Det var mange og tunge skattebører som vart lagde på bøndene i tida kring 1700 og utover, og det er ikkje å undrast over at armoda var stor på mange gardar. Futane som var tilsette å krevje inn skattane, synte ikkje mykje medkjensle med dei utarma bøndene som vart pressa over evne.

For å få ein liten glytt inn i dette virvar av skattar og avgifter skal vi ta med nokre døme:

Jarnes. Leilendingsskat 1692 — 1 1/2 Wog Fisk. K. M. Anp. av Tiende 1695 — 1 1/2 Ml. Havre, 21 Mrk. Byg, 3 M Ost. Ledings Mandtal 1695 — 4 Kalveskind. Matr. oved Lødsøre 1699 — 1 — 1 — 12. (dlr. Ort. Skill.). Provianskat 1701 — 1 W. 1 P. 12 Merk. Fisk. Odels- och Rostjenerskat 1700 — Jens Mortensen: Odelsskat 54 Ski. Rostj.Skat 12. K. M. Ekstraskat 1711: Hans Erichsen, Kvind och I Barn 1 gl. Dreng, Aarsløn 1 dlr. 16 Sk., 1 liden Tøs, Aarsløn 1 dlr. 16 Sk.: Skat 30 Ski.

Strømme. Ledingsskat 1692 — 4 1/2 W. fisk K. M. Anpart Tiende 1695: 5 3/4 Ml. Havre, 24 Mrk. Byg, 18 1/2 Mrk. Ost. Ledings Mandtal 1695: 2 Gedskind, 2 Kalveskind. Matr. over Lodeiere 1699 Margarethe Laugesdtr. 4 — 1 -i 12. Provianskat 1701: 4 W. 1 P. 12 Mrk. Fisk. Odels och Rostj. Skat 1700: Margarethe Laugesdtr.: Odelsskat 1 Rdl. 93 Ski. Rostj.Skat 47 Ski. 1703 Odelsskat 1 Rdl. 66 Ski. R.tj.Skat 36 Ski. 1717 K. M. Andel Tiende: Lars, Olle, Knud, Hans. Kvar betalte: 12 Mrk. bygg, 1 Ml. havre, 5 mrk. ost. 1711 K. M. Ekstraskat: Lars Larsen och Kvinde — 18 Ski. 1 Pige Aarsløn 1 dlr. 16 Ski.

Elling Pedersen och Kvinde och 2 Børn 24 Ski.

Ole Jensen, Kvinde och 1 Barn 18 Ski.

Hans Torstensen, Kvinde och 1 liden Pige Aarsl. 1 dlr. 16 Sk. 24 Ski.

Aure. Odelsskat 1693. «— 1 — 3. Rostjeneste 2 — 15. Leil.skat 1692 8 W. Fisk. K. M. Anpart Tiende 1695 — 8 Ml. Havre, 144 Mrk. Byg, 37 Mrk. Ost. Ledings Mandtal 1695 — 4 Gedskind. Matr. over Lødsøre 1699 — Rådmand Smitt 8 Ski. Odels och Rostjenesteskate 1700 — 64 Ski. Odelsskat 3 Rdl. Proviantskate 1701 — 8 W. Fisk, Matr. 1706 Eier Magrete de Fine.

K. M. Ekstraskat 1711			
Mogens Olsen, Kvinde oc	Lens.	Skosk.	
1 Barn, 1 Dreng Aarsløn 1 dlr. 26 Ski.	24 Ski.	30 Ski.	
1 Pige Aarsløn 1 dlr. 16 Ski.			
Erik Larsen oc Kvinde		24 «	
Iver Larsen oc Kvinde			
Knud Pedersen oc Kvinde			
1 Pige Aarsløn 1 1/2 Rdlr.	24 «	24 «	
1 liden Gutt 3 Ort 8 Ski.			
Johan Amundsen, Kvinde, 2 B.			
1 Pige Aarsløn 1 Rd. 16 Ski.	16 «	30 «	
Knud Knudsen, Kvinde, 1 Barn			
1 Dreng innr. Soldat		18 «	
Povel Olsen, Kvinde, 1 Barn			
Dreng Aarsløn 1 Rdl. 16 Ski.	16 «	24 «	

UTDRAG AV EKSTRAKT FOGDEREKNESKAP 1695.

Fogden krediterer Regnskapet med 150 Rdl. og anfører:

«Dessligeste som dette mig aller naadigst anbetroede Fogderie befindes det aller besværligste, vidtløftigste og 30 store farlige Mile fra Bergen beliggende, fremfor alle de andre Fogeder, Huilket aller underdanigst beder og formoder til Lønnens Forbedring aller naadigst ansees. Tør ieg dog ey uden højgunstig Bevilgning understaae mig højere at anføre uden 150,—».

Ved seinare rekneskapar denne merknaden:

«Ret efter Reglementet naar 1 1/3 pro Centa for stemplet Papir och prompte Betaling derimod afkortes, som i Stiftsamstsskrifuereus Regnsk. er observeret».

På K. M. Anpart i Tiende 1695, er for første gong nokre gardar som før var nemnde under Jørgenf jord, innført under Valde Skibrede. Det gjeld gardane i Hundeidvik og Tusvik.

LEIGLENDINGSSKATT

Legsrulle efter velbaarne Amtmand Lenderius Ordre Anno 1688 er forfatted hvorefter Legspengene indeværende Aar efter Skatteforordningen er beregnet.

Valde Skibrede. Som ved alle Regnskaber och Mandtal er Gaardene ordnet efter Skibredene, og en del Gaarder i Køchølf er i samme Leg som utenbygds Gaarde. (Gardane i Hundeidvik og Tusvik).

Leg s-s katten vart utskreven i pengar. Skatten retta seg etter storleiken på bruka målt i mællag (Ml.). Kor stor denne Legs-skatten var i 1694, kan vi få ei meining om av oversynet:

Gardsnamn	Tal brukarar	Legs-	Rd	Ort	Sk
Aarsnes	1 Knud		1		18
Ytter Fouske	1 Jetmund		2		
Inder Fouske	1 Jens Mortensen		2		
Højrøst	1 Povel			1	3
Jelde	1 Olle			1	12
Aasen	1 Torsten			2	6
Hofset	3 Olle, Jørgen, Olle			1	18
Offuerdall	4 Christen, Knud, Jac. Hans		5	1	12
Andestad	3 Anders, Olle, Peder		2		
Liushoel	4 Peder, Jetm. Sæbj.		2	1	1
Eidem	4 Anders, Svend, Ingebr., Olle			4 2	24
Grebstad	7 Jon, Alf, Peder, Olle, Jetmund, Jørgen, Lars		8		
Ofuer-Aae	6 Mons, Jon, Knud, Aamund, Peder, Knud		7	1	18
Kiemphoel	2 Elling, Størcher		1	1	12
Klokerhoug	2 Sæmund, Joenn		1	1	
Giere	1 Elling			1	6
Tynæs	5 Torre, Joenn, Erich, Knud, Jacob		3		
Blindern	3 Syver, Ingebrikt, Olle		3		
Ytter Tandestad	1 Torstein		1	2	15
Tandestad	4 Erich, Helge, Olle,		1	2	6
Inder Tandestad	1 Knud			1	15
Drabløs	7 Olle, Helge, Ingebrigt, Torre, Sæmund, Olle Olsen, Joenn		7		

Gardsnamn	Tal brukarar	Legs-skatt	Rdl.	Ort.	Skl.
Velde	10 Olle, Jørgen, Lars, Knud, v. Olle, Joenn, Torre, U. Olle, g. Olle	6	3	18	
Hiortaul	4 Elling, Lars, Peder, Ingebr.	4			
Brudevold	5 Peder, Jon, Olle, Peder, Olle	4	9		
Lade	4 Peder, Siver, Lars, Torre	3	1	15	
Drotning Houg	2 Joenn, Knud	1	1	12	
Hoelle	5 Olle, Ingeb., Kolben, Olle, Olle	3	1	12	
Brunstad	10 Helge, Mons, Lars, Torre, Olle, Elling, Peder, Lars, Salmund, Olle	9	1	12	
Strømsem	4 Lars, Elling, Lars, Torsten	4	1	12	
Rikxem med Giere	4 Knud, Jacob, Jørgen, Tomas	4	1	12	
Fedt	5 Niels, Jørgen, Peder, Elling, Peder	5		18	
Erstad	4 Olle, Peder, Arne, Joenn	3	1	12	
Sætter	2 Anders, Johannes	3	1	12	
Staffue	2 Olle Larsen, Olle Persen	2	1	12	
Helden	2 Olle, Olle Ellingsen		2	12	
Inder Echornes	1 Olle			2	
Ytter Echornes	2 Olle Olsen, Jacob,	1	1	12	
Jarnes	2 Olle, Knud,	1	1	12	
Blachstad med Hougen	4 Torkel, Pouel, Peder, Lars	2		18	
Strømme med Ødegaard	6 Rasmus, Olle, Lars, Siver, Olle, Stener,	5		18	
Jørgenfjord Skibred:					
Tusvig	1 Jørgen	1		12	
Vaatmyr	1 Pouel			18	
Tue	2 Villik, Aamund,	1			
Suartebech med Leervaag	1 Erich,	1			
Hatlemork	1 Ingebrigt,	1		18	

Gardsnamn	Tal brukarar	Legs-skatt	Rdl.	Ort.	Skl.
Curset	1 Jetmund,		2		6
Hofden	3 Ebe, Jacob, Peder,		1	2	6
Giere	1 Knud,		1		
Myrset	2 Peder, Joenn,		2		
Udgaard i Hundewiig	3 Arne, Jetmund, Knud		3	1	12
Midgaard	3 Knud, Olle, Severin		2	1	12
Hundeide	2 Torre, Hans,		3	1	12
Giefuenes	2 Peder, Erich,		2		

I 1694 var det såleis 164 brukarar som betalte sin Legs-skatt.

Legs-skatten eller leiglendingsskatten vart første gongen pålagd under Christian den 4. Det var ein grunnskatt som kvilde på alle brukarar etter storleiken på bruka. Han kunne i somme høve gå opp i 12 rdl. for kvar fullgard, og var såleis ei stor tyngsle på bruka.

SKOGEN OG SKOGØYDINGA

I Sykkylven som i dei andre bygdene her ikring har mange nytta torv til brensel i mange mannsaldrar. Myrane kunne vere frå 1 til 3—4 m. djupe. Når ein då spadde torvet i desse myrane, var det jamnast så at ein fann store, feite furerøter hermetisk nedlagde i myra, ofte både i ei og fleire høgder. Dette er eit sikkert vitnemål om at her har det stått stor skog ein gong for så og så mange hundre år sia. Til og med på Sunnmørsøyane finst det så mange restar av gamal skog at ein med visse kan slå fast at skogen ei tid har kledd heile kysten.

Når ein då i vår tid ser utover alle dei skogsnaue øyar og strender og dalar, må ein spørje: Kva er grunnen til at skogen har vorte øydd, og korleis har denne skogsnøyinga gått for seg?

Viktigaste årsakene til avskoginga var vel helst den uvituge hogstmåten. Av økonomiske grunnar var skogeigarane ofte tvinga til å hogge sterkare enn vel var, så det vart meir grise i skogane. Graset tok plassen frå skogen, og beiting med større flokkar av storfe gjorde nok sitt. Stundom kan ein i myrane finne kol-lag under og kring dei gamle røtene, og det tyder på at det ein eller fleire gonger har vore skogbrann. Det går segner om at dei stundom måtte setje eld på skogen for å få utrydde skoggangsmenn og røvarar som gjerne heldt til der. Kor mykje ein skal leggje i dette, er vanskeleg

å seie, men ein ting er i alle høve visst, at skogane i bygdene våre har vorte øydde og snøydde.

Hans Strøm nemner i sin Søndm. Beskrivelse I, at både Peder Clausen og T. Torfeus gjorde vesen av Sunnmøre for dei fine fureskogane og dei framifrå båtane som vart bygde her. No derimot var det ikkje nokon stad nordafjells som var så skogfattig som Sunnmøre. Årsaka til denne skogøydinga, meiner Strøm, var den store tømmerhandelen med skottane som meir enn nokon annan nasjon ferdast her, av di det var så stutt veg og reint farvatn for dei inn Breisundet. Det var særleg i første luten av 1700-talet at denne handelen florerte i sunnmørsbygdene, også i Sykkylven.

Men det var ikkje berre skottane. Seinare vart det endå meir hollendarar som kom og kjøpte opp tømmer. Den første tida vart alt skogsvyrke utført som rundtømmer. Dei kløyvde det med kilar og øksa det til bordmateriale, når det var trong til det. Elles gjekk alt som rundtømmer. Men då dei fann opp vass-saga (flombsaug) noko før 1600-talet, vart det straks annleis. Tømmeret vart då saga opp til bord eller bjelkar før det vart selt, og frå denne tida kan vi få noko meining om kor mykje trevrake som vart utskipa frå bygda i åra frå 1603 og utover til ca. 1640.

I 1603 var det såleis 4 flaumsager som tilsaman saga 125 tylfter. I 1612 var det 12 flaumsager, og dei saga 435 tylfter. Åra utover gjekk talet på sagene ned litt om senn, så vi må tru at tømmerhandelen gjekk attende litt etter kvart.

Oppgangssaga kom først i bruk frå 1603 og utover på våre kantar. På Sunnmøre vart det oppført 38 sagbruk i 1608, og 1612—14 vart det oppsett 70 flaumsager. Det syner at det var i denne tida og utover at den livlegaste tømmerhandelen gjekk for seg på desse kantar. I 1803 var det på heile Sunnmøre berre 28 flaumsager att.

Etter den nederlandske fridomskrigen var det mykje som måtte byggjast opp att etter herjingane åt fienden, og så seint som i 1640 er det opplyst at over 300 skip frå Holland kvart år gjorde 2—3 reiser til Noreg etter bord og bjelkar. Skipperane førde ut forboden last, snytte på toll, og Holland tok etter kvart til å byggje sine eigne skip etter ein ny modell, som var meir tevfør enn våre skip. I ei skipsliste frå 1613—14 er det nemnt nær på 30 skip. Av desse er sikkert 4 skotske, frå Dundee, St. Andrews og Middlesbrough. Dei andre var nok for det meste hollandske.

Dei fleste skipa søkte hamn i Langskipsholm, Ørskogvika, Sykkylvshamna, (skrive Sichiøll Haffn), Spjelkavika, Tennfjord og eitt på Valderøy. Og dei var frå dei hollandske byane og sjøhamnene som Amsterdam, Rotterdam, Horn, Warms, Edam, Enkhuisen, Hinlopen o. a.

Innførsla var vin, brennevin, sko, hamp, grått og blått klede, vineddikk, lereft.

Utførsla var tømmer, tørrfisk, tynneband, tjøre — og skoren trelast.

I den første tida ser det ut til at dei kunne drive handel direkte med bøndene, eller med dei som var sagbrukseigarar, men litt etter kvart gjekk både trelasthandelen og annan handel over til borgarane, og dei store sagbruk- og trelasthandlarane fekk monopol. Og dermed var det slutt på den meir enn 200 år gamle mellomhandelen med Skottland og Holland, noko vi kan sjå på dei få sagbruka i skatterekneskap for Sunnmøre for 1640—41.

På denne tida med eit visst handelsmonopol, vart mange bønder nøydde til å vere om seg etter å få borgarskap i Bergen. Hadde dei ikkje slikt borgarskap, kunne dei ikkje få drive nokon handel. I lista over Bergens borgarar frå 1550—1660 finst såleis fleire namn frå bygdene på Sunnmøre. Det var visst ikkje berre godt alt som fylgde med dette handelslivet, og desse skottane og hollendarane var ikkje alle så gode å kome utav det med. Dei prøvde fram om alt å «mjøle si eiga kake», sjølv om det gjekk aldri så mykje ut over den andre parten.

I ei «betenkning» frå 1761, der ein kommisjon handsamar saka mellom bøndene i Vanylven og futen Alsing, som dei hadde gjort oppreist mot, seier kommisjonen m. a.: På Sunnmøre var det for 100 år sia prektige fureskogar. Men bøndene hadde tankelaust selt til skottar og hollendarar, og no i 1760-åra var landet her snøytt for skog, så det ved siste skog- og sagbruk-synfåring vart gitt løyve berre til 100 tylfter bord til skur, noko som korkje var nok til husbygging eller til dei 600 båtar som kvart år måtte byggjast.

Og slik som det var i Vanylven, var det nok også i dei andre bygdelag på Sunnmøre i denne tida. Den store skogøydinga hadde gått som ei farsott over bygd etter bygd, og no låg dei der avsnøydde og verbitne, og armoda fylgde i fotefara åt dei som øydde skogane.

Det som særmerkjer den dansk-norske politikken i slutten av 1700-talet, er at det galdt å presse mest mogleg ut av bøndene, som frå å vere staten sine leiglendingar vart proprietærane sine. Staten måtte ha pengar. Difor selde dei krongodsa, og rikfolk slo dei til seg som «forbudt pant», stundom som vederlag for løn eller for tilgodehavande av staten, eller og som vanleg kjøp. Berre om lag ein tredjepart av bøndene var sjølveigarar. Proprietærane var strenge i sine krav når det galdt jordavgiftene, endå strengare enn staten hadde vore. Når prisen på jordbruksprodukta steig, nytta proprietærane høvet til å auke avgiftene på sine leigebruk og leggje på pliktarbeidet på sætegardane (der dei sjølve budde). Bøndene åtte ikkje sjølve produksjonsmidla, og måtte freiste skaffe seg ekstra overskot til å betale eigaren for leige av bruket (avgift). Så lenge staten var største jordeigaren, gjekk jordleiga av statsgodset inn i statskassa, men så vart ein stor part av krongodset utlagt til frigardar for embetsmenn, prestar, futar, sorenskrivarar, offiserar og dragonar, og det vart då ikkje inntekt til staten av desse bruka. Overskotet av drifta på gardane måtte nyttast til å betale avgifta og skattane med. Når det var gjort, var det ofte lite eller inkje att til levemåte for leiglendingen og huslyden hans. Så måtte det bli armod.

At fleire sjølveigande bønder skaffa seg borgarskap i Bergen, og vart handelsborgarar som sjølve omsette ymse jordbruksprodukt og tok heim ymse varer til omsetning heime, gjorde at det både vart beinveges og omveges kulturpåverknad frå vesterhavslanda, og då særleg frå England og Nederland.

TØMMERDRIFT OG SAGBRUK

Vi gir her eit oversyn over flaumsager i Sykkylven i tidbolken 1603—1640, namnet på eigarane, kor mange tylfter dei saga og kor mykje dei betalte i sagskatt og tiend. Gamle folk kan enno fortelje kvar dei ymse sagene stod og kvar tømmervegane gjekk, og merke etter dei er enno synlege somme stader. Namn som «Sagfossane» på Ikorannes og «Tømmervegen» på Lade og andre gardar, peikar tydeleg attende til denne «sagtida».

1603 Sagskattar				
Namn på eigar	Saga tylfter	Sagskatt	Tiend	
Peder Offuerdall	20	2 dlr.	1 1/2 dlr.	
Jørgen Riksemb	30	2 «	3 ty. for 6 ort	
Jørgen Blindemb	40	2 «	4 «	« 8 «
Olluff Huolle	15	2 «	1,5 «	« 3 «
Torre Sætter	40	2 «	4 «	« 8 «
1612				
Peder Offuerdall	20	2 dlr.	1,5 dlr.	
Jørgen Riksemb	60	2 «	4,5 «	
Peder Hansen Wiig	50	2 «	3,5	1/2 ort
Jacob Ekornis	30	2 «	2	1 «
Jørgen Blindemb	50	2 «	3,5	1 «
Samund Tjønes	30	2 «	2	1 «
Olluff Huolle	50	2 «	3,5	1 «
Ingebritt Lade	50	2 «	2	1 «
Ingebritt Gærsett	20	2 «	1,5 «	
Christ. Thudseviig	15	2 «	1	«
Rasmus Sortebeck	30	2 «	2	1 «
Størcher Hunduig	30	2 «	1	«
1618				
Jacob Ikornes	20	2 «	1	* dlr.
G. Peder Riksemb	50	2 «	2 1/2 «	
Lauge Joenn Jarnes	ingen	2 «		
Salemon Lade	5	2 «	1	ort
Sammund Tjønes	20	2 «	1	dlr.
Olluff Torstensen Wiig	30	2 «	1 1/2 «	
Ingebrigt Eidemb	20	2 «	1	«
Peder Offuerdall	15	2 «	3	ort
Olluff Joen Hundeviigen	ingen	2 «		
1621				
Peder Riksemb	30	2 «		
Lauge Jørgensen Riksemb	40	2 «		
Jørgen Blindemb	40	2 «		
Laurits Christensen Do.	30	2 «		
Peder Ollofson Ouffre	20	2 «		
Rasmus Suartebeck	20	2 «		
Olle Joennson Hundeviig	30	2 «		

- 1623 Olluff Wiig Sukiøllen, Peder Wiig med deris Consorter, aff en Flombsaug, stande i før nevnte Wiigs Elv, och Bønderne mest bruger deris egen Schouff. Deraff aarligen till Kong. Mayst. dij och deris Epterkommere Pendinge 5 Rdlr.
Jørgen Blindemb med hans Consorter aff en liden Flombsaug, stander i før nevnte Blindembs Elffue, och Bønderne bruger deris egen Schoffue. Deraff aarlig till Kong. Mayst. dij och deris Epterkommere Pendinge 5 Rdlr.
- 1624 Dei same eigarar betalte sagskatt som i 1623 med unnatak av Laurits Christensen Blindemb, som har gått ut. Ein ny er komen til: Christoffer Tusseviig med en «Flombsaug», 20 tylft.
- 1625 Dei same som før pluss ein ny: Vichmannd Paasche aff een «Flombsaug» 20 tylfter bord, 2 1/2 dlr.
Berre Jørgen Blindemb og Olluff Wiig saga 40 tylfter kvar og betalte kvar sine 5 dlr. til Kgl. Mayst. og dertil kvar 2 1/2 dlr. sagskatt. Dei andre saga berre 20 tylfter, og betalte berre sagskatt 2 1/2 dlr.
- 1610 Det var 11 eigarar som betalte sagskatt, og det er oppført kva dei saga. Peder Offuerdall 25 tylfter, Jacob Ekornes 50, Jørgen Blindemb 70, Olluff Thiösse aff Ramstad 60, Halduor Lade 60, Salmund og Peder Lade 20, Niels Olsen Thandestad 40, Salmund Tjønnes 40, Amundt Offre 50, Olluff Hoelle 30, Jørgen Riksemb 60 tylfter. Kvar betalte 2 dlr.
- 1628 Dette året var det berre 7 eigarar som betalte sagskatt. På lag dei same som i 1621. Kvar av dei betalte 6 dlr. 1/2 ort, 6 ski. Dertil kom 1/2 dlr. for kvar tylft «skattebord» som dei selde. Det vanlege var at dei selde 3—5 tylfter kvar, 1 1/2—2 1/2 dlr. Det er opplyst at «Suarthebech Saug ligger aldeles øde».
- 1634 Berre 5 eigarar betalte sagskatt: For kvar sag betalt 2 dlr. Dertil betalte dei for «tiendebord» etter det dei saga såleis: Wiig Saug 6 tylfter 3 dlr., Blindemb saug 6 T. b. for 3 dlr. Fouse saug 4 T. b. 2 dlr., Ekornes saug 3 T. b. 1 1/2 dlr., Hundeviig saug tiendebord 3 tylfter 1 1/2 dlr.
- 1640 Berre Olluff och Peder Wiig betalte grunnleige for si sag i Vikelva. Grunnleiga var som før 5 dlr.
Skatt av flaumsager i Ramstaddal og Søvikdal
- 1611/12 Nils Kloch 2 dlr. 50 t — 5 t. 3 1/2 dlr. Halstein Ramstad 3 1/2 1 — 50 — 5 t. 3 1/2 dlr. 1.

- 1612/13 Simon Olsen Klock 2 dlr. 30 t. — 3 t.
1617/18 Ingebrett Ramstad 2 dlr. 30 t. — 3 t. — 1 dlr. Syver Løvoll
2 dlr. 10 t. — 1 t. 1/2 dlr. Eriek Ramstad 2 dlr. 20 t. — 2 t.
1 dlr.
Skipstoll
1609/10 Oluf Olsen Biørnevig bet. 2 dlr. 1. (60 lester). Båten lasta
for Langskipsøy — utlaup 24. mai. Lasten var 250 tylfter
sagbord, toll tils. 22 dalar 4 skilling.

SAMANDRAG FOR JORDBRUKSDRIFTA 1802

Under det typiske naturalhushaldet er det naturleg at kornavlén og husdyrhaldet kom i første rekkje. Folket levde beinveges av det dei avla på gardane — av jorda og husdyra. Så å seie alt dei skulle bite og slite, måtte dei sjølv streve og sveitte for gjennom heile året. Difor vart dei også så avhengige av jorda, voksterveret og avlinga frå vår til haust.

Hende det så, — og det hende ofte — at det vart «grønår» eller uår og uheppe med buskapen, som det ofte kan bli, — ja, då var det ikkje anna å gjere enn å spenne inn livreima, bite tennene saman og ta seg på tak for å ri over krisa så godt det let seg gjere.

Når våren kom seint og dei skinnmagre dyra på fjøsen knapt var reiseføre, måtte huslyden på skogen og sanke bork og beit og bar til dyra, så dei kunne få stille den verste svoltén. Og endå var husfolket sjølv ofte så svoltne og avkrefta at dei knapt var arbeidsføre. I slike tider var det dei måtte male bork av osp og alm som dei blanda i den vesle mjøldusta dei hadde att, så vidt dei kunne berge livet til dei nådde i nyåringen fram på hausten. Det er i slike røyningstider at folk lærer å setje pris på maten, og å takke Skaparen for kvar biten, sjølv om det var berre frå hand til munn. (I romslege tider når det er flust opp av alt ein kan ynskje seg, er det så mange som gløymer å takke. Dei reknar det som sjølv sagt at det skal vere slik, men det er ingen sjølv sagt ting).

Samandraget syner at i 1802 var det 150 gardsbruk i bygda. 119 av desse var leiglendingar og berre 31 sjølvegarar. Så var det 21 husmannsplassar. Husmennene måtte betale årleg avgift til jordeigaren og dertil ofte pliktarbeid på hovudbruket vår og haust.

Det er difor lett å tenkje seg kor vanskeleg det kunne vere for dei å slå seg igjennom, særleg då dersom dei attåt hadde ein stor barneflokk.

Talet på kyr var etter måten stort på gardane. Frå 8 til 12 var det vanlege på dei fleste bruk, og sjølv på husmannsplassane hadde dei 2 til 4 kyr. Hesten var sjølvskriven på kvart einaste gardsbruk. Og han hadde fullt opp av køying vinter som sommar. Det var berre plassemennene som ikkje hadde hest. Stundom kunne dei få bruke hesten åt jordeigaren ein hende gong når det verst kneip, — utan betaling, men oftast måtte dei nok betale for hesten. Difor fann mange det best å spa åkrane sine om våren og hakke kornet ned med rive, så sparde dei dermed hesteleiga. For dei hadde lært at spart er dobbelt tent. Med det store dyretalet på gardane seier det seg sjølv at det ofte var svelteforing og dermed etter måten liten avdrått av husdyrhaldet.

Arbeidshjelpe. På dei 181 bruka (små og større) var det 890 vaksne arbeidsfolk. Jamt over vert det 4,1 vaksen arbeidar på kvart bruk. Kor mange av desse som var heimeverande born eller tenarar, går ikkje fram av oversynet, men det er grunn til å tru at det var på lag slik: Husbondsfolk ca. 350, kårfolk ca. 90, heimev. born ca. 150, tenarar 300.

Arbeidsdagen var oftast 10—12 timar, og tenarlønene var delvis pengar og delvis naturalia.

SAGEFALD

- 1606 Olluff Knudsen på Tandestad for hand slog Olluff Ellingsen på Ytter Ekornnes et Slag med en Aarelomb. Bod 5 dlr.
- 1606 Iffuer Guttormsen paa Erstad for hand scheldetf sin Grande Iffuer Olsen for en Tuffs och kunde honomb dette iche overbevise. Bod 4 dlr.
- Olluff Samuelsen paa Dragløss for Frillelefnit med Aasse Helgisdr. paa Strømme, Før nevnte Aasse for samme Sag. Bod 2 dlr.
- Powell Olsen paa Klocherhoug for Frillelefnit med Anne Helgisdr. paa Strømme. For samme Sag. Bod 2 1/2 dlr.

- Peder Offuerdall med sienne Medbrødre som bygte een Baad
till Kgl. Mayst. Behoff, fordi uforløffnis optog Fisch, Korn
och andet sligt aff Ålmugen i Dale Skibrede, for samme Baads
Bekostning 60 dlr.
- 1609 Ingebrit Lauritsen paa Brunstad for hand bloduite Ollo Olssen
Brunstad med een Bolle i Hoffuedett. Bod 4 dlr.
- 1610 Peder Olsen paa Tandestad for hand sagde sig at haffue beligget
Karen Pedersdr. paa Rigsemb, och kunde hende det iche
overbevis. Bod 15 dlr.
- 1612 Jacob Christoffersen paa Thussvig for Frillelefrit med Karine
Thorstensdr. paa Offraa, gaff for sig och hender. Bod 3 dlr.
Niels Knudsen Offraa for Frillelefrit med Beritte Thorstensdr.
Wiig. Gaff for sig och hender. Bod 3 dlr.
Jacob Olsen Strømme for hand haffuer legit i Løsleffrit med
een sin Frenke vid Naffn Ragnhild Olsdr. Strømme. Var skyld
sammen i tredje Ledd. Før nevnte Jacob er efter Kongl. Mayst.
Breffs Lydelse forviist aff Landitt, och hans Foreldre gaff før
hans Forseelse 12. dlr. Før nevnte Ragnhild Olsdr. ere een
arm Stakkell som haffuer aldeles intet at bøde med, och blefit
forviist aff Landit. Herpaa 6 Mands Vidne.
- 1613 4/4. Tingsvitne om at Randi Olsdr. på Strøm, som har et Barn
udenfor Egteskabet ved Jacob Olsen Strøm, er en fattig Stakkell
som ikke kan betale Mulkt.
Lagrettesmænd bl. a.: Olle Andersen på Thiøse, Peder Olsen
Offuerdall, Ellend Pedersen Ekornes, Jacob Olsen Erstad.
- 1614 Haldsteen Engebritsen Ramstad som med een Kniff myrdede
och omkøbt sig sielf, Hans Boes Loed urtagen under Kgl.
Mayst. efter ald loulig Skuldes Gield bleff afbetald och fandis
effter hand, efter Boets liggende vorderniks Breffs Liudelse:

Kiør 4 huer 2 1/2 dlr. er	10	dlr.
1 Kvige 2 Aar gl.	2	«
10 Soffuer med 3 Lamb	4	«
3 Gieder	1 1/2	«
1 Riisbid Buchk		1 1/2 ort
1 Riisbid Gied		1 «
2 Senge Klæder	2	«
1 Jern	1	«
1 Tinfad		1 «

- 1615 Wij efterschreffne Olluff Aschidsen Nerschoden, Olluff Jørgensen Appelsetter, Lensmand i Valde Skibrede, Olle Andersen paa Thiønes, Peder Olsen Offuerdall, Ellend Pedersen Ekornes, Jacob Olsen Erstad kiendis och vitterliggjør for alle aet Ranndy Olsdatter paa Strømme som haffuer forseet sig med Leyermaall med hendis Frende Jacob Olsen Strømme, ere een udarmitt fattig Stakkel och haffuer alldelis ingen Raad eller Offre at udgiffue nogen Bøder til Kong. Mayst. for hendis store och grove Forseelse, så Kongl. Mayst. iche har funnit at søge eller bekomme nogen Bøder hoos hende. Till Vidnessburd haffuer wij her under trøcht voris Signetter Achtum Spilckeug thend 4 Aprillis Anno 1615. Effterschrefne Bønder Drenge som udi forleden feigde Thiid 1612 vare efter Kongl. Mayst. Befalling udnefnt och siden neder forskikket thill Suinesund, der samme Sted att schulle lade sig bruge imod Riigets Fiender aff Sundmøre Leehn, och nogen Tiid efter de vare neder kommen haffuer een stort Part aff dennem uden off. Righeds Forloff och Bevilling understaaet dennem och drogit deri fraa och heimb huer udi sitt Behold. For samme Tiids store och groffe Forseelse haffer seg paa Kgl. Mayst. Vegne for huerfuitt domb offuer dennem, hvorvid de ere dømbt vid Hans Mayst. Naade och Unaade Anno 1614 och siden efter min geistlige Husbonds erlige och velbaarne Frue Kierstie Juuls Befaling, paa høybemeldte Kgl. Mayst. naadigste Behag affsonit med dennem for deris store Armods och Elendigheds skyld som efter følger:
Poul Arnesen Ness gaff Pendinge 3 dlr.
Størker Pedersen Setter gaff Pendinge 5 «
Jacob Olsen gaff Pendinge 5 «
- 1615 Olle Ollesøn Brunstad, for hand slogh Peder Brunsvold edt Neffue Hugh. Bod 1 dlr.
Laurits Povelsen Velde for hand ulouligen thog Bygsel paa Siiffuer Brunstad, hans Jord. Bod 4 dlr.
Laurits Christoffersen Thudsviigh for Frillelefnit mett Elline Alffsdtr. paa Blakstad. Bod 5 dlr.
Olluf Syffuerson Thiønnes for, aff Ungdomb och Uforstand, uden Forloff er heimbdragen fra Leiren ved Suinesund. For

- hans store Armod's skyld. Oppebaarit aff honnom paa høgbaarne Kong. Mayst. naadigste Behag. Bod 7 dlr.
- Joenn Knudsen Liid ochsaa for samme Forseelse, och for Armod's och Elendigheds Skyld. Bod 4 dlr.
- Thorre paa Fusche for hand offuerfalt her Peder udi Voldenn med nogle utilbørlige Ord. Bod 1 dlr.
- Jacob Christoffersøn Thudswiig som han resetd med aff forleden Aars Sagefald for thed løse Leffnit hand staae udi med Karine Thorstensdtr. paa Offraa. Bod 2 dlr.
- Jacob Anthønnisen paa Barlindbreche for Frilleleffnit med Anne Mogensdatter paa Drottning Houg. Er hans anden Forseelse. Bod 9 dlr.
- 1616 Joenn Knudsen paa Aarsnes haffer ligget i Løsleffnit med sin Frenche Berritte Knudsdatter paa Murch, och var huerandre beslegted i tridie Led. For nevnte Joenn efter Kgl. Mayst. Breffs Lydelse ere forvist Landet, och hans Foreldre gaff for slig hans Forseelse, efter deris fatte Formoue. Bod 12 dlr.
- Før bemeldte Berritte Knudsdatter ere een arm Stakkel och haffer aldelis intet at bøede med. I lige Maade forvist Landet.
- 1617 Elling Helgesen Strømme, for Legermaall med Magnhild Lauridsdatter førend de kom udi Echteskab tilsammen. Bod 4 dlr.
- 1618 Peder Fiid beschyldigett och tillagde Knud Pedersen paa Echornes att haffue ligget hos hans Hustru, och dette iche kunde bevises. Affdømt thill Kong. Mayst. Bod 7 dlr.
- 1619 Olluff Jørgensen Hundewiig med een Part hans Consorter leverede 16 Thylder sambfengs Bord, onde och gode, thil Udførelse och Indtekt at thierris Saug igjen kunde beuilges for aarlige Affgift, som een Thiid langh efter Kongl. Mayst. alfforlige Beffalingh haffuer været udi Forbud. Aff samme Bord befandtis foruden Wragh och Udschott 1 1/2 Thylder gode Bord 1/2 Rdl. Bod 5 1/2 dlr. 1 Ort.
- Joenn Pedersøn Indre Thrandall for Legermaall med Berritte Knudsdatter paa Ytter Thrandall, affdømbt for hans fattige Donts skyld 4 dlr. Kuindens Sagh tager Giedsches Ombudsmand.
- 1620 Peder Jacobsen Ouffre for hand slog Thorre Fusche med een Øxsehammer noggen Hugg, Ehr affdømbt 3 Mrk. Sølf er Pendinge ----- 11/2 dlr.

- Knud Olsen i Kloche for hand haffuer læggit med hans egen
Festermø før deris Brøllup. Herffur affsonit 4 1/2 dlr.
Thorre Fouske och Peder Olsen Arne for de ichke haffuer ytt
deris Thiende Laxs udi rette Thid som de burde at giøre.
Bod 4 dlr.
- 1621 Olluf Olsen Echornes for Legermaall som hand haffuer
begangidtt med Gullauf Echornes. Bod 9 dlr.
Niels Olsen Blachstad løes Leiermaall som hand haffuer
begangitt med Inngri Jochumsdatter Blachstad, Haffuer
affsonit derfor 9 dlr.
- 1623 Olluff Erstadt for hand uformed Olluff skadde i hans eget
Huus. 4 dlr.
Jettmund Jensen paa Strømbsem i Søckiøllen for hand ulouligt
hug et Styche Blye aff det Styche som stod i Enden paa enn
Bismer, dessligeste for hand besoff et Kuindfolk ved Naffn
Berrette Andersdatter. Haffuer affsonit 20 dlr.
- 1624 Peder Persen paa Brunneuold for hand ulouligen steffned aff
Jens Jacobsen paa Riigsemb och iche møtte. Derføre affdømt
i Steffnings Fald Pendinge 1/2 dlr.
Olluff Siguardsen i Wiig for hand besoff Berrette Wiig før
deris Brøllup. Haffuer affsonit for dette 12 dlr.
Amund paa Rixemb for hand slog Jørgen Peersen Rixemb i
begge deris Gaarder med et Styche Tree. Haffuer affsonit
for 2 dlr.
- 1625 Olluff Ingebrigtsen paa Broenstad for hand slog Siver Broenstad.
Haffuer affsonit for Pendinge 1/2 dlr.
Siuer Bronstad for hand slog Ingebrett Bronstad. Affsonit 1 dlr.
Peder Offure i Sykøellen for Steffnings Faldt med Jørgen
Clausen 1/2 dlr.
- 1626 Olluff Einarsen i Hundewiigen for hand misstagit et Buchkekid
fra Arne Olsen Alhem. Haffuer affsonit 4 dlr.
- 1628 Peder Offre affsonitt for Misstag Penge 1 dlr.
Laurits Pedersen Rixsemb for hand haffuer besoffet Johanne
Nielsdtr. paa samme Gaard. Bod 6 dlr.
Jacob paa Fitt bleff dømt til een Løgner, at bøde 4 Mrk. 2 dlr.
Olluff Blachstad for hand uddrog hans Kniff och vilde haffue
stuchit Laurits Strømseb. Affsonit for 3 dlr.

- 1630 Rasmus Torstensen paa Offuerdall affsonit for Maritte Halduorsdtr. Offuerdall som hand besoff. Gaff aff hans yderste Formue 6 dlr.
Affsonit Elling Echornes, Olluff Offuerdall, Olluff Hatlemarch, Joenn Echornes, Laurids Erstad, Jacob Erstad och flere fra andre Herreder, i alt 21 Personer for de en dels motvillig Viis iche vilde høre Tienist i Ørschouff Kirke. Ligeledes for et ulouligt Bagkald, de paa den guode Mand Slodsherrens Kald haffde giffuet. Gaff derfor Pendinge 65 Rdrl.
- 1631 Affsonit Ingbrett Larssøn paa Rigsem for Anne Pederdtr. som hand krenked och schal haffue till echte. Gaff Pendinge 5 dlr.
Affsonitt Hendrich Cursett for Sunnøve Ingebretsdtr. paa Hunde Eid som hand besoff och schal haffue til echte. Gaff Pendinge 5 dlr.
Affsonit Olluff Colbensøn ved Lensmand der samme Steds, for hand med een aff hans Sønner offerfalt Presten der sammesteds, dog de ingen Haand Gierning gjorde paa hannem, daa han var did buden at trolove tvende Folch samme Steds. Gaff for denne deris Forseelse 20 dlr.
- 1632 Annammit aff Knud Hoffdens efterlatte Bohe, som formedelst adchillige Svigeri och anden Spøggeri bleff henrettid! efter at alld loughlig Schyld aff Gield bleff afftagen efter hosliggende Tingvidners Indhold. Pendinge 3 dlr. 1 Ort, 4 Ski.
- 1635 Einer Curset, en meget udarmit Mand, haffuer været med een anden och tagit en Thønde Fisch fra Olluff Hundewiigh, doeg Olluff bekom sin Fisch igrat, Paa Øffrighedens gunstig och goede Behaug, och formedelst hans store Armods Skyld, med hand, affsonit 2 dlr.
Einer Endresen Hundewiigh och Erich Myrsett haffuer uden videre paa Olluff Iffuersons Jagtt fra Bergen, enn Flasche med Brendevin udi affdruchen. Derffore huer giffit thou dlr. ere 4 dlr.
Peder Hatlemurch for et lidet Diur hand forleden aar haffuer drebt, dog det fandtes halff død før. Paa Øffrighedens goede Behaug aff honnom oppebaarit 3 dlr.
Enndere Hundewiigh, affsonit for hans Søn for Legermaal hand haffuer begaat, gaff Pendinge 12 dlr.

Anders Rasmusen Giere for løs Legermaal hand haffuer begangitt med en ved Nafn Giertrud paa Sørem. Aff sin yderste Formue 7 dlr.

Elling Suartebech for løs Legermaall hand haffuer begangitt. Defore affsonitt 16 dlr.

1635 Peder Brunstad for ulouglig Thiende hand medbefandts, paa den gunstige Øffrigheds goede Behaug, med honnom affsonnitt for Pendinge 5 dlr.

Jacob Thandestad befandtes i lige Maade med nogen ringe Forseelse udi Kornthienden, och paa den gunstige Øffrigheds goede Behaug med honnom affsonnitt for Pendinge 2 dlr.

Hendrich Samundsn Huolle i lige Forseelse paa Øffrighedens goede Behaug med honnom, och affsonit for Pendinge 2 dlr.

Knud och Jacob Huolle, tho udarmet Mænd, och den eene med en slem Siuge beloed, befandtes och med nogen ringe Forseelser udi Thiende. Gaff Pendinge 2 dlr.

Peder Fet, een fattig gammel udarmet Mand, befandtis och i offuerbemeldte Maader med nogen ringe Forseelse. Gaff Pendinge 3 dlr.

Enchen Berrette Brudeuold, er meget udarmet och haffer mange smaa Børn, befandtes i liige Maade med Forseelse som meldt. Gaff 2 dlr.

Laurids Pedersen och Laurids Paulsen Brunstad, begge udarmet, haffuer Kornstall sammen, befandtis och med nogen ringe Forseelse. Begge gaff Pendinge 1 dlr.

Poull Brunstad och hans Søn Knud, begge megit udarmitt, befandtis och med nogen ringe Forseelser paa Korn Thiende. Pendinge 2 dlr.

Olluff Olluffson Brunstad, en megit gammel, udarmet Mand, befandtis och med nogen ringe Forseelse paa Kornthiende. Gaff 1/2 dlr.

Elling Hiortaufl, (ligesaa for samme Forseelse 3 dlr.). Peder Olsen Blindern Do. 2 dlr., Jacob Strømme, Elling och Iffuer 3 dlr., Iffuer Thiønnes Do. 4 dlr., Olluff Setter, ligedan 3 dlr., Olluff Ingebretsen Brunstad befandtis och med urettferdig Thiende, er een udarmitt Mand. Med hannem i berørte Maader affsonitt 31/2 dlr.

Laurits Ingebretsen Brunstad i lige Maade, aff sin yderste Formuffue gaff Pendinge 2 dlr.

Peder Drabløs, och som ofte berørt er aff sin yderste Formue 2 dlr.

Jetmund Paulsen Drabløs, och som før berørt med urett Thiende befundet haffuer kort forleden været for Ildebrand ude och der offr lidt stor Schade, aff sin yderste Formue gaff 3 dlr.

Olluf Olsen Hiortaufl 3 dlr., Laurids Irstad 3 dlr., Jacob Do. 2 dlr., Jacob Thiønes, udarmit Huusmand 1/2 dlr.

Olluff Blindern och Peder Wiigh med deris Medfølgere for et Diur de i førbemeldte Dyreaaringer (forleden Vinter 1634 udi Dyreaaringer formedelst deris store Hungers Thuang) 7 dlr.

1637 Iffuer Thynes for hand iche i ret Tid betalte hans Odels-schat.

Bod 2 1/2 dlr.

Olluff Pedersen Brunstad for Leiermaall med Siri Arnesdtr. paa Løffuold, de ere huerandre schyld udi thredje Led. Affsonitt med honnom efter hans yderste Formue for 24 Rdrl. Och huer at rømme Bergenhuus Stift.

Jettmund Offuerland for hand iche udi Tiide betalde Kong. Mayst. Schatt. Affsonitt for 3 Rdrl.

Olluff Helgesen Drabeløes for hand offuerfaldt Elling Huusmand 1Døwingen och slog hans Baad i sønder. Derfor affsonit 4 Rdrl. Laurids Erstad for hand slog Rasmus Hougen Erstad ett Mundslag. Derfor affsonitt 1 Rdrl.

Olluff Poullson Fett, som iche udi Tiide fremkom for Maioren der Dreng bleff udskreffuen, derfor affsonitt med 4 Rdrl.

Colben Holle iligemaade affsonitt med hand, for hans Armod 2 Rdrl.

Jacob Blachstad for hand for tidligh laa hos sin Festermø 3 1/2 Rdrl. Och for at hand havde offerfalditt Jacob Echornes i hans eget Huus. 1 1/2 Rdrl.

1638 Olle Jonsson Hundewiig for en Læ misstages fra sin Grande gamble Olluff Hundewiig, 3 Mrk. Søllf er 1 1/2 dlr.

Olluff Syffuersen Wiig for hand laa for thillig hos hans Festekvinde. Affsonitt med honnom for Pendinge 2 dlr.

Jacob Jacobsen Erstad for Leiermaall med Ingebrog Andersdtr. Hoffuen som hand vill echte. Affsonit med hand for 4 Rdrl.

Joenn och Iffuer Hoffde for de haffer offerfaldet Erich Myrsett

198

1Julehelgen och søtte ham hid og did. Derfor affsonitt 3 Rdrl.

Olluff Mogensen Cursett for hand haffer beligget Marritte Jetmundsdtr. paa Hundeid, Vil echte huerandre. Affsonitt med honnom for 6 Rdrl.

Suend Ingebretsen Eidem for hand suarede Maioren paa Tinget der Dreng bleff udtagen til K. M. schits Behoff, och haffde ner giort Almuen opsetsig. Dervore affsonitt med hannem for 7 dlr.

Gullich Andersen Offuerdall for hand laa for thillig hos hans Festemø. Gaff Pendinge 2 Mrk. Søllf.

Peder Pedersen Brudeuold for han slog hans Grande it Næsehoug. Derfor bleff sonitt for 1/2 dlr.

1639 Olluff Haldorsen Stømsem for hand afflet Barn med Anne Olsdatter i Leyermaall. Derfor affsonitt for 10 Rdrl.

Jacob Blachstad for hand slog hans Broder Niels i Schidtmyren 2 Mrk. Søllf.

- Olluff Brunstad affsonitt for hand slog Birrete Poulsdtr.
Brunstad med en Bræchevaage. Gaff derfor 2 1/2 dlr.
- 1640 Jetmund Thynes for hand slog Jacob Thynes med en Støffuer
et lidet Hug. Derfor affsonitt for 1 dlr.
- 1643 Laurids Olsen Eidem vahr steffnet aff Jacob Honningdahll,
møtte iche och derfor bøtte 1/2 dlr.
- 1644 Olluff Jørgensen Blindemb for Leyermaall med Helge Drabløs
som hand echtet. Affsonitt for 2 1/2 Rdlr.
Jacob Nielsen Fitt for tillig haffuer ligget hos sin Festekvinde.
Derfor affsonitt for 2 1/2 dlr.
- 1645 Anders Drabeløes for Leyermaall med hans Festemøe. Affsonitt
1 1/2 dlr.
Gamel Jacob Tynes for hand slog hans Grande Olluf Tynes
Nøffue Hugh. Affsonit derfor 2 Mrk. Sølf.
- 1648 Laurids Jacobsen Erstad for hand belaa Johanne Laugesdtr.
Riksem som hand vil echte. Affsonitt for 2 dlr.
- 1664 Siffuer Hundewiig for Oprør paa et berammit Skatteting.
Tildømbt at bøde 7 dlr.
Peder Rasmusen Udgaard och Peder Olsen Hoffden for
Formugesschats Modvillighed, tildømbt at bøde begge 1 dlr.
Torre Pedersen paa Offuerdall for Leyermaall med Ingeborg
Samundsdr. sammesteds. Tildømbt at bøde 12 Rdlr.

- Peder Poulson Riksemb for Leyermaall med Britte Aamundsdr.
Tildømbt at bøde for hans Fattigdoms skyld 4 Dlr. Britte 2 Dlr.
- 1665 Aslach Strømme for Steffnefald 1/2 Rdlr.
- 1666 Peder Torsen Eidemb, Olluff Søeholt, Knud och Peder Klochstad,
Peder Riksemb, Peder och Olle Ytter-Ekornes, Amund och Olle
Hellen, tildømbt at bøde Tingbudfald 1 Mrk. Sølff Rdlr. 1 Ort.
- 1667 Laurids Jensen Ramstad, Steffnefald 1 Mark Sølff er 1/2 Rdlr.
Knud Ingebrigtsen Eidemb for tillig Hoesliggelse med sin
Festekvinde, tilkiendt 2 Dlr. 1 Ort.
Den samme i Steffnefald 1 Mark Sølff er 1/2 Rdlr.
- 1668 Indsteffnet Hans Lauritsen Ladde for hand haffuer slagit hans
Grandekvinde Britte. Bleff tilkiendt at bøde 1/2 Rdlr.
- 1688 Lars Pedersen OfferLand for Leyermaall med Britte Pedersdr.
Søeholt. Eegter huerandre. Bøder 2 Dlr. 1 Ort 8 Ski.
- 1692 Peder Lauridsen Setter indsteffnet for Leyermaall med Agnes
Knudsdr. Louitt at egte huerandre. Tilkiendt at bøde for
dem begge 3 Rflr. 1 1/2.
Olluff Pedersen Liusholl formedelst hans Festekvinde kom for
tillig. Bøder 3 Rdlr. 1 Ort.
Torre Lauridsen Strømsemb for begangen Leyermaall med
Anne Isachsdr. Wiig. Vil egte huerandre. Derfor hand for sig
og hende bøder 3 — 2 — 4.
- 1690 31/3. Ekstraordinier Sageting i Søkilven.
Lagrettesmenn: Peder Pedersen Brunstad, Stener Rasmusen
Giere, Sifuer Olsen Blindern, Christen Johan Offuerdall, Jens
Aschildsen Vaxvig, Olle Olsen Soeholt, Botolf Knudsen Tøsse
och Iffuer Jensen Hagen.
Ane Pedersdr. som er i Tieniste hos Hoffuer Jetmundsen paa
Riksem, en Egtemand, har faat Barn ved ham. Hoffuer
Jetmundsen som haffuer hende saaledis tilsagd at naar hun
føde Barnet, skulde hun det i hendes Kiste forvare som det var
dødfødt, til hand kom heim igien, da vilde hand sette det hen.
Krevde och ydermere sagde saa til hende at hun det for ingen
skulde aabenbare, — saa fremt hun det gjorde schulde hand
enten gjøre Skade paa hende eller tåge Skade.
Hun fødte Barnet i Hoffuers Fehuus och sier at Barnet var
dødfødt. Hun laaste Liget i en Kiste. Fjorten Dager senere

fortalte hun Broderen Jørgen Pedersen om det, och hand fortalte det straks til Naboerne. (Jørgen Pedersen tjente Tomas Riksem).

Barnet var velskabt og viste ingen Tegn paa Vold. Barnefaren var 14 Dager efter at Barnet var født, den 15 Mars, som var en Søndag gaat ud paa Isen og «derved blefeuet ombragt fra Lifuet».

Hun blir dømt til Døden och henrettet 27. Juni ved Søjhølv Kirke. De efterlate faaer lov at begrave Hoffuer Rixem ved Siden af Kirkegaarden.

Anders Persen Setter fra Jørgenfjord var Rettesmand och fik 3 Dlr. 60. for Henrettelsen.

Ane Pedersdtr. eie ikke andet end 2 Dlr. ubetalt Lønn. Hoffuer Riksem halve Boes lodd. 6 — 3 — 8.

1697 Jørgen, Poul och Alf Grebstad, Engebret Eidemb, Svend och Anders Do. som aff Prosten Magister Truels Christensen var indsteffnet for felles Nektelse fra Kirken St. Hansdag 1697 at føre Presten heim. Derfor tilkiendt huer at bøde 1 Rdlr. er 6 Rdlr.

1699 Elling Pedersen Andstad for Leyermaall med Berrette Andersdtr. Eidem, lovet at gifte sig med hinanden. Bod 3 — 1 — 12. En Reservesoldat under Landkompaniet, Einer Nielsen Aarsnes, for begangen Leyermaall med Kiersti Olsdatter Støllen. Lovet at gifte sig med hinanden. Bødelagt 3 — 1 — 12.

1701 Hans Strømme och Johannes Ovesen Stette for Dyredrot paa de ulovlige Tider. Begge tilfindes at bøde til Kong. Mayst. 7 Rdlr.

1703 d. 23/1 Ting paa Abelset.

Peder Pedersen Ofverdall har faat Leyermaallsbøder for 12 Rdlr. och Kvindfolket Ane Olsdatter 4 Rdlr.. De møder i Retten och siger at de ikke eier noget at betale det med. De skal straffes med Fengsel paa Vand och Brød. — Elling Pederseen Andestad och Berte Andersdtr. har betalt «Egtebrøden».

1709 Valde Skibrede. Huusmend findes ingen, ey heller Strandsiddere som kand betale Skatten. Men de faa Huusmend som her findes tilholder sig udi en Liden Hytte, eller ere Inderster, som ernærer sig ved Betleri hos Almuen.

Jørgenfjord Skibred: Olle Tusvigen 2 Ort och for 1708 da hand var glemt ogsaa 2 Ort. Ellers ere de Betlere.

1700 Hafner Olsen Velde har forbrudt sig i sit Egteskab. Hand har begaaet Leyermaall med sin forige Kones Halvsøsterdatter Eli Preb.dtr. Och derfor er hans Boe sat under Registrering af Fogden.

1 liden Kalf	1 Rdlr.	
2 Kiør a 2 1/2 Rdlr.	5 «	
1 Gied med Kj.		2 Ort
1 Søf med Lamb		2 «
4 Tdr. Korn	4 «	
1 Gryde		3 «
1 Skiering		16 Ski.
1 gl. Kar		16 «
1 gl. Baare		1 «
1 Kiste		1 «
Andre smaa Trekiørler		1 «
Hesjeved		1 «
1 Økse		16 «

Summa Boets Midler 13 Dlr. 1 Ort 12 Ski.

I mod foreskrevne Boes Summa fandtes bortskyldig Gjeld:

Marthe Salmundsdr. fordrer laante Penge	2 Ort 16 Ski.
Niels Langeloe fordrer et Bixel.	
Elling Purstrand fordrer	2 «
Anders Larsgaarden fordrer for Rug	2 «
En dreng, Lars Andersen fordrer Koen	2 « 16 «
Resterende Kirchetiende	2 « 16 «

Summa Gielden 4 Rdlr.

Hvilken bortskyldig Gield kortis af Bois Summa blifver i Behold 9 Rdlr. 1 Ort, 12 Ski. Deraf tilfalder Hans Kongl. Maystet den halfue Part som er 4 Rdlr. 2 Ort, 18 Ski. Och det øffrige tilfalder hans nu haffende Egte Kvinde Anne Knudsdatter, som sig ey haffuer forseet 2 Rdlr. 2 Ort, 18 Ski.



Olle Larsen Velde



Jacob Torstensen Velde

1793 den 27. Juni begravet Pige Ragnelde Olsdtr. Kloch, som formedelst vankelmodig og Sindssvagheit endet sine Dage ved at styrte sig ned fra en Klippe og drukne sig i Vandet ved Løvolden, oml. 32 Aar gammel.

MATRIKULERINGA AV 1724

Oppteken av lagmand Nils Knagenhielm, P. Heiberg, Peder Strøm, (prost i Borgund) Hans Jacob Hiort, (prost) Nikolai Astrup (fogd), O. Toronvik.

Denne matrikkelen syner at det var 56 gnr. som høyrde til Sykkylven. Av desse høyrde 44 til Valde skipreide og 12 til «Jørgenfjord» skr. (Til «Jørgenfjord» høyrde Hundeidvik og Tusvik til og med Våtmyr). I alt var det 155 gardsbruk. Av desse høyrde 21 til «Jørgenfjord». Det var 95 gardskvernar i alt. 36 gardar hadde seter og 52 hadde «nok Brænde» medan 4 hadde «lidet Brænde». 42 gardar var «kornviss» (kornet vart moge) og 14 ikkje «kornviss».

Matrikkelen tek også med utsådd og avling av korn. Somme var havregardar og andre bygg-gardar, men på somme gardar dyrka dei både havre og bygg. Kornet gav jamt over kring 3—4 foll.

Som døme tek vi med:

Å r s n e s. I Brug. 1,5 Vog Fisk. Peder Honningdal Eier og bøkser. Brende med fornøden Sæter. Et ringe Laxevep, lidet Udbytte. Lettvundet til Kjør og Korn. Udsæd 3,5 Td. Havre, avler 12 Td.

Høgerøst. 1 P 2 M Fisk som Jens M. Knag eier og bøkser. Brende og lidt Furu til Gaarden. 1/2 Fjerdings fra Sjøen. Tungt og uvist til Korn. Udsæd 1,5 Td. Havre, avler 5 Td.

Grebstad. 9 Brug. 8 V. Fisk som Joh. Frimans Arvinger eier og bøkser. Lidt ringe Brende. 1 Sæter. 4 små Kværne. Lidt fra Sjøen, vist til Korn. Udsæd 4 Td. Havre, 1/2 Td. Byg. Avler 10 Td. Havre og 2 1/2 Td. Byg.

Brunstad. 8 V. 2 P. 6 M. Fisk. Derav eier S. kirke 18 M. Resten Propr. og Bondegods. Propr. har Bøksetret til sit eget. Nok Skog og Sæter. 5 Kverner. Tungvindt for Hø. Vist for Korn. Udsæd 32 Td. Havre og 4 Td. Byg. Avler 130 Td. Havre. 20 Td. Byg.

Giævenes. 2 Brug. 2 V. Fisk som Kristen Sæd eier og bøkser. Et lidet Laxevep hvorudi lidt aarlig kan faaes. Kornvis. Udsæd 6 Td. Havre, avler 24 Td.

Det går tydeleg fram av denne matrikkelen at det var kornet og fisken som var livberginga attåt avdråtten av buskapen. Endå det kan vere grunn til å tvile litt på dei oppgitte tala for utsådd og avling, er det likevel av interesse å ta eit samandrag. Dette syner at det var utsådd 503 t. havre og hausta 1852 t., utsådd 54 t. bygg og hausta 258 t. Det var såleis havren som var viktigaste matkornet over alt i bygda. Berre på dei beste korngardane dyrka dei litt bygg attåt, og somme brukte ei blanding av havre og bygg («hamlekorn»), men kor mykje det var, går ikkje fram av dette oversynet.

Reknar vi med at det var 800 menneske i Sykkylven i 1724 med smått og stort, var kornavlinga på lag 2 t. på kvar når såkornet var teke frå med 1/4 av avlinga.

MATRIKKEL FOR SYKKYLVEN 1838 (gamal og ny skyld)

I denne matrikkelen er oppgitt namnet på kvart bruk, og brukaren. Den gamle fiskeskylda som var oppgitt i våg, pund og mark: (v. p. m.) vart no omrekna til ny skyld i dalar, ort og skilling: (dl. o. sk.) (1 dl. — 5 o. a 24 sk. — 120 sk.)

Eit samandrag av denne matrikkelen syner desse tala:

Sykkylven	426 dl.	2 o.	2 sk.
Ørskog	304 dl.	1 o.	9 sk.

Tilsaman	730 dl.	3 o.	11 sk.
----------	---------	------	--------

Det var 24 bruk som etter den nye skylda fekk over 3 dl. i skyld.

1 br. Indre Fauske, 5 br. på Aurdal, 5 på Vik, 2 på Velle, 2 på Hole, 1 i Riksheimgjerde, 4 på Stave og Sætre, 3 på Midtgard, 1 på Hundeid. På dei minste bruka vart skylda sett til 1 ort 6 sk.

18 9 0 vart matrikkelen revidert på nytt. Alle bruk fekk då nye nr. Alle brukarar er oppførde med namn, og den gamle skylda med dl. o. sk. er omrekna til ny skyld med mark og øre. (1 skyldmark — 100 øre). For heile Sykkylven var den gamle skylda 426 dl. 2 ort 2 ski., og den nye skylda 740 mark og 53 øre. Denne matrikkelskylda gjeld enno.

Merknad: I Ørskog sokn og herad står som gnr. 61 garden «Kirkestein» med to gardsbruk: 1. Bastian Jensen 2 ort 6 ski. 2. Jakob Bastiansen 5 ski. 7 øre.

Søndmørs Fogderi pro Anno 1699

MATRICUL

5 v. Ramstad		1—1—21 Svinseter	
Ørschoug Kirke	18	Jørgenfj. Kirke	10
Jens Pedersen	1 1/20 3	Ørschoug Kirke	1 9
Ø. L.	5 v. 15		
1 p. 12 Nysetter		1 v. Krogen	
Peder Knudsen		Jørgenfj. K.	1/20
		Ørschoug K.	1/20
2 v. Løset		1 p 2 Lucherdal	
Christen Abelset	1/20	Mons Ofueræ	
Ørschoug K.	1 1/20		
4 v. Melset		4—1—12 Kloch	
Jørgenfj. K.	18	Ø. Prestebol.	1 p. 12
Søkas K.	18	Hareids K.	18
Ø. Prestebol.	2 p. 6	Johan Friman	1 « 12
Margreta Ragnv.dtr.	2 v.	Margreta Ragnv.dtr.	2 « 13
Mons Ofueræ	2 p. 6	Knud « s.	2 p. 15
2 v. Løvold		1 v. Sandvik	
Peder Brandal	1 v. 18	Peder Rem	
? «	2 p. 6		
1 p. 12. Furnes		1 p. Kirkestein	
Laurits Brandal		Peder Rem	
1—2—6 Løseter		1 p. 1 Aslear	
Peder Brandal		Peder Brandal	
18 Rønes		1 p. 3 Furstrand	
O. L.		O. L.	
1 p. Opsal		1 p. 12 Biørnevig	
O. L.		Peder Rem	

NORMALGAARDE I SØKKELVEN ÅR 1871

T h u e. Nr. 108 — 335 — 1 — 3 — 21.

	Spørsmål med svar.	1/8 Mil fra Søen.	Bekvem	
1.	Har Gaarden Fjeldslaatt eller Udslaatt? Nei.	Beliggenhed. 1,7 Spd.		
	2. Har Gaarden Dyrkningsjord som bør beskattes? Nei.	10. Letbrukt hvorfor Tillæg		
	3. Kreaturhold: 1 Hest, 6 Kjør, 12 Faar.	1,2 Spd.		
	4. Havnegangen, bekvemt beliggende men mindre god, u-tilstrækkelig. — Takseres saaledes: pr. Hest 72 Sk. pr. Ko 48 Sk. pr. Faar 6 Sk. = Tilsammen 3 Spd. 72 Sk.	11. Muldtag 0,6 Spd. Vandfald 0,7 Spd.		
5.	Har Eiendommen Skov til Husbrug? Tilstrækkelig Brænde 4 Spd. Skov til Husbrug forøvrig? Neppe fult tilstrækkelig 3 Spd.	12. Er Gaarden frostlendt eller beheftet med andre særlige Mangler? Nei.		
	6. Haves Skovprodukter til Salg? Nei.	13. Er Gaarden mere eller mindre end almindelig godt gjødslet? Almindelig.		
	7. Haves adgang til Brændsel til anden Sort end Ved? Nei.	14. Gaarden ligger i Søkkelven Sogn. Jordsmonnet bestaar af Muld og fast Sandbund og Leer, samt for en del		
	8. Adgang til Foder-Surrogater? Nei.	Myr. Gaarden ligger samlet. Af standen fra Aalesund 1½ Mil Landvei og 2 Mil Sø.		
9.	Har Gaarden mere end almindelig let eller vanskelig Adkomst til Vei eller til Søen eller til Avsætningsstedet? Ligger ved Bygdeveien ca.	En Del af Udmarken er skikket til opdyrking.		
		Areal 53,2 Maal, Red. til 17,29 Maal, Takst 17,3	Grad	
		Havnegang 3,6 «	Spd.	
		Brænde 4,0 «		
		Skov til Husbrug ellers 3,0 «		
		Letbrugthed 1,2 «		
		Muldtag 0,6 «		
		Vandfald 0,7 «		
		Bekvem Beliggenhed 1,7 «		
				32,1 spd.

Svar på spørgsmåla.

1. 10 Vinterlæs af 2 Sæterstøle
hvoraf den største ligger 3
Fjerding a 1 Mil ubanet Vei
fra Gaarden.
Vurderes til 48 Sk. pr. Læs
= Spd.
2. Nei.
3. 1 Hest, 11 Kjør, 30 Faar.
4. Ubetydelig Hjemmehavn. 2
Sætre hvoraf 1 ligger 1
Fjerding og anden 3—4 Fj.
fra Gaarden. God og til-
strækkelig Havn. Takseres
saaledes: pr. Hest 1 Spd. og
24 Sk. Ko 96 Sk. Faar 8 Sk.
= 12 Spd.
5. Skov til Brænde 5,5 Spd. til-
strækkelig Skov til Husbrug
ellers neppe nok. 4 Spd.
6. Noget Birk 1,5 Spd.
7. Nei.
8. Nei.
9. Ligger ved Søen henved 1
Fjerding fra Aure, hvortil
Landevei.
For bekvem Beliggenhed
Tillæg 4,3 Spd.
10. Letbrugt hvorfor Tillæg 2,1
Spd.
11. Muldtag Tillæg 0,8 Spd.

12. Nei.
13. Middels.
14. Ligger i Søkkelven en knap
Fjerding fra Kirken. Gaar-
den ligger samlet med Heid-
ning mot nordvest. Jords-
monnet bestaar vesentlig af
Muld paa Undergr. af Grus.
En del af Gaarden er tem-
melig stenbundet, dog mod-
tagelig for Forbedring, da
der er tilstrækkelig af Muld.
Til Gaarden hører en Plads
som efter Herredskommunens
Undersøgelse er sær-
skildt skyldsatsat.

Areal 95.01	Maal.	Red.	til
Grad.			
37,85 Maal		37,8	Spd.
Udslaatter		4,0	«
Havnegang		12,0	«
Brænde		5,5	«
Skov til Husbrug			
forøvrig		4,0	«
Skov til Salg		1,5	«
Letbrugthed		2,1	«
Muldtag		0,8	«
Vandfald		1,5	«
Bekvem		4,3	«
Beliggenhed			
Tilsammen		73,5	Spd.

Svar på spørsmål:

1. 1 Vinterlæs af Andel i 2 Sæ-
terstøle som ligger 1 Fjer-
ding og 3 Fjerdings fra
Gaarden. Takseres til 0,5
Spd.
2. Nei.
3. 1 Hest, 7 Kjør, 16 Faar.
4. Middels god. Ubetydelig
Hjemmehavn. Takseres saa-
ledes: pr. Hest 1 Spd. 6 Sk.
Ko 84 Sk. Faar 8 Sk. tils.
7 Spd. 2 Sk.
5. Ja, Brænde som paa Grund
af at noget ligger utaeilleg
takseres til 4 Spd. Forøvrig
intet til Husbrug.
6. Nei.
7. Noget Torv der ligger ube-
leilig oppe paa Fjeldet.
8. Nei.
9. Ligger inde ved Søkkelvs-
fjorden ca en halv Mil fra
Aure. Ligger ved Søen. Be-
kvem Beliggenhed 1,4 Spd.
10. Tungbrugt, fradraget 1 Spd.

11. Nei.
12. Nei.
13. Middels.
14. Gaarden ligger samlet med
Heidning mot sydvest.
Jordsmonnet Muld paa Un-
dergrund af Sand.
Bygdeveien fra Aure til
Søkkelvsfjorden gjennem-
skjærer Gaarden, der ligger
i en temmelig brat Bakke.

Areal: 55.69	Red. til
Grad.	
24,38 Maal	24,4 Spd
Udslaatter	0,5 «
Havnegang	7,0 «
Brænde	4,0 «
Bekvem	1,4 «
Beliggenhed	
Tilsammen	37,3 Spd
Frådrag for	
brugthed	1,0 «
	36,3 Spd
	.

SØKELVENS SOGN

Av Per Fyllings etterl. skr. i Bergens Museum

Aure gaard, fordom Aurar er en temmelig stor Gaard i
Søkelven

Sogn, da den har en Skyld af 8 Vaage i Fiskerlott fordelt paa
9

Opsiddere. Gaarden er beliggende ved Sjøen, hvor Elven, der
gjennemstrømmer Grebstaddalen gaar ned i Aurebugten. I den
norske

Middelalder nevnes ofte denne Gaard i vor Historie, ligesom Stedet efter al Sandsynlighed ogsaa paa den omhandlede Tid maa have været et Høvdingsæte hvor flere av Lenshøvdingerne over Søndmør har boet, og dette har vel nok været Orsag til at en Kirke, formodentlig en Gaardskirke, et Huskapel, der senere er gaaet over til en Sognekirke, har meget tidlig været opført her.

Omkring aar 1102 maa der i alfald have boet en anseet Høvding paa Gaarden Aurar, der antog til Opfostring den unge Paul Skofteson af Giske, da hans Far Skofte det nevnte Aar, tillige med sine Sønner Aagmund, Tord og Finn foretog Udvandringer.

Bemeldte Paul Skofteson, der som oftest i Historien kaldes Aura - P a a l , har ei alene her bleven opfostret, men der er ogsaa al Sandsynlighed for at han har boet her en Tid, og dette kan en ogsaa bevise deraf at han som sagt er opkaldt efter Gaarden, samt at flere af hans Døtre har været gifte og har boet her i Egnen. Saaledes var hans Datter Sigrid gift med Gudmund paa Stadheim i Synnelven og Ingeborg gift med Kolbjørn paa Grebstad i Søkelven.

Bemeldte Aura-Paal forekommer som en megtig Høvding under Kongene Sverre og Haakon Sverresons Regj. men hans egentlige Historie bliver for vidtløftig at anføre i disse Blader. I følge Haakon Haakonsons Saga havde Aura-Paal ogsaa Gaard i Bergen, hvor Kong Haakons Sysselmand over Ørkenøerne, Haareg Unge med Feller tog ind, da de kom over Vesterhavet til Norge.

Noget senere forekommer Lenshøvdingen Ejstein paa Aure, der tillige med Sigurd paa Fet var ansatte som Skule Jarls Sysselmænd paa Søndmøre, kort efter at Skule Jarl havde ladet sig give Kongenavn.

Som ovenfor er sagt, har der meget tidlig været opført Kirke paa Gaarden Aure, hvorefter Sognet, Aurar Kirkesogn, er opkaldet. Kirken omtales i Biskop Aslag Bolts Jordebog fra omtrent Aar 1430, og var da oprindelig en Stavkirke, ganske liden og betydningsløs, og som formodes at have staaet lige til Aar 1606, da den nedbrendte af Lynild. I dens sted opførtes henved 1608 en Tømmerbygning i Form af et Kors, meget lav i Forhold til dens Omfang, og som Aar 1766 modtog adskillige Prydelser saasom en ny Altertavle, der kostede 120 Rdl. hvoraf den ene Halvdel betaltes af Kirkens daværende Ejer, Kaptejn Niels Mechlenburg, og den anden Halvdel af Almuen. Kirken har intet merkverdigt for sig, som Følge af at alle dens gamle Sager

brendte med Kirken. Paa Prækestolen havde en Fuser givet sig af med at male Evangelisterne med hver sit Attribut, og det iøvrigt paa en saa aldeles daarlig og vederstyggelig Maade, at man kan grue ved at se op til dem. Jeg undres over at ingen av Stedets Provster skulde have blevet var en saadan Styghed og befalt Malerierne udvisket.

Da hin ældre Kirkens Klokke gik tabt da Kirken brente, skal Kirkeejeren, Kongen nede i København, have foræret til Kirken en udmerket god klokke, hvis Lyd (Klang) hørtes fra Kirketaarnet paa Aure lige frem til Gaarden Velle i Velledalen, (over en Mils Vei). Dette vakte saavidt Opsigt hos Almuen i Hovedsognet Ørskog at disse ønsket intet mindre end at faa bytte Aures Kirkeklokke til Hovedkirken i Ørskog, da man var hildet i den Anskuelse at Hovedkirken maatte have den udmerkede gode Klokke, medens Aure Kirke burde nøje sig med en af Ørskogs ringere Klokker. Da dette klokkebytte var samtykket af Almuen i Søkelsen, skulde man transportere Klokken sjøvejen til Ørskog, men da man var kommet udenfor Aursnes kantret Baaden, og Klokken sank. I dens sted lod Jomfru Margrete Olsdtr. Abelse, en søster av Kristoffer Abelse, (hun døde ugift Aar 1740) paa sin Bekostning foranstalte en Klokke støbt i Bergen Aar 1714, som hun gav til Søkelsen Kirke paa Aure, og denne Klokke er endnu tilstede, endskjønt den har en mindre god Klang. Giverens navn og Aarstall er anbragt paa Klokken. Kirken ejer et Jordegods af 17 V. 3 M. i Fiskeleje.

Paa Kirkegaarden ligger 2 Ligstene fra gammel Tid, af hvid Marmor, ophøjet efter Midten, hvoraf den ene er noget større end den anden. Den større Ligsten, der tidligere skal have vist spor efter Skrifttræk som nu ved Forvitring er usynlige, skal ifølge Sagnet være hidsendt fra Skotland og lagt her paa Graven til en skotsk Skibsstyrer, som døde ombord paa sit Skib, som i det 15. eller 16. Aarhundrede laa ved Gaarden Ekornes for at indtage Trelast. Nogle Skridt syd for Kirkegaardsmuren staar den i Fortidsminde-Selskabets Aarsberetning for 1875 omtalte Kantesten. Den er 4 Alen høj over jorden, 1 Alen bred og 1/2 Alen tyk. I den senere tid er Stenen bleven benyttet til Veirodestolpe, uagtet den staar paa den modsatte Side af vejen i Forhold til de øvrige Rødestolper. Et sagn vil vide at en Mand en Gang i Tiden der boede paa det nedenfor nævnte Høvdingesæde Vik, skal have ladet bringe denne Sten hid, og opreist den til et Minde om sig seiv, — (hvorfor ikke paa Fedrenegaarden Vik?).

I syd for Gaarden Aures Huse, paa en Forhøjning hvor der nu er Åger, laa indtil for 7 Aar siden en u-almindelig stor Rundhaug, og da Ejeren lod den bortføre fandt han i dens Centrum et, for lang Tid tilforn forstyrret Gravkammer, der havde til Deksten en Stenhelle, 5 Alen lang og 1 1/2 Alen bred, som da laa i Haugen. Manden som lod Haugen bortføre, havde ikke Sans for Fortidsminder, og som en Følge heraf kunde han ej give mig nogen videre Oplysning om dette Mindesmerkes Beskaffenhed. Han viste mig en Dag hin store Stenhelle som han havde brugt ud af Haugen, og som han benyttede til Støtte under sit Treskevandshjul i nord for Gaardens Huse.

Nordenfor Gaarden Aure ligger, paa nordre Side af Elven et lidet Gaardsbrug, U 11 a v i g e n kaldet, maaske af Mandsnavnet ULL. Til Jordbruget hører et fra gammel Tid bekjendt Laxeверpe, der nu er benifisert under Ørskog Prestegaard (Provsti) og skal være givet dette af en af de saakaldte Høvdinger, Gudbrand i Vik, ifølge et Tingvidne fra Aar 1544.

Under bemeldte Ullavigs Enemerker ligger tæt nordenfor en liden Elv 2 runde Hauger, bestaaende for det meste af bare Sand og vide bedekket av tykt Grønsvær. Tæt derhos laa ogsaa for nogle Aar siden 2 runde Stenrøjsjer fra gammel Tid, men da disse nu er udtømt for Sten, som er benyttet til opførelse af et Gjerde her i Nærheden, vises nu bare Tomter efter hvor disse Stenrøjsjer laa.

K j e m p h o 1. Ved første Øjekast kunde man være berettiget til at tro at dette Gaardsnavn har hensyn til en Kjempe, (en sterk Mand), men saadan er det ikke. Navnet kommer av Kjep, en Sagkjep hvoraf skjæres Bord, altsaa et Sted hvor man havde et Oplag af Sagkjepper, Sagtømmer, en Lunn, bestemt til at bringes paa en Vandsag. Altsaa har Gaarden oprindelig hedt Kjephol.

Grebstad, hvis oprindelige og rette Navn turde være Gripstad af Grip, et Mandsnavn i Fortiden. I det 13. AarhundreJe boede paa Gaarden Grebstad en Mand ved navn Kolbjørn, der sandsynligvis maa have været en fornæm og formuende Mand, da betydelige Slegter nedstammer fra Ham. Han var, som ovenfor er sagt, gift med Ingeborg, Datter til Aura-Paal, og deres Børn er opgivne i de gamles Optegnelser saaledes: Sønnerne Ottar, Gudlik og Haakon, samt Døtrene Sigrid og Inga, af hvilke den første var gift med John Asgautson paa Sylte, og deres Børn var: Isak præst, Baard, Gjæg og Arne paa Korsbrek, gift med Solveig, en Datter af Gamle paa Velle.

Aar 1824 fandt man i en Myr paa Grebstad, en Alen nede i Jorden, 18 forskjellige Stenredskaber, de fleste af Flint, hvoraf dog kun 4 Stk. blev bevaret, da den uskjønsomme Finder ikke endsede dem. (Se Urda 1 Bind Prg. 187).

Fauske, fordum Fosse af de mange Fosser i den millem ytre og indre Fauske nedgaaende Elv. Ifølge Aslak Bolts Jordebog fra 1440 ejede Erkebispstolen i Nidaros Gaarden Fauske, uden at man ved paa hvilken Maade Gaarden var kommet i Statens Eje.

Iblandt Gaarden Indre Fauskes Beboere fortjener at nevnes den i Folkesagnet navngjetne Fauske-jyden, eller som hans rette navn var: Jens Mortenson Knag. Han var i flere Aar Renteskriver hos Margrete Stud i Hanken, og sin paaboende Gaard Indre Fauske ejede han efter Skjøde af Aar 1684, og i Aaret 1711 den 15. Desbr. mageskifter han til sig af Sorenskr. Henning Tygesen Castberg, Gaarden Ejdem i Søkelven, 5 Voger Fiskeleje imod at Tygeson fik Gaarden Flemma i Nærø Skibr. 8 1/2 Mælag, Bringsvor i Vanylven 5 1/2 Mæl. Salterø 4 Mæl. Romme 4 Mæl. Jens Knag var gift med Elisabet Hermansdtr. som døde Aar 1720, og i dette Aar oprettet han et Testamente, hvorved han indsatte sin Hustrus Søsterdatter Stine eller Kristine Antoniesdtr. til Ejer af sit hele Bo, løst og fast. Han havde seiv ingen Børn.

Aar 1734 da bemeldte Stine 1724 var gift med Lars Olsson, en Fattiggut fra Skodje, hvis Moder havde været Gjæterpige i Fjeldene ved Sorteløg, (Se Daaes Bygdesaga 2. Del Pag 55) utstedte Jens til disse Egtefolk en Obl. stor 60 Spdr. som han skyldte dem i Tjenerlønn i 7 Aar, og fik de da i Pant Gaardene Fauske, Ejdem og Højeriset, hvilke Gaarde han senere solgte til dem ved Skjøde af 16. Jan. 1739. Jens Knag døde Aar 1740, og om den merkelige Mand har jeg nedskrevet nogle Frasagn i mine trykte og utrykte Folkesagn.

Efter Stines Død blev Lars Olsen Fauske atter gift med Guri Tormodsdatter Grevstad Aar 1754. Lars døde 1766, 75 Aar gl., og om Lars har jeg et Frasagn i mine utrykte Folkesagn. Lars's Børn efter første Egteskab var foruden Datteren Elisabet ogsaa Sønnen Jens Fauske, der var gift med Anne Pernille Larsdtr., og af deres Børn nævnes især Serg. Nikkolai Fauske samt Bastian Fauske der bodde som Kjøbmand i Aalesund, men nu som Bruger av et lidet Jordbrug ved Vatnesjøen. Nogen Skridt ovenfor Bygdeveien paa Indre Fauske staar en Bautasten, bevokset med ærverdigt Lav.

Aursnes, hvilken Gaard ligger paa Neset paa nordre Side af Aurebugcen, men Navnet er forkvaklet til Hørsnes, hvilket Navn er aldeles meningsløst. Oppe paa Højden paa dette Neset, vestenfor Gaardens Huse, ligger 7 store Rundhauger, der alle har Spor efter tidlig Undersøgelse, og af disse er

Nr. 1. Denne ligger langt mod vest og er 52 Skridt i Omkreds, og har den i Sentrum et aabentstaaende Gravkammer, 8 Alen langt og 1 Alen bredt. Side- og Endestene staar endnu oprejst som solide Stenheller, medens at overliggende tvende kjempestore Stenheller ligger tilside ved Gravkammeret.

Nr. 2 ligger noget østligere og er af den samme Størrelse, dog uden særligt Gravkammer.

N r. 3 ligger vestenfor sistnevnte, og er af den samme Størrelse, og ligeledes uden særskildt Gravkammer, da dette rimeligvis er forstyrret, da Haugen er meget udkastet i Midten, da alle disse Hauger bestaar af Kampesten.

Nr. 4 ligger tæt ved den sistnevnte og har en Omkreds af 70 Skridt, og i dens Sentrum ligger et for lang tid tilbage forstyrret Gravkammer, da Overliggeren, en kjempestor Stenhelle staar nu paa Kant i en stor Fordybning nede i Haugen, og i dens vestre Yderkant ligeledes et mindre uforstyrret Gravkammer, hvis Overliggerer er borttagne. Sistnevnte mindre Gravkammer bestaar af 4 paa Kant staaende Stenheller, 1 Alen høje, og Kammerets Vidde udgjør kun 1/2 Alen i Firkant, følgelig har en Urne staaet her. Man har Sagn om at her er gjort Fund af Oldsager.

N r. 5 ligger lit søndenfor den sistnevnte Haug, og er den næsten af samme Størrelse som hin, og med en stor Fordybning i Midten.

N r. 6. Denne Haug ligger nogle Skridt nordenfor de sistnevnte Hauger og holder den 49 Skridt i Omkreds, og er den ligesom de andre udkastet i Toppen, saa at Højden nu ikke kan bestemmes. Denne Rundhaug har ogsaa været kringsat med en Stenring rundt dens Fod, men har dog nu ikke noget særlig Gravkammer.

N r. 7. Denne Rundhaug ligger paa en anden Forhøjning, et godt Stykke nordenfor de andre ovenfornevnede Hauger, og har den i sin Velmagtstid taget sig anseelig ud, særlig fra Sjøen af. Den er ogsaa mere udjevnet end de øvrige, hvorfor hverken dens Vidde eller Højde med Sikkerhed kan angives. — — Alle disse benevnede Hauger ero beliggende paa udyrket Mark et godt Stykke fra Sjøen, og endskjønt

Stedet nu vil blive undergivet Dyrkning af en Plassemand som nylig har sat sig ned her, vil dog dette ingen Indflydelse have paa disse Minder.

Ved Foden paa søndre Side af den sistnevnte Rundhaug, ligger betydelige Ruiner af et lidet Stenhus som har staaet her i gamle Dage. Man ser tydelig af den gjenstaaende Mur, der paa sine Steder er 1 Alen høj, at Huset har blot været 3 1/2 Alen i Firkant, men hvad Bestemmelse det har havt, er ikke godt at vide med Sikkerhed. Man kommer vist ikke Sagen nærmere ved at antage at de paa Gaarden Aure boende Høvdinger har i gamle Dage havt et Vagthus her, da Stedet ligger saa beleilig, at man kan overskue Storfjorden i vid Afstand.

Førend jeg forlader dette, paa Oldtidsminder saa rigt udstyrede Aursnes, maa det være mig tilladt at foretage en liden Udflugt i en anden Retning.

Under mit Ophold paa Aursnes Gaard den 18. Juni 1877, kunde jeg vel ikke give mig paa Hjemvejen førend jeg havde aflagt et Besøg ved det merkelige fenomen paa det ovenfornevnede Aursnes, — nemlig den altid lige virksomme og uafladelige virkende Luftstrøm, som kommer op af Jorden gennem et lidet Op i Dagen, ledsaget af en summende og ofte pibende Lyd, der høres i flere Skridts Afstand fra Stedet.

Det er vel ufornødent at berette at dette Under har været kjendt her i Omegnen langt tilbage i Tiden, endskjønt hverken Pontoppidan eller hr. Strøm har omtalt det i deres Skrifter. Den nærmest Stedet boende Husmand, gav mig Anvisning paa Stedet, og med en Bøtte Vand i Haanden, var jeg snart naaet frem. Nylig havde her været nogen som havde bortskaffet Jorden rundt Hullet hvor Luftstrømmen kommer op i Dagen, saa det ei alene var en tragtformig Fordybning men man ser tillige at Strømningen kommer op gennem en Revne i Fjeldet. Jeg holdt da min Haand mod Luftstrømmen, hvorved jeg ei alene fornå en sterk Blæst, men ogsaa en isende Kulde der fulgte med Luftstrømmen. Naar jeg tog en Haandfuld fin Muld og heldte mod Hullet, fæg Mulden øjeblikkelig tilbage i Øjnene paa mig. Som en Følge af at Hullet var for trangt i Forhold til den mengde Luft som vilde frem i Dagen, foraarsagede dette den summende Lyd, som i Regnvejr skal gaa over til en sagte Piben. Nu slog jeg en bøtte Vand ned i Hullet, og efter en Pause begyndte Vandet at koge

ligesom i en Gryde, i det den ene Luftboble efter den anden kom op gennem Vandet og op i Dagen, og syntes det at Luftstrømmen ligesom holdt Vandet tilbage, saa at det ei kunde synke ned gennem Hullet. Jeg baade følede og smagede paa Vandet efter at det havde staaet en Stund i deenne tragtformede Fordybning rundt Hullet, men det havde ikke forandret sig noget, hverken paa Smag eller Varmegrad. Man fortalte at Luftstrømmen skal være større i Regnvejr, ligesom naar Sjøen vokser, da skal man have havt Beviser paa at Vandet ofte spruder 1 Alen op i Luften, ligesom naar Hullet er tomt for Vand, høres en summende Lyd i flere Skridtvis Afstand.

Under mit Besøg paa Stedet var det Tørvejr, ligesom Sjøen var i Aftagende, dog var Luftstrømmen i Virksomhed. Endskjønt Stedet ligger omtrent 30 Skridt fra Sjøen og omtrent 10 Alen i lodret Højde fra den almindelige Vandstand, saa troede jeg dog i Førstningen at der muligens nede i Jorden kunde være en skjult Aabning, en Huie hvor Sjøvandet strakte sig ind, og pressede Luften ud af Hulen gennem Aabningen op i Dagen, men mod en saadan Mening taler den Omstendighed at Luftstrømmingen er næsten lige sterk naar Sjøen falder, og i dette Tilfælde maatte Luften strømme ned gennem Hullet og ikke modsat. Stedet skal af og til være besøgt af mer dannede og oplyste Folk, uden at de har kunnet danne sig nogen naturlig Forklaring om Orsagen til dette gaadefulde Under, men jeg haaber at disse Linjer vil bidrage til at en naturkyndig Mand vil avlegge Besøg til Stedet, og se til at faa løst denne Gaade.

Klokkerhaug, fordum Klokkehaug, saa kaldet fordi man i de katholske Tider har ladet opføre et Klokketaarn (Klokkehus) paa den vestenfor Gaardens Huse liggende store Rundhaug, som i det nævnte Øjemed har været udjevnet, og i bemeldte Klokkehus skal man i hin Tid ved forefaldende Lejlighed have ophengt Aure Kirkeklokke, for ved dens Lyd, der da hørtes rundt om i Bygden naar den rørtes, for at bortskremme og rense bygdene rundt om Søkelvsfjorden for Trolde og Mejnvetter og onde Aander som man trodde at spøge med Mennesker og Fæ, ligesom at man med Klokkeringingen gjenkaldte Folk der holdes indtagne i Haug og Bjerg, da man fra bemeldte Klokkehaug havde den bedste Udsigt til alle rundt Fjorden liggende Gaarde, hvilke ej var Tilfeldet fra det afsidesliggende Aure hvor Kirken staar, og heraf har Gaarden Klokkerhaug sit Navn.

I blandt Gaarden Klokkehaugs eldre Beboere bør nævnes her Major Carl Fredrik Rømer, som Aar 1721 kjøbte Gaarden Klh. af skyld 1 Vog 2 Pd. i Fiskeleje, af Marie Frimann for 50 Spd., og i 1722 da han havde besluttet at opføre sig bekvemmere Huse at bo i paa bemeldte Klokkehaug, mageskiftede han med Gaarden Aures Ejere af denne Gaards Grund, de nødvendige Tomter for sine Vaaningshuse, da der paa Klh. gaves bare Myrstrekninger. Herom udstedte Proprietær Hans Møller, som Fuldmægtig for Gaarden Aures Ejere, den nødvendige Mageskiftekontrakt den 13. Des. 1724.

Aar 1723 kjøbte hr. Rømer Søkkelven Kirke af Kongen for 431 Rdl. I Skifte efter avdøde Provst Kristofer Hjerman i Borgund den 13. Juli 1692 blev der af hans Jordegods udlagt som Ejendom til Kongen for Tiende som Hjerman skyldte til Fogderiets samtlige Kirker af sit betydelige Jordegods, følgende Gaarde som i 1724 blev solgt til Major Rømer, nemlig: Vestre i Vatne 3 V. 3 Mællag, Grødt 1 V., Klokset 1,5 V., Skar i Skodje 5 Mællag, Græsdal 2 V., Brenne 2 Mællag, Hjortdal i Søkelven 4 V., Vik 6 V. i Fiskeleje.

Aar 1742 mageskiftede han til sig Gaarden Aasen i Søkkelven med Nikolas Ulset paa Tyskholmen, mod at denne fik Gaarden Grødt i Vatne. Aar 1751 kjøbte han 11 Merker i Fiskeleje i bemeldte Gaard Aasen af en Johan Ebbesen.

Noget senere boede Kapt. Nils Mechlenburg paa Gaarden Klh. Han var gift med Sebastian Hiort, og fra dem nedstammer den meget betydelige Familie Mechlenburg paa Søndmør, hvoraf kun nogen faa Repr. bor i Aalesund. Til minde om denne Kapt. Mechlenburg benevnes endnu en Baadstø nede ved Sjøen for Kaptejnstøen.

Som Minde fra Fortiden fra denne Gaard bør nævnes den ovenfor omtalte i sine Velmagtsdager betydelige Rundhaug, hvor hint Klokkehus var opført. Haugen havde 50 Skridt i Omkreds, og er den for lang Tid tilbage udjevnet saa at dens dav. Højde ikke kan bedømmes. Imidlertid tager Haugen sig anseelig ud. Nede ved Sjøen sees Levninger efter en Langhaug.

Vik er en av Sognets betydeligste Gaarde, og er den beliggende paa Fjordens østre Side. Denne Gaard er mærkelig derved at den i Fortiden har været ejet og beboet af mektige Høvdinger, hvoraf flere forekommer i gamle Breve og andre Dokumenter. I Beg. af det 14de Aarh. boede en Bergtor i Vik. Hans Søn maa vist være den Gudbrand Bergtorsøn i Vik som i Forening med en

Bjarne i Heids (Hessen) og flere den 19. April 1344 fra Stundarloftet paa Giske (det mønstrede og malede Loft) havde udstedt et Vidnesbyrd om at Ogmund Eriksøn havde overdraget sin paaboende Gaard

Humblen til Erling Vidkunson i Giske. Gudbrands søster maa den Herborg Bergtorsdtr. være som ved et Brev af 1325 kjøbte sig og sin Tjenestekvinde ind til Korsbrødrenes Bordhold i Nidaros. Ovennevnte Gudbrand i Vik havde minst 3 Sønner hvoraf Sagnet nevner en R a v n paa Gaarden Ringstad i Stranda Prestegjeld, og den anden bodde paa Gaarden Egsund i Volden, medens den tredje Gudbrand G u d b r a n d s o n bodde paa Fedregaarden Vik. Han siges (som Baron), at have underskrevet Fredstraktaten til København den 17. Juli 1309, ligesom han var en af de norske Baroner der var indstevnet til at møde i Oslo den 21. Febr. 1323, da Erling Vidkunson blev kaaret til Rigsforstander. Vel siges det. ikke at Gudbrand var fra Vik, men det heder at han var fra Vestkanten af Norge, nemlig fra Bergenseggen, hvilket giver os en grundet Formodning om at vor Paastand er rigtig. Da hans fader Gudbrand Bergtorsson endnu var en rørig Mand og var tilstede paa Giske Aar 1344, som meldt, og hans Søn Gudbrand nevnes som Baron Aar 1304 og 1324, maa hin Gudbrand have opnaaet en hø.i Alder, ligesom Søsteren Herborg maa have været henved 70 Aar da hun det nævnte Aar 1325 gav sig ind i Korsbrødrenes Bordhold i Nidaros, som ovenfor er sagt.

I Følge et TingsvJdne, optaget 200 Aar efter sistnævnte Gudbrands Død skrevet paa Pergament, dat. 20. Juli 1544, og som lige til Aar 1766 var i bero i Ørskog Provstearkiv, men som nu ansees for tabt, ser man at bemeldte Gudbrand Gudbrandson i Vik paa sine siste Dage har skjenket til Ørskog Prestebord Ullaviken med Lakseverpe, et lidet Jordstykke med tilliggende Lakseverpe tet nordenfor Gaarden Aure, hvilket tilsammen endnu tilhører Prestebordet. Bemeldte Gave skede fra Gudbrands side med den Betingelse at Prest eller Provst som betjente Ørskog Kald, skal aarlig til Minde om Gudbrand, købe en Tønde øl som skulde opdrikkes av Almuen på Aure Kirkebakke, hvilket hvert Aar skal være efterkommet lige til Reformasjonens Indf.

Om Gudbrands Byggelyst har jeg omtalt i mine udgivne Folkesagn. og Familiens skjoldmerke var en Dyrefod der holdt en Furu, samt nogle Liljer i Kanten. Omkring Aar 1430 nævnes en I v a r

Stenersen i Vik. Om ham heder det i Aslak Bolts Jordebog, at han gav til Erkebispem halvdelen av Gaarden Vik som Bøder, og den anden Halvdel i samme Gaard paa lignende Maade for sin Bror, mod at Aslak Bolt gav ham tilbage Gaarden Ringstad i Strands Sogn, som Ivars Bror tidligere ved Testamente havde givet til Bispestolen i Nidaros. At disse Stenersensønner i Vik maa have været af samme Familie som Gudbrandssønnerne er saa sandsynligt efter som de har staaet i etslags Eiendomsforhold til Gaarden Ringstad, i Lighed med hine.

En Banged Stenersdtr. nævnes ogsaa i disse Tider, muligt at hun var en Søster til Ivar Stenerson. Bemeldte Banged Stenersdtr. i Søndmør har været en rig og formuende Kvinde da hun ved Proventbrev gav sig ind til Korsbrødrenes Bordhold i Nidaros imod at hun gav til disse følgende Gaarde: Kvistad i Hjørundfjord, 11 Maanedsmadbøl, Bjørdal i Ørsta 5,5 M.mb., Ulleland i Volden 3 M.mb., Klep i Volden 2 M.mb.

Ovenfor er sagt at Gaarden Vik var indbefattet i det store Jordegods paa Søndmør som eiedes af Provst Hjerman i Borg, og under Auktion paa en Del af det Jordegods kjøbtes Gaarden Vik af Major Rømer, og blev Gaarden atter Selveiergods i Beg. af dette Aarh. (18. Aarh.)

Ved den paa Gaarden Vik nedgaande Elv, har i Fortiden staaet 3 Vandsage. Ingen under at Trakterne deromkring nu er skogløse.

Hundeheide. Ifl. vore gamle Optegnelser skal en Torstein Blaaftot ligge hauglagt paa Gaarden Hundeheide. Torsteins Levetid indfalder under Hedenskabets Periode efter som et gammelt Ætlæg ei alene fortæller at han paa hedensk Vis blev sat i Haug der paa Gaarden, men den tilføjer ogsaa om ham at han var en Broder til Eilev Jarl i Gudø. Omkring Aaret 1414 eiedes Gaarden av Ridder Didrik Vistnakker g. m. Margrete Eilifsdtr. fra Nøstdal der i 1416 bortpagtede Gaarden til Magnus Magnusson der var gift med Sigrid, Enke efter Haakon Sigurdssøn i Giske. Paa Gaarden Hundeheide var endnu i 1871 flere Gravhauger tilsyne.

Hjortdal. Mine Beretninger om denne Gaard er ikke mange. I det Ilte Aarh. bodde der paa Gaarden Hjortdal en Mand ved navn Grim, som skal ligge hauglagt der paa Gaarden paa hedensk Vis. Grims Søn var Kjetil paa Hjortdal, og dennes Søn hette

T h o r k i l d, der antog Kristendommen, uden Tvil under Olav den Helliges Regjeringstid. Bemeldte Thorkild havde Datteren Turid, og dennes Søn S k u l e B o r r e der igjen havde Datteren Turid g. m. Karl paa Strømsemb, og deres Søn Heidin Karlson, som var Ejer af Gaardene Hjortdal, Strømsemb og Hårsnes? til Odel og Eiendom. Heidin Karlson havde 2 Sønner, nemlig Grjotgard og Bodvar af hvilken den siste var gift med Margrete, en Datter af Jon og Ragnhild Ulvsdtr. paa Aakre, og bodde han paa Gaarden Emblem i Borg.

Paa Hjortdal findes flere Gravhauge, og deriblandt en stor Rundhaug som tar sig anseelig ud, og som Sagnet vil vide skal være den hvori Grim blev lagt i Haug. I en anden Rundhaug der paa Gaarden fandt man, da Haugen for nogle Aar siden udgravdes, et fuldstendig Smidjeudstyr med Hammer, Tang og Ambolt m. m. Heraf kan man formode at en Smed har faaet sit Smedeverktøj med sig i Graven.

M y r s e t h. Paa denne Gaard bodde i Hedenskapets Tid en Torkel hvis Datter Jorun var gift med Karl, Søn af Bard Brøkfedt og Astrid i Runde. Noget senere forekommer en Arne paa Myrseth. Han var gift med Hulda, en Datter af Torgjerd hin gamle paa Flø.

V e l l e. Paa denne Gaard bodde for lang Tid tilbage en Høvding ved navn G a m l e eller Gammel, der var g. m. Torei Gudbrandsdtr. Gamle var en Søn af Tore Lothe i Nordfjord. Gamle paa Velle havde en Datter, Solveig der var g. m. Arne paa Korsbrekke i Sunnlyven, og af deres Børn nævnes Sønnerne Erland, Peter, Kolbjørn, Arnthor og Arne. samt Døtrene Magnhild, Ingebjørg og Jorund, af hvilke den førstnævnte Magnhild er merkelig derved at hun var g. m. Baard paa Barstad i Hareid Sogn, og at hun var Mor til Baard Baardson der var gift med Halvard i Lid i Ørskog.

Strømme. Ifl. Aslak Bolts Jordebog købtes denne Gaard under Erkebispstolen i Nidaros af biskop Erik Valkendorf (1510—1522).

Gaarden S æ t r e ble givet Sjælemesse under Staten af en Sigri Einarsdtr. i Biskop Gautes tid (1474—1510). Fra Gaarden Strømme har de forhenv. Kirkesangere i Ørskog: P e t e r O. S t r., dennes Sønner L a r s og K a r l saavel som bemeldte Lars' Sønner Ludv., Peder, Ole deres Udspring, ligesom den for nogle Aar siden afdøde Kjøbmand paa Brunholmen i Aalesund, Ole Strøm er opkaldt efter denne Gaard.

PLIKTER OG RETTAR

ØKONOMISKE TILHØVE I MELLOMALDEREN (18)

Leidangen var frå først av den faste ordninga av heile krigsmakta. Seinare vart han ei fast utreidsle som bøndene laut leggje til kongen: stats-skatt.

I Gulating lagdøme var fylka delt i fjordungar og skipreider. Sunnmørsfylket var opphavleg delt i 16 skipreider, men det er uvisst kvar grensene for skipreidene gjekk i eldre tid.

I tida etter 1600 var her 13 skipreider på Sunnmøre. Sykkylven (Sichøll) hørde til Walde Schibrede som omfata desse bygdene: Ørskog med Søvikdal og Ramstaddal og dessutan noko av Skodje: Engeset, Stette, Honningdal, Fylling og Glomsetbygda m. m. Dessutan heile Sykkylven med unnatak av Hundeidvik, Svartebekk og Tusvik, som hørde til Jørgenf jord Schibrede. (Hjørundfjord).

I det siste hundreåret før svartedauden hadde kongsmakta gjennomført ein fast økonomisk skipnad, bygd på naturalsystemet. Særleg gav landslova frå 1274 greie føresegner. Leidangen, stats-skatten, som før hadde vore utlikna som ein koppskatt, skatt pr. hovud, vart no utlikna på eigedom og innkome, etter den landskyld som gjekk av kvar gard.

Det nye systemet må ha kravt mykje førearbeid i skipreidene. Det måtte takast opp skyldlister (matriklar), og sjølveigarbruka måtte skyldsetjast.

Landskylda vart i Gulatings lagdøme utrekna i månadsmatar. Den jordvidd som det skulle leggjast ein månadsmat av i landskyld, vart kalla eit månadsmatbol.

Føre svartedauden var ein månadsmat i verd lik med: 1 laup smør, 1¼ tynne korn (bygg), 1 hud og 1 våg fisk.

Verde-einingane var elles i størsteparten av Gulating lagdøme: 1

laup smør = 3 bismerpund a 24 mrk. = 4 spann a 18 mrk. 1/2
skippund korn = 1 tynne = 2 vetter = 12 spann. 1 våg fisk
3 bpd. a 24 mrk. = 4 spann a 18 mrk. 1 hud = 2 bukkesskinn = 4
geitskinn = 20 kalveskinn.

Ved kjøp av jord var verdet av eit månadsmatbol vanleg = 5
kyrlag.

Eit kyrlag (verdet av ei gild ku) var lik 3 huder. Leidangen av eit
månadsmatbol var i fredstid 1 geiteskinn. Då ein månadsmat var lik
4 geiteskinn, var leidangen såleis ein fjerdepart av landskylda.

Ein gard på 4 månadsmatbol, (mmb.) måtte såleis leggje i
landskyld: 4 laupar smør = (24 kg.), 6 tynner bygg, 4 huder og 4
våger fisk, (24 kg.). Leidangen, (statsskatten) vart tilsvarende: 1
laup smør (6 kg.), 1½ tynne bygg, 1 hud og 1 våg fisk (6 kg.).

GRUNNLAGET FOR LANDSKYLD OG SKATT

Så lenge trælestandet var rådande i landet, hadde jord-drotten i
si makt å krevje det arbeid eller den yting han ville av trælane. Men
då det vart slutt på trælehaldet på 1200-talet, måtte dei store
jordegodseigarane stille seg på ein annan måte. Dersom dei kravde
arbeid, måtte arbeidskrafta betalast. Difor vart det bruk for eit
betalingsmiddel som kunne skape jamvekt mellom arbeid og løn. Så
kom pengane i bruk.

Og som det var i det private liv, slik var det også med staten.
Heller ikkje stats-styraren kunne krevje noko av folket utan vederlag.
Handel og samferdsle gjekk fram og gjorde det lettare for kongen
å få tak i det som trongst til statshushaldet ved kjøp av varer. Og
for dei som skulle yte til staten, var det lettare å gjere dette i det
verd som varene hadde, enn i sjølve vara. Difor var 'det naturleg at
all yting til staten vart fastsett i pengar, og såleis vart det bruk for
skattar. Men ein vanta ein mælestav for desse. Snart kom dei til
at kvar måtte betale etter det utbyte han hadde av staten, og at
skatten burde bindast til jorda, og fastsetjast etter storleik eller
verde av kvar einskild jordlut. Det fann dei ut ved hjelp av
j o r d l e i g a.

Jord-drottane kunne ikkje bruke jorda si sjølve, men leigde ho
vekk og fekk ymse varer i leige, t. d. korn. Dette vart anten vege

(tunge) i skippund og lispund, eller og målt i tynner og mælar. (Derav kjem ordet mællag). Jordleiga kunne også bli avgjort med varer som smør, huder, skinn, krøter og fisk. Denne leiga eller landskylda trudde dei var den rettaste mælestaven for pålegg av skattar, og landskylda vart såleis skatteskylt og, for dei trudde leiga var så høgt sett som det gjekk an.

Landskylda vart altså fastsett in natura (i varer), men ein finn ofte døme på at det somme stader vart omgjort i pengar etter ein takst som dei tok på verdet av dei ymse ytingar. Noko forordning eller kgl. påbod om dette kom visst ikkje før Fredr. III i 1648 seier at i det året skulle det svarast 9 dalar av kvar heil gard. Ein «fulb (heil) gard er 6 huder, = 6 bpd. smør = 3 skp. («tunge») korn.

OM SKYLDA

Frå dei eldste tider har jordegodset i Noreg vore det som folk helst la midelen sin i. Mynta pengar var det lite av. Visstnok kunne det frå tid til anna kome noko mynt frå utlandet, men innalands vart det ikkje slege mynt før kring 1015 under Håkon Jarl, (norsk penning) sølv. Skulle noko betalast med sølv eller gull, vart det vege i lodd og merker. Men det var sjeldan at folk samla midelen sin i sølv eller gull, dei hadde berre så mykje av det som var turvande til det daglege yrke. Det som strevsame og dugande folk kunne tene, kjøpte dei jordegods for. Mange driftige menn som la seg etter dette, samla på ei h a n d mange gardar som vart i ætta deira frå mann til mann. Desse gardane kunne dei ikkje bruke sjølve, men leigde dei bort til andre, som då vart kalla leiglendingar. Jordeigaren eller jord-drotten som han gjerne kallast, sette då ei leige for bruken av garden for året. Denne leiga vart kalla l a n d s k y l d. Landskylda var lita eller stor etter som garden var til. Men då det var lite av reie pengar, vart landskylda helst svara i varer. Oftast var det varer som vart avla eller tilreidde på garden. I fjellbygdene svara dei landskylda i skinn, huder, smør eller ost. I fjordbygdene oftast i fisk, og i innlandet var det som regel i korn.

Etter kvart som adelsveldet i Noreg voks fram og vart mektig, og adelsmennene fekk lagt under seg store mengder av jordegods, syntte det seg at ein og annan av desse jord-drottane tok til å setje så høge avgifter på gardane at mange leiglendingar ikkje vann å

leggje avgifta i rett tid. Så vart dei drivne vekk, og mang ein leiglending måtte i den tida flytte frå garden og ta seg teneste som dreng hjå andre, og når han ikkje vann meir, så var det å fare frå dør til dør og «be seg».

Men så greip kongemakta inn. Det kunne ikkje tolast at adelsveldet voks så det sette seg sjølv mest jamsides kongemakta. Fredrik III seier i ei forordning at «Almuen beklager sig at mange af dem besværes med højere og mere Landskyld end deres Jorder formaar at udgive. Dermed skal saa forholdes at ingen skal eller maa sætte deres Gaard paa højere Landskyld end som 6 Mand kunde kjende ret at være efter Loven, og hvilke Gaarder som kjendes for højt satte paa Landskyld, skulde Land-drotten lade nedsætte, og de som findes for lidet satte, skulde Land-drotten lade opsætte efter 6 Mands Dom og godt Tykke, og skulde de 6 Mand altid og derhos sætte Kgl. Maj. Leding efter som Landskylden sættes, eller højest efter Loven. Saa skulde og Almuen udgive dem Landskyld og anden Rettighed efter Skik og Rettighed udi Smør, Korn, Huder og andre Varer som Gaarden er leiet for med Rette, og ikke Land-drotten at nøde eller tvinge dem til at give sig Penger eller andre Varer end hvilke av Gaarden bør at gaa med Rette».

Vi ser såleis at dei såg landskylda som rette mælestaven for verdet av garden når skatten skulde fastsetjast, og difor vart landskylda også skatteskyld. Men skatten vart avgjort lagt på lenet og ikkje på kvar jorddrott, og lensmannen vart ansvarleg for skatten frå heile lenet. Han laut difor gjere rekneskap for dei innkomne skattar, eller og måtte han gi kongen ein sum årleg. No stod det rett nok i jordboka kor mykje landskyld kvar jordlott hadde, men det synte seg snart at mange brukarar ikkje greidde å leggje den skatt som var tiletla dei, og så vart det restansar som hadde lag til å auke frå tid til tid.


For at kongen ikkje skulde misse noko av sine innkomer, fastsette Kristian IV i ei forordning av 18/9 1628 at lensmannen skulde jamne ut dette, så det vart lagt meir etter som kvar einskild brukar vann til, og ikkje alltid etter det som jordboka synte. Dei rike skulde såleis hjelpe dei fattige. Dette vart ei så vilkårleg ordning at det i lengda ikkje let seg gjennomføre. Difor fastsette Fredrik III i eit reskript av 23/1 1665 at ein ny og fullstendig matrikkel skulde setjast opp. Såleis kom då matrikkelen av 1665—1666.

I dette reskr. vart det fastsett at all landskyld sønnafjells skulle reknast etter skp. tunge korn, og nordafjells etter «Løp og Spand samt Fisk der det er Fisk». Tilhøvet skulle då vere at 1 skp. tunge sønnafjells skulle vere jamgodt med $\frac{1}{2}$ «Spand eller Løp» nordafjells, og det skulle og vere jamgodt med 3 våger fisk nordafjells.

I Aslak Bolts jordbok frå ca. 1480 er nemnt Fauske med 5 mmb., Eidem med 1,5, Brunstodom med 4 og Sortebekk $\frac{1}{2}$ mmb. Og i jordbok for M. Kloster av 1480 og eit blad av 1200, er nemnt Straume med 12 mmb. I 1325 har Herborg Bodvorsdtr. kjøpt seg og tenestkvinna si inn i korsbr. bordh. i Nidaros mot å gi til dei m. a. Brunarvelle 6V2 mmb.

SKATTEMANNTAL 1520/21

H u i t f e l d t K a a s N. R. I. II, s 104—108. Valle Skibrede Elligh paa Vold $\frac{1}{2}$ lod sølff och $\frac{1}{2}$ lod sølff for iordegods. Jens paa Bronestad XII sg. sat. — sagtømmer —. Poel paa Tandestadt 2 lod sølff oc $\frac{1}{2}$ lod sølff for iordegods. Hans paa Strøysynn 2 sg. sat. Arne paa Rigesym 8 lod sølff oc $\frac{1}{2}$ mark for iordegods. Oluff Ibedem $\frac{1}{2}$ lod sølff oc 2 lod sølff for iordegods. Gudmund paa Sætter 1 kvintin 2 pund rosk. Oluff ibidem 1 lod sølff. Jon paa Ekorness cum matre V lod sølff 1 mark. Elling paa Tyveness $2\frac{1}{2}$ lod sølff. Erik i Vigh 6 lod sølff, $\frac{1}{2}$ vog torsk. Knud i Guldbrandrvigh $\frac{1}{2}$ lod



Styrkåaarden på Vik

sølf oc 1 lod sølf, 4 sg. for iordegods. Grym paa Evre 1/2 lod sølf sat. Gudeligh Eidem 1 1/2 lod sølf sat. Anders Eidem, husmand nichil habet. Storkor Eidem husmand pauperrimus. Symon paa Greffstadt XV lod sølf oc 1 1/2 lod sølf for iordegods, 1 vog tosk sat Item 4 sk. Amund Eidem 1/2 mark sat. Halkel Eidem 2 mark 1/2 vog tosk sat. Bergitte paa Strøm 1 lod sølf sat. Oluff ibid 1/2 lod sølf oc 2 lod sølf for iordegods sat. Ellingh i Utegard VI lod sølf oc 1 lod sølf for barnepennigh sat. Erland i Midgardh 3 1/2 lod sølf sat.

Olav Enge1brektssons Jordebog

St. Olavs Jord, Øyreskogr. prd.

Settre b. f. 1 Kørlag, Brunstad b. f. 1 hudh, Eidem b. f. 1 pounds verd, Ekorness b. f. 2 huder, Myresseter, øde b. f. 1 pund verd. Gulbrandsvik b. f. 8 kørlag oc 2 pund verd.

Sognekiøp aff alt Syndmør, Sickeffuell sogne 2 kørlag.

Aslak Bolts Jordebog

Fortegnelse over Jordegods og andre Herligheder tilhørende Erkebiskopstolen i Nidaros. Affattet ved Erkebiskop Aslak Bolts Foranstaltning mellem aarene 1432—1449. (Utgitt av P. A. Munch Chr. 1852).

I aura k. k. sokn Af fauska v. m. m. b. / Item halfua viik som erkibiscop aslac fik af ivar steneson i sakfalle efter hans brodter som sig self thyende a fana skoghe, og føre andra halfua gaf forskr. vyrdeligh herre honom i gen ringstada som forsagda hans brodher gaff testament lono før en han blef dødher, oc skylder har aarlige IX hudher, Af brunnastadom 4 m. m. b. Af sortebeke 1/2 m. m. b.

BRUKARAR I SYKKYLVEN 1600—1630

Åsen: Enken 1603, Oluff 1610—14, Sergve 1610—12, Knud 1611—21.

Andestad: Anders 1603—18, Jacob 1621.

Aurdal: Peder 1603—30, Oluff 1610—30, Samund 1626—30, Laurids dreng 1618.

Aure: Tore 1603—16, Joenn 1603, Amund 1606—14, Jacob 1615—30, Laurits 1603—22, Lasse 1624—30, Peder 1606—30, Peder Olsen 1606—19, Knud 1603—14, Ollo 1615—17, Olluf Semundsen



Løvoll Søvikdal

1623—24, Knud Inguarson 1603—12, Peder Jacobsen Oure 1613—25.
 Husmenn u. Aure: Peder 1606, Olluf Semundsson 1609—17.
 Fuldlods drenge u. Aure: Hallstein og Oluff Pedersen 1611—25.
 A u r s n e s : Peder 1603—14, Rasmus 1615—22, Elling 1623—27,
 Amund 1628, tigger 1627, Olluff 1609—25, Olle Erichsen Aarsnes
 1627.
 Husmenn: Peder 1611—18, Olluff 1625, Arne, Peder 1611.
 Bakken, Blakstad: Lasse 1603, Enken 1606, Peder 1609—
 1636, Unge-Peder 1611—22, Elling 1625—35, Knud 1636, Ødegårds-
 mand Oluff 1603, Joen ø. m. 1616—30, Enken 1631, Joen 1636.
 Husmenn u. Blakstad: Halffuer 1603—23, Hauvart 1624—25,
 Halvord 1629—30.
 Blindheim : Jørgen 1603—25, Oluff 1630, Knud 1603—18,
 Engebrett 1619—30, Peder 1617—30, Askild 1630, Knud halv-
 lods dreng 1618.
 Bottolvpladsen, Brekkeslette.
 Brunstad : Ingebrett 1603—27, Laurids Pedersen 1630—33,
 Oluff Olsen 1603—33.
 Husmenn u. Brunstad: Oluff Iffuerson 1603—19, Knud Olsen
 1620—22, Ole Knudsen 1623, Olluff Knudsen 1624—30, Laurits
 1609—10, Lasse 1619—24, Knud Peersen 1617—18.
 Brukarar: Siffuert Olsen 1610—27, Laurids Paulsen 1630, Knud
 1635, Enken 1603, Peder 1609—19, Laurids Ingeseter 1620—33, Knud

1603—19, Laurids Engebretson 1621—24, Knud 1626—27, Lars Olsen 1633, Povell 1603—33, — personer het Olluff Brunstad 1624—25.

B r ø v o 11 : Peder 1603—30, Olluff 1609—30, Joen 1630.

Husmenn: Elling 1611—19, Olluff 1612, Joen dreng 1618.

Bøen, Daveneset, Djupdalsbakken.

D r a v 1 a u s : Enchenn 1603—22, Peder 1624—30, Samund 1603—06, Joenn 1607—30.

Husmenn: Olluff Colbensen 1606—10, Olle 1608—16, Olluff 1617—1630, Jetmund Ødegardsmand 1611—30, Jetmund Samundsen 1624—1630, Haffuord 1603—07, Helge 1609—30, Olluff Semundsen 1603—1630, Halduor.

Drotninghaug : Mogens 1611—12, Mouns husmand 1618.

E i d e m : Engebrett 1603—30, Svend 1631, Olluff 1606—30, Svend 1624—27.

Husmenn: Erik 1613—14. Drenger: Niels 1617—19.

Einekagen.

Indre I k o r n n e s : Ender 1603—06, Enken 1607—20, Anna 1621, Anneken 1622—33, Elland 1633, Elling Ekornnes 1627, Samund 1610—19, Erland 1619—25.

Husmann Knud Pedersen 1618, drenge for half løn: Olluff oc Jacob 1618. Jacob husmand 1606—25.

Ytre I k o r n n e s : Jacob oc fuldlods dreng Olluff 1603—30. Fuldlods drenge: Arne Pedersen, Erlend, Olluff Olsen, Knud 1612—19.

E r s t a d : Olluff halfflods dreng 1603, Enken 1606—09, Anders 1609—17, Laurits 1630—33, Jacob 1610—33.

Husm. m E.: Olluff 1603—17, Anders oc Ingebr. 1618—20, Olluff 1620—23, Erich 1624—25, Olluff 1627—33. Fuldlodsdræng Thormod 1612.

F a u s k e : Knud oc Thore Fauske 1613—15, Joen fuldlodsdr.

I n d r e F a u s k e : Tore på Fauske 1603, Thore Indre Fauske 1616—30, Knud 1617—23, Enken 1623—25, Laurits 1627, Arne 1624—27.

Y t r e F a u s k e : Knud oc Tore 1603, Thove 1607—14, Knudt 1609—14, Knud husmand 1609.

F e t : Niels 1606—23, Knud 1624—30, Peder 1606—30, Olluff 1603, Stor-Olluff 1604—07, Pouel 1610—30, Laurits 1612—30.

Husmenn: Lille-Olluff Fette, Ung-Olluff 1603—09, Joen 1610, Størker Fitt 1629—30.

Gjerde: Enken 1603—13, Peder 1614—30, Peder husm. 1609—1612, Peder Ødegård 1610—12, Stener 1629, Joen giere fuldlodsdr. 1603.

Husmenn: Olluff, Rasmus 1611—17.

Gjævenes : Anders 1603—07, Salmund 1610—21, Magnus Giffnes 1603—10, Mogens i Knekteskatta 1611—21.

Gjølet.

Grebsstad : Iffuer 1603—15, Enken 1615—17, Siffuerd 1617—1624, Sigurd 1624—27, Oluff 1603—21, Laurids 1625—27, Peder 1603—27, Knud 1619—27, Samund 1603—27, Anders 1612—27, Olluff Brite 1606—09,

Husmenn: Jetmund, Elling, Erik, 1609—12.

Hagen : Enken Marette 1603—07.

Hatlemark : Oluff Hatlemark — Haslemark - - 1603—30.

Haugset : Niels pa Hogsetter 1603—30, Joen 1631, Laurits 1609—30, Jacob Hoegsett husmand.

Heggebakke.

Hella: Peder 1603—14, Veglich 1615—27, Anders 1630—35, Sergve Hellens ødegårdsmand, Amund 1607—36.

Hjelle : Ødegårdsmand Sergve Hjelle oc Amund 1603—21, Viglich 1622, Amundt som ødegårdsmand 1603—22, Williche husm. 1603, Arne Pedersen dreng for fuld løn, 1619.

Hjellbakken.

Hjortdal : Samundt 1603—24, Johannes 1603—10, Oluff Olsen 1611—30, Elling 1614—30, Johannis husm. 1610.

Hole: Oluff Jacobsen 1603—19, Jacob 1620—30, Elling 1603—10, Erich 1611, Elling 1612—27, Knud 1623—30, Peder paa Holden 1603, Rasmus 1609—30, Lasse Holle, ødegårdsmand, Knud husm. 1611, Guttorm oc Hendri oc Laurits 1630 — Oluff dreng.

Haugen og Blakstad, Laurits paa Haugen halv lods dreng.

Hovden. Hans Hoff de 1609—14, Enken 1611—14, Arne 1614—1630, Knud 1614—30.

Husm. Olluff 1610—18, Ollo 1618—25, Peder i Hoffuen 1625.

Hundeid : Halvor, Endre oc Olle 1618, Hendrik oc Thore 1626, Olluff Johnsson 1621—30, Endred Hundevig 1621—30, Halvard 1621, Tore Hundeid 1621—30, Heindrik Hunde 1621—30.

Husmenn: Hans, Olluf, Povel, Ollo, Heindrik, Thore, 1606—21.

Drenger: Arne Halffuord, Laurits, Svendt, Olluff 1602—12.

Hu n d e i d. Elling i Hundevige 1603—15, Enken eller Ollo 1615—1618, Halvor 1630, Jetmund 1606—15, Enken 1627, Størcher Hundevigen 1603—16, Endre Hundevigen 1603—09, Einar 1615, Endred 1616—27, Oluff oc Olle Hundevigen 1603—27.

Y t r e H u n d e i d : Pouel Ytre Hundevig 1603.

Høgebakken.

Høgreset : Ødegaardsm. Oluff Høigrus 1603—07, Knudt Høgrøst 1610—14, Alff 1614, Anders Høyerus 1626.

Instebakken.

J a r n e s : Rasmus 1603—18, Enken 1619—20, Ellingh 1621—36.

Husmenn: Jens, Svend 1609—21, Mogens 1610—11, Haldor 1613—1614, Joen.

Kagholen, Kambene.

K j e m p h o l : Laurits 1606—09, Lasse, Ellandt 1630, Oluff 1603—11, Laurits Olsen 1611—30.

Kjærene.

Klokkarhaugen : Oluff 1603—06, Enken 1606—09, Knud eneste bruker 1610—25, Jacob 1627—30, Pouel husm. Johan, Johannes 1603—30, Peder Olsen 1610—30, husm. Knud Klokkehaug 1619.

Kriken, Kremarneset.

K u r s e t : Peder Kursetter 1603—30, Anders Kursetter 1603—30.

Husmenn: Olluff, Magnus, Steffen, Thomas, Einar, Kolben, 1607—28.

L a d e : Enken paa Lade 1603, Salmund 1611—21, Engelbrett 1603, Ingebrett 1611—15, Tord 1615—21, Amund 1611—21.

Husmenn: Knud, Laurits Paulsen 1611.

Legene, Lerskogen.

L y s h o l : Frederik 1603—27, Mogens 1628—30, Olluff 1607—30, Peder 1603—29, Olaf Lauritsen 1630, U. Peder 1625—30.

Husmenn: Erlend 1603—15, Jacob 1618.

Løypene.

M i d t g a r d : Einar 1617—18, Olluff Jensen 1617—18, Laurits Pouelsen 1617—18, Enken 1617—18.

Myren.

M y r s e t : Lasse 1603—17, Enken 1617—19, Joen Lauridsen 1619—30, Olluff 1603, Niels Olsen 1603—30.

Husmenn: Erich 1610—30.

Nakkeberget.



Ramstaddal

Ramstad : Mogens 1603, Guttorm Mogensen halvlodsdreng 1619.

Reitene.

Rikshheim : Peder 1603—30, Jørgenn 1603—13, Enken 1614—1615, Peder Jørgens. 1615—33, Lauge 1624—33.

Husmenn: Jacob 1603—24, Torsten Olsen 1617—18, Joen 1619—29, Amund 1630.

Drenge: Anders, Amund, Simeon, Torstein og Amund Olesson

1611—20. 1628: Amund er nu Gaardmand i stedet for Elling Aarsnes

som nu gaar og tigger.

Rongene, Sivertplass.

Stave : Knud Brøgnelsen 1603—30, Olluff 1630, Knud Jacobsen 1603—33, Enken 1615, Jacob 1616—33.

Husmenn: Lasse Staffue 1603—10, Laurits 1611—19, Olle Knudsen 1628.

Straume : Elling 1620—30, Helge 1603—17, Hellie 1617—30, Knudt 1607—30, Olluff 1603—18, Jacob 1618—30, Helge ny brukar 1623.

Husmenn: Iffuer 1611—27.

S t r a u m s h e i m : Olluff 1603—22, Laurids 1623—30, Lars Paulsen 1633, Anders 1603, Halduor 1606—33, Enken 1634, Laurits Ellingsson 1606—33, Joen 1603, Joenn 1606—14, Tormod 1615—33, dreng halvlods Thormoe 1618.

Stølen.

S v a r t e b e k k : Rasmus 1603—30, Olluff 1603, husmann Elling 1618.

S æ t r e : Tore 1603—11, Enken 1611—15, Ollo Pedersen 1616—27, Olluff 1627—35, Enken 1603—09, Olluff 1610—14, Peder 1615—36.

Husm.: Henr., Joenn.

Dreng: Peder Setter, Joen Knudsen Setter 1611—19.

T a n d s t a d : Ingebrett, Olluff, Niels, Elling, Olluff husmand, 1603—07, Engebrett, Peder, Olluff Olsen, Olluff Steffensen 1606—10.

I n d r e T a n d s t a d : Olluff Ingebrigtsen 1609—17, Olluff Syffuersen 1617—21, Peder 1621—30, Elling 1612, Enken etter Elling eller Niels 1612, Pouel 1612—30, Ingebritt 1609—15, Jacob 1616—30, Anders 1616—27.

M e l l o m T a n d s t a d : Jørgen 1618—25, Enken 1626, Johannes 1627—30, Steffen 1616—30.

Ødegaard under Tandstad: Olluff Ødegaard, Peder Olsen 1611—12.

Y t r e T a n d s t a d : Jacob Rasmusen 1630, Olluff, Ollo, Knud 1609—18, Anders, Jetmund, Einar, alle nemnt 1630.

Husmenn: Anders, Olluff oc Joenn, Johans 1618—28.

Teigen.

T j ø n e s : Rasmus 1603—27, Jacob 1628—30, Enken 1630, Siffuer 1603—16, Enken 1617—26, Jetmund 1627, Samund 1603—27.

Husmenn: Enken 1603—09, Rasmus 1610, Lillerasmus 1611—22, Peder, Jetmund, Jacob 1611—25.

Brukarar: Henndrich 1603—06, Laurits 1607—09, Eirfar 1610—27.

Dreng: Amund oc Haffuad 1617—19.

T u : Oluff 1603—17, Enken 1618—20, Rasmus 1623, Oluff 1624—30.

Husmenn: Kolbiørn 1617—24.

T u s v i k : Ødegaardsmand Christoffer Tudsevigen 1603—30, Rasmus 1614—30.

Husmenn: Laurids oc Rasmus 1619—25.

Ulleviken, Ulvebakken, Uren, Våtmyren.

Utgard : Olluff Andersen Udegaardt 1617—21, Knud, Laurids 1618—21.

Velle: Jacob 1603—18, Thoore 1618—30, Olluff 1603—26, Poul, Tosten, Gulich 1603—30, Enken 1603—12, Olluff Paulsen 1612—25, Knud 1630, Ingebrett 1603—18, Peder 1630, Anders 1611—30.

Vellebraut: Husmenn: Jacob, Laurits, Lage Velde husmand 1603—25, Joenn 1611.

Vik: Olluff 1607—10, Peder Hansen 1611—18, Knud Jørgensen 1619—30, Ollo Torstensen 1613—17, Olluff 1618—30, Peder J. Wiig 1615—30.

Husmenn: Niels Wiig, Erich Wiig, Niels Knudsen 1615—23.

Drege: Olluff Ingebrigtsen, Erich 1611—19.

Jørgenfjord Schibredtt.

1637 6 Aprilis bokslet Hendrik Kursett thou Mellags Leye i F M Kursett som hans Fader Anders godvilligen for honnom Oplode. Gaff Penge 6 Rdlr.

TIEND OG SKATT

Tiend var ein kornskatt som vart pålagd bøndene. Det ligg i sjølve namnet at det var 1/10 av kornet dei avla på garden. Av dette skulle kyrkja ha 2/3 og kongen 1/3. Frå gamalt vart tienda ført til ein sentral stad i bygda og delt der, eller lagra i nærleiken av kyrkja eller på prestegarden. Seinare vart det bygt særskilde buer til dette, som dei kalla kastebuer eller tiendbuer. I Sykkylven var det Pilstabburet som i lang tid vart nytta. Dit kom dei med korn frå heile bygda. Det vart kunngjort på kyrkjebakken kva tid tienda skulle leverast, og den som ikkje leverte i rett tid, fekk som regel bot å betale attpå. For mange var det vandt å greie tienda, og det var ikkje med lett hjarte dei tok tiandeparten av beste kornet sitt og reiste til presten med det.

Når det var grønår eller lite korn, løyste mange inn tienda med smør eller dei betalte i pengar. Det var ofte klagemål over at futen sette prisen for høgt når dei ville løyse inn tienda med pengar. (9) s. 175).

T i e n d m a n n t a l e t for Sykkylven frå 1636—37 syner at det var 133 brukarar som la tiend. Denne var ulik for dei ymse bruk etter som avlinga var. Det ymsar mellom 1 settung (1/2 skjepp) til 2 1/2 mælung (tynne).

MANNTAL OG SKATTEREGISTER FRÅ 1629

Av dette registret går det fram at det var 105 fullgardar som kvar betalte 2 dlr. Det var 14 «Ødegaardsmænd og Husmænd» som kvar betalte 1 dlr. «6 Dreng for fuld Løn» betalte 1 1/2 dlr. kvar, og «8 Dreng med halv Løn» betalte 3 ort kvar. 30 som er oppførde i manntalet, betalte ikkje skatt. Alt i alt vert det 163 som er oppførde i manntalet.

L a n d s k y l d a var jordleige som leiglendingane betalte til jorddrotten. «Cronens oc Stigtens Landskyld» 1631/32 syner at det var 38 bruk som var krongods og betalte landskyld til kongen. Berre 2 øydegardar er nemnde. Landskylda vart betalt med fisk, — frå 1 pund til 5 våger pr. bruk.

Sagskatt. Dei som hadde sag som vart nytta å sage tømmer med, måtte betale sagskatt til kongen. (Sjå sagskatt). I 1630-åra er det nemnt berre 3 sager i Sykkylven som betalte sagskatt:

1. Elland och Jacob Ekornnes ved deris Consorter aff en liden BecheSaug. Stander i før n. Ekornnes Bech, som løber ved Gaarden och ingen Schiuff t. Aarligen thil Kong. Maystett Penge 5 Rdlr.
2. Olluff och Peder Wiieg ved deris Consorter aff en liden Flombsaug. Stander i før n. Wiigs Elff, och Bønderne miest bruger deris egen Schouff dertil Aarligen, — thill Kong. Maystett Penge 5 Rdlr.
3. Jørgen Blindemb ved Hans Consorter aff een liden Flombsaug, stande i før n. Blindembs Elff, och Bønderne miest bruger deris egen Schaug, Aarligen thill Kong Maystett Penge 5 Rdlr.

Skatteregister for 1633/34 syner at her var 144 leiglendingar i bygda. Av desse var 131 vanlege brukarar som betalte frå 3 ort til 1 Rdlr. kvar. Det var elles 5 «Ødegaardsmænd» og 8 husmenn som betalte 1/2 Rdlr. kvar. Dessutan er det nemnt «12 Leilendinger som ikke var istahd til at betale Garnisonsskatten formedelst deris store Armod». (Tingskj. 20/4 1634). 2 drenger mel full løn betalte 1/2

Rdlr. kvar, og 7 drenger med halv løn betalte kvar 1 ort. Men ikkje alle greidde å betale skatten. Restanselista syner at det var 21 som stod til rest med skatt, endå somme av dei ikkje hadde meir enn 1 ort å betale.

«Borgermester och Raad, samt nogen aff Borgerne udi Bergen Thill Underpant for 4250 Lod Sølf. (1640/41)».

JORDEBOK 1644

«Riktig Jordebog offuer ald Sundmørs Fogderie paa alle di Jorder oeh Jordeparter der sammestedh ere beliggendis. Lagt tilsammen sex Woger Fisch eller trei Løber Smør som regnis for en Fuldgaard och derefter oppebaaren begge Maaneders Penge for Anno 1644».

Her er gardane slegne saman til «Fuldgaarder» såleis:

Blakstad	2	W.	fisk	
Jarness	2	W.		1 Gaard
Indre Ekornes	2	W.		
Ytre Ekornes	1 1/2	W.		1 Gaard
Setter	3 1/2	W.		
Hellen	2 1/2	pd.		
Staffue	2	W. 18 mrk.		1 Gaard
Erstad	2 1/2	W. 18	«	
Riksem	4	W.		
Strømsem	3	W.		2 Gaard
Feett	5	W.		
Brunstad	8 1/2	W. 18	«	
Hoelle	3	W.		2 Gaard
Drotninghaug	1/2	W. 18	«	
Lade	3	W.		1 Gaard
Brudevold	3	W.		
Hiortaul	3	W.		1 Gaard
Strøme	3	W.		
Velde	6	W.		1 Gaard
Drabløes	6 •	W.		1 Gaard
Noch aff Drabløs	1/2	W.		
Tandstad Ødegaard	1	W .		1 Gaard
Thandstad	3	W.		
Noch Ødegaard	1/2	W.		

Thvvenes	4	W.	1 Gaard
Blindern	2	W.	
Noch Blindern	1	W.	
Aff Offre	2	w.	1 Gaard
Høgsett	2	1/2 W.	
Høgerøst		1/2 W.	1 Gaard
Noch Offre	6	W.	
Wiigh	6	w.	1 Gaard
Klokerhoug	1	W. 18	
Offerdall	4	W.	
Jelle	2	pd.	1 Gaard
Giere	1	pd. 6	
Andestad	1	1/2 W.	1 Gaard
Eidem	4	W.	
Lyshoell	2	W. 18	
Kiempholl	1	W. 18	
Aff Grebstad	2	W.	1 Gaard
Bjørnevig		1/2 W.	
Jørgenfj o r d	:		
Tussvig		1/2 W.	
Thue	1	W.	
Svartebech	1	W.	
Kursett	1	W.	1 Gaard
Hoffden	1	1/2 W.	
Hatlemark	1	W.	
Midgaard	5	W.	1 Gaard
Giere	1	W.	
Hundeid	4	1/2 W.	
Strandabøe		1/2 W.	1 Gaard
Myrsett	2	W.	
Gieffeness	2	W.	
Molopen	1	W.	1 Gaard
Midtrandall	1	w.	

Udgaard 3 1/2 W. « 1 gaard

Dette syner at det var 23 «Fuldgaarde» + «Udgaard med 3 1/2 W. fisk». Det utgjør i skatt 135 «Woger» fisk eller 68 «Løber» smør for heile sokna.

LEIDINGSKATT 1640—41 (Kgl. Mayst. Leding)

Denne skatten var utlikna som kalveskinn, bukkeskinn eller geiteskinn. Ofte var 2 eller 3 grannar slegne saman og skulle i fellesskap yte eit visst tal skinn. Det gjekk mest på 1—6 skinn av ymse slag, alt etter verdet og den skatten som skulle reiast ut. 91 brukarar er oppførde. I 1644 er talet gått ned til 72, av desse var 3 husmenn som gav 1 kje-skinns kvar.

SKATTEMANN TAL 1643

80 brukarar betalte 2 Rdl. kvar, 4 «Ødegaardsmænd» 1 Rdl. og 4 «Halvlods Drenger» bet. 1/2 Rdl.

S a g s k a t t : Wiig Saug 2 Dr. og for Tendeboer 1 Dr. Lade Saug 1 Dr. og for Tendeboer 1 Dr. Rixem Saug 1 Dr. og Ingen Tendeboer.

I 1645 er skatten på Wiig Saug gått opp i 5 Rdl.

K o r n t i e n d 164 4—4 5 syner at 133 brukarar gav tiend det året.

R o s s t j e n e s t e n s. å. Her er 26 brukarar oppførde med 1 P. — 3 Wg. fisk.

S ø n d m ø r s godvillige Kontribusjon, (Landkisteskatte) 1643. 37 brukarar er her oppførde med skatt frå 1 ort — 1/2 Dr.

Antegnelse paa Contribution paa Biudelse som til Sandte Hansdag Sankte Michali dag Nest Forleden skulle udgiffues aff Bønder och Almue udi Søndmørs Fogderi, forfalden fra Phillipi Jacobi Dag 1644 och thil Aarsdagen Igien Anno 1645.

Her er oppført 133 brukarar. Somme av desse skulle betale skatten i pengar — opptil 4 1/2 Rdl. Andre skulle betale med fisk — etter ynske. 1 W. fisk var verdsett til kring 2 Rdl.

K o r m a n g e b r u k a r a r v a r d e t p å d e i y m s e g a r d a n e i S y k k y l v e n i 1645?

Her kjem eit oversyn: Blakstad 3, Jarnes 1, Ytre Ekornnes 1, Indre Ekornnes 1, Hellen 1, Staffue 3, Setter 2, Erstad 3, Riksem 2, Strømsem 3, Fett 5, Brunstad 7, Holle 4, Drotninghoug 1, Lade 3, Brudevold 3, Hiortaull 2, Welde 8, Drabeløes 6, Strømme 3, Tandstad Ytre 1, Tandstad Mellem 3, Ødegaard 1, Tynes 3, Blindern 3, Wiig 4-, Klokkehoug 2, Offre 4, Haugsett 2, Kempheoll 2, Offuerdall 3, Andestad 2, Gierde 1, Lyshoell 3, Eidem 3, Grebstad 5, Aasen 1, Jelle 1, Høerøst 1, Indre Fauske 2, Ytre Fauske 1, Aarsnes 1.

Tilh. Jørgenfjord Skibrede:

Tusvigen 1, Thue 2, Suartebech 1, Kursett 2, Hoffden 2, Giære 1, Myrsett 2, Hatlemark 1, Udgaard 3, Midgaard 3, Hundeid 2, Giffuenes 2. I alt 133 brukarar og 4 drenger som betalte skatt, men ingen husmann.

Det vart også utskrive såkalla Koppskatt (pr. hovud). Alle vaksne på garden måtte betale denne skatten. Som døme kan vi nemne: «Jacob, hans Kvinde og Dreng 1 Ort, Knud, hans Kvinde og Pige 1 Ort, hans Pige 8 Sk., hans Dreng 8 Sk.»

I 1645 var det 430 personar som betalte «koppskatt» i Sykkylven. Reknar vi med at det var like mange born, var folketalet då 860.

Skattemanntalet for 1655 syner 118 brukarar som betalar skatt. Skatten var frå 2 ort til 2 Rdl. etter storleiken på bruka. I 1660 var skattemanntalet på 148 brukarar og skatten opptil 4 1/2 Rdl.

1675 er det ilikna ein såkalla «K a a b e r s k a t». Det er berre nokre få:

Jørgenfjord Skibrede: Olle Knudsen Midgaard 2 W. 9 Mrk. Hans Midgaard 1 W. 9 Mrk., Siffuer Midgaard 1/2 W., Laurits Myrsett 9 Mrk.

Valde Skibrede: Samond Offerdall 1/2 W. 9 Mrk., Knud Offure 1 Pd. 2 Mrk., Hans Offuerdall 1/2 W. 18 Mrk., Jacob Offuerdall 1 W., Asmund Offuerdall 1 Pd. 3 Mrk., Peder Salom. Lade 2 Pd. 6 Mrk., Knud Olsen Drotninghoug 18 Mrk., Peder Sørensen 21 Mrk., Maren Endresdtr. 6 1/2 W., Ingebrigt Brunstad 9 Mrk., Olle Blindemb 1/2 W. 9 Mrk., Peder Toresen Lade 1 W., Hans Brunstad 1 Pd., Peder Giere 18 Mrk.

STRIDEN MOT EMBETSVELDET

Lars Nilsen Aurdal

Dei tunge skattebyrdene, borgarskapet sine særrettar og den harde framferda mange av embetsmennene synte, sette djupe merke etter seg i bondetanken. Ein og annan av dei djervaste og mest opplyste prøvde å ta til motmæle, men retten eller uretten dømde dei til store bøter, viste dei ut or landet, gav dei festningsarbeid på livstid eller jamvel dødsstraff.

I siste halvparten av syttenhundreåra stig det fram ein slik bondehovding i Sykkylven. Det er Lars Nilsen Aurdal. Sokneprest Joacim Kjelstrup gav han i 1810, då Lars var ein mann på ca. 67 år, det skotsmålet at han støtt har vore kjend «som Opprører og Hovedmand for alle Partier, Bevægelser hos og iblandt Almuen, — endog i den militære Stand som Soldat (såleis kring 1770) var han berygtet som et urolig Hoved, som Formand for Mytteri og Sammenrottelser, og gjorde sig mere end een Gang skyldig i fræk Lovløshed og den strafverdige Insubordinasjon mod sine Overmænd».

Lars Nilsen Aurdal, eller Nils-Lars som han vart kalla, var ein av etterkomarane etter Rasmus Engelbrektson Myklebust som på herredagen i Christiania i 1661 vart dømd i «Jern og Arbeide hans Livs Tid» på Akershus fordi han vart skulda for å ha vigla opp ålmugen mot dei styrande og nekta å betale skatt, — og at han endåtil fekk ålmugen med seg og ville slå futen «Bondespiller» i hel ein gong det var fylkesting på Molvær i Borgund.

Det er rimeleg å tru at Nils-Lars, som var fødd i 1742, fekk forteljinga om den djerne ættefaren frå sin bestefar, Ivar Olsen på Aurdal, som var 93 år gamal då han døydde i 1759, — og at denne forteljinga har brent seg inn i hugen hjå unge Lars.

Mor hans, Marthe Ivarsdotter, døydde tidleg, og far hans, Nils Larsen Kjemphol, gifte seg oppatt med Ingeborg Ingebriksdotter Blakstad frå Krammarneset. Dei to fekk mange born, men alle døydde unge.

Det var gamal bondehandelssett på Krammarneset, og mykje tyder på at det var gjennom stykkmor si at Nils-Lars kom i kontakt med jaktehandel som han slo seg opp på og som gjorde han til ein rik mann.

I eit brev som Peter Carl Aurdal har etter Nils-Lars, går det fram at han har stått i kompaniskap med Thomas Larsen Riksheim om ei jakt som dei har gitt namn etter konene sine. Thomas Larsen var gift med Massi Christendotter, og Lars Nilsen var gift med Marte Christine Larsdotter f. Eidem. Jakta fekk såleis namnet «Massine Christine Søkeltvine jeg heder, Gud seiv mig veileder». Det er mykje truleg at ein tredjemann også har vore medeigar i jakta, og har hatt konenamnet sitt innfletta i jaktenamnet, men dette namnet er no gløymt.

På Bergensferdene sine har Nils-Lars hatt godt høve til å kome i kontakt med bondehandlarar og bønder frå andre luter av landet, og opprørshugen hans har truleg fått god nøring frå forteljingane om dei mange bondeoppreista kringom på Vestlandet og i andre luter av landet i desse åra, og om dei fælslege og urimeleg domane som bondeleiarane fekk. Heime i Sykkylven la han klårt for dagen at han hadde lite til overs for embetsmennene. Særleg ille lika han prestane. Når presten gjekk inn i sakristiet, brukte Lars å seie: «Der for han, vargen!» Når han skulle betale tiendkornet, ruska han i hop lettekornet og betalte med det. «Det er meget agner i Lars sit tiendekorn», sa presten. «Å, eg tykkjer det er mykje lettekorn i preikene presten fer med og», svara Nils-Lars. Det går ei mengd soger om han. Stor og sterk skulle han vere. Ein dag kom han brått på to ugjerningsmenn som låg og sov i ein færing på Flisfjorden. Han slo den eine i svime, batt dei båe og førde dei til futen. Tradisjonen fortel at Nils-Lars fekk ein medalje for denne dåden, for dei to ugjerningsmennene var etterlyste for drap.

Som nemnt slo han seg opp til ein rik mann på jaktehandelen sin. Han var og om seg med småhandel. Preikesundagane ved kyrkja selde han ting han kom heim med frå Bergen, t. d. hattar. Han kunne ha fleire hattar på hovudet, og selde alltid den underste først. I handa bar han ei bjølle som han ringla med, så det var lett for kundane å finne han. For pengane han tente, kjøpte han gardar. Såleis kjøpte' han av mad. Marie Frimann to bruk på Grebstad på ein dag i 1793. Det var g.nr. 9, bruks-nr. 11 og 20, og i 1806 kjøpte han på same garden br.nr. 18 av Nils Wind for 130 Rdlr. Vidare åtte han minst to bruk på Brunstad, to bruk på Hjortdal, eitt på Lyshol, eitt på Andestad, eitt på Kjemphol, Nils-garden på Aurdal, og truleg fleire.

Lars Nilsen Aurdal og Marte Christine Larsdotter f. Eidem hadde 5 born:

1. Nils Andreas, f. 26. august 1781, seinare gift med Berte (Brit) Aure på Aure-bøen.
2. Martinus, døypt 9. november 1783. Han tok over Nils-garden.
3. Berte, f. 28. oktober 1787, gift i 1808 med Tore Hundeid.
4. Peder Storholm, konfirmert 21. oktober 1809.
5. Lars, gift til Erstad med Berte Hansdotter Erstad.

Opprørshugen og motviljen Lars Aurdal la for dagen mot embetsmennene, som han såg som representantar for danskestyret, som iglar på bondens rygg og som vargar i samfunnet, førde han til slutt i open konflikt med lova. I 1810 kom det eit påbod om pokesetjing, og Nils-Lars såg dette påbodet som eit nytt påskot frå embetsmennene til å skaffe seg nye inntekter av bøndene. På ferdene sine hadde han høyrte at det skulle vere lite hjelp i pokesetjinga, og at det jamvel var folk som hadde døytt av det i Borgund. Det gjekk så vidt at han stod opp på kyrkjebakken ein preikesundag, fortel Peder Fylling, og han eggja opp sambygdingane sine mot den kongelege forordninga. Det var dette som fekk presten til å kalle han ein vill opprørar. Men «sanninga er nok», skriv professor Halvdan Koht i boka si «Norsk Bondereising», at Nils-Lars «var ein konservativ bonde som ville verje gamal skikk; men i sjølve forsvaret for den kom han til å bli opprørsk».

Ein «dyrlækjar» som Lars kom i ordskitte med på heimvegen frå kyrkja, melde han til presten. Prestane hadde fått pålegg om å stø opp under pokevaksinasjonen med alle midlar, og presten Kjelstrup fann sikkert her eit kjært høve til å rette eit drepende slag mot den gamle motstandaren sin. Den hatske og illsinte tonen i attesten og dei dryge skuldingane mot han tyder på at det var ikkje berre pokesetjinga som skulle fremjast, men at det meir var Lars som skulle fjernast.

Ein må ha grunn til å tru at Lars visste vel kva som kunne vente han i rettssaka som fylgde. Han hadde nok også høyrte om t. d. Strilekrigen i 1765 og kva lagnad bondeleiarane fekk for dette opprøret. Han kjende nok og den kongelege forordninga som kom etter dette opprøret, og som sette straff på livet eller festningsarbeid i jarn for alle som våga å eggje ålmugen til motstand. Det er så mykje meir rimeleg som Lars sine næraste prøvde å nytte nett same orsakingane for å mildne straffa, som leiaren for Strilekrigen, Pile-Jokum, greip til då han vart førd for retten. Skyldfolket hans sa at han var ein tåpeleg gut. Andre heldt fram at han hadde dårleg oppseding, «forenet med et Bondemod, der regjerte hans daarlige, og tildels av Drukkenskab forvildede Sind». Pile-Jokum skulle rett og slett ha vore drukken, og såleis ha rota seg inn i ugreia.

Son til Nils-Lars, Nils på Aure-bøen, vitna i retten at han hadde skjenkt far sin den preikesundagen han råka dyrlækjaren, og at far



Frå Grebstaddalen

hans var nærast utilrekneleg å kalle. Han var ein stakkars gammal kall som hadde tala over seg i fylla.

Det må ha vore vondt for Nils-Lars, den stolte bondehovdingen, såleis å småminke seg for dei gamle motstandarane sine. Utan tvil gjorde han det for å berge liv og eigedom. Både han og hans næraste har skjøna kva lagnad han kunne vente, og ut frå dette synet må ein sjå på kampen Lars og son hans førde for at domen skulle bli på mildaste måten.

Etter opplysningar av Peter C. P. Aurdal.

Vi gir her att det justisprotokollen fortel om rettssaka mot Lars Nilsen Aurdal, eller Overdal, som dei skreiv namnet den tida:

JUSTISPROTOKOLL FOR N. SUNNMØRE, (fol. 218)

Aar 1810 Tirsdag den 4. September blev Extraret sat paa Tingstedet Blindern i Lensmand Astrups Hus i Valde Skibrede, og medbetjent af de 2 tilkaldede Laugrettismænd: Anders Olsen Blindern, og Jørgen Jørgensen Vig for i Følge Hr. Foged Landmarks

skriftlige Meddelelse til Promemorie til Dommeren af 3dje dennes anlediget af Hr. Pastor Kjelstrups Anmeldelse til ham af samme Dag, at her i Søkjelven Sogn skal gives Personer hvoriblandt i Særdeleshed en Lars Nilsen Overdal, der har Dristighed nok til at nedsætte hos Almuen de kgl. Anordninger saasom den af 3. April d. aa. om Vaxination.

Derefter ble følgende Dokumenter irettelagde under efterskrevne som er: Dommerens Indkaldelse af i gaar til dette Forhørs Fremme Nr. 1. Fogdens Rekvisisjon af samme Dag. Nnr. 2. Pastor Kjelstrups Promemoria til ham, ogsaa af i gaar. Nr. 3.

Derefter blev indkaldt som første Deponent Dyr læge Hans Jørgen Aure, der møtte for Retten, vedtog lovligt Varsel, blev af Dommeren tilkaldt at sige sin Sandhed saaledes som han Sander her inden Retten, naar saa paafordres med uskadet Selvbevidsthed med sin corporlige Ed kan bekræfte.

Blev saa Sagens Dokumenter læste op efter sine No. og er saalydende:

For denne Deponent blev følgende Kvæstioner fremsatte af Dommeren til Besvarelse: — Ved Forhøret tog Hr. Foged Landmark og Pastor Kjelstrup Møde. — Forhøret blev fremholdt i førbemeldte Overværelse inden lukte Døre.

1ste bemeldte Deponent sagde sig at være 38 Aar gammel, gift og bor paa en Plads under Gaarden Overaae (Aure) og nød Kirkens gode Ting i seneste Vaar. 1ste Kvæstion: Har De hørt at nogen har låstet de kongelige Foranstaltninger og Anordninger saasom Forordningen af 3. April d. Aa. om Vaxination Responsum? Deponenten: Hørte Søndag den 5te post Trinitatum som var den 22. Juli d. Aa. af Lars Nilsen Overdal da Deponenten traf ham paa Landeveien straks nedenfor Gaarden Eidem her i Sognet, at han sagde til ham og Jens Larsen Grebstad, med hvem han stod og talede forinden Deponenten kom til, og spurgte Deponenten hvor han havde været henne, hvorpaa han svarede Lars Nilsen Overdal at han havde været paa Gaarden Kjemphol og vaxineret en liden Dreng mod Kokoppene. Hertil svarede Lars Nilsen Overdal:

«Tror De Vaxinasjonen er paalidelig for at værne mod de rettelige Barnekopper?» Dertil svarede Deponenten at Kongen vel ikke havde udstedet Forordningen om denne Indretningen hvis den ikke var paalidelig. Dertil svarede Lars Nilsen Overdal: «De kan seiv erfare

fra Borgensund hvor Doktoren har vaxineret for 3 Aar siden, at de samme Mennesker nu har faat de naturlige Barnekopper igjen, og mange deraf allerede er døde».

Hvortil Deponenten svarede: «Det kan komme af at Kokoppvaxinen ikke har været egte». Hertil svarede Lars Nilsen Overdal at han syntes det er overflødig af Regjeringen at den skulde stanse en Smitte som han troede skulde rense det menneskelige Legeme. Hvortil Deponenten svarede: «Tror De ikke at Forsynet har opvakt dette Middel mod Børnekopper-smitten?» Hertil svarede Lars Nilsen Overdal at Regjeringen sammensætter mange saadanne Anordninger for at adskillige Personer skal faa et Levebrød derved, og han ikke troede at det var med Kongens eget Vidende, men han troede at det var de Herrer i Regjeringen som udstedte etter eget Forgodtbefindende saadanne Anordninger. Hvortil Deponenten svarede at han ikke tror at de høje Herrer vover at sætte Kongens Haand og Segl under Forordninger som Kongen ikke seiv har undertegnet. Lars N. Overdal svarede hertil: «De finder paa mange saadanne Haakus-paakus, og hans yngste Søn har ikke havt Barnekokoppene, men han skal ikke blive vaxinert førend Gud sætter paa ham de naturlige Børnekopper, og førend han skal give Penger ud for at hans Søn skal blive vaxinert, før vil han at de naturlige Kopper skal anfælde ham. Herpaa Deponenten svarede at du slipper at betale noget for at din Søn bliver vaxinert, da Omkostningerne dermed garr paa det offentlige, og at din Søn ikke kan blive konfirmeret, det hørte De vel af Forordningen som blev oplæst af Prædikestolen, førend han enten har havt Børnekoppene eller Kokoppene, og folk kan heller ikke blive egteviede. — Hvorpaa Lars N. Overdal svarede: «Det er bedst at vi bliver Hedninger eller som vilde Bæster paa Marken naar man behøver Vaxinasjon inden man kan blive konfirmeret eller egteviet, og han tror at derved vil Religionen og Gudsfrygt ophøre, og det kan vi ogsaa have Eksempler paa naar vi gaar til Kirken. Voris Prædiken tager af, og Sangen er næsten slet intet, og af den Orsag har han ingen Lyst at gaa i Kirken, men synes at have ligesaa stor Lyst til at gaa i sin egen Løestald, og naar han gaar til Kirken er det blot for at finde sine gode Venner, og naar flere af Almuen vilde som han, saa syntes han at Præstens Indtegter kunde nedsættes til det halve, fordi hans Prækener er saa korte, og han ønskede at han havde Anordningen om Vaxinasjon af 3. April d. Aa. og flers

saadanne Anordninger hos sig, saa skulde han træde dem under sine Fødder og langt ned i Skiden, og hvad han nu siger, det var han ikke bange for at sige om Kongen og Øvrigheden stod ved hans Side og hørte paa.

2den Kvastion: Har De hørt sligt utilbørlig Snak af andre end Lars Nilsen Overdal ? Deponenten: Nei, det har han aldrig hørt.

3dje Kvastion: Kunde De formerke om Lars N. Overdal ved Mødet den 22. Juli da han førte anmeldte Samtale med Dem, at han var beskjenket eller forvirret i sit Sind? Eller var der i Forvejen nogen Samtale millem Dem og ham som kunde bringe ham i nogen Hæftighed ? Deponenten: Nei, aldeles ikke.

4de Kvastion: Er det Deponenten bekjendt at Lars Nilsen Overdal er forfalden til Drik, eller har nogen Skrue løs? Deponenten: Nei, det hverken ved han eller nogensinde har hørt det om ham. Han er derimod bekjendt for en ædruelig Mand, og af mange ansees for at være en Fornuftig Mand.

Da Deponenten efter Tilspørsel ikke erindrer sig mere for Tiden at afgive til Oplysning i Sågen, blev han demittert fra Retten.

2den Deponent: Jens Larsen Grebstadgjerde blev indkaldt for Retten, forklarede at han var 47 Aar gammel og gift og boende paa Gaarden Grebstadgjerde og nød Kirkens gode ting ved St. Hans Tider af-vigte Sommer. Blev forelagt de samme Kvestioner som forrige Deponent, hvortil han svarede: Han har intet andet i saa Henseende at forklare end at han var nærværende og hørte paa en Samtale millem Lars N. Overdal og forrige Deponent Hans Jørgen Aure, der saavidt han nu kan erindre gik ud paa at Lars Overdal i Anledning af at Dyr lægen forklarede at han havde været ude for at vaxinere med Kokopper og vilde fremdeles reise i samme Forretning.

Lars Nilsen Overdal ytrede at han ikke holdt den om Vaxinasjon udgivne Forordning at være tjenlig, men at det var bedre nu at Folk som førhen fik de Kopper som forsynet beskikede, da han desuden ikke troede at Koppene befriede for de vanlige Børnekopper. Efter at Dyr lægen derpaa havde forklaret Lars Overdal at ingen kunde faa de naturlige Kopper, der havde havt de egne Kokopper, men saadant maatte komme deraf at det var uegte Kopper som var indpodede, — svarede Lars Overdal at han har hørt fra Borgensund at Folk havde faat naturlige Kopper, skjønt de førhen var vaxinerede. Og paa Dyr lægens Deklarasjon at naar Kongen udgav en saadan Deklarasjon

om Vaxinering, saa var det nok indseet at Indretningen var gavnlig og nyttig. Lars Overdal svarede: Du kan vel forelegge Kongen mange Forordninger som man kan have til Hensigt at skaffe en eller anden noget at fortjene, end at være til almindeligt Gavn. I Anledning Dyrlægens Udtalelse at ingen kunde blive konfirmeret eller egteviet uden de enten havde havt de naturlige Kopper eller vare vaxinerede. Deponenten kan ei erindre at Lars Nilsen Overdal svarede noget andet hertil end at det tager af noget med hvert med Kristendommen. Jeg har bedre Lyst at læse hjemme i en Bog end at gaa til Kirken. Og naar jeg gaar i Kirken saa er det mere for at træffe mine gode Venner end for Gudstjenestens skyld. Præstens Prædiken er ikke efter mit Hoved. — Det følgende af 1ste Deponents Forklaring, erklærede Deponenten at han ikke kunde erindre, og kan ei afgive Forklaring derom.

Til de for 1ste Deponent fremførte 2dre 3dje og 4de Kvæstioner besvarede han i Overenstemmelse med 1ste Deponent, hvorefter han fra Retten blev afskediget.

3dje Deponent Jørgen Amundsen, der vedtog lovlig Stevning, sagde sig at være 45 Aar gammel, nød Kirkens gode Ting ved St. Hansdag d. Aa. bor paa Gaarden Eidem, blev formanet til Sandheds Udsigelse og forklarede at han saa bemeldte 22. Juli d. Aa. saa 1ste og 2den Deponent- tilligemed Lars Nilsen Overdal at staa paa det ovenforklarede Sted og talede sammen, men Deponenten stod saa langt borte at han ikke hørte det ringeste af deres Samtale. Til 2den 3dje og 4de Kvæstioner svarede han aldeles overenstemmende med 2den og forrige Deponent, og da Deponenten ikke havde noget videre at forklare, blev han fra Retten afskediget.

Som 4de Deponent møtte for Retten Ole Jensen der blev formanet til Sandheds Udsigelse, sagde sig at være 41 Aar gammel, gift, nød Kirkens gode Ting 3 Uger før St. Hans d. Aa. og bor paa Gaarden Eidem, — forklarede at han bemeldte 22. Juli d. Aa. saa 1ste og 2den Deponent til Lige med Lars Nilsen Overdal stod og tale sammen paa det omforklarede Sted, og da hørte han den siste sige tydeligt at den som har levet nogen Tid fremigjennem og vidste hvordan det var før og nu, hører alle disse Forordninger som kommer, saasom denne om Vaxinasjonen, saa kan man blive gal i Hovedet af dem, og han brydde sig Djævelen om saadanne Forordninger.

Da Deponenten hadde hørt disse formastelige Ord av Lars Nilsen Overdal, saa gik han sin Vei for ikke at høre noget saadant mere av ham. Til de for de andre Deponenter fremsatte 2. 3. og 4de Kvastioner, besvarede han aldeles i Ord og Mening overensstemmende med bemeldte Deponenter.

I Anlednig af denne Deponents Udsagn, blev 1ste Deponent fremkaldt i Retten og blev med ham konfronteret og tilspurgt om han hørte under omforklærede Samtale at Lars Nilsen Overdal brugte disse Ord at mange av de i den seneste Tid udgivne Kgl. Forordninger kan blive gal i hovedet av, og at han bryder sig Djævelen om dem, — hvortil lte Deponent svarede: Nu kan han erindre at han hørte Lars Nilsen Overdal brugte disse Udtryk, og begge Deponenterne vare enige i at de sidste af ham brugte Udtryk havde Hensyn til ei at efterleve og at bryde de Bud som indholdes i Forordningen.

Derpaa blev 2den Deponent indkaldt tilligemed 3dje Deponent, og av Dommeren tilspurgt om de av Lars N. Overdal hørte ovennævnte Ord, hvortil 2den Deponent svarede at han aldeles ikke kunde erindre sig at have hørt dem, og 3dje Deponent svarede at da han intet hørte av hele Samtalen, saa hørte han heller ikke disse Ord, og Aarsagen til dette var at han stod saa langt borte.

Derefter blev Forhøret fra Begyndelsen og til Enden oplæst for alle Deponentene, som enhver for sit vedkommende vedtog at være rigtig, hvorefter Deponentene blev afskediget fra Retten.

Efter Dommerens Paaraab at Lars Nilsen Overdal skulde indkaldes for Retten blev af Lensmand Astrup meldt at hans Søn Nils Larsen (Aure) idag for ham haver meddelt at hans Fader nu i Nat var bleven saa syg at det var ugjærlig for ham at kunde cittere sig personlig nu her for Retten, hvorpaa forhøret formedelst Dommerens Reiser omkring i Sorenskriveriet, paa den efter Forordning af 8. Februar 1810 befalede Skattereguleringskommisjon, bliver at udsætte til Måndag den 17de dennes hvor det kontinuerlig i Tore Bjørstads Hus paa Gaarden' Spilkevigen i Borgen Skibrede, hvorefter Retten blev hævet.

Kildal, Anders Olsen Blindern, med p. Pen,

Jørgen Jørgensen Vig, med p. Pen.

Aar 1810 Måndagen den 17 September blev en Extraret sat i Lensmann Tore Bjørstads hus paa Ting-gaarden Spilkevigen i

Overværelse af de 2de tilkaldede Laugrettismænd Tore Bjørstad og Ole Olsen Remvig, hvor det fra den 4de samme Maaned paa Gaarden Blindern i Søkelven udsatte Forhør blev kontinueret inden lukte Dører, og efter Dommerens Paaraab møtte Lars Nilsen Overdal der vedtog lovligt Varsel og sagde sig at være 67 Aar gammel, nød Kirkens goder seneste Gang næst før St. Hansdag dette Aar, var gift og bor som Gaardbruger paa Gaarden Overdal i Valde Skibrede og Søkelven sogn.

Derpaa blev den under 4de ds. af Dommeren gjorde Paategning paa hans Indkaldelse af 3dje d. m. læst, tillige med den paategnede Attestasjon af Stevnevidnerne, og er saalydende:

For denne blev fremsat følgende Kvæstioner:

1. Hvad Anledning og Grund havde De til Formastelig at dadle den, — 22. Juli dette Aar, paa Veien ved Gaarden Eidem da De møtte Dyrslæge Hans Jørgen Aure, — Forordningen af 3. April dette Aar om Vaxinasjon.

Deponenten husker aldeles ikke at han haver dadlet aller højst bemeldte Forordning, men han husker at han kaldte Virkningen af Kokoppe-indpodningen i Tvil paa Grund af at de Personer som Distriktskirurg Hoppe her paa Søndmør har vaxinert for 2—3 Aar siden, haver mange af dem i denne Sommer bleven smittet af de naturlige Børnekopper, og tildels ogsaa skal være døde derav, og naturlige Børnekopper, og tildels ogsaa skal være døde deraf, og i Romsdals Fogderi.

2. den Kvæstion: — Har De hørt at nogen i deres Omegn har dadlet denne eller andre Kongelige udgivne Forordninger ?

Deponenten: Nei, det har han ikke hørt.

3dje Kvæstion: — Var De den 22. Juli beskjenket eller forvirret i Deris Sind, eller havde De nogen Anledning ved Samtalen med Dyrslæge Aure og Jens Larsen Grebsstad til at blive optændt og opbragt til Vrede?

Deponenten: Da han var gaat ud af Kirken den bemeldte Dag da Gudstjenesten var forbi, saa traf han sin Søn Nils Larsen (Aure) ude paa Kirkegaarden, og klagede sig at han var syg, hvorpaa Sønnen bad ham op til sig i sin Stue paa Gaarden Aure, hvor han er bosat. Da han kom ind i Stuen der, lagde han sig paa Sengen og faldt i lidt Blund, og da han vaagnede efter en halv Times Forløb, syntes han at være lidt bedre, hvorpaa hans Søn¹ gav ham, for at han skulde

af Justition paaklagede Sag mod Bondemand Lars Nilsen Overdal blev af Sorenskriveren og Meddommere enstemmig afsagt saadan

DOM :

Lars Nilsen Overdal er efter Amtets Ordre af 3. Nov. f. Aa. grundet paa det Dommer Kansellis bef. 13. til højtsamme ankl. af Justitsen for at have låstet og talt formastelig om de Kongelige Anordninger og i særdeleshed Anordningen af 3. April 1810 angaaende Vaxinasjon, og hvorom han er overbevist ved 1, 2 og 3 Vidners Forklaring at have gjort sig skyldig Søndagen den 5te efter Tre-foldighed, som var den 22. Juli ved Mødet med Vidnerne paa Landeveien straks nedenfor Gaarden Eidem i Søkvelven Sogn, og som var tiltalte under Forhør den 7. September f. Aa. paa en hvis Maade har vedtaget og i den Anledning, mod at undgaa Justitions Tiltale, tilbudt sig at ærlægge en Mulkt af 100 Rdlr. eller mere til Stedets Fattig- eller Skolekasse.

Vist har han fremført til Undskyldning for sig at han har været beruset af det Brændevin og 01 som hans Søn Nils Larsen Overdal havde vederkvæget ham med, paa Grund af at han ved Mødet paa Kirkegaarden samme Dag haver beklaget sig for at han var syg, i hvilken Anledning Defensor i sin P. M. her til Retten af 26. Mars har forment at tiltalte var sat ud af Stand til at bruge det Overlæg der karakteriserer de Handler som medfører Ansvarlighed. Bemeldte hans Søn har i Sagens edfæstede Forklaring gaar ud paa at han bemeldte Dag har skjenket sin Fader med Brændevin og 01, og at hans Fader for ca. 10 Aar siden har været berøvet Forstanden i nogle Timer, og i de siste 5 Aar er betet stundom med det Tilfælde at han taler hen i Været og sjelden svarer bestemt paa hvad han bliver spurgt om. Men samme har ikke kommet andre tilsyne til Fordel for tiltalte, da de ovenanførte Vidner ved deres enstemmige og bestemte Svar til de dem ved Forhørets første Seson den 4. September f. Aa. form. 3dje og 4de Spørgsmaal har erklæret at de ikke bemærkede at tiltalte ved Mødet bemeldte 22. Juli var beskjenket, irritert eller forvirret i sit Sind. — Da det er in confesso at mangfoldigen, af — ja maaske de aller fleste af de som her i Sorenskr. for flere Aar siden blev vaxineret, er i Aaret 1810 bleven smittet af de her gaaende Børnekopper, saa var det undskyldeligt og forklareligt om tiltalte har ytret Tvil om Gagnet, endog han har været mod det i Forordningen etablerede Princip, d. e. at Kokopper

skal aldeles værne om og forebygge Epidemier af de naturlige Barnekopper, og at det kunde overgaa hans — som Lægmands Horisont ifølge den ringe Grad af Dannelse og Oplysning han har nydt, og ifølge de Fordommer som næsten er ejendommelig med Almuesstanden her, hvori han er opdragen og har tilbagelagt sin Tid at skjelve millem de egte og uegte Kokoppers Virkning paa det menneskelige Legeme, samt at han, som næsten raa Naturens Søn kunde røbe Mangel paa Sans for Sømmelighed i sine Udtryk, men da han er overført om at være beruset 22. Juli ved Sammenkomsten med Vidnerne, aldeles ved sin fulde Sans og Samling og koldblodigen førøvet det chremene som af Aktor i hans Stevning bestemt er opgivet, og i hans Indlæg registrert, saa bliver han at finde strafbar efter Lovens 6 — 4 — 9 som maa ansees gjentat — ved Forordning af 24. September 1799 hvis § 2 bliver at befølge. Efter Omstendighederne og det lokale Skjøn finder ikke Retten noget at anføre uden et uforsvarligt Ophold i Sagførselen

som af Aktor og Deffisor er udført, uden at de ved deres Møder i denne Sag har haft andre offentlige Sager at planlægge, thi blev

kjendt for ret:

Bonden Lars Nilsen Overdal af Søkelven Sogn og Valde Skibrede bør, fordi han har låstet og talt formastelig om de Kongelige Anordninger, og i særdeleshed Forordningen af 3. April 1810 ang. Vaxinasjon, — at forvises Kongens Riger og Lande, samt saavidt hans Bo tilstrække kan at erstatte alle af Aktorene lovlig flydende Omkostninger, Sportler til Kongens Kasse for det stemplede Papir som burde have været brugt til Stevningen, Udlæggelsen og Domsaktens Udferdigelse 1 Rdlr. 4 O. 8 Sk. Til Aktor Kongens Foged Landmark i Salarium 12 Rdlr. Dietpenger 6 Rdlr., til Defensor Lensmand Astrup i Salarium 6 Rdl. i Dietpenger 6 Rdl. til Administrator, Meddomsmanden og Stevnevidnerne 19 Rdl. 40 Sk. — Det idømte efterkommes under Øvrighedens nærmere Foranstaltning, hvorefter Retten blev hævet.

Kildal, Jørgen Svensen, Store-Nørve, Peder
Andersen Fridt m., Nils Larsen Gaaseide,
Bendiks Rasmussen, Store-Nørve.

NB. Det var Lagretten som dømte Nils-Lars til landsforvisning, og retten var truleg styrd av sorenskrivar Kildal.

af Justition paaklagede Sag mod Bondemand Lars Nilsen Overdal blev af Sorenskriveren og Meddommere enstemmig afsagt saadan

DOM :

Lars Nilsen Overdal er efter Amtets Ordre af 3. Nov. f. Aa. grundet paa det Dommer Kansellis bef. 13. til højtsamme ankl. af Justitsen for at have låstet og talt formastelig om de Kongelige Anordninger og i særdeleshed Anordningen af 3. April 1810 angaaende Vaxinasjon, og hvorom han er overbevist ved 1, 2 og 3 Vidners Forklaring at have gjort sig skyldig Søndagen den 5te efter Tre-foldighed, som var den 22. Juli ved Mødet med Vidnerne paa Landeveien straks nedenfor Gaarden Eidem i Søkølven Sogn, og som var tiltalte under Forhør den 7. September f. Aa. paa en hvis Maade har vedtaget og i den Anledning, mod at undgaa Justitions Tiltale, tilbudt sig at ærlægge en Mulkt af 100 Rdlr. eller mere til Stedets Fattig- eller Skolekasse.

Vist har han fremført til Undskyldning for sig at han har været beruset af det Brændevin og 01 som hans Søn Nils Larsen Overdal havde vederkvæget ham med, paa Grund af at han ved Mødet paa Kirkegaarden samme Dag haver beklaget sig for at han var syg, i hvilken Anledning Defensor i sin P. M. her til Retten af 26. Mars har forment at tiltalte var sat ud af Stand til at bruge det Overlæg der karakteriserer de Handlinger som medfører Ansvarelighed. Bemeldte hans Søn har i Sagens edfæstede Forklaring gaar ud paa at han bemeldte Dag har skjenket sin Fader med Brændevin og 01, og at hans Fader for ca. 10 Aar siden har været berøvet Forstanden i nogle Timer, og i de siste 5 Aar er betet stundom med det Tilfælde at han taler hen i Været og sjelden svarer bestemt paa hvad han bliver spurgt om. Men samme har ikke kommet andre tilsyne til Fordel for tiltalte, da de ovenanførte Vidner ved deres enstemmige og bestemte Svar til de dem ved Forhørets første Seson den 4. September f. Aa. form. 3dje og 4de Spørgsmaal har erklæret at de ikke bemerkede at tiltalte ved Mødet bemeldte 22. Juli var beskjenket, irritert eller forvirret i sit Sind. — Da det er in confesso at mangfoldigen, af — ja maaske de aller fleste af de som her i Sorenskr. for flere Aar siden blev vaxineret, er i Aaret 1810 bleven smittet af de her gaaende Børnekopper, saa var det undskyldeligt og forklareligt om tiltalte har ytret Tvil om Gagnet, endog han har været mod det i Forordningen etablerede Princip, d. e. at Kokopper

skal aldeles værne om og forebygge Epidemier af de naturlige Barnekopper, og at det kunde overgaa hans — som Lægmands Horisont ifølge den ringe Grad af Dannelse og Oplysning han har nydt, og ifølge de Fordommer som næsten er ejendommelig med Almuesstanden her, hvori han er opdragen og har tilbagelagt sin Tid at skjelne millem de egte og uegte Kokoppers Virkning paa det menneskelige Legeme, samt at han, som næsten raa Naturens Søn kunde røbe Mangel paa Sans for Sømmelighed i sine Udtryk, men da han er overført om at være beruset 22. Juli ved Sammenkomsten med Vidnerne, aldeles ved sin fulde Sans og Samling og koldblodigen førøvet det chremene som af Aktor i hans Stevning bestemt er opgivet, og i hans Indlæg registrert, saa bliver han at finde strafbar efter Lovens 6 — 4 — 9 som maa ansees gjentat — ved Forordning af 24. September 1799 hvis § 2 bliver at befølge. Efter Omstendighederne og det lokale Skjøn finder ikke Retten noget at anføre uden et uforsvarligt Ophold i Sagførselen som af Aktor og Deffisor er udført, uden at de ved deres Møder i denne Sag har haft andre offentlige Sager at planlægge, thi blev

kjendt for ret:

Bonden Lars Nilsen Overdal af Søkelven Sogn og Valde Skibrede bør, fordi han har låstet og talt formastelig om de Kongelige Anordninger, og i særdeleshed Forordningen af 3. April 1810 ang. Vaxinasjon, — at forvises Kongens Riger og Lande, samt saavidt hans Bo tilstrække kan at erstatte alle af Aktorene lovlig flydende Omkostninger, Sportler til Kongens Kasse for det stemplede Papir som burde have været brugt til Stevningen, Udlæggelsen og Domsaktens Udferdigelse 1 Rdlr. 4 O. 8 Sk. Til Aktor Kongens Foged Landmark i Salarium 12 Rdlr. Dietpenger 6 Rdlr., til Defensor Lensmand Astrup i Salarium 6 Rdl. i Dietpenger 6 Rdl. til Administrator, Meddomsmanden og Stevnevidnerne 19 Rdl. 40 Sk. — Det idømte efterkommes under Øvrighedens nærmere Foranstaltning, hvorefter Retten blev hævet.

Kildal, Jørgen Svensen, Store-Nørve, Peder
Andersen Fridt m., Nils Larsen Gaaseide,
Bendiks Rasmussen, Store-Nørve.

NB. Det var Lagretten som dømte Nils-Lars til landsforvisning, og retten var truleg styrd av sorenskrivar Kildal.

Lars Nilsen Overdal var fødd i 1742 og døydde i 1824 ca. 82 år gl. Han slo seg opp m. a. på Trondheimshandel og vart ein rik mann som åtte mange gardar. Han hadde sine eigne meiningar både om eitt og hitt, og han hadde også mod til å halde dei fram, endåtil mot øvrigheita. Difor fekk han også så streng dom — landsforvisning. Tradisjonen fortel at denne dommen seinare vart omgjort til ei bot. For å greie denne måtte han selje ein del av jordegodset sitt m. a. på Lyshol. Etter dette levde han, så vidt vi veit, i fred og ro på garden sin (Nilsgarden) på Aurdal til sin døyand-dag.

FOLKETALET I SYKKYLVEN (etter folketeljingane)

1666	\	talt berre mannfolk	420	+	kvinner	430	?—	650		
1701	«	«	«	327	+	«	335	?—	662	minka 88
1801		menn, kvinner og born talde							1255	auke 593
1845	«	«	«						1385	« 130
1855	«	«	«						1593	« 208
1865	«	«	«						1829	« 236
1875	«	«	«						2029	« 200
1891	«	«	«						2283	« 256
1900	«	«	«						2420	« 137
1910	«	«	«						2447	« 27
1920	«	«	«						2535	« 188
1930	«	«	«						2426	minka 109
1946	Fødde	Innflytte	Døde	Utflytte	I alt				3261	auke 835
1948	86	237	34	186					3314	« 53
1949	90	376	33	246					3630	« 217
1950	86	294	26	216					3807	« 177
1951	89	241	34	172					3932	« 125
1952	108	258	28	275					4000	« 68
1953	100	334	36	240					4154	« 154
1954	112	309	35	321					4217	« 63
1955	95	299 + 353 ¹⁾	32	288					4644	« 427
1956	122	299	44	292					4731	« 87
1957	130	294	34	300					4820	« 89
1958	114	152	33	285					4766	minka 54
1959	104	194	26	248					4787	auke 21
1960	110	190	33	215					4872	« 85

01955 tilgang frå Ørskog, Ramstaddal og Søvikdal 353).

Som oversynet viser, er det tre nedgangsbolkar då folketalet har minka. Den første er 1666—1701. På desse 35 år har det gått attende med 88. Grunnen til dette er ukjend. Vi kan berre gisse på barne- eller folkeepidemi, tronge, vanskelege tider med underernæring, og kanskje utflytting.

Den andre nedgangsbolken var 1920—1930, då folketalet minka med 109. Grunnen til denne nedgangen er særleg den store utflyttinga til U. S. A. Amerikafeberen hadde vel meldt seg hjå mange ungdomar også tidlegare, alt frå 1880-åra og utover. (Sjå M. Gjævenes: «Utvandrarane frå Sykkylven»).

Under og etter første heimskrigen var det jobbetid for mange, men pengane var ryre. Det som var snart tent, vart snart mist, og vegen var ofte stutt frå fagnamann til fant. Jordbruksvarene fall sterkt i pris i denne tidbolken og kom på lågmålet i 1930—33-åra, då mjølkeprisen t. d. kom ned på 7—8 øre pr. liter. Andre jordbruksprodukt fall tilsvarande, medan prisane på alt som skulle kjøpast, heldt seg oppe. Difor var det vanskeleg å klare seg økonomisk, og mange ungdomar kjøpte amerikabillett for dei siste slantane dei hadde.

Den tredje nedgangsbolken 1957—58 gjekk folketalet ned med 54. Grunnen er svikt i arbeidslivet (fabrikkverksemdene i bygda). Men det var også svikt i fødseltal og innflyttartal — i alt 143, medan utflyttartalet minka med 15.

Men stort sett har folketalet auka jamt og smått, særleg etter 1948. Mange innflyttarar har teke arbeid på fabrikkane, og somme har gift seg og bygt hus i nærleiken av arbeidsstaden, og har på den måten vorte fastbuande, gjerne med ein liten jordfleck til hage ved huset. I fristundene steller dei så denne hageflekken og gjer det såleis meir triveleg både for seg sjølve og for borna som veks opp.

BOLK VI [Til INNHALD](#)

BYGGESKIKK OG TUNSKIPNAD

ÅREN OG ÅRESTOVA

Byggeskikken har endra seg mykje frå dei eldste tider og til våre dagar. I eldre tider var det ikkje uvanleg at stovehus og fehus var bygde saman under eitt tak. Det var vel gjort slik av praktiske grunnar. Det var enklare med eitt tekke enn fleire. Dessutan var det stutt veg til husdyra. Ofte var det ein smal gang mellom stove og fjøs, så ein slapp gå ut for å kome dit.

Gjennom tusenåra skimtar vi berre gjennom dimma livskåra for slekt etter slekt som levde sine år og gjekk i si grav. Først kring 800 e. Kr. tek det til å dagast. Sogetida tek til.

Stova er no ei tømmerstove. Huselden er midt på golvet og lagd på ei vid, firkanta, knehøg oppmuring, som vert kalla åre (gl.norsk arinn). Namnet trur dei er teke etter det latinske ordet ara — etter altar. Den heilage huselden, som jagar bort mørkret og mørkeredsla, brenn på altaret.

Stova kunne ha ein eller fleire gluggar som kunne opnast eller stengjast etter ynske. Langsmed 3 av veggene var det faste, breie benker, (briskar) som dei sat eller låg på (sengbriskar). Av husbunad var det elles som regel eit langbord av tjukke plankar og ein eller fleire heilhola peiskrakkar.

Så vidt vi veit, var åren einaste eldstaden i stovene her i landet gjennom fleire hundre år. Åren gav lys og varme til stova, og der kokte dei maten sin. Ingen kalla stova ei årestove, for åren var i alle stover frå kongehall til fattigmanns hytte. Hå kongar og hovdingar var stova eller hallen langstrakt, og her gjorde dei også åren lang, (langelden).

Då jarnøksa kom i bruk, vart det etter kvart betre hus. Dei hogg stokkar i skogen og kløyvde dei til tømmer og bord. Veggene bygde

dei opp av kløyvingar på kant, med eit lag sprengjemose mellom dei. Taket var dekt med fjøler, never og torv. Huset vart tett. Røyk og gove frå åren gjorde det utriveleg i stova. Så laga dei eit røykhol i taket. Samstundes som vi møter tømmerstova med åre, finn vi ljoren. Han er skoren ut i taket, gjerne litt på skrå over åren, så det ikkje regnde eller snøa på elden. Ein karm overtrekt med ei dyrehinne, skjåen eller skjolet, kunne flyttast frå eller leggjast over ljoreholet med skjåstonga. Men røyken var det vanskeleg å bli kvitt dersom det ikkje var trekk i stova. Medan elden brann på åren, måtte ljoren vere open og døra stå på gløtt, og det gjorde at det alltid var trekk i ei årestove om dagen.

Vinterstid og elles når det var kaldt, måtte ein fyre jamt, for varmen frå åren var mest berre strålevarme. Det trongst såleis mykje brennefang til han, helst slikt som loga. Der det var lite om brennefang, vart difor åren skift ut med andre, meir brennesparande eldstader

Årestova var i bruk i lange tider, og det finst enno ei og onnor att av dei, helst på musea. Dei er frå 1200—1500-talet. I Sykkylven finst det inga årestove att. Røykstova tok etter kvart plassen etter årestova, og i staden for åren fekk vi grua eller peisen.

Kove	D	I årestova samla huslyden seg kring åren som var einaste varmekjelda i huset. Før kola kom i bruk, brukte dei brennande tyrispikar til å lyse opp med. Men elles var det ljøsken frå åreelden som lyste opp i stova. I den blafrande ljøsken sat dei gamle med arbeidet sitt dei lange vintertkveldane. Bestefar og
	H Langbord	

Plan av årestove
 å = åren, l.b. =
 langbord,

bestemor fortalde segner og eventyr, og borna sat og lydde, til dei tykte det levde i kvar ei krå. Når så husbonden kom heim frå veiding, fiske eller strid og fortalde om opplevingane sine, då stråla barneaugo mot han i stor undring. Då

drøymde ung-guten om den tid då han sjølv skulle bli vaksen og gjere manns verk. Men alt før sogene tok ende, dala åre-elden smått om senn, og det vart skymt i årestova. Alt arbeid vart lagt vekk. Borna vart ottefulle for mørkret. Dei vart sveipt inn i varme saueskinnpelsar og lagde på briskane der dei sovna inn. Alle gluggar vart stengde. Det vart sett slå for utedøra av otte for fiendsmenn, og så gjekk alle til ro i den lune, mørke stova der dei raude glør "vart kara saman på åren og dekt over med oske. Det var om å gjere at elden ikkje gjekk ut om natta. Gjorde han det, måtte dei slå eld om morgonen med flint og knusk, eller dei måtte springe til grannen etter eld, og det kunne ofte vere lang veg.

RØYKSTOVA

Røykomnen. Kva tid åren vart ombytt med røykomn på Sunnmøre, veit ein ikkje visst. Ombyttet gjekk vel føre seg gjennom fleire mannsaldrar. Truleg har åren vore i bruk i skogrike strok til fram mot 1600-talet.

Åren hadde ein stor føremon framfor den vedsparande røykomnen: Åreelden gav arbeidslys. Men ute ved havkanten var lysspørsmålet lett å løyse. Dei hadde lyse (tran), og kola hadde vore i bruk heilt frå steinalderen. Røykomnen var oppmura av gråstein med eit ileggsrom eller eldrom midt i. Når dei fyrte i dette eldromet, vart steinane og heile omnen opphita, og kunne halde seg varm fleire timar etter at elden var slokna. Varmen stråla då ut i stova og heldt ho varm.

Overgangen frå årestove til røykstove gjekk ikkje føre seg i ei snøggvending. Nei, det gjekk smått i senn gjennom lenger tid. Det var nok røyken og mørkret som var noko av det verste i årestovene. Når alle skulle halde til i same romet både med arbeidet, matstjorna og tørking av våte klede, og der tilmed var mykje røyk og lite lys, så seier det seg sjølv at det vart ikkje alltid så triveleg.

Det er såleis rimeleg at dei, etter kvart som dei gamle årestovene kom i forfall, bygde seg større og romslegare hus på gardane. Litt etter kvart kom så røykstova i staden for årestova på kvar manns gard. Det som særleg skil desse to hustypene, er at røykstova har grue eller peis i staden for open åre. Frå grua eller peisen gjekk røyken opp gjennom skorsteinen som rakk litt opp over hustaket.

På den måten slapp dei få røyken inn i stova, så lufta vart reinare. Grua var mura av gråstein med leir som binde-emne. Ho stod i eine hyrna av stova, og gruefoten var oppmura på lag ei knehøgde eller vel så det. Storleiken kunne vere så ymis, men det var ikkje uvanleg at grua var 80 cm. brei og 120 cm. lang. Midt i grua, der eldstaden var, låg det som regel ei stor flat helle av gråstein, (gruesteinen). Skorsteinen kvilde på mantelen, (to treåsar som låg i vinkel mot einannan) med ei støtte av tre eller jarn under vinkelspissen (mantelstonga). Randåsen var ei jarnstong som var fastmura med båe endane i skorsteinen på langs over grua og to alner over eldstaden. På randåsen hang skjerdingsane, (som regel 2). I dei hang kokekjeralda. Skjerdingsane var to jarnstenger som låg jamsides, den eine med hakk og den andre med hald i. Med hjelp av desse kunne dei stillast høgt eller lågt etter ynske, etter som dei brukte små eller store kokekjerald. Somme hadde også eit spjeld i skorsteinen over randåsen. Med dette spjeldet, (ei jarnplate) kunne dei då stengje att skorsteinen om kvelden når dei hadde koka det dei ville. Då drog ikkje skorsteinen varmen ut, og det vart lunare i stova.

Av innbu i røykstova var det eit langbord med faste benker kring og høgsete ved øvste bordenden. Frå høgsetet hadde husbonden oversyn over heile stova. Så var det ei eller to senger ved tverrveggen. Ved sida av stova var det som regel eit kammers eller ein kove, som også vart nytta til soverom. I den andre enden av huset var det ei open sval med dør inn i stova. Det var oftast eitt eller to små glas i langveggen. Når det var uver eller kulde, hadde dei ei luke som dei drog opp for glaset med eit tau gjennom veggen. Då var det lunt og godt i stova om det ruska ute.

RØYKOMNSTOVA

Kring 1850 reiste den kjende folkelivsgranskaren Eilert Sundt rundt i landet. Om Sunnmøre skriv han m. a.: «Indtil for 100 Aar siden, (ja, i flere Bygder indtil i Mands Minde) har hele Bergens Stifts Landdistrikter været bebygget med Røgovnsstuer fra Fjeld til Fjære, fra de inderste Bygder og højeste Fjeldgaarde til de ydderste Udøer.----- Fra Haram reiste jeg indover gjennem Borgund og

Skoue Præstegjeld, og jeg mindes ikke at jeg saa eller hørte noget til Røgovnsstuer før jeg kom til Søkelvens sogn paa Sydsiden av Storfjorden. Men her fandt jeg da den gamle Skik næsten ubeskaaret. Paa den store gaard Aure, omkring Kirken, var der 8 Bønder, og alle bodde de i Røgovnsstuer. Disse Stuer var ikke aldeles simple. Paa en nær havde hver av dem Klave (Kove) eller et Langkammer, og 6 av 8 Stuer havde derhos en tilbygget Kakkelovnsstue. -Og omtrent saa fandt jeg det ogsaa paa andre Gaarder, og kjendte Mænd sagde .mig at i hele Kirkesognet var der kun 6 Gaardbrugere samt nogle faa Husmænd som ikke bodde i Røgovnsstuer».

Til vanleg elda dei 2 gonger om dagen. Under oppfyringa måtte ljoren stå open og døra på gløtt, slik som i årestova, men når det ikkje rauk lenger frå omnen, la dei ljoren på, let att døra og kara glørne. Det er greitt at røykomnen var ein vedsparar jamført med åren som det gjerne brann på heile dagen.

Også røykomnen minner oss om dei magiske religiøse tankar fedrane våre hadde i samband med huselden. Den omnssida som ikkje stødde seg til veggen, var kledd med tjukke bord. Denne kledninga kalla dei omnsbolken. Fremste fjøla i omnsbolken var lenger enn hine og utskoren i øvre enden. Henne kalla dei omnskallen og den utskorne enden kallaue. Omnskallen skulle vakte over huselden.

Eilert Sundt kalla kyststripa frå Jæren til ytre Nordmøre for «Røgovnens Rige», medan peis og åre var det vanlege i andre landsluter, bortsett frå Nord-Noreg, der røykomnen truleg var rådande.

Kring 1700 — eller litt seinare — får vi høyre om eit eige kokerom som dei kalla kjøken. Namnet er visst tysk, og truleg er skikken med å byggje og innreie eige kjøken kome til oss over Danmark. I dette kjøkenet mura dei ein skorstein. Med det meiner vi ein eldstad med grue, røykfang og pipe. Lenge før 1700 var støypte malmomnar komne i bruk i Tyskland og Danmark. Den eldste av desse er bileggjaromnen som Strøm kallar «Bageovn». Bileggjaren er open i den eine enden, og denne «omnsmunnen» er stukken gjennom veggen frå stova til grua i kjøkenet. Her vart han mata med glør og brensel. Røyken kom inn att i grua og for opp gjennom pipa. Bileggjaren var i bruk på Sunnmøre i førstninga av 18-hundreåret. Strøm seier (1750): «Dermed er de Stuer som foruden

Vinduer har Loft og en Bageovn av Jern eller Graasten **mere rare** (sjeldne), og sees kun hist og her blandt velholdne Bønder».

KOKEOMNEN

Hans Strøm skriv kring 1750 at «velholdne Bønder havde Kakkellovnsstue med Loft», og at «disse Stuer vilde ganske vist blive mere almindelige om de ikke holdt sig altfor fugtige». Det er truleg at bileggjaren vart utbytt med kokeomn i slutten av det 18. hundreåret. Eilert Sundt (1850) fortel at kokeomnen ofte var årsak til rivningar mellom mann og kone. Kona ville koke inne, men mannen ville ho skulle koke på grua ute, slik som dei hadde gjort før. Det var gova som var lei. Ho fylte romet, la seg på loft og vegger og gjorde stova rå og utriveleg.

Ut gjennom første halvta av det 19. hundreåret vart kokeomnen vanleg i stovene. Sundt skriv: — «Men i den senere 10—15 Aar er Kogeovnen blevet meget utbredt i Bergens Stift».

Trass i vanskane var kokeomnen ei stor lette, særleg for husmora. Han trong mindre ved, kokte forare, og så slapp ho å stå i eit kaldt, tøkkfult kjøken eller eldhus vinters dag.


I det 20. hundreåret har utviklinga gått fram med stormsteg på alle felt. Omnstypene vart fleire og betre etter som åra gjekk. Det kom omnar og komfyrar for ved, kol og koks, og rundbrennarar som kunne regulerast så dei heldt varmen gjennom heile natta når ein fyrte om kvelden. Dersom ein tek for seg å samanlikne ein av dei nyaste omnstypene med åren eller peisen, som forfedrane våre brukte, vil ein finne at det ligg ei lang og mødesam utvikling imellom. Likevel er det mange som enno i vår tid murar ein peis i storstova si. Der kveikjer dei eld dei mørke haust- og vinterkveldane og sit og drøymmer seg vekk med dei stirer inn i peiselden.

Slik sat dei gamle kring åren og peisen. Bestefar og bestemor fortalde segner og eventyr til born og borneborn, eller og soger om slike som øvde storverk og dåd i krig og fred. Alt var med og forma vilje og karakter hjå dei unge og mana dei til dåd.

I slike stunder ved åreelden er det som tida kverv bort med alt som ligg imellom, og fortid og notid smeltar saman. For gjennom alle skiftande tider er den heimlege åreelden den same. Han lyser og vermer og skapar fred og heimehygge no som før.

GAMLE HUS I SYKKYLVEN

Det er ikkje mange att no av røykstovene i Sykkylven. Berre 4—5 stykke. Berre for eit par mannsaldrar sia var det røykstove på kvar manns gard. Det kan vere av interesse å sjå korleis ei typisk røykstove var bygd. Hans Jørn Fauske fortel om gamlestova i Hansgarden på Fauske. Ho vart riven i 1859. I vestre enden var ei open svsjl, og frå den førde ei brei dør inn i storstova. På venstre sida åt døra var grua, og på høgre langbordet med benker og høgsete. I dei to andre hyrna var det senger. På stoveveggen mellom sengene var det ei dør inn til kammerset. Der var det også senger og bord. I austre enden av stova var det eit vedskur.




Plan av gamlestova på Fauske. G = grue, S = seng, H = høgsete, I b

= langbord

Mas-stova. (Matstova) var eit særskilt hus i dei gamle bondetuna. Somme kalla det for bryggjarhuset, venteleg fordi dei brukte å bryggje der. Mas-stova stod eit stykke frå dei andre husa, kanskje for eldsfaren. Dei var vel bygde på ymis vis, men sams for alle var at dei hadde stor grue og maltomn til å tørke malt i. Dessutan var der eit rom til å bake i. Der sat kvinnfolka og baka flatbrød, ofte veka til endes om hausten. For flatbrød av havremjøl var vissaste maten. Det åt dei kvar einaste dag, både to og tre gonger, og det var god og helsesam mat.

Den siste mas-stova som vart riven, var i Styrkågarden på Vik, (riven 1945). Ho stod litt nedafor vegen, vest for gamlestova som stod til 1948. Mange mas-stover var bygde av gråstein, (tørrmur).

Berre mellomveggene og bjørhada var av plankar.



Plan av mas-stove. Sv. — sval. V. = vedskur. Mo. = maltomn. G. <ii i"

TUNSKIPNAD

Det har vore mange einbølte gardar i bygda frå gamal tid. Fleire av

desse var heller store gardar etter tilhøva her. Dei hadde store vidder

udyrka jord, både på heimebøen og i utslåttane, og alt dette skulle slåast. Difor måtte dei ha god hjelp om sommaren. 3—4 vaksne karar og like mange kvinner var ikkje uvanleg på største gardane. Somme hadde ein eller to husmenn med husmannsplassar under garden. Husmennene hadde då som oftast pliktarbeid på hovudbruket

eit visst dagetal vår, sommar og haust, og betalte på den måten landskylda. Husmennene var leiglendingar (bygdslemenn) under hovudbruket, og husa deira stod som regel eit stykke frå hovudbruket,

så dette vart einbølt. Tunskipnaden på desse gardane var nok så ymis.

Det var ingen fast regel for korleis eit tun skulle vere, men likevel

var det mykje vanleg at husa stod kring eit ope tun, såleis at ein

frå vindauga i stova hadde utsyn over heile tunet. Det var oftast mange hus på garden. Setestove, fjøs, løe, eldhus, stabbur, mas-stove og smie var det mest vanlege. Smia og eldhuset stod noko

frå dei andre husa for eldsfaren. På somme gardar stod det eit stort, gammalt tre, bjørk eller alm.

Tuntreet. Den som først bygde garden, planta tuntreet der, og det var heilag. Det skulle vurdslast og vernast om, og ingen måtte skade det på nokor vis. Der stod tuntreet mann etter mann og fortalde gardssoga på sin måte. Mange trudde at gardvorden (han som først bygde garden), budde under tuntreet, og i heiden tid bar dei julemat og øl ut under treet julaftan, så gardvorden kunne få mette seg. Det galdt om å halde han i godlag, så han sytte for godt år og at alt g^ekk vel på garden. (Dette var den gamle fedredyrkinga).

Men sjølv eit tuntre lever ikkje æveleg. Når det omsider vart falleferdig av elde eller vart øydelagt av stormen, var det husbonden si plikt å plante eit nytt tuntre, helst på same staden. Det skulle då ta plassen etter det gamle og halde tradisjonen ved like på garden, liksom sonen tok plassen etter faren, ættled etter ættled, og heldt ætta ved like.

Tuntreet vart på denne måten eit levande bindeledd mellom ættledane og det samlande midpunkt for heile huslyden, som ofte samla seg under den lauvrike krona til hugnad og hygge. I uver og storm var det livd under tuntreet, og når sola steikte i sommarvarmen, var det sval skugge under krona. Ivar Aasen har gitt eit vakkert og varande bilete av tuntreet i det kjende verset:

*«Der var dalar og lider nog, der lur og bjøllor klungo,
der var rustar og fager skog, der tusund fuglar sungo,
tett ved stova stod ei bjørk so breid, der hadde skjorene sitt gamle reid,
staren song i kvar ein topp som beid, og erlor i tunet sprungo».*

Slike breie bjørker stod det på så mangt eit tun frå gamalt. Der song fuglane sine fagreste tonar om vår og sommar. Der bygde dei sine reir, og dit trådde dei attende om våren etter den lange vinterferda si til varmare jordstrøk. Dei høyrde heimen og tuntreet til og skapte glede kring seg medan ættled etter ættled treivst og unte vel på den gamle garden.


Tunet kallar ein den opne plassen mellom husa på garden. Husa vert såleis ei ramme kringom tunet, og avgrensar dette. Tunet kan vere oppe og romsleg eller trengt og innestengt, alt etter som husa står til kvarandre. Frv gamalt var dei fleste gardane mangmente, d. v. s. at fleire gardsbruk hadde husa sine ståande i klyngje nær inntil kvarandre. Det vart liksom små landsbyar med hus ved hus, ofte bygde på slump, utan nokon fast plan. Det seier seg sjølv at

tunskipnaden vart trongrømd på denne måten. Husa og tunet til det eine bruket trengde seg liksom inn på dei andre utan orden og plan, så det heile vart meir ihopfløkt enn vel var. Ofte var det uråd for ein framand å vite kva hus det var som høyrde til same bruket, fordi husa stod om kvarandre. Tuna til dei einskilde bruka vart også på denne måten tronge og utan regelrett form eller plan. Gjødseldungar og søppelhaugar låg rundt om husveggene og gjorde det ureinsleg og ukoseleg. Men folket levde seg inn i desse tilhøva på dei mangmente gardane og fann seg vel tilrette.

Det var nok ymse grunnar for at dei bygde desse gardane såleis i klyngje. Som oftast låg dei på ei høgd eller ein haug med godt utsyn til alle kantar. Då kunne dei sjå farande folk på fråstand, longe før dei kom til gards. Og hadde dei mistanke om at det var fiendar som kom, kunne dei lettare varsle dei andre på garden, så dei kunne møte fienden i fylking.

Folk flest er selskapskjære og likar å røde saman. Når husa låg så nær kvarandre, var det lett for grannane å finnast. Dei gjekk så å seie om kvarandre kvar dag og snakkast ved om alt mellom himmel og jord. Ofte snakka dei til kvarandre frå hus til hus, gjennom det opne glasnet eller frå dørhella, og dei levde seg saman til eit lite grannesamfunn. Oftast var det godt grannelag. Når nokon vart råka av motgang eller sorg, var grannane straks ferdige å hjelpe og trøyste den det råka. Og slik hjelp og trøyst i nauda vart ikkje så snart gløymd av den som fekk hjelpa. Og så snart høvet baud seg, var dei snare å gi attergjeld. Som dei heldt saman i nauda og sorga, heldt dei også saman i gleda. I helg og høgtid og når det var familiefestar, baud dei grannane til seg og gledde seg saman med dei. Alt dette styrkte det gode grannelaget.

Borna som voks opp i desse grendene og leika saman frå dei første barneåra, lærde kvarandre å kjenne på ein særskild' måte liksom sysken i ein huslyd. Difor vart dei også ofte vener for heile livet. Desse tettbølte gardane vart såleis eit lite grannesamfunn for seg sjølv. Og om det var mange veiler ved denne skipnaden, slik som før er nemnt, så var det også mange føremoner som dei hadde framom dei einbølte gardane. Kva som veg tyngst av desse, kan det vere skilde meiningar om. Nok er det at denne skipnaden med tettbølte gardar har halde seg frå dei utgamle dagar, og endå finst han på nokre gardar i bygda vår.



Grebstadgarden (Greipstad) vart ikring 1850-åra bygd langsmed vegen som typisk rekkjetun. Det var 8 gardsbruk med i alt 21 hus. Gardsvegen var det naturlege bindeledd mellom tuna. Dessutan var trøa og geila samlingsplassen for buskapane. Det var steingard på kvar side åt geila, så buskapen ikkje skulle spreie seg og gå inn på dyrkamarka, når dei skulle frå eller til beitet. Budeiene møttest då morgon og kveld etter mjølkestellet og jaga dyra dit dei skulle. Sommarfjøsa nytta dei jamt om vår og haust, før og etter seterferda. Det var for stor vågnad å ha dyra gåande ute om natta, då det var udyr i markene, (bjørn og skrub). Difor let dei dyra inn.

Grebstadgarden har vakse storveges på hundre år. Han har no (1960) over 60 bruksnr. og er såleis den største garden i bygda. Mange av dei gamle gardane, som hadde stort areal, har vorte oppdelte til fleire små bruk og mindre parsellar med hus og heimar. Det er støttebruk, og eigarane driv eitt eller anna yrke som hovudnæring, så gardsbruket vert helst som ein hobby.


Men sjølv om jordbruk ikkje er hovudnæring for slike, så er det likevel triveleg å ha eit jordstykke å stelle med i fristundene. Der kan dei dyrke grønsaker, poteter, bær og frukt til eige bruk, og somtid også litt til sal. Det vert romslegare og helsugare levemåte, og dei vert på den måten knytte til jorda med sterkare band enn elles.

Slik har utviklinga gått på mange gardar i bygda, særleg dei siste 20—30-åra, etter at industrien fekk vind i segla. Ein slik kombinasjon mellom jordbruk og industri har mange føremoner, men også sine skuggesider. Det blir gjerne til det at kona og borna må drive bruket, når mannen går på fabrikk året rundt. Då vil ofte ymse ting på garden bli forsømt, når husbonden skal dele opp arbeidstida si mellom fabrikk og garden. Og det blir eit jag alltid. Men kombinasjonen er der, og må nyttast ut på beste måten til bate for arbeidslivet og levemåten til bygdefolket.

Den gamle Aurdalsgarden, gnr. 11, var ein liten landsby med husa i open klyngje, som kartet syner. Det er typisk at gardsvegen går midt gjennom husklyngja, så alle lettvindt kan kome til vegen. Det er i alt 7 gardsbruk med tilsaman 23 hus.


Brunnen til venstre var djup og vart nytta av mange, kanskje av heile garden, då det elles var vanskeleg om vatn på garden. Vatnet måtte sjølvstekt berast til stove og fjøs, og ved brunnen møttest då

Garden Aurdal.
Tunskipnad 1850.



gardsfolka tidt og ofte og svalla om laust og fast. Brunnen vart på den måten eit samlande midtpunkt og var med og knytte gardsfolket saman, meddi dei «drakk av same kjelda». Likeeins var det på fleire andre gardar i eldre tid. Geila og markvegen, som førde til utmarka, var sams for heile garden, og når buskapane vart jaga opp og ned gjennom geila, hjelptest gardsfolket å samle eller skilje dei åt, og då var det ofte livleg i tuna og i geila.

Frå det opne glaset eller frå dørhella snakka dei til kvarandre frå hus til hus, og elles lydte dei innom til kvarandre tidt og ofte, særleg dersom nokon var sjuk eller trong hjelp. Då stod dei alltid ferdige til å rette ei hjelpande hand, sjølv om eitt og anna kunne knirke i mellomtida.



Gamal tunskipnad på garden Straume. Gnr. 24 i Sykkylven. Typisk døme på mangment, tettbølt gard der husa står

i ei tett klyngje. (4 bruk). Denne tunskipnaden er frå 1800-talet, og alle desse husa er lange vekk.

Dei prikk linene syner i store drag korleis stovehusa var inndelte. Som regel var det ein forgang (døra dei kalla), og ei stor røykstove med kove eller kammers ved sida. I andre enden av huset var det som regel eit vedskyle, der veden vart innhogd. Husa var bygde så nær kvarandre at ein såvidt kunne gå mellom dei. Legg merke til nr. 13, som er eit av dei nyaste husa, kor det er klint inn mellom dei andre husa.

Geila som fører til utmarka, er lagd slik at ho er lett å kome til frå fjøsa utan å kome inn på dei tronge stovetuna (indretun). Som ein ser, går bygdevegen gjennom garden, tett inntil husa. Når folk frå andre gardar eller grender var ute og gjekk eller køyrde, måtte dei stanse og slå av ein prat med gardsfolka på dørhella eller i stoveglaset. Var det slektfolk eller nære kjenningar som kom, måtte dei plent stogge. Dei vart då innbedne, og matmora bar på bordet av den beste mat som huset hadde: dravle med hellekake og klining (lefse) med smør og mysebrøm eller søst. Og høvde det slik, vanka det gjerne ei «åfallringje» (surmjølkringje med tjukk rjome på). Og så gjekk praten om folk og fe, om slekt, grannar og kjenningar, og ikkje å gløyme om ver og vind og elles alt som føre fall.

Tett nedafor vegen stod tuntreet (nr. 17), ei svær bjørk som truleg var sams tuntre for heile Straumsgarden.

HUSBUNAD OG KLEDEBUNAD

Husbunad

Det gamle naturalhushaldet var i eitt og alt innstilt på sjølvberging. Den gamle bondegården var ei sjølvstendig eining, der store og små hjelpstest åt med å produsere og foredle det som naturen gav dei, og nytte det ut på beste måten til gagn og glede for heile huslyden.

Vi har sett at husa var enkle og praktiske, og det same var husbunaden. Det høyrde husbonden til å lage det som trongst av husbunad. Skog hadde dei fleste gardar nok av, og der fann dei det som trongst av vyrke. Emningsved kalla dei det, og når husbonden gjekk til skogs for å sjå seg ut emningsved, hadde han augo med

seg. Skulle han ha seg eit langbord i stova, såg han seg ut den digraste fura han fann, saga og hogde og køyrde til gards. Hadde han oppgangs-sag, sytte han for å få den svære stokken kløyvd der. Før oppgangs-sagene kom i bruk, måtte stökkane kløyvast med bleggar, og det var eit vanskeleg arbeid. Med mykje arbeid og strev fekk han endeleg ei bordplate, 4—5 tommar tjukk og 4—5 alner lang. Han øksa av overflata og fekk den i plan, pussa så av etterpå med ei kvass skrape (høvlar var endå ikkje kome i bruk), og så var langbordet ferdig. Det stod berre att å lage føter under det. Slike langbord var ofte av berre e i n planke, 24—30 tommar brei. Det var så tungt at to sterke menn hadde si fulle hyre med å bere det. Men det tolde ein støyt utan å ta skade, og det varde gjerne mann etter mann.

Langbenkene til stova vart laga om lag på same måten som langbordet, men desse plankane var noko tynnare, kring 2 tommar, og 8 tommar breie. Ein eller to kubbestolar høyrde til. Dei vart laga og uthola av ein tjukk kubbe på 14—16 tommar, med høveleg runding for ryggen. Kubbestolane hadde helst plassen sin ved åren eller peisen. Der skulle framandfolk setje seg når dei kom til gards, trøytt og frosne og ofte svoltne og. Når dei så hadde varma seg, vart dei bedne til bords og fekk mette seg av den vanlege kvardagskosten, anten åleine eller saman med husfolket. Var det ferdafolk som skulle overnatte, reidde husmora opp seng på langbordet, der dei fekk sove om natta.

Senga som husbondsfolket låg i, vart også laga av husbonden sjølv. Her gjorde han seg meir føre med snitt og skurd, og hadde han litt av kunstnargivnaden i seg, vart det gjerne noko enkel treskurd etter eit mønster han sjølv hadde funne på. Vogga hadde plassen sin framfor senga, så mor kunne nå i å rugge om natta, når veslebarnet gret. Vogga skulle vere særleg vakker og prydd med treskurd.

Over høgsetet vart fest ei enkel bokhylle i kråa, (kråskap) der Bibelen, andaktsboka og salmeboka hadde plassen sin. Og dei vart brukte både tidt og ofte under husandakt og elles i helg og høgtid. Stort fleire bøker var det heller ikkje i mange heimar, og heller ikkje stort meir husbunad. Det var enkelt, ekte og heimelaga, og difor kjært.

Kledebunad

Som husbonden sette si ære i å lage all husbunaden sjølv, så sette husmora si ære i å lage alle klede til seg sjølv og huslyden. Og det var mykje som fylgde på. Det var både seng- og gangklede som måtte til, og når barneflokket voks til 10—12 og kanskje meir, var det ikkje alltid greitt å vere husmor og mor for alle. Men morshjarta har eit rom åt alle. Ingen skulle fryse eller lide vondt på noko vis.

Sauene skulle klippast haust og vår, ulla kardast og spinnast, vevstolen skulle setjast opp i eit hyrne av stova og rennebommen midt på golvet. Så skulle tråden rennast og veven setjast opp og vevast. Det var vadsmål til karaklede og einskjefte til kvinnfolk-klede, dessutan var det kvitlar og fleirfarga sengkleda, stundom flamma og rosa med ei fargebragd som sjølve regnbogen. Her fekk husmora utløyssing for sin fargesans og sin kunstnargivnad. Her vov ho inn sine ungdomsdraumar, sin ungdoms elsk, sine voner og sine vonbrot, sorger og gleder. Alt fekk liksom form, farge og liv under dei onnuge og hage hendene hennar.

Først var ho om morgonen, og om kvelden etter ho hadde fått alle til sengers, tok ho gjerne ei ykt attpå ved rokken eller veven før ho seint omsider gjekk til ro. Men først måtte ho sjå til at alle hadde det varmt og godt. Trøytt og sliten, men glad og lukkeleg gjekk ho til sengers med ei still bøn til Gud for seg og alle sine.

Dagen kom att med nye krav og nye offer. Tyet i veven skulle bli klede. Ho laga mønster, mælte, klippte og sydde til store og små. Etter kvart kleda vart ferdige, vart dei tekne i bruk berre til helg og høgtid. Til jul skulle alle i huslyden få seg noko nytt, og då var det glede og jubel, med takk til mor som var så flink og så snill. Og når ho fekk seg ein god klem av veslegjenta eller -guten sin, tykte ho det var meir enn løn nok for alt strevet ho hadde hatt.

Sengkleda hengde ho på stabburet etter kvart dei vart ferdige. Der hang alle rosasengene i rad "og rekkje, kvar på sin tein. Når slektfolk eller grannekoner kom på vitjing, måtte dei bli med på stabburet og sjå alt der var. Dei gjekk langs rada av alle sengkleda, husmora føre og gjestene etter. Dei breidde til sides for betre å sjå, slo hendene saman i undring og vellæte over alt det vakre ho hadde laga. Still og smått blyg gjekk ho der og såg og høyrde. Det var ikkje stort å snakke om, sa ho, men inst inne kjende ho seg så varm

og lukkeleg. Ho var mor og husmor og visste med seg sjølv at ho hadde prøvt å fylle denne plassen sin etter beste evne. Ho var takksam mot Gud og menneske.

Husbonden sytte sjølv for sko til seg og alle sine. Leret var heimebarka og velstelt. Lestane laga han sjølv etter mål av foten som skulle ha skoen på. Så sat han og sauma sko om vinterkveldane og elles når det var ruskever og lite verande ute. Og når så skorne var ferdige og kom på foten, var gleda stor hjå den som fekk dei på. Var det attpå alt noko «knirk» i dei, var det reint storveges til stas.

HUSHALDET

Naturen er rik på gode gåver åt menneskja. Men desse gåvene får ein sjeldan eller aldri heilt gratis. Det må arbeidast for å vinne dei. Livet på ein bondegard er såleis eit liv i arbeid for å løyse og ale fram dei gåver som naturen har å by på.

Det- gamle naturalhushaldet var bygt på desse gåver frå naturen. Dei levde av det dei avla på garden, og dei levde vel så lenge det var nok til alle munnar. Men stundom kunne det knipe med det, særleg når det kom frost og uår. Då grein den nakne nauda inn til huslyden.

Naturalhushaldet var på ein særleg måte knytt til jorda og verlaget, til sol og regn, ja, til skaparkreftene i naturen. Difor fylgde det ei andaktsfylt spaning med det. Odelsbonden på sin gard var sjølstendig, men likevel avhengig av høgare makter som han ikkje rådde med. I denne si dobbeltstilling vart han ein rakrygga og fri mann, men på same tid smålåten, audmjuk og takksam mot Gud og menneske. Det er dette som er grunnlaget for ein sterk og heilrend karaktervokster. Skal tru om ikkje dette er ein grunn til at det mellom forfedrane våre var så mange heilstøypte karakterar?

Det var først og fremst kornet som var livberginga i det gamle hushaldet. Og kornet det var «gudslånet» — det dei fekk låne av Gud til å livberge seg med. Men eit lån skal betalast attende i si tid. Og gudslånet skulle betalast attende når det vart omsett til liv — lekamleg og åndeleg liv i arbeid og gudsfrykt, i takk og tru. Det er såleis heilt naturleg at korndyrkinga vart sett på som eit heilagt yrke, som det fylgde vyrdnad og age med.



Løvollgardane sett frå Løset

Kvar vår når husbonden gjekk ut på åkeren for å så kornet, tok han først huva av seg, stod ei stund i still andakt og bøn om Guds signing over sædet og grøda. Så tok han til å så sædet ut.

Det ligg stor livsvisdom og rik kristen røynsle bak desse former og skikkar, som gjekk i arv frå far til son gjennom hundretals år. Skulle ikkje dei unge slekter i vår tid ha noko verkeleg stort og verdfullt å lære av dei gamle nettopp her? No vert tempoet så oppjaga og folk så rastlause at dei knapt gir seg tid til å sjå mot himmelen, og endå mindre ofre ein tanke på dei guddommelege livslover som rår både i naturen og i folkelivet. På denne måten vert livet berre teknikk og mekanikk utan ånd og liv og utan inspirasjon.

Fedrane våre hadde syn for det guddommelege i skaparverket, og dei hadde age for dei guddommelege lover som rår i alt dette. Dei hadde sikkert også ei kjensle av at dei var sett inn i ein større samanheng og hadde som bønder og jorddyrkarar ei sær stor og viktig oppgåve å løyse: gjennom sitt arbeid å skaffe mat til folk og fe, og på den måten gå Skaparen til hande og tene livet på jorda.

Krinslaupet i naturen hadde dei nok også ei aning om, endå dei visste ikkje så mykje om dette som vi i vår tid. Og det er mykje forvitneleg å tenkje på.

Vi kan ta til med såmannen som gjekk ut ein vårdag og sådde kornet. Faktorane er her: Såmannen, kornet, åkerjorda med sine næringsemne, Skaparen som sender sol og regn, og som gir såkornet spireevne og kraft. Eit intimt samarbeid mellom desse faktorane gir som resultat: Spirande korn som veks og mognar til fullmogen grøde. Såmannen går ut ein haustdag og skjær åkeren. Kornet vert tørka og treskt, reinsa og male til mjøl. Mjølet vert nytta til mat åt folk og fe. Borna veks og trivst, dei vaksne samlar styrke til ny arbeidsinnsats. Det som går til kua, vert til kjøt og mjølk, til sauene kjøt og ull, til grisen flesk, til høna egg o. s. b. Alle desse produkta nyttar så bonden i hushaldet sitt saman med mjølet, og alt dette gir honom og huslyden hans trivnad og vokster og ny arbeidskraft. Denne arbeidskrafta nyttar dei så i ny og auka produksjon. Når næringsemna har gått over i organismen, går avfallet -attende til jorda og går inn att i krinslaupet som før. Men den som organiserer det heile og legg vilkåra til rette for livet på bondegården, det er bonden sjølv og huslyden hans. På denne måten vart dei i naturallushaldet på ein særskild måte bundne til jorda og garden. Det var livet for dei. Var det godt år, levde dei sutlaust og godt, vart det uår, kunne det bli svolt og naud.

Men dette hadde lært dei å vere føre var. I dei gode åra samla dei mat, som skulle kome vel med når det vart misvokster og uår. Og opplagsbua, det var stabburet. Der lagra dei korn og mjøl, spekekjøt og flesk, fisk og sild og mange andre slag varer dei hadde bruk for. Av såkorn skulle dei også ha års førefar, for dei tilfelle at kornet ikkje vart moge, så hadde dei såkorn liggjande frå året før. Dette var fast regel på alle gardar der det var ein'husbond med ansvar for seg og sine. Og når dei såleis hadde stabburet fullt av matvarer av ymse slag, då sat dei trygge og sjølvhjelpete på odelsgardane sine og trong ikkje å krype for nokon. Men stod stabburet tomt når uåret kom på dei, då var han «Smalhans» vissaste gjesten, og born og vaksne leid naud. Då var det å ta tiggargstaven og gå frå mann til mann og tigge, men det var rekna for ei skam når husbonden sjølv var skuld i stakkarsdommen fordi han hadde forsømt å leggje opp forråd av mat i dei gode år.

Stabburet var bygt på stolpar og var vel føre seg gjort, så rotter eller mus ikkje skulle kome seg inn. Når alt var som det skulle, hang der lange rader av spekekjøt og røykaskinke og mor (spekepølse), store setningar av flatbrød og lefse stod oppstabla langs veggene, og korn og mjøl var lagra i svære kasser eller kornbører. Stabbura var tørre og luftige, så matvarene ikkje skulle mugne eller ta skade på annan måte.

Husmora var den sentrale person i hushaldet, for det var ho som hadde den viktige oppgåva å stå føre matstellet og etle ut maten til folk og fe. Av tenestfolka vart ho ofte kalla «matmor», som peikar nett på det same. Ei god matmor skulle både stelle maten vel og etle han ut så det vart nok åt alle. Men det var ikkje alltid så greitt dersom det var lite på stabburet og flokken som skulle ha mat, var heller stor. Då var matmora ofte i beit.

Gjorde ho skilnad på sjøvefolket og tenarane, så dei siste fekk mindre enn hine, fekk ho eit ringt ord på seg som matmor. Ho var ei «knipelus» sa dei då, men etla ho ut likt til alle, var ho ei grepa god matmor.

Ei matmor hadde mykje å stå i. Var først maten komen på stabburet, var det ho som måtte ta heile ansvaret for at det rakk til åt huslyden. Så snart mannen hadde male kornet om hausten, og bore mjølsekkene på stabburet, var det bakstesjau. Husmora fekk ei eller fleire av grannekonene med seg til å bake flatbrød. Som oftast var det berre av havremjøl. Dei baka dag etter dag, stundom heile veka til endes. Etter kvart brødet vart steikt, bar dei det på stabburet, og stoplane voks så det var ei lyst å sjå. Til høgtid og gilde baka dei lefse som dei snika med lefsesnik. Dei vart stabla opp for seg sjølv, og skulle ikkje brukast til kvardagsmat. Det vart sjeldan brukt annan brødmate enn havrebrød, og stundom lefse til helgamat. Til sul brukte dei spekeflesk. Smør var lenge ei sjeldan og dyr vare, då det var mykje brukt til å betale skatt og landskyld med. Mjølke høyrde til det daglege kosthaldet. Det gjekk mest på surmjølk eller skjør, som dei drakk til maten. Til leskedrikk i sommarvarmen brukte dei mykje syreblende: Surmjølka vart ståande og syrne til mjølkesyra skilde seg frå. Denne blanda dei så med vatn og laga ein god syrleg leskedrykk. Surmjølk og syreblende er av helse-ekspertar haldne for å vere sær gode for matmeltinga. Dei verkar også heldig på tennene.

Tannverk og tannrote var mest ukjende omgrep for folk som levde i naturalhushaldet. Mange heldt tennene sine heile og friske til det siste, om dei vart nokså gamle. Grunnen til dette er lett å skjøne:

Dei levde på god, fullverdig kost, som ikkje var øydelagd av kunstig «raffinering». Tennene fekk rikeleg arbeid med å male sund maten, og vart difor sterke. Samstundes fekk dei gjennom kosten tilført alle dei emne som trongst til å byggje opp og halde ved like sterke og friske tenner og ei god helse.

Overgangen frå naturalhushaldet til penge- og handelshushaldet var eit stort og lagnadstungt attersteg på mange omkverve, og fekk låke fylgjer.

Også her har forfedrane våre med sitt naturalhushald mykje å lære oss. Dei levde naturleg, sterkt og godt, hadde gode friske tenner og god helse. No lever folk unaturleg på skadelege surrogat, og får svi for det. Å kome attende til det gamle naturalhushaldet er nok uråd. Tidarskiftet med alt det fører med seg, set stenge for det, men likevel: Grunnprinsippa i naturalhushaldet kan ein likevel halde fast på: Å nytte næringsemna som vi får dei frå naturen som fullverdig næring utan først å øydeleggje dei med raffinerte metodar.

Å synda mot naturlovene hemner seg alltid. Det syner seg også når det gjeld kosthaldet. Ei god helse er ein stor og verdfull rikdom, som ingen veit å verdsetje før helsa sviktar. Vi kan sjølve øyde og tyne denne rikdommen med eit dårleg og forfina kosthald, som undergrev helsa. Men på den andre sida kan vi verne og vare om folkehelsa med eit godt og fullverdig kosthald, med det gode, gamle naturalhushaldet som mønster.

DET DAGLEGE LIVET I ELDRE TIDER

Av O. P. M. Blindheim

Vi tek til frå sommarmåldagane i skiftet mellom vinter og vår og flyttedagen for tenarane i bygda.

Dette med flyttedagen for tenarane hadde på ein måte noko meir på seg i eldre tider enn no, enda det då var mindre av tenarbyte og flytting enn no. To vaksne tenarar — jente og gut — var det vanlege på alle bruk, og på dei største gardane var det enda meir tenarhjelp.

Går ein hundre år attende frå no, var det berre nokre få småbruk i bygda vår. Det var først ved denne tid ein tok til å dele opp gardane noko nemnande. Men enda det på om lag alle bruk var to eller tre tenarar, så var det likevel ikkje skort på tenestfolk. Dette måtte vel koma av at barneflokkane då jamt over var større enn no, og at det ikkje var noko anna å slå inn på for ungdomane.

Byte og flytting av tenarar vart sær s mykje omtala mellom folk, og det er det eg siktar til, når eg nemner at flyttedagane då hadde meir på seg enn no. Kvifor flytte den tenaren, og kvifor flytte hin? Var det tenaren det vanta noko med, eller var det husbondsfolket? Om dette var det mykje ordskifte og drøfting. Då korkje tenarane eller husbondsfolket gjerne ville ha dårleg ord på seg, vart det ofte til det at tenarane vart verande nokså lenge på same plassen, når det ikkje var avgjerande grunnar for flytting, som t. d. gifting, eller at foreldra trong tenaren heimatt å seg sjølv.

Vaksen gut og jente kunne då ofte verte tenarar saman på ein gard i nokså mange år, og ikkje så sjeldan vart det då til at «dei drog seg ihop», som det heitte.

Dette, at både tenarar og husbondsfolk fann sams bate i å skifte så sjeldan, hjelpte mykje til å halde oppe hygge og god forståing mellom desse i heimane. Husbond og matmor vart husbondsfolket til dagleg kalla av tenarane.

Straks etter sommarmål vart det så å ta til med vårvinna og då først med å køyre ut gjødsla og leggje ho i dungar ute på åkrane. Låg det endå snø, så måtte han vekkmokast for kvart dungestø, og så vart det å køyra ut gjødsla i møkslede. Gjødselvogn med hjul var det få eller ingen som hadde når ein går hundre år attende frå no. Ein såg det difor som ein lette at det var snø på denne tid, for elles vart det å køyre med slepeslede, som det heitte. Gjødseldungane ute på åkrane var på 15 til 20 lass kvar, og desse vart godt samanmoka og tilklappa. Det var vanleg tru at gjødsla måtte liggje eit bel ute på åkrane og gjære før ho kunne brukast på åkeren. Gjødsling av mark var det på den tid om lag ikkje tale om. Folk tykte dei hadde bruk for all gjødsla på åkeren, og attleger var det ingen som hadde.

Kvinnfolk og karfolk hjelptest åt med vårvinna frå først til sist. At kvinnfolka stod jamsides karane i møkdungen og leste møk, var såleis heilt vanleg. Jamsides den vanlege vårvinna var det om lag

årsvisst ei vinne til, som både kar og kvinne på denne tid av året måtte hjelpast åt med, nemleg å skaffe hjelpefor til krøtera. Formangel var nemleg så å seie kvart år det vanlege. Der dei hadde rogn, osp eller hegg, var det å smie borken av desse til for åt krøtera, og mang ei ku vart berga fram på tuva med dette hjelpeforet. Folk hadde slik tru på denne borken at dei trudde krøtera hadde godt av å få noko av han om vårane, og særleg mjølkekyrne, for då tykte dei ha røynsle for at kyrne mjølka betre om somrane. Korleis folk vurderte dei ymse sortar bork, går fram av dette rimet: «Hegg legg merg i legg. Osp legg smør i kopp. Rogn reiser ku av bås». Av anna hjelpefor kan nemnast beit av bjørkekvister, som då vart finhakka best mogeleg. Furebar vart mykje brukt til sauene, og der desse vart vane med dette, så både åt. dei barnålene og gnaga borken av baret. Tare vart og brukt til krøterfor, der folk budde nær sjøen.

Så var det då plognaden, som vanleg tok til ein av dei første dagane i mai. Den var jamt ei hard vinne for folk. Husbonden opp kl. 4 for å gi øyken mat. Kl. 5 tok så arbeidet til utan noko nøling. Det vanlege var då at tenestguten hadde arbeid med å trille møkdungane utover åkeren, med tenestjenta som hjelpar med å lesse på trilla. Husbonden styrde ploget; og så var det to eller helst tre menneske til å gå langs plogfora og plukke bort alt ugras dei såg, smuldre alle klumpar i åkeren med eit grev og lage åkeren slett og fin. Tenestguten og jenta måtte jamnast også greie å breie gjødsla.

Der kårmannen var frisk og sterk nok til det, var han såmannen. Såinga tok dei gamle både alvorleg og høgtideleg. Når dei tok til, hørde det med, at dei bad om Guds signing over såkornet, og ved den første såinga skulle dei gå berrhovda. Så var det då å så så jamt som mogeleg, og korkje for lite eller for mykje. Det vart sagt om ein og annan at det var lite dei vann noko meir enn å så. Arbeidsdagen var 12 timar, delt på 4 ykter. Midt i kvar ykt var det ei lita kvild, så øyken skulle få ete og kvile litegrann, litleykt dei kalla. Då kvilde og arbeidsfolket. Vårvinna skulle ikkje berre gjerast godt frå seg. Ho skulle og gjerast fort, så alt kornet skulle kome i jorda så tidleg som mogeleg. Ein dag tidlegare i jorda om våren gir ei veke tidlegare mogning om hausten, sa dei gamle.

Når så kornet var kome i jorda, og det vesle dei hadde med poteter, så var det framleis omsuta med å berge krøtera med mat, til dei kunne berge seg sjølve ute. Det vart vanleg rekna med at 5



veker etter sommarmål skulle krøtera berge seg ute. Det var då vanleg skikk at dei fekk gå fritt ikring på bømarka, til dess åkrane tok til å brydde. Men då måtte sjølvsagt alle krøter utagjerds. Dagane frå kornet kom i jorda til krøtera vart jaga av bøen, hadde karane ei vinne med å setje i stand alle utmarksgardar. Då det på den tid korkje var steingardar eller langt mindre strenggardar, men berre gardar av skogsris, så vart det mykje arbeid med å setje alle gjerde i stand — først for heimemarka og seinare for seterstølar og for mange også andre utslåttar.

Alle krøter, både ku og smale, skulle gjetast i utmarka. Å gjete kyrne høyrde tenestjentene til. Men til smale-gjetarar vart det mest nytta gutar i alderen frå 9 til 14 år. Det var fast skikk at alle mann på ein gard var saman om gjetinga. På større gardar kunne det såleis verte om lag berre ein dag gjeting for veka for kvart krøterslag. Det var sjeldan at gjetarane var noko sers huga på dette arbeidet, korkje tenestjentene eller unggutane, og mang ein av dei siste gjekk gråtande til skogs, særleg dei første åra. Men det var fast skikk at desse gutane skulle gjete, og det var såleis ikkje å kome forbi.

Kring midten av juni eller noko seinare var det å fare med kyrne til seters, og der og skulle det gjetast. Når det i gamle dagar var fast skikk å gjete både ku og smale og få dei i hus om natta, så var dette av to grunnar. Udyr var dei om lag aldri trygge for, så det av den grunn trongst, både at det var gjetarar med og at krøtera kom i hus om natta. Den andre grunnen var at krøtera måtte vere der det var mat å finne for dei, og derfor måtte haldast skiftevis på dei ymse beiteplassane. Det vart i gamle dagar brukt særst god trott med å halde krøtera på beite om somrane. Om vintrane var det svelteforing, så krøtera om lag ingen avdrått gav. Å livberge så mange krøter som berre mogeleg om vinteren, og så gi desse all den sommarbeiting som berre råd var for å få avdrått av dei då, det var det folk trudde på i dei dagar. Av den grunn heldt dei seg også mest mogeleg med seinberkyr. Midtsommars, eit bel før seterferda, brukte dei noko dei kalla morgongjetle. På mange gardar hadde dei då inngjerdingar tett ved heimebøen, der kyrne låg ute om natta. Ljose som nettene no var, og inngjerdingane nær der det budde folk, våga dei dette for udyra. Om lag kl. 4 om morgonen måtte ein gjetar stå opp og jaga kyrne til skogs på morgonbeite, som det heitte — før kyrne vart mjølka. Til mjølking i 7—8 tida var det då visse mjølkeplassar eit stykke lenger frå bøgardane. På setrane var det og om å gjere å halde krøtera i maten mest mogeleg av døgnet.

Tida frå vårvinna til slåttonna — mellom vinnene dei kalla— vart elles nytta på ymse måtar av folket i bygda. Kvinnfolka hadde gjerne att ein vev eller to, som dei ikkje vart ferdige med før vårvinna, og nytta då denne tida til å verte ferdige med det, og spinning og spøting og bøting og sauming vart no elles kvinnfolka aldri ferdige med.

Karfolka hadde også ymse arbeid mellom vinnene, men ikkje jordbryting. Det var ikkje påkome i den tid. Skogsarbeid var det på dei flestalle gardar meir eller mindre av, etter som dei hadde skog **til**. Den tid skogane gjekk, som det heitte, var det ei heil vinne med å ta bork og never av bjørka. Nevertak var det på alle hus, så det skulle ikkje så lite til for å halde hustaka vedlike, og der bjørkeskogen tolde meir enn nevertaking til eige bruk, tok dei never til sal. Og det var noko av det lønsamaste folk kunne drive med, då det jamt var mange nok som ville kjøpe. Å vøle hustaka — tekkje oppatt som det heitte — var tida mellom vinnene mykje brukt til. Då hjelptest

dei åt jamt så mange grannar at dei tok heile sida av huset i ein teig. Skulle bae sider av huset tekkjast, så fekk karane kvar sin dram når første halva var ferdig, og i alle høve var det tekkjargraut — rjomegraut — når tekkinga var ferdig. Dette tekkjararbeidet var jamt om kveldane, og varde ofte langt ut på natta i den ljose tida av året. I varmt solskin gjekk det ikkje an å tekkje med never, av di nevra då krulla seg saman mellom fingrane på karane. Til tekkjarar skulle det helst vere øvde karar, som kunne sitt handverk. Attåt tekkjarane måtte det så vere ein flokk handlangarar eller sendarar, som dei oftast vart kalla. Desse sende då både never og torv til tekkjarane, så desse fekk halde seg jamt på plassen sin. Til sendarar var det mest yngre karar som vart nytta, men av og til var det og modige kvinner med.

Så nærmar slåttonna seg. Då vart det å vøle eller lage river og ljåsorv, slipe opp dei nye ljårne og bu seg så godt som dei berre kunne til slåtten. Denne onna var det inga skipling med, kva tid ho skulle ta til. Fire veker etter jonsok var som det skulle vere lovfest, og var det nokon som tok til ein dag tidlegare, så var det dårleg granneskikk. Det var meir og mindre kapping med slåtten på alle gardar, og dette var ein av grunnane til at alle skulle ta til på same tid.

Frå Lade er det fortalt at ein mann hadde tenkt seg til å bryggje litt øl til slåtten. To dagar føre den fastsette slåttetida hadde han kjelane i kok tidleg om morgonen. Då såg han næraste grannen ta til å slå tett ved stova si. Han skulle nemleg slå litt feitt og friskt gras til grisen sin. Han som bryggja, trudde at mannen hadde teke til å slå for alvor, sprang inn til husfolket og sa: «No er det slutt med oss, har ikkje han fanten her framme teke til med slåtten no nett i dag, når eg skulle bryggje». Og straks sløkte han under kjelane og tok til med slåtten.

Slåttonna var særst hard både for karfolk og kvinnfolk. På slåtteteigen presis kl. 5 om morgonen var det ikkje noko anna unnatak med enn at dei av og til tok til ein time tidlegare. Om kvelden var det alltid slått til kl. 9 (21) og mange stader eit bel lenger. Det var matykt kl. 8, kl. 12, kl. 5 (17) og kveldsmat kring kl. 10 (22). Middagskvild var brukt alle stader. Etter at slåttearbeidet var slutt om kvelden, var det å slipe alle ljår til neste dag. Eg har høyrte frå Hundeidvika at det der var vanleg skikk ikkje å slå på

laurdag ettermiddag, men at dei då dreiv med anna arbeid som kom slåttan ved, så det kanskje vart likeså trautalt den ykta som andre dagar. Folk hadde sine visse yktaslåttar dei kalla, som skulle klarast mellom to matyktar, og kunne dei greie litt attpå, så kom det vel med i tevlinga mellom grannane. Og det vart nøye påpassa om grannane greidde meir enn det vanlege til den og den tid.

Fram til kring 1850, og mange stader endå lenger, var det berre stuttorv eller småljå som vart brukt til slåttan i bygda vår, så det var ikkje så rart at slåttanna kravde lang tid. Men etter den tid tok ein meir og meir til å bruke langorven, så om ikkje så rett lenge vart han i bruk på kvar gard og av kvar mann. Men nokså lenge vart langorven brukt berre på attlegene og der det kunne vere særst slett og fint på småhøymarka. Slåmaskin kom til bygda først i slutten av 1890-åra, men kvarmanns eigedom vart slåmaskinen først lenge etter. Sivert Grebstad var første mannen i bygda med slåmaskin.

Utslåttar var det meir og mindre av mest på kvar gard. Det mest vanlege var å slå heimebøen først og utslåttane etterpå. Men det var og dei som tok utslåttane før alt var fråseggjort heime. Tok dei det travelt med slåttan på heimebøen, så var det endå hardare på utslåttane. Der var det både å stå tidlegare opp og halde lenger ut om kveldane. Desse utslåttane var på mange gardar så langt frå heimen at det var å liggje der i dagevis med heile huslyden, og med dei små høyløene som husvære både for born og vaksne — ofte var barnevogga med. Og kothaldet var for det meste kaldt mat både til små og store.

Var det til vanleg i slåttan travelt for mennene, så var det på ingen måte lettare for kvinnene. Tenestjenta var på denne tid jamt på setra og kunne såleis ikkje få hjelpe til heime korkje første eller siste ykta på dagen. Første ykta måtte då husmora stelle borna og lage til mat for heile dagen, så ho dei hine tre yktene kunne få vere med på slåtteteigen og røykte høy. Middagsgraute vart såleis til vanleg kokt tidleg om morgonen og måtte etast kaldt. Til nons var det og jamt kaldt mat.

Det var ikkje berre mellom grannane det var kapping i slåttanna. Det var mykje kappslått også mellom dei to eller tre slåttmennene på kvart bruk. På dei store og udyrka bøane som då var, var det årvisse slåtteteiger etter faste merke, som dei heldt seg etter kvart år, og dei heldt og god greie på kor mykje dei skulle vinne å slå for



kvar ykt. Og ikkje berre det, dei hadde og merke på kor breitt stykke av teigen kvar mann skulle slå, så det vart og tevling mellom desse, kven som skulle greie halva eller tredjeparten sin lettast.

Dugande slåttekarar stod høgt i kurs i gamletida og vart nemnde mellom dei gjæve menn i bygda.

Slåttonna varde frå 4 veker og oppover etter som gardane var store, og etter som det var snarsløgde mark. På gardar med mykje utslåttar kom ofte skuronna i vegen for slåttan, særleg dei åra åkeren vart tidleg skjær. I slike år var det ikkje sjeldan at det vart teke ein tørn til utslåttane også etter skuren.

Mellom slåttan og skuren var det sjeldan noko lang tid, ofte hekk desse vinnene heilt i hop. Å hogge lauv til smalen skulle helst gjerast på denne tid, og opphaldsdagane vart då mest nytta til dette. Der det var bra med bjørkeskog, vart det jamt teke mykje lauv. Kom skuren i vegen, så tok dei dette arbeidet oppatt etter skuren. 100 lauvkjerv til kvart smalekrøter kunne dei nytte. Frå 20 til 30 smalekrøter — sau og geit — var det storparten av gardane som fødde, så det vart mange stader mykje arbeid med lauvhogginga.

Mange stader hadde dei løer i utmarka til dette bruk, og elles var det å reise lauvkjerva opp ovapå høyet både i heimeløa og i utslåttløene.

Skuren var og ei hard vinne, så mykje åker som folk hadde i gamletida, og med den halmmengd som det då var etter åkervidda. Kar og kvinne stod då jamsides på åkeren og skar kornet med sigd og batt det i bundan. Når dei heldt åkeren for å vere skjær, så var det sjeldan eller aldri tale om noko opphald, korleis veret enn var, og noko slurving med skuren toldest ikkje. Kvart strå som fanst, måtte vere med i bundanet, og lauskornet måtte plukkast etter kvart så godt som mogeleg. Var skuren i seinaste laget på året, så var det å nytta heile ljosedagen til skurarbeidet. Om kveldane skulle dei halde fram til dei hadde vanskar med å finne att sigden i åkeren når dei heldt på med bindinga. Men karfolka var endå ikkje ferdige med dagsarbeidet. Etterpå skulle dei ta ein tørn med å hesje, sjølv om det var mørkt. Ofte kunne dei få køyre inn det tidlegaste av kornet før det siste var skore, og då gjekk det ord om at eit passande dagsverk for to karar og to kvinner var først å køyre inn ei hes med korn om morgonen, så skjere nok korn til å fylle i att, og så dei 2 karane hesje det om kvelden. Ei hes var 12 loger eller 24 golv.

Å få kornet velberga i hus var eit stort og viktig spørsmål for gamlekarane, då det var det heimeavla kornet som var brødkornet deira. Å kjøpe korn om det trongst hadde ikkje folk pengar til. I seine år, når det kunne vere fare for frost på kornet, var folk svært så ottefulle. Var det då teikn til kulde, så tok dei åkeren, sjølv om han ikkje var så skjær som dei kunne ynskje, og då var det å arbeide på harde livet for å berge i hes alt dei kunne, så fort som mogleg. Når kornet kom i hes, rekna dei nemleg med at det greidde seg for frosten. Ved slike høve vart jamvel sundagane nytta til å skjere kornet på. Ei råd dei brukte mot frosten, var å kveikje eld på den sida av åkeren som vinden stod frå, så det skulle leggje seg røyk utover åkeren og mildne frosten.

Dei gamle var nøgne med å få kornet godt tørt, så det kunne få liggje i stålet eit bel utover. Dei trudde at det vart betre korn av det då, og så seint det gjekk med truskinga då, så trong dei i alle høve lang tid utover hausten for å verte ferdige. Men var kornet tørt i hesjane, så passa dei på å få det i hus, og nytta då både natt og helg til innkøyinga.

Heimkoma frå setrane om hausten var det jamnast litegrann høgtid med. Ein laurdagskveld måtte dette vere, det var fast skikk, som berre det verste uver kunne skiple. Skyting for seterjentene av dei vaksne gutane på garden var ein gamal skikk. Og det var kapping mellom gutane på dei ymse gardane om å skyte både mange og sterke skot. Talet på skota skulle alltid vere oddetal. I motsett fall vart det rekna for vanæreskot. Sundagskvelden dagen etter skulle ungdomane ha rett til å få halde dansemoro — kyseldans dei kalla. Siste dagane føre heimferda hadde jentene rett til å laga ei mengd med kyslar. Desse vart laga av kosten av diamjolk, som korkje måtte vere for søt eller sur, men slik at deigen kunne knaast og halde saman i det skap som var det vanlege — flate på den eine sida og ovale på den andre. Storleiken var som ein barneneve og vel så det, ettersom dei vurderte den som skulle få han. Av desse kyslane skulle då borna i heimen få kvar sin, og det som meir var, fekk gutane på kyseldansen, så langt som det rakk.

Potetvinna slapp dei gamle å hefte seg mykje med. Går vi attende til 1800-talet, så var her så å seie inga potetavling i bygda vår. Hoslått (etterslått) var og lite nemnande, så lite som det var av attleger.

Når kornet var kome i hus, så vart det på flestalle gardar truska meir og mindre av det nokså snart, så karane kunne få male og kvinnene bake. Å ha førefar av korn frå året før var noko som alle sette pris på, men ikkje alle makta dette som dei ville og ynskte. Flatbrødbakinga både vår og haust var ei heil vinne for kvinnfolka, så stor part av maten som dette var. For at denne bakinga skulle verte vellukka, så var første vilkåret at kornet var godt, og så at tørking og maling var som det skulle vere. Dei små gardskvernane var det så ymse med, og ikkje var det alle karar som kunne stelle kverna heller, og kanskje var det somme som ikkje brydde seg så mykje om korleis det vart male heller. Desse karane fekk då vitnemålet sitt under bakinga. At ei god kvern var ein av dei tri hovudting i ein manns gard i eldre tider, var nokså tenkjande, slik som flatbrødet var på bordet så å seie til kvart matmål. Sjølv sagt hadde det sitt å seie kor flinke bakarane og var. Slik tame som alle kvinner hadde med å bake, og slik som dei alle la vinn på å få det mest mogeleg pent frå hendene, så vart det visst dugande bakarar av flestalle kvinnfolk. Dei gamle hadde røynsle for at havremjølet var best til flatbrødbaking

når det var nymale, og difor var det vanleg å ta det frå kverna medan det så å seie var varmt.

Også på denne tida skulle karane på vedaskogen for å hogge og stakke saman vinterveden og bjørkestrongane som det skulle lagast famneved av. Til eige bruk brukte dei helst einer og or og så skata av famneveden. Køyringa til gards måtte ein vente på sledeføre til, då vegane ikkje var brukande på annan måte.

Så var det å ta til med trusking att til dette var fraseggjort. Med dette hjelpst dei no åt, både karar og kvinnfolk, og så seint som det gjekk med den gamle truskemåten, vart det på dei større gardane ikkje mange veker att til jul når dei var ferdige. Etter den eldste truskemåten var det å leggje kornbanda utover låvegolviet i passande tjukn, og så halde på å banke det med tuster til alt kornet var løyst frå halmen. Ei tuster var ei rund stong på lengd som eit riveskaft, men litegrann tjukkare. Til eine enden av denne vart det bunde ei avlang klubbe, kring 70 cm lang og 7 cm tjukk, i firkant med litegrann avrunda kantar. Mellom handvol og slagvol var det eit band av godt smurt og tilgjort ler, slik at handvolen gjekk rundt inne i bandet og kunne haldast fast i hendene. På ein nokolunde bra låve kunne 4 menneske samstundes stå og banke kornet — avekse dei kalla. Eit slikt lag med kornband utover låven kalla dei ei berje. Når dei fann at det var nok banka, så var det å skeidde det. Ei skeidde var eit trestykke, kring 50 cm langt, av hardt og sterkt trevyrke, 5 a 6 cm breidt og 2 a 3 cm tjukt, med egg og taggar på to kantar og handtak for ei hand i eine enden. Så var det å ta eit heilt eller halvt kornband, etter som desse var store til, i handa og med skeidda i den andre handa piske halmen opp og ned til dei var trygge for at der ikkje fanst korn att. Den skeidda halmvisken kasta dei så etter kvart bort i halmstålet. Halmstubbane saman med kornet på låven skulle så gjennom hersåldet, som enno finst på kvar gard. Siste akt var så med handdrøfting å syfte og kaste kornet til det vart så reint som ein på denne måten kunne få det. Så var det å leggje ny berje og halde fram til siste bundanet var kome or stålet.

På mange av dei små plassebruka i bygda vår vart denne måten å truske kornet på nytta heilt fram i 1880-åra, og på einskilde stader endå lenger.

Truskemaskinar tok til å kome i bruk i 1840-åra, og det gjekk ikkje så sær mange år før alle større bruk anten hadde sin maskin

åleine eller hadde ein saman med grannen. Der folk nådde i elvar eller større grøver, tok dei til å nytte vasskraft til å drage truskemaskinen, men mange stader måtte dei lenge drage ho med handkraft, heilt til oljemotoren kom i bruk. Om lag samstundes med truskemaskinen fekk folk også drøftemaskin.

Sivert Hjortdal — Klaus-Syver frå Brunstad — var den kjende truskemaskinmakaren i bygda. Han laga mange maskinar, og når han hadde ord for å lage dei både sterke og gode, så var det sikkert noko han fortente.

I månadene oktober og november, frå mikkelsmess og til adventtida, hadde dei vaksne ungdomane rett til å kome saman til ein liten kveldsgaman to kveldar i veka, tysdagskvelden og fredagskvelden. Dette kalla dei å sitje oppe. Omkrinsen av desse samkomene var nokolunde i samhøve med dei gamle skulekrinsane. Møtestaden gjekk på omgang i dei gamle røykstovene. Den moroa ungdomane då hadde føre seg, kunne vere av ymse slag og med så mykje variasjon som mogleg. Gutane tok seg no gjerne først eit par timar til kortleik. Då måtte jentene finne på noko for seg sjølve. Dans var ikkje vanleg desse oppesitjarkveldane. Men hadde dei nokon som på den eine eller andre måten kunne lage dansemusikk, så vart det no gjerne ein liten svingom av og til likevel, med ekstraløyve frå verten. Dei vertsfolka som ikkje ville låne hus til desse morokveldane for ungdomen, var så lite velsedde at det var få som prøvde det.

Det var den religiøse vekkinga i slutten av 1880-åra og framover som gav støyten til at det vart slutt med denne kveldsmoroa. Når det også i gamletida skulle vere upassande i adventtida, så var det vel religiøse grunnar som hadde eit ord med i det også.

Når det no vart vinter, så var det for storparten av huslyden å krype innatt i storstova og halde til der både dag og natt, så tre senger inne i storstova slett ikkje var noko særsyn, endå dei låg både to og tre i kvar seng. Dei vaksne ungdomane hadde likevel ikkje til vanleg senga si i storstova. Dei måtte ligge i fjøset saman med ku, kalv og gris. I fjøset var det då vanleg to senger, ei til tenestguten, gjerne saman med ein av sønene oppunder konfirmasjonsalderen, og ei seng til tenestjenta, kanskje saman med ei av døtrene i huset. Men ikkje så sjeldan var det berre tenestguten og tenestjenta i kvar si seng.

Omna fanst det ikkje i noko hus. I storstova var det såleis berre grua som var eldstaden. I den aller eldste tid var grua midt på golvet, men vart seinare flytt til eine hyrna av stova. Ljoren midt oppe i taket var i båe høve utlaupet for røyken. I ljoren vart det då lite eller inkje trekk, så det var jamt mykje røyk i stova, ja røyken låg oftast så langt ned at ein vaksen kar hadde vanskar med å gå oppreist. Det var såleis god grunn for namnet røykstove. Stovedøra måtte stå open for å få litegrann trekk for røyken. I hard kulde vart det såleis litt annleis enn folk er vane med no. Under kokinga om morgonen var det jamnast berre matmora som var oppe, og ho heldt seg då så nær elden som mogeleg. Dei andre låg i ro under dyna til kokinga var fråseggjord. Då var det å leggje attpå, som det heitte. All ved på grua måtte då anten vere oppbrend eller sløkt, så der ingen røyk meir kom. Når stova såleis var nokolunde tom. for røyk, var det å leggje skjolet på og late stovedøra att. Og merkeleg nok vart det då med det same ikkje så lite varme i huset. Men denne varmen vart det og halde på så godt som berre mogeleg. Når folk gjekk ut og inn stovedøra, så måtte det skje så svint som råd var, for no vart det kanskje ikkje oppattkveikt før til kvelds. Middagskoking var det så ymse med, og nonsmat brukte folk slett ikkje i vinterhalvåret. Det vart såleis ikkje mykje lufting av stova om dagane. Men så vart det då til fullnads lufta både kveld og morgon, og all den røyken som då fylgde med, reinska meisterleg, så ein hørde lite til det som heiter basillar i den tid.

Fram til 1830-åra hadde ikkje folk fyrstikker å tenne opp eld med såleis som no. Då var det med hjelp av flint og fyrstål å slå gneistar, som datt ned på turr knusk og litt om senn laga eld. Dette var det ikkje så lite bal med. Før matmora difor la attpå etter ei koking, så la ho nokre glør midt i grua, kvelvde eit grytebrot over og dekte så til med oske. Ved neste koking kunne det då ofte vere litegrann liv i desse glørne, så ho fekk opp eld på den måten, men langt frå ikkje alle tider. Då var det først å sjå etter om det rauk i ei av grannestovene, og vart ho var det, så var det å springe med ei lita gryte med lok på, som ho hadde ståande til dette bruk, og få nokre glør. Dette kalla dei å springe etter ljøs, som det alltid fylgde hast med. Av dette er det så kome det gamle ordtaket, når nokon er snar på det i eit hus, og ikkje vil stane når folk bed om det: «Du spring no vel inkje etter ljøs, veit eg».

I sommarhalvåret vart det jamt kokt i skorsteingrua i eldhuset, og der var det lettare å halde glør heile dagen, då røyken ikkje var til hindring der.

Kvinnene hadde full vinneskap heile vinterhalvåret med å spinne, spøte og veve kvar ei ykt dei kunne kome til med det. Og det var ikkje lite arbeid som låg på dei i så måte, då det ingen fabrikk fanst som kunne hjelpe til slik som no. Tenestjenta, som hadde mykje av løna si i ull, hadde rett til å arbeide opp all ulla si, anten ho hadde bruk for kleda eller ikkje. Og den retten nytta ho. Jenter, som tente mange år før dei gifte seg, kunne såleis ofte veve seg opp sengklede til eit heilt hushald.

Når kvinnfolka i gamletida kunne avsjå så mykje tid som dei gjorde, både til å vere med på karfolkarbeid og til spinning og veving, så hadde det mykje sin grunn i at kvinnfolka då vaska så lite mot dei gjer no. Tenkje seg til at dei vaska stovegolvet berre to gonger om året — til jul og jonsok. Kjøkgolv hadde dei ikkje, der var det berre steinheller. På stovegolvet strådde dei sand og småhakka einekvister, og sopa bort dette ein gong for fjortendagane.

Til nyår skulle det vere avtalt om tenestfolket frå neste flyttedag. Om dette var det då ikkje så lite spaning og snakk mellom folk. Nye tenarar på ein gard, anten det var gut eller jente, skulle då ein gong i jula vitje tenesta si, som det heitte — vere i gjestebod eit døger på den nye tenestplassen. Oftast var dei då saman med skyldfolket som vitja garden.

LITEGRANN OM LIVET PÅ SUNN- OG HEILAGDAGAR


Annan dag i høgtidene og annan kvar sundag har vore fast preikedag i kyrkja vår alt sidan vi fekk den kyrkjeordninga vi no har.

Å gå til kyrkje, som det heitte, var ålmenn skikk i eldre tider. Å sitje heime ein preikedag var halde for å vere heilt usømeleg når det ikkje var nokon grunn for det. Det er først i den seinare tid det har vorte skipling med det. I kyrkja hadde giftefolket sine faste stol-stader, der dei hadde borna med. Dei vaksne ungdomane skulle vere på lemen (galleriet). Når alle såleis hadde sin faste plass i kyrkja, så vart folk straks klår over om det vanta nokon av skyldfolket deira, eller andre som dei hadde interesse av å treffe.

Når folk hadde sessa seg i kyrkja, skulle dei leggje hendene saman og bøye seg framover i stolen for på denne måte å syne gudlegdom.

Når dette var unnagjort, så var det å sjå seg rundt, om dei sakna nokon dei ville treffe. Då kunne ein sjå både karar og kvinner reise seg i stolane for å få greie på dette.

Konfirmasjonsdagane om hausten var det mykje både spaning og høgtid med. Å få borna fri skulen og fram for presten sette folk stor pris på. Fram til 1884 og så langt attende som nokon veit, var det jamt sommarhalvåret ungdomane gjekk for presten, og til den dagen dei vart innskrivne, måtte dei ha fylt 14 år. Vanta det då nokre dagar på alderen, så var det svært kor folk naudbad presten om å ta barnet deira likevel, så presten måtte ofte fire litegrann. Framfor konfirmasjonen var det spaning på to måtar. Det første var om alle slapp fram. Born med små evner og liten kunnskap vart «skylde», skilde som det heitte. Dei måtte gå oppatt både folkeskulen og overhøyringa for presten eit år til. Og det hende av og til at same barnet vart «skyld» to gonger. Dette var no likevel sjeldan. Men at eit par lesarborn vart «skylde» ein gong, var det vanlege kvart år. At det fylgde stor spaning med dette, er forståeleg. Det var både skamma som fylgde med, og så eit års tidarhefte med skulegang og ny overhøyring for presten. Det andre som det fylgde stor spaning med, var kva nummer kvart av lesarborna skulle få på kyrkjegolvvet konfirmasjonsdagen. Dei skulle nemleg rangsjerast etter sine kunnskapar. Det var både æra med å stå på toppen og skamma med å stå nedst. Og mellomplassane vart sjølvsagt og omdiskuterte. Det var inga lett oppgåve for presten å finne fram til det rette her, og endå vandare var det å halde misnøya nede. Særleg jentene tok seg nær av dette, og eg minnest godt frå den dagen vi vart «skylde», at mange av jentene gret sårt fordi dei kom for langt ned i rekkja. Det var vanleg skikk at kvart av lesarborna gav presten litegrann pengar den dagen dei vart «skylde». Og det gjekk ord mellom folk at mange på den måten kjøpte seg høgre plass enn dei fortente. Eg vil tru at dette var utan grunn. Det år eg gjekk for presten, fekk vi iallfall våre nummer før vi betalte presten. Eg er viss om at mange av lesarborna, kanskje flestalle, brukte meir flid enn dei elles hadde gjort, av omsyn til denne rangen på konfirmasjonsdagen. Men likevel var det sikkert at denne skikken vart teken bort av omsyn til den misnøye som fylgde med. 1885 var det siste året denne skikken vart



praktisert, og dei to som då stod høgst, som det heitte, var Ane Pernille L. Grebstad på jentesida og Ole P. M. Blindheim på gutesida.

Etter preika var det å stå på kyrkjevollen og samsnakke både vel og lenge. I sommarhalvåret når veret var godt, kunne folk stå der i timevis og talast ved om alle mogelege ting, men ikkje om preika, utan når det hende at presten heldt straffetale til kyrkjelyden for det eine eller andre som han fann grunn til. For dette knurra folk alltid, kor god grunn presten enn hadde.

Attåt alt snakket var det og forretningar av alle slag. Om haustane var det såleis mykje av krøterhandel og bortfesting av forkuer for vinteren. Det var nemleg slik i eldre tider at det på langt nær var alle folk som makta å eige så mange krøter som dei kunne fø på gardane sine. Velstandsfolk la seg då etter å kunne eige meir krøter enn dei sjølve kunne fø. Desse sette dei då bort på fod, som det heitte, til slike folk som ikkje hadde nok. Særleg var det kyr dette vart praktisert med. «Fokyr» vart då desse kalla. Det vanlege var då at for ei ku som kalva kyndelsmess, skulle det ikkje betalast noko, korkje av eigar eller leigar. Kalva ho tidlegare, måtte han betale som leigde, og kalva ho seinare, måtte han betale som eigde. Fem veker etter sommarmål fekk eigaren kua att. Ja mang ei «foku» har vorte bortfest på Sykkylven kyrkjegard og kyrkjevoll. Og elles

var det mange slag forretningar der på kyrkjevollen, både nemnande og unemnande. Festing av tenarar t. d. hadde sin faste børs der.

Så var det kunngjering frå kyrkjebakken. Dei offentlege kunngjeringane var det lensmannen som rådde med. Men då han jamt var buande i Ørskog, hadde han ein mann i staden sin her i bygda til dette. Denne steig då opp på ein opphøgd plass ved kyrkja, og anten las opp eller kunngjorde munnleg det som låg føre. Ikkje sjeldan hende det at også andre menn frå denne plassen gjorde kjent det eine eller det andre, så det kunne verte nokså blanda, det folk fekk høyra frå kyrkjebakken.

Å gå til altars sine to gonger for året heldt dei gamle for ei heilag plikt som ikkje måtte fråvikast. Var folk sengeliggende, så dei ikkje kunne gå i kyrkja, då møtte presten opp i heimen deira og gav dei sakramentet der, og skrifta dei, som det heitte.

Både vår og haust var det jamt tillyst altargong ein yrkedag. Særleg var det då ungdomane som nytta denne dagen til altargong.

Noko særmerkt frå eldre tider var gapestokken i nærleiken av kyrkja. Det var ein oppreist stokk eller stake, som folk vart lenka til for å sone ymse slag brotsverk. Slike gapestokkar var det visst ved flestalle kyrkjer i landet vårt, og vi hadde ein i Sykkylven og. Han stod tett ved kyrkjevollen på sørsida. Brotsmannen stod oppreist i stokken, og var lenka slik at alle kunne sjå kven det var. Det vanlege var at han stod der berre dei timane folk var ved kyrkja. Barnefødsel, når mora var ugift og faren gift med ei onnor, vart stundom straffa med gapestokk. Likeins sedskapsbrot mot mindreårige. Elles var det ingen fast regel for denne straffa.

Det var i mellomalderen dei tok til med denne gapestokken, og han vart brukt i mange land i Europa, men med ulik skapnad og ulike reglar. I store byar i utlandet var det sjeldan ved kyrkja han stod, men helst ved dei store torga. Og somme stader var det då slik at brotsmannen sat, og at der var plass til fleire samstundes.

Ved lov av 17. mai 1848 vart gapestokken avskaffa i landet vårt. Men i praksis var han bortteken lenge før. Tremerra, som det er fortalt om frå ymse bygder, veit ingen om i Sykkylven.

Heimattkomne frå kyrkja ein preikesundag hadde då folk mykje å snakkast om av det dei hadde høyrte og frett, somme det eine og somme det andre. Karane kom gjerne saman frå fleire hus i dette høvet.

Dei preikelause sundagane — vanjiljesundagane — var det fast skikk at husfaren i kvart hus las teksta, vanjilja, for huslyden sin av ei vanjiljebok. På gardar med berre to eller tre huslydar brukte dei somme stader å lese vanjilja saman skiftevis i kvart hus. Sundag ettermiddag tok karane det på ymse måtar. Om kvelden var det mykje vanleg at ein flokk karar kom saman på same staden kvar gong. Då var det samrøde og diskusjon om alt mogeleg, og ofte kunne det då verte ein kortleik av. «Hundre og eitt» og «felle» var det vanlege dei då spela.

Religiøse møte eller verksemd i den leid var framandt i gamletida, omframt det som folk fekk høyre i kyrkja, så folk hefte seg ikkje bort med det, korkje helg eller yrke. Likevel har vi grunn til å seie at moralen mellom folk i det daglege liv ikkje stod så mykje til atters for det vi kan syne fram i dag med all vår religiøsitet. Ordhaldne og rettskafne sette folk si ære i å vere. Og godt grannelag stod vel helst høgare enn no.

Den sparsemd som folk i eldre tider synte, og måtte syne i det daglege liv, er noko av største skilnaden på før og no. Og denne sparsemda vart fylgjestrengt gjennomført på alle omkverve. E i n skilling spard er to skilling tent, sa dei gamle, og dette levde dei etter. Og tilhøva var slik at flestalle beint fram vart tvinga til det. Ein og annan hadde sjølv sagt også då utkome til å leva litegrann romslegare, men ofte såg ein sparsemda like hard der også. Eg har kjent mannfolk, som brukte ei ljåspik til rakekniv, svinefeitt til rakesåpe og ein lammespel til rakarkost. Når ein veit kor sparsame folk var på alle omkverve, så er det uskjonleg at karane kunne sjå seg råd med å bruke tobakk. Men likevel var det flestalle som vande seg til med det. Det vanlege var då skrå. For at skråa skulle vare lenge i munnen, så la dei ho i ein stubbe av ein lammelegg. Det vart såleis, som ein skjønar, ikkje store summar for året i tobakkspengar. At tobakkskillingen kjem av seg sjølv, var sikkert noko dei gamle trudde på.

Ja, hardt og sparsamt levde dei gamle, for di tilhøva tvinga dei til det, men at dei til dagleg såg tyngre og stusslegare på livet enn vi gjer i dag, er det ingen grunn til å tru, når vi veit korleis dei kunne kose seg både i det daglege liv og i lag og lyd.

FRÅ ARBEIDSLIVET

Dugnad

Arbeidslivet på bygdene har endra seg mykje ned gjennom tidene. Sjølv arbeidet på gardane er stort sett det same som før, men arbeidstida og -måtane har endra seg mykje frå tid til anna.

Dei gamle var oftast tidleg oppe om morgonen. «Morgonstund har gull i munn», det er eit gammalt ordtøke, og i eldre tider visste dei å nytte dei tidlege morgontimane. Då gjekk arbeidet med liv og lyst. Oftast var dei oppe i 5-tida om morgonen og tok fatt på arbeidet. Så hadde dei sine faste måltider: åbit, dugurd, middag og kveld. Oftast gjekk dei tidleg til sungs, trøyte som dei var etter den lange arbeidsdagen.

«Tidleg i seng og tidleg opp — gjer mannen sterk til sjel og kropp». Denne sanninga levde dei etter, og dei fekk røyna at ho heldt det ho lova. I dei tidlege morgontimane gjekk dei fjåge og utkvilde til arbeidet sitt. Arbeidet gjekk som ein leik og fylte dei med arbeidsglede som la glans og høgtid både Over helg og kvardag. Arbeidsgleda er den varme understraum i alt. Liksom elden under eimkjelen lagar vatnet til eim, og eimen driv maskinen og båten fram, såleis er arbeidsgleda den varme, drivande krafta i alt friskt og sunt arbeidsliv. Men dersom denne drivkrafta vantar, vert arbeidet ei kald og hard plikt, ei tung bør som ein må slite og bere på utan glede eller hugnad. Då vert livet tungt å leve.

I det daglege livet i heimen er det far, mor og born som hjelpest åt, og kvar tek det arbeidet som høver best for kvar einskild. På den måten fyller dei ut kvar sin plass i arbeidslivet, så alt naudsynt arbeid vert gjort i rett tid og på beste måten. Men når noko storarbeid skulle gjerast, då lærde dei gamle å gå saman og ta sams løft: Dei laga dugnad.

Eit hus skulle tekkjast med never og torv. Då gjekk grannane saman i t e k k j e d u g n a d, og då tok dei gjerne kvar sitt arbeid. Dei spræke, sterke ungdomane kleiv i stigane og bar never og torv. Dei som var eldre og røynde i så viktig arbeid, la nevra og torva på, og det skulle både godt handelag og øving til å kunne legge eit godt og tett tak. Det var ei skam for tekkjarane dersom det kom ein drope gjennom eit nylagt tak. Difor sette dei si ære i at taket vart tett.

Når mange såleis var i lag, gjekk arbeidet med liv og lyst. Ein morosam vits, ei god historie, fekk humøret opp, og låtten ljoma. Men ingen måtte lura seg unna arbeidet. Det måtte bli ferdig til kvelds, så sant det var råd. Kvinnene heldt auge med tekkjarane, korleis det gjekk med arbeidet. Og når taket var ferdig og karane kom inn for å vaske seg, hekk tekkjargrauten og kokte på grua. Snart kom han på bordet, og karane sessa seg kringom. Var det ei retteleg gjæv husmor, så baud ho på rjomegraut, som var den likaste gjestebodskosten ein kunne få. Og karane forsynte seg og kappast om å låte vel både over grauten og husmora. Det var ikkje spørsmål om betaling for dugnad-arbeid. Det einaste ein fekk, var mat og drikke, men det var det oftast rikeleg av. Det var vanleg at dei bryggje øl til dugnaden. Då skjenkte dei karane med lett-øl medan arbeidet stod på, men om kvelden når det var gilde med dans og moro, kom godølet fram, og karane fekk forsyne seg. Då vart det livleg i laget og dei heldt det gåande med dans og moro til langt på natt.

Men det var ikkje berre når hus skulle tekkjast at dei laga dugnad, det gjorde dei også i andre høve når storarbeid skulle gjerast. Det kunne vere jordbryting eller vegbygging. Ja, stundom gjorde dei også slåttedugnad i småhøymarka. Då måtte der også vere nokre rakstedeier som raka det slegne høyet i flekker. I slike høve ville dei unge gutane syne jentene kor flinke dei var til å slå, og jentene på si side brukte riva best dei kunne. Då gjekk arbeidet som ein leik med gaman og lått, og før dei visste ordet av, var det kveld, og så bar det til gards med heile flokken. Og endå dei var trøytt, var humøret på topp.

Dersom dugnadkarane greidde siste resten av slåtten, så vanka det slåttegraut til kvelds, og det måtte vere rjomegraut, om det skulle ha sitt rette lag. Det var vanleg regel at laurdagen vart nytta til dugnaddag. Då hadde ein «helga på handa» og kunne halde moro framover natta. Til middag om sundagen kom karane attende til dugnadgarden og fekk seg mat, og så vart dei der resten av dagen, åt og drakk og spela kort. Først frampå sundagskvelden var dugnadlaget slutt. Karane takke for seg og gjekk kvar til sitt.

Stordugnad på setervegen. Stølsvegen til Straumsdalen hadde vore berre ei skral rås som var opptrakka av folk og fe gjennom lange tider. Kvar sommar hadde stølsjentene bore avdråtten til gards

både frå Hindaholen og frå Langeneset. I 1904 vart det vedteke at gardbrukarane på Tandstad, Straumgjerde og Straume — saman skulle arbeide opp køyreveg til Hindaholen. Om våren same året vart det halde stordugnad. Gardbrukarane hadde 20 mann kvar, og plassemennene hadde kvar sine 10. Det vart i alt ein arbeidsstyrke på 400 mann som tok fatt på vegarbeidet om laurdagsmorgonen. Det var folk frå kvar gard i heile bygda. Dei delte seg opp i arbeidslag på 20 mann. Med spade, spett og hakke, med våger, digre tau og kjettingar tok dei fatt på vegarbeidet. Både storstein og digre bjørker måtte fylgje med når dei fekk tau eller kjetting ikring dei, og 20—30 mann la seg i tampane og drog i av all si makt. Det singla i spett og braka i ur og knasa i skog, og då kvelden kom, var på lag halve vegen til Hindaholen gjennombroten. I 1905 og —06 heldt dei fram med vegarbeidet, også då med dugnad, men likevel med færre folk. Så var vegen gjennombroten og grusa til Hindaholen og vart teken i bruk 1907. Seinare vart det arbeidt veg frå Bruna til Osen ved Langenesvatnet, og mjølka kunne køyrast til gards frå båe setrane. Det var ikkje berre i Straumsdalen det vart gjort storarbeid med dugnadhjelp. Nei, det var over alt i bygda elles og. Når eit storarbeid skulle gjerast, så var det å kalle karane saman til dugnad. Først var det næraste grannane og slekta, men vart det for lite folk etter arbeidet som stod føKe, så spurde dei også folk får andre kantar av bygda. Og ingen var storbedd når det var spørsmål om dugnadhjelp. Så sant det var råd, svara dei ja med ein gong, og kom gjorde dei. Ingen ville ha det ordet på seg at han «lovar og lyg». Nei, dei sette si ære i å halde ord, og det var eit vanleg ordtak at «eit ord er eit ord, og ein mann er ein mann!»

Det var overlag hugnadsamt å vere med på dugnad. Der var det den gode samarbeidsånda som rådde. Ingen ville lure seg unna og sleppe lett frå det. Det var meir om å gjere å ta i alt' ein vann for å syne at her var ein mann som kunne ta eit tak når det trongst. Og desse dugnadsdagane minnest mange med glede endå lang tid etterpå. Menn som knapt kjende kvarandre før, vart ofte velkjende og godvener i desse arbeidslaga, og venskapen varde ofte livet ut.

Det hende at to eldre menn møttest etter fleire år. Så seier den eine: «Hugsar du då vi var i lag i dugnad hjå N. N.?» «Ja, eg skal meine det», svara hin. «Det var då vi vart retteleg kjende». Og så går praten livleg med' dei friskar opp att gamle minne.

Dugnadarbeidet hadde mange gode sider: Sjølv det tyngste arbeidet gjekk lett når fleire hjelptest åt. Eit storarbeid som ein elles ville trenge veker til, kunne bli gjort på ein dag. Ein fekk arbeidet gjort utan beinveges pengeutlegg, då dugnadkarane berre skulle ha mat og drikke laurdag og sundag. Karane vart betre kjende når dei såleis var saman i arbeid og fest. Det gjorde sitt til at det vart betre granneskap og venskap mellom dei.

Dugnadarbeid var ei typisk samarbeidsform i bondesamfunnet kring 1900, men etter kvart som industrien fekk meir rom, vart det også slutt med dugnadarbeidet. Og i 1940-åra kan vi seie at det var slutt for godt. Folk vart meir og meir oppjaga og tidlause, då fleire og fleire måtte gå etter klokka på fabrikkane, og hadde ikkje tid eller råd til å spandere ein dugnaddag — utan løn. Kvar vart seg sjølv nok. Så kan vi spørje om folk har vorte lukkelegare og livet rikare enn før. På det spørsmålet får kvar svare for seg.

Plassmenn, rudningsmenn

År 17 5 8 var det i Sykkylven 195 gardsbruk og 7 plassar. Folketalet i heile bygda var då 554 menn og 599 kvinner, i alt 1153.

År 18 2 7 var det 199 særskilt matr. jordeigedomar. Av desse var 17 plassar. Namna på plassane var:

Indre Fauske: Halvardplass, Peerplass, Nielsplass, Ellingplass.

Åsen: Uren og dessutan ein plass utan namn, der ingen budde.

Hjellegjerde: Ytre Hjellegjerde plass, Indre Hjellegjerde plass.

Aure: Ullavig plass.

Klokkerhaug: Myren 1 og Myren 2.

Straumgjerde: Rabben og Jøllen plass.

Blakstad: Krammarneset.

Tusvik: Einekagen.

Hatlemark: Jelbakken.

Utgard: Myren.

År 1930 var talet på jordeigedomar 560. Av desse hadde 210 større skyld enn ei mark, og 192 såkalla plassar hadde mindre enn ei mark i skyld. Resten, 158 brn., var hustufter eller

småstykkje og teigar som ofte høyrde til ein større eigedom. Talet på plassar har særleg auka etter 1827. I hundreåret 1830—1930 auka folketalet i bygda med 120 %.

Det som skapte levekår for fleire menneske, var nye bruk, deling av bruk, og til sist industri og fabrikkverksemd, dessutan handverk.

Dei plassemennene som rudde og bygde nye heimar, var ihuga og framtøkne bureisingsmenn. Soga deira er ei søge om slit og strev på sjø og land, om sut og saknad og mange vonbrot, men likevel med ein seig uthaldande vilje, og eit mot som aldri gav opp, trass i vanskar og vonbrot.

Soga deira lyder på lag slik: Dei to unge som hadde gitt kvarandre lovnad for livet, trådde etter eit stykke jord i heimegrenda, der dei kunne tufte sin eigen heim. Men det var få som hadde jord til overs. Dei måtte tinge både med ein og hin før det endeleg lukkast å få seg ein skrinrabb eller steinteig, der gardeigaren fann det lite lønande å svinge ljåen. Men dei unge var glade fordi det endeleg lukkast for dei. Og no vart det arbeid og strev til gagns. Hus skulle byggjast og jord rydjast. Pengar hadde dei som regel lite av. Dei hadde kanskje vore i tenest for ei løn på 3—4 dalar om året, og mannen hadde kanskje vore i torskefiskja nokre vintrar. Så hadde dei prøvt å leggje til sides1 mest mogleg av løna si, men det var ikkje mykje å område seg med. Tilskot frå herad, fylke eller stat var det ikkje tale om.

Det vart sett opp bygslebreve på plassen. Jordvidda kunne vere frå 10—30 mål, jamt urydda og udyrka jord av det skralaste på garden. Vilkåra var oftast såleis: For bygsle skulle det betalast 20—30 dalar. Landskylda skulle betalast med 1/2—1 dalar om året, og attåt dette skulle det svarast pliktarbeid på hovudbruket såleis: 3 dagar om våren, ei veke om sommaren og 3 dagar om hausten. I somme høve kunne vilkåra vere tyngre enn dette.

Så tok då arbeidet til på plassen. Først skulle tuftene rydjast, og det vart bygt stove og løe, ofte under same tak. Det var ikkje mange strå dei fekk i løa første hausten, knapt nok til ein sau, men likevel var dei vonfulle og arbeidsglade.

Barneflokket kom til. Det vart fleire munnar å mette. Å skaffe mat på bordet til kvart mål var ofte vanskeleg eller umogeleg. Så trongst det sko og klede til store og små, og pengar fanst mest ikkje.

Strev og omtanke måtte til. Mann og kone søkte arbeid hjå grannar for ei dagløn på 12, 20 eller 24 skilling. Løna var ulik etter årstidene. Stundom var løna brødleivar, flesk, smør eller mjøl.

Når plassefolket ikkje arbeidde hjå grannane, streva dei heime på plassen. Dei rudde bot for bot, kasta steinen i røysar og rudde vekk lyng og kratt. Dei sleit og drog frå morgon til kveld så det verke både i armar og rygg. Men dei stråla av glede når sola vernde i bakkane og det voks og blømde på åker og eng, og borna leika seg på tunet. Då gløymde dei all møde.

Såleis gjekk åra. Dei såg løna si i attlega og åkerflekken som auka i vidd frå år til anna. Høy-børene vart fleire, og løa fyltest meir og meir for kvar haust som kom. I fjøset voks det frå 1 sau til 2 og så eit par geiter. Då vart det mjølk og mykje moro med kjea for borna.

Når nokre år hadde gått, vart det kanskje råd til å fore ei ku eller to, og då tykte dei det var svært gromt på plassen. Og heimen vart kjærare til meir dei streva der. Stundom kunne det nok røyne hardt på når sjukdom råka folk eller fe, eller nokon av dei kjære fall frå. Då vende doggfylte augo seg mot høgda i bøn til Han som veit råd for alt. Det lindra sorg og saknad, og den stille freden fylte sjel og sinn.

Borna voks til der på plassen i livd av offervilje og sjølvgløymande kjærleik. Dei fekk lære arbeid og sparsemd. Dei fekk leve seg inn i eit arbeidsliv, bore av truskap og helga i bøn og tru.

Dei fekk ei god niste med seg på livsvegen, dei borna som voks opp i slike heimar. Difor vart så mange av dei rakryggja karakter-menneske som sette gode merke etter seg seinare i livet og vart gode føredøme for andre.

Ja, slik var soga åt plassefolket. Dei var nyrudningsmenn og bureisalar, adla og skirsla i arbeid og gudsfrykt. Dei var arbeidets adelsfolk som la nytt land til Noreg.

Namnet på plassen fortel ofte korleis han såg ut då bureisings-mannen tok til å tufte: Myra, Rabben, E i n e k a g e n, Ura, Kråkedalen o. s. b. Stundom syner namnet korleis bureisaren tenkte seg at plassen skulle bli: Solheim, Fredheim, Fagerheim, Fredly, Lunheim, Solvik, Vonheim m. m. Det ligg ein vakker spådom og eit fagert framtidssyn i kvart av desse namna.

Ofte har plassen namn etter bureisingsmannen: Lasseplass, Jetmundplass, Bendikplass. Det hende også at plassen hadde namn etter ei kvinne: Jonettaplassen, Ingerplassen, o.s.b.

Desse bureisingsmenn og -kvinner sette varige merke etter seg både i namnet og i gagnet, og plassen gjekk i arv frå ættled til ættled. «Og som det ervdest ned alt fagrar led for led, det byggjast skal i fred åt våre born».

NOKRE PROFILAR

GUDBRAND I VIK

Hans Strøm fortel i «Søndmørs Beskrivelse» om ein Gudbrand Gudbrandson i Vik i Sykkylven — «en af sin Formue bekjendt Mand som siges at have været Foged over Gidske Gods og at have havt tvende ligesaa formuende Brødre, den ene boende paa Gaarden Egsund i Røvde Sogn og den anden paa Ringstad i Stranden Sogn». Strøm seier at Gudbrand og brørne hans levde i «Pavedømmets Tid», eller som han seier ein annan stad: «i de Catolske Tider». Strøm seier vidare at Gudbrand «foræret 6 Mællag i Ullevig ved Oure til Præsten som een gang besøgte ham». Dette kan ikkje vere rett, for på den tid åtte erkebispestolen eller domkyrkja i Nidaros heile garden Vik (også kalla Guldbrandsvik i manntalet frå 1520), og hadde ått garden like sia 1440-åra. Det er heller ikkje truleg når Strøm seier at det var presten Ebbe i Ørskog som fekk Ullevigen af Gudbrand i Vik. Hr. Ebbe (Madsen Fynbo) var prest i Ørskog 1590—1630.

Ei segn frå Stranda om Bergtor paa Ringstad fortel: (Gjerding: Stranda I) «Han var bror til Gudbrand i Vik i Sykkylven, og desse levde over svartedauden. Dei tok seg herrelaust gods med dei ville og var styrteleg rike». Dette kan høve med at vi finn ein Gudbrand Berdorsson i Vik nemnd i eit brev dagsett Giske 19. april 1344. (Dipl. Norv. V. nr. 171). Denne Gudbrand kunne vere far til dei tre før nemnde brørne, og det er ikkje utruleg at han var fut (rådsman) på Giske. Strøm fortel vidare at desse tre brørne «skal have havt det meste Gods paa Søndmør enten i Eie eller, som troligt er, til Bestyrelse som Fogder, nogle sige over Giske Gods. En Steen som endnu vises udenfor Flaaskjær-Verpet satte grendsen millem Gudbrand og hans Broders Portion. Paa hin Side var Skillet ved Skottet. Af samme Gudbrand har man et Vers saalydende:

«Wiig, Velle, Oure Bygd,
bor stor Trygd,
Grebstad, Eidem ligger mig nær,
det holder jeg meget kjær» (!)

Det er lite truleg at Gudbrand har dikta dette barnslege diktet. Einkvan har vel laga det seinare og ville fortelje kva han åtte i Sykkylven. Dei tre brørne kunne ikkje ta seg herrelaust gods etter svartedauden, men dei kunne erve mykje, og det vart billeg å kjøpe, for verdet fall samstundes ned i sjettedelen av det gamle.

Det vi veit er at Gudbrand åtte og budde i Vik, der det endå i Strøm si tid var store, gamle hus, og han åtte dei «sex Mællag i Ullevig ved Oure» som han gav bort, — «og ligger samme endnu til Præstebolet», seier Strøm 1760. Dette er dei 6 mællag i Aure som prestebølet i Ørskog åtte. Ullavik var ikkje serskilt skyldsett. Det var ein part i Aure, så det er ikkje utruleg at Gudbrand åtte heile Aure, gamalt Giskegods. Vi veit at Pål Skofteson (Aurapal I) budde der i første halvdel av 1100-åra, og at dotter hans, Ingebjørg, var gift med Kolbjørn på Greipstad. (Etter dei gamle sunnmørske ættetavlene).

Vi veit ikkje om Gudbrand hadde born eller etterkomarar.

Aure, Greipstad, Eidem og Velle høyrde seinare til Rosenkrantsgodset. Det var arv frå den mektige odelsætta på Losna i Sogn, men korleis gardane er komne i deira eige, er uvisst.

Til dette godset høyrde også fleire av dei gardane som er nemnde i dei gamle ættetavlene: Hjortdal, Emleim og elles mykje gods i Sykkylven: Fauske, Kjemphol, Tandstad, Dravlaus, Brunstad m. fl. Vik kom i erkebiskopen si eige kring 1440. Dei som brukte Vik, vart leiglendingar under erkebiskopen. Det rimelegaste er at det inga etterslekt finst etter Gudbrand. I alle fall sat ho ikkje på Vik.

Til Gudbrand i Vik og broren Rove på Ringstad knyter det seg ymse segner. Ei av desse lyder på lag slik:

Rove bad broren Gudbrand til seg på Ringstad og synte han m. a. dei store, nye husa han hadde bygt der. Då dei hadde sett alt, sa Rove: «Dette er vel noko grommare enn revehola på Vik!» Desse orda sokk i Gudbrand, for han hadde enno små og skrale hus i Vik, men lovde med seg sjølv at dette skulle broren få att. Han for så heimatt til Vik og kalla til seg ein stor flokk drenger. Med desse for han over fjorden til Tu-markene, der dei hogde mykje tømmer. Dette

drog dei til sjøs og laga ein stor flåte som dei skulle slepe til Vik. Komne til Blakstad la dei opp til «Klinesbergane», der dei sette seg til å ete. Og så mange var dei at dei åt opp ein f jordung smør i eitt mål (ca. 20 kg.). Då dei skulle ro tømmerflåten til Vik, la han seg fast på Vikeflua, og dei måtte vente til sjøen flødde, så dei kunne kome til lands.

Gudbrand saga tømmeret og tok til å byggje ei stor, staseleg «lån». Frå huset let han byggje ei brei renne (gate) og ein svær port mot sjøen. Då alt var ferdig, læste han porten og sende bod etter broren på Ringstad. Han kom roande og la til lands ved porten. Då han såg at porten var stengd, tok han til å banke på. Gudbrand stod oppe i huset og såg det heile, men opna ikkje porten. Til sist vart broren lei og budde seg til å ro heimatt. Då Gudbrand såg det, gjekk han ut og læste opp. Så sa han til broren:

«Dersom du ikkje vil forsmå, må du stige inn i revehola på Vik». Så gjekk dei inn. Kva som meir vart sagt mellom brørne, teier segna om, men Gudbrand tykte vel at han nå hadde sitt ovapå, og at dette var til pass åt broren.

Aura - Pål I. frå Giske. Han var son til Skofte på Giske. Pål flytte til Aure og tok namn etter denne garden. Han vart gift med Sigrid Torkelsdotter på Fugl i Surnadal på Nordmøre. Dotter deira, Sigrid, vart gift med Gudmund i Stadheim, Sunnylvn, og den andre dottera, Ingebjørg, vart gift med Kolbjørn på Greipstad, Sykkylven.

Barstadætta. (Søndmør i eldre tid) s. 115:

Bård heitte den nesjekongen som ligg i haug på Barstad. Han åtte heile Romestrand og Strandvik, Godøya og Hundeidvik.

Son hans, Torstein Blåfot, er hauglagd i Hundeid. Ein annan son, Eilif Jarl, er hauglagd i Eilifshaugen på Godøya. Son til Eilif var Ljot Jarl, som var gift med ei dotter av Ragnvald Jarl på Godøya, mor til Magnus Berrfot. Son deira heitte Olv og var gift med Borgvar Arndorsdotter på Bremsnes, ei halvsyster av Magnus Berrføtt. Son til Olav var Kolbjørn på Greipstad, som var gift med Ingebjørg, dotter åt Pål Skofteson på Giske, og Sigrid Torkelsdotter på Fugl. Då ho vart enkje, gifte ho seg att med Gudtorm på Rein, farfar til

hertug Skule. Syster til Ingeborg var Sigrid, (7) som var gift med Gudmund på Stadeim. Son deira var Asgaut Raude på Sylte.

Kolbjørn på Greipstad var far til Ottar, Gudleik, Håkon, Sigrid og Inga. Sigrid ekta Jon Asgautson, som var far til Isak prest, Bård og Arne på Korsbrekke. Gudmund på Stadeim (9), var farfar til Jon Asgautson. Far til Gudmund heitte Olav, men far til Olav heitte Torstein, son av Herjulf Trolle, hans far var Ravn, som ligg i haug i Heimre Dale.

Arne på Korsbrekke (8) var gift med Solveig, dotter til Gamle på Velle og Tora Gudbrandsdotter. Gudbrand var lendmann og son til lendmann Tore i Loen. Gudbrand hadde 6 søner, som alle var lendmenn. Fire av dei hadde 4 sveinar, men dei to andre for til Jerusalem og kom aldri att.

Arne på Korsbrekke var far til Erlend, Peter, Kolbjørn, Arndor, Arne, Magnhild, Ragnhild, Ingebjørg og Jorun. Magnhild var gift med Bård på Barstad. Son deira var Bård, som ekta Magnhild Hallvardsdotter på Li.

Barstadætta (6) var såleis inngift i Giskeætta, med di Barstadætta sitt hovud, Kolbjørn på Greipstad, ekta Ingebjørg, dotter åt Pål Skofteson på Giske. Denne ætta åtte Barstad, Romestrand, Godøya og Hundeidvik. Men då dotter til Kolbjørn, Sigrid, gifte seg med Jon Asgautson på Sylte, vart noko av dette jordegodset overført til (Heim) Dalsætta, som åtte Dale, Sylte i Valldalen, Stadheim og Korsbrekke i Sunnylven. Dalsætta var også inngift i Giskeætta, med di Gudmund Olavsson (9—7) ekta Sigrid, ei onnor dotter av Pål Skofteson på Giske. Dalsætta sin seinare representant, Arne på Korsbrekke, gifte seg inn i Loeætta (8) og fekk med kona si, Solveig, garden Velle i Sykkylven, kanskje også Loen.

Men Arne hadde mange born, og ætta sine eigedomar vart delte opp. Dotter hans, Magnhild, vart gift med Bård på Barstad, og førde no noko av Barstadætta sitt tidlegare jordegods attende til denne ætta. Med sonen deira, Bård, steig ætta deira atter til heider og vyrndad, då han gifte seg til Uksvikætta sine eigedomar med Ragnhild Halvardsdotter i Li.

Aura - Pål 2. var ein mektig hovding (sysselmann), som budde på Aure kring 1200. Det er ikkje svært mykje vi veit om han, men det er ikkje utruleg at han var den første som bygde kyrkje

(huskapell) på Aure. Frå Sverres saga finn vi, i «Søndmør i ældre tid» av Karl Gidske, ei skildring som gir oss eit forvitneleg bilete av mannen Aura-Pål: «— Medan Sverre sat i Trondheim, kom baglarane sommaren 1199 til Bergen og tok straks byen, men borga stod seg mot alle åtak.

I borga var Sverre si dronning, Margareta, saman med fleire høgætta kvinner under verje av Aura-Pål. Denne Aura-Pål var utvilsamt ein sunnmøring, frå garden Aure i Sykkylven. Den tidlegare lendmann Aura-Pål på Giske hadde også fått namnet sitt frå denne garden.

Baglarane stabla no opp tømmer utafor borga for å setje eld på ho. Dronninga og dei andre kvinnene vart redde, men Aura-Pål fann på råd: Han kasta ei brennande tjøretynne ned i tømmerhaugen, før han var ferdig, og for å sløkkje måtte baglarane rive haugen ned att. Då dei for andre gong tok til å stable opp tømmer, tok dronninga til å jamre seg og ville overgi borga, men Aura-Pål fekk lokke kvinnene inn i eit tårnkammers og sette ei slå for døra, så dei førebels var or vegen. Med ein smørdunk, fylt av never, stry og svovl, lukkast det Aura-Pål enno ein gong å få sett eld på bålet åt baglarane før det var stort nok, og no gav dei opp å setje eld på borga. Aura-Pål gjekk då inn til dronninga og spurde kva ho ville gi han dersom han fekk baglarane til å forlate byen. Ho svara at han kunne krevje kva han ville av pengar eller pengars verd. Men det ville han ikkje ha. Fekk han derimot låne innseglet hennar, skulle han greie det. Det fekk han. No skreiv Aura-Pål eit brev til to prestar, som var hjå baglarane, og sette dronninga sitt segl på brevet, som lydde så — omsett:

«Om De nett no held Dykk noko til vens med baglarane, vonar eg at De likevel held mest på kongens sak. Vi har ei stor tidend, ein løyndom, å bere fram for Dykk: Kongen har late oss få vite at han har vore i kast med uvenene sine i Trondheim, og at det Gud skje lov har gått som før, at kongen har sigra, endå om han har mist mange menn, som Nikkolaus av Vestnes, Salmund Systrung og fleire. No bed vi Dykk på kongens vegner at De vil lage det slik at De får baglarane til å drye med utferda si frå byen. Så kjem han sjølv i morgon anten tidleg eller seint».

Då dette breset skulle sendast over til dei to prestane, gjekk det slik som den listige Aura-Pål hadde tenkt: brevet vart oppsnapa

og kom i hendene på baglarhovdingen. Fylgja var at han tidleg neste morgon stakk ut frå byen med heile flåten sin, fordi han var redd å møte kong Sverre».

Sigurd Fetil (Fet) og Eystein på Aure. (Sysselmenn under hertug Skule).

Kong Håkon Håkonsson kalla saman eit riksmøte i Bergen år 1223. Der ville han få stadfest sin rett til kongedømet. Det var ei stor samling av framståande menn som møttest der, kjernen av heile landets aristokrati. Av Gulatingslagens verdslege hovdingar vert først nemnt lendmann Pål Flida til Giske og son hans, Peter. Lendmann Gregorius Jonsson frå Blindheim m. fl. Møtet vart ein fullkomen siger for kongen, men for å gjere den ærgjerrige Skule jarl til lags, gav kongen han Trøndelag, Nordmøre, Romsdal og Sunnmøre å styre. Kong Håkon hadde endå til ekta Margreta, dotter til Skule, for freden si skuld, men alt var til fånytt.

Våren 1235 stemnde kongen jarlen til eit nytt møte i Bergen. Etter mange drøftingar siglde jarlen sørretter med 20 skip, men då han kom til Sunnmøre, vart han liggjande i Steinvågen til langt på hausten. Då kongen såg at han ikkje kom til møtet, for han nordover til Trondheim med stort fylgje. Då jarlen frette dette, heldt han råd med mennene sine i Steinvågen, og endelykta vart at han rømde nordover for verson sin.

Mellom dei lendmenn som no fylgde kongen, var son til Pål Flida, Peter av Giske, med leidangen på Sunnmøre. Den sløge hertug Skule var ikkje god å få tak på, men med hjelp av biskop Sigurd og andre gode menn lukkast det å hindre open strid. Nokre år seinare var kongen atter i Bergen med sine lendmenn, og venta på at Skule skulle kome til rådlegging. Då Skule ikkje kom denne gongen heller, for erkebiskop Sigurd, som også var komen til møtet i Bergen, nord til Sunnmøre i embetsærend, og kongen gav lendmennene sine heimlov. Kongen påla dei som skulle nordover: Åsolv av Austråt, Peter av Giske, Ågmund Krøkedans, Tore av Borre, og nokre andre, å fare varleg fram, til dei hadde fått full visse om anten Skule ville ta ved fredeleg semje eller ikkje. Men Skule let seg kare til kongen på Øreting, og dermed var opprørsfana heist. Då Skule frette at

lendmann Tore av Borre var på veg nordover, gav han sysselmennene sine på Sunnmøre, Sigurd Fetil og Eystein på Aure i Sykkylven, pålegg om å halde auge med han og ta han av dage kvar dei måtte treffe han, og nord i Trondheimsfjorden vart Tore hoggen ned.

Meldingane om Skule si framferd og varbelgane sin oppstand spreidde seg straks sør i landet. Ein av hirdmennene til kongen, som var til stades på Øreting, tok vegen over Orkedalen og Surnadalen til Sunnmøre og gav melding til Peter Giske. Han for så vidare til Bergen, der kongen var. Varbelgane for no søretter og hogg kongsmennene ned kvar dei fann dei. Peter av Giske var i kjøpstaden Borgund då han fekk høyre at tre av skutene åt varbelgane låg ved Herøy, medan andre kom nordafrå. Han hadde gitt storparten av mannskapa sine heimlov, men hadde ei tjuesesse og ein mindre båt att. Med desse sette han i veg til Herøy, der varbelgane låg. Men då han let blåse i krigsluren, tok dei røminga. Mange meinte at Peter med dette ville varsle dei, så dei kunne kome seg unna.

I alle høve er det av stor interesse at det med dette kan slåast fast at alt i den tidlege mellomalder var jordegodset på Sunnmøre samla i få og framstående ætters eige. Borgarkrigane, og den sosiale revolusjon under kong Sverre, har også verka til å samle eigedomane på få hender, dermed vert også ættetavlene meir pålitelege. Vi ser klårt at ved hundreårs-skiftet vert eigedomane samla på færre hender etter kvart, stundom ved kvinner som ved giftarmål førde eigedomane over til andre ætter. I alle høve ser det ut til at somme av desse friarane, t. d. Halvard i Lid, har høyrte til dei nye ætter som kom opp med birkebeinarane» (G. Storm).

Alt som er samla om desse sunnmørsættene, må vere nedskrive på Sunnmøre, og med god kjennskap til dei lokale tilhøva. Dei eldre ledd er visstnok mindre sikre, og Eilif og Ljots jarletitlar må vere like inkjeseiande som Giskeaetta sin stamfar, Arnmod jarls, tittel. Men elles må ætterregistra gi eit korrekt uttrykk for den kjennskap som Pål Flida og son hans, Peter, hadde til sine gamle slektningar. Det syner seg at desse menn heldt sterkt på sine slektstradisjonar, at dei kunne rekne sine aner opp til det 10. eller endå 9. hundreåret, og heldt rekneskap over korleis jordegodset var gått over frå den eine ætta til den andre, seier prof. G. Storm.

FOLKEOPPLYSINGA [Til INNHALD](#)

TIDA FØR 1740

Ein ordna skule for ålmugen fekk ein først med skulelova av 1736, men det vil ikkje seie at bygdefolket til den tid var heilt utan opplæring. Dom- og klostorskular og latinskular var av lite verd for det breie lag av folket, då desse skulane var skipa for adelsfolk, munkar og geistlege.

I dei første hundreåra etter at kristendomen var innført, hadde samlivet i heim og kyrkje mykje å seie for den ålmenne opplysninga.

Alt tidleg samlast bygdefolket til husandakt, med salmesong, bøn og lesing av heilage skrifter, og i kyrkja var presten den første religionslærar. Sjølv om det ikkje var skuleopplæring i vanleg meining, så fekk bygdefolket på denne måten si første kristelege opplæring og oppseding.

Folkeskulen er ei frukt av reformasjonen. Først med Luther og ref. kjem tanken om ein ordna folkeskule opp. Men det gjekk på lag 200 år frå ref. til folkeskuletanken slo gjennom og vart røyndom i Noreg.

Luther oppmodar foreldre og husbønder «at undervise Børn og Tyende i religiøse Grundsandheder», og prestane vart pålagde «at udlægge et Stykke av Børnelærdommen, et Bud, en Bøn» o. s. b. etter preika. På den måten vart heile katekisma gjennomgådd.

Presten sin medhjelpar, degnen, fekk i oppdrag • å syte for opplæringa av borna ved den såkalla «Degnlæsning». Peder Palladius skriv om den:

«Når det om Søndagen har ringt første Gang, da skal Degnen klemte 15—16 Klemte, og da skal de vide at det klemtes til Barnelaardom. Ungdommen skal da komme til Kirke og sætte sig i de øverste Stolene, og Degnen skal stå mellem dem og lære dem Barnelærdom med Lyst og Lempe. Til de avsidesliggende Steder paa Landet skal Degnen komme minst en Gang om Maaneden, en

Søndageftermiddag, naar det er deilig Solskin og børnene kan komme hjemmefra». (Jfr. kirkeordinansene av 1539 og 1607).

Den første freistnad på å lage ein sjølvstendig skule med eigen lærestand vart gjort av Kristian 4. Han pålegg degnen å bruke ein dag i veka (utafor kyrkja) til å undervise ungdomen «udi en Dannemands Huus». Ingen fekk lov til å gifte seg før dei kunne dei 10 bod, artiklane, Fader vår og sakramenta. (1645).

I 1720 kom det påbod om «kirkekatekisasjon». Ungdomen skulle møte i kyrkja kvar sundag frå påske til mikkjelsmess, og i 1736 kom forordninga om innføring av konfirmasjon. Ungdomen skulle møte i kyrkja til førebuing i 3 månader, 2 dagar i veka. I 1738 vart Pontoppidans forklaring teken i bruk, og i 1739 kom «Forordning om Skolerne paa Landet i Norge og hvad Klokkerne og Skoleholderne derfor maa nyde». Samstundes kom «Instruktion for Degne og Skoleholdere paa Landet i Norge». På same tid vart det også innført visitasplikt for bisp og prost, og presten vart pålagd å ha tilsyn med oppsedinga av borna både i skulen og i heimane.

Stort verd fekk utan tvil innføringa av konfirmasjonen, med di at presten venta og kravde eit visst minstemål av kunnskap i religion og lesing hjå dei unge, før dei kunne bli konfirmerte. Dei som då ikkje heldt dette mål av kunnskapar, måtte «gå heim att», dvs. dei kunne ikkje bli konfirmerte same året, men måtte vente eit år til og «gå opp att» til førebuing hjå presten. Det hende nok at mange ungdomar med mindre gode evner måtte «gå heim att» både eitt og to år før presten fann å kunne konfirmere dei.

Ved heimeundervisning, degnelesing, katekisasjon og konfirmasjonsførebuing fekk borna og ungdomen si opplæring dei to første hundreåra etter reformasjonen. Resultatet av denne opplæringa var i første rekkje avh. av foreldra, presten og degnen si interesse for dei unge og deira oppseding. Dei fleste lærde vel meir eller mindre å «reinlese i bok», endå det var slett ikkje alle som kunne det. Somme lærde også å skrive og var «brevsynte», men det var visst dei færreste, og dei lærde skrivekunsten av kvarandre. Ingen fekk skuleundervisning i skriving før 1741. Dei fleste kunne ikkje skrive namnet sitt, og måtte anten bruke «bumerke» eller få ein skrivekunnig til å skrive namnet deira med påhalden penn.

Orden i skuleopplæringa vart det først med «Placat og nærmere Anordning angaaende Skolerne paa Landet» av 5. mai 1741.

SKULESTELLET

Det som gav støyten til eit ordna skulestell for ålmugen var innføringa av konfirmasjonen i 1736. For å bli konfirmert måtte ungdomen få eit minstemål av kristendomskunnskap. Det var prestane som i første omgang fekk den oppgåva å syte for det, gjennom opplæring og førebuing til konfirmasjonen, og denne ordninga har halde seg sia. Men prestane kunne ikkje ta seg av almennooplæringa. Til det trongst eit ordna skulestell.

Den første skulelova Noreg fekk, var lova til Kristian 6. frå 1739 og «Plakaten» av 1741. Skulen skulle vere ein kyrkjeskule, og det var den pietistiske rørsla som hadde børe skulen fram. Lova fastsette at kvar sokn skulle skipe skular i kyrkjelyden. Kvart barn skulle ha ei opplæringstid på 12 veker i 3 år. Opplæringa skulle gå for seg på den måten at læraren gjekk frå gard til gard og samla borna til skule, omgangs-skule. Hovudfaget var religion (kristendomskunnskap), og lesinga tok særleg sikte på at borna skulle lære Pontoppidans bok: «Sandhed til Gudfrygtighed» og andre lærebøker i kristendom.

I mange år frametter var det prosten og prestane som styrde med skulestellet. Seinare vart det skipa skulekommisjonar, som var samansette av presten og 4 medlemmer oppnemnde av amtmannen og prosten. (Kgl. resolusjon av 5. mai 1741 og skulelova av 1827).

Det gjekk svært trått med å gjennomføre skulelova i Noreg. Landet var grisgrendt, fattig og veglaust. Skulen skulle klare seg utan tilskot frå staten, difor vart han møtt med uvilje av bøndene, for han kom med nye byrder, tok borna frå heimane når dei kunne vere til nytte, og kravde utlegg til bøker og klede. Lova møtte så mykje motburd, og vanskane med å skipe eit fast skulestell var så store at mange tvilte på om det i det heile let seg gjere å skape ein norsk folkeskule.

Det var særleg prestane som gjekk i brodden for å setje skuleskipnaden ut i livet. Dei møtte nok mykje motvilje, særleg då det i kvar bygd var tilsett menn som skulle krevje inn «skuletoll» til å dekkje utlogene til skulestellet. Desse oppkrevjarane var oftast lite velsédde.

Skulekommisjonen drøfte alle skulespørsmål, tilsette lærarar og sette opp budsjett, (seinare hadde han berre innstillingsmynde). Stiftsdireksjonen godkjende lærartilsetjingane.

Budsjetta som skulekommisjonen sette opp, skulle sendast inn til stiftsdireksjonen og til formanns- og representantmøtet, som kunne vedta eller brige dei.

«Skoleholderens Journaler eller Skole-extrakt-protokoller» vart framlagde i skulekommisjonen. Der var det oppført rubrikkar for gyldig og ugyldig forsøming. Skulekommisjonen granska noggrant desse rubrikkane, og måtte ofte mulktare foreldre og føresette til born som ofte forsømde skulen. Vedkomande vart gjerne først kalla inn på kontoret til presten for å stå til rette for sin handlemåte. Hjelppte ikkje dette, vart han mulktet, stundom fleire gonger.

Lærarane prøvde ved merknader å gi bøndene så godt skotsmål som mogeleg, med di dei gav uttrykk for at det ikkje var av motvilje mot skulen at borna forsømde, men at det oftare var for skuld sjukdom, dårleg ver eller lange og vanskelege vegar til skulen.

Skulekommisjonen skulle også ha tilsyn med fattige og forsømde born, gi tilskot til klede, sko o. s. b. Dessutan skulle han fastsetje ferietida, som vanleg var: I jula 4 veker, i påska og pinsa ei veke, i våronna 2 veker og om sommaren 12 veker. Det vert i alt 20 veker ferie, og skuletida var såleis 32 veker for året (for læraren).

Evnerike gutar, som tok omframt opplæring hjå klokkaren eller presten, kunne sia ta til som lærarar. Dei vart først tilsette på prøve, gjerne med halv post frå først av. Synte dei dugleik i skulearbeidet, vart dei fast tilsette av skulekommisjonen.

FORSLAG TIL SKOLEVÆSENETS ORDNING PAA SØNDMØR

utarbeidet 1742 av Foged og konstituert Amtmand N i c o l a i A s t r u p og Sogneprest i Ørskog og provst i Søndmør Provsti Hans J a c o b H i o r t.

Ørschoug Kald

Dette Kald har 480 jordbrugende Mænd, men faa og uvisse Huusmænd. I dette Kald behøves 5 omgaaende Skoleholdere: Den første skal have de Gaarder som ligger paa den Nordre Side af Fjorden, nemlig i Ørschoug Sogn fra Visæt til Tysse og Langskibsøen inclusive. Den anden paa den Søndre Side af Fjorden, nemlig Ramstaddalen, Søviigdalen i bemeldte Sogn og Grebstaddalen til Vigeelven i Søchelvens Anneks. Den tredje fra Vigeelven det øvrige i bemeldte Annex, nemlig begge Strenderne, Veldedalen og

Hundeviigen. Imellem den fjerde og femte deeles Strandens og Stordalens Annexer, saaledes at hver informerer paa sin Side af Fjorden.

Alt saa har hver Skoleholder i Ørschoug Kald nesten lige mange Bosiddende i sit Skole District.

Til deris Løn bør Contribueres af Almuen og Ungdommen, som før er melt og af Voxlys-Pengene efter at 4 Rdr. til 4de Kirkers fornødenhed i de korteste Dage er afdragen, de overskydende 12 Rdr. Præsten giver 2 Rdr. Kirke-Eyerne for Ørschoug Kirke, som er et lidet Sogn 1 Mrk. 8 Skill., for Søchelvens Annex 1 Mrk. 8 Skill., for Stranden Annex 1 Mrk. 8 Skill., for Stordal Annex som er det minste Sogn 1 Mrk.

De som ere over Bondestanden for sig og sin Familie: Christopher Abelsæt 2 Mrk., Cornelius Sehusen 1 Mrk., Peder Paulsen paa Søholt 8 Skill., Lensmand Lauritz Leth 1 Mrk., Peder Vidal i Holmen 1 Mrk. De faa gode Huusmænd som formaar det, hver 4 Skilling Aarlig at erlegge.

Dette var altså den første skuleskipnaden for Sykkylven med ein og ein halv skulepost (lærarpost).

Skulen gjekk på omgang frå mann til mann etter regulativ som var utarbeidt av skulekommisjonen. Der var det fastsett kor mange dagar kvar mann skulle ha skulen. Dei heldt særleg til hjå gardbrukarar som hadde noko større hus, og skuleturane var frå 2 til 4 dagar i kvart hus.

Læraren fekk hus og kost der han heldt skule. Løna var 12 Rdl. pr. år. Ei svelteløn vart det sikkert. Ofte var det slik at læraren sjølv skulle krevje inn løna si hjå folket, og då skulen vart møtt med motvilje hjå mange, kvidde læraren seg for å krevje løna, og ofte fekk han ikkje det vesle han hadde rett til heller.

I 1820-åra var lærarløna 8 spd. for året. I 1830—5(T-åra 12 spd., 1850—60 14 spd. I 1861 18 spd. og i 1863 43 spd.

Vi ser såleis at kåra betra seg litt etter kvart for lærarane og. Lærarar som synte «Udholdenhed og Flid» fekk ofte eit par dalar i alderstillegg. Elles hadde lærarane ymse føremonar framfor andre. Såleis var dei fritekne for «Consumption. Folke- og Familieskat, samt alle andre Paalæg, som Kjørsel, Skyds, Arbeide og Udskrivning».

Dei som søkte om det, fekk ofte fri i fiskjetida, dei hadde då «Stedfortrædere» i skulen.

Som før nemnt var «almueskolen» frå først av ein religionsskule. Undervisningsfaga var: «Staving, Renlæsning, Katekismus, Forklaring, Bibelhistorie, Bogstavskrift, Sammenskrift og lidt Naturfag og Sang». Denne skuleordninga heldt seg stort sett ut det 18. og noko inn i det 19. hundreåret. Skulane var nok på mange måtar ulike i denne tida. Det kom så mykje an på interessa og dugleiken åt læraren og interessa hjå folket. Etter kvart tok folk til å skjøna at skulen var god og naudsynleg. Mange prestar synte stor ihuge for skulen, og gjorde det dei kunne for å få han betre. Idealet var ein folkeskule som var meir enn ein religionsskule. Borna skulle lære rekning, skriving, (norsk) soge, landkunne, samfunnslære, (Grunnlova), hagebruk o. s. b. Det skulle vere ein skule som tente både verdslige og religiøse føremål. Der det var råd, ville ein skipe faste skular. Borna skulle få fritt skuletarvende, og det skulle vere høveleg klassedeling. Skulen skulle haldast oppe ved statstilskot, og lærarane skulle få betre utdanning og høgare løn.

EXSTRAKT — UDSKRIFT AF SKOLEFUNDATSEN FOR SØNDMØRE PROVSTI

Efter Kongelig allernaadigst Anordning af 5te Maji 1741 dend 3. art. haver vi Committerede Nicolai Astrup, Kongl. Mayst. Foged over Søndmøres Fogderie og Constitueret Amtmand sammesteds — og Hans Jacob Hiort, Sognepræst til Ørschougs Kald og Provst over Søndmørs Provsti, berammet en Samling til det allernaadigst befalde Skoleholds Stiftelse efter at ieg Hans Jacob Hiort baade i mit eget Kald har handlet med Almuen derom, og ved Brev opmuntret det øvrige Præsteskab dertil, men formedelst Almuens Uvillighed og Ustadighed paa de fleste Steder ikke endnu er kommet til en ønskelig Effect, derfor har ieg efter Conferance med den constituerede Amtmand indvarslet enhver Præst med 4 Mand at møde for Amtmanden og mig, nemlig de Præstegjeld i Norlotten d. 19 de September paa Sørnes i Borgens Skibrede, og de i Sørlotten d. 21 de ejusdem paa Brandal i Ulfstens Skibrede indeværende Aar 1742, til at forfatte en efterretlig beskreven Forretning til Skoleholdets Stiftelse i dette Provsti, hvilket efter den allernaadigste Skole-forordning, Instruction og Placat bør indrettes og vedligeholdes.

Da befinder vi at Ungdommen formedelst dette Lands Situasjon maa undervises af omgaaende Skolemestre, hvilke hver i sit anviste District jefnliggen bør holde Skole, men efter Landets beskaffenhed maa cessere i Sommer og Høstvinnens Tid, da Almuen er ude i Markene til høj- og kornberging. Imidlertid bør de dog alle hellige Aftener samle hver Bøygdelags Børn i visse Huse til Øvelse i deris Christendom og Overhørelse i Catechisme Kundskab. For saadant Skolehold er det nytteligst at de nyder en vis aarlig Løn, uden nogen videre Accidence for Bønder-Børns Lærdom og holder vi for billigt, at hver Skoleholder bør lønnes med 12 Rdl. som aarlig til Michaelis Tid af de anordnede Casserere maae indsamles og dennem leveris. — Imedens de ved omgang i Bøygderne opvarter Skoleholdet, bør de hos Bønderne, som har Raad og Evne, indtages ved Omvexling til Kosterhold enten de har Børn eller ikke, i det mindste een Uge hos hver af Gangen, som det for Skolen og de unge, som skal indformeris, kand blive beleiligt, — det Præsten af Prædikestolen tillyser hvad Tid og Stæd i Bøygdelaget Skolen skal holdes og hvad Ungdom dertil skal møde, hvilke Tillysning Almuen bør lyde og efterleve under den Straf som Forordningen i den 17 de Artic. dicterer, saa at hele Sognets Ungdom kand ved Skoleholdernes Omgang, aarlig i det mindste 3 maaneder blive underviste.

Til Skolemesterens Løn samt fattige Børns Fornødenhed i Skolen, bør erlægges det den allernaadigste Skoleforordning befaler i den 32 Artic. om Collecter og Mulcter, i den 33 Artic: om ugifte Personer af Bondestand, som ere over 15 Aar, enten de tjener eller ikke, Soldater saavel som andre at enhver Karl som kand fortjene fuld Løn bør give 6 Skilling, og en ringere Dreng 4 Ski. og hver Pige 4 Ski. Alle andre som ey ere Bønder blive taxseret efter deris Nærings og Brugs Beskaffenhed, saa og Præster og Kirkeeyere, 'som herefter hos hvert Sogn skal specificeres.

Alle Plads-Huusmænd skal give hver 6 Ski. men en Gode-husmand 4 Ski. saa at ingen i Sognet, uden Almisse-lemmer, maa undtages fra den aarlige Contribution til det solutaire Skoleverks Vedligeholdelse, og efts* den 34 Artic: bør lægges til ethvert Præstegjelds Skole-Casse den i de allernaadigste udstædde Kierke-skiøder ansatte Taxt for Voxlys, men i de mørkeste Vinterdage behøves Lys paa Alteret til det hellige Sacramentes Uddelelse, hvorfor vi har tillagt

Borgens Kierke, hvor den største Almue findes, 2 Rdl. alle de andre Kierker her i Provstiet hver 1 Rdl. de øvrige Lysepenge henlægges til Skolen.

Denne fornødne Forandring henstiller vi aller underdanigst til Hans Kongl. Mayst.s allernaadigste Aprobation.

Saavidt dette ovenmeldte iche kand tilstrække, maa lignedes paa hvert Præstegjelds Bønder en aarlig Afgift til Skole-Cassen at erlægge, og finder vi ved Mandtalets overslag, at enhver Bonde i dette Provstie bør betale til Skolen 6 Ski. for Aaret på den Condition, som herefter skal anføres.

Paa denne forskrevne Maade foretog vi os ethvert Kald især, og herhos beskrives Skoleholdernes Tal og deris Skole-district, samt hvad som særdeles bør anmerkes.

Ørskoug Kald har 480 jordbrugende Mænd, men faa og uvisse Huusmænd. I dette Kald behøves 5 omgaaende Skoleholdere: Den første skal have de Gaarder som ligger paa den Nordre Side af Fjorden i Ørskoug Sogn fra Viset til Tysse og Langskibsoen inclusive. — Den andre paa den Søre Side af Fjorden, nemlig Ramstaddalen og Søvigdalen i bemeldte Sogn og Grebstaddalen til Viige-elven i Søchelvens Annex. Den tredje fra Viige-elven det øvrige i bemeldte Annex, nemlig begge Strenderne, Velledalen og Hundeidvigen. Imillem den fjerde og femte deeles Strandens og Stordalens Annexer saaledes at hver indformerer paa sin Side af Fjorden, altsaa har hver Skoleholder i Ørskoug Kald næsten lige mange Boesiddende i sit Skoledistrict.

Til deris Løn bør contribuieris af Almuen og Ungdommen, som før er meldt, og af Voxlys-pengerne — efter at 4 Rdl. til de 4 Kierkers Fornødenhed i de korteste Dage er afdraget, de overskydende 12 Rdl.

Provsten giver 2 Rdl. Kierkens Eyere for Ørskoug Kierke, som er et lidet Sogn 1 Ort 8 Ski. for Søchelvens Annex 1 Ort 8 Ski. for Strandens Annex, som er det mindste Sogn 1 Ort. De som ere over Bondestanden for sig og sin Familie: Christopher Abelsæt 2 Ort, Corneliuss Seehusen 1 Ort, Lensmand Lauritz Leth 1 Ort, Peder Viddal i Holmen 1 Ort, Peder Paulsen paa Søholt 8 Ski. de faa gode Huusmænd, som formaar det, hver 4 Ski. aarlig at erlægge. — Skulde nogen Conditioneret, som er udenfor Bondestanden i disse foranmeldte Præstegjeld findes, som her ikke er opnævnt eller her efter kan

tilkomme, da bør saadanne contribuere til dette nyttige Skoleverk efter sin Tilstand og Vilkaar, det vedkommende Præster har at observere.

Overalt maa i hvert Skoledistrict anordnes en god og vederheftig Mand til Kasserer, som skal indsamle, ikke alene af Ungdommen og Almuen, men og af Kierke-eyere samt Præster og andre vedkommende det som her oven ere taxseret, og aarlig ved hver Michaelis tid at aflægge Regnskab for Sognepræsten og hans Medhjælpere. Men efter som bemeldte Kasserere ikke kand uden Kgl. bevilling tillægges noget af Skolekassen for deres Ulempe, saa finder vi for ret og billigt, at der bør i hvert Præstegjeld til Lettelse for dem, fastsættes det vedkommende Ungdom og Almue bør efter Indvarsling til en vis Tid, som Præsten paalyser, møde for Kassereren med sine Skolepenger at betale, saa bør og Præsten og Kierkeeyerne, samt andre distingverte Folk i Sognet, ved første givne Leilighed inden Michaelis tid levere ham sin Contingent, men hos de resterende har Kassereren Frihed til, efter den Kgl. Placat 4 Artic. at udpante dem, som deris Andeel ey i rette Tid betaler, da han og kand søge Erstatning for sin Møye hos de skyldige.

Naar saa Indkasseringen er slut, da betales deraf den accorderede Skole Løn samt fattige Børns bøger og Kosterhold i medens de er i Skolen, om nogle saadanne i Sognet findes. Hvad som overskyder skal blive i Kassererens Gjemme under Præstens Tilsyn, indtil Aar efter andet saa meget kan være i Behold, at Skolelønnen deraf kand betales, da Almuen for det Aar kand forskaanes, men alt hvad Skoleforordnigen i 32, 33 og 34 Artic. ekspresse befaler, bør aarlig erlægges. Til dess bedre Rigtighed maa hver Kasserer have en Bog paa Indtægt og Udgift samt Beholdningen, og Sognepræsten bør holde en Generalkassabog over Præstegjeldet, som maa komme overens med Kassererens Bøger, paa det deraf kan sees at hvad Menigheden contribuere til deres Børns Undervisning, bliver og rettelig dertil anvendt.

Saaledes som ovenskrevet er, at være forrettet, bevidner vi med voris Hender og signatur Anni dicbus et locis ut superins.

Nicolay Astrup, H. J. Hiort

Forestaaende af Kgl. Maj. Foged over Søndmøre Fogderi og constitueret Amtmand samme steds, Nicolay Astrup samt Provsten

over Søndmøre Provsti og Sognepræst til Ørskoug Kald hr. Hans Jacob Hiort efter foregaaende Samling og Conferanse med enhver Prest i Provstiet, saavidt enhvers Prestegjeld kunne vedkomme, saa og 4 Dannemænd af hvert Prestegjeld, forfattede, underskrevne og forseglede Forretning over Skolevæsenets Indsættelse udi det hele Søndmørs Provsti allerunderdanigste Følge af deris Kgl. Maj. sidste udgangne allernaadigste Forordning af 5. Mai 1741 bliver, som i alle Maader vel grundet og vel overveiet hermed paa Hans Exellensis hr. Stiftbefalingsmandens og egne vegne fuldkommelig approberet og confirmeret, saa den stedse og for efterkommende tid skal være og blive en bestandig Regel og Rettesnor for Skolevæsenet udi mer bemeldte Søndmøre Provsti, thi bør nærværende og efterkommende Provst og Sogneprester have nøye i Sinde at dette saa gudelige og højstnødvendige Verk fremdeles tilbørligen bliver istandsatt og bestandig vedligeholdt uden minste Forrykkelse alt efter føranførte Forretningsindhold og formeld, Pengene af de udnevnte Forstandere aarligen rigtig indkomme, Skoleholderne deris fortjente Løn rigtig betalt, med videre Skolevæsenets vedkommende, Skolekassen Bestandig conserveret og saa vidt mulig formeret, saa og Ungdommen, især de fattige Børn udi deris Christendomskundskab med videre forsvarligen underviste og oplærte saaledes som enhver vedkommende for Gud og den ærede Øvrighed agter at forsvare, hvortil den grundgode Gud forlene Naade, Lykke og Velsignelse! Bergens Bispegaard, 17/11 1742.

Efter Kgl. allernaadigste Befaling paa Hans Excellences
hr. Stiftsbefalingsmandens og egne vegne,

B o r n e m a n n

FRÅ SUNNMØRSK SKULESØGE 1742—1827

Ørskog prestegjeld, (Ørskog og Sykkylven)

Av Johs. Buset i Tidsskrift for S. H. Lag 1948—49

Ørskog prestegjeld hadde i 1589 6 kyrkjer og 2 kapell og femnde over heile Indre Sunnmøre. Norddal, som var eit residerande kapellani under Ørskog, løyste seg ut til eige kall i 1673, og i 1759 vart Stranda soknekall skipa.

Det heiter i Reformasen for Trondheims stift 1589 at til Ørskog hovudkyrkje hørde 60 bønder og til Stordal kyrkje 30. Presten

skulle tene desse kyrkjelydane såleis at hovudkyrkja fekk preike 2 helgedagar og Stordal kyrkje den tredje. Til Sykkylven kyrkje sokna 100 og til Stranda 78 bønder. I Sykkylven skulle dei få gudsteneste 2 helgedagar i rad og den tredje på Stranda.

Heile Ørskog prestegjeld fekk tre prestar: soknepresten på Ørskog, residerande kapellan på Sylte i Valldal og ein personellkapellan, som truleg fekk til hovudoppgåve å tenestgjere på Stranda og i Sykkylven.

Soknepresten hadde i landskyld 39 spann, 1 øre, 1/2 pund. Tiendkornet hans kom opp i 70 tynner, ostetiend 9 våger, fisketiend 1 våg. Elles hadde han dei uvisse innkomene av kallet. Personellkapellane sin lønte han med fri kost og 12 riksdaler i årleg pengeløn. I sunnmørsmanntalet 1666 får vi litt nærare greie på Ørskog prestegjeld. Landskylda vart då rekna etter 103 våger 18 merker fiskeleige. Korntiend i eit medels godt år var 140 tynner korn, ostetienda 28 våger. I dei siste 20 åra hadde ikkje presten fått fisketiend.

På Ørskog prestegard sådde dei 16 tynner såkorn, dei fødde 26 kyr, 2 hestar og 24 sauer. Jorda på prestegarden var dårleg, ingen herlegdom høyrde garden til. Dei hadde ei flaumkvern. Noko brennefang hadde dei også, men dei laut kjøpe mykje brennefang andre stader frå og «med stor Umage og Bekostning hjemsendes». Dei hadde ikkje sagtømmer eller hustømmerskog til prestegarden.

Vi får også vite at det i Ørskog prestegjeld var 2 klokkarar. «Pastoris Degn» hadde klokkargard på Ørskog, 1/2 våg fiskeleige i Sjøholt og iy_2 våg i Lindset. Dessutan skulle han ha fire skilling av kvar mann «efter en uraldrig Vedtekt og Observantz». Den andre klokkaren hadde tenestplassen sin i Norddal.

Den første klokkaren vi veit om i Ørskog, heitte Knut Jensen. Han var klokkar i 1660-åra. Seinare kom Halvor Paulsen 1667—69. Jon Tvilling 1669—71, Ole Knudsen 1671—90, Oluf Paulsen Amdam 1691—1724 og Erik Iversen Herdal 1735—39. (Sjå L. Strømme: «Ørskogklokkarane til 1770» i Tidsskrift for Sunnmøre hist.lag 1939—40).

Desse klokkarane skulle mellom anna hjelpe presten med katekiemeopplæringa. Det er tvilsamt om alle av dei var særskild velskikka til det. Somme av dei vart avsette for skuld «leiermål». Ikkje alle hadde stor lesedugleik heller, og med kristendomskunnskapen kunne det ha vore betre. Bisp Randulf prøvde såleis Halvor

Paulsen, som fekk det rådet av bispen at han skulle «flittigen læse over og lade sig udav Præster ydermere undervise, saa at han seiv kunde forståa Katekismus saa og nogenlunde forklare den for de unge, naar han læser for dem». Denne fråsegna tyder ikkje nett på at Halvor Paulsen var særleg vel inne i det kristendomsinnhald han skulle lære frå seg. Elles var det ikkje å vente at klokkarane gjorde seg velskikka til tenesta si heller, for dei økonomiske kåra deira var ringe. Oluf Paulsen Amdam klaga til kongen i 1695, saman med ymse andre klokkarar på Vestlandet. Dei kalla seg «fattige og nødtrengende Klokere i Bergens stift» og tala om «vaares elendige Medbrødre og vaares store Jammer og ringe Vilkaar». Dei hadde «Bedrøvelse og hjertens Bekymring» over stillinga si. Det var spørsmål om kongen ville «lade sit Kongelige Hjerte røris av Medynk over os nødbestedte Kirkens ringeste Tjenere».

Kongen lova at dei framleis skulle få ei tynne korn av kvar kyrkje som dei tente, slik det hadde vore frå arilds tid. Noko betre trøyst fekk dei diverre ikkje. Det vart å bite i fattigdomen framleis. Difor kunne futen Nicolay Astrup noko seinare tale om klokkar Oluf Paulsens «fattige og usle Tilstand». Dei fleste andre sunnmørs-klokkarane sleit også med armod og fattigdom. Klokkar Bård Fredriksen Standal i Hjørundfjord var i 1725 «pur fattig», og klok karen i Haram, Ole Jonson Smoge, måtte i 1720-åra gjere tenararbeid hjå bøndene i sokna attåt klok karyrket, så mykje han kunne halde livet oppe. Han kunne ikkje leve av innkoma i kallet, heitte det. Ikkje stort betre var stillinga hjå somme andre.

Mange gjorde likevel godt arbeid for den kristelege folkeopplysninga. Born og ungdom lærde førstegrunnane av katekisma si. Bispen Randulf vitja Ørskog tre gonger i 1660—70 åra, og fann at ungdomen gjorde god «rede for sig udi dens Katekisme». Presten i Ørskog på den tid, Christen Jenssen Heggelund, gjorde visst eit godt arbeid i prestegjeldet. I eit ålmugeskriv frå 1661 heiter det om han at han hadde vore «from og god og tjent og forstaat os som en from og opriktig Sjælesørger i alle Maader». Endå meir elska var visst personellkapellane hans, Jens Paulsen Astrup. Ålmugen rosa han i sterke ordelag og sende eit bøneskriv om å få han til sokneprest etter Heggelund. 15 mann frå Ørskog prestegjeld skreiv under på bøneskrivet på «voris Vegne og mange av voris Sognemænds Vegne». Kongen lova kapellane kallet, men han døydde føre soknepresten.

Bisp Oluf Bornemann kom på visitas til Ørskog i 1741. Han let vel over presten Hans Jacob Hiort, og såg gode frukter av arbeidet hans i kyrkjelyden. Men då stod ein nett framfor eit tidsskifte i skulearbeidet. Nye skulelover og føresegner skulle setjast i verk.

OMGANGSSKULEARBEID I ØRSKOG PRESTEGJELD 1742—1800

Skulefundasen for Sunnmøre 1742 la grunnlaget for eit betre skulestell enn det før hadde vore. Mykje hadde det også å seie at Bergens stift fekk den dugande mannen Erik Pontoppidan til bisp. Han kom i stor mon til å setje meir fart i arbeidet både for skule og kyrkje.

I 1750 kom han på visitas til Ørskog. Han tykte vel om presten Hans Jacob Hiort, som preika «til opbyggelse og fornøyelse» og var «fornuftig og tillige kristelig i omgang». Presten røkta embetet sitt godt, og var ein dugande skulemann. Skulestellet hadde kome godt i gjenge. Somme prestar andre stader hadde endå til fått skulemeistrar frå Ørskogpresten. «Følgelig viser hans eksempel hvor høylig det ligger magt paa gode prester», skreiv bispen etterpå. Den personelle kapellanen, Nils Astrup, fekk også vellæte, «en god og forstandig mand». Klokkar Ole Olsen Lied var flink til å katekisere. Dei fire omgangsskulemeistrane var av beste slaget. Ungdomen heldt seg vel «in examine», men ikkje så bra som ungdomen i Borgund, «hvis lige jeg knapt have hørt». Bispen syntest ikkje dei gamle i kyrkjelyden var særleg «muntre og bevegelige ved ordets hørelse».

Også bisp Arentz var nøgd med Ørskog kyrkjelyd i 1767, då han visiterte der. Presten Nils Astrup var flink til å katekisere, og hadde gode skulemeistrar. Ungdomen fekk bra opplæring. Tilhøvet mellom prest og kyrkjelyd var godt, og inga klage kom fram.

Biskop Arentz hadde stor omsut for skulestellet i bispedømet sitt. Frå hyrdebrevane hans anda det av godhug og varme for det jamne folket. Han la prestane sterkt på hjarte at dei måtte ta seg av dei unge. «Skolevesenets indretning er et helligt middel til at skaffe kundskabs lys i menighederne og til at vedligeholde det samme». Diverre var det mange ålmugefolk som prøvde å kome unna skuleskatten, og tykte at skulemeistrane hadde for stor løn. Skulle ein få orden i sakene og vyrdnad for lov og føresegner, måtte ein nok gå .hardt fram stundom.

Det var både lys og skugge over kyrkje- og skulearbeidet. «Saaledes er nu dette aars kirkevisitas ved Guds naade forrettet og fuldført med mere og mindre fornøjelse, dog må jeg sige til Guds ære det jeg nu har befunden, at jo længere nord, jo større lys hvad dette stift anbelanger».

I 1775 for prost Peder Nerem frå Hjørundfjord på visitasferd på Sunnmøre. Han fortel at dei fleste prestegjeld hadde fått fleire skulemeistrar enn før. Kvart skuledistrikt var delt opp i «skolehold». Læraren heldt skule 2 dagar hjå kvar mann, der borna frå «skoleholdet» samlast. Til vanleg kom han rundt skuledistriktet sitt to gonger for året. Såleis kunne borna få repetere det dei hadde lært.

Skulemeistrane heldt skule 30—33 veker for året. På helgedagane når det ikkje var gudsteneste i kyrkja, samla dei born, ungdom og eldre i dei største stovene. Dei las preika or huspostillen og spurde borna etterpå. Det hende visst og at skulemeistrane heldt «messefallgudstenest» i kyrkja. Då og skulle dei lese teksta og katekisere på kyrkjegolvet. Å halde frie kristelege talar var strengt forbode.

Også prost Peder Nerem peika på vanskane med skulestellet. Alle stader høyrde han klagemål over foreldre og husfedrar som «dels er modvillige og forsømme at holde deres børn til skole, dels altfor tidlig tåge dem derfrå, uagtet alle paamindelser og formaninger». Mange vil ikkje betale skatten sin til skulekassa. Dette klagemålet går ofte att: bøndene vil ikkje betale. — Ille er det også fordi mange skulemeistrar tener berre 7—8 år i skulen, så mykje dei vert fri militærtenesta. Så går dei bort «til ungdommens og skolevesenets skade».

Men trass i vanskane har Gud signa verket her i prostiet, legg prosten til, så dei fleste les rett vel, «de tungnæmme nogenledes, og mange skriver». Ungdomen har god kunnskap i dei «nødvendigste kristendomssandheder og stykker, og mange er ret rosværdige».

I 1780—90-åra er meldingane om skulen jamt over stutte og sparsame på innhald. Ørskog prestegjeld hadde 3 skulemeistrar som gjorde si teneste etter fundasen. (Stranda og Stordal gjekk frå Ørskog 1759). Meldinga frå 1781, som presten Nils Astrup skreiv, er ikkje nettopp så ljøs. Skulen hadde vore i gang heile tida, men ikkje «stedse lige vel yndet av almuen». I dei første 20 år gjekk det nokolunde bra, og folk betalte skuleskatten sin med «redelighed».

Seinare auka alle skattar, særleg var ekstraskatten frå 1726 hard. Uår kom til og tok modet frå folk. Vårfisket minka av, «hvorved mangel og fattigdom ytrede sig i de fleste huse». Folk vart leie av skuleskatten, og «skolevesenets indretning blev anseet med mishag». Mange vart uviljuge til å gjere skyldnaden sin mot skulen. «Dette er bleven av mig for Amtet andraget, der har herved at assistere med ordre til udpantning hos de resterende».

Kring 1780 klagde alle prestar på Sunnmøre over dårlege tider og uvilje hjå ålmugen mot skuleskatten.

Bisp dr. Irgens let ikkje ille over Ørskog i 1788, og i 1794 heitte det at Ørskog hadde 3 skulemeistarar som gjorde samvitsfullt arbeid og fekk løn og opphald etter fundasen.

Etter det vi kan skjønne gjorde Nils Astrup, sokneprest til Ørskog 1759—92, eit godt arbeid for skulen. Ein burde få fleire omgangsskulelærarar, hevda han i 1791, så borna kunne få betre opplæring. No gløymer dei så mykje mellom kvar gong dei kjem på skule, og ikkje alle foreldre kan hjelpe borna sine med lesinga heller. Han ville at den konfirmerte ungdomen skulle møte fram til overhøyring kvar sundag og helgedag når det ikkje var offentleg gudsteneste. På den måten kunne dei truleg halde vedlike kunnskapane sine og såleis ein gong verte skikka til å hjelpe sine eigne born. Ein burde også få andre lærebøker i kristendom enn berre dei dogmatiske. Bibelsoga burde «forskaftes til skolernes brug», hevda presten. Denne boka hadde ikkje vore i bruk på Sunnmøre til den tid.

Også sonen hans, Nicolai Astrup, interesserte seg for skulespørsmål. Han var sokneprest til Ørskog 1792—1802. I hans tid ville den Norske Missionskasse gi pengar til skulearbeidet i Noreg, og det var spørsmål om korleis pengane på beste måten skulle brukast. Dei fleste prestane fekk høve til å seie si meining om saka.

Presten Nicolai Astrup skjønna nok at faste skular kunne vere ein føremon, men tilhøva i vårt land låg ikkje til rette for fast skuleskipnad. Bygdene var for grisgrendte, og folk hadde ikkje råd til faste skular, som i tilfelle laut vere internatskular. I Noreg måtte vi framleis arbeide med omgangsskular, men dei kunne verte betre. Kanselliet i Kjøbenhavn såg helst at det vart skipa fleire faste skukir

Først og fremst måtte omgangsskulelærarane få større løn. No har dei ei løn «som ei kan udbringes til det en bondekarl fortjener om

aaret». Skulemeistrane må tene for mindre enn «deres brødre». Mange lærarar står berre til dei er fri hertenesta, og dei som «have alene denne hensikt, blive sjelden nyttige skoleholdere». Dei går snarast råd er attende til ein næringsveg som skaffar dei «mere verdslig fordel». Somme stoggar ei lengre tid i skulen med den vona at dei skal verte klokkarar, «og i saadant haab have nogle arbeidet i mange aar med besynderlig flid og til megen nytte». Men ikkje så mange kan verte klokkarar. Difor må skulemeisterlønna opp. Vi må få fleire lærarar, hevda Astrup. I Ørskog prestegjeld er det berre tre omgangsskulelærarar, det er for lite. Vi burde minst ha fire «efter børnenes antall og distrikternes vidløftighed, naar der kunde findes udveie til at lønne saa mange». Mykje gagnleg kunne det og verte å gi økonomisk stønad til slike som ville bli opplærde på eit «skoleholderseminarium». Folk har ikkje råd til å utdane seg til skulemeistrar, så lenge lønene ligg så langt nede. For dei fattige husmannsborna var det ofte vanskeleg å få opplæring. Foreldra hadde ikkje råd til «aa forsyne dem med underholdning» medan dei var på skule på gardar langt vekk. Slike foreldre burde få økonomisk stønad til borna sine, meinte presten.

OMGANGSSKULEN I ØRSKOG PRESTEGJELD 1800—1827

Dei første åra etter 1800 gjev oss berre sparsame meldingar om skulestellet. Styremaktene arbeidde noko med å gjere lærarvilkåra betre. Dei tenkte seg at fleire og fleire skulelærarar skulle verte klokkarar og såleis få seg betre økonomiske kår. Stiftsdireksjonen sende ut eit skriv om dette i 1800 til prostane, som bad prestane gi dei opplysningar om lærarane. Desse svara gjev oss gode opplysningar om omgangsskulelærarane på Sunnmøre. Elles veit vi at det vart harde tider med uår og krig framover i mange år, så skulestellet kom til å lide. Men frå 1817 ljósna det. Då melde presten Kjelstrup at hovudsokna Ørskog hadde ein og Sykkylven 2 skulemeistrar. Presten valde ut dei beste ungdomane til lærarar og gav dei munnleg opplæring. Dessutan fekk dei lese gode bøker og vere til stades når presten heldt katekisasjon. Hovudsokna, Ørskog, hadde då 106 huslydar. Annekset Sykkylven hadde 132 i nordre distrikt og 140 i søre. I alt 272. Undervisningsemna var religion,

rekning og skriving. Dei hadde Pontoppidans forklåring, katekisme og abc-bok til skulebøker. Andre bøker enn desse og salmeboka hadde ikkje skulemeistrane med seg på rundturane sine. «Det hele videnskabelige apparat indskrænker sig til de nylig anmeldte bøger og en salmebog».

Lærarane laut gi melding til presten om arbeidet sitt kvar månad. Dei hadde fri «sæd-, høste- og indbringningstider». Det var 338 skulepliktige born i prestegjeldet, og av desse gjekk 318 på skule. Svært få foreldre gav borna sine såpass opplæring at dei kjende bokstavane. Difor sende dei borna til skulen når dei var 5 år gamle, for di dei fleste foreldre var «aldeles uduelige til at være deres børns lærere, da de seiv intet vide eller forstaar».

I 1819 kom prost Birkeland i Borgund på prostavisitas til Ørskog. Han tykte skulestellet hadde tapt seg litt siste åra, fordi det var vanskeleg å få dugande lærarar. Løna lokka ingen, og foreldra hadde liten hug til å sende borna på skulen. Ein vona dette ville rette seg når lærarane fekk betre løn og betre utdanning. Skulekommisjonen meinte ein trong minst ein lærar til i prestegjeldet, då kvart skuledistrikt hadde meir enn 100 huslydar. Ein fast skule ville vere gagnleg i Ørskog sokn, av di det var bra tettgrendt.

I 1820 kom bisp Pavels på visitas. Ved katekisasjonen på kyrkjegolviet sakna han den «flid og omhu» som det hadde vore før. Bispen fann den «maadeligste» ungdom han hadde høyrte det året. «Mitt første spørsmål: Hvad befaler det første bud? besvaredes med: «At bedrive avguder». Såleis gjekk det når han ikkje spurde etter forklåringsorda. Gjorde han det, fekk han «ramser», så han i fleire minutt ikkje kunne få «ørenslyd». Truleg er Pavels litt for hard i dommen sin her.

Men i det siste hadde det kome nye skulemeistrar som fekk ros og gode vitnemål, så framgangen ville nok, kome. Kvar omgangsskulelærar skulle føre ei særskilt dagbok, så ein betre kunne kontrollere skulesøknaden. Ulovlege forsømingar burde meldast og mulkterast etter «anordningen». Visitasmøtet fann at ein måtte ha ein ny skulemeister attåt hine. Ein fast skule ville vere bra, men enno kunne han ikkje kome. Folk ynskte at den offentlege katekisasjonen på kyrkjegolviet måtte haldast så ofte som mogeleg.

Det ser ut til at interessa for skulen auka frametter 1820-åra. Prost Birkeland let ikkje ille på visitasane sine, då han vitja Ørskog

i 1821—22—23. Skulemeistrane arbeidde med «ufortrøden flid og under menighedens agtelse i deres kald». Ein skulle snart få ein betre skipnad i skuledistrikta, så ein kunne vente gode frukter frå den «tilvoksende ungdom». Litt skuleforsøming merka ein framleis frå somme heimar, men «lysten til at søge skolen synes dog større end før». Det merkast til det betre at ein hadde fått den 4. skulemeisteren, og «den skolesøgende ungdom fandtes vel oplyst» (1822). På lag sameleis lydde det året etter. Ein var ferdig med den nye distriktsinndelinga, og skulearbeidet fall laglegare. På visitasen viste ungdomen god framgang i kristeleg opplysning. Ålmugen heldt gjerne borna sine til skulen.

I 1824 og 1827 kom sjølvaste bisp Neumann på innstig til Ørskog. Han var ein nøyen og myndig visitator, og ville ha greie på alle ting. Han kunne bruke storslegga, når det trongst. På visitasmøtet i 1842 vart det opplyst at dei jamt heldt katekisasjon i kyrkja om sommaren, og om vinteren katekiserte lærarane i distrikta sine. Kvar haust var det konfirmasjon, og konfirmantane vart førebudde eit halvt eller eit heilt år i førevegen med frammøte hjå presten kvar veke. Føre altargangen overhøyrde presten den konfirmerte ungdomen. Folk gjekk til altars 2 gonger for året. Ingen forsømde det.

Bispen påla skulemeistrane å gi borna opplæring i skrivning og rekning. Like eins vedtok dei å føra inn Grøgårds lesebok i skulane. Bispen gjorde framlegg om at skulekommisjonen skulle kjøpe inn 24 ekspl. av denne boka på skulekassa si rekning. På møtet i skulekommisjonen etter visitasmøtet gjorde dei bispen til viljes. Kvar skulemeister fekk 6 ekspl. av Grøgårds lesebok og abc-bok, som han måtte ha med seg på skuleferdene sine og låne ut til fattige born. Skulekommisjonen løyvde 8 spesidalar og 48 skilling til dette bok-kjøpet. Dei løyvde også 4 spd. til innkjøp av skrive- og reknemateriell, då bispen «befalte» at alle lærarane skulle gi opplæring i skrivning og rekning. (I skulerekneskapen frå 1826 er det nemnt mange foreldre som fekk abc-bøker og forklåringar til borna sine).

Noko bal hadde dei med foreldre som ikkje sende borna sine på skulen. Skulekommisjonen vedtok samrøystes i 1824 at foreldre og føresette skulle bøte 4 skill. til skulekassa for kvar dag borna forsømde skulen utan grunn. Lensmannen fekk ei liste over dei

skuldige og lova å kassere inn mulktene. Men det gjekk visst ikkje så lett med dette arbeidet, for på skulekommisjonen året etter kom det klage over at mulktene ikkje var innbetalte. Difor vedtok dei å vende seg til «stedets øvrighed», heiter det. Av skulekasse-rekneskapen frå 1825 ser vi at dei hadde ført opp 6 spd. i mulkt, som ikkje var innkome.

Prost Birkeland kjende seg bra nøgd med visitasane sine i 1825—26. Borna var huga til å lære, og ålmugen elska opplysning. Noko møde hadde dei med skuleforsøminga framleis.

Då bisp Neumann kom att i 1827, fann han at den kristelege opplæringa gjekk bra, men inniboklesinga kunne ha vore betre. Sameleis lyder det frå dei andre sunnmørske bispevisitasane på den tid. Borna fekk skrive- og rekneopplæring attåt lesing og kristendomkunnskap. Dei fekk også lære å lese skrift, heiter det. Skuleforsøminga minka, og det gjekk mot betre tider.

Vi har sett at kravet om meir skrivning og rekning auka etter kvart. Alt i 1817 høyrer vi om skrive- og rekneopplæring i Ørskog prestegjeld, men den opplæringa var visseleg ikkje stor. Vi kan nok gå ut frå at berre dei aller flinkaste borna fekk litt av denne opplæringa. I 1824 var det 341 skulepliktige born i prestegjeldet. Av dei fekk 66 opplæring i skrivning og berre 14 i rekning. Tre år seinare (1827) hadde prestegjeldet 334 skulepliktige born. Då fekk 76 skrive og 33 rekne. Dei lærde å skrive bokstavane og hadde litt avskrift. Flinkaste elevane fekk eit grunnlag, så dei seinare kunne krota saman eit brev. Rekninga var vel i hovudsaka hovudrekning.

I denne samanheng kan vi nemne at ikkje alle tillitsmenn i Ørskog prestegjeld skreiv under visitasprotokollen frå 1824 med eiga hand. Forutan bisp, prost, prest og lensmann har desse skrive namna sine sjølve: Kyrkjeverje Elling Olson Valbø, kyrkjeverje Ole Larsson Drabløs, medhjelparane Lars Carl Amundson Aure, Petter Melset, Martinus Pederson Drabløs, Ole Pederson Søvik, Guttorm Johannesson Tandstad og Hans Jacobson Megaard. Desse medhjelparane har skrive under «med holdt pen»: Lars Larsson Nedrevold, Jens Torson Vaksvik, Lars Brudevold og Sjur Sjøholt.

Ein skal ikkje lite for mykje på slik underskriving, men i dette tilfelle får vi truleg ei meining om skrivekunnskapen likevel. Somme av dei som skreiv under med eiga hand, hadde ei mest uleseleg handskrift.

SKULEFUNDASEN FOR ØRSKOG PRESTEGJELD 1742

Soknepresten i Ørskog, Hans Jacob Hiort, var i stor mon dei? drivande krafta med å få i stand den sunnmørske skulefundasen av 1742. Saman med konstituert amtmann Nicolay Astrup fekk han bøndene til å gå med på forslaget. Fundasen var betre enn ein kunne vente, og den kom i hovudsaka til å vere gjeldande skulelov for Sunnmøre til 1816.

Vi får vete at Ørskog prestegjeld hadde 480 gardbrukarar. (Stranda og Stordal var med til 1759).

Det trongst 5 omgangsskulelærarar i kallet. Den første skulle ha gardane på nordsida av fjorden, (Viset—Tysse), den andre fekk sørsida, nemleg Ramstaddal, Søvikdal og Grebstaddal til Vikeelva. Tredje skulemeisteren fekk båe strendene, Velledalen og Hundeidvik. Fjerde og femte læraren delte Stranda og Stordalen mellom seg, og fekk kvar si side av Storfjorden. Kvart skuledistrikt vart om lag like stort.

Dette nye skuletiltaket kosta mange pengar. Ein laut difor skriva ut skuleskatt på bønder, husmenn, soldatar, drenger og jenter. Dessutan hadde dei til gode noko av voksljospengane i kyrkjene. Presten la 2 riksdalar, kyrkjeiegaren for Ørskog kyrkje 1 mark 8 skilling, for Sykkylven 1 mark 8 skilling, Stranda 1 mark 8 skilling og for Stordal kyrkje 1 mark. Christopher Abelsæth måtte legge 2 mark, Corneliuss Seehusen 1 mark, Peder Paulsen på Sjøholt 8 skilling, lensmann Laurtiz Leth 1 mark og Peder Viddal i Holmen 1 mark. Skulemeistrane skulle ha 12 riksdalar i årleg løn. (Sjå elles nærare om denne fundasen i Tidsskrift for S. Hist.lag 1910).

OPPLYSNINGSARBEID UTANOM SKULEN I ØRSKOG PRESTEGJELD

Det er nok umogleg å vite kva bøker som fanst i Ørskog prestegjeld i det 17. og 18. hundreåret. Den som hadde høve til å gå gjennom alle skifta, ville nok få mange opplysningar såleis, men slett ikkje alle.

Av Laurits Christensen Stistrups legat vart det utdelt ikkje så få biblar. I 1772 høyrer vi om at Hans Olson Reite hadde fått ein bibel av legatet, og dei næraste åra frametter fekk Ole Pederson Løset,

Hallvard Jacobson Hatlen, Hallvard Hallvardson Sjøholt, Nils Kroken, Sjur Ramstad, Ola Samundson Egge, Peder Pederson Jordskar, Erik Olson Ramstad og Jon Ellingson Vaksvik biblar på den måten. Utdelinga heldt fram seinare også. I 1815 f a n s t d e t 88 b i b l a r i p r e s t e g j e l d e t, av dei var 22 av Stistrups legat.

Dessutan vart det frå 1780-åra og frametter delt ut ymse andre bøker. Hans Lukkedal, Ola Vinsnes, Ola Andersson Melset og Knut Knutson Klock fekk såleis kvar sitt eksemplar av B. S i w e r s T r a c t a t. Føremålet med denne bokutdelinga var å hjelpe ålmugen til større kristeleg opplysning.

Knapt nokon einskildmann gjorde så mykje for opplysningsarbeidet i Ørskog som klockar Peter Olaus Strømme, (1775—1859). Han tok til som lærar i 1794, og vart klockar etter faren fire år etter. Dei siste åra til faren hjelpste han honom med klockartenesta.

Peter Olaus Strømme hadde store kunnskapar og litterær interesse. Prost Baade i Borgund sette han høgt, og nemner han i 1811 som velskikka til å lære opp omgangsskulelærarar. Truleg hadde mange av lærarane i Ørskog fått opplæring hjå han, og han ville også halde sambandet med dei vedlike seinare. Difor sette han i gang den vidkjende Annal f o r S k o l e l æ r e r e i 1807. Sokneprest Jessen skreiv om han fleire gonger at han var ein god songar og synte god moralsk framferd. Han var sær s v e l s k i k k a til klockartenesta, heitte det. Han interesserte seg ikkje berre for kristeleg opplysningsarbeid, men ville også fremje kunnskap om verdslege og ålmenn-menneskelege emne. Difor tok han til å skrive om ymse saker som hadde fanga interessa hans. Vi skal nemne nokre av dei manuskripta som ligg att uprenta etter han. (Etter oppi. frå lærar Andr. Nordang, som hadde dei frå avlidne lektor Strømme).

1. Veiledning for skoleholdere.
2. Bog for træarbeidere.
3. Smedebog.
4. Haandbog i landmaaling.
5. Bibelske sentenser.
6. Farvebog.
7. Haandbog i Chemien.
8. Ledetraad i Religion.
9. Lægebog.

10. Aritmetisk haandbog.
11. Anvisning i Landmaaling.
12. Økonomisk haandbog.
13. Dagbog 1813—31. (Gjeld jordbruket hans).
14. Allehaande (notater).
15. Forordninger (avskrifter).
16. Havebog.
17. Søndmørs Planter.
18. Hesten, dens foring (notater).

Kor mykje som er sjølvstendig arbeid i desse skriftene, er ikkje godt å vite utan ei nærare gransking, men dei vitnar i alle høve om ein interessert skulemann og klokkar, som stod langt framom det vanlege i samtida.

Opplysninga måtte kome folket til gode, meinte han, og bøkene var beste opplysningskjeldene. Ein måtte skipe boksamlingar for det jamne folket. Difor søkte han og kona hans til Kongen i 1802 om å få kongeleg konfirmasjon til å skipe eit fritt lånebibliotek for ålmugen i Ørskog prestegjeld. I søknaden heldt han fram at han hadde gitt 50 bøker til låneboksamlinga, og han hadde prov for at slike bøker ville «medføre nytte og kundskabers utbredelse». Bøkene skulle ikkje kome under skiftehandsaming når han og kona fall frå. Så lenge dei levde, måtte dei vere på garden Haukås, og stå under deira styring. Etterpå skulle ein av næraste ervingane, som budde lagleg til, styre boksamlinga med tilsyn av presten. I fall ingen av ervingane kunne styre boksamlinga, måtte presten få ein viljug og kunnig ålmugemann til å gjere det. Styraren laut passe på å få nye bøker inn i staden for dei som var utslitne. Også dei nye bøkene burde «bidrage til hensiktens opfyldelse med dette bibliotek, nemlig oplysning og hjærtets forædling». — Søknaden var underskriven av Peter Olaus Strømme og kona Ane Gurine.

Presten Nicolai Astrup gav søknaden ei god tilråding, for klokkaren hadde lyst «at gavne sine medmennesker», og det ville vere bra for han å få «højbemeldte beskyttelse». Ogso amtmann Sommerfeldt stødde søknaden og vona at boksamlinga ville ha god innverknad på «almuens tenkemaade». Han bad om at klokkaren måtte få konfirmasjonen fritt, slik som Sivert Aarflot i Volda hadde fått før ved eit liknande høve.

Saman med søknaden sende klokkaren ein plan eller ei lov for boksamlinga, og gjer i innleiinga litt greie for føremålet. Det er så få nyttige skrifter mellom folk, og det er viktigaste grunnen til at «der blandt landalmuen paa mange steder endnu hersker uvidenhed». Han vil etter kvart gi fleire bøker til samlinga, og vonar å få glede av tiltaket. Det skal vere «min høieste belønning».

Så kjem då lova, som er på 9 paragrafar, og innheld for det meste praktiske rådgerder med omsyn til utlån, lånetid og stell med bøkene. Alle skal ha høve til å låne bøker fritt, husmenn, plassmenn og gardmenn, men likevel med den skilnad at husmenn ikkje fekk tiltru til boklån, utan at den gardmannen dei «sorterer under, vil staa i ansvar for bøgerne». — Her kom eit aristokratisk samfunnssyn fram, endå til hjå den opplyste ørskogklokkaren Peter Olaus Strømme.

Konfirmasjonen vart gjeven 9. juli 1802, og den andre offentlege boksamlinga på Sunnmøre kom dermed i gang.

Denne boksamlinga fekk litt omtale på ymse visitasar. Bisp Pavels nemnde ho i dagboka si frå 1820, og skreiv at der var mange gode og nyttige bøker, men også slike som «Cyprianus og Præstepinen, Cannabichs Chritik over gammel og ny lære, samt Det Gamle og Nye Testamentes Mirakler fremstillede i deres sande skikkelse». Bispen åtvara klokkaren mot desse to siste bøkene. Truleg hadde dei eit altfor radikalt innhald, jamvel for Pavels. Elles hadde ikkje bispen stor tru på at boksamlinga vart mykje brukt.

Også bisp Neumann nemnde Strømme og boksamlinga hans i 1824. Klokkaren hadde «virket velgjørende til oplysningens fremme». Der var «gagnlige almuesbøger», sa bispen. Dei hadde også kjøpt fleire gode skrifter på skulekassa si rekning, «hvilken samling han (presten) agter for fremtiden at fortsætte til brug for almuen». Lesehugen voks, og dermed kunnskapen, og såleis auka trongen til meir lesetilfang.

ANNAL FOR SKULEMEISTRAR I ØRSKOG PRESTEGJELD 1807—1808

Dette skriftet vart funne i ei kasse med gamle papir ved ein auksjon på Tjønes i Sykkylven i 1921. Det hadde gått på omgang i 1807—08 mellom lærarane i prestegjeldet, som etter tur og orden skreiv inn sine tankar om visse aktuelle skulespørsmål. Etter kvart

hadde det auka til 60 sider. Klokkar Peter Olaus Strømme hadde visstnok sett skriftet i gang, og truleg var det han som skreiv tilskrifta, som er merkt med ein S. Ho har overskrifta: «Til de hæderlige Skolelærere i Ørschougs Præstegjeld».

Innleiaren peikar på at skulemeistrane har mange vanskar i arbeidet sitt, t. d. «foreldrenes skiødesløshed, fordomme og overtro».

----- Skulemeistrane har ofte vore like fordomsfulle og overtruiske som ålmugen. Dei hadde nok lært folk å lese, men ikkje å tenkje.

Han sjølv hadde arbeidt mykje mot gamle fordomar, men det nytta lite. Folk meinte han for med range lærdomar eller var berre ein «nyheds prædikant». Dei tviheldt på det gamle. Nye synsmåtar dugde ikkje for ålmugen, såg det ut til.

I det siste hadde folk fått meir lyst på nye tankar. Også lærarane gjorde framsteg såleis. Dei lika å tenkje, er lære- og lesehuga og kjøper nye bøker. Presten prøver no meir enn før å «brede lys og fornuftig tænksomhed» ut mellom ålmugen.

Lærarane må prøve å skifte tankar gjennom annalen og spreie opplysning seg i mellom. Somme hadde nok kika ut or «fortidens mørke», medan andre lærarar framleis stod i si gamle fordomstru. Det var ofte ein motsetnad mellom det gamle «tvetydige» og dei «riktigere og sundere begreper», som no skulle sigre.

Forfattaren tek så fram det aktuelle spørsmålet om Guds vreide. Nokre lærarar innprentar borna otte for Guds vreide, og trur såleis å kunne skræme dei frå å synde. Andre fortel at Gud kan ikkje vere vreid. Han er berre kjærleik. Det vonde som råkar syndaren, er ei naturleg fylgje av dei låke gjerningane hans, og ikkje nokon verknad av Guds vreide over synda. ----- Tankebyttet i annalen skulle kaste lys over slike problem.

Mange skulemeistrar nytta høvet til å skrive meiningane sine inn i annalheftet. Somme hadde innlegg fleire gonger, så der er i alt 19 innlegg. Særleg kom spørsmålet til å krinse seg om Guds vreide og problemet om det vonde i verda. Desse lærarane skreiv i annalen: Peter Olaus Strømme, Ola Larsson Kjønnnes, Amund Jonson Hole, Ola Kristensen Sorte, Amund Olson Velle, Salmund Olson Strømme, Nils Olson Hjorthol, Peder Ellingsen Velle og L. G. Aure.

Klokkar Peter Olaus Strømme er alltid den aktive og førande i ordskiftet. Han hadde tvillaust dei største kunnskapane og var mest skrivekunnig. Innlegga hans syner at han var sterkt teken av

opplysningstida sine tankar og hadde rasjonalistiske synsmåtar på kristendomen. Det var ikkje underleg at bisp Pavels gav han ei åtvaring.

Stort sett fekk han dei andre skulemeistrane med seg på tankane sine. Ein og annan gongen merkar ein litt opposisjon i detaljane, men så bøyer dei gjerne av til sist, og gjev kløkkaren rett i hovudsaka. Stundom fekk ordskiftet eit noko livsframandt og filosofisk drag over seg. Mest opposisjon kom fram i innlegga frå Amund Hole, som stritta mot somme av dei nye synsmåtane. Kan hende var han ein av dei som hadde kome i samband med Haugianar-rørsla. Det er stort personleg alvor og sterk kraft over eit av innlegga hans, der han skriv om «Guds kald til de forlorne sønner og døtre» og hans vreide over dei ugudelege på syndevegen.

Det er berre rimeleg at lærarane i denne tid hadde føre seg mest av kristelege spørsmål. Skulen var i all hovudsak ein religionsskule. Men av annalen ser vi at dei også interesserte seg for nye lesemetodar. Fleire peika på at ein burde gå grundigare fram med leseopplæringa enn ein hadde gjort til den tid. Lærarane hadde altfor mykje vore førelesarar for borna, meinte dei. Ein burde ta seg god tid med nybyrjarane, og lære dei godt bokstavane. Sær verdfullt ville det vere å legge meir vekt-på stavinga. På den måten ville borna få meir hjelp til sjølvverksemd, og ta seg betre fram på eiga hand. Alle var samde om desse synsmåtane.

Annal for skolelærere 1807—08 er eit vitnemål om vaken interesse hjå dei gamle skulemeistrane. Dei gjekk inn på problema, og prøvde å løyse dei etter beste evne.. Dei hadde syn for samarbeid og samkjensle mellom standsbrør, og sette stor pris på godt venskap. Ofte kalla dei kvarandre vener, og meinte det. — Tru om ikkje denne annalen frå Ørskog og Sykkylven er eit av dei første skuleblad i landet ?

MORAL OG FOLKELIV I ØRSKOG PRESTEGJELD 1819—1827

På prostevisitasen i 1819 spurde prost Lars Birkeland etter dei kristelege tilhøva i prestegjeldet. Det kom då fram klagemål over helgedagsmisbruk til «utidige reiser og andre uordener», og over «overhaandtagende løsagtighed». Grunnen til dette var, meinte dei, at lovene vart ikkje brukte på dei skuldige. Ein måtte vere strengare

med å gjennomføre dei. Kanskje kunne det vere grunn til å bruke gapestokken mot lauslivnaden.

Klagemåla mot helgedagsbrot og lauslivnad kom fram att året etter på bispevisitasen. Dei las då opp skriv i kyrkja frå kyrkje- og justisdepartementet om dei tiltak ein skulle sette i verk for å bremse på «disse og andre uordener». Ein meinte at denne opplesinga i kyrkja ville hjelpe, til dei nye kriminallovene kom. Medhjelparane skulle elles fylgje med i tilhøva og saman med presten gje åtvaring «til sted og tid». Framfor alt måtte dei gå føre dei andre med eit godt og edelt føredøme. På visitasane var det også litt klage over barneskrik i kyrkja, så gudstenesta vart uroa. Medhjelparane fekk påbod om å ordne opp med slikt.

På prostevistasen i 1821 får vi vite at formaningane frå prest og medhjelparar hadde verka godt, så folk heldt helgafreden betre enn før. Ein meinte også at lauslivnaden var minkande, då berre 3 uekte born var fødte sidan siste visitasmøtet. Det merkast noko ulovleg brennevinsal, men det hadde minka, så ein hadde det «beste haab om sædernes forbedring». Kyrkjefreden var betre enn sist.

Visitasmøtet i 1822 melde også om framgang. Ein kunne ikkje klage særleg over «uordener og herskende laster». Noko lauslivnad var det nok, men ein vona at det ville rette seg, når ein strengt kunne «tilholde børnefedrene til efter anordningen at opfylde deres plikt mot de avlede børn». Ein hadde ikkje lenger grunn til å klage over vanhelging av sundagen og ulovleg brennevinsal. Det var grunn til å vone at kristeleg orden og sedskap «alt mere og mere vilde fremmes i menigheden».

Frå Sykkylven kom det klage på visitasmøtet i 1823 over hestehandlarar frå Stranda, som dreiv forretninga si der om sundagane. Prest og medhjelparar skulle prøve å stogge vanstellet. Presten lova å ta denne saka fram på visitasmøtet på Stranda når han kom dit. Lauslivnaden var framleis stor. Kvart sjuande av dei fødte borna i det siste året var uekte, «hvilket man med grund synes at være for meget for en saa liden menighed». «Lovens velgjørende kraft» og betre opplysning ville nok rette på tilhøva, meinte dei. Elles var folket i Ørskog prestegjeld eit ærekjært og «forstandigt folk», heitte det.

Bisp Neumann røkte også nøye etter dei moralske tilhøva, då han visiterte Ørskog prestegjeld i 1824. Det kom fram at mange av

kyrkjeålmugen i Sykkylven kom for seint til kyrkja på preike-sundagane og såleis «forstyrrede de øvriges andagt». Presten skulle tale alvorleg med folk om «det upassende heri, og i tilfælde formene saadanne indgang i kirken». Det kom framleis klage over lauslivnaden. Rette vedkomande fekk pålegg om å arbeide mot denne lasten «af yderste kræfter». Ålmugen var elles «gudfrygtig, fredelig og ædruelig». Hestehandelen i Sykkylven om sundagen var slutt. Bispen fann at det var ei lukke for denne bygda at der var berre eitt gjestgiveri, og det dreiv ikkje ulovleg verksemd.

I 1825 og 1826 var prost Birkeland atter på visitasferd til Ørskog prestegjeld. Då var ikkje alt som det skulle vere. «Løsagtighed synes at være menighedens skjødesynd». Men elles fekk folket mange lovord. Kyrkjelyden var «kristelig og rosverdig. Sædelighed og Gudsfrygt utbreides alt mere og mere».

Same lyse synet kom fram i 1827 på bisp Neumanns andre visitasferd. «I hovedkirken herskede rosverdig orden mellem den talrige almue». Det gjekk fram til mildare og reinare seder trass alt. Bispen åtvara folk mot brennevinmisbruk, og la dei på hjarte å fylgje den rettleiing han hadde gitt dei, så ville sedene bli betre etter kvart.

På dei fleste visitasmøta var det tale om gode tilhøve mellom prest, klokkar, skulemeistrar og ålmuge. Sjeldan kom det nokor klage i så måte.

Etter alt å dømme var 1820-åra ei åndeleg og moralsk framgangstid for Sunnmøre. Prestane og bispane visiterte prestegjelda kvart år. Kyrkja arbeidde alvorleg med konfirmantførebuinga. I skulen kom det mange nye skulemeistrar, som hadde god vilje til betre arbeid enn før. Det gjekk framover.

SKULEN OG DEI ØKONOMISKE TILHØVE 1742—1827

Den sunnmørske skuleskipnaden skulle setjast i verk frå 1742. Tida då var ikkje lagleg for tiltak som kravde økonomiske utlegg av folket. Åra 1740—1742 var låke uår. På hausttinga 1742 kom det fram sterke klagemål over misvoksteren. Frå Sunnylvn heitte det at både bygg og havre hadde frose midt i august. Kornet var snautt brukande til føde, endå mindre til å så. Vi tek med nokre

utdrag frå ymse skipreider: Ørsta: Kornet for det meste øydelagt. Volda : Kornet endå dårlegare enn året før, kan ikkje brukast til føde. Hjørundfjord : Mest alt korn frose. Dale s k i p r e i d e : Kornet frose og noko grott i hesjane. Valde skipreide : Kornet utenleg til mat og såkorn. Vanylven : Svært dårleg korn. Rovde : For det meste svært dårleg korn. Nærøy skipreide: Alle stader er kornet dårleg. Ulstein : Kornet er dårleg på dei fleste stader.

I 1740 kom vinteren så tidleg at kornet snøa ned både på åkeren og i hesjane. Somme stader fekk dei ikkje køyre inn kornet før mellom jul og nyår. Noko korn vart først skore i mildver kyndelsmess (2. februar).

Å få kjøpt skikkeleg korn var mest uråd. Sanninga er at folk ofte svalt og leid vondt for skuld matløyse. I 1741 vart det fødd 318 born på Sunnmøre, men det døydde 430 menneske. Dødsfleirtalet var uhyggeleg stort. Særleg døydde mange born. Året etterpå (1742) var fødselstalet 504 og dødstalet 541. Folketalet i bygdene minka. I slike tider kunne det ikkje vere så rart om bøndene murra over den nye skuleskatten, som styremaktene la på dei.

Lærarane skulle etter skulefundasen ha 12 riksdalar i årleg løn og fritt opphald på gardane i skuletida. Oftast fekk dei vel løna si, men ein og annan gongen kunne det knipe på. I 1780-åra laut presten i Ørskog klage til amtmannen over resterande skuleskatt, og det var tale om utpanting hjå dei skuldige. Oftast betalte dei lærarane løn for veka, og då veketalet for kvar lærar kunne vere ulikt i same prestegjeldet, vart årslønene ulike. Vekeløna sette dei til 2 mark. I 1802 heldt Ola Larsson Kjønnnes skule i 36 veker, Peder Ellingsen Velle 33 og Ola Andreas Kristensen Sorte 33 veker. Årsløna kom då på i same rekkefylgje: 12 rd., 11 rd. og 11 rd.

I 1816 fekk 2 av lærarane i Ørskog prestegjeld 80 riksbankdalar i årsløn kvar, den tredje laut nøye seg med 72 rd. Desse lønene ser bra ut, men pengane hadde lite verd. Året etterpå høyrer vi at lærarane fekk 10 spesidalar i løn. Seinare auka løna litt, så i 1820-åra skifte ho oftast mellom 12 og 14 spesidalar for året.

Det hende det var litt strid om lærarlønene. I 1820 vedtok skulekommisjonen å tilsetje ein 4. skulemeister i prestegjeldet, og sette løna hans til 12 spesidalar. Same løna skulle dei andre 3

lærarane også ha. Det heiter i oppritet frå skulekommisjonsmøtet at lærarane gjekk med på dette for eit års tid på vilkår av å få 12 veker fritid, «hvilket et flertal av kommisjonens medlemmer troede at kunde indvilge dem, uden skade for skolen».

Prost Birkeland rådde til å godkjenne vedtaket, og saka gjekk vidare til den høgste stiftsdireksjonen i Bergen, der Christie og Pavels sat som medlemer. Stiftsdireksjonen kunne ikkje godkjenne at dei slo ned lærarlønene frå 14 til 12 spd. for dei eldre tilsette lærarane. Heller ikkje kunne ein vere med på å korte inn skuletida. Løna til den nye læraren kunne dei setje til 10 spd. Skulekommisjonen laut bøye seg for dette. Året etter vart løna sett til 14 spd. for alle fire lærarane, med 8 veker fritid, og stiftsdireksjonen godkjende det.

Vi høyrer at den sunnmørske skulefundasen frå 1742 fastsette skuleskatt for bønder, husmenn og tenarskap. Dessutan fekk skulen ymse andre inntekter. Frå styremaktene var det ikkje mykje å få. Rett nok hadde Ørskog prestegjeld fått 22 rdl. og 95 skilling til skulestellet i 1798 og 17 rdl. og 23 skill. i 1802, men desse pengane gjekk snart ut att.

Nokre år seinare skipa dei det på ein litt annan måte med utlikninga. Dei vedtok at gardmenn som brukte jord med minst 1 våg fiskeleige, skulle betale 24 skill. årleg til skulekassa, mindre bruk slapp med 12 skill. og plassemenn 6 skill. Futen skulle krevje inn pengane. Soknepresten la sin faste årlege skatt på 1 rd. Nokre mulktar kom inn i 1825 frå slike som ikkje hadde betalt skuleskatten.

Frå først av hadde dei visst ikkje mange pengar i skulekassa. På rekneskapen frå 1816 var oppført 5 rdl. 3 skill. i kassaopplag frå f. å. Det var altså mest jamgodt med inkje. To år seinare hadde kassa om lag 8 spd. ved årsoppgjeret. I 1820-åra flaut pengane litt rikelegare inn. Kassaopplaget i 1824 var 90 spd. 80 skill., i 1825 156 spd. 20 skill. og i 1826 106 spd. 12 skill. Då sette dei 50 spd. ut på rente. Dei hadde betre råd enn før til ymse slag innkjøp. Nye utleggspostar kom etter kvart på rekneskapen. Krava steig.

Dei økonomiske kåra til klokkarane hadde frå gamalt av vore mindre gode. I 1784 gav presten melding om klokkarinnkomene. Hovudposten var klokkartollen. Gardmennene gav 4 eller 6 skill. for året. Oftast la dei tollen i korn, og «mange lade sig derfor skrive paa restanselisterne og intet erlægger». Mange klokkarar kvidde seg nok hardt for å fare bygdene rundt og krevje inn tollen sin.

Dessutan skulle klokkaren ha ein del av offeret på dei tre store høgtidene. I dei fleste kyrkjene hadde dette offeret lag til å minke. Presten Astrup fortel at berre ein tredjepart av dei som går til altars, var med og ofra på høgtidsdagane. Dei som gjekk fram, la gjerne ein skilling til klokkaren. Til vanleg fekk klokkaren 1 ort ved brudevigsle, 8—12 skill. når han skreiv ut liksetel, 2—3 skill. ved barnedåp og 4 skill. ved inngang av barselkvinner. Elles hadde han ei tynne havre av Ørskog kyrkje og like mykje frå Sykkylven. Heile innkoma hans kom på om lag 28 riksdalar.

I 1816 var det ny regulering av klokkartollen på Sunnmøre. I Ørskog prestegjeld samlast dei på tingstaden Blindheim og vedtok at gardar med over 1 våg fiskeleige skulle legge 16 merker god bygg, gardar på 1/2 — 1 våg la 12 merker, og gardar under 1/2 våg 8 merker. Der dei ikkje hadde god bygg, kunne dei få legge klokkartollen i havre, men då med 1/2 meir i vekt. Klokkaren måtte sjølv fare ikring og krevje inn tollen sin, like eins som før. Han fekk rett til å drive inn restansen av tollen med hjelp av øverheita. Den som ville legge pengar, kunne få gjere det. Ein skulle då verdsetje kornet etter kapitaltaksten det året.

Ei melding frå 1819 fortel at klokkaren i Ørskog hadde 16 tynner korn og 7 spd. i innkome attåt klokkar garden. Lærer- og klokkarlista frå 1827 nemner klokkarinnkomene med 80 spd. årleg.

OMGANGSSKULELÆRARAR I ØRSKOG PRESTEGJELD

1742—1827

Skulefundasen for Ørskog frå 1742 namngav ikkje lærarane, og det er vel uråd å finne alle frå den første tida vi drøfter her. Vi veit at klokkar Ole Olsen Lied dreiv skulemeisterarbeid i 1730-åra. Venteleg var han ein av dei som føre skulefundasen si tid for rundt i bygdene og lærde flinke bondegutar å lese. Bisp Bornemann fortel i 1737, i ei melding til regjeringa, at på landsbygdene i Bergens stift fanst det ikkje «skoler indrettede hvor ungdommen kunde forsamles», men det hadde vore brukeleg — og var det framleis — at ein og annan «bekvæg person av bondekarle» reiser rundt på gardane og gjev opplæring til ungdommen. (Norv. Sacr. 1923).

Ole Olson Lied vart tilsett som klokkar i 1739 av bisp Bornemann, som gav han det vitnemålet at han var «duelig og bekvæm, saavel i henseende til hans nødvendige oplysning udi catechismi forklaring, som og temmelig ferdighed i at synge, regne og skrive, men og efter de fremviste atester, i liv og levned skikkelig, Gudfryktig og i alle maader aldeles upaaklagelig». Han fekk plikt på seg til å undervise ungdomen kvar sundag, og dessutan på andre stader og til andre tider «udi deres børnelærdom og anden Gudfryktighedsøvelse». Han var visseleg ein flink lærar, og ein god klokkar.

I 1749 høyrer vi om ein skulemeister Lars Pedersen Amdam, som bygsla 1 våg jord i Amdam av Chr. Abelseth etter far sin. (Tingbok 1749). Truleg var han ein av dei første skulemeistrane i Ørskog prestegjeld.

Til vanleg var det slik at dei fleste klokkarane først byrja som skulemeistrar. Det var også tilfelle med Lars Pedersen Strømme. Han tok til med læraryrket i omgangsskulen i 1747, og det heiter om han seinare at han hadde vore ein framifrå lærar. I 1770 vart han kalla til klokkar i Ørskog prestegjeld, og hadde denne stillinga til 1798, då han døydde. Dei siste åra hadde han hjelp av son sin Peter Olaus Strømme. Meldingane fortel at Lars Strømme var ein flink klokkar. «Klokkeren synger vel». (1784). «Klokkeren er meget god». (1781).

Også sonen hans, Peter Olaus Strømme, byrja som omgangsskulelærar i 1794, og får to år seinare det vitnemålet at han var ein god og trottig lærar, som var viljug til å fara til Bergen på eigen kostnad og få meir opplæring på skulen der, dersom han kunne gjere seg von om å få klokkartenesta etter faren.

Vi har ikkje fått greie på alle omgangsskulelærarane i Ørskog og Sykkylven på denne tida. Men eit og anna namnet glimtar fram or sokedimma. I 1776 får vi høyre om ein skulemeister Lars A m u n d s e n V e l l e. Han var innstemnd til tinget til forhøyr fordi han ein sundag i Sykkylvskyrkja hadde «overfaldet og slaget» ein av konfirmantane, Peder Pedersen Søvig. Truleg hadde læraren hjelpt til med konfirmantførebuinga. Vitna fortalde i retten at det var noko i det. Saka vart utsett første gongen, men kom opp att på haust-tinget. Då vart ho vist til geistleg rett.

Gjære-Tøsteng (Torstein) var frå Grebstadgjerdet. Han var omgangsskulelærer i mange år og var flink og godt omtykt. Han vart tidleg enkjemann og gifte seg opp att med ei gamal jente. Då han var helseveik, måtte han slutte skulen ei tid, og «gamleklokkaren» Håkås-Karl, (bror til Håkås-Lars), tok til som skulehaldar. Han slo borna, vart klaga og måtte slutte som lærar. Og så måtte Gjære-Tøsteng til på nytt. Etter han heldt Ole Bastian Lyshol omgangsskule ei tid. Han var frå Øvsthusa på Lyshol. Hans ettermann var Plasse-Johan, son til Plasse-Peter. Dei hadde ein plass i Grebstadgjerdet under Ole Peter-garden.

Plasse-Johan var lærar i mange år. Han var svært flink og avhalden. Særleg var han flink til å katekisere, (spørje borna). Bisen sa om han etter ein visitas i Sykkylven: «En slik katekisor maa man lete lenge efter».

Nils Petersen Fet (Skule-Nils) var fødd i Nilsgarden på Fet ca. 1790. Han var også omgangsskulelærer i mange år. Han kjøpte garden Hjellbakk i Hatlemark, og budde der det meste av si tid. Han var gift 2 gonger. Første kona hans heitte Karn og den andre Berte. Den siste var frå Fet. Dei siste åra han heldt skule (kring 1860) var løna 40 Rdl. Då tykte Nils at det måtte gå fort å bli rik. Nils var også ein flink gardbrukar og dreiv garden godt. Han døydde kring 1875, på lag 85 år gamal.

Severin Karlsen Drotninghaug (Skule-Severin) var fødd på Drotninghaug 25. februar 1845 og døydde 11. juni 1902. Foreldra hans var bonde Karl Larsen Drotninghaug og Marie Sivertsdotter, f. Lade.

Skule-Severin gjekk første kurset på Volda off. høgare almenskole i 1861—62. (1 års kurs). Vart så lærar i Furstranda og Aurdal krinsar i 6 år. Frå 1869 vart han lærar i heile Velledalen etter Martinus Velle, (Skule-Martinus). Då Skule-Severin var 55 år, slutta han som lærar etter 38 år, fordi han var helseveik. Andre kona hans, Ane Amundsdotter f. Velle, døydde i 1939.

I 1785 slutta Peder Olson Aure som omgangsskulelærer i nordre luten av Sykkylven. «Fra Wiig over til Ramstad og Søvigen — i grunden Grebstaddalen». Etter han kom Elling Monsson H u n d e i d. Han byrja som lærar i nordre krins i Sykkylven, men flytte seinare til søre krins, der han slutta i 1798 og vart gardbrukar. Presten N. Astrup gav han i 1796 eit godt vitnemål. Han hadde

tent med «udmerket flid» og hadde lyst på arbeidet. På grunn av veikt bryst og veik songrøyst kunne han vel ikkje bli klokkar, men han burde oppkveikjast på annan måte for «sin besynderlige flid med skolebørnenes undervisning». Då han slutta som lærar fekk Ola Larsson Kjønnnes plassen hans, (frå 1798). Prost Baade i Borgund prøvde han i 1798 og fann han «saa vel oplyst i de fornødneste kundskaber som af en landsby-skoleholder kunde efter omstendighederne udføres, at han til denne tjeneste kan eragtes bekvæm». Han burde framleis få rettleiing av soknepresten. Til å skrive var han tolleg bra.

Det kan vere forvitneleg å sjå kva plikter styremaktene la på omgangsskulelærarane den tida. Vi tek difor ordrett med noko av tilsetjingsbrevet: «Thi beskikker jeg herved paa embeds vegne bemeldte Ole Larsson Kjønnnes at være skoleholder i benævnte Søkelvens søndre district under Ørskog præstegjeld, Søndmøre prosti, da han for saadan tjeneste nyder skoleløn og ophold i districtet efter fundasen, saa lenge han med muligste flid lærer og underviser ungdommen paa de til skolehold bestemte tider, fører et ustraffelig levnet, og med et godt og opbyggelig exempel foregaar baade unge og gamle, samt meddeler sin sognepræst rigtige lister og underretninger om skoleholdets tilstand, ligesom han og i alle maader bør sig efter skoleholder-instructionen forholde, og forøvrigt efterleve de for skolevæsenet enten allerede udkomne, eller herefter udkommendes anordninger. Til ydermere stadfæstelse jeg denne hans konstitution underskrevet og forseglet haver».

Peder Andreas Hansson Sjøholt vart lærar i Ørskog prestegjeld i 1789. Dei første 10 åra hadde han nordre distrikt i Sykkylven og noko av søre i Ørskog. Siste åra var han lærar berre i Ørskog sokn. Han slutta i 1801 og vart gardbrukar på Sjøholt. Han hadde skula til stort gagn for ungdomen, heiter det om han. Til hans ettermann hadde presten sett ut

Peder Ellingson Velle. Han tok prosteeksamen hjå prost Baade i 1801 og vart funnen såpass dugande at han et «saadant skolehold kan betroes». Det heiter i tilsetjingsbrevet hans at han skulle ha nordre Ørskog til skulekrins. Han skreiv ei god handskrift.

Lars Karl Amundsen Aure heldt skule i Sykkylven i 1790-åra. Diverre kom han fram i noko leitt og måtte slutte, og så fekk

Ola Andreas Kristenson Sorte plasser hans. Prost Baade eksaminerte og godkjente han i 1801, og sette han til omgangsskulelærer i Ramstaddal, Søvikdal og Grebstaddal skuledistrikt. Handskrifta hans var bra.

Presten i Ørskog prestegjeld, Kjelstrup, gav Peder Ellingsen Velle, Ola Larsson Kjønnnes og Ola Andreas Kristenson Sorte gode vitnemål i 1803. Dei hadde støtt «udvist ufortrøden flid og rosverdig embedsiver i deres tunge plikers opfyldelse». Dei hadde ført eit godt og stilt liv og eit «opbyggeligt levned i menigheden». Diverre vanta dei gåver til å vere føresongarar i kyrkja, så presten kunne ikkje tilråde at dei fekk klokkestillingar.

Frå 1810 har vi ei liste over skuledistrikt og lærarar i Ørskog prestegjeld. Peder Ellingsen Velle var då lærar i hovudsokna frå Tysse til Halvorsæter. Amund Olson Velle i nordre Sykkylven og Salmund Olson Strømme i søre Sykkylven og resten av hovudsokna. Amund Olson Velle var fødd i 1784 og døydd i 1864. Han dreiv gard på Velle og vart til vanleg kalla Kari-Amund, av di han budde i Kari-tunet. Han var lærar til 1817.

Salmund Olson Strømme var i slekt med dei kjende ørskogklokkarane. Han var fødd kring 1788, og er nemnd som lærar i 1810 og 1816. Då han tok farsgarden på Straume, slutta han som lærar, truleg i 1817 eller 1818.

Amund Jonson Hole må også ha vore lærar i Ørskog prestegjeld. Han skreiv mange stykke i den kjende annalen for skulelærarar frå 1807. Han vart fødd på Brunstad ca. 1763, men flytte seinare til Hole, der han fekk seg gard. (N. pedagogisk tidsskrift 1934, s. 67—68).

Stortingsmann Ole Rasmusen Sollied heldt omgangsskule 1811—1818. Skulerekneskapen frå 1816 syner at han fekk 80 riksbankdalar i årsløn det året. Han vart den første ordføraren i Ørskog, og fekk ei mengd tillitsyrke, som han røkta med stor dugleik.

Kring 1817—18 vart det svært mange lærarskifte i dei fleste sunnmørske prestegjeld. Like eins var det i Ørskog og Sykkylven. Kan hende hadde skulelova frå 1816 noko med dette å gjere. Frå den tid vart det eit strengare tilsyn med skulearbeidet. Prostane visiterte oftare enn før, og krava til lærarane voks. Nye menn kom etter kvart inn i skulen.

I 1817 vart Nils Andreas Olson Hjorthol, f. 1792, omgangsskulelærer i nordre Sykkylven, og han hadde denne stillinga til 1826. Han åtte og dreiv garden Hjellbakk i Hatlemark. Prosten Jessen gav han godt vitnemål. Han synte trott og god moralsk framferd, og hadde gode evner.

Nils Pålson Fedt, f. 1790, fekk lærarpost i søre Sykkylven i 1817. Han fekk dei same gode vitnemåla som Nils Hjorthol, og var framleis lærar i 1827 og noko seinare.

Bendik Rasmussen Lande, f. 1799, heldt omgangsskule i Ørskog sokn 1818—1827. Han kjøpte garden Skarbø, og tok namn etter den. Sokneprest Jessen gav han i 1824 særskild gode vitnemål for lærararbeidet.

Torstein Hansson Ekornes, f. 1791, vart tilsett som lærar i søre luten av hovudsokna i 1820. Dessutan hadde han 19 mann i Sykkylven, heiter det. Frå hans tid var det 4 lærarar i prestegjeldet. Torstein Ekornes var særskild trottig i arbeidet sitt og synte rosverdig framferd, «av gode anlegg og dertil særdeles godt skikket».

Lars Olaus Strømme, f. 1804, fekk lærarstilling i nordre distrikt i Sykkylven i 1825. Han flytte seinare til Ørskog hovudsokn, og vart klokkar i 1835. I lang tid var han ein av dei fremste i kommunestyringa i Ørskog. Han vart kjend over heile Sunnmøre og endå vidare for lærarskulen sin på Haukås. Mange lærarar frå dei fleste sunnmørsbygder fekk si utdanning hjå han. Denne lærarskulen på Haukås fekk visseleg mykje å seie for skule- og opplysningsarbeidet på Sunnmøre i 1840—50-åra.

Når vi les gjennom dei gamle dokumenta, får vi ei sterk kjensle av at omgangs-skulelærarane i Ørskog prestegjeld gjorde eit godt og dugande arbeid i skulen, og jamnast fekk dei gode vitnemål for framferda si. At det ein hende gong kunne merkast s'vikt, er berre kva ein kan vente av vanlege menneske.

Ikkje alltid var det så greitt for dei som kom inn i heimane med mange framande skuleborn. Ledige husrom til skulebruk var ikkje å tenkje på. Ein måtte nok halde til i daglegstova saman med husfolket. Det kunne så lett bli friksjonar og usemje av såvore, og ikkje minst når det var harde og trange tider med matløyse og svolt. I dei gamle tingbøkene er det stundom fortalt om strid mellom skulemeister og ålmuge. Ofte var det vanskeleg å få hus og kost til

skulemeisteren. Tradisjonen nemner at han stundom laut ligge på langbordet i stova om natta. At han i slike høve kunne rulle ned på golvet, kan vel vere oppdikta av vitsmakarar som leita etter låtteløye, då som no. Elles var skulemeistrane under oppsyn både av prest og skulekommisjon. Retts-stoda deira var dårleg. I skulekommisjonmøtet i Ørskog i 1824 vedtok dei at skulemeistrane framleis skulle få 14 spd. i årsløn, når dei med «flid og uden at leie for sig, hvilket siste er ganske lovstridigt, røktede deres kald. I manglende fald maatte de finde sig i at blive mulkterede efter omstendighederne».

Ikkje mange av lærarane i Ørskog stogga lenge i skulen. Når dei hadde tent så lenge at dei var fri militærtjenesta, slutta dei og gjekk over i anna yrke. «Han har taget gaardsbruk, og er derfor sluttet i skolen», heiter det ofte. Skulelønna låg nede på eit minstemål, og lokka ingen til å halde fram, når dei kunne slå inn på noko meir lønsamt.

Skulesoga 1742—1827 kan ikkje nett fortelje om så stor framgang i skule- og opplysningsarbeidet, men framgangen var der likevel. Opplysninga auka trass alt, sedene besna, folkehugen fekk eit mildare drag. Ein merkar far etter mannemilde meir enn før. Skulemeistrane var ei verdfull drivkraft i denne framvoksteren. Difor skal vi minnst dei med vyrndad og takke dei for innsatsen.

KRISTKYRKJA [Til INNHALD](#)

KRISTENDOMEN VERT INNFØRD

Det største ombrøytet i saga vår og i folkelivet kom med kristendomen. Trua på dei gamle gudane Odin og Tor tok nok til å svikte hjå mange alt longe før Olavane førde inn kristendomen. Det er såleis fortalt at endå til Harald Hårfagre svor ved den guden som hadde skapt himmel og jord og rådde for alt. Denne svikten i trua på dei gamle gudane hadde vel mykje sin grunn i låk røynsle, men så lenge det ikkje var noko anna og betre å setje i staden, vart det med det gamle.

I ei sogebok er det fortalt at Arne Arnmodson på Giske var lendmann på Sunnmøre i Trygveson si tid, og det må vere rett, endå lendmannsomboda ikkje høyrde med til styrings-skipnaden så tidleg. I sogene er det stundom nemnt hersar og stundom sysselmenn før 1000-talet, og over desse stod jarlane. Jarlen rådde over fylket, og stundom over fleire fylke, men hersen og sysselmannen berre over ei sokn eller eit herad. Jarlen fekk tredjeparten av skatten i fylket til løn. Hersen hadde gardar i veitsle, som han fekk landskylda av for arbeidet sitt. Denne skipnaden heldt seg til Olav Trygveson si tid og truleg like til Olav Haraldson.

Vi les i saga at Olav Trygveson sette inn sysselmenn og årmenn før han for til Vendland, så han hadde kanskje avskaffa herseomboda då. Desse høyrde elles saman med avgudsdyrkinga, som den «grimda gudsfar Ola gullskirar» avskaffa då han heldt ting med sunnmøringane på Stadseidet året 997, og samstundes kristna han «meste folket», fortel den gamle Olsokvessen. Det er difor truleg at herseomboda måtte avløysast av andre ombod. Men Olav Trygveson fekk ikkje tid til å gjennomføre reformene sine, difor vart nok dei fleste gudehova ståande, og dei fleste hersane styrde truleg som då



Sykkylven i 1860-åra

jarlane Eirik og Svein rådde i landet. Snorre fortel at folk fekk gjere som dei ville i deira tid, endå jarlane var kristne, i namnet. «Dei gamle lovene og landsens skikk heldt dei ved lag, og var venesæle menn», seier Snorre.

Etter det som er nemnt framanfor, var det Olav Trygveson (Ola gullskirar) som gjorde første opptaket til å få avskaffe avgudsdyrkinga og få innført kristentrua i sunnmørsbygdene. Tinget på Stadseidet i 997 vert såleis ein merkepel i Sunnmørafylket si soge, då «meste folket» vart kristne. Men ingen må tru at kristendomen dermed var innført og heidendomen avskaffa. Det er ikkje gjort i ei handevending å få folket bort frå gamal inngrodd tru og gamle skikkar og sedvanar. Til det trengst det ofte mannsaldrar. Men vi gjer rett i å merke oss at første opptaket til denne store omsnunaden vart gjort av Olav Trygveson på tinget på Stadseidet år 997. Truleg var dette det einaste høvet han fekk til å gjere noko for den nye trua her på Sunnmøre. Som saga fortel, drukna han ved Svolder 3 år etter, år 1000.

Etter at Olav Trygveson var fallen, og jarlane Eirik og Svein tok styringa i landet, fekk folket leve i den tru dei ville. (1000—1016). Dette tykte folket vel om, seier saga. Men denne tidbolken var ei

brytningstid mellom det gamle og det nye. Gjennom denne skulle folket mognast for det nye som var i kjømda med kristendomen, og som skulle få så stor innverknad på alle omkverve i folkeliv og samfunnsliv.

Soga fortel at Trygveson hadde med seg bisp Sigurd frå England då han for ikring i landet for å kristne folket. Han la særleg vinn på å få hovdingane til å ta ved kristendomen, og då gjorde folket slik som hovdingane. Det seiest at kongen møtte ikkje nemnande motstand då han for søretter Vestlandet, men likevel kan ein sikkert rekne med at det var med meir eller mindre motvilje at hovdingane og folket bøygde seg under kongens vilje.

Denne strålande hovdingen med stålviljen og mannsmodet, han vart mønsteret for så mangt eit mannsemne. Dei som fekk sjå og høyre han stige fram på tinget, vart sikkert gripne av den makt og det mynde som stråla ut frå personlegdomen hans. Då var det ikkje så lett å setje seg opp. Då tinget var oppløyst og kongen tok avskil med folket, drog alle kvar til sitt. Mange tok det visst ikkje så alvorleg med den nye trua. Livet gjekk sin gang på lag som før, utan større brigde.

Det for som ein kald skugge over landet då det frettet at Olav var fallen. Mange ville ikkje tru det, men meinte at han på eit eller anna vis hadde kome seg unna og ville kome att, men dei vart vonbrotne. Mange tenkte vel og at når Olav var borte, så var det ingen som ville setje noko inn på å gjere den nye trua til røyndom ute mellom folket.

Dei fleste av dei gamle gudehova vart nok ståande, og mange var det vel som heldt fram med bloting og avgudsdyrking som før. No var det ingen som hindra dei, for kvar fekk ha den trua dei ville. Det vart heller ikkje nemnande brigde i styringsverket før i Heilag-Olav si tid. Då vart det berre ein jarl i heile landet, ingen herse, og berre nokre få sysselmenn, som elles ikkje hadde noko fast ombod. Årmennene, som berre hadde styrt gardane som kongen åtte, rykte no opp som kongens ombodsmenn i kvar si bygd, der dei skulle varveitsle kongens innkomer og skattar. I staden for jarlane vart det innsett lendmenn, ein i kvart fylke. Alle var kongelege ombodsmenn frå først av, men det gjekk ikkje lenge før lendmennene tvinga til seg makt både frå kongen og folket, og vart eit erveleg fødselsaristokrati.

«Olav Trygveson la grunnmuren til den kristne kyrkja i Noreg, men Olav Haraldson reiste veggane», seier ein sogeforteljar. Dei var mykje like i misjonsarbeidet sitt, desse to. Dei hadde hermenn med seg. Ville ikkje folk ta kristentrua med det gode, brukte dei makt, brende og herja, braut ned hov og borg, bygde kyrkjer og sette inn prestar. Så heldt dei ting med bøndene og fekk kristendomen lovteken.

Då Olav Haraldson tok kongemakta i 1016, sette han seg føre å grunnfeste kristendomen i landet. Han tok til på Oppland, og der hadde ikkje Trygveson vore. Han slo ned motstanden overalt, og kristna alle austlandsbygdene heilt til svenskegrensa. Seinare for han til Trøndelag, men sommaren 1021 for han med stort fylgje søretter til Møre og Romsdal og ville omvende folket til kristendomen. Kva bygder han då for gjennom, fortel ikkje saga noko om, men det er truleg at han vitja alle større bygder langs Mørkysten og inne i fjordane, og kristna folket. Det er også truleg at han då reiv ned dei gamle gudehova og bygde kyrkjer, her som i andre landsluter, der han for. Frå Møre for han over fjellet til Lomsbygdene, og vidare ned gjennom Gudbrandsdalen til Hundorp i Fron, der han møtte Dale-Gudbrand, som gav seg over då guden Tor vart krasa av Kolbein sterke. Saga fortel at Gudbrand let byggje ei kyrkje på garden sin.

Sommaren 1023 var kong Olav atter på Vestlandet. Då for han rundt i fylka i Gulatings lagdøme. I fjordbygdene ordna han med kyrkjebygging og sette inn prestar, utan å møte nemnande motstand. Såleis for han landet rundt og såg til at folket vende seg frå avgudane og let seg døype til den kristne trua. Han let bygge kyrkjer og sette inn prestar kvar han for, og alle gudehov vart nedrivne eller brende.

Heilag-Olavs lov.

Saman med biskop Grimkjell, ein brorson til bisp Sigurd, ordna Olav med lover for kyrkja. Dei fekk han vedtekne på eit riksmøte av stormenn ved kyrkja på Mosterøy i 1023. Desse lovene gjekk til slutt inn i sjølve landslova, så heile lovverket vart kalla «Heilag-Olavs lov».

I kvart fylke skulle det vere ei hovudkyrkje, og både den og dei andre kyrkjene var bøndene pliktige til å halde i god stand. Dei

plikta også å løne prestane. Det vart gjeve reglar for sundagar og andre heilagdaggar, høgtider og faste. Bloting og andre heidenske skikkar vart forbodne. Julia vart høgtida til minne om Jesu fødsel. Før hadde folk ofra trølar til gudane. No skulle dei kvart år gi minst ein træl fri i kvart fylke. Snart vart det slutt med trølehandelen i Noreg. Den fæle heidenske skikken å bere ut born vart og forboden.

Nordmennene skjøna at den nye guden var ein mektig og streng herre, som det var mykje vanskelegare å gjere til lags enn dei gamle gudane. «Men dersom dei levde etter hans bod, då vart livet lettare å leve, og etter dauden var det lyse voner, ikkje berre for dei store, men for dei små i samfunnet og, — heilt ned til trølen og trølkvinna».

Fordi det var fiendskap mellom kong Olav og Knut den mektige, vart kyrkja i Noreg ikkje knytt til morkyrkja, den engelske, men kom under erkebispem i Bremen — som den danske og svenske.

Ved juletider året 1028 kom kong Olav siglande sønnafrå og la i land i Borgund. Erling Skjalgsson var nett drepen av Aslak, ein av kongen sine menn, ved Utstein. Sønene åt Erling Skjalgsson sette etter Olav med ein stor hær, og Håkon jarl samla ein stor hær i Trøndelag. Då skjøna Olav at det nytta ikkje å gå til strid. Han reiste ein kross på stranda, for inn gjennom Storfjorden og gjekk i land med mennene sine på Sylte i Valldalen. Så tok dei opp over dalen, over fjellet og til Romsdalen og Gudbrandsdalen og vidare til Sverige. Sommaren etter for han til kong Jarisleiv i Gardarike. Der vart han til sommaren 1030, då han kom attende for å vinne landet sitt att. Som kjent fall han på Stiklestad 29. juli og vart Noregs heilage konge.

Heilag-Olavs kyrkje.

«Kyrkja ho er eit gamalt hus». Kristkyrkja som Trygveson tufta og Heilag-Olav reiste i Noreg, og Heilag-Olavs kyrkjelov, gjev uttrykk for den radikale omsnuden som kristendomen førde med seg i folkelivet og samfunnslivet. Men denne omsnuden gjekk ikkje for seg i ei snøggvending. Rett nok hadde folket gått med på å ta ved den nye trua og rette seg etter dei nye lovene, men heidendomen hadde djupe og sterke røter i folket, og dei gamle, heidne seder og skikkar hadde sterkt tak.



Der det før hadde stått ei fylkeshov, kom vel også den første kyrkja. Kvar den første kyrkja på Sunnmøre vart reist, er uvisst, men det er ikkje utruleg at det var i Borgund, der Heilag-Olav reiste krossen før han måtte røme ut av landet. Denne kyrkja var då samlingsstad for heile Sunnmøre. Etter kvart kom det kyrkjer i dei ymse skipreider og sist i soknene. Heilt til 1758 var Ørskog, Sykkylven, Stordal og Stranda eitt prestegjeld. Men dette året vart Stranda og Stordal fråskilt.

Der det ikkje budde ein stormann som bygde ei kyrkje så å seie for seg sjølv, var det vel folket sjølv som for det meste kosta kyrkjene. Men det var likevel så at eigedomsretten til dei var sams for heile bispedømet, der bispnen var den som hadde mest å seie. Likevel vart det så at den einskilde kyrkjelyden rådde for kyrkja si og skulle halda henne ved like. Men var ulukka ute, så ein kyrkjelyd på ein eller annan måte miste kyrkja si ved lauseld eller liknande, hjalppte dei andre kyrkjene i bispedømet, og stundom dei utafor, til å få bygt ny kyrkje. Slik var det heilt fram til 1723, då kongen tok til å selje

kyrkjene til private. Etter den tid høyrer vi ikkje stort om kyrkjene, anna enn at dei var vanstelte og ofte til nedfalls. Det var først ut i det nittande hundreåret at soknene tok til å kjøpe kyrkjene att og fekk råde med dei som dei sjølve tykte best.

Sykkylvskyrkja.

Det er truleg at det i det ellefte og tolvte hundreåret vart bygde kyrkjer i alle større bygder, særleg der det budde hovdingar eller andre høgætta menn. Det var nok av byggetilfang, for skogen stod tett over alle bygder. Det var berre arbeidet som skulle til, og det tok folket på seg sjølve. Dei let til det som trongst og sette opp kyrkjene på eigen kostnad.

Så vidt vi veit, har kyrkjestaden alltid vore på Aure, for i gamle skrifter finn vi ofte omtala «Aura kyrkje på Sunnmøre». Kva tid den første kyrkja vart bygd her, veit ingen med visse. Første gongen vi høyrer kyrkja nemnd i saga, er i året 1325, altså i styringstida åt Magnus Erikson, — føre svartedauden. (Sjå meir i band II). Seinare er kyrkja nemnd i Aslak Bolts jordebok, der erkebispnen reknar opp eigedomane åt domkyrkja i Nidaros og kyrkjene i bispedømet. Denne boka er skriven år 1432.

Nidaros domkyrkje åtte i mellomalderen ei mengd jordegods. I Aslak Bolts jordebok kring 1430 er nemnt som eigedomar under domkyrkja: I Aura kyrkjesokn: Fyllingi, Fauska, Eideime, Brunastadom, Sortebekke, Eidvik, Vik, Solbjørgaskaar.

Giske-godset var største godset i Sunnmøre-fylket i eldre tid. I skøyte frå Gyrvhild Todvesdtr. til kong Fredrik II i 1582 frå Giskegodset er nemnt:

Lysholl 2 pd. fisk, bruker Guttorm.

Andesta 2 pd. smør, bruker Amund og Anders.

Aasse 4 pd. fisk, bruker Åshild.

Lade 3 pd. 7 mr. smør, bruker Peder og Jetmund.

Hundevig 3 v. fisk, bruker Anders.

126 gaarder paa Søndmør, 57 gaarder i Romsdalen og desuden mange gaarder i Finnmark og Helland. Vederlag: Kongens og dronningens kontrafei som bruges paa hans gunst og bevaagenhed v/ Byringe kloster i Skaane.

BOLK X [Til INNHALD](#)

FOLKEMINNE

OVTRU

Det råde mykje ovtru mellom folk i eldre tider. Lita opplysning og ein livleg utøymd fantasi var vel noko av grunnen til dette. Mange av dei gamle trudde på nissen og huldra og andre underlege vette. Huldra heldt seg mest på setrane. Ho hadde sin eigen huslyd som budde i haug og hamrar på og kring stølen. Der heldt dei seg heile sommaren med seterjentene var på stølen, men berre av og til synte dei seg. Dei heldt også buskap: kyr, sau og geit.

Når seterjentene flytte heim frå stølen om hausten, flytte huldra inn i selet med huldrekall og ungar, og heldt seg der om vinteren. Huldrebuskapen var då i fjøset, men når stølsjentene kom attende til stølen om våren, måtte huldra gå i haug att med alle sine.

Her skal vi ta med nokre gamle segner om hulder og andre vette.

Huldra i selet. Ei gamal kone fortel:

Då godmor mi var jente, setra ho på Skålholten. Ein vår ho skulle flytte på setra, kom ho berande på ei tung bør flyttegods opp seterstigen. Då ho kom så langt ho såg stølen, sette ho børa ned og kvilde. Ho la merke til at seldøra stod open, og då ho skulle sjå nærare etter, fekk ho sjå huldra, som sat i selet og reiva ungen sin. Då ho vart var at bestemor kom, sprang ho ut med ungen og kvarv bort i ein haug bak selet. Då bestemor gjekk inn i selet, fekk ho sjå at huldra hadde gløymt att ein linde, som ho hadde lagt att på golvet. Ho våga ikkje å ta i linden med berre hendene, men tok han på ein kjepp og la han utfor seldøra. Då ho såg ut ei stund etter, var linden vekk.

Om natta drøymde ho at huldra kom inn i selet og la noko under hovudputa i senga hennar. Om morgonen, då ho vakna, hugsa ho draumen, og tok attom puta med handa. Der låg eit fint silkeplagg. Det hadde 4 ulike roser, ei i kvart hyrne. Det var eit «firepreikeplagg», og bestemor gjekk med det til kyrkje så mang ein sundag sidan. Ho skifte rose frå den eine sundagen til den andre, for den eine var grommare enn hi. Dette plagget fekk ho av huldra fordi ho gav henne att linden.

Huldra under storbjørka.

I Jakobgarden på Tandstad stod det ei svær bjørk som dei kalla Storbjørka. Under den bjørka heldt huldra til, sa dei gamle. I stille kveldar kunne dei av og til høyre kor ho sulla og song ei voggeviser når ho skulle svæve ungen sin. Ho hadde så vent eit mål når ho song, at ein som hørde på, kunne bli heilt hugteken. Ein hende gong kunne ho syne seg såvidt, men dersom nokon kasta stål over henne, så kvarv ho med eitt og vart borte.

SEGN OG SOGE

Hauga-Knut og bjørnen. (Segn).

For fleire hundre år attende var det i Sykkylven ein gjæv skyttar som dei kalla Hauga-Knut. Han likte betre å gå på veiding etter bjørnen enn å gå heime og stelle med garden sin. Han hadde lenge tenkt å ta seg ein tur opp på Langfjella, for der hadde han høyrte det • skulle vere bjørn. Tidleg ein morgon tok han i veg til fjells. Han gav seg mest ikkje tid til å ete, så brå var han til å kome seg av stad. Han tok børsa under armen og gjekk ut på tunet. Der møtte han mor si, som spurde kvar han skulle. «Eg skal på Langfjella etter bjørn», svara Knut. «Å, har du tenkt deg så langt?» sa ho. «Ja, eg fer ikkje her heime og stullar slik som du», sa Knut. «Nei, det ef vel så laga», sa mora og gjekk inn att. Så tok Knut til skogs. Han fylgde den skrale vegen som då bar opp gjennom liene, og vidare opp gjennom Tyssadalen. Han skoda til alle kantar etter veidn, men det var ikkje anna å sjå enn ein og annan haren eller fuglen som sveiv over skogtoppane, og dei brydde ikkje Knut seg om.

Medan han gjekk såleis, vart han var eit stort brunt dyr som låg og lurde bortunder ein stein. Då var Knut snar å sikte og skaut på

bjørnen, men han råka ikkje. Bjørnen kom nærare, og Knut trudde han ville ta på han. Han ladde børsa på nytt, men då kom bjørnen bort og slikka på handa hans Knut. Men til takk for at bjørnen sparde livet hans, sparka han til bjørnen så han for utfor eit høgt stup. Knut stod og flirde då han såg bjørnen låg under stupet og pintest, og han tykte at han hadde gjort eit godt meisterstykke. Han prøvde kome seg ned i stupet der bjørnen låg, for han trudde han var død. Men bjørnen er seigлива, veit du. Han låg som han var klar, og Knut gjekk bort og ruska han i pelsen. Då glefste bjørnen over handa hans Knut og beit til, så handa gjekk av. Dermed var bjørnen ferdig: han hadde teke hemn. Men Knut vart gåande med berre ei hand sidan den dagen. Han vart folkesky og sturen av seg, og aldri meir gjekk han på veiding etter bjørn.

Huldra og sylvdalaren. (Segn).

Ei gamal kone fortel: Bestemor til bestemor mi gjekk på setra då ho var ung. I selet som ho budde i, var det også ei hulder som heldt hus. Ho synt seg ikkje til vanleg, men det var sikkert at ho var der lell. For ein dag såg den unge jenta at eit blåkledd kvinnfolk for bort over stølsvangen og tok vegen til bygda. Jenta vart att på stølen åleine. Då det leid på hausten, og ho skulle pakke saman tølene sine og flytte ned til bygda, fann ho eit stykke fint kvitt ty som huldra hadde gløymt att. Ho la det på bordet og kvelvde ei mjølkeringe over det. Så gjekk ho. Då ho kom opp på setra noko seinare, var tystykket borte, og i staden låg der ein blank sylvdalar. Den sylvdalaren gjekk sidan i arv gjennom mange ættleder.

Huldrefylgjet. (Segn).

Ei segn frå Straumsheim fortel: Ei gamal kone skulle jage buskapen sin opp på Slettegjerdet ein morgon frampå sommaren. Då ho var på heimvegen, møtte ho eit huldrefylgje. Ho såg både bruda og brudgomen og alle brudefolka. Kona, som heitte Brit, gjekk av vegen, så dei skulle få gå framom. Då sa ein huldremann til henne: «Det er stygt ver i dag, Brit». Då fylgjet vel var kome forbi, kvarv dei alle og vart borte. Det var som dei var sokne i jorda, og ingen har sett dei sidan.

Hav-Hans-laupet. (Segn).

Nørdeste odden på Ørsneset i Sykkylven heiter Hav-Hans-laupet. Segna fortel at det fekk namnet sitt såleis: For lenge sidan levde det ein stor sjørøvar som heitte Hav-Hans. Han herja langs med strendene og var til stor plage for folk i bygdene. Han kom også til Sykkylven, eller Sikiflir, som bygda heitte i den tida, og her var han også til stor plage slik som han herja og stal frå folk. Gong på gong freista dei å fange han, men han let seg ikkje fange så lett. Endeleg lukkast det til sist å få tak på han. Dei tykte då at det var ei skam å slå han i hel. Utfor Ørsnesodden var det ein stor stein som stod opp or sjøen når det var fjøre sjø. Steinen ligg eit stykke frå land. På denne steinen sette dei Hav-Hans, og lova at dersom han greidde å hoppe i land frå steinen, skulle han sleppe fri. Hav-Hans var ein mjuk og spræk kar, og han greidde spranget til lands. Så fekk han fridomen som dei hadde lova han. Sidan for han sør i landet og vart drepen der, er det fortalt. Etter dette har denne staden på Ørsneset vorte kalla «Hav-Hans-laupet».

Huldremennene. (Segn).

For lenge sidan var det ei gamal kone som gjette oppe i ein seterdal. Då ho skulle jage heim krøtera om kvelden, høyrde ho noko som ropte borte i fjellet: «Er her nokon? Er her nokon?» Røysta kom nærare og nærare, og til sist stod der ein blå huldremann framføre henne. Kona som var åleine på setra, vart så redd at ho seig i uvit. Då ho kom til seg sjølv att, var huldremannen borte. Kona fekk etter mykje strev sankt saman buskapen, og då seterjentene kom ei stund etter, fortalde ho kva som var hendt. Den kvelden torde ingen legge seg på setra. Dagen etter var det ein ung gut som skulle gjete. Han jaga buskapen inn etter dalen og gjette der heile dagen. Då kvelden kom og han skulle jage buskapen heim, sprang gjetaren opp på ein stor haug og skulle sjå etter nokre sauer som var borte. Då vart han var to menn som gjekk rundt om ein stor stein. Han sprang attende til den gamle kona og fortalde at han hadde sett to huldremenn, og då han snudde seg, såg han mennene kome. Kona som bar eit skrin med mat, kasta skrinet frå seg og la i veg alt ho vann. Den unge guten som var lettare på foten, sprang fortare enn ho. Då ropte kona: «Me treng ikkje springe meir, livet

er borte!» og dermed seig ho i uvit. Guten ville springe heim på stølen etter hjelp. Då han kom dit, vart han var to karar som sat ved eit bål og varma seg. Han fekk då vite at det var dei same som han hadde sett ved steinen, og som han trudde var huldremenn. Dei var ute og leita etter hestane sine. Dei hadde teke ein snarveg, og var såleis komne til setra før han.

Bjørnen og veslejenta. (Segn).

Det spurdest snart at det var kome bjørn til bygda. Han hadde rive sund ei ku og skamfare ein hest så han måtte slaktast. Då vart karane samde om at no skulle bamsen takast. Tidleg i grålysinga tok dei ut med børsene. Dei leita på kryss og tvers, og sistpå fann dei han inne i ei li. Dei skaut, men bjørnen vart berre lett såra, og han sette i veg nedetter. Nede i ein liten dal var gjetarane samla med buskapen sin. Dit for bamsen. Gjetarane og buskapen sette på sprang og rømde, men ei lita jente som var med, greidde ikkje fylgje med dei andre. Då bjørnen kom etter, kasta jenta seg flat på marka. Bjørnen kom bortåt og snusa på henne. Han trudde nok at ho var død, men for å vere sikker beit han av henne det eine øyret. Det gjorde sjølvsagt vondt, men jenta låg like roleg. Då bamsen var komen eit godt stykke bort i skogen, sprang jenta opp, og då var det ikkje lenge før ho stod heime i tunet der dei andre var. Ho hadde nok eit øyre for lite, men var likevel glad ho slapp med det. Bamsen såg dei ikkje meir til.

Julematen. (Segn).

I eldre tid var det skikk på mange gardar å setje ut mat åt huldrefolket om julaftan. På ein gard brukte dei setje huldrematen opp under stabburet om julekvelden, og alltid hadde han vorte borte. Dei trudde vel som dei fleste i den tida at det var huldrefolket som hadde teke han, men så var det ein julekveld at mannen og kona hadde bore ut julematen som vanleg. Da sa mannen: Det er no harmeleg å bere ut så mykje god mat frå julebordet. Vi kunne ha så sårt bruk for han sjølve. Skulle vore rart å sett kven som tek han.

Dei vart så samde om å passe på framover kvelden for å sjå. Dei heldt vakt kvar si ykt, til alt folket i grannelaget hadde lagt seg.

Mannen stod der på vakt og hutra og fraus. Han hadde enno ikkje sett noko til huldrefolket, og maten stod der urøyvd, så han tenkte så smått på å ta han inn att og gå til sengs.

Då fekk han sjå ein mann som kom stiltrande opp over tunet og bort mot stabburet. Han kjende mannen, det var ein av grannane. Og denne mannen smøygde seg under stabburet og tok maten som stod der, og sprang sin veg med han. Mannen la på sprang etter han, men nådde han ikkje att, for han med maten var så svær til å springe. Mannen rusla så heim att og fortalde kjerringa kva han hadde sett. Då skjøna dei kven som hadde teke julematen dei hadde bore ut alle julekveldane, og dei lova kvarandre at heretter ville dei ikkje bere meir julemat ut åt huldrefolket.

Kyrkjesteinen.

i På Furstranda, straks innafor den gamle grensa mellom Sykkylven og Ørskog og litt ovafor flodmålet, står det ein merkeleg stein som har fått namnet «Kyrkjesteinen». Han har form som ein bautastein, men han er ikkje reist av mannehand. Om denne steinen er det ei like merkeleg segn. Det seiast at kyrkjesteinen snur seg når han høyrer kyrkjeklokka <*n juledagsmorgonen. Og segna er sann, men korleis kan du vite det?

Bjørnen og gjetarjenta. (Segn).

Ei jente gjette buskapen oppe i ein seterdal. Det var kaldt og hустre, og jenta fann seg ei livdekrå opp under ein bergknaus. Som ho sat der og såg etter buskapen som beitte lenger nede i dalen, kom det ein diger bjørn luskande og gjekk seg beint på henne. Både bamsen og jenta kvakk med det same. Det var ikkje noko godt møte. Bamsen lyfte eine labben og gav jenta ein klaps under øyra. Det var vel meint som eit kjærteikn, mén jenta trilla ned av steinen ho sat på og vart liggande på marka. Bamsen trudde visst ho var død, og ville gravlegge henne på skikkeleg vis. Difor tok han til å grave ei grav eit lite stykke derifrå. Jenta kom snart til seg sjølv att etter den noko hardhendte klapsen. Ho smøygde av seg stakken og hovudplagget og la dei på marka, så det såg ut som ho låg der sjølv. Så lurde ho seg vekk medan bamsen kava og grov alt han vann. Då han endeleg var ferdig og skulle hente jenta, fann han berre noko av kleda hennar som låg der. Då vart han harm, og la i veg og skulle hente henne

att. Han snusa vegen der ho hadde fare. Men då ho hadde råka på ein bekk, og fylgt bekkefaret eit stykke, miste bamsen faret etter henne. På den måten kom ho seg unna og sprang heim på stølen. Der råka ho folk, og så fekk dei berge buskapen heim før bamsen fekk tyne eit einaste liv.

Dei to huldrene. (Segn).

Ei gamal kone fortel: «Då eg var lita, gjekk eg ofte på setra, og eg var ikkje gamal kjelle før eg skulle prøve å gjete. Setra vår låg i ein fjelldal med høge fjell rundt ikring. Ein dag eg gjekk der og gjette buskapen, vart eg så trøytt at eg sette meg ned på ei tuve for å kvile eit lite bel. Då fekk eg sjå to huldrer som stod eit stykke borte på lyngrabben. Dei hadde kvite kjolar og raude trøyer. Håret rakk langt ned over ryggen på dei, og det var ljost og krulla. Eg kvakk med det same eg fekk sjå dei, men roa meg litt om senn.

Då det leid til kvelds, kalla eg på kyrne, og dei kom til støls i rekkje og rad. Eg opna fjøsdøra åt dei, så dei skulle sleppe inn. Då kom dei to huldrene att og for inn i selet mitt. Eg gjekk inn i fjøset og mjølka kyrne. Då eg var ferdig, tok eg sel-lykelen som eg hadde hangande i ei snor kring halsen, og ville låse opp selet. Eg vart mykje forundra då eg fekk sjå at døra stod open. Eg kvakk med det same, men gjekk då inn likevel. Eg såg ikkje noko til huldrene meir, dei var som sokne i jorda, og ikkje var der merke etter dei i selet. Men den sommaren mjølka kyrne som dei aldri hadde gjort før».

Hunden Ring og bamsen. (Segn).

Ein sommardag for lenge sidan var det ei kone som skulle fram i setermarka etter hesten. Ho hadde med seg ein stor hund som heitte Ring. Då ho var komen eit stykke på veg, vart hunden så uroleg av seg, og kona skjøna ikkje grunnen. Då ho ei stund etter kom attende med hesten, kom det ein bjørn mot henne. Medan ho var etter hesten, hadde han grave ei stor grav som han ville ha henne ned i. No kom han brølande med open kjeft og ville ta både henne og hesten. Ho var snar å kaste seg opp på hesteryggen, og hesten la på sprang alt han vann. Bjørnen fylgde etter eit langt stykke, men Ring flaug på han og glefste og beit han bak. Bamsen hivde seg rundt og skulle ta hunden, men han var så snar i snuinga at han kom seg unna.

No vart bjørnen så mykje heft at hesten med kona fekk eit forsprang, og så våga ikkje bamsen å fylgje etter dei lenger, men stakk til skogs att. Hesten og kona kom seg velberga heim att, skjelvande av redsle. Først lenge etterpå kom Ring også til gards. Han var lurvut og blodut av basketaket med bamsen, men han levde likevel mange år etterpå, og alle stelte vel med han, særleg fordi han hadde berga livet åt kona. Dei reiste ein stein på grava hans. Det skulle vere ei takk.

i

*

Brua-Ola og fuglen. (Segn).

Det var ein mann som dei kalla Brua-Ola, og han var så flink skyttar. Det gjekk ord om at det var kome slik ein underleg fugl til bygda. Ingen hadde sett maken til fugl. Når han let, var det som han klaga seg, og ikkje såg han ut til å vere redd om dei kom nær han.

Ein dag då Brua-Ola var ute med børsa si, kom denne underlege fuglen fykande og sette seg på ein stein eit lite stykke frå. Ola tok sikte og skaut på fuglen så han trilla, men brått vart han til ein mann. Han fortalde Ola at han hadde vore prins i Persia, men stykmor hans hadde forgjort han til ein fugl.

Brua-Ola hadde ei dotter som var halt, av di ei hulder hadde kasta gand etter henne og råka henne i foten. Denne persiske prinsen lærde nå Ola å koke medisin til dottera, så ho vart bra att i foten sin. Seinare for han Brua-Ola vide ikring og kokte medisin til slike som var sjuke på eitt eller anna vis, og mange av dei vart friske att.

Huldrejenta. (Segn).

Ein mann skulle på setra og hente noko han hadde gløymt att der om sommaren. Då han kom inn i selet, hørde han nokon som gjekk utafor. Han vart redd og kraup inn under ein kvelvd stamp som stod der. Einkvan kom inn i selet og ropa: «Her luktar kristenmannslukt!» Så tok dei til å leite rundt i selet. Der var også ei ung huldrejente, og ho stakk handa si inn under stampen. Mannen tok kniven sin og stakk henne i handa, så ho sette i eit skrik. Mannen vart då så redd at han sprang på dør og hoppa opp på hesten sin som stod utafor selet. Huldrefolket sette etter han og kasta huldrejenta opp på hesten til han og ropa: «Når du har merkt henne, skal du ha henne og!»

Mannen kasta henne av att, og sa at han ikkje ville ha ei huldrejente til kone, men huldrefolket kasta henne opp på hesten att og ropa det same opp att gong på gong. Sistpå vart mannen lei av dei. Han tok huldrejenta med seg heim og gifte seg med henne. Då dei stod framme ved altaret og presten gjorde krossteiknet over dei, datt rompa av brura, og frå den dagen var ho eit vanleg menneske. Ho vart ei glup kone, men merket ho fekk i handa, bar ho all sin dag.

Bjørnen i Tudalen. (Soge).

Kring 1890-åra huserte der ein stor slagbjørn inne i Strandadalen. Av og til for han over fjellet opp i ein dal som kallast Tudalen, og som ligg ovafor Lastølen. I Tudalen slo han i hel mange sauer. Ein dag gjekk nokre karar frå Velledalen og skulle prøve å få ende på han. Dei fann ein bjøllesau, som bjørnen hadde slege av ryggen på. Ei stund etterpå fekk dei auge på bamsen oppe i ei ur. Nokre av dei modigaste gjekk oppover, medan dei andre skulle bere den såra sauene ned. Då bjørnen fekk sjå dei, la han på sprang same vegen som dei hadde fare med den såra sauene. Han anka vel på at han hadde vorte snytt for steika. Men då han såg at karane med sauene var komne ned mot stølen, våga han ikkje å fylgje etter lenger, men tok vegen innover heiane og til fjells. Karane forfylgde han lenge, men dei greidde ikkje fare så fort som han, så fråstanden vart større etter kvart. Då han for over ei ur, skaut dei etter han, men det var for langt hald, så dei råka ikkje. Han tok vegen over til Ramstaddalen, der han huserte ei tid framover. Men så la dei ut gilder åt han, og der gjekk han seg frampå, og det vart banen hans. Det var visst den siste bjørnen dei såg i Ramstaddalen.

Den bortkomne. (Segn).

Ei lita jente på 3—4 år gjekk ein kveld og leika seg ute på tunet. Brått kom ho vekk, og alt dei leita, fann dei henne ikkje att. Dei trudde då at ho var teken av huldra. Mange år seinare var det ein gut som gjekk på setra ein kveld. Då møtte han ei jente som var så fager at han aldri hadde sett noko så fagert før. Ho kom bort og gav seg i snakk med han. Ho fortalde at ho vart teken av huldra då ho var ei småjente, og så spurde ho om han ikkje ville hjelpe henne. Det ville han gjerne, og så fortalde ho korleis han skulle bere seg

åt. Han skulle grave i ei ur etter ei klokke som låg der. Når han ringde med den, skulle huldrene døy. Han tok til å grave. Ein dag han stod der, rulla huldrene stein ned over han, så han fekk stor skade. Ei jente på setra tok seg av han til han var god att. Siste natta han låg der på setra, kom det to huldrejenter i ljósblå kjolar og sylvspente skor. Dei hadde mykje stas på seg og glitrande steinar i håret. Dei kom inn til han og spurde om han ville kysse dei. Det ville han ikkje. Kledesekken hans og noko mat stod der i ei krå. Huldrene sputta på sekken, og då vart det så fæl ei lukt av han at guten berre så vidt greidde å få* sekken ut. Ikkje ei einaste natt fekk han sove i fred for huldrene. Men han heldt fram å grave etter klokka. Då han hadde grave i 8 dagar, fann han klokka. Han tok til å ringje med ho. Då gjekk det som ein sukk gjennom ura, og huldrene døydde alle som ei, men jenta som var huldreteken, kom då ut. Noko etter gifte guten seg med denne jenta, og dei vart lukkelege bae.

Huldrekona. (Segn).

Ei kone sat i stova si og spann. Då høyrde ho noko som tusla uti kjøkenet. Ho glytte på døra, og då fekk ho sjå ein blåkledd huldremann som stod der. Han spurde om ho ville kome og legge handa på Sissel, kona hans, som var sjuk. Ho fylgde med mannen, som gjekk føre bort til løa. Der letta han på ei helle, og dei gjekk ned ei tropp og kom inn i eit rom. Der låg huldrekona som var sjuk. Så gjekk kona bort og la handa på henne. Då ho skulle gå, sa huldremannen til henne: «Når du kokar middag i morgon, skal du etle att noko glo i grua etter du er ferdig, så kan du ta til med arbeidet ditt att. Når du høyrer noko i kjøkenet, så sjå ut». Dagen etter gjorde ho som mannen hadde sagt. Ho gjekk inn i stova og sette seg til å spinne. Straks etter høyrde ho noko tusle uti kjøkenet. Ho letta på døra. Der var ingen, men på bordet stod der ei stor sylvkanne. Den fekk ho som løn fordi ho hadde hjelpt huldrefolket.

B a m s e n p å s y m j e t u r .

Ein gong for lenge sidan var det ein bjørn som tok seg ein symjetur over Storfjorden. Han la ut frå Buvika, nordafor Ørsneset, og landa i Littlevika på Hesseberg. Der rusla han på land og kom opp på Storåkeren. Hunden på Hesseberg hadde fått auga på bamsen og kom sendande nedover, men det varde ikkje lenge før han fekk seg ein klaps av bjørnelabben, så han vart liggande i svime. Bamsen rusla opp mot garden og tok til å banke på smalfjøsðøra. Han hadde vel hug på ei skikkeleg steik etter den lange symjeturen. Men fjøsðøra var visst laga av godt vyrke, for ho gav ikkje etter for neveslaga hans, så han måtte luske seg derifrå utan ein einaste godbit. Mannen på garden hadde fått auge på bamsen. Så tok han ein staur, batt ei never på enden av stauren og kveikte på. Med den brennande fakkelen sprang han så ut i tunet etter bjørnen og huja og ropa. Då vart bjørnen redd og la på sprang til skogs. Seinare såg dei han i Embleimsbygda, der han gjorde skade i buskapen. Så la dei ut gilder åt han. Ein dag gjekk han seg på gilderet, det gjekk av, og der vart han liggande til det kom folk og drog han til gards.

Flyttmannen og e n g e l s k m e n n e n e . (Soge).

Før det var bygt kai på Aure, måtte dei bruke flyttbåt både til folk og varer som skulle på og av fjordabåten. Ein av dei mest kjende flyttmennene var Jormor-Bastian eller «Jormorsen», som han vanleg vart kalla. Han var ein klok og dugande kar, og noko original var han og. Ein dag kom det to engelskmenn som skulle førast om bord i fjordabåten. Den eine spurde: «Can you speah English?» «Yes, yes, berre stig ned i båten», svara «Jormorsen», og engelskmennene gjorde som han sa.

På ishålk a. (Soge).

Det var skikken at karane gjesta kvarandre i julehelga og smaka på juleølet. Då var dei ikkje alltid stø på foten når dei skulle heim.

Han Berge-Elling tok seg ein avstikkar bortom Gamlebrua ein dag i jula. Han vart nok heftande lenger enn han hadde tenkt, og då han skulle på heimvegen om kvelden, var det kolmørkt og fælt hálkeføre. Det gjekk då på eit vis til han kom til Gamlebrua, men der var det verre enn verst, så der var ikkje gåande. Men han Elling visste råd. Han la seg på kne og kraup over brua, og einkvan som kom der med det same, høyrde han sa med seg sjølv: «E'du Elling, og e'du Berge-Elling, so gjeng du fram og ikkje att!» Og fram kom han, om det var aldri så hålt.

Lasse sidhåring. (Segn).

I Breiskaret på Aure syner det merke etter 2 tjørehjellar, og til ein av desse knyter det seg ei gamal segn:

I lang tid hadde dei lagt merke til at det vart stole rot og furu framme i Auremarka, og dei kom snart etter at det var ein mann dei kalla Lasse som lurde seg til å stele, og så låg han fram med tjørehjellane og brende tjøre både yrke og helg.

Lasse hadde langt hår og var ellers ei ukjøre som folk kvidde seg for å gi seg i kast med. Likevel ville 2 mann frå Aure freiste å skræme han. Ein av dei gjekk opp på Smiskarnakken og den andre på Høgsetnakken. Så ropte den eine: «Høyre du meg, Ryttemberg?» «Ja!» svara det. «Høyre du meg, Klinkomfjell?» — «Ja, kva vil du?» «Eg vil låne storkjelen din». — «Kva vil du ha den til?» — «Koke han Lasse sidhåring på gloa!» — «Ja, dersom eg får skrape skova!»

Dermed tok Lasse på sprang og torde 'kje koma der meir.

Lindormen. (Segn).

Ein gong for lenge sia kom det ein framand mann til bygda og sa at han ville ta på seg å rydde ut ormen or markene, dersom folket ville tru på honom. Han spurde om nokon visste av at der var lindorm i bygda, men ingen visste om nokon lindorm. Folket sa at dei ville tru på mannen, dersom han ville rydde ormen or markene deira.

Så ein dag drog han i hop ein stor vedhaug og sette eld på. Det vart eit svært bål, og han tok til å mane fram ormane. Dei kom krypande fram frå gøymslene sine frå alle kantar, store og små, frøsende av sinne, og rende beint inn i bålet og brann opp.

Men ut or ei ur kom det rennande ein stor lindorm, og han søkte etter mannen og ville tyne honom, så han måtte røme for livet. Mannen sprang gjennom logen 7 gonger, og lindormen rende etter, men den 7. gongen greidde ikkje lindormen å kome igjennom og brann opp. Mannen berga så vidt livet, og frå den tid har det ikkje funnest orm i den grenda.

Ingebærfonna. (Segn).

Oppe under villfloga vest for garden Fet i Velledalen er det ein stad dei kallar «Ingebærfonna». Det er ei gamal segn som har gitt ho dette namnet. Og segna er slik:

Ein gong for lenge, lenge sia var det ei kone eller jente frå Urke i Hjørundfjord som ville over til Sykkylven. Anten ho hadde slektfolk eller kjærasten sin der, skal vere usagt, men til Sykkylven ville ho, og så tok ho like så godt beinvegen opp frå Trandal over fjellet og kom ned i øvste Riksheimdalen. Derifrå hadde ho gått over til høgri og kom ned over Ljosabreen. Då losna det ei snøfonna opp i fjellet ein stad, og den sopa henne med seg ut for stupet. Då ho ikkje spurdest meir, tok folk til å leite etter henne. Seint om sider fann dei henne som lik i snøfonna under stupet. Det går ofte snøfonna på denne staden, og den vert kalla «Ingebærfonna». Somme seier at Ingebær vart gravlagd på ein stad dei kallar «Kyrkjegarden», som ligg i lia litt lenger mot sør. Der er det ei fin slette med stort gras, og på denne sletta står det fleire steinar liksom dei skulle vere reiste opp av mannahand. Dei ser ut som gravsteinar på fråstand, difor har denne staden vorte kalla «Kyrkjegarden», og han kallast slik den dag i dag.

Kveitefiske. (Soge).

Det var i grønnåra 1808—09. Ein dag litt før jul kom han Guttorm Grebstad opp i Åsen til han Knut og sa som så: «Det vantar jolemat, og får vi agn, lyt vi prøve kveita med kveitevadet». Ås-Knut var berre ung-guten enno. Han tok ein dall og eit fiskesnøre og tok vegen over Brekka og ned gjennom Røvsdalen til Nysetra. Så gjekk han ned på vatnet og pikka hol på isen og tok til å fiske. Det varde ikkje lenge før han hadde dallen full av fin fjellaure. Han tok så vegen heimover der han hadde kome. Det var røvletøya på fjellet. Dagane føre jul vart det uver, så dei fekk ikkje prøve fiskelukka før julaftan. Då dei kom på fiskeleit, var det alt kome fem båtar, men ingen hadde fått fisk. Så kasta Knut og Guttorm kveitevadet, men dei fekk ikkje eit napp. Dei drog opp og lukta på agnet og sa: «Ho har ikkje kjefta enno». Guttorm tok fram ein dåse or lumma si. I den hadde han pipe, knusk og flint. Så kveikte han pipa med flinten. Somme av båtane tok no på heimvegen, men Guttorm sa: «Vi lyt vere her til mondet kjem». Så kasta dei på nytt. Då fekk dei ei kveite med det same, og sidan drog dei den eine etter den andre til dei hadde fem. Då lo han Knut i skjegget og sa: «Det vart no julemat likevel», og så rodde dei velnøgde heim att.

Bjørnen og hunden. (Soge).

For mange år sidan dreiv onnefolk og berga høy i ein av utslåttane i Aurdalsmarka. Dei hadde nett slutta for dagen, og heldt på å samle i hop ljå, river og matkoppar. Skodda kom drivande ned frå fjella, så det vart grått og skumt. Den store hunden som dei hadde meg seg, tok til å hoppe av glede, for no visste han at det snart bar på heimveg. Med eitt vart han uroleg og tok til å murre. Folket tykte dette var rart, og ville sjå kva det kunne vere. Best det var bykste ein stor bjørn fram or skogholtet. Hunden for på han og glefste og beit, og bjørnen slo etter hunden med labben, men fekk ikkje slag på han. Hunden vart så rasande at bjørnen måtte røme inn att i skogen, og inn gjennom lia bar det både med bjørnen og hunden. No var ikkje folka seine til å kome seg unna bakke og ned til vatnet, der færingen låg. Dei rodde over på den andre sida for å vere visse på at bjørnen ikkje kunne kome etter. Det hadde no vore stilt oppe i lia ei lang stund, så dei trudde bjørnen hadde drepe hunden. Men då dei rodde utover vatnet, hørde dei noko oppe i

vass-stranda, og det synte seg at det var hunden. Dei tok han då inn på båten og rodde på heimvegen. Det stakkars dyret var mest ikkje til å kjenne att, vått og lurvut som det var etter basketaket med bjørnen. Dei var alle samde om at det var den trufaste hunden som hadde berga livet deira. Han var heller ikkje heilt frisk etter den dagen. Men dei stelte godt med honom så lenge han levde, til takk for at han hadde berga dei i faren.

Bukkane i fjellet. (Segn).

Ein gong for lenge sidan var det ein mann her frå bygda som hadde vore av stad og kjøpt seg nokre bukkar. Då han var på heimvegen, kom bukkane bort for honom, og alt det han leita, så var det fåfengt. Då han hadde leita vel og lenge, vart han så trøytt at han la seg beint ned på ei mosetuve og sovna. Men ikkje lenge etter hørde han nokon som stod attmed han og sa: «Martinus, Martinus! kvi ligg du her ? Bukkane dine gjeng opp i hamrane ovafor Gimsdalsvatnet». Han spratt opp med det same, og då såg han eit blåkledd kvinnfolk som sprang bortover lyngen. Då ropa han: «Du må stanse litegrann så eg får snakke med deg», men kvinnfolket kom ikkje attende. Han såg etter henne, og best det var kvarv ho bort for augo hans. Då skjøna han at det var ei hulder. Han skunda seg til den staden ho hadde sagt bukkane var, og der fann han dei. Glad og nøgd tok han dei med seg heim.

Bjørnegrava. (Soge).

Ei gamal kone frå Tandstad fortel: «Det var ein gong mor til bestemor mi var oppi Straumsdalen og gjette. Før ho visste ordet av, kom det ein stor bjørn etter henne. Ho sprang alt ho orka, men bjørnen var snart i hælane på henne. Då la ho seg flat ned på marka, så bjørnen skulle tru ho var død. Han kom og snusa på henne, gjekk så eit stykke bort og tok til å grava ei grav åt henne. Men ho var snartenkt. Ho tok av seg ytterkleda og la dei på marka. Så smaug ho seg bort medan bjørnen grov. Då han såg opp og vart var kleda, trudde han at ho låg der framleis og grov vidare. Slik kom ho seg unna og fekk berge seg heim på stølen. Om kvelden, då seterjentene kom, fortalde ho det som hadde hendt. Dei kveikte då eit bål på setervollen for å skræme bjørnen vekk. Dei såg han ikkje meir att, men den grava han grov, syner tydeleg den dag i dag.

Fauske-jyden og kaptein Rummelhoff. (Soge).

Rette namnet hans var Jens Mortenson Knag, men han vart til vanleg kalla Fauskejyden. Han var fødd kring 1650 og døydde i 1720. Han budde i mange år på Indre Fauske, der han åtte det meste av jorda. Kvar sundag reid han til kyrkje. Han batt hesten sin ved kyrkjeveggen og gjekk inn på «Syllaterlemen», der han hadde sin eigen stol. Frå den kunne han sjå heile garden sin på Fauske. Han fastsette, at når han døydde, skulle dei gravlegge han under kyrkjegolv, rett under plassen hans i kyrkja. Så vart også gjort, fortelst det. I Fauskemarka var det mykje orrfugl. Kaptein Rummelhoff kom og ville skyte orrfugl, men jyden nekta han det. Kapteinen var stri og sa: «Jeg skyder orrefuglen om den sitter paa din næsetip». Då visste ikkje jyden anna råd enn å setje opp ei snare under ei stor bjørk, der kapteinen brukte å gå. Då kapteinen kom att, undra han seg på kva dette var for slag, men med eitt slo snara seg rundt føtene hans, og jyden hala i og drog kapteinen opp i bjørka. Der vart han hangande til jyden måtte hjelpe han ned att. Men han kom ikkje att for å skyte orrfugl i Fauskemarka meir.

Kol-Siri og Rannau-Helena. (Segn),
var to gamle pepparmøyer som «for på leikja» i mange år. Dei fortalde at dei i sine unge dagar hadde høyrte og sett huldra ofte. Ved Grebstadsetra ligg det ein stor stein ved vegen. Han kallast «Huldrestein» den dag i dag. Under den hadde huldra butt i alle år, fortalde dei. Mang ein kveld når Kol-Siri gjekk forbi steinen, høyrde ho kor huldra song der inne. Stundom høyrde ho huldreungane som skreik og ville ha rjome, og ho høyrde så grant kor huldra sjølv stod og kinna smør. Det var helst om kvelden i skyminga at ho synt seg. Då kunne ho sitje ved steinen og reive'ungen sin, og sulle og syngje. Kom det då nokon brått på henne, kvarv ho bort under steinen, og det høyrdest berre som ein sukk med det same ho kvarv.

Huldrekyrne gjekk ofte på beite rundt steinen. Det var feite, fine, blåsidete kyr, og huldrebjøllene tikla og klunka så fint og vedkjømeleg i den stille sommarkvelden at ein plent kunne kome på gråten. Men når kvelden kom og det vart mørkt, vart alt stilt, for då skulle både folket og dei underjordiske sove.

Nils-Lars og røvarane. (Segn).

For kring 200 år sidan budde det på Aurdal ein mann som dei ka.Ha Nils-Lars. Rette namnet hans var Niels Larsen Aurdal, (fødd kring 1730). Han åtte mykje jordegods, såleis gardane Aurdal, Andestad, Grebstad og Brunstad. Han var dessutan ein kjempekar som det gjekk fråsegn om. Ein gong skulle han ro til Ålesund med ein vedalast, og han rodde åleine. Då han kom ut på Flisf jorden, såg han ein båt som kom rekande, og det såg ut til at han var tom. Han rodde bort til båten, og då såg han at det låg to menn og sov der. Dei såg ut til å vere røvarar, og i båten låg det våpen og anna som dei hadde røva. Nils-Lars spekulerte på kva han skulle gjere med karane. Så gjekk han varleg inn i båten. Han tok eitt tau og batt den største først, og så batt han den andre.

Medan Lars skulle få i stand ei slepeline mellom båtane, hadde den eine røvaren vakna og fått av seg bandet kring hendene, og så fekk han krabbe seg på føtene. Han tok eine tofta og ville slå til Lars med, men med det same snudde Lars seg, og så bar det i hop med karane. Det vart eit hardt og langt basketak, men til sist fekk Nils-Lars overtaket. Han batt røvaren til bakstammen, og så tok han båten deira på slep.

Leid utpå dagen kom han til Ålesund, som endå ikkje var by, men berre ei fiskarhamn. Der fekk han folk til å hjelpe seg med røvarane, og fekk sendt dei i forvaring, så dei måtte sone for misferda si.

For dette storvarpet vart Nils-Lars vide kjend som ein djerv og uredde kar, som også hadde kjempekrefter. Det går også andre soger om han Nils-Lars, men det er berre munnlege tradisjonar, så heilt pålitande er dei nok ikkje i eitt og alt.

Fiskaren og bjørnen. (Segn).

Det ligg ein einsleg fjelldal mellom høge, bratte fjell. Ned frå fjella renn det bekker som samlar seg i ei blenkjande fjelltjørn i dalbotnen. I denne fjelltjørna har det vore mykje fjellaure alt frå gamal tid. Mange var det som prøvde fiskelukka si både i elva og i vatnet.

Ein morgon ut på hausten var det ein mann som skulle drage garna sine som han hadde ståande i vatnet. Han fekk mykje fisk som han trødde opp på ei hank, og så gjekk han på heimvegen. Då kom det ein bjørn luskande ned frå lia. Mannen likte ikkje selskapet og tok til å springe unna, men bjørnen fylgde etter. Så kasta mannen ein fisk av hanka si, og bamsen tok fisken i ein glefs, men vart heftande, så mannen fekk eit lite forsprang. Snart hala han inn på mannen att, så han måtte kaste ein fisk til. Såleis gjekk det radt til mannen var komen til støls. Då kasta han siste fisken åt bamsen før han smette seg inn i selet og slo døra att. Men han trega ikkje på fiskane, for dei hadde berga livet hans.

La-Eljas og huldra. (Soge).

La-Eljas var flink å fortelje frå gamle dagar. Og mangt hadde han opplevt i sitt lange liv. Mellom anna fortalde han dette.

«Øss ha sleie stølen og fått høye i såte. Enn dag de va solskin, rusla e' til støls å skulde rykte høye. Det va fin terre, og e' kasta alle såtne. Då det lei over middag, la e' me å vilde kvile. Me' same e' to ette sømna haure e' ett kvinnemål so ropte: «Eljas!» E' såg ingjin og la me te å sove att. Me' same e' to ette sømna att ropte det igjen: «Eljas!» E' røyste me att, men såg ingjin. Trie gongen la e' me' ne att, men då ropte det endå høgare: «Eljas!» Då røyste e' me' og såg omkreng me. E' såg ingjin då helder, men e' såg at det ela i alle fjella. E' treiv riva og raka høye i hop og fekk det inn i låå. Då e' bar inn siste høyfångenet, ausregnde det. Då snudde e' me og ropte uti lause lykta: «Takk!» sa e'. Det va huldra e' takka, for de va no ho som hadde ropt på me».

Å gjere åt for skøt. (Soge).

(Av ing. Jens Jarnes)

Det er ikkje meir enn 50—60 år sia at folk flest var fast forankra i trua på vonde makter både her og der. Ei plage dei meinte dei hadde på garane i den tia, var ei og onjå kjærring so hadde «evne» til å setje sjuke både på folk og fe. Å verje seg mot slikt var inkje lett, men hadde dei vonde kjærringar å dragast med, so var der og somme so kunde gjere god att sjukdomar, og det er om ein slik kur eg skal fortelje etter mor mi, Marte Larsdotter Grebstad, so tente i Olagara på Ikornnes hos Syver og Lovise for 85 år sia. Mor fortalde meg denne hendinga då eg var kring 19 år. Diverre kan eg ikkje heile lekse, men eg minnest då ein god del.

Kynne hadde fått «skøt», og dei visste vel kven det var so hadde sett sjuka i gong, men det måtte dei vere vare å snakke høgt om. Snarast råd måtte dei sende bod på kona so var kjende for sin kunst «å gjere åt». Då ho kom førde ho med seg mykje tilfang. To tause bar ei trebytte med ei myrk væske so lukta både ta tjøreløg og høyrøløg. Sjøl bar kona ei rive, ein navar og eit byraband. Dessutan hadde ho ei formularbok i stakkelomma.

No barst det inn i fjøsen med heile sulamitten, men mor, so var budeie, og tausene måtte stå utafor fjøsdøra. Dei haure kur kona las or «reglementet», og dei haure ho bruka riva. Truleg blei byrabandet brukt til feste i ein bjelke for å kunne lette bakparten på ei kyr, og navaren blei vel brukt til å lage festehol med.

Kuren tok lang tid, næsten to timar, og etter kvar overhaling so ei kyr hadde fått, og då den lange formularen var til ende, kom fyljande refreng : «No ska oss jere åt for skot, for hivelskot og divelskot, for smellskot og trollskot og for allslags skot so i vera finst!»

Og verkeleg: tre dage seinare va kynne god att. Kom så inkje å påstå at dei ikkje kunne sakene sine før i tida også.

Huldrebrudlaup på Langeneset. (Segn).

Huldra og dei underjordiske levde i hugen på mange av dei gamle, sjølv hjå dei som slett ikkje ville vedgå det. Var det noko som kom vekk på setra, eit kleplagg eller ei kolle, så var det sikkert huldra som hadde teke det. Seterjentene våga ikkje å vere på Langeneset lenger enn 4 veker, og dei torde ikkje å ligge åleine i selet.

Segna fortel om ei jente som såg eit brurefylgje som kom utetter frå Langeneset. Det kom etter vass-stranda med spelemannen føre. Jenta sat på ein stein ved stranda då fylgjet kom utetter, men ho gjekk ikkje or vegen. Då brudgommen gjekk framom, pikka han henne under hoka med staven sin. «Dette skal du ha fordi du ikkje gjekk or vegen», sa han. Jenta vart skeiv i munnen etter den dagen.

Brudefylgjet. (Soge).

For mange år sidan hende det at eit brudefylgje kom frå Løset i Søvikdalen og skulle til kyrkja på Aure. Det var straks før jul, og isen hadde lagt seg på Andestadvatnet. Difor køyrde dei etter isen, då det ikkje var brukande veg i den tida. Dei kom vel fram til Sykkylvskyrkja, og tok på heimvegen så snart brudevigsla vel var over. over. Men dagen var stutt på denne tid av året, og før dei kom til Andestadvatnet, var det mørkt. På Lyshol køyrde dei ned på isen og kom over på den andre sida av vatnet. Det var stor stemning mellom brudefylgjet. Dei song, ropa og prata alt i eitt. Men innafor Eldberget var det ei råk i isen. Den såg dei ikkje i mørkret, og første hesten køyrde ned i. Dei som kom etter, hørde nok brakket, men dei trudde det berre var isen som belja som så ofte før, og dei køyrde vidare. Den eine etter den andre køyrde seg ned i råka, for hestane var spræke, og skysskarane lystige. Til sist hadde alle hestane med folket gått i vatnet. Då vart songen ombytt med naudrop og skrik. Folk på Andestad, Lyshol og Aurdal hørde ropa og skunda seg til hjelp, men før dei kom fram var alle drukna, både folk og hestar, så nær som ein mann. Denne mannen heitte Lars. Han skjøna korleis det bar til, og så fekk han hoppe av sleden i farten, då han stod bakpå, men han hadde så nær vorte dregen med uti, for han vart fast i meien med eine foten. Men han kom seg då laus i siste liten og vart berga. Han fortalde sidan om heile tilburden, og kor uhugeleg det høyrdest med alle naudropa frå dei som gjekk i vatnet. Det vart eit tungt syrgjebod for dei som miste foreldre eller sysken og andre slektfolk. Lars er for lenge sidan død no, men så lenge han levde, kunne han fortelje om den triste lagnaden som brudefylgiet fekk, og han takka ofte Gud fordi han vart berga. Dette skal ha hendt kring år 1500.

Bjørnen som ridehest. (Segn).

Ein dag Brune-Pe frå Fausadalen skulle i marka og slå, råka han frampå ein bjørn som ville ta på honom. Det var på Stormyra dei treftest. Men Pe var snar i sninga. Han kasta seg opp på ryggen til bjørnen og fekk tak i øyra hans. Bjørnen tok til å springe i ring. , Kvar gong Pe slepte eine øyret for å få tak i tollekniven sin, ville bjørnen bite, så Pe måtte fint halde fram med rideturen både vel og lenge. Bjørnen prøvde på mange måtar å få honom av seg, men det lukkast ikkje. Endeleg fekk Pe sjå at kona hans kom køyrande med høysleden. Ho hadde ei øks på sleden, den tok tok ho og gjekk mot bjørnen. Han syntte tenner og var morsk å sjå til, men kona var ikkje fælen, ho hogg til bjørnen med øksa. Då brølte han fælt. Mannen fekk så tak i øksa og gjorde det av med bjørnen.

Tømmerhoggaren. (Segn).

Ein mann hadde drive med tømmerhogst om hausten. Han var eldste sonen på garden, og om vinteren skulle han køyre tømmeret heim så snart det vart snø. Så ein dag kom snøen, og mannen drog til skogs med hest og slede. — Det leid alt langt på kveld, og mannen var enno ikkje komen heim. Om ei stund kom hesten att med tømmerlasset, men mannen var ikkje å sjå. Dagen etter tok folk ut på leiting. Dei fylgde fara etter han bort åt ein runne, der hadde han skore seg ein seljetein, men mannen var og vart borte. Då åtte dagar var lidne, kom han attende. Dei spurde kvar han hadde vore, men det kunne han ikkje svare på. Han var rar og vart rar og fåmælt all sin dag sidan. Ingen fekk vite kvar han hadde vore dei åtte dagane han var borte. Han vart ein gamal mann, og er nå død for mange, mange år sidan.

Slagbjørnen. (Segn).

Ein slagbjørn hadde ein gong brote seg inn i eit fjøs og drepe 17 sauer. Karane på garden vart samde om at no skulle dei gjere manngard og få ende på udyret. Dei fann fram flintebørsene sine og drog av garde, skulle finne bamsen. Oppe på ein bergknaus låg han og sov. «Det er feigskap å skyte på sovande bjørn», sa gamle Jetmund. «Vi vil først vekkje han». Så kasta dei ein stein og vekte bamsen. Då han såg han var omringa, vart han så sinna at han sette

i eit fælt brøl. Ein gamal lærar som var med, vart så redd at han kleiv opp i ei høg bjørk som stod der. Dei andre tok no til å skyte på bjørnen, men råka ikkje. Han vart berre såra. Då gjekk Jetmund opp på hamaren og skaut på bjørnen. Bamsen reiste seg på bakføtene og kom imot han med open kjeft og ville slå til han med labben, men då tok Jetmund børsa og slo til bjørnen så børsekolven gjekk av. Då seig bjørnen attover og rausa utfor hamaren. Nede i hamaren stod ei bjørk, og den klønte han seg fast i. Jetmund fekk då låne seg ei børse, og så skaut han bamsen så han datt daud ned under berghamaren. Då kom den gamle læraren ned or bjørka. Dei flådde bjørnen, bytte kjøtet og selde skinnet.

På seterveg. (Segn).

For lang tid sia hende det at ei jente som tente i Velledalen skulle gå på setra saman med ei onnor seterdeie. Då dei var komne eit stykke på vegen, såg dei ei kone som gjekk føre dei. Dei skunda på og gjekk fortare for å nå henne att og spørje kva klokka var, men då gjekk ho også fortare. Så tok dei til å springe, men då sprang kona med. Attmed ei myr snåva dei, og då dei kom seg opp att, såg dei kona smatt attom ein stor stein. Dei leita alle stader rundt ikring, men ho var ikkje å sjå meir. Dei skjøna då at det måtte vere huldra dei hadde råka på, etter di ho kvarv så brått.

Nyseter-Jo og bamsen. (Soge).

Nyseter-Jo levde kring 1750-åra. Han var ein vidgjeten bjørnejeger. Børsa hadde han med seg kvar han for, og når bamsen var i nærleiken, høyrde han det knatt i børselåsen, fortalde han Jo.

Ein dag rodde Jo over Nysetervatnet og ville ta bork og never. Børsa sette han frå seg og kleiv opp i ei bjørk. Han flekte nevra av, men då han såg ned, vart han var ein bjørneunge som leika seg med neverflaka under bjørka. Jo ga seg god tid til bjørnehynen luska seg vekk. Då krabba han ned og fekk tak i børsa. Han fekk bjørneungen i sikte. Det small, og ungen låg daud som ei sild. Då Jo var ferdig, tok han ungen med seg ned til vatnet. Då med eitt braka det oppe i skogen, og der kom bamsemora i rasande sinne. Jo fekk skuve båten frå land, men binna kom etter. Han fekk såvidt tid til å lade børsa på nytt, tok så godt sikte og skaut. Der låg også binna steindaud. Det vart eit basketak å få henne inn i båten, og medan

Jo kava med dette, kom det endå ein hyn byksande ut frå skogen. Det var ikkje anna å gjere enn å lade på nytt, og så fekk også denne ungen vere med i båten.

Det var ein stolt bjørneskyttar som rodde heim til Nysetra den dagen med tre bjørnar i båten.

Det var lang kyrkjeveg frå Nysetra til Ørskogkyrkja, men Jo for ofte den vegen, og børsa fylgde honom støtt. Tidleg ein sundagsmorgon kom Jo heim til Leitet i Fasteindalen. Då såg han ein bjørn som tusla oppe i lia. Jo luska etter og kom på skotmål. Han tok godt sikte, og det sagdest at han aldri skaut bom. Bamsen stupte i bakken, men Jo heldt fram på kyrkjevegen. Då han kom på heimveg om kvelden, tok han bjørnen med seg til Nyseter. (Korleis kyrkjekleda hans såg ut då, er det ikkje fortalt noko om).

Bjørnen og barnet. (Soge).

Ei kone frå Eidem var på Eims-setra og stjorna buskapen. Ho hadde ungebarnet med seg, ein gut på ca. 2 år. Ho hadde nett mjølka kyrne om morgonen og skulle jage dei eit stykke frå stølen. Vesleguten hadde sovna på ei tuve utpå setervollen. Då mora kom attende til stølen, fekk ho sjå eit merkeleg syn: Ein bjørn for og dansa på to rundt ikring barnet som låg og sov. Då han fekk sjå henne som kom, for han luskande på alle fire oppom stølgarden og vidare inn gjennom skoglia. Mora tok barnet i armane sine og takka Gud fordi det var i live. (Ho kunne også takke bamsen).

Knut Nyseter (soge)

tok ein bjørn i snare oppe i Sjurlikloven. Då han kom for å sjå etter snara, stod bjørnen fast med ein fot. Knut sprang til Nysetra etter børsa, og bamsen måtte bøte med livet.

I slutten av 1850-åra vart ein bjørn teken på gilder (sjølvskot) i Fasteindalen. Ole P. Sandvik frå Furstranda skulle sjå etter gildret. Skotet hadde gått av, men bjørnen var ikkje å sjå. Han leita rundt ikring, og sistpå fann han bamsen, som hadde stupt ned i ein elveculp med hovudet under seg. Sjølvskotet hadde gjort ende på han.

Siste gongen dei tok bjørn i Fasteindalen, var i 1891. Det var Karl Johan Ramstad og Ole Kristiansen Melset som hadde lagt ut snare i Geiddekloven. Der var ei smal rås i eit skar i fjellet. Der sette dei snara opp. Ein dag Johan S. Ramstad var på skogsarbeid

ville han sjå etter snara. Det hadde falle noko snø, og då han skulle sjå til, så låg det ein bjørn under snølaget. Dagen etter var det fleire mann av stad og fekk bjørnen til gards.

Slagbjørnen gjorde ofte stor skade på buskapen. Ein gong jaga han 38 sauer utfor fjellet ved Forsedalen på Ramstadjella. Sauene låg ihelslegne i ein dunge under fjellet. (Det var truleg i 1885). Same dagen hadde bamsen drepe ein vaksen sau på Flåfjellet. Dei meiner det var same bjørnen som vart skoten i Hjørundfjorden noko seinare.

Bjørnen på Koldastølen. (Soge).

Då Narvik-Knut var ung, gjette han ein dag buskapen ved Koldastølen. Det var ein fin dag, og kyrne beitte nokså trygge oppe i lia. Då det leid på dag, merka han at kyrne vart så urolege. Dei ville ikkje roe seg i beite lenger, men søkte ned mot setra, og gjetaren fylgde dei til dei var komne inn på setervollen. Då kom budeiene med det same og såg over kvar sine buskapar. Dei såg snart at bjøllekua hans Hjellbakk-Nils var borte. Gjetaren la straks i veg på leiting. Borte i eit skogholt nord for setra tykte han å høyre noko som let så rart. Han stiltra seg bort til for å sjå, — men kvakk brått attende. Der stod ein diger bjørn over den daude kua. Han skulle ha seg kveldsmat. Knut huja og skråla alt han vann og kasta stein etter bamsen, men steinane prella av som erter på pelsen hans. Og bamsen berre grein og flekte tenner mot Knut. Han ville ha matro.

Så måtte Knut springe til støls og fortelje kva som stod på. Dei tok med seg spann og bytter og ein lang staur med never på enden. Då dei nærma seg bjørnen, kveikte dei eld på nevro og la småstein i spanna sine. Med skrik og skrål, med spanneskrammel og brennande fakkel gjekk dei så mot bamsen. Og han som er van med einsemda og den store skogstilla, likar ikkje slikt styr og ståk. Dessutan hadde han nå fått seg eit godt kveldsmåltid, og så rusla han like godt bort frå det heile og inn att i skogstilla, der han kunne melte kveldsmaten i fred og ro.

Hjellbakk-Nils kom seinare med hesten sin og fekk køyre kua til gards. Bamsen hadde gitt henne eit slag over ryggen med labben sin. Så hadde han rive henne opp og teke seg nokre godbitar av innvolen. Men det meste av kjøtet var like godt, så eigaren kunne nytte det.

Bjørnen og hundane. (Soge).

Ei kone og to unge jenter setra på Eims-stølen. Kona budde i eitt sel og dei to jentene i eit anna. Då kona hadde laga til kveldsmaten, hørde ho noko som pusta og bles utfor selet. Ho undrast på kva det kunne vere. Då hørde ho noko som brumma og grov derute, og skjøna straks at det var bjørnen. Ei kone som var omhender, hadde vore på setra dagen før, og bjørnen hadde rekt farete etter henne. Kona i selet hadde ein hund hjå seg. Han vart no svært uroleg. Ho fekk ein glytt på døra, så hunden slapp ut. Då vart det eit hundeleven. Jentene i det andre selet hadde også ein stor hund med seg. No kom den også til hjelp, og dei to hundane jaga bamsen føre seg ned gjennom skoglia. Då det leid eit bel, kom den minste hunden att. Han blødde i hovudet etter bjørneklørne. Den største hunden heldt det gåande med bjørnen ei lang stund, men kom også attende til stølen, blodut og fæl. Bamsen var det ingen som såg att, endå mange mann var på leiting dagen etter. Venteleg hadde også han fått nokre risp av hundetennene.

Karolus Amundsen Aurdal har fortalt ei soge om denne bjørnen: Ein haustdag i 1855 var Karolus og husfolket hans inne på Buhjellane ved Løvollbytet og røkta høy. (Dei hadde utslåttar der inne). Det hadde vore ein strevsam dag, så det drogst før dei fekk samle saman ljår og river og elles alt dei skulle ha med seg til gards. Den store hunden deira, som var med, var vill av glede då han skjøna at det bar på heimveg. Så tok det vesle fylgjet til å rusle nedetter bakkane i mørkninga. Brått såg dei at hunden tok til å bli så uroleg, og best det var, rende han rett mot ei tjukk hatlerust og gav seg til å ill-gøy. Og fram or runnen kom ein diger bjørn med iltre og sinte grynt, og prøvde å slå ned hunden. Dei stod først som lamslegne, og greidde ikkje å kome av flekken. Bjørnen prøvde gong på gong å få kloa i hunden, men han berre dansa kring bjørnen og beit og glefste, så bamsen hadde nok med å berge seg. Slik for dei nedetter heile lia.

Då folka kom seg såpass etter skrekken at dei kunne røre seg, kasta dei frå seg det dei bar på. Berre karane tok ljår med seg til å berge seg med, om det skulle røyne på. Dei kom seg velberga ned til båten, skuva frå land og rodde over på andre sida av vatnet. Der stana dei og lydde. Dei hørde eit lurveleven av bjørnen og hunden

langt oppe i lia. Ei lita stund etterpå vart det heilt stilt. Dei trudde først at hunden hadde vorte drepen, men så fekk dei høyre noko som pistra og ynka seg lenger utmed stranda. Dei rodde varsamt nærare, for det var så mørkt at dei kunne ikkje sjå kva det var. Jau, der låg hunden. Han var heilt utmasa, stakkaren, og kunne knapt gå. Dei tok han inn i båten og fekk han heim. Men endå dei stelte med han på beste måten dei visste, kom han seg aldri til att meir. Han hadde fått varande mein i den harde bataljen med Aurdalsbjørnen. Folka på garden visste ikkje kva godt dei skulle gjere mot denne hunden til takk for at han så djervt hadde berga livet deira, og det var stor sorg då han noko seinare døydde.

Aurdalsbjørnen kom frå det med livet den gongen, og han gjekk frikar i markene fleire år etter dette. Mang ei sausteik tok han seg nok i desse åra, men til sist måtte også denne skogens konge bite i graset. Det var bjørneveidaren Simon Olson Skylstad (han budde på Tandstad) som til slutt fekk livet av Aurdalsbjørnen. Om dette er det fortalt i saga om Simå på Tandstad.

Aurdalsbjørnen. (Soge).

Ein mann som heitte Vike-Jo-Jørn, var ein dugande veidemann. Han dreiv mykje med å legge ut gilder åt bjørnen. Ein sommar la han ut gilder i Breiskaret, rett ovafor Aurekleiva. Då han ein dag skulle sjå om gilderet, såg han at det hadde gått av og teke livet av ei binne. Men i ring om binna gjekk tre bjørnungar og undra seg på at mora ikkje rørde seg meir. Den eine av dei var synleg skadd av skot, men ikkje verre enn at han kom seg unna. Dei to andre ungane fekk Jørn livet av.

Den sára bjørningen for luskande mot Haugset og vidare framover mot Kjemphol og Aurdal. Derifrå for han innover på sørsida av Andestadvatnet. Bjørneungen kunne takke den gode terredagen for at han slapp levande forbi Haugset og Aurdalsgardane. Borna kom og fortalde vaksnefolket at dei hadde sett ein «rar hund» som for luskande innover mot Kvamen, men dei vaksne hadde ikkje tid til å anse på barneprat ein slik terredag, og det skulle dei kome til å angre på mange gonger seinare.

Som før nemnt var bjørneungen synleg merkt av eit skot frå gildret, og dette gjorde at denne bjørnen vart «aukjend» når nokon

råka frampå han seinare. Denne hendinga gjekk føre seg kring 1842, og den skadeskotne bjørnen vart heitande «Aurdalsbjørnen». Han fekk mange levedagar og hadde operasjonsfeltet sitt mellom Sandvika og Hjørundfjorden.

Hesteborga. (Soge).

Det var på føresommaren. Hestane var slepte på beite i utmarka, og føla var med. Ein kveld hørde gardsfolket slikt ståk og hesterin frå marka. Karane la på sprang. Då dei kom framom bøgarden, fekk dei sjå eit merkeleg syn: Hestane stod samla i ein ring med hovuda inne i ringen, og dei hadde samla alle føla inn i ringen, framføre seg. Ein rasande ulveflokk for som galne utafor ringen og prøvde kome seg inn til føla. Merra hans Amund Aurdal heldt seg utafor hesteborga. Kvar gong ein ulv skulle prøve storme borga, var merra der og gav han eit kraftig slag med hoven, så han var glad han heldt seg på fråstand. No kom karane og berga dei or knipa, men merra hans Amund var heilt sprengd og vart ikkje heilt bra etter den harde kampen med ulvane.

Det er fortalt at Amund Aurdal miste seks bukrøter og ein øyk på ein einaste sommar. Det var rovdyra som tok dei. Det var alltid utrygt å ferdast i markene i den tida. Ein kunde aldri vite kva ein råka frampå.

Helje-Ivrina og bjørnen.

Ein kveld frampå sommaren skulle ho Helje-Ivrina gå på Gimsdals-stølen. Då ho var komen opp i Brekka, sette ho seg ned på ei tuve for å kvile. Br.kken var bratt og tung for henne, for ho gjekk med barn. Som ho skulle til å gå vidare, vart ho var ein bjørn som kom tassande. Ho vart fælen og la seg flat for å løyne seg for bamsen, men han hadde fått auge på henne. Ham kom like opptil og snusa på henne, men rørde henne ikkje. Tett attmed tok han til å grave ei grav, så moldspruten stod. Då ho Ivrina skulle lette på seg, steig bjørnen på stakkfalden hennar med eine bakfoten (ho gjekk med sid stakk som skikken var då), og så grov han med framlabbane. Grava vart djupare etter kvart. Då bjørnen var så oppteken med gravinga, hekta ho Ivrina opp stakken og smatt ut av. Bjørnen stod framleis på stakkfalden og grov alt han vann, medan ho Ivrina fekk lure seg vekk. Ho kom seg inn i det næraste selet på setra, og så var ho berga.

Hesten og ulvane. (Soge).

I første halva av det 18. hundreåret budde det ein mann på Aurdal som heitte Amund Olson Aurdal. Han hadde ei brunblakk merr som var vidkjend, for ho var så sterk og sprek.

Tidleg ein sommarmorgon vakna folk på Aurdal av knegging og skråll ovafor bøgarden. Karane sprang oppover det fortaste dei vann. Og der stod merra hans Amund med følungen framfor bringa si. Rundt ikring dei for tre glupske ulvar som prøvde å få tak i følet. Men mora heldt dei på fråstand, med di ho spent vilt ikring seg og alltid heldt seg slik at ho hadde følet framfor bringa si. No fekk ho hjelp av karane. Ulvane måtte røme og både mor og føl var berga.

Bjørnen i Andestad-fjøsa. (Soge).

Det var om hausten i 1880-åra. Folk dreiv med skuronna. Kyrne gjekk i heimehamna, men vart sette inn i sommarfjøset om kvelden. Mannen, han Skare-Ola, hadde ei tenestjente. Ho kom att frå fjøset om kvelden og fortalde at kyrne var komne heim frå hamna reint forskræmde. Ho tenkte at det kanskje var bjørnen som var ute. Så let ho kyrne inn og mjølka som vanleg. Ho fortalde dette då ho kom heim, men dei ansa ikkje meir på det.

Om morgonen, då ho kom til sommarfjøset att, møtte det henne eit fælt syn. Bjørnen hadde vore på ferde. Han hadde knasa fjøsdøra, gått inn i fjøset og slege ned kyrne i tur og orden. Så hadde han rive ut ein stor stein under dungen og prøvt å få ut ei av kyrne, men hadde så vorte uroa, og så hadde han luska seg på skogen. Berre ei av dei ni kyrne var det enno liv i, men også den var så ille tilreidd at ho måtte slaktast.

Grannar og andre bygdefolk hjelpte han Skare-Ola til å få seg ny buskap, men trass i at dei gjorde manngard, fann dei ikkje slagbjørnen.

Siste gongen dei såg bjørn i Andestadmarka var i 1880-åra. Då var han også etter buskapen og skræmde han til gards. Så gjorde dei manngard for å jage bamsen, først på eine sida av vatnet og så på den andre. Ein flokk karar laga skyttarline frå vatnet og opp under fjellet. Så gjekk dei fram, slo på blekkspann, hauka, ropa og skråla alt dei vann, og dei som hadde børse, skaut stundom i lause lufta. Bamsen fekk dei ikkje auge på. Han hadde vel teke fæla av alt ståket og rømt opp i høgfjellet, der han fekk fred.

Ulven på Andestadvatnet. (Soge).

Det var i 1830—40-åra. Ein mann som heitte Andestad-Knut (bestefar til Andestad-Johanne) skulle til Aurdal ein dag inn under jul og låne ein bryggjeså, då han ville bryggje til jul. Han fekk såen og skulle dra han på ein kjelke. Det låg is på Andestadvatnet, så han tok beinvegen over isen.

Då han var komen midt utpå isen, kom det ein flokk svoltne ulvar hylande. Knut studerte litt på kva han skulle gjere. Så tok han såen og kvelvde over seg. Det varde ikkje lenge før ulvane var komne og kringsette såen. Knut letta litt på så-kanten og fekk ulvane til å setje føtene inn under. Så tok han ei øks han hadde med seg og hogg til, så den eine labben etter den andre spratt av og vart liggande på isen. Då vart det eit frykteleg hyl på ulvane. Og straks dei fekk smaken på blod, vart dei heilt rasande. Dei reiv og sleit i kvarandre og for til sist som ei åsgardsrei inn over isen og stakk til skogs.

Knut samla saman ulvelabbane og kom seg til gards med såen som hadde berga livet hans.

Ulvehiet. (Soge).

I 1870-åra herja ulven fælt i setermarka i Vik. Mange sauer og lam vart rivne i hel, og kring 30 føl vart drepne av udyra. Folk skjøna at det måtte vere ulven som grasserte såleis, og vart samde om at noko måtte gjerast for å få ende på herjingane.

Ein sommar var det nokre språke karar som slo lag for å leite etter ulvehi. Det var Låna-Krissen, Helje-Knut, Helje-Mikal og Hau-Jacob. Dei leita ei heil yeke, men til fånyttes. Då heldt dei på å gi opp det heile. Men så ein dag dei for og traska øvst i liene under Borgundkollen, kom han Låna-Krissen, som gjekk åleine, brått frampå eit mistenkeleg hol øvst i ura. Han kika hin i hola, som var heilt mørk, og i mørkret såg han fleire gloande augo som glodde så uhugleg på honom at han vart heilt fælen. Han våga ikkje å krype inn, dessutan var hola for trang og djup. Han skjøna det måtte vere ulvehiet, og ottast at ulvemora kunne kome ut og rive han sund, våpenlaus som han var. Låg ulvemora inne, visste ho no at hiet var oppdaga, og i rasande ekse er ei ulvemor truande til kva det skal vere.

Låna-Krissen gjekk eit stykke frå hiet og hauka til kameratane sine, som var langt nede i lia, og dei kom oppover. Krissen syntte dei

hiet. Nå var gode råd dyre. Ein av karane hadde øks med seg. Han fann ei renningsbjørk, som han hogg ned, og laga seg ein staur på 7 alner. Dei feste ei never på stauren og kveikte på, og lyste så opp den mørke hola. Då såg dei tre ulveungar som låg i inste kroken, men inga ulvemor var å sjå. Det var uråd å nå i dei, djupt og trongt som det var. Kva skulle dei så gjere?

Ein av karane sprang til gards etter to store kveiteonglar. Dei batt dei fast på ein annan lang staur. Så lyste dei opp hola på nytt med ei brennande never på den eine stauren, og med kveiteonglane på den andre fiska dei den eine ulveungen etter den andre ut or hiet.

Så tok dei ungane med seg til gards. Dei var store som små kattar og var nok huga på å kvesse frå seg, berre dei nådde i, men det fekk dei ikkje høve til. I smidja hans Låna-Krissen fekk dei førebels plass i ein stor koparkjel som stod der, og loket vart lagt på.

Dette var kvitsunaftan om kvelden. Kvitsundag, om morgonen, då ho Låna-Guri såg ut gjennom glaset, stod ulvemora på bakbeina og såg inn gjennom glaset i smidja. Ho hadde rekt vegen etter dei heilt til gards. Men då folket kom ut, rømde ho.

Etter kvitsunhelga vart ulveungane drepne. Den eine hengde dei sidan opp inne i Gimsdalen, den andre i Straumsdalen og den tredje ved ura, der dei hadde funne hiet. Etter den tid har ingen vore ute for ulv i Sykkylven. Folk trudde at udyra hadde teke fæla og rømt, då dei såg ungane som var opphengde i trea.

Julematen under tuntreet. (Segn).

På den gamle bondegården var tuntreet heilagt. Det stod gjerne eit lite stykke frå husa, eller også midt i tunet. Det kunne vere bjørk, hegg eller rogn. Den som først bygde på garden, skulle samstundes plante tuntreet og vyrdsle det vel, så det vart stort og kraftig.

Under tuntreet leika borna frå dei kunne krype og gå. Der kjende dei seg trygge, for treet hengde dei lubne greinene sine varnande utover dei. Slik stod tuntreet gjerne ættled etter ættled, og voks seg etter kvart til eit kjempetre som breidde greinene sine vidt ut over tunet.

I heiden tid trudde mange at gardvorden, (han som først bygde på garden), budde i eller under tuntreet, og gardvorden hadde alle otte og age for, både unge og gamle på garden. Om julekvelden

måtte dei bere noko av beste julematen ut og setje han under treet, og dessutan ein diger bolle med øl. Gardvorden skulle ha det. Då dei kom ut på tunet juledagsmorgonen, var både maten og ølet vekk. Og ingen var vel i tvil om at det var kome den rette til gode. Slik hadde det gått jul etter jul gjennom fleire ættleder.

Men så ei julenatt hadde det falle nysnø, og då folket kom ut om juledagsmorgonen, syntte det fotefar i snøen til og frå tuntreet. Maten og ølet var borte som vanleg, men fotefara syntte veg til ein einstøing som budde for seg sjølv inne i skogen. Gamal var han og fattig, og så tykte han vel at dei levande trong meir til mat og øl enn dei som var døde, og det hadde han nok rett i. Etter kvart kom også dei andre til det same, og snart vart det slutt med å setje julemat og øl under tuntreet. I staden gjekk dei gjerne til einkvan som var fattig og einsleg, og gledde dei med noko god julemat om julekvelden, for når det er jul, vil alle gjerne vere glade, og det vert ein helst når ein får gjere andre glade.

Bamsen i Megardslia. (Soge).

Hausten 1897 var Hans Utgard og Elling Utgard på saueleiting. I Megardslia råka Hans frampå ein bjørn. Bjørnen som låg og kvilde, vart oppskræmd, og gjekk til åtak på guten med ein gong. Han vart slegen ned av bamsen, som så hogg eine labben i nakken hans og reiv hud og hår framover, så det hang ned i andletet. Så tok bjørnen guten i fanget og rulla seg med han eit stykke ned gjennom lia, og let han så ligge.

Elling, som ikkje var langt unna, hørde ropet frå Hans og kom springande til. Han hadde ein lang stav i handa, og ville jage bamsen, men han beit staven av i molar og flekte tenner'til han Elling. Dermed luska han seg på skogen att. Det leid mot kvelden, og Elling tok Hans med seg til gards.

Dagen etter tok mange mann i veg med børse og gjorde manngard etter bjørnen, men dei fann han ikkje. I blomgraset nedafor Snøbrehola kom dei frampå avratet av storeveren hans Utgard-Jens. Restane av veren var varme enno, så dei skjøna at bamsen nyleg hadde fått seg ei varm, god steik, men alt dei leita, såg dei ingen ting til udyret. Denne slagbjørnen var visst den siste som har vore sett her i bygda.

Hans Utgard kom seg til att etter den stygge medferda han fekk, endå det syntte tydelege merke etter såra. Men ein haustdag i ruskever var han med på linefiske ute i fjorden. Han vart våt og kald, vart så sjuk, og døydde stutt tid etter.

Slåst-kjempene på Aure. (Soge).

I 1886 for her nokre skreppehandlarar kring i bygda. Det var to vossingar, to frå Sunnylvn og ein frå Oslo. Desse karane handla på småkram, slikt som sysaker, vevskeier, bukse-selar, pynt og nytteting av ymse slag. Dei dreiv også med hestehandel når det høvde slik, og dei gjekk systematisk til verks: Alle gjekk dei ut frå sentrum på Aure — i kvar si retning — og tråla på den måten kvar gard og grend i heile bygda. Når dei var ferdige med runden, samlast dei att på Aure for å frette einannan ut korleis det hadde gått med handelen.

Desse skreppehandlarane var ikkje særst godt likte i bygda, av ymse grunnar, helst fordi dei hadde det med å snyte folk på handelen.

Om hausten 1886, då stølsjentene kom heim att etter stølsferda, vart det etter gamal skikk halde eit dansegilde på Aure. Dei fem kramkarane kom også og blanda seg i danselaget, men dette likte ikkje bygdegutane. Dei vart så samde om å få kramkarane ut, og utkasta vart dei. For dette vart kramkarane rasande sinte og lova at dei skulle få det att. Dermed for dei sin veg.

Noko seinare kom dei att, og då hadde dei med seg ei slåstkjempe som gjekk under namnet Stueflaten, (visstnok frå Romsdalen). Dei gjekk frå gard til gard på Aure og leita etter gutane som hadde vore med på dansen. Det samla seg etter kvart ein heil folkefjelde i Kapraltunet. Der vart det eit stort slagsmål, som enda med at både «Stueflaten» og kramkarane fekk juling. Så vart dei bundne og sidan sende med rutebåten til byen. (Dei to sunnylvingane var ikkje med dei andre på dette slåstarlaget).

Ei brudevigsle frå 1850-åra. (Soge).

Han Elling frå Søvikdal hadde vorte enkjemann, og ville gifte seg att. Brudevigsla skulle gå for seg i Sykkylvskyrkja ved jonsoktid. Elling hadde tinga grannen, han Elias, til å køyre dei til kyrkja.

Då Elias møtte fram med øyk og kjerre, kom han Elling, brudgomen, ut på tunet til han og sa: «Du Elias, gjer vel og køyr

bruda ut over til kyrkja. Eg vil springe ut over heiane og sjå etter ungøyken min som går utpå Aurdalsheiane. Når eg har funne han, kjem eg springande ned til Aurdal, og etter Aurdalsvegen, og so møtest vi ved kyrkjeveggen».

Elias køyrde i veg med bruda, men då dei kom til kyrkjeveggen, såg dei ikkje noko til Elling. Han hadde nok vorte leitande lenge før han fann ungøyken. Bruda vart sitjande i kjerra og sjå med lengt etter brudgomen. Då den avtala tida var komen, kom presten (Krabbe) ut og bad dei kome inn. Bruda sa som sant var at brudgomen hadde eit anna ærend som han gjerne ville få unnagjort med det same, men i fall han ikkje vart leitande lenge, skulle han snart vere her. Presten gjekk inn att og slo att døra. Om ei stund kjem han ut att og bed dei kome inn, men då han fekk vite at brudgomen enno ikkje var komen, vart han dugleg harm, og han kvitte seg ikkje for å seie til bruda kva han tykte om slik åtferd av ein brudgom. Bruda stakkar skalv av redsle, men då presten gjekk frå dei, sa ho til Elias, køyrekaren: «Gud gi det var du, Elias, som var brudgom, så kunne vi berre gå inn og få oss vigde og sleppe å harme presten meir».

Då han Elling endeleg kom, var presten framleis harm, og han sparde ikkje på uttrykka han hadde tiltenkt brudgomen. Men han Elling berre hyssa på presten og sa: «Berre skriv prest, skund deg og skriv: Elling Pedersen, Elling Pedersen, — ekta frå Velledal, gift til Søvikdal, ytst på haugen, midt i garden — på venstre handa når du gjeng inn over åleine». -----Presten svara: «Jeg tror jeg skr iver Elling Vaas — Elling Tøv!»

Han Elling og bruda hans vart lovleg gifte den dagen, og dei levde lukkeleg i lag i mange år. Kona som levde lengst, døydde litt føre hundreårskiftet. Trass i vanlagnad og heller dårleg økonomi den siste tida, var ho likevel nøgd og lukkeleg all sin dag.

Edv. Løvoll og Lovise, kona til Elias, har fortalt denne sannf. saga.

Småfolka på loftet. (Segn).

På ein gard brukte dei å bere julemat opp på loftet åt nissane som dei trudde heldt til der. Kona på garden og veslejenta hennar gjekk opp loftsstigen, og hadde mykje godt med seg. Då dei vel var komne opp, ropte veslejenta: «Å nei, å nei, kor mykje småfolk her

er!» Mora såg ingen ting. Seinare brukte dei kvar julafta å måle ein kross på alle dører for å verje seg mot tussar og vette av alle slag, som dei trudde tusla ikring. Den som hadde måla kross på alle dører, kunne kjenne seg trygg både for folk og fe, for då våga ikkje noko vondevette å kome inn i husa.

Dyresoger. (Ved Jens Gjævenes).

I førre hundreåret var det vanleg at bjørn og ulv og andre udyr tassa i fjella og skogliene rundt om i bygda. Det var ikkje så ofte folk møtte bjørnen i fjellet, men småfeet vart ofte jaga og drepe. Kom dei i tanande sprang heim til garden, så vanta gjerne den feitaste i flokken. Folk gjekk alltid med otte for buskapen. Det var gamal tru i bygda at dei som først kveikte ljøs på åren marimessdag, 25. mars, dei fekk fenaden tynt av bjørnen det året. Difor var det ofte huster og kaldt i heimane den dagen, og dei gjekk og såg over til grannen om det kom røyk der.

Til 1850—60-åra var det ulv her i traktene. Gamle folk fortalde at dei såg han om vinterkveldane i måneskinet. Ei kone, Oline Hundeid, gjekk utfor huset og berga inn att hunden deira frå ulvane ein vinterkveld. Ein haustdag gjekk sauene ute mellom gardane Hundeid og Gjævenes. Då kom det ein flokk ulvar, og 14 sauer vart ihelrivne tett utanom Åneshaugen. På Stokkhaugen var det frå gamalt ei lita tømmerhytte, der dei stod vakt mot rovdyra.

Inger Jonsdotter Myrset, som til dagleg vart kalla Lin-Inger, råka frampå ein flokk ulvar mellom Blakstad og Jarnes. Den tida var det ikkje jordmor i Sykkylven. Inger var mykje nytta som «nærkone», og i det ærend var ho på veg til Ikornnes. Då ho og fylgjesmannen møtte ulveflokken, måtte dei snu ut att til Blakstad. Der fekk dei med seg fleire karar, og væpna med staurar jaga dei ulvane or vegen.

Johannes og bjørnen.

Johannes Hundeid var ein gong på leiting etter geitene. Då møtte han ein bjørn i ei smal rås ved Klungregylet. Bjørnen reis opp på bakføtene og kom med gapande kjeft mot honom. Johannes hadde øksa med og lyfte henne til motverje. Dei hadde berghamaren på eine sida og stupet på den andre. Ingen av dei våga å gjere åtak først. Så vart dei ståande og nidstire i auga på kvarandre, ferdige å ta imot.

Til slutt vart stoda mindre spent, og Johannes let øksa sige litt, og samstundes la han seg innåt berghamaren. Bjørnen slappa labben varleg, og så smaug han forbi, tett innåt føtene hans Johannes. Men då han var komen vel forbi, sette han farten opp så ragget lufsa, og borte var han.

Johannes Midtgard skulle ein sommardag inn i Dalen og vøle seterhusa. Han bar noko verkty, m. a. ei slegge. Innom Heimsetra møtte han ein bjørn. Han var ikkje noko særleg var av seg, men såg vel på mannen og hadde ikkje noko hast med å kome or vegen. Johannes tok slegga og slo i ein stein. Det likte bjørnen mindre, såg det ut til, for han for ruslande opp gjennom småskogen. Av og til snudde han seg og såg nedatt på mannen. Han tykte vel at han bar seg noko underleg åt. Og borte var han.

Ein sommarkveld i 1884 gjekk ei kone frå Gjævenes innom bøgarden for å sjå etter kalvane som gjekk der på beite. Ho gjekk den tid med barn, og det sagdest at bjørnen skulle ha eit særleg auga til slike. Same natta kom ein bjørn og fylgde råsa som kona hadde gått om kvelden. Han stogga 7—8 m. frå stova og grov ei stor hole i marka. Så tok han vegen fram mot seterdalen. Ein stad som enno vert kalla Bjørnehamaren, slo han ned ei kvige for Torstein Hundeid, og lenger framme i lia drap han ein unghest for same mannen.

Bjørnen og bukkane.

Ein stad trudde karane at småfeet skulle vere trygge for bjørnen, og det var oppe i ei lang flå, til vanleg kalla «Benkjen», som ligg midt oppe i ville fjellet. Der skulle så vere hamning for bukkane. Dei vart dregne og lyfte opp på hamaren, og så var det berre å stengje ei smal bergskorte, for rundt om var ^det tverrbrate fjellveggen. Der levde så bukkane i ro og fann bra med mat. Men der var ein som ikkje lika dette påfunnet. Bamsen tykte det var leitt å sjå på i lengda. Han hadde så godt utsyn frå ein fjellknaus i Storflåa ovafor. Så tok han til å velte stein utfor stupet så det braka. Bukkane vart redde og bykste over alle hindringar og tok i veg bortetter fjellet. Då bjørnen såg at det lukkast å skræme bukkane bort frå flåa, så visste han å finne dei. Han sprang rundt fjellet, på lag 2 km. og møtte dei i ein trong fjellstig, «Høgflåstien». Der slo

han ned den største av dei. Folk hørde brækinga like ned i garden. Så sprang to mann opp i fjellet og fann bukken sundriven, men bjørnen var faren sin veg.

Gjetarliv.

I førre hundreåret var det uråd å sleppe sauene i marka på Gjævenes for skuld udyra. Mange år måtte dei difor leige hamn på Skår i Hjørundfjord. Når småfeet skulle ut på beite, måtte folk vere med og gjete det, og så ta det heim om kvelden. Det var som oftast born i alderen 8—14 år som gjette. Eldre folk kan enno minnest då dei måtte ut og gjete. Var ein så heldig å bli gjetar på ein gard, vart ein ofte verande der som vaksen dreng seinare. Kring 1880—90-åra var løna for ein tenestgut eit par vadmalsklede og ei halv kuhud til sko, og så fekk dei full niste med når dei reiste i torskefiskja. Dertil fekk dei ein dalar for året i reie pengar. Gjetarguten måtte nøye seg med berre maten og litt klede. Frå tidleg om våren til seine hausten måtte dei gå berrfotte allstad. Ofte var det kaldt og surt å sitje på gjetletuva med berre ein flatbrødleiv og ei turrsild og 2—3 kalde poteter til mat. Ein mann fortalde at han som smågut ein gong sat oppe i fjellet og gjette. Då kom det slikt svært snøfall. Så var det å krype under ein kampestein, men den kalde vinden stakk som nåler gjennom den frosne kroppen. Så måtte han ta topphuva av og stikke dei frosne føtene ned i den. Han måtte vasse berrføtt heim att, og snøen var så djup at han rakk opp på leggen.

Otten for udyra gjorde det ofte uhugleg å ferdast i skog og mark. Dertil kom så farane i sjølve fjellet, og ofte hende det ulukker. Ei jente, Charlotte Hundeid, gjette småfeet ein gong. Ho var i konfirmasjonsalderen det året. Geitene tok ein snarveg over eit svaberg, og så fylgde ho etter i den same råsa. Men ei torve losna på berget der ho gjekk, og så miste ho fotfestet. Ho rausa ned over svaberget og trilla langt ned gjennom lia. Der vart ho liggande til ut på kvelden, då mange folk gjekk på leiting og fann henne. Ho var lenge helselaus, og mein av ulukka hadde ho all sin dag.

To smågutar frå Gjævenes skulle gjete oppe i lia. Den eine var 12 og hin var 6 år. Den eldste måtte gjere ei vende etter sauene, og så bad han småen vente til han kom att. Men ventetida vart for lang for vesle Laurits. Der kom 2 harar hoppande. Guten vart litt redd med det same og tok til å varne åleine. Han kom fram på ein fjellkam

som kallast Hella, og då såg han garden og husa heime. Så tok han kortaste vegen og stemnde på husa. Det barst nedetter i bratta og føtene fekk lite feste. Hendene greip etter små vidjekratt, men så brotna kvisten. — Han rausa utfor stupet, rulla vidare nedfor Høghjellane og så ned ei bratt skrede, Skrestigen, og mest ned i slåttemarka, i alt kring 250 meter. Folk samla seg frå heile grenda for å leite etter han, og dei trudde han hadde fare fram imot seterdalen. Om kvelden gjekk ei av jentene på garden til Bulegene for å stelle og mjølke kyrne. På vegen høyrde ho eit veikt barnemål som sutra og gret. Og der fann ho han Laurits, ille tilreidd. Kleda hekk som fyller kring han, og på knea, olbogane og hovudet hadde han store sår, så det var eit stort under at han levde. Ho bar guten til gards, så dei fekk stella han. Lenge vart han liggande på klinikk i Ålesund, og med dei lækjeråder dei rådde over den tida, var det mest utruleg at han kom frå det utan varig helsemein. Det einaste som synta på han, var nokre store ær i panna tett under hårgarden. Han reiste til Amerika då han var 18 år.

Den 4. september 1895 var Hans Andreassen Utgard og nokre andre frå grenda oppe i Megardslia og leita etter sauene, som var borte. Medan dei leita i skogen og gjekk eit stykke frå kvarandre, kom det ein stor bjørn beint imot Hans og slo labben rundt han, bar han eit stykke bort gjennom skogen og tok så til å rulle seg med han så det knasa i skogen. Dei som var nærast, såg korleis det bar til, og sette i med skrål og skrik. Petter Larsen Utgard som stod nærast, hadde med ei gamal haglbørse, og han løyste skotet bort i lause lufta. Då fekk bjørnen ein støkk. Han slo labben i nakken på guten og flekte hud og hår av, så han vart ille tilreidd. Dermed tok bjørnen røminga. No samla karane seg og såg at guten levde. Dei bar han heim og fekk han til dokter. Han kom seg til att etter kvart, men så fekk han hjernebetennelse og døydde 4. januar 1896, 14 år gamal.

I 1898 var det slutt med å gjete smalen for gardane Gjævenes og Hundeid. Dei slo seg saman og sette opp gjerde av strengnot frå elva i setermarka og heilt til fjells over eit skar som heiter «Bjønneispen». Det vart ei gardlengd på ca. 1000 meter. No trudde dei seg trygge for sauene, men bjørnen kom likevel over og drap fleire sauer det året.

Tu-Mass og bjørnen.

I førstninga av 18. hundreåret budde det på garden Tu ein mann som heitte Mass. Ein dag skulle han fram i Tudalen eit ærend, og der råka han frampå ein diger bjørn. Dei kom i dragsmål, og Mass greidde å kome seg over ryggen på bamsen og fekk tak i båe øyro hans. Såleis reid han på bamsen eit langt stykke. Men så skulle han prøve å få tak i slirekniven sin med eine handa. Då reiv bjørnen seg laus og tok røminga.

Bamsen og geita.

Ein vårdag kom geitene tidleg heim til garden og var svært oppskræmde. Dei kom ut på åkeren der folket arbeidde, og sank seg kring dei. Likaste geita var borte, og dei skjønna årsaka, men seint om kvelden kom ho endeleg heim att, trøytt og sturen. Så var det noko seinare på sommaren. Han Ivar Clausen Utgard, også kalla Grava-Ivar, fekk løyve til å finne seg noko brenne i Gjøvestrande. Med han heldt på å laste færingen, kom ei stor geit farande like bort til han. Bjørnen var etter henne, men då han fekk auga på Ivar, som lyfte øksa i veret og huja, stogga han ved fjøra. Han var sur og gretten då han for luskande opp gjennom bakkane att. Dette var andre gongen geita hadde kome seg frå han. Ho fekk smette seg ut gjennom fjøra og heim att til gards. Seinare på hausten vart ho likevel drepn av bjørnen.

I 1890-åra tok folk til å rydje ut udyra for alvor. Det var skralt med våpen, så det vart mest nytta gift i åte. Tore Madsen Gjøvenes la såleis gift på fleire stader. Oppom Megardssetra fann Jacob Midtgard beina av ein bjørn, og ein vart funnen i Klungregylet innom Gjøveneset.

GAMLE OG NYE GÅTER

Å gjete gåter var god og morosam tidtrøyte for born og ungdom. Ofte kunne dei sitje dei lange vinterkveldane og trøyte tida med gåter. Det var tanketrening og moro på same tid. I seinare tid har det vorte mindre av dette. Og etter kvart går også gåtene or minne. For å berge nokre gåter frå gløymsla, tek vi dei med her.

1. Kva går først gjennom kyrkjedøra?
2. To farar og to søner gjekk ut på jakt. Dei skaut tre reinsdyr og skifte dei mellom seg så dei fekk kvar sitt. Kven var dei?

3. Døra var av vatn, lykelen av tre. Flokken **gjekk**
men jegeren gjekk te'?
4. Kvar slo dei første spikaren i kyrkjedøra?
5. Kva går gjennom kyrkjedøra og dreg hamen etter **seg**?
6. Lite og raudt, — rett som det flyg, dett det daudt?
7. Kva hadde to liv og ei sjel?
8. Hesten er av stål og rumpa av lin, gjet du gåta så fær du vin ?
9. Kva er det som stikk hendene inn i vomba?

10. Otta-Pe' køyrde etter le, åtte hestar og åtte fe. Kva heitte
hunden til Otta-Pe'?
11. Åtte og tjue mann heile verda regjerer, dei et ikkje brød og
drikk ikkje vatn, for slike menn må du ta av deg hatten?
12. Kva er det som er midt i Rom?
13. To brør bur på kvar si side åt fjorden. Dei vaskar seg i same
vatnet, tørkar seg på same handduken. — Vaskar seg i sjøen
og tørkar seg i sola?
14. Nils i Nordland hadde sju svin og drap eitt, så vart det otte?
15. Kvifor er L den varmaste bokstaven?
16. To hol har eg, to fingrar brukar eg, det lange gjer eg kort,
det breie gjer eg smalt, kven er eg?
17. Kva er vått om det vert aldri så tørt?
18. Kvifor hoppar haren over fjellet?
19. Kva kjem burande og beljande og legg att huda i marka?
20. Ikkje er det ute og ikkje er det inne, men kvar ein dagen er
det å finne?
21. Kva er det som går på hovudet gjennom kyrkjedøra?
22. Eit hus fullt av god mat, men utan dør og utan glas?
23. Eg kjem som ein stråle, tek inn i kvar manns hus, men fær
eg ikkje kome inn, kjem dokteren i staden min?
24. Rundt som eit egg og langt som ein kyrkjevegg?
25. Kva er både i godt og gale?
26. Kven har øyre, men kan ikkje høyre?
27. Kven har auge, men kan ikkje sjå?
28. Snar som lynet, heit som elden, sterk som hesten, lell du kan
ikkje sjå meg?
29. Liten og rar, rund og klar, — utan meg du inkje var?
30. Alltid er du om meg, i dal på strand og øy. Var ikkje du så
måtte eg døy?

Sv ar på gåter.

- | | |
|-------------------------------|--------------------------------|
| 1. Lykelen. | 16. Saksa. |
| 2. Far, son og soneson. | 17. Vatnet. |
| 3. Farao i Raudehavet. | 18. Han kan ikkje gå igjennom. |
| 4. På hovudet. | 19. Tømmerstokken. |
| 5. Brura med bruresløret. | 20. Glasruta. |
| 6. Gneisten. | 21. Spikaren i skohælen. |
| 7. Jonas i kvalen. | 22. Egget. |
| 8. Nål og tråd. | 23. Solstrålen. |
| 9. Årane i båten. | 24. Trådnystet. |
| 10. Hunden heitte Kva. | 25. G er både i godt og gale. |
| 11. Dei 28 bokstavane. | 26. Gryta. |
| 12. 0 er midt i Rom. | 27. Poteta. |
| 13. To fjøresteinar. | 28. Elektrisiteten. |
| 14. Det vart «griseotte». | 29. Vassdropen. |
| | 30. Lufta. |
| 15. Fordi L står midt i solen | |

ORDTAK OG FYNDORD

Vi har ein overlag rik arv i dei mange faste ordtaka som lever på folkemunn rundt ikring i bygdene våre. Denne arven var kanskje rikare før, den tid då målet var heilare og talekunsten finare enn no då alt har vorte meir mekanisert og har mist mykje av dåmen sin. Det er vår oppgåve å ta vare på det som vi har att av denne skatten, og om mogeleg auke han.

Mange av desse fyndorda vart fletta inn som ein levande part av daglegtalen. Somme av dei kunne bli snudde på eller omforma alt etter samanhengen. Både dette og den måten dei vart sagde på, og tonelaget ein sa dei med, burde vere med, om ein skulle få eit sant bilete av den talekunsten og det livssynet dei gav uttrykk for. Men dette er slikt som berre kan kome fram i den levande talen.

«Det er rikdom i karske manns bein».

«Dørstokken ligg på tvert kvar ein kjem, om det so er på Linge».

«Det skal ein sterk *rygg* te å bere gode dagar».

«Det e no her i Verene!» sa ho Hole-Beate.

«Dei kvilde då byen brann med».

«Matahanda e longe ho».

«De e dag te kvelds å sia kjerne månen».

«De e kje gull alt so glimra».

«Når enn vil skonde se, ska enn gi se go tia».

«Det må no vere måte på kjærlegheit me!» sa mannen, — han fekk ein øyrefik.

«E skyr ikkje kostna når de berre e te noke nyttigt!» sa mannen, han kjøpte seg ny kritpipe.

«Han gjeng so katten om den heite grauten».

«Å gi at Storelva rann inn i me ei stond!» sa slåttekaren, han vart drikkelens i solsteiken oppi Tveråfjella.

«E e so trøyte som enn makk».

«Det kråka ikkje vil ha sjøl, det gi ho åt ongå sinå».

«Ver nyttige og pyttige, so vert du rik».

«Ynsk deg noke i eine handa å spytt i hi, sjå kvar du fær mest».

«E ska skreppe ta de i kyrkjebåta».

«E e kongens kar å du e kongens jar-skrap».

«E e likegla e!» sa guten, — han gjekk og gret.

«Enn må sky Guds ver».

«Lita å nett — ill å besett».

«Alt godt kjem ovafrå, men denne kom jamisann nedafrå!» sa mannen, — han fiska sei.

«Det fø alt so fylle».

«Han forstend seg ikkje meir på ditta enn purka på sakramente».

«Ja, slik e det når lusa hosta i lov-votta».

«20 års slaveri gjeng som ein røyk!» sa guten.

«De e so når ståkaren ska hjelpe olmosa».

«Lutafisk e beste fiskin so gjeng i sjønå».

«Slik rjomegraut so e fekk på Gimsdala, he e aldre fått. Han flaut i sitt feitt, — å so va det enn skosnø me sukker».

«Det e tydele sant, — det sto i ei bok».

«Kånå kan bere utatt me ei skei like fort so mannen ber inn med greip».

«Den so ikkje he det i hauda må ha det i fotå».

«Enn ska kje døme hunden ette håra».

«De e enten på svengjen ell på sprengjen!» sa mannen, han vart bydd mat.

«Go vare by seg sjøl!» sa mannen om døtrene sine.

«Du ska kje kaste stein når du sit i glashus».

«Du må koste fyrst for di eia dør».

«Det e sinne ti murta me».
 «Den so e opprådd for argument brukar skjellsord».
 «Med grase veks døyr kua».
 «Det e fleire flekkete bikkje enn prestebikkjå».
 «Det e kje låkt det enn gjer seg sjøl».
 «Gjev det var laurdag og non!» sa guten, — han kom ta sætra
 måndagsmorgonen.
 «Når det gjeng so best ska ein akte seg».
 «Enn ska kje vente meir enn tre merke talg ta enn trebukk».
 «Når det e på det verste då vert det ikkje verre».
 «Når naua e størst e hjelpa nærast».
 «Store or å feitt flesk sit ikkje fast i strupå».
 «Inkje er så gale at det ikkje er godt for eitkvart».
 «Skyt du på flokken so skrik den det råkar».
 «For mykje å for lite e korje godt».
 «Han e bere den kvisten som bogna enn so brest».
 «Når det regne på presten so dryp det på klokkaren».
 «Det e vandelaust for den so hev bispen til morbror».
 «Ingen hev fred lenger enn grannen vil».
 «Den so lyt skreppe sjøl må ha låke grannar».
 «Noko e bere enn inkje!» sa mannen, han fekk ein øyrefik.
 «Det e seint å snyte seg når nasen er vekk».
 «Ein ser no ærå om det ikkje er lassevis».
 «Ein ska vitje grannen sin, men ikkje ete hono opp».
 «Dørstokkmila er den lengste».
 «Når ute e prøva so e heime best».
 «Det legst alltid vise til åt den so kvede vil».
 «Største larven hev mest å laste».
 «Det luktar ta sjølvrosa».
 «Ein stor lyt tøyse seg og ein liten lyt bøye seg».
 «Ein liten gjer mykje med ein stor snur seg».
 «Sanninga kjem fram i ljuset når lygna gøymer seg».
 «Det er i nauda venene ska røynast»

[Til INNHALD.](#)